



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2013

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhald

Del I	Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet	11	<i>Programkategori 07.30</i>	
			<i>Barnehagar</i>	85
			Kap. 231 Barnehagar	94
1	Hovudinnleiing	13	<i>Programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.</i>	99
1.1	Kunnskapsnasjonen Noreg	13	Kap. 252 EUs program for livslang læring	105
1.2	Hovudprioriteringar	19	Kap. 253 Folkehøgskolar	107
2	Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet	24	Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring	108
			Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra	111
3	Oppfølging av oppmodingsvedtak	28	Kap. 256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	114
			Kap. 3256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	115
Del II	Nærmare om budsjettforslaget	29	Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet	115
4	Nærmare om budsjettforslaget	31	Kap. 258 Tiltak for livslang læring	117
	<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	31	<i>Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning</i>	120
	Kap. 200 Kunnskapsdepartementet	31	Kap. 260 Universitet og høgskolar	131
	Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet	33	Kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	144
	<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i>	34	Kap. 276 Fagskoleutdanning	146
	Kap. 220 Utdanningsdirektoratet	45	Kap. 280 Felles einingar	147
	Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet	49	Kap. 3280 Felles einingar	151
	Kap. 221 Foreldreutvala for grunnpplæringa og barnehagane	49	Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskolar	152
	Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	50	Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høgskolar	159
	Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	51	<i>Programkategori 07.70 Forsking</i>	160
	Kap. 223 Sametinget	51	Kap. 283 Meteorologiformål	170
	Kap. 224 Senter for IKT i utdanninga	52	Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komitéane	172
	Kap. 3224 Senter for IKT i utdanninga	54	Kap. 285 Noregs forskingsråd	173
	Kap. 225 Tiltak i grunnpplæringa	54	Kap. 286 Forskingsfond	180
	Kap. 3225 Tiltak i grunnpplæringa	61	Kap. 3286 Forskingsfond	180
	Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnpplæringa	62	Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak	181
	Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar	73	Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak	187
	Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.	75	Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak	188
	Kap. 229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	80	Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak	192
	Kap. 3229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	81	<i>Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte</i>	193
	Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem	81	Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning	197
	Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem	84	Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning	207
			Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning	208

Del III	Strategiar og oversikter	209	9	Miljø	247
5	Forskning og utvikling i statsbudsjettet	211		Forslag	250
5.1	Innleiing	211		Vedlegg 1	
5.2	Forskning og utvikling i statsbudsjettet 2013	212		Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak	261
5.3	Noregs forskingsråd	215		Vedlegg 2	
5.4	Utviklinga i offentleg forskingsinnsats	217		Nøkkeltal for universitet og høgskolar	263
6	Ressursar i grunnopplæringa .	222		Vedlegg 3	
7	Ressursar i barnehagesektoren	229		Standardiserte nøkkeltal for Kunnskapsdepartementets nettobudsjetterte verksemder	279
8	Likestilling og arbeid mot diskriminering	238			

Tabelloversikt

Tabell 4.1	Tal på grunnskoleelevar som vel samisk som første- og andrespråk i perioden 2008–12	56	Tabell 6.2	Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole. Reviderte tal	223
Tabell 4.2	Utviklinga i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk	58	Tabell 6.3	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskolen, utvikling i årsverk	223
Tabell 4.3	Søknader for perioden 2007–11 fordelte på lærlingar og lære kandidatar	59	Tabell 6.4	Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring	224
Tabell 4.4	Private skolar, tal på skolar og elevar	76	Tabell 6.5	Gjennomsnittleg gruppestorleik i grunnskolen	224
Tabell 4.5	Ressursinnsatsen frå Statped på dei ulike typane teneste	83	Tabell 6.6	Årsverk til bruk for assistentar med oppgåver knytte til undervisninga i perioden frå 2006–07 til 2011–12	225
Tabell 4.6	Heiltidselevar, deltidselevar og internatelevar i grunnskole og vidaregåande opplæring ved dei statlege skolane for hørsels- hemma i 2009–11	83	Tabell 6.7	Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpande prisar	227
Tabell 4.7	Læring i arbeidslivet, 2006–11 ...	101	Tabell 6.8	Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar	228
Tabell 4.8	Deltaking i EUs program for livslang læring, 2007–11	106	Tabell 7.1	Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2008–11	229
Tabell 4.9	Elevtal i folkehøgskolane 2007–11	107	Tabell 7.2	Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2008–11	230
Tabell 4.10	Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), 2006–12	117	Tabell 7.3	Tal på barn i barnehage og tal på barnehagar etter barnehage- storleik, 2009–11	231
Tabell 4.11	Basisfinansieringa av dei samfunnsvitskaplege forskings- institutta	183	Tabell 7.4	Gjennomsnittleg tal på barn per gruppe etter organiseringa av barnehagen	232
Tabell 4.12	Fordeling av midlane til fonds- regionar og Noregs forskingsråd	185	Tabell 7.5	Personalet i barnehagen, 2009–11	232
Tabell 4.13	Hovudtal for tildeling til vidare- gåande opplæring	199	Tabell 7.6	Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet, 2007–11	233
Tabell 4.14	Hovudtal for tildeling høgre utdanning m.m	199	Tabell 7.7	Menn i barnehagane, 2007–11 ...	234
Tabell 4.15	Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra ..	200	Tabell 7.8	Minoritetsspråklege barn i barnehage, alder 1–5 år, 2008–11	234
Tabell 4.16	Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra	200	Tabell 7.9	Førskolelærarar med innvandrar- bakgrunn som arbeider i barnehage, 2009–11	234
Tabell 4.17	Verkeleg verdi	202	Tabell 7.10	Kostnader per korrigerte opp- haldstime, ordinære barnehagar og familiebarnehagar 2010–11 ...	236
Tabell 4.18	Noverdien av 1 krone i nytt utlån	203	Tabell 7.11	Gjennomsnittlege månadssatsar i kroner (vekta) for foreldre- betaling etter bruttoinntekt, barn over tre år med fulltids- opphald i kommunale barnehagar, 2003–12	236
Tabell 4.19	Avskrivingselement	206			
Tabell 4.20	Tapselement	206			
Tabell 5.1	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet, i mill. kroner	212			
Tabell 5.2	Foreslåtte løyvingar til Noregs for- skingsråd frå dei største bidrags- ytarane, i 1 000 kroner	216			
Tabell 5.3	Utgifter til FoU og FoU-årsverk per 1 000 sysselsette i 2009	217			
Tabell 6.1	Talet på elevar i grunnskolen i perioden 2006–07 til 2011–12. Ordinære grunnskolar	222			

Tabell 7.12	Finansiering av barnehagar i 2011	237	Tabell 2.14	Ordinære bygg under oppføring i 2013, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 1580 post 31 og post 33 og kap. 2445 post 33	274
Tabell 8.1	Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2010)	243	Tabell 2.15	Kurantprosjekt under oppføring i 2013, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 2445 post 34	274
Tabell 8.2	Gjennomsnittleg månadsforteneste for menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2010)	244	Tabell 2.16	Prosjekt som er førte fram til forprosjekt	274
Tabell 8.3	Del menn og kvinner og gjennomsnittleg lønn per årsverk etter stillingskode	244	Tabell 2.17	Prosjekt for sjølvforvaltande institusjonar under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 1580 post 30	275
Tabell 8.4	Del menn og kvinner i deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær	245	Tabell 2.18	Prosjekt innanfor husleigeordninga i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 2445 post 30	275
Vedlegg 2			Tabell 2.19	Kurantprosjekt som er under programmering eller prosjektering i 2013, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 2445 post 32	275
Tabell 2.1	Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgskolar 2006–11	263	Tabell 2.20	Løyving per universitet og høgskole i 2013	276
Tabell 2.2	Opptak ved universitet og høgskolar 2009–11	264	Tabell 2.21	Tilskott per fagskole i 2013	278
Tabell 2.3	Registrerte studentar ved universitet og høgskolar 2009–11	265	Vedlegg 3		
Tabell 2.4	Studiepoeng per student ved universitet og høgskolar 2009–11	266	Tabell 3.1	Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art. ...	279
Tabell 2.5	Kandidatar ved universitet og høgskolar 2009–11	267	Tabell 3.2	Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde. ...	281
Tabell 2.6	Opptak, registrerte studentar og kandidatar på utvalde utdanningar 2009–11	268	Tabell 3.3	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2009–11	282
Tabell 2.7	Tal på inn- og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2009–11	269	Tabell 3.4	Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Utgifter og inntekter etter art	283
Tabell 2.8	Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar 2011	270	Tabell 3.5	Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Inntekter etter inntektskjelde.	285
Tabell 2.9	Avlagde doktorgradar ved universitet og høgskolar 2002–11	271	Tabell 3.6	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2009–11	286
Tabell 2.10	Doktorgradar etter fagområde og kjønn 2007 og 2011	271			
Tabell 2.11	Publikasjonspoeng per fagleg stilling 2009–11	271			
Tabell 2.12	Forskningsmidlar frå EU og Noregs forskingsråd, universitet og høgskolar 2009–11	272			
Tabell 2.13	Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet ved statlege institusjonar 2009–11	273			

Tabell 3.7	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art	287	Tabell 3.12	Universitet og høgskeolar. Forholdet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskeolesektoren i perioden 2009 til 2011	294
Tabell 3.8	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde	289	Tabell 3.13	Universitet og høgskeolar. Balanse per 31. desember 2011 .	296
Tabell 3.9	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2009–11	290	Tabell 3.14	Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art	297
Tabell 3.10	Universitet og høgskeolar. Utgifter og inntekter etter art	291	Tabell 3.15	Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde	299
Tabell 3.11	Universitet og høgskeolar. Inntekter etter inntektskjelde	293	Tabell 3.16	Forholdet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2009–11	300

Figuroversikt

Figur 4.1	Norske resultat i PISA over tid for kvar av kompetansane.	37	Figur 4.8	Tal på artiklar per 1 000 innbyggjarar	163
Figur 4.2	Nasjonale prøver i rekning på 8. trinn etter meistringsnivå og utdanningsnivået til foreldra.	38	Figur 4.9	Tildelt støtte til forskarar frå utvalde land i prosjekt frå EUs sjuande rammeprogram i perioden 2007–11 per forskarårsverk.	165
Figur 4.3	Kompetanseoppnåing fem år etter at elevane begynte på vidaregåande opplæring. Årstala viser til tidspunktet da elevane starta i vidaregåande opplæring.	39	Figur 4.10	Fordeling av midlane Noregs Forskingsråd blir tildelte frå Kunnskapsdepartementet, etter verkemiddel (2011)	174
Figur 4.4	Fullført og bestått vidaregåande opplæring etter fem år på normert eller meir enn normert tid. Årstala viser til tidspunktet da elevane starta i vidaregåande opplæring.	39	Figur 5.1	Målbilete for norsk forskning	211
Figur 4.5	Overgangar i vidaregåande opplæring. Årstala viser til tidspunktet da overgangane skjer.	40	Figur 6.1	Gruppestorleik 2: kommunar over og under landsgjennomsnittet, grunnskole	225
Figur 4.6	Eigenrapportering frå elevane om læringsmiljøet.	41	Figur 7.1	Delen barnehagar som har spesialpedagog blant personalet, etter storleiken til barnehagen	235
Figur 4.7	Målbilete for norsk forskning	161	Figur 8.1	Prosentdelen kvinner i ulike faglege stillingskategoriar ved universitet og høgskeolar 2004–10	241

Oversikt over boksar

Boks 1.1	GLØD – Auka kompetanse i barnehagen og auka rekruttering av førskolelærarar	14
----------	---	----



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2013

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 14. september 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudinnleiing

1.1 Kunnskapsnasjonen Noreg

Regjeringa har som visjon at Noreg skal vere eit leiande kunnskapssamfunn der ulike menneske får like moglegheiter. I formålsparagrafen for barnehagane og skolane ligg eit breitt samfunnsmandat og eit tydeleg verdigrunnlag. Kunnskap, kritisk refleksjon, kjeldekritikk, vitskapleg metode og meiningsbryting er kjerneverdier i høgre utdanning og forskning. Utdanning og forskning stimulerer også til demokratisk deltaking, kulturell utvikling og til auka sjølvkjensle og identitet hos enkeltmennesket. Dette er verdier som skapar motvekt mot fordommar og kunnskapsløyse som kan ende i frykt og hat.

Utdanningssystemet skal gi alle likeverdige moglegheiter til å utvikle evnene sine og medverke til å jamne ut sosiale forskjellar. Det norske samfunnet er prega av små forskjellar, høg grad av likestilling, inkludering og sterke prinsipp om deltaking. Det er viktig å ikkje ta det gode samfunnet vi har, for gitt. Regjeringa har som ei av sine viktigaste prioriteringar å satse på utdanning og kunnskap, og å styrkje den evna utdanningssystemet har til å motverke sosiale forskjellar gjennom å leggje vekt på tidleg innsats og livslang læring.

Regjeringa har satsa sterkt på å gi eit godt barnehagetilbod til alle barn, gjennom rett til plass i barnehage og betre kvalitet i barnehagane. Alle barn skal oppleve meistring og utfordringar i skolen og tileigne seg grunnleggjande dugleikar. Regjeringa har sett i verk tiltak mot fråfall i vidaregåande opplæring, slik at fleire unge kan gå inn i arbeidslivet eller ta høgre utdanning. Vaksne som treng det, skal få sjansen til å skaffe seg nødvendig kompetanse for å tilpasse seg omstillingar i arbeidslivet eller fullføre opplæring.

Menneske er Noregs viktigaste ressurs. I Noreg utgjer den menneskelege kapitalen om lag 80 pst. av nasjonalformuen. Å gi kvar enkelt moglegheit til å utvikle seg heile livet er viktig både for den einskilde og for den vidare utviklinga av kunnskapssamfunnet. Dette er òg heilt sentralt for å sikre eit kunnskapsbasert arbeids- og næringsliv, særleg i økonomisk urolige tider.

Utdannings- og forskingssektoren må svare på dei behova arbeids- og samfunnslivet har for kunnskap og kompetanse. Vi har eit kunnskapsintensivt arbeidsliv der det er stadig fleire jobbar som krev vidaregåande eller høgre utdanning. Noreg vil trenge fleire personar både med relevant fagopplæring og med høgre utdanning i framtida. Vidareutvikling av velferdssamfunnet er avhengig av arbeidskraft med god og oppdatert kompetanse. Kunnskap vil vere avgjerande for å kunne møte globale og nasjonale utfordringar knytte til miljø og klima, helse og velferd og verdiskaping. Forskinga skal utvide grensene for erkjenninga vår, skaffe fram kunnskap som kan auke verdiskaping og velferd, og svare på samfunnsutfordringane.

Ein utdannings- og forskingssektor av høg kvalitet er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga av kunnskapssamfunnet. Den norske utdannings- og forskingssektoren skal

- gi alle like moglegheiter til læring, utvikling og deltaking, og medverke til sosial utjamning
- svare på samfunnets behov for kunnskap og arbeidskraft
- medverke til eit kunnskapsbasert arbeids- og næringsliv og til å løyse globale utfordringar

Gi alle like moglegheiter til læring, utvikling og deltaking, og medverke til sosial utjamning

Dei sosiale forskjellane i Noreg er små samanlikna med i andre land. Utdanningssystemet spelar ei avgjerande rolle for å medverke til sosial utjamning og like moglegheiter for alle uavhengig av sosial bakgrunn. Trass i dette er det gjennomgåande sosiale forskjellar i utdanningssystemet som ikkje kan akseptast. Det er forskjellar i læringsutbytte i grunnskolen, fråfall i vidaregåande opplæring og sosialt skeiv rekruttering til høgre utdanning. Regjeringa vil styrkje den evna utdanningssystemet har til å motverke sosiale forskjellar, gjennom å leggje grunnlaget for livslang læring, og legg derfor vekt på kvalitetsutvikling og tidleg innsats i alle ledd i utdanningssystemet.

Regjeringa har som mål å sikre eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet som skal vere til-

gjengeleg for alle. Regjeringas satsing på barnehageområdet har ført til at mange mål er nådd i dei siste åra: Rett til plass i barnehage vart innført i 2009, det er full barnehagedekning, og prisen er redusert med 33 pst. sidan 2005. Barnehagen er første del av utdanninga, og desse endringane medverkar til sosial utjamning og er viktige for inkludering og læring.

Førskolealderen er ein læringsintensiv fase. Grunnlaget for deltaking i sosiale fellesskap, for vennskap og for vidare utvikling og læring blir lagt i tidlege barneår. For at barnehagen skal vere ein lærande og utviklande arena for alle barn, er det nødvendig at barnehagen har nok tilsette med god kunnskap og kompetanse om barn, barndom og utvikling hos barn. Den sterke veksten i barnehagesektoren fører med seg eit auka behov for fleire pedagogiske leiarar og styrarar med pedagogisk utdanning.

GLØD er regjeringas satsing for å styrkje kompetansen til alle tilsette, auke rekrutteringa til førskolelærerutdanninga og bidra til å heve statusen for arbeid i barnehagane. Som ledd i denne satsinga vart rekrutteringskampanjen *Verdas finaste stilling ledig* lansert på nyåret i 2012. Tal frå Samordna opptak per 19. juli 2012 viser at talet på søkjarar som har førskolelærerutdanning som førsteval, har auka med heile 18 pst. frå året før. Dette er ei gledeleg utvikling.

Regjeringa vil vinteren 2013 leggje fram ei stortingsmelding om barnehagen i framtida. Meldinga skal gi ei tydeleg retning for barnehagepolitikken når det gjeld både kvaliteten og innhaldet, kompetansen til personalet i barnehagen og styringsutfordringane i sektoren. Samtidig skal meldinga presentere eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for utviklinga av politikken på området. Saman med meldinga vil det bli lagt fram ein ny kompetansestrategi for barnehagane som skal gjelde frå 2014.

Overgangen til rammefinansiering har vore ei utfordring for barnehagesektoren, der både kommunar og ikkje-kommunale barnehageeigarar må rette seg etter eit nytt system. Opptrappinga mot full likeverdig behandling av alle barnehagar i Noreg vil halde fram. Dei kommunale tilskotta skal gi økonomisk grunnlag for eit godt barnehagetilbod, og det er derfor ein føresetnad at midlane blir brukte i barnehagane, og ikkje går til urimeleg høge vederlag til eigarane. Stortinget vedtok 31. mai 2012 ei lovendring, jf. Innst. 352 L (2011–2012) og Prop. 98 L (2011–2012), som skal sikre at midlane kjem barna til gode. Lovendringane med utfyllande forskrifter skal tre i kraft 1. januar 2013.

Boks 1.1 GLØD – Auka kompetanse i barnehagen og auka rekruttering av førskolelærarar

Den overordna målsetjinga er å styrkje kompetansen til dei tilsette, og auke rekrutteringa av tilsette med høg kompetanse til barnehagane. Eit tilleggsmål er å auke statusen for arbeid i barnehage, slik at vi får større verdsetjing av det viktige arbeidet dei tilsette i barnehagen utførar.

Delmåla i GLØD er:

- auka kvalitet i førskolelærerutdanninga
- auka rekruttering av førskolelærarar til barnehagen
- auka rekruttering av personar med relevant høgre utdanning til barnehagen
- auka rekruttering av barne- og ungdomsfagarbeidarar til barnehagen
- å behalde og utvikle vidare kompetansen i barnehagen

GLØD har ei nasjonal referansegruppe som består av ei rekkje sentrale aktørar i sektoren. Det er også etablert regionale nettverk i alle fylke som skal støtte opp under det regionale rekrutterings- og kompetansearbeidet.

Grunnleggjande dugleikar har stor betydning for prestasjonar i alle fag og er vesentlege for å klare seg godt seinare i livet. Regjeringa har derfor sett i verk fleire tiltak som skal sikre at alle barn lærer å lese og rekne i løpet av dei første skoleåra, og at elevane utviklar desse dugleikane vidare i utdanninga. Frå hausten 2009 vart det innført ei plikt for kommunane til tidleg innsats i norsk, samisk og matematikk på 1.–4. trinn særleg retta mot elevar med svake dugleikar i lesing og rekning. Skoledagen er utvida, og det er lagt til rette for ein meir heilskapleg skoledag for å oppnå meir og betre læring for alle elevar uavhengig av sosial bakgrunn. Frå 2008 er timetalet utvida med fem veketimar på dei fire lågaste trinna, i kjernefaga norsk, matematikk og engelsk, og frå 2010 er det innført eit tilbod om åtte veketimar gratis leksehjelp til elevar på 1.–4. trinn. Frå 2010 er timetalet utvida med ytterlegare ein veketime for 1.–7. trinn.

Kompetansen til lærarane er den enkeltfaktoren som har mest å seie for læringa til elevane der- som ein ser bort frå den sosiale bakgrunnen deira. GNIST-partnarskapen er etablert for å gi dei ulike

tiltaka retta mot lærarutdanninga og læraryrket ein felles overbygning. Det er skoleeigar som har hovudansvaret for kompetanseutvikling i sektoren. Det er likevel nødvendig at staten tek ansvar gjennom statleg støtte til etter- og vidareutdanning. Eit system for vidareutdanning for lærarar er etablert og vil bli utvikla vidare i samråd med partar i GNIST-partnarskapen. Eit anna sentralt verkemiddel er å forbetre den lokale kapasiteten til kvalitetsutvikling gjennom statlege støttetiltak.

Strategien *Kompetanse for kvalitet – vidareutdanning av lærarar (2009–2012)* fikk svært positiv vurdering frå lærarar som har gjennomført studium som del av denne ordninga (Rambøll 2010). Regjeringa fører vidare strategien og satsinga på vidareutdanning for lærarar. Vidareutdanninga skal vere målretta mot fagområde og emne som det på landsbasis særleg er behov for å styrkje.

Regjeringa registrerer ein gledeleg auke i kvalifiserte søkjarar til lærarutdanningane i dei seinare åra. Sidan starten av GNIST-partnarskapen i 2008 har talet på kvalifiserte søkjarar med lærarutdanning som førsteval stige med heile 54 pst. Dei gledelege resultatane for søkning og attraktivitet må sjåast i samanheng med både satsinga på ny grunnskolelærarutdanning, betre tilbod om vidareutdanning og rekrutteringskampanjen som har vore gjennomført.

Våren 2011 la regjeringa fram Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter* om ungdomstrinnet. Meldinga syner at det er ein låg og fallande motivasjon på ungdomstrinnet. Mangelfulle grunnleggjande dugleikar frå grunnskolen er den viktigaste årsaka til fråfall i vidaregåande opplæring. Styrking av ungdomstrinnet har ein verdi i seg sjølv for dei som går der, og inneber tidleg innsats mot fråfall i vidaregåande opplæring.

Den sentrale budskapet i meldinga er at eit meir praktisk, variert, relevant og utfordrande ungdomstrinn skal auke motivasjonen og læringa til elevane. Dette skal gjerast gjennom innføringa av valfag og større fleksibilitet gjennom endring i fag- og timefordelinga. Hausten 2012 vart det innført valfag på 8. trinn, og regjeringa foreslår å innføre valfag på 9. trinn frå og med hausten 2013. Vidare tek regjeringa sikte på å innføre valfag for 10. trinn hausten 2014.

For å nå målet om ei meir praktisk, variert og relevant opplæring har Kunnskapsdepartementet våren 2012 utarbeidd ein strategi for ungdomstrinnet. Strategien handlar om ei satsing på klasseleiing, lesing, skriving og rekning, der kompetanseheving og erfaringsutveksling om praktiske og varierte metodar blir eit viktig element. Ambisjo-

nen er at alle skolar med ungdomstrinn skal delta i satsingane i løpet av dei neste fem åra.

Våren 2011 la regjeringa fram Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* om tidleg innsats og betre læring for elevar med særskilde behov. Det sentrale målet i meldinga er å forbetre oppfølginga av barn og unge som treng hjelp og støtte, og å fange opp fleire som treng hjelp. Eit av tiltaka er ei omorganisering av Statped til ein fleirfagleg, regionalisert organisasjon. Det er eit mål i meldinga at samarbeidet mellom barnehagane og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) skal styrkjast. I meldinga lanserte regjeringa òg ein kompetansestrategi for dei tilsette i PP-tenesta.

Eit mangfaldig samfunn gir mange moglegheiter, og oppfølging av minoritetsspråklege barn og elevar er eit viktig tiltak som inngår i mange politikkområde. Østbergutvalet leverte i juni 2010 NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring* om flerspråklige barn, unge og vaksne i opplæringssystemet. Regjeringa vil leggje fram ei melding om integrering og inkludering der opplæring for minoritetsspråklege vil vere eit tema. Bevaring av og opplæring i samisk språk og kultur er også ei viktig oppgåve for barnehagane og skolen.

Forskningsbasert kunnskap er avgjerande for at utdannings- og opplæringssektoren skal utvikle seg vidare i tråd med krava og behova i sektoren og i samfunnet. Regjeringas satsing på utdanningsforskning skal medverke til å styrkje læringa og kvalitetsutviklinga i sektoren, gi meir kunnskap om tiltak og verkemiddel, og stimulere til betre kunnskapsoverføring frå forskinga til praksisfeltet i barnehage, skole og høgre utdanning. Eit aktivt samvirke mellom forskinga og praksisfeltet skal medverke til fornying og nytenking i sektoren. Satsinga vil leggje grunnlaget for å utvikle vidare den vitskaplege kvaliteten, særleg ved institusjonane for lærarutdanning.

Moglegheita til å lære gjennom heile livet er viktig for at menneske skal ha kontroll over sitt eige liv og meistre kvardagen sin. Livslang læring finn stad på mange arenaer. Mange vaksne har dårlege grunnleggjande dugleikar i lesing, skriving, rekning og IKT, noko som gjer det vanskeleg å fungere i arbeidslivet og i samfunnet. Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) medverkar til at dei som treng det mest, får opplæring i grunnleggjande lesing, skriving, rekning og IKT på arbeidsplassen sin. Sidan starten i 2006 har om lag 28 000 vaksne fått tilbod om slik opplæring gjennom BKA. Evalueringa av BKA viser at deltakarane i stor grad er nøgde med kursa, og at bedriftene meiner at deltakarane gjer ein betre jobb som følgje av å ha delteke på BKA-kurs.

Det er eit mål for regjeringa at alle skal ha ein reell lik rett til utdanning. Grunnutdanninga ved statlege universitet og høgskolar i Noreg skal vere gratis. Støtteordningane gjennom Statens lånekasse for utdanning skal sikre at alle har moglegheit til å ta utdanning, uavhengig av mellom anna økonomiske forhold. Utdanningsstøtta gjer det mogleg for enkeltmenneske å nytte retten til vidaregåande opplæring og ta høgre og anna utdanning. Ho er òg eit sentralt verkemiddel for å nå visjonar og mål for regjeringa. Utdanningsstøtta medverkar til dømes til å sikre utdanna personale i barnehagen, skolen og i andre viktige sektorar.

Studentvelferd er òg viktig for å sikre at alle har ei reell lik moglegheit til utdanning. I Soria Moria II-erklæringa er det sett som mål å byggje 1 000 studentbustader i året. Regjeringa har i dei seinare åra prioritert bygging av studentbustader og det er løyvt midlar slik at dette målet er nådd.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Statistisk sentralbyrå gjennomført undersøkinga *Levekår blant studenter 2010*. Resultatet blir presentert i to ulike rapportar. Den første rapporten vart lagd fram i november 2011. Undersøkinga viser mellom anna at talet på studentar med avbrot i studia har gått ned, og at fleire studentar planlegg å fullføre utdanninga på meir enn fire år i 2010. 95 pst. av studentane trivst svært bra eller bra ved studiestaden sin. Spørsmål knytte til den økonomiske situasjonen til studentane og deira arbeid ved sida av studia vil bli utdjupa i ein rapport som etter planen kjem i desember 2012. Løvekårsundersøkinga vil gi eit betre kunnskapsgrunnlag for studentvelferda i Noreg.

Svare på samfunnets behov for kunnskap og arbeidskraft

Statistisk sentralbyrås framskriving av kunnskapsbehovet i framtida viser at behovet for ufaglært arbeidskraft har falle kraftig sidan 1970-åra, og at delen ufaglærte i arbeidsstyrken ligg an til å bli redusert frå 27 pst. i 2007 til 18 pst. i 2030. Fullført og bestått vidaregåande opplæring er normalt ein føresetnad for opptak til høgre utdanning, gir ei god utrusting for arbeidslivet, og kan medverke til å hindre utstøying frå arbeidslivet i økonomiske nedgangstider.

Ny GIV – Gjennomføring i vidaregåande opplæring vart lansert i statsbudsjettet for 2011. Ny GIV er ein nasjonal dugnad som har som mål å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring frå i underkant av 70 pst. i 2011 til 75 pst. i 2015 definert som fullført og bestått i løpet av fem år.

Dei viktigaste verkemidla er tettare oppfølging av dei svakaste elevane på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring gjennom intensivt samarbeid mellom kommune og fylkeskommune, utvikling av etterutdanningsopplegg for lærarar i grunnskole og vidaregåande skole, i mellom anna grunnleggjande dugleikar, klasseleing og praksisretting, meir relevant og praksisnær fag- og yrkesopplæring, og samarbeid med partane i arbeidslivet om å skaffe fleire læreplassar. Regjeringas satsing på ungdomstrinnet er òg ein viktig del av arbeidet med å få fleire elevar til å fullføre vidaregåande opplæring.

I samband med Ny GIV-prosjektet vart det gjennomført kompetanseheving for rundt 1 950 lærarar frå våren 2011 til våren 2012. I tillegg fekk 380 tilsette i oppfølgingstenesta og NAV kompetanseheving i 2011. Evalueringa viser at lærarane er nøgde med det faglege innhaldet og med sitt eige utbytte av skoloringa, både for arbeidet med Ny GIV-elevane og i anna undervisning.

Eit av prosjekta i Ny GIV, oppfølgingsprosjektet, legg vekt på oppfølging av ungdom som ikkje er i vidaregåande opplæring eller i arbeid. Målet er å motivere ungdom i målgruppa tilbake til vidaregåande opplæring eller inn på arbeidsmarknaden. Prosjektet kan vise til gode resultat, færre ungdommar er registrerte hos oppfølgingsstenesta, og langt fleire ungdommar har no komme i aktivitet eller er under oppfølging og rettleiing av oppfølgingstenesta.

Styrking av kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa er avgjerande for å svare på behova i samfunnet for kunnskap og arbeidskraft. Etterspurnaden etter faglært arbeidskraft er aukande. Samtidig er det berre 15 pst. av eit ungdomskull som endar med fag- eller sveinebrev, sjølv om halvparten av eit ungdomskull vel fag- og yrkesopplæring. Regjeringa har derfor sett i verk fleire tiltak for å gjere fag- og yrkesopplæringa meir relevant og yrkesretta. Det er mellom anna gitt støtte til etterutdanning og hospitering for lærarar på yrkesfaglege utdanningsprogram samt for faglege leiarar og instruktørar i lærebedriftene.

Mange av dei som startar på yrkesfag, har svake grunnleggjande dugleikar, og liten motivasjon for å arbeide med fag som matematikk, norsk og engelsk. Kunnskapsdepartementet har derfor sett i gang eit delprosjekt innanfor Ny GIV for å gjere opplæringa i norsk-, engelsk- og matematikkfaget meir relevant og yrkesretta. Dei nasjonale sentra har det nasjonale ansvaret og følgjer opp fylkeskommunane.

For at gjennomføringa av vidaregåande opplæring skal auke må fleire få læreplass. Kunns-

skapsdepartementet har derfor saman med alle arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane skrive under på ein eigen samfunnskontrakt for å skaffe læreplass til fleire lærlingar. Målet er at talet på godkjende lærekontraktar skal auke med 20 pst. frå utgangen av 2011 og fram til 2015.

Utdanning er eit godt verkemiddel mot arbeidsløyse og utstøying frå arbeidslivet. Regjeringa arbeider derfor for å leggje betre til rette for at fleire vaksne kan fullføre vidaregåande opplæring. Det er ei utfordring at om lag 20 pst. av dei vaksne i alderen 25–66 år har grunnskole som den høgste fullførte utdanninga si. Departementet har mellom anna sett i gang forsøk med vidaregåande opplæring for arbeidssøklarar, og utprøving av vidaregåande opplæring på arbeidsplassen for tilsette i helse- og omsorgssektoren og i barnehage-sektoren. Det er òg sett i gang arbeid for å leggje betre til rette for at vaksne kan få opptak til utdanning på bakgrunn av realkompetanse.

Internasjonalisering er ein viktig del av norsk utdanningspolitikk. Kunnskap om språk og kultur er nødvendig for at det norske samfunnet, og spesielt næringslivet, skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi. Gjennom deltaking i EUs program for livslang læring (LLP) legg departementet til rette for at elevar, studentar og tilsette ved lærestadene får høve til å skaffe seg internasjonal kompetanse.

Talet på søklarar til høgre utdanning har stige med om lag 20,3 pst. frå 2008 til 2012, viser tal frå Samordna opptak. Framskrivningar frå Statistisk sentralbyrå viser at ungdomskulla vil halde fram med å vekse i åra framover. Det er òg venta at delen innbyggjarar som ønskjer å ta høgre utdanning, framleis vil auke. For å møte utviklinga har regjeringa i dei seinare åra prioritert å auke kapasiteten i høgre utdanning gjennom fleire studie-plassar. Seinast i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2012 tildelte regjeringa midlar til 1 000 nye studie-plassar.

Større ungdomskull gir Noreg eit unikt høve til å møte utfordringar i samband med omstillingar som tvingar seg fram med ei aldrande befolkning og nye næringar som skal erstatte petroleumsnæringa i framtida. I dei siste åra har det vore større søkning innanfor sentrale, prioriterte fagområde, som lærar- og førskolelærerutdanning, realfag og teknologi, økonomi og helsefag.

Formålstenlege bygg er ein føresetnad for forskning og utdanning av høg kvalitet. Fleire byggeprosjekt blir no stilte ferdig. Auken i studenttala er venta å halde fram i fleire år, og det aktualiserer dermed behova for å tilpasse bygningsmassen til gjeldande krav og situasjon i universitets-

og høgskolesektoren. Rehabilitering og nye bygg er nødvendig for å føre vidare god kvalitet i høgre utdanning og forskning.

Med ein kapasitetsauke som følgje av større ungdomskull er det viktig å samtidig satse på kvalitet i høgre utdanning. Samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK) er eit sentralt tiltak for regjeringa for å heve kvaliteten på utdanning og forskning gjennom meir profilerte institusjonar og meir robuste fagmiljø. Norsk høgre utdanning blir òg stadig meir internasjonal. Internasjonalisering og internasjonalt samarbeid er viktige verkemiddel for betre kvalitet i norsk utdanning og forskning.

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgre utdanning vart vedteke i 2009. Institusjonane skal i løpet av 2012 innføre kvalifikasjonsrammeverket, det vil seie skildre faga og studieplanane ut frå kva studentane skal ha av kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse etter avslutta utdanning. Rammeverket vil såleis gi eit betre utgangspunkt for å vurdere kvaliteten i ulike utdanningar, og for at arbeidslivet betre kan forstå kompetansen til kandidatane. Gode kandidatar som kjem ut frå lærestadene, er særskild viktige formidlarar av ny og oppdatert kunnskap i samfunns- og arbeidsliv.

Relevans er eit viktig aspekt for kvalitet. For å sikre relevante utdanningar skal institusjonane vere i tett dialog med samfunns- og arbeidsliv. Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er eit verkemiddel for å sikre slik dialog. Samfunnet har stadig større behov for kunnskap og høg kompetanse. Utdanningane skal gi studentane evne til sjølv å utvikle seg etter at dei er gått ut i arbeidslivet. FoU-basert høgre utdanning gir kunnskap og metodar for å nå dette målet.

Regjeringa la fram Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis* i februar 2012. NAV-reforma, samhandlingsreforma og reforma i barnevernet har ført til endra kompetansebehov og krev derfor òg endringar i velferdsutdanningane. Meldinga viser eit behov for betre samspel med arbeidslivet og auka samarbeid på tvers av utdanningar og fagområde. Utdanningane må tilpassast behova i dag og i framtida, og koplinga mellom utdanning, forskning og yrkesutøving må bli betre.

Medverke til eit kunnskapsbasert arbeids- og næringsliv og til å løyse globale utfordringar

Forskning gir oss ny kunnskap om oss sjølv og omgivnadene våre og medverkar til å utvikle kulturen og sivilisasjonen vår. Samstundes bringer

forskning også fram kunnskap og løysingar som gjer det mogleg å forbetre samfunnet, løyse problem og medverke til økonomisk vekst. Forsking er ei langsiktig investering. Det at forskinga legg vekt på openheit, resultat som kan etterprøvast, og kritisk tenking, er med på å sikre eit velfungerande demokrati og ein konstruktiv samfunnsdebatt. Ny kunnskap har derfor ein klar verdi i seg sjølv.

Krava om at forskning skal utnyttast til det beste for samfunnet, aukar stadig. Fattigdom, behov for energi, klimaendringar, tap av biologisk mangfald, migrasjon og stadig større press på matvareresursane i verda er dei største utfordringane i vår tid. Norsk forskning har gode føresetnader på fleire av desse felta og skal særleg medverke til å løyse globale utfordringar innanfor klima, miljø, energi, hav og mattryggleik.

I 2011 lanserte Kunnskapsdepartementet *Forskningsbarometeret* – eit årleg barometer med 24 indikatorar som viser tilstanden for norsk forskning og innovasjon. Tala frå *Forskningsbarometeret* 2012 viser at forskarar i Noreg publiserer stadig meir. Veksten i publiseringar, målt som talet på artiklar per 1 000 innbyggjarar, har vore på 65 pst. i perioden 2001–10. Talet på siteringar av norske artiklar ligg over snittet samanlikna med andre land. I 2012 var den totale innsatsen innanfor forskning og utvikling (FoU) over statsbudsjettet på 26 mrd. kroner, inkludert Skattefunn. Den offentlege innsatsen over statsbudsjettet har sidan 2005 hatt ein realvekst på om lag 29,3 pst.

Norsk forskarutdanning vart evaluert av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) i 2011–12. Evalueringa slår fast at forskarutdanninga held høg kvalitet. Finansieringa og organiseringa er god, og utdanninga gir kandidatane gode moglegheiter for karriere. Om lag 80 pst. fullfører innan ti år. Rekrutteringa til utdanninga er stort sett god, og 60 pst. av avhandlingane held framifrå eller høg kvalitet. Institusjonane har i dei seinare åra følgde doktorgradsstudentane mykje tettare opp enn før. Det har ført til at fleire fullfører doktorgradsutdanninga, og at fleire fullfører raskare.

Det vart i 2011 avlagt fleire doktorgradar i Noreg enn nokon gong før, og dobbelt så mange som for ti år sidan. Noreg ligg no rett bak Sverige og Finland når det gjeld talet på doktorgradar samanlikna med folketalet. Sjølv om talet på doktorgradar har auka kraftig, vurderer departementet at det framleis er behov for fleire doktorandar, særleg i MNT-fag (matematikk, naturfag, teknologi).

Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er eit av dei største verkemidla som Kunnskapsdepartementet

finansierer, og regjeringa har styrkt dette verke-middelet monaleg i dei seinare åra. Evalueringa av *FRIPRO* i 2011–12 konkluderte med at *FRIPRO* er eit godt verkemiddel for å fremme forskning av høg vitenskapleg kvalitet, men at ordninga i større grad kan støtte opp om innovativ og banebrytande forskning.

Satsinga på *Senter for framifrå forskning* (SFF) skal bidra til høg kvalitet i forskinga gjennom langsiktig og stabil finansiering av dei beste forskingsmiljøa. I 2011 vart tredje runde i ordninga lyst ut. Kven som får status som SFF vil bli avgjort hausten 2012, med start i 2013. Ordninga med *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI) styrkjer innovasjonsevna gjennom å finansiere forskings-samarbeid mellom forskingsintensive bedrifter og framifrå forskingsmiljø. I 2011 vart det etablert sju nye SFI-senter. Slike kvalitetsfremmande verke-middel vil framleis vere ein avgjerande del av norsk forskingspolitikk.

Noreg skal vere ein attraktiv kunnskapsnasjon og samarbeidspartnar, og internasjonalisering av forskning er eit hovudmål i norsk forskning. Delta-king i EUs 7. rammeprogram, den felles europeiske satsinga på forskingsinfrastruktur og utviklinga av Det europeiske forskingsområdet (ERA) er ei sentral prioritering for internasjonalisering av norsk forskning. Horisont 2020 er EUs neste rammeprogram for forskning og innovasjon, og vil vare frå 2014 til 2020. Kunnskapsdepartementet vil gje ein omtale av Horisont 2020 i den varsla stortingsmeldinga om forskingspolitikken.

Fleire internasjonale evalueringar av fagområder viser at ei utfordring framover blir å stimulere til meir samarbeid og betre arbeidsdeling på tvers av institusjonar. Fagområda biologi, medisin og helsefag (livsvitenskap) vart evaluerte i 2011. Evalueringa viser at kvaliteten på forskinga er god, og at fleire forskargrupper og miljø held internasjonal standard. Samstundes viser evalueringa at det er mange små forskingsfelt, og at forskingsaktiviteten blir lite konsentrert. Våren 2012 vart det òg lagt fram ei internasjonal evaluering av norsk klimaforskning. Denne viste at Noreg har sær gode klimaforskningsmiljø, men at den faglege breidda samstundes bør bli større, og at den samfunnsvitenskaplege klimaforskinga bør styrkjast.

Samfunnstryggleik og beredskap

Kunnskapsdepartementet sitt hovudmål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren er å førebyggje uønskte hendingar og minske konsekvensane dersom slike hendingar skulle oppstå.

Barnehagetilsette, lærarar, vitskapleg personale og andre tilsette i sektoren kjem opp i meir enn 150 000 årsverk. Totalt omfattar kunnskapssektoren om lag 1,5 millionar barn og vaksne. Obligatorisk 10-årig grunnskole og høg dekningsgrad i barnehage og vidaregåande opplæring gjer at ein svært stor del av årskulla frå 1–19 år held seg i barnehage eller skole mange timar dagleg. Både barnehagar, grunnskolar, vidaregåande skolar og lærebedrifter har eit ansvar for at barna og ungdomane er trygge der dei er. Dette handlar både om personleg tryggleik med tanke på liv og helse og om tryggleik for at til dømes personopplysningar ikke kjem i feil hender. Dette inneber ei beredskapsmessig utfordring både for den ein-skilde barnehage- og skoleeigar og for den ein-skilde barnehage og skole. Tilsvarende vil det vere store samlingar av studentar og tilsette ved universitet og høgskolar. Vidare forvaltar universitet og høgskolar store verdiar, som historiske bygningar, forskingsdata og samlingar, særleg ved universitetsmusea i Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø og Stavanger.

Dei store menneskesamlingane innanfor avgrensa område gjer at kunnskapssektoren har samfunnstryggleiks- og beredskapsutfordringar innanfor ulike scenario, som smittefare, ulykker, vald og terror.

Verksemdene i kunnskapssektoren har mykje ulik eigartilknytning. Det finst mellom anna kommunale og private barnehagar og skolar, og statlege universitet og høgskolar. I tillegg kjem fagskolar, private høgskolar, folkehøgskolar med meir. Kunnskapsdepartementet styrer barnehageområdet, grunnopplæringsområdet og høgare utdanning med både juridiske og økonomiske styringsmiddel, og styringslinjene varierer. Arbeidet i Kunnskapsdepartementet med samfunnstryggleik og beredskap må sjåast i samanheng med styringsskilnadene mellom områda, og med utfordringane som finst innanfor kvart område. Til dømes har Kunnskapsdepartementet eit særskilt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap ved dei statlege høgre utdanningsinstitusjonane, medan kommunane har det operative ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap i skolar og barnehagar. Justis- og beredskapsdepartementet skal gjennom samordningsrolla si sikre eit koordinert og heilskapleg arbeid med samfunnstryggleik og beredskap på tvers av sektorgrensar.

For å oppfylle hovudmålet for samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren om å forebygge uønskte hendingar og minske konsekvensane dersom dei skulle oppstå, er det viktig at verksemdar på alle nivå i kunnskapssektoren:

- utarbeider heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar, og delanalyser av særskilde utfordringar i den ein-skilde verksemda,
- utarbeider krise- og beredskapsplanar som sikrar ei god krisehandtering og som styrkjer krisehandteringsevna i organisasjonen,
- gjennomfører øvingar for å teste eigen beredskap, og for å setje tilsette i stand til å takle utfordringane som kan kome ved kriser.

Kunnskapsdepartementet vil i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i 2013 leggje stor vekt på å følgje opp tilrådingar i NOU 2012: 14 *Rapport fra 22. juli-kommisjonen*, og på å ha god oversikt over risiko og sårbarheit i sektoren.

1.2 Hovudprioriteringar

Barnehagar

Hovudmåla til regjeringa på barnehagefeltet i 2013 er at retten til barnehageplass blir innfridd, at det er likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar, at alle barnehagar skal vere ein god arena for omsorg, leik, læring og danning, at alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap, og at prisen skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å ha barn i barnehage.

Målet om full barnehagedekning er nådd, og finansieringsansvaret for barnehagane er overført til kommunane. Regjeringa vil likevel føre vidare den statlege satsinga på barnehagar. I statsbudsjettet for 2013 foreslår regjeringa å auke løyvingane med 764 mill. kroner, som mellom anna skal gå til lågare pris og likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Det er eit mål for regjeringa at foreldrebetalinga skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å betale for ein barnehageplass. Kunnskapsdepartementet foreslår å føre vidare maksimalgrensa for foreldrebetalinga på same nominelle nivå som i 2012. Det er foreslått å løyve 273 mill. kroner til dette formålet i 2013. Inkludert heilårseffekten av nominell vidareføring av maksimalprisen i statsbudsjettet for 2012, foreslår regjeringa ei samla løyving på 336 mill. kroner til lågare pris i barnehagen. Ein familie med to barn i barnehage har spart om lag 23 600 kroner årleg som følge av at maksimalprisen har blitt redusert sidan regjeringa tiltredde i 2005.

Regjeringa vil sikre ikkje-kommunale barnehagar gode driftsvilkår i ein rammefinansiert sektor. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å auke minimumstilskottet til ikkje-kommunale barnehagar frå 92 til 94 pst. frå 1. august 2013. Det er fore-

slått å løyve 58 mill. kroner til formålet i 2013. Inkludert heilårseffekten av opptrappinga av minimumstilskottet i statsbudsjettet for 2012, foreslår departementet ei samla styrking av ikkje-kommunale barnehagar på 99 mill. kroner. Auka tilskott til ikkje-kommunale barnehagar vil leggje til rette for å jamne ut skilnadene i lønns- og arbeidsvilkår mellom tilsette i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Satsinga på å auke kompetansen til tilsette i barnehagane vil bli styrkja i 2013. Departementet foreslår å auke løyvinga til kompetanseheving i barnehagen med 20 mill. kroner i 2013. Midlane vil bli nytta til ei mellombels ordning med etter- og vidareutdanning for barnehageassistentar. Totalt vil det i 2013 bli nytta over 154 mill. kroner til tiltak for å fremme kvaliteten i barnehagane.

Grunnopplæringa

Regjeringa arbeider for ei grunnopplæring av høg kvalitet. Målsetjinga er betre læring for alle elevar, slik at skolen kan medverke til å jamne ut sosiale forskjellar. I statsbudsjettet for 2013 foreslår regjeringa ei samla styrking av grunnopplæringa på 483 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å løyve 68,4 mill. kroner til innføring av valfag på 9. trinn, jf. Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter*. I meldinga blir det foreslått å innføre valfaga gradvis. Hausten 2012 vart valfag for 8. trinn innført, og departementet tek sikte på å utvide tilbodet til 10. trinn i 2014. Vidare foreslår regjeringa å auke løyvinga til ein eigen strategi for ungdomstrinnet for betre klasseleing og å auke elevanes grunnleggjande dugleikar i rekning, lesing og skriving. Forslaget aukar løyvinga med 30 mill. kroner, slik at den samla løyvinga til gjennomføringsstrategien for ungdomstrinnet blir på 80 mill. kroner.

For å styrkje lærartettleiken på ungdomstrinnet og på den måten bidra til å gi tilpassa opplæring, ei meir praktisk, variert og relevant opplæring, samt å styrke dei grunnleggjande dugleikane, foreslår regjeringa å løyve 157 mill. kroner til ei fireårig tilskottsordning som eit forsøk med auka lærartettleik på ungdomstrinnet. Kommunar som skoleåret 2011-2012 har skolar med ein gjennomsnittleg gruppestorleik på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet og grunnskolepoeng under snittet for landet kan søke om midlar til formålet. Den fireårige tilskottsordninga skal nyttast til å hauste erfaring og kunnskap om effekten av auka lærarressursar. Dette kan vere eit grunnlag for eventuelt seinare å forskriftsfeste eit forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar.

Regjeringa foreslår å nytte 30 mill. kroner til fag- og yrkesopplæringa i 2013, for å følgje opp staten sine forpliktingar i *Samfunnskontrakten for flere læreplasser*. Det er eit mål å betre gjennomføringa i vidaregåande skole, og Ny GIV er eit prosjekt som held fram ut 2013.

I budsjettet for 2009 vart det innført ei åtteårig ordning med rentekompensasjon for rehabilitering av og investering i skole- og symjeanlegg med sikte på ei investeringsramme på 15 mrd. kroner. Investeringsramma blir gradvis fasa inn i budsjettet gjennom perioden. Frå 2009 til 2012 er 9 mrd. kroner fasa inn i budsjettet. I 2013 foreslår regjeringa å fase inn ytterlegare 1 mrd. kroner med ein budsjetteffekt på 20 mill. kroner.

I Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* er det mellom anna foreslått ein omorganisering av Statped og ein kompetansestrategi for dei tilsette i PP-tenesta. Stortinget slutta seg til dette i Innst. 405 S (2010–2011) og Innst. 50 S (2011–2012). Regjeringa foreslår å løyve ytterlegare 10 mill. kroner til oppfølging av dette arbeidet.

Regjeringa foreslår å løyve 73,8 mill. kroner til innføring av ein veketime med kulturskoletilbod i skole- eller SFO-tida på barnetrinnet (1.–4.trinn) frå hausten 2013. Skoleeigar blir kompensert for tiltaket tilsvarende ein ny veketime med lærarlønn inkludert for- og etterarbeid. Tilbodet skal vere frivillig for elevane. Departementet tek sikte på å lovfeste plikt for skoleeigar til å gi elevane eit slikt tilbod.

Tilskottet til opplæring i kriminalomsorga blir foreslått styrka med 6,4 mill. kroner. Løyvinga er knytt opp til etablering av forsøk med ungdoms-einingar for barn og unge i Bergen og Oslo, samt auka soningskapasitet ved Hustad fengsel.

Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner til kompetansehevande tiltak knytte til opplæring av minoritetspråklege. Dette blir finansiert over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett til oppfølging av den kommande meldinga om inkludering frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til dei regionale vitensentra med 8,8 mill. kroner og å løyve 1,2 mill. kroner til Newtonrom. Delar av midlane til Newtonrom skal gå til evaluering av prosjektet.

Vaksenopplæring m.m.

Lærarar i vaksenopplæringa deltek i liten grad i den vidareutdanningsordninga som er ein del av strategien *Kompetanse for kvalitet*. Departementet vil derfor setje av 20 mill. kroner over fire år til å utvikle tiltak som skal leggje betre til rette for at

fleire lærarar i vaksenopplæringa skal kunne ta etter- og vidareutdanning.

Aktiviteten ved folkehøgskolane har auka i dei siste åra. Departementet foreslår derfor å auke tilskottet til folkehøgskolane med 10 mill. kroner i 2013.

Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) skal medverke til å styrkje grunnleggjande dugleikar i lesing, skriving, rekning og IKT blant vaksne arbeidstakarar og arbeidssøklarar. Bedrifter og offentlege verksemder kan søkje om å få tilskott til å gi tilsette opplæring i grunnleggjande dugleikar. Departementet foreslår å løyve 86,6 mill. kroner til tilskottsordninga i 2013.

Høgre utdanning

God og stabil finansiering er avgjerande for at universitet og høgskolar skal kunne drive langsiktig kunnskapsutvikling og kunnskapsforvaltning av høg kvalitet innanfor eit breitt spekter av fagtilbod.

Talet på søklarar til høgre utdanning held fram med å auke. Regjeringa foreslår å løyve 114,7 mill. kroner i 2013 til opptak av nye kull for om lag 1 000 nye studieplassar som vart oppretta i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2012. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 178,9 mill. kroner til opptak av nye kull for studieplasser oppretta i samband med budsjetta for 2009 og 2011. Samla vil dette gi om lag 3 250 fleire studieplasser i 2013, og totalt over 22 000 fleire plassar i 2017. Fleire studentar samla sett gir ein auke i talet på avlagte studiepoeng, og den resultatbaserte utteljinga til universitet og høgskolar aukar med om lag 260 mill. kroner i 2013.

Formålstenlege bygg, god og effektiv infrastruktur og tilgang til vitenskapleg utstyr er ein føresetnad for å kunne tilby og utvikle forskning og utdanning av høg kvalitet. Regjeringa foreslår 18,5 mill. kroner i startløyving for rehabilitering av Urbygningen ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Samla kostnadsramme for prosjektet er 368,6 mill. kroner, og bygget vil primært bli nytta til utdanningsverksemd når det står ferdig. I tillegg foreslår regjeringa om lag 940 mill. kroner til vidareføring av seks i gangsette byggjeprojekt i universitets- og høgskolesektoren, og 147,5 mill. kroner til utstyr og inventar for tre av desse byggjeprojekta.

Regjeringa foreslår ei løyving på 30 mill. kroner over tre år for å sikre dei unike vikingsamlingane ved Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo.

Regjeringa er oppteke av god kvalitet i høgre utdanning, og foreslår å løyve om lag 70 mill. kro-

ner til ulike tiltak for å medverke til dette, inkludert oppretting av tre nye senter for framifrå utdanning og styrking av tilsynet gjennom Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

Det har vore ein kraftig auke i søkjartal til ingeniør- og teknologiutdanningane, parallelt med at regjeringa i dei siste åra har prioritert meir forskning i desse faga. Regjeringa foreslår i 2013 å styrkje teknologi- og ingeniørmiljøa ved universitet og høgskolar med om lag 27 mill. kroner til eingangsinvesteringar i vitenskapleg utstyr.

Samarbeid, klarare arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK) er nødvendig for å medverke til auka berekraft og betre kvalitet i utdanning og forskning. Regjeringa vil føre vidare 50 mill. kroner til regionale og nasjonale SAK-prosesar.

eCampus er eit prosjekt for å byggje ut og oppgradere IKT-infrastrukturen knytt til desentralisert og fleksibel utdanning i universitets- og høgskolesektoren. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til *eCampus* til totalt 15 mill. kroner.

Forskning

Regjeringa held fram med å satse på forskning, og held fast ved målet om å auke forskingsløyvingane i tråd med dei forskingspolitiske måla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*. FoU-innsatsen i budsjettforslaget til regjeringa for 2013, inkludert Skattefunn, er førebels anslått til 27,4 mrd. kroner. Dette er ein auke på 1,4 mrd. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2012; ein realvekst på 2,2 pst. Sidan 2005 har det vore ein realauke i den offentlege FoU-innsatsen på 32,1 pst.

Klimaendringane er omfattande og skjer raskt. Det er nødvendig med ei brei satsing på klimaforskning og mekanismar for effektivt å ta i bruk ny kunnskap og innsikt. Regjeringa foreslår ei satsing på 47 mill. kroner til klimaforskning i statsbudsjettet for 2013, jf. omtale i kap. 5 i del III av proposisjonen. Satsinga byggjer på tilrådingane i Klima21-strategien og den internasjonale evalueringa av norsk klimaforskning som vart lagd fram våren 2012. 25 mill. kroner av dette vil bli tildelt Noregs forskingsråd over budsjettet til Kunnskapsdepartementet med særleg vekt på samfunnsvitenskapleg og humanistisk klimaforskning og grunnleggjande forskning knytt til klimasystemet og klimaendringane i Arktis. Som ein del av satsinga, foreslår regjeringa å auke tildelinga til Senter for klimadynamikk (SKD) ved Bjerknessenteret med 5 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dette er eit internasjonalt leiande klimaforskningsmiljø ved Universitetet i

Bergen og med Havforskningsinstituttet, Nansen-senteret og Uni Research som jamstilte partnerar.

I statsbudsjettet 2013 foreslår òg regjeringa ei startløyving på 75 mill. kroner til bygging av eit nytt isgåande forskingsfartøy. Fartøyet vil vere svært viktig for polar- og miljøforskninga og ressurskartlegging i nordområda. Samla kostnadsramme for fartøyprosjektet er om lag 1,42 mrd. kroner.

St.meld. nr. 30 (2008–2009) peikte ut internasjonalisering som eitt av dei fire tverrgåande måla. Det europeiske samarbeidet er ein hovudarena for internasjonalt samarbeid og ein hovudprioritet for norsk forskning. Noreg har med stort utbytte delteke i EUs rammeprogram for forskning sidan 1994. Deltakinga er viktig for å auke kvaliteten i norsk forskning. Forskingssamarbeidet gjennom rammeprogramma har vorte stadig meir omfattande. 2013 er det siste programåret for det sjuande rammeprogrammet, og EU har foreslått ein auke i utbetalingsbudsjettet for programmet på 28 pst. Noregs kontingent til rammeprogramma er i 2013 berekna til å bli om lag 1,7 mrd. kroner. Dette er ein auke på 318 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2012.

Ordninga med *Senter for framifrå forskning* (SFF) har til formål å leggje til rette for at forskingsinstitusjonane kan utvikle forskingsmiljø i verdsklasse, og ordninga skal slik bidra til å nå måla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) om auka kvalitet i norsk forskning. Styrkt forskarrekuttering og styrkt internasjonalt samarbeid er ein viktig del av dette. I tillegg verkar ordninga strukturerande ved at ho legg til rette for auka samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i forskingssektoren. I 2011 hadde ordninga eit budsjett på om lag 250 mill. kroner, og sidan 2008 har 21 senter fordelt på åtte vertsinstitusjonar vore i full drift. Sentra varer i inntil ti år, og dei første sentra som hadde oppstart i 2003, er no i ferd med å bli avslutta. Midlane frå den første runden er derfor lyste ut på nytt, og til den første fristen mottok Forskningsrådet 139 søknader. I november 2012 vil det bli klart kven som får status som SFF i 2013. For å sikre gode rammevilkår for sentra som blir tildelt midlar frå 2013, foreslår Kunnskapsdepartementet ei styrking av ordninga med 35 mill. kroner innanfor tildelinga til Forskningsrådet.

Kavli Institute for Systems Neuroscience (KISN) ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim er eit av dei mest framifrå forskingsmiljøa i Noreg. For å sikre dette unike forskingsmiljøet stabile rammevilkår, foreslår Kunnskapsdepartementet 12,5 mill. kroner til senteret.

Det er behov for å styrkje forskinga for helse- og velferdstenestene og samtidig bidra til å auke

forskningsforankringa i fagmiljøa som gir helse- og sosialfagleg utdanning. I 2012 vart Forskningsrådets program for praksisretta FoU i helse- og velferdstenestene etablert. Programmet er ei oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke tildelinga til programmet med 7 mill. kroner innanfor tildelinga til Forskningsrådet.

Departementet vil halde fram med å styrkje satsinga på utdanningsforskning gjennom utdanningsforskningsprogramma i Noregs forskingsråd. Departementet foreslår å auke den samla rammeløyvinga til utdanningsforskningsprogramma *Utdanning2020* og *PRAKUT* med 3,4 mill. kroner til 61,1 mill. kroner i 2013. For å få meir kunnskap om effektar av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning vil departementet i tillegg setje av 3 mill. kroner årleg i ein femårsperiode til forskning på dette feltet. Tiltaket er ei oppfølging av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*.

Sjølv om kvinner innanfor dei fleste fagområde gjennomfører doktorgradsutdanning i like stor grad som menn, går utviklinga når det gjeld kjønnsbalanse på toppnivå svært langsamt. *BALANSE* er ei satsing for å fremme kjønnsbalansen i faglege toppstillingar og i forskingsleiing. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke tildelinga til *BALANSE* med 7 mill. kroner innanfor tildelinga til Forskningsrådet.

Kunnskapsdepartementet foreslår at det skal byggjast ein vèrradar på Helgelandskysten i Nordland. Kostnaden er berekna til 25 mill. kroner over to år, og departementet foreslår å løyve 12,5 mill. kroner til formålet i 2013. Når radaren kjem i drift, vil heile den norske kysten vere dekkja av vèrradarnettet. Dette vil betre varslinga av farleg vèr langs kysten og vil kunne medverke til å betre tryggleiken for ferdsel til havs, både for fiskefartøy og for den aukande skipstrafikken langs kysten av Nord-Noreg. Radaren vil òg medverke til betre varsling av flyvèret i området, og dermed til betre flytryggleik.

Studentvelferd

Ei av dei viktigaste studentvelferdsoppgåvene til studentsamskipnadene er å tilby studentbustader. Regjeringa foreslår å løyve 250 mill. kroner til bygging av om lag 1 000 nye studentbustader i 2013. Departementet vil inn mot 2014 vurdere regelverk knytt til oppføring av studentbustadene, inkludert nivå på kostnadsramme og tilskott.

I statsbudsjettet for 2012 vart det vedteke at kapitalinntekter skal reknast med i grunnlaget for

behovsprøving av stipend. Sommaren 2012 varsla departementet at det ville ta initiativet til å endre reglane slik at renteinntekter frå Bustadsparing for Ungdom (BSU) ikkje skal føre til redusert stipend. For 2013 foreslår departementet derfor ein auke i løyvinga med 4,1 mill. kroner.

Regjeringa meiner det er viktig å halde oppe kjøpekrafta til elevar, studentar og lærlingar gjennom utdanningsstøtta, og foreslår å auke satsane i støtteordningane til Lånekassen for å kompensere for prisutviklinga elles i samfunnet. Det blir foreslått å auke basisstøtta frå 92 500 kroner for undervisningsåret 2012–13 til 94 400 kroner for undervisningsåret 2013–14.

Ordninga med omgjering av lån til utdanningsstipend ved gjennomført utdanning (konverteringsordninga) er innretta slik at ein kan ta igjen fagleg forseinking i inntil åtte år. Ein kan òg bruke «overskottspoeng» til omgjering i inntil åtte år framover i tid. Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere desse fristane frå åtte til fire år. Fire år er ei rimeleg grense som gir tilstrekkeleg moglegheit til å hente inn fagleg forseinking og til å bruke ekstra studiepoeng ved seinare forseinking. For søkjarar som er forseinka i utdanninga, vil ei grense på fire år gi sterkare insentiv til å fullføre utdanninga raskare. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 36,2 mill. kroner.

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	266 598	257 374	264 950	2,9
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>266 598</i>	<i>257 374</i>	<i>264 950</i>	<i>2,9</i>
Grunnoppfølginga					
220	Utdanningsdirektoratet	304 673	311 062	320 752	3,1
221	Foreldreutvala for grunnoppfølginga og barnehagane	12 402	13 887	14 322	3,1
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	107 943	86 430	89 468	3,5
223	Sametinget	35 420	36 518	37 723	3,3
224	Senter for IKT i utdanninga	90 980	87 558	89 565	2,3
225	Tiltak i grunnoppfølginga	1 125 261	1 140 048	1 156 681	1,5
226	Kvalitetsutvikling i grunnoppfølginga	1 151 001	1 221 045	1 458 992	19,5
227	Tilskott til særskilde skolar	64 333	72 579	114 074	57,2
228	Tilskott til private skolar o.a.	3 086 151	3 091 206	3 284 125	6,2
229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	27 413	22 669	23 528	3,8
230	Statleg spesialpedagogisk støtte- system	740 725	718 545	687 147	-4,4
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>6 746 302</i>	<i>6 801 547</i>	<i>7 276 377</i>	<i>7,0</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	447 853	342 236	331 316	-3,2
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>447 853</i>	<i>342 236</i>	<i>331 316</i>	<i>-3,2</i>
Vaksenoppfølging m.m.					
252	EUs program for livslang læring	174 627	210 207	242 402	15,3
253	Folkehøgskolar	664 581	685 582	718 206	4,8
254	Tilskott til vaksenoppfølging	211 700	212 537	219 951	3,5

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
255	Tilskott til freds- og menneskeretts- sentra	63 417	65 383	67 856	3,8
256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompe- tansepolitikk	68 815	64 296	65 346	1,6
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	74 175	88 953	91 888	3,3
258	Tiltak for livslang læring	49 278	51 408	52 968	3,0
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>1 306 593</i>	<i>1 378 366</i>	<i>1 458 617</i>	<i>5,8</i>
	Høgre utdanning og fagskole- utdanning				
260	Universitet og høgsular	25 022 073	26 087 058	27 538 941	5,6
270	Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	302 392	329 784	340 667	3,3
276	Fagskoleutdanning	55 158	56 868	71 236	25,3
280	Felles einingar	343 627	364 681	391 794	7,4
281	Felles tiltak for universitet og høg- skular	419 913	364 445	364 911	0,1
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>26 143 163</i>	<i>27 202 836</i>	<i>28 707 549</i>	<i>5,5</i>
	Forskning				
283	Meteorologiformål	287 594	327 609	336 463	2,7
284	Dei nasjonale forskingsetiske komitéane			16 300	
285	Noregs forskingsråd	1 440 422	2 688 103	2 773 611	3,2
286	Forskingfond	4 427 981	219 000		-100,0
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	235 090	251 298	476 817	89,7
288	Internasjonale samarbeidstiltak	1 322 113	1 634 782	1 945 993	19,0
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>7 713 200</i>	<i>5 120 792</i>	<i>5 549 184</i>	<i>8,4</i>
	Utdanningsstøtte				
2410	Statens lånekasse for utdanning	29 249 913	30 841 858	31 402 494	1,8
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>29 249 913</i>	<i>30 841 858</i>	<i>31 402 494</i>	<i>1,8</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>71 873 622</i>	<i>71 945 009</i>	<i>74 990 487</i>	<i>4,2</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
01-29	Driftsutgifter	3 647 858	3 497 802	3 594 130	2,8
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	157 967	182 951	227 555	24,4
50-59	Overføringer til andre stats- rekneskapar	32 360 214	33 640 233	35 480 440	5,5
60-69	Overføring til kommunesektoren	1 431 545	1 364 804	1 474 469	8,0
70-89	Overføring til private	12 387 090	13 564 135	13 983 908	3,1
90-99	Utlån, avdrag o.a.	21 888 948	19 695 084	20 229 985	2,7
	Sum under departementet	71 873 622	71 945 009	74 990 487	4,2

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
	Administrasjon				
3200	Kunnskapsdepartementet	7 470			
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>7 470</i>			
	Grunnopplæringa				
3220	Utdanningsdirektoratet	9 199	4 651	4 805	3,3
3221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	6			
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	7 727	4 581	4 732	3,3
3224	Senter for IKT i utdanninga	6 653	2 352	1 500	-36,2
3225	Tiltak i grunnopplæringa	57 352	50 423	42 858	-15,0
3229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	6 729	2 534	2 617	3,3
3230	Statleg spesialpedagogisk støtte- system	82 552	68 326	70 581	3,3
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>170 218</i>	<i>132 867</i>	<i>127 093</i>	<i>-4,3</i>
	Vaksenopplæring m.m.				
3256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	12 857	11 282	10 654	-5,6
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>12 857</i>	<i>11 282</i>	<i>10 654</i>	<i>-5,6</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
	Høgre utdanning og fagskole- utdanning				
3280	Felles einingar	1 382	1 172	1 211	3,3
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar		10	10	0,0
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>1 382</i>	<i>1 182</i>	<i>1 221</i>	<i>3,3</i>
	Forskning				
3286	Forskingsfond	3 946 432	80 219 000		-100,0
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	21 509	209 100	419 000	100,4
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 094	4 618	4 492	-2,7
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>3 972 035</i>	<i>80 432 718</i>	<i>423 492</i>	<i>-99,5</i>
	Utdanningsstøtte				
5310	Statens lånekasse for utdanning	12 340 284	13 291 758	11 099 458	-16,5
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	3 866 019	4 824 471	3 377 934	-30,0
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>16 206 303</i>	<i>18 116 229</i>	<i>14 477 392</i>	<i>-20,1</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>20 370 265</i>	<i>98 694 278</i>	<i>15 039 852</i>	<i>-84,8</i>

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	250 907	198 446	192 041	-3,2
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringar	7 917 011	5 144 583	3 686 819	-28,3
90-99	Utlån, avdrag o. a.	12 202 347	93 351 249	11 160 992	-88,0
	Sum under departementet	20 370 265	98 694 278	15 039 852	-84,8

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

I denne proposisjonen omtaler Kunnskapsdepartementet følgende oppmodingsvedtak:

Vedtak nr. 171, 16. februar 2010. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.70.

«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag som på egnet måte tydeliggjør den akademiske frihet for forskere ved institusjoner som ikke omfattes av universitets- og høyskoleloven.»

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

4 Nærmere om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
200	Kunnskapsdepartementet	266 598	257 374	264 950	2,9
	Sum kategori 07.10	266 598	257 374	264 950	2,9

Inntekter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
3200	Kunnskapsdepartementet	7 470			
	Sum kategori 07.10	7 470			

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter		251 522	235 794
21	Særskilde driftsutgifter		13 522	19 015
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>		1 554	2 565
	Sum kap. 200		266 598	257 374

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på post 01 skal dekkje lønn og driftsutgifter i departementet. Løyvinga på post 21 dekkjer

mellom anna utgifter til drift av den norske UNESCO-kommisjonen og utgreiings- og utviklingsoppgåver i Kunnskapsdepartementet. Løyvinga på post 45 gjeld kjøp av datautstyr, programvare og tenester som blir nytta i utviklinga av IKT-systemet i departementet.

Mål for 2013

Måla for løyvinga over kap. 200 gjeld drift av Kunnskapsdepartementet. Dei faglege måla for departementet er omtalte i dei aktuelle fagkapitla.

Måla for 2013:

- Departementet skal ha eit godt grunnlag for utforming av kunnskapspolitikken.
- Departementet skal sikre at kunnskapspolitikken blir sett i verk.
- Departementet skal ha god dialog med alle relevante aktørar i samfunnet.

Rapport for 2011

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken for barnehage, utdanning, livslang læring og forskning. I 2011–12 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd desse proposisjonane og meldingane til Stortinget:

- Prop. 67 L (2011–2012) *Endring i universitets- og høyskoleloven (rapportering til database for vitenskapelig publisering)*
- Prop. 84 L (2011–2012) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (undervisningskompetanse m.m.)*
- Prop. 92 L (2011–2012) *Endringer i studentsamskipnadsloven*
- Prop. 98 L (2011–2012) *Endringer i barnehage-loven (tilskudd og foreldrebetaling i ikke-kommunale barnehager)*
- Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*

Kunnskapsdepartementet arbeider kontinuerleg med å forbetre styringa av si eiga verksemd og av underliggjande verksemdar og sektoren elles. I dette arbeidet vurderer departementet blant anna korleis arbeidsoppgåvene best kan fordelast mellom departementet og underliggjande forvaltningsorgan. Kunnskapsdepartementet har delegert oppgåver på barnehageområdet til Utdanningsdirektoratet frå 1. januar 2012. Delegeringa styrkjer den statlege kapasiteten for styring og kvalitetsutvikling i barnehagesektoren, og legg til rette for heilskap og samanheng i utdanningsløpet.

I 2010–11 reviderte departementet den nasjonale målstrukturen for universitet og høyskolar, med brei involvering frå sektoren. Departementet gjennomførte i 2011 eit prosjekt om god forvaltning i universitets- og høyskolesektoren. Prosjektet har omfatta både den interne styringa og forvaltninga i verksemdene og organisering og arbeid med styring frå departementet.

Både Kunnskapsdepartementet og andre offentlege verksemdar bruker rett som det er oppdragsforskning som fagleg grunnlag for politikktutforminga. For å leggje til rette eit godt rammeverk for slik oppdragsforskning har departementet utarbeidd ny standardavtale for forskings- og utgreiingsoppdrag. Standardavtalen gir eit solid rammeverk for korleis offentlege oppdragsgivarar kan sikre at forskings- og utgreiingsoppdrag blir gjennomførte innanfor anerkjende vitskaplege og etiske prinsipp, at både oppdragsgivar og oppdragstakar får rett til resultat, og at resultat blir offentlege.

Åtaket mot regjeringsskvartalet 22. juli 2011 påverka arbeidsvilkåra til departementet. Mellom anna vart det nødvendig å finne andre lokale. Stortinget løyvde 11,9 mill. kroner på kap. 200 post 01 til ekstraavgifter etter bombeåttaket, sjå Innst. 21 S (2011–2012), jf. Prop. 154 S (2010–2011).

Kunnskapsdepartementet har halde fram med det systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren. Etter at departementet laut flytte ut av regjeringsskvartalet som følgje av åttaket 22. juli 2011, vart mykje merksemd retta mot å ta vare på dei tilsette og syte for trygge lokale på den nye lokaliseringa. Kunnskapsdepartementet har elles gjennomført eit seminar om samfunnstryggleik og beredskap for dei underliggjande verksemdene, der mellom anna røynslene frå 22. juli var tema.

Ein mindre del av løyvinga over post 21 gjekk til Den norske UNESCO-kommisjonen. Kommisjonen har halde fast ved dei prioriteringane som tidlegare er gjorde for perioden 2008–12: menneskerettar, utdanning, ytringsfridom og tryggleik for journalistar.

I arbeidet med Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis* la Kunnskapsdepartementet stor vekt på eit breitt samarbeid med andre departement, utdanningstilbydarar og partane i arbeidslivet. Gjennom ein open prosess med aktiv deltaking frå desse er det utvikla felles forståing om utfordringar og retning for det vidare arbeidet på dette feltet. Det gir ei solid plattform for framtidige utdanningar til velferdsyrka.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å flytte 6,5 mill. kroner frå kap. 200 post 21 til kap. 200 post 01. Overføringa gjeld driftsoppgåver som opphavleg var etablerte som prosjekt, men som i dag er ein del av det ordinære arbeidet departementet gjer retta mot sektoren.

Departementet foreslår å flytte 1,5 mill. kroner frå kap. 200 post 21 til kap. 288 post 76 i samband med oppretting av eigen post for tilskott til UNESCO-formål. Midlane til drift av den norske UNESCO-kommisjonen vil framleis bli løyvd over kap. 200 post 21. Forslaget blir nærmare omtalt under kap. 288 post 76.

Departementet nemnde hausten 2012 opp ei ekspertgruppe i spesialpedagogikk. Ekspertgruppa skal gi råd til styresmaktene og fagmiljøa

om framtidig utdanning på det spesialpedagogiske området, og korleis ein bør innrette og dimensjonere utdanningane for å dekkje samfunnsbehova i åra som kjem. Ekspertgruppa skal levere tilrådingane sine hausten 2013.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3200, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
02	Salsinntekter o.a.	376		
05	Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.	560		
16	Refusjon av foreldrepengear	3 678		
17	Refusjon for lærlingar	124		
18	Refusjon av sjukepengear	2 732		
	Sum kap. 3200	7 470		

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
220	Utdanningsdirektoratet	304 673	311 062	320 752	3,1
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	12 402	13 887	14 322	3,1
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	107 943	86 430	89 468	3,5
223	Sametinget	35 420	36 518	37 723	3,3
224	Senter for IKT i utdanninga	90 980	87 558	89 565	2,3
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 125 261	1 140 048	1 156 681	1,5
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	1 151 001	1 221 045	1 458 992	19,5
227	Tilskott til særskilde skolar	64 333	72 579	114 074	57,2
228	Tilskott til private skolar o.a.	3 086 151	3 091 206	3 284 125	6,2
229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	27 413	22 669	23 528	3,8
230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	740 725	718 545	687 147	-4,4
Sum kategori 07.20		6 746 302	6 801 547	7 276 377	7,0

Inntekter under programkategori 07.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
3220	Utdanningsdirektoratet	9 199	4 651	4 805	3,3
3221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	6			
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	7 727	4 581	4 732	3,3
3224	Senter for IKT i utdanninga	6 653	2 352	1 500	-36,2
3225	Tiltak i grunnopplæringa	57 352	50 423	42 858	-15,0
3229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	6 729	2 534	2 617	3,3
3230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	82 552	68 326	70 581	3,3
	Sum kategori 07.20	170 218	132 867	127 093	-4,3

Innleiing

Grunnopplæringa skal vere av høg kvalitet. Ho skal gi den einskilde og samfunnet nødvendige føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og demokratisk utvikling. Opplæringa skal medverke til å utvikle dei faglege dugleikane til elevane, deira sosiale og kulturelle kompetanse og evne til kritisk tenking og medverknad i demokratiske prosessar. Opplæringa skal gi alle elevar dugleikar, holdningar og verdiar som gjer dei i stand til å meistre sitt eige liv, delta i arbeids- og samfunnslivet og ta vare på seg sjølv og andre i samfunnet. Alle skal ha moglegheit til å nå læringspotensialet sitt i ein inkluderande skole. Dette er eit omfattande og viktig mandat som samfunnet har gitt grunnopplæringa.

Samfunnsmandatet er nærmare konkretisert i formålsparagrafen for grunnopplæringa og i privatskolelova og dei andre delane av lovverket. Kommunane, fylkeskommunane og dei private skolane som er godkjende etter privatskolelova, har fått i oppdrag å realisere samfunnsmandatet for grunnopplæringa.

Grunnopplæringa held god kvalitet, men det er dokumentert at ho har forbettringspotensial innanfor sentrale område. Departementet vil derfor prioritere tiltak for kvalitetsutvikling som er retta mot tre mål:

- Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei

i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

- Alle elevar og læringar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetanseprov som kan verdsetjast for vidare studium eller i arbeidslivet.
- Alle elevar og læringar skal inkluderast og oppleve meistring.

Måla blir følgde opp gjennom dei verkemidlane departementet rår over. Grunnopplæringa blir i all hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskottet og skatteinntekter. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å budsjettere midlar til grunnopplæringa etter lokale behov. Dette gjeld til både drift, investering og kvalitetsutvikling av grunnopplæring ved skolane og i lærebedriftene. For ei samla framstilling av ressursbruken i grunnopplæringa viser ein til del III i budsjettproposisjonen under kapittel 5 Ressursar i grunnopplæringa.

Programkategori 07.20 finansierer nasjonale tiltak for å styrkje kvaliteten i grunnopplæringa, jamfør særskilt kap. 226 post 21. Enkelte særskilde skolar og private skolar som er godkjende etter privatskolelova, blir også finansierte over programkategori 07.20 høvesvis kap. 225 tiltak i grunnopplæringa, kap. 227 tilskott til særskilde skolar og kap. 228 tilskott til private skolar o.a.

Hovudprioriteringar for 2013

I statsbudsjettet for 2013 foreslår regjeringa ei samla styrking av grunnopplæringa på 483 mill. kroner.

Regjeringa vil i 2013 styrkje satsinga retta mot ungdomstrinnet og gjennomføring av Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter*. Satsinga omfattar innføring av valfag, kompetansetiltak og fleire lærarar. Regjeringa foreslår å løyve 68,4 mill. kroner til innføring av valfag på 9. trinn på ungdomstrinnet. Av dette blir 66,1 mill. kroner lagde inn i rammetilskottet til kommunane. I meldinga foreslår regjeringa at valfag blir innførte gradvis. Hausten 2012 vart valfag for 8. trinn innført, og i 2013 blir skoleeigarane kompenserte for heilårseffekten med 97,7 mill. kroner. Departementet tek sikte på å utvide tilbodet til 10. trinn i 2014. Vidare foreslår regjeringa å auke løyvinga til ein eigen strategi for ungdomstrinnet for betre klasseleiing og å betre grunnleggjande dugleikar hos elevane i rekning, lesing og skriving. Forslaget aukar løyvinga med 30 mill. kroner, og det blir omprioritert om lag 50 mill. kroner frå løyvinga til etterutdanning, slik at den samla løyvinga til gjennomføringsstrategien for ungdomstrinnet blir på 80 mill. kroner.

For å styrkje lærartettleiken på ungdomstrinnet og på den måten bidra til å gi tilpassa opplæring, ei meir praktisk, variert og relevant opplæring, samt å styrkje dei grunnleggjande dugleikane, foreslår regjeringa å løyve 157 mill. kroner til ei fireårig tilskottsordning som eit forsøk med auka lærartettleik på ungdomstrinnet. Kommunar som skoleåret 2011-2012 hadde skolar med ein gjennomsnittleg gruppestørleik på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet og grunnskolepoeng under snittet for landet kan søke om midlar til forsøket. Den fireårige tilskottsordninga skal nyttast til å hauste erfaring og kunnskap om effekten av auka lærarressursar. Dette kan vere eit grunnlag for eventuelt seinare å forskriftsfeste eit forholdstall mellom talet på lærarar og talet på elevar.

Regjeringa foreslår å nytte 30 mill. kroner til fag- og yrkesopplæringa i 2013, for å følgje opp staten sine forpliktingar i *Samfunnskontrakten for flere læreplasser*. Løyvinga skal stimulere til at fleire elevar får lære plass. I dette inngår eit forslag om å løyve 6 mill. kroner slik at fleire minoritetsspråklege med kort butid og svake norskdugleikar skal få lære plass.

Satsinga Ny GIV for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring held fram ut 2013. I løpet av 2013 vil alle kommunane i landet delta i prosjektet. Løyvinga for 2013 vil vere på om lag 185

mill. kroner. I tillegg foreslår departementet å løyve om lag 35 mill. kroner for at fylkeskommunane kan følgje opp elevar med særskilde utfordringar, jf. kap. 226 post 60.

I budsjettet for 2009 vart det innført ei åtteårig ordning med rentekompensasjon for rehabilitering og investering i skole- og symjeanlegg med sikte på ei investeringsramme på 15 mrd. kroner. Investeringsramma blir gradvis fasa inn i budsjettet gjennom perioden. Frå 2009 til 2012 er 9 mrd. kroner fasa inn i budsjettet. I 2013 foreslår regjeringa å fase inn ytterlegare 1 mrd. kroner med ein budsjetteffekt på 20 mill. kroner.

I Meld. St. 18 (2010-2011) *Læring og fellesskap* og Stortingets handsaming av meldinga, er det mellom anna vedteken ein omorganisering av Statped og ei kompetansestrategi for dei tilsette i PP-tenesta. Regjeringa foreslår å løyve ytterlegare 10 mill. kroner til oppfølging av dette arbeidet.

Regjeringa foreslår å løyve 73,8 mill. kroner til innføring av ein veketime med kulturskoletilbod i skole-/SFO-tida på barnetrinnet (1.–4. trinn) frå hausten 2013. Skoleeigarane blir kompenserte for tiltaket tilsvarende ein ny veketime med lærarlønn inkludert for- og etterarbeid. Tilbodet skal vere frivillig for elevane.

Regjeringa foreslår å styrkje tilskottet til opplæring i kriminalomsorga med 6,4 mill. kroner. Løyvinga er knytt opp til etablering av forsøk med ungdomseiningar for barn og unge i Bergen og Oslo og auka soningskapasitet ved Hustad fengsel.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til dei regionale vitensentra med 8,8 mill. kroner og å løyve 1,2 mill. kroner til Newtonrom. Delar av midlane til Newtonrom skal gå til evaluering av prosjektet.

Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner over Kunnskapsdepartementets budsjett til kompetansehevande tiltak knytt til utdanning av minoritetsspråklege. Dette er som oppfølging av den kommande stortingsmeldinga om inkludering frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Regjeringa vil i tillegg følgje opp strategien *Kompetanse for Kvalitet* gjennom vidareutdanning for lærarar og rektorutdanninga. Departementet foreslår å løyve om lag 350 mill. kroner til desse to tiltaka slik at aktiviteten kan vere på same nivå som i inneverande år.

Tilstandsvurdering

Måla for grunnopplæringa gjeld for alle elevar og lærlingar. Elevbakgrunn er ei viktig forklaring på forskjellar i måloppnåing mellom skolar og kom-

munar, særleg den sosioøkonomiske bakgrunnen til elevane. Det betyr ikkje at effekten av elevbakgrunn er upåverkeleg. Fleire studiar viser at effekten av sosioøkonomisk bakgrunn er svakare i Noreg enn i mange andre land, men framleis er effekten betydeleg òg i Noreg.


Mål: Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet

Grunnleggjande dugleikar er eit nødvendig grunnlag for både fagkunnskap og læringsutbytte i vid forstand. Hovudårsaka til fråfall i vidaregåande opplæring er at dette grunnlaget er for svakt hos mange elevar. Både svake grunnleggjande dugleikar og ikkje fullført vidaregåande opplæring svekkjer grunnlaget for deltaking i vidare utdanning og i arbeids- og samfunnslivet vesentleg. PIRLS-undersøkinga av lesing på 4. og 5. trinn viste at norske elevar skåra om lag som gjennomsnittet av land som deltek, og at det faglege nivået var stabilt frå 2001 til 2006. Resultata

frå den neste PIRLS-undersøkinga blir lagde fram i desember 2012.

I 2008 vart TIMSS-undersøkinga om læringsutbyttet til elevar i matematikk og naturfag på 4. og 8. trinn lagd fram. Samanlikna med 2003 var det tydeleg framgang i prestasjonar i matematikk og naturfag på 4. trinn. I tillegg var det klar framgang i matematikkprestasjonane på 8. trinn. Nivået var likevel lågare enn i 1995, i både naturfag og matematikk. Det var dessutan relativt få elevar i Noreg som presterte på dei høgste nivåa i den siste TIMSS-undersøkinga samanlikna med andre land. Resultata frå den neste TIMSS-undersøkinga blir lagde fram i desember 2012.

PISA-undersøkinga frå 2009, som testar 15-åringar, syner at Noreg er tilbake på nivået frå 2000 i lesing, naturfag og matematikk. Det er ein tydeleg framgang frå 2006 i alle fagområda, men størst i lesing, jf. figur 4.1. Dei norske elevane ligg over gjennomsnittet for OECD-landa i lesing og rundt gjennomsnittet for matematikk og naturfag. Resultata frå PISA-undersøkinga stadfestar dermed resultata frå TIMSS-undersøkinga.



Figur 4.1 Norske resultat i PISA over tid for kvar av kompetansane.


Kjelde: OECD 2010

I 2009 er dessutan delen elevar på dei lågaste nivåa redusert samanlikna med 2000 for alle dei tre fagområda i PISA. På den andre sida er delen elevar på dei høgste nivåa redusert i lesing og matematikk. Noreg har framleis svært få elevar på dei høgste prestasjonsnivåa samanlikna med andre land.

I 2009 vart ICCS, ei internasjonal undersøking om medborgarskap, gjennomført. Resultata viste at norske elevar på 8. og 9. trinn har svært gode kunnskapar om og god forståing av omgrepet medborgarskap samanlikna med dei andre landa, og at nivået er likt som ved den førre undersøkinga i 1999.

I motsetnad til i internasjonale undersøkingar kan ein ikkje eintydig tolke endringar i nasjonal karakterstatistikk eller nasjonale prøver som endringar i faglege dugleikar frå eitt elevkull til eit anna. Det skyldast at prøvene ikkje har eit felles utgangspunkt som endringar over år kan samanliknast med. Karakterstatistikk og nasjonale prø-

ver avdekkjer derimot forskjellar mellom kommunar, skolar og elevgrupper. Figur 4.2 viser at den sosiale bakgrunnen til elevane har svært stor betydning for dei faglege prestasjonane til elevane. Det er store skilnader mellom kommunane når det gjeld meistringsnivået elevane viser på dei ulike prøvane.



Figur 4.2 Nasjonale prøver i rekning på 8. trinn etter meistringsnivå og utdanningsnivået til foreldra.

Kjelde: SSB 2012

Mål: Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetanseprov som kan verdsetjast for vidare studium eller i arbeidslivet

Fullført vidaregåande opplæring er ein føresetnad for opptak til høgre utdanning og er den plattformen all ungdom bør ha for å vere rusta for arbeidslivet. Det er stadig færre jobbar som ikkje krev vidaregåande eller høgre utdanning. I tillegg er personar utan vidaregåande opplæring spesielt sårbar for utstøyting frå arbeidslivet i økonomiske nedgangstider. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at arbeidsløysa blant ungdom (16–24 år) auka frå 7,5 pst. i 2008 til 9,3 pst. i 2010. I første kvartal i 2012 var arbeidsløysa blant ungdom fallet tilbake til 7,9 pst. Det inneber at rundt 29 000 ungdommar var arbeidslause.


Det er derfor ei stor utfordring at dagens nivå for gjennomføring av vidaregåande opplæring berre er i underkant av 70 pst. Gjennomføring av

vidaregåande opplæring blir normalt definert som fullført og bestått opplæring fem år etter påbegynt opplæring, jf. figur 4.3. For dei elevane som begynte vidaregåande opplæring i 2006, viser figuren kompetanseoppnåinga i 2011. Gjennomføringa er betre på studieførebuande enn yrkesførebuande utdanningsprogram. I Ny GIV-prosjektet er det sett som mål at gjennomføringa (definert som fullført og bestått i løpet av fem år, på normert tid eller meir enn normert tid) skal auke til 75 pst. innan 2015, det vil seie for elevar som starta vidaregåande opplæring i 2010.

Ein del av elevane som ikkje fullfører og består i løpet av fem år, kjem tilbake til vidaregåande opplæring på eit seinare tidspunkt. Dersom måletidspunktet blir sett til ti år etter påbegynt opplæring, aukar den delen elevar som fullfører og består vidaregåande opplæring, til rundt 80 pst. Det er store forskjellar i kompetanseoppnåinga til dei elevane som ikkje fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Av dei elevane som starta vidaregåande opplæring i 2006, slutta 18

pst. undervegs i opplæringa, medan resten enten var i vidaregåande opplæring framleis (fem pst.),

eller dei hadde gjennomført utan å ha bestått (sju pst.).




Figur 4.3 Kompetanseoppnåing fem år etter at elevane begynte på vidaregåande opplæring. Årstala viser til tidspunktet da elevane starta i vidaregåande opplæring.

Kjelde: SSB

Figur 4.4 viser forskjellane mellom fylka i gjennomføringa av vidaregåande opplæring etter fem år. Dei største utfordringane finn ein i Nord-Noreg. Situasjonen i Nord-Noreg har i liten grad samanheng med skoleeksterne faktorar som elevbakgrunn, forhold på arbeidsmarknaden eller lange

reiseavstandar. Det tyder på at faktorar som fylka sjølve kan påverke, er ei viktig forklaring på forskjellane mellom fylka og resten av landet. Sogn og Fjordane, Akershus, Oslo og Rogaland har hatt ei klar positiv utvikling mellom kulla som starta i 2000 og i 2006.



Figur 4.4 Fullført og bestått vidaregåande opplæring etter fem år på normert eller meir enn normert tid. Årstala viser til tidspunktet da elevane starta i vidaregåande opplæring.


Kjelde: SSB

Eit anna mål på gjennomføring er overgangane frå kvart trinn i vidaregåande opplæring, jf. figur 1.5. Elevane kan ha ordinær progresjon, vere ute av vidaregåande opplæring eller repetere lågare eller same trinn i vidaregåande opplæring. Ordinær progresjon frå Vg1 og Vg2 blir rekna som overgang til opplæringstilbod på høgre nivå. Ordinær progresjon frå Vg3 blir rekna som oppnådd vitnemål / fag- eller sveinebrev / læreplass. Det er sett som nasjonalt mål at den ordinære progresjonen skal auke med to prosentpoeng for alle trinna i prosjektperioden.

83,8 pst. av elevane frå Vg1 hadde ein ordinær progresjon i 2010. Det er ei forbetring samanlikna med tidlegare år. Delen elevar med ordinær pro-

gresjon frå Vg2 ligg stabilt rundt 80 pst. i perioden 2007 til 2010. For overgangen frå Vg3 har delen elevar med ordinær progresjon auka i same tidsperiode, men med eit svakt tilbakefall i 2010. Forebelse tal for 2011 viser at 84,9 pst. av elevane frå Vg1 hadde ein ordinær progresjon. Det tyder på at den positive trenden for overgangen frå Vg1 fortsetter. Overgangen frå Vg2 ligg derimot stabilt på rundt 80 pst. for 2011.

Overgangen frå Vg2 er kritisk for at elevar skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Delen elevar som er ute av vidaregåande opplæring eitt år, aukar frå rundt ni–ti pst. frå Vg1 til rundt 15–16 pst. frå Vg2. Samstundes er delen elevar med ordinær progresjon frå begge desse trinna relativt lik.



Figur 4.5 Overgangar i vidaregåande opplæring. Årstala viser til tidspunktet da overgangane skjer.


Kjelde: SSB/Utdanningsdirektoratet

Mål: Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring

Eit godt læringsmiljø er ein rett for alle elevar. Dette inneber blant anna at alle elevar og lærlingar skal inkluderast i eit fellesskap der dei trivst og ikkje blir utsette for mobbing. Gode forhold for læring er også knytt til at elevane ikkje blir forstyrta av bråk og uro i undervisningstimane. Det er vidare viktig at alle elevar og lærlingar opplever meistring og framgang i faga. Det er fellesskolen som skal vere ramme for opplæringa. Det inneber at både fagleg sterke og fagleg svake elevar skal få

utfordringar og oppleve motivasjon og meistring i opplæringa. Fleire studiar viser at gode faglege elevprestasjonar ofte heng saman med eit godt læringsmiljø i skolen.

Elevundersøkinga gir tilbakemelding på kva for oppfatning elevane har av sin eigen lærings situasjon, og er obligatorisk å gjennomføre på 7. og 10. trinn i grunnskolen og på Vg1 i vidaregåande opplæring. For dei andre trinna er undersøkinga frivillig å gjennomføre for skoleeigarane. I figur 4.6 blir nokre sentrale spørsmål frå Elevundersøkinga presenterte.



Figur 4.6 Eigenrapportering frå elevane om læringsmiljøet.

Kjelde: Elevundersøkinga 2010 og 2012

Trivselen i skolen er generelt høg gjennom heile grunnopplæringa. Det er likevel rundt åtte til ni pst. som seier at dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller oftare på 7. og 10. trinn. Denne delen er noko lågare på Vg1. Desse tala har vore stabile over lang tid. Med mobbing meiner ein gjenteke negativ åtferd frå ein eller fleire retta mot ein elev.

Når det gjeld motivasjon, skjer det ei tydeleg endring på ungdomstrinnet i delen elevar som liker skolearbeidet godt eller svært godt. Medan over 60 pst. i 2012 liker skolearbeidet godt eller svært godt på 7. trinn, er det berre 37 pst. av elevane som opplever det same på 10. trinn. Det har likevel vore ei forbetring i delen elevar som liker skolearbeidet godt eller svært godt på 10. trinn i løpet av dei siste åra. I vidaregåande opplæring aukar delen elevar som rapporterer om det same, til rundt 49 pst. I løpet av dei siste åra har denne delen auka klart i vidaregåande opplæring.

Samanlikna med dei andre trinna kan ein også observere ein svak auke på ungdomstrinnet i delen elevar som ofte eller svært ofte blir forstyrra av bråk og uro. Om lag 29 pst. av elevane på 10. trinn rapporterer at dei blir forstyrra av bråk og uro ofte eller svært ofte. Det er likevel ein nedgang på om lag to prosentpoeng frå 2010. Dette er ei utvikling som òg er stadfesta i undersøkinga *Ung i Norge* (2010), der det kjem fram at det er eit

lågare konfliktnivå og mindre uro i ungdomsskolen no enn det har vore på lenge.

Vidare tyder Elevundersøkinga og annan dokumentasjon på at opplæringa generelt sett ikkje i tilstrekkeleg grad blir fagleg tilpassa både fagleg sterke og fagleg svake elevar. Det er ikkje alle elevar som opplever høge krav til læring. Den relativt låge delen norske elevar som presterer på høgste nivå i dei internasjonale undersøkingane, tyder på at opplæringa framleis ikkje blir tilpassa i tilstrekkeleg grad, verken for fagleg sterke eller fagleg svake elevar.

ICCS frå 2009 viser at norske elevar opplever miljøet i klasserommet som meir ope enn gjennomsnittet. I studien er det ein klar samanheng mellom korleis elevane opplever miljøet i klasserommet og skår på ein test om kunnskapar og dugleikar. Ein svært høg del av elevane i Noreg opplever rettferdige, interesserte og lyttande lærarar.

Strategiar og tiltak

Tilstandsvurderinga viser at grunnopplæringa i Noreg har mange sterke sider, men på same tid er måloppnåinga ikkje god nok på enkelte område. Det er derfor nødvendig å setje inn tiltak frå statleg side som meir effektivt kan støtte opp under det ansvaret som skoleeigarane har for at grunnopplæringa skal bli betre. Det er fleire sentrale satsingar som departementet også vil gjennom-

føre i 2013 for å nå måla i grunnopplæringa. Dette er mellom anna vidareutdanninga for lærarar, ein eigen strategi for gjennomføring av tiltak i Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter*, og oppfølging av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*, styrking av fag- og yrkesopplæringa og fortsatt satsing på auka gjennomføring av vidaregåande opplæring gjennom Ny GIV.

Kompetanseutvikling

Dei viktigaste kvalitetstiltaka i grunnopplæringa er kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar. Til saman foreslår departementet å løyve 460 mill. kroner til ulike kompetansetiltak i grunnopplæringa. Dette gjeld vidareutdanning for lærarar og rektorutdanning, gjennomføringsstrategien for ungdomstrinnet og ei ny satsing på kompetanseutvikling for opplæring av minoritetsspråklege barn, unge og vaksne. Løyvinga legg til rette for at om lag 1 850 lærarar kan ta vidareutdanning hausten 2013. Dersom det blir fleire søkjarar kan det vere aktuelt å omprioritere midlar til dette. I tillegg kjem kompetanseutviklingstiltaka i Ny GIV. Internasjonal forskning viser at kompetansen til lærarar og skoleleiarar er blant dei faktorane som har mest å seie for læringsutbyttet til elevane.

Strategien *Kompetanse for kvalitet* har som mål å styrkje den faglege og pedagogiske kompetansen hos lærarar i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Satsinga skal gi deltakarane vidareutdanning i eit omfang på inntil 60 studiepoeng i det enkelte faget eller på det enkelte området. Vidareutdanninga skal vere målretta mot fagområde og emne som det på landsbasis særleg er behov for å styrkje.

Kunnskapsdepartementet, KS og arbeidstakarorganisasjonane er einige om ein ny avtale for fordeling av kostnadene til vikarmidlar, der staten frå august 2012 aukar sin del frå 40 til 50 pst., mens den delen som fell på kommunane og lærarane, blir 25 pst. kvar. Målet med den nye avtalen er å få fleire kommunar til å delta. Erfaringane til og med 2012 viser at kommunane i større grad nytta seg av ordninga enn tidlegare.

Ungdomstrinnet

Undersøkinga *Ung i Norge* (2010) viser at elevane på ungdomstrinnet trivst på skolen, men at klart fleire elevar no enn på 90-talet meiner at det er for mykje teori og for lite praktisk opplæring i skolen. Stortinget handsama stortingsmeldinga om ungdomstrinnet, Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter* i januar 2012, jf. Innst.

145 S (2011–2012). Den sentrale budskapet er at eit meir praktisk, variert, relevant og utfordrande ungdomstrinn skal auke motivasjonen og læringa til elevane. Regjeringa tek fire hovudgrep som skal føre til dette:

- innføringa av valfag
- auka fleksibilitet gjennom endring i fag- og timefordelinga
- satsingar innanfor strategien *Motivasjon og meistring for betre læring*
- fleire lærarar

Hausten 2012 vart det innført valfag på 8. trinn, og regjeringa foreslår å innføre valfag på 9. trinn frå og med hausten 2013. Vidare tek regjeringa sikte på å innføre valfag for 10. trinn frå hausten 2014.

For å nå målet om ei meir praktisk, variert og relevant opplæring har Kunnskapsdepartementet vidare utarbeidd ein strategi for ungdomstrinnet. Strategien inneber ei felles satsing på klasseleiing, lesing, skriving og rekning, der kompetanseheving og erfaringsutveksling om praktiske og varierte metodar er eit viktig element. Ambisjonen er at alle skolar med ungdomstrinn skal delta i satsinga i løpet av dei neste fem åra. Satsinga blir prøvd ut i 22 kommunar i skoleåret 2012–2013. Organisasjonar i GNIST-partnerskapen har gitt viktige innspel til strategidokumentet og vil på ulike måtar hjelpe til med å realisere måla og gjennomføringa av tiltaka. Dei sentrale tiltaka i strategien er:

- skolebasert kompetanseutvikling i klasseleiing, rekning, lesing og skriving for lærarar og skoleleiarar
- utvikling av rettleiingsmateriell for god klasseleiing og god undervisning i rekning, lesing og skriving
- stønad og tilrettelegging for lokalt utviklingsarbeid
- nettverk for erfaringsutveksling og profesjonsfellesskap

Vidare foreslår regjeringa å opprette ei fireårig øyremerka tilskottsordning som eit forsøk frå hausten 2013 med auka lærartettleik på ungdomstrinnet. Kommunar som skoleåret 2011–2012 har skolar med ein gjennomsnittleg gruppestorleik på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet og grunnskolepoeng under snittet for landet kan søke om midlar til formålet. Kommunane vil bli tildelt midlar til eit eller fleire årsverk per skole ut frå storleiken på dei skolane som blir omfatta av tilskottet. Formålet er at auka lærarressursar skal støtte opp under desse skolane sitt arbeid med tilpassa opplæring, gjere opplæringa på ungdoms-

trinnet meir praktisk, variert og relevant og styrkje dei grunnleggjande dugleikane. Det er og eit mål å sjå om tiltaket kan bidra til å redusere behovet for spesialundervisning. For omtale av den fireårige tilskottsordninga sjå kap. 226 post 62.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Ny GIV vart lansert ved skolestart hausten 2010 og vil bli vidareført i 2013. Ny GIV legg hovudvekta på tett oppfølging av dei svakaste elevane i siste del av 10. trinn og i vidaregåande opplæring. Formålet er at dei skal få betre føresetnader for å gjennomføre vidaregåande opplæring. Alle fylkeskommunar og kommunar er med, og det er etablert eit nært samarbeid mellom desse. Det blir særleg lagt vekt på å utvikle rekne-, skrive- og lesedugleikane til elevane. For at denne intensivopplæringa skal bli best mogleg, finansierer staten ei seksdagars skolering av lærarar i både ungdomsskolar og vidaregåande skolar. Alle ungdomsskolar og vidaregåande skolar i landet vil i løpet av 2013 ha fått skolert minimum to lærarar i grunnleggjande lese-, skrive- og rekneopplæring, det vil seie i alt om lag 3 600 lærarar. Ny GIV samarbeider og med folkehøgskolemiljøet, mellom anna i gjennomføring av sommerskoletilbod.

Det er kvart år vel 20 000 unge mellom 16 og 21 år som verken er i vidaregåande opplæring eller i arbeid. Desse har falt frå, ikkje søkt, ikkje møtt opp til eller ikkje tatt i mot ein opplæringsplass i vidaregåande opplæring. Mange av desse kan ha store og samansette vanskar. Det er særlege utfordringar knytte til dei under 19 år, blant anna fordi dei har ein aldersbestemt avgrensa tilgang på arbeidsretta tiltak i NAV. Tidlegare har den fylkeskommunale oppfølgingstenesta (OT) ikkje klart å komme i kontakt med om lag 10 000 av desse unge. Gjennom Oppfølgingsprosjektet i Ny GIV er samhandlinga på tvers av sektorar forbetra slik at langt fleire er blitt tatt hand om og at talet på ukjende no er redusert til om lag 2 500.

Målet er å motivere ungdom i målgruppa tilbake til ei vidaregåande opplæring som fører fram til grunnkompetanse eller ordinær kompetanse, eller hjelpe dei inn på arbeidsmarknaden. Dette krev eit betre og meir forpliktande samspel mellom dei ulike verkemidla som fylkeskommunen, kommunane og NAV rår over. For å målrette arbeidet med målgruppa er forskrifta til den fylkeskommunale oppfølgingstenesta endra, slik at det er kvalifiserande tiltak som skal gjevast og ikkje berre sysselsettande tiltak. Forskrifta forpliktar fylkeskommunane til tettare oppfølging av

målgruppa. For å styrkje den faglege kvaliteten i oppfølginga har Kunnskapsdepartementet finansiert firedagars intensivkurs for 760 tilsette i OT og tilsette i NAV lokalt, i alle fylka.

Frå hausten 2012 er det etablert ei studiepoengsgivande vidareutdanning for oppfølgingstenesta, ved Høgskolen i Telemark og Høgskolen i Finnmark. Hausten 2012 er også fylkesmennene inviterte inn i Ny GIV for å styrkje prosjektsamarbeidet rundt dei helse- og sosialfaglege oppgåvene til kommunane. Hausten 2012 er det sett i gang ei toårleg følgeforskning på innsatsområdene i Oppfølgingsprosjektet.

Det er sett i gang forskingsbasert evaluering av Ny GIV-prosjektet. I tillegg er det avsett midlar til forskingsbasert evaluering av arbeidet i fylka med målgruppa til Ny GIV.

Fag- og yrkesopplæringa

Gode fagarbeidarar er ein føresetnad for eit berekraftig og velfungerande samfunns- og arbeidsliv i tida framover. Derfor er den låge gjennomføringa i fag- og yrkesopplæringa ei stor utfordring. Berre 60 pst. av elevane som begynner, fullfører og består. Kunnskapsdepartementet har sett i gang eit delprosjekt innanfor Ny GIV for å gjere opplæringa i norsk-, engelsk- og matematikkfaget meir relevant og yrkesretta. Målet er å auke motivasjonen hos elevane for fellesfaga og det faglege utbyttet deira av desse faga.

I Innst. 12 S (2011–2012) har kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen vist til at praksis med å slå saman grupper av elevar frå mange utdanningsprogram for fellesfagopplæring kan hindre yrkesretting. Kunnskapsdepartementet har våren 2012 undersøkt kor vanleg det er å slå saman grupper av elevar frå ulike utdanningsprogram, og i kva grad forskriftsendinga frå hausten 2010 om at opplæringa i fellesfag skal vere tilpassa dei ulike utdanningsprogramma, er følgd opp av skoleeigarar og skolar.

Undersøkinga *Spørsmål til Skole-Noreg* våren 2012 (NIFU-rapport 21/2012) viser:

- Åtte av ti skoleleiarar seier at skolane i stor grad har kjennskap til forskriftsendinga.
- Ni av ti skolar har i nokon eller stor grad teke organisatoriske/strukturelle grep for å tilpasse opplæringa i fellesfaga til det gjeldande utdanningsprogrammet.
- 63 pst. er ueinige i at det er vanleg å slå saman elevar frå forskjellige utdanningsprogram i fellesfagundervisninga, 23 pst. er delvis einige, mens 13 pst. er einige i påstanden.

Departementet støttar på denne bakgrunnen tolkinga til NIFU om at samanslåtte klasser i liten grad er ei aktuell problemstilling.

Departementet har eit godt utvikla samarbeid med hovudorganisasjonane for å sikre at fag- og yrkesopplæringa er i tråd med kompetansebehova til arbeidslivet. I *Samfunnskontrakten for flere læreplasser* har Kunnskapsdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet blitt einige med partane i arbeidslivet om tiltak for å auke talet på læreplassar. Innan utgangen av 2015 er det sett som mål at talet på godkjende lærekontraktar skal auke med 20 pst. samanlikna med nivået ved utgangen av 2011, at talet på vaksne som tek fag- eller sveinebrev, har auka, og at delen lærlingar som fullfører og består med fag- eller sveinebrev, har auka. Regjeringa vil nytte 30 mill. kroner for å følgje opp dei tiltaka i kontrakten som utdanningsstyresmaktene har eit særskilt ansvar for. Regjeringa foreslår å føre vidare på same nivå auka tilskott til lærebedrifter på om lag 200 mill. kroner, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringar i statsbudsjettet for 2009 med tiltak for arbeid*. Midlane blir tildelte gjennom rammetilskottet til fylkeskommunane. Det er opna for at tilskottet kan bli brukt slik fylkeskommunane finn det mest formålstenleg for å auke talet på læreplassar.

Departementet har innhenta juridiske råd i høve til innføring av rett til læreplass. Etter ei vurdering finner departementet at ein slik rett ikkje er eit egna verkemiddel for at fleire skal få læreplass. Regjeringa vil derfor ikkje innføre ein rett til læreplass. Vurderinga om rett til læreplass vart sett i samanheng med vurdering av alternativt utdanningsløp Vg3 i skole over to år. Departementet vil invitere fylkeskommunane til å setje i gang forsøk med eit alternativt forsterka Vg3 for dei som ikkje får læreplass.

Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Regjeringa la våren 2011 fram Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*, ei melding om opplæringa til barn, unge og vaksne med behov for særskild hjelp og støtte. Det er viktig å setje i verk tiltak tidleg når skolane oppdagar elevar som ikkje får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Opplæringa på alle trinn må bli betre slik at færre elevar får behov for spesialundervisning. Skolane må bli flinkare til å gi elevane tilpassa opplæring i samsvar med evnene og føresetnadene deira. I tillegg til dei generelle tiltaka som skal auke kvaliteten på opplæringa, vil det vere viktig å heve kom-

petansen også til den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) på dette området. Departementet vil arbeide for at PP-tenesta skal bli betre i å bistå skolane til å gjere meir innanfor ramma av tilpassa opplæring før eventuelle spesialpedagogiske behov til eleven blir greidde ut.

Stortinget har ved handsaming av meldinga i Innst. 405 S (2010–2011) og Innst. 50 S (2011–2012), peikt på korleis eit omorganisert Statped skal bidra til å gi kommunar og fylkeskommunar betre rettleiing i arbeidet med barn og unge som treng spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Statped skal i dei neste åra utvikle organisasjonen til å bli ein tydeleg og tilgjengeleg tenesteytar av spesialpedagogisk støtte på individ- og systemnivå, og sikre alle kommunar og fylkeskommunar ein likeverdig tilgang til tenestene.

Kulturskoletilbod i skole/SFO-tid

Sidan 2010 er det årleg løyvd eit stimuleringsstilskott på 40 mill. kroner til kulturskolar og kulturskoletilbod. Det blir foreslått å løyve ytterlegare 33,8 mill. kroner frå 2013, totalt 73,8 mill. kroner. Samla skal midlane nyttast til å innføre ein veke-time med kulturskoletilbod i skole/SFO-tida for 1.-4. trinn frå hausten 2013. Skoleeigarane blir kompenserte for tiltaket tilsvarende ein ny veke-time med lærarlønn inkludert for- og etterarbeid. Kulturskoletilbodet skal vere eit gratis, frivillig tilbod for elevane. Hovuddelen av midlane vil bli løyvd over rammetilskottet til kommunane. Departementet tek sikte på å lovfeste plikt for kommunane til å gi elevane eit slikt tilbod. Kulturskoleutvalet (2010) rådde til at samarbeidet mellom kulturskolen og skole/SFO bør styrkjast for at kulturskolen skal kunne nå ut til fleire elevar enn i dag. Kombinerte stillingar mellom kulturskole og grunnskole/SFO har vore stimulert med statlege prosjektmidlar dei siste tre åra. Med den foreslåtte auken i midlar frå 2013 vil dette bli utvida og vil innebere eit gratis kulturskoletilbod som vil nå ut til alle elevar som ønskjer det, og som vil kunne medverke til auka mangfald og inkludering.

Minoritetsspråklege

Kunnskapsdepartementet følgjer opp NOU 2010: *7 Mangfold og mestring*. Oppfølging av minoritetsspråklege elevar inngår i mange politikkområde og ulike meldingar til Stortinget. Fleire store arbeid er sette i gang. Mellom anna har Stortinget i 2012 vedteke ei lovendring som gjer det mogleg å organisere eigne innføringstilbod for nykomne

elevlar, jf. Innst. 321 L (2011–2012). Det blir utforma ein rettleiar for bruk av innføringstilbod. Departementet vil arbeide vidare med problemstillingar knytte til nykomne elevlar.

Regjeringa skal leggje fram ei melding for Stortinget om integrering og inkludering der opplæring for minoritetsspråklege vil vere eit viktig tema. Arbeidet med meldinga blir koordinert av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 30 mill. kroner til utvikling av kompetanse i opplæring av minoritetsspråklege barn, unge og vaksne gjennom heile utdanningsløpet frå barnehage og grunnopplæring; herunder vaksenopplæring og høgre utdanning.

Oppfølging av Kunnskapsløftet

Regjeringa skal neste vår leggje fram ei stortingsmelding om grunnopplæringa. Meldinga skal gjere greie for statusen for Kunnskapsløftet og

vurdere utviklinga av grunnskolen og vidaregåande opplæring sidan innføringa av reforma i 2006. Ti ulike forskingsprosjekt har følgd reforma sidan innføringa, og dei leverer no sluttrapportane sine. Desse vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for den kommande meldinga, saman med andre nasjonale og internasjonale undersøkingar.

Læringsmiljø

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å styrkje klasseleing og gode relasjonar mellom elevane og mellom lærar og elev gjennom satsinga *Bedre læringsmiljø (2009–2014)*. Innsatsen mot krenkjande handlingar som mobbing, rasisme og diskriminering held fram, mellom anna gjennom *Manifest mot mobbing*. Resultata frå *Elevundersøkinga* skal følgjast opp i samarbeid med Elevorganisasjonen nasjonalt og med elevrepresentantar lokalt på den enkelte skole.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2011	budsjett 2012	2013
01	Driftsutgifter	241 547	256 969	264 874
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	6 781	3 861	3 988
70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	56 345	50 232	51 890
	Sum kap. 220	304 673	311 062	320 752

Kap. 220 omfattar faste driftsoppgåver i Utdanningsdirektoratet. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for, men som blir finansierte over andre kapittel, til dømes gjennomføring av eksamen, jf. kap. 225 post 01, og mellombelse oppgåver knytte til kvalitetsutvikling og -vurdering i barnehagen og grunnopplæringa, jf. kap. 226 (grunnopplæring) og kap. 231 (barnehage). Omtale av verksemda til Utdanningsdirektoratet er derfor dels plassert under andre kapittel i denne proposisjonen. Oppgåvene i direktoratet er knytte til barnehage- og grunnopplæringsområdet. Departementet delegerte ei rekkje oppgåver på barnehageområdet til direktoratet frå og med 2012.

Barnehagar og skolar er pedagogiske institusjonar med ulik historie og ulikt samfunnsmandat. Departementet legg til grunn at direktoratet i arbeidet sitt tek i vare eigenarten i barnehagesek-

toren. Mål og oppgåver som er omtalte i innleiinga til programkategoriane 07.20 og 07.30, er førande for arbeidet til direktoratet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet er underlagt Kunnskapsdepartementet og skal medverke til at vedteken politikk for barnehagane og grunnopplæringa blir sett i verk. Gjennom fagleg arbeid, nasjonale utviklingstiltak, juridiske og økonomiske verkemiddel, rettleing, informasjon og dialog medverkar direktoratet til å sikre at den nasjonale barnehage- og utdanningspolitikken blir sett i verk, gjennomført og utvikla vidare, slik at barn, unge og vaksne i heile landet kan få eit likeverdige og tilpassa tilbod i eit inkluderande fellesskap.

Direktoratet er delegert mynde i forvaltningsaker som gjeld

- embetsstyringa av fylkesmannsembeta på barnehage- og utdanningsområdet
- tilsynsarbeid som følgjer av barnehage-lova, opplæringslova, privatskolelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skolar, og folkehøgskolelova
- tolking av barnehage-lova, opplæringslova, privatskolelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skolar, og folkehøgskolelova med forskrifter på nasjonalt nivå, og å gi god rettleiing om regelverket for barnehagar og grunnopplæringa
- etatsstyring av statlege skolar som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- tilskott til minoritetsspråklege barn i førskolealderen, eksamensavvikling, privatskolar, folkehøgskolar og andre formål, jf. kap. 225, 227, 228, 229, 231 og 253
- det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped), jf. kap. 230

Mål for 2013

Direktoratet vil i 2013 halde fram med arbeidet med å byggje opp den interne kompetanse på barnehageområdet. Eit sentralt mål i 2013 er å sikre eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet for alle barn. Direktoratet skal satse vidare på å sikre at kommunane følgjer opp føringane i barnehage-lova og rammeplanen, og skal utvikle kvaliteten og metodikken i tilsynet som fylkesmennene gjennomfører. Direktoratet må særskilt vere merksam på korleis kommunane følgjer opp forskrift om likeverdig behandling, rett til plass og pedagogisk bemanning, og styrkje tilsynet med og rettleiinga av kommunane på dette feltet. Direktoratet skal dessutan forvalte og utvikle tiltak som sikrar kompetanseutvikling for tilsette i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar, samt styrkje kompetansen til kommunen som barnehagemyndigheit.

Eit anna sentralt mål i 2013 er å auke kunnskapen i og om barnehagar. Direktoratet skal sørge for tilgjengeleg og relevant statistikk samt dokumentasjon og analyse av god kvalitet på barnehagefeltet. Direktoratet skal arbeide vidare med å etablere eit nasjonalt system for å følgje med på kvaliteten i barnehagesektoren.

Direktoratet skal i 2013 føre vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Departementet viser til omtale av mål og rapportering for oppgåver knytte til kvalitetsutvikling under kap. 226 post 21. Drift av Utdanningsdirektoratet og forvaltningsoppgåvene direktoratet har ansva-

ret for, sikrar og støttar tiltak som gjeld kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Direktoratet skal sikre at kommunane og fylkeskommunane følgjer opp føringane i opplæringslova med forskrifter, og skal utvikle kvaliteten og metodikken i tilsyn som blir gjennomførte av fylkesmennene. Direktoratet skal dessutan forvalte og utvikle tiltak som sikrar kompetanseutvikling i sektoren. Direktoratet skal sørge for tilgjengeleg og relevant statistikk, dokumentasjon og analyse av god kvalitet på grunnopplæringsområdet. Direktoratet har ansvaret for å styre det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped) i tråd med måla for verksemda, jf. kap. 230. Direktoratet skal føre vidare satsinga på grunnopplæring for vaksne etter kap. 4A i opplæringslova, jf. kap. 226.

Direktoratet skal leggje til rette for god kontakt og samhandling mellom relevante aktørar for å nå måla for barnehagane og grunnopplæringa.

Direktoratet skal følgje opp tiltak i følgjande stortingsmeldingar:

- St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*
- St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen*
- Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*
- Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter*

Rapport for 2011

For oppgåver direktoratet har ansvaret for i samband med kvalitetsutvikling og -vurdering i barnehagar og i grunnopplæringa, viser departementet til omtale under kap. 231 post 21 og 226 post 21. Under kap. 226 post 21 blir blant anna arbeidet med kompetanseutvikling, statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling, forvaltning og utvikling av læreplanar og nasjonalt kvalitetsutviklingssystem i grunnopplæringa omtalt.

Utdanningsdirektoratet har i 2011 førebudd innlemminga av oppgåver på barnehageområdet, mellom anna ved å gjere seg kjent med sektoren og rekruttere kompetanse. I tillegg har direktoratet sidan 2009 hatt einskilde oppgåver på barnehagefeltet. Desse er omtalte under programkategori 07.30 Barnehagar.

Utdanningsdirektoratet har i 2011 bidrege i arbeidet med fleire stortingsmeldingar og oppfølginga av desse. Stortingets handsaming av Meld. St. 18 (2010–2011) blir følgd opp i eit eige prosjekt med sikte på å etablere eit fleirfagleg, regionalisert Statleg pedagogisk støttesystem (Statped) med felles leiing frå 1. januar 2013, jf. omtale under kap. 230.

Hausten 2010 og gjennom 2011 har Utdanningsdirektoratet gjennomført felles nasjonalt tilsyn med det psykososiale miljøet til elevane. I alt er 106 kommunar og alle fylkeskommunane kontrollerte, til saman 316 grunnskolar og 48 vidaregåande skolar. Opplæringslova § 9a-4 slår fast at skolane aktivt skal drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremme helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Det er skoleleiinga som har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette arbeidet, og resultatane frå tilsyna tyder på at skoleleiinga er involvert i dette arbeidet. Når det gjeld lovbrøt i samband med kravet om å drive førebyggjande arbeid, viser resultatane at majoriteten av lovbrøta er knytt til kravet om at skolane skal evaluere planar og rutinar. Resultatane som gjeld kravet til individretta arbeid på skolane, indikerer at dei fleste lovbrøta er knytte til reglane om enkeltvedtak og til rettane og pliktene til elevane. Det er òg mangelfull informasjon til elevar og foreldre om rettane knytte til enkeltvedtak.

Utdanningsdirektoratet er i gang med å utarbeide ein langsiktig metode for tilsynet der eit hovudmål er å auke læringseffekten av det enkelte tilsynet og i større grad medverke til ei opplæring av høg kvalitet.

På bakgrunn av ein kontroll av årsrekneskapane frå 2010 til alle dei 274 private skolane med rett til statstilskott, har direktoratet i 2011 sett i gang tilsyn ved 18 private skolar med tema økonomi, det psykososiale miljøet til eleven og helse og tryggleik for elevane. Resultatane frå tilsyna viser lovbrøt for alle dei kontrollerte tilsynsystema. Ei av hovudårsakene til lovbrøta er at skolane har for svake styringssystem. Utdanningsdirektoratet følgjer opp resultatane frå tilsynet overfor skolane der det er funne lovbrøt. Direktoratet kontrollerer i tillegg årsrekneskapane til alle dei 274 private skolane årleg.

Metoden for privatskoletilsyn er utvikla løpande i tråd med den auka mengda av tilsyn og tema for tilsyn. Direktoratet har mellom anna laga malar for tilsynet som skal sikre høg kvalitet, samtidig som tilsynsrapporten skal vere forståeleg for lesaren. Det er eit mål å tilpasse det enkelte tilsynet knytt til vurderingar av risiko og vesentlege tilhøve.

Med bakgrunn i at Utdanningsdirektoratet forvaltar ei rad ulike tilskottsordningar, blir det lagt vekt på ei effektiv og god forvaltning av desse ordningane. Frå 2009 er det arbeid med eit utviklingsprogram for å leggje om ordningane til ei løysing for elektronisk tilskottsforvaltning (ETF). Formålet med ETF er mellom anna å redusere risikoen for feil i utrekningar og utbetalningar, og leggje til rette for betre vurderingar av resultat og

effekt i tilskottsforvaltninga. I 2011 har direktoratet sett ETF i produksjon. Hovudtyngda av dei tilskottsordningane som direktoratet har utbetalingsansvaret for, er ført over til ETF. I 2011 er 46 ordningar behandla i ETF og omfattar 4 400 mill. kroner i utbetalt tilskott, 6 600 utbetalingstransaksjonar, 2 250 elevteljingar og søknader samt utbetalningar til 900 tilskottsmottakarar. Erfaringane med ETF gjennom 2011 er positive. I tillegg til at ETF er sett i produksjon, er det òg arbeid med ei vidareutvikling.

For å få ein meir heilskapleg og systematisk kunnskap om tilstanden på læreplanfeltet har Utdanningsdirektoratet etablert eit informasjonssystem som skal gi opplysningar om korleis læreplanane fungerer i bruk. Informasjonssystemet vart prøvt ut i 2011. Utprøvinga viste at informasjonssystemet kan bidra til å gi ein meir systematisk innsikt i korleis bruken av læreplanane fungerer i sektoren, i tillegg til å styrkje heilskapstekinga og samordninga på læreplanfeltet i direktoratet. Første ordinære driftsår for informasjonssystemet er 2012, jf. også omtale under kap. 226 post 21.

OECD har i 2010–11 sett nærmare på det norske systemet for vurdering og evaluering og foreslått tiltak for vidare utvikling. Sentrale råd er til dømes å utvikle vidare Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem slik at det framstår som eit samanhengande system, og å halde fram med å byggje opp evaluerings- og vurderingskompetanse blant lærarar, skoleleiingar og skoleeigarar. Utdanningsdirektoratet vil i samarbeid med Kunnskapsdepartementet vurdere kva for tiltak som bør gjennomførast for å følgje opp råda frå OECD.

I fag- og yrkesopplæringa kan det vere ei utfordring å finne løysingar som tilfredsstillar behova for fleksibilitet og raske avgjerder i arbeidslivet, og behova for føreseielegheit i utdanningssektoren. Våren 2011 la ei arbeidsgruppe med representantar for partane i arbeidslivet og utdanningsmyndighetene fram dei nye retningslinjene for samarbeidet mellom partane. I dei nye retningslinjene for Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY) er det slått fast at SRY skal prioritere overordna og prinsipielle problemstillingar og tema, og at dei ni faglege råda skal ha som hovudprioritet spørsmål knytte til utdanningsprogramma dei har ansvaret for. Vidare skal SRY ha meir direkte kontakt og møte med politisk leiing i departementet. SRY skal også i hovudsak fatte vedtak som forpliktar partane, i større grad enn berre å vere eit rådgivande organ overfor utdanningsmyndighetene.

Direktoratet har i 2011 arbeid med å auke regelverkskompetansen knytt til grunnopplæring

for vaksne gjennom blant anna å informere om temaet på regelverkssamlingar for fylkesmenn, i møte med utdanningsdirektørane og i kontaktmøte med KS. Vidare har direktoratet utarbeidd utkast til rundskriv om den retten vaksne har til grunnskoleopplæring. I samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har direktoratet utarbeidd eit felles informasjonsbrev til kommunane om høvet til å gi grunnskoleopplæring som ein del av introduksjonsordninga for innvandrarar.

Talet på fråsegner om rettsferdsvederlag i 2011 var monaleg høgre enn det totale talet på nye søknader. Den totale restansen var ved årsskiftet 334 saker. Tilsvarende tal for 2010 var 705. Direktoratet nådde målet om at saksbehandlingstida ved utgangen av 2011 ikkje skulle overstige tolv månader.

For å tilpasse kommunikasjonen til brukarane har direktoratet i 2011 blant anna arbeidd med å gjere tekstane på udir.no tydelegare, med meir aktive setningar og mindre byråkratisk språk. Direktoratet har også teke i bruk sosiale medium i større grad enn tidlegare. Direktoratet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar frå brukarane på dette arbeidet.

Eit opplegg for å auke kunnskapen hos skoleeigarar og skoleleiarar om førebygging av alvorlege skolehendingar vart starta i 2009. Det blir gjennomført av Politidirektoratet i samarbeid med Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Ei undersøking som vart gjennomført våren 2012, viser at 67 pst. av skolane i landet har utarbeidd beredskapsplanar, og at 31 pst. av skolane har gjennomført øvingar. Undersøkinga syner at det er større merksemd på andre generelle førebyggjande tiltak, til dømes trivsel og sosialpedagogisk kompetanse. Politiet held fram med arbeidet, som også er utvida til å omfatte fagskolar, folkehøgskolar, høgskolar og universitet.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskott til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Mål for 2013

Løyvingane på postane 21 og 70 må ein sjå i samanheng. Målet er å medverke til at elevar og læringar får eit opplæringstilbod av høg kvalitet.

Løyvinga på post 21 er knytt til oppdrag, jf. kap. 3220 post 01 Inntekter frå oppdrag. Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon. Dette gjeld læremiddel for smale fag og/eller små elevgrupper, inkludert nynorske parallellutgåver, særskilt tilrettelagde læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar. Utviklinga av læremiddel skal skje i samsvar med prinsippa om tilpassa opplæring og universell utforming, og ein skal ta vare på det fleirkulturelle perspektivet.

Rapport for 2011

Utdanningsdirektoratet har gitt tilskott til utvikling og produksjon av læremiddel til smale fag / små elevgrupper, særskilt tilrettelagde læremiddel og læremiddel til minoritetsspråklege elevar.

For Vg1, Vg2 og Vg3 innanfor yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram er det gitt tilskott til både basisutgivingar, parallellutgåver på nynorsk og fellesspråklege utgivingar.

Når det gjeld barnehagebarn, elevar og læringar med behov for særskilde tilretteleggingar, er det gitt tilskott til læremiddel for opplæring i barnehagen, i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Det har vore ei sterkare satsing på læremiddel retta mot alternativ, supplerande kommunikasjon og digitale læremiddel.

Det er vidare gitt tilskott til læremiddel for språkstimulering av minoritetsspråklege barn i barnehage samt læremiddel i morsmål og for tospråkleg fagopplæring for minoritetsspråklege elevar i heile grunnopplæringa. Det nordiske ordbokprosjektet LEXIN er ført vidare. Brukarundersøkinga av prosjektet viser at LEXIN blir nytta av mange, og at brukarane er tilfredse med LEXIN som eit læringsverktøy.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Departementet foreslår at løyvinga over posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3220, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Inntekter frå oppdrag	1 509	3 596	3 715
02	Salsinntekter o.a.	7 690	1 055	1 090
	Sum kap. 3220	9 199	4 651	4 805

Inntektene gjeld oppdragsverksemd, salsinntekter og refusjonar. Departementet foreslår å føre løyvingane vidare på same nivå som i 2012.

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter	12 402	13 887	14 322
	Sum kap. 221	12 402	13 887	14 322

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG). FUG og FUB har felles sekretariat, og får eitt tildelingsbrev.

FUB er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehage og heim. FUB skal stimulere til eit godt samarbeid mellom barnehage og heim, og skal ta i vare interessene til foreldra i barnehagesamanheng. Funksjonstida til det noverande utvalet går ut 31. desember 2014.

FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker som gjeld samarbeid mellom skole og heim. FUG skal stimulere til eit godt samarbeid mellom skole og heim, og skal ta i vare interessene til foreldra i skolesamanheng. Nye medlemmer til FUG vart oppnemnde frå 1. januar 2012. Funksjonstida til det noverande utvalet går ut 31. desember 2015.

Mål for 2013

Hovudmålet for FUB er at samarbeidet mellom barnehage og heim skal medverke til at alle barn i barnehage får eit best mogleg tilbod. Eit godt samarbeid kan medverke til å jamne ut sosiale for-

skjellar og bidra til ein god overgang frå barnehage til skole.

For å nå dette målet skal Foreldreutvalet for barnehagar i 2013

- vere eit rådgivande organ overfor Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehage og heim
- utføre informasjonsarbeid og rettleiing overfor dei tilsette i barnehagane, foreldra og kommunane om verdien av samarbeid med foreldra om arbeidet i barnehagen
- vere i dialog med relevante organisasjonar og institusjonar

Hovudmålet for FUG er at samarbeidet mellom heim og skole skal komme alle elevar til gode, slik at dei får eit best mogleg utbytte av opplæringa. Eit godt samarbeid kan medverke til å jamne ut sosiale forskjellar mellom elevar og til å hindre fråfall. For å nå dette målet skal FUG i 2013

- medverke til å auke læringsutbyttet til elevane gjennom å arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og skole
- medverke til å auke kompetansen i heim-skole-samarbeid for dei tilsette i skolen
- medverke til å få fleire foreldre engasjerte i opplæringa

Rapport for 2011

FUB vart oppnemnt i juni 2010, og 2011 har vore det første heile arbeidsåret for utvalet. FUB har hatt eit høgt aktivitetsnivå for å profilere seg overfor ulike aktørar. I tillegg til ordinære utvalsmøte har FUB hatt møte med ulike instansar og organisasjonar. FUB har delteke i fleire arbeids- og referansegrupper, har helde foredrag i ulike fora og levert høringssvar til departementet i ulike samanhenger. FUB har brukt ulike kanalar for å nå ut med informasjon til foreldre og barnehagar, og arrangerte hausten 2011 ein nasjonal foreldrekonferanse. FUB har i samarbeid med FUG og Utdanningsforbundet utarbeidd brosjyren *Med spent forventning* om overgangen mellom barnehage og skole.

FUG avslutta i 2011 sin førre fireårsperiode. FUG har i tillegg til ordinære utvalsmøte hatt møte med ulike aktørar, delteke i arbeids- og referansegrupper, halde foredrag, levert høringssvar

til departementet og arrangert den årlege nasjonale foreldrekonferansen for tillitsvalde foreldre med temaet «Skolen som sosial arena». FUG har brukt ulike kanalar for å nå ut med informasjon til foreldre og skolar, mellom anna om prosjektet *Skap dialog*, som skal bevisstgjere foreldre om kor viktige dei er for læringa til barna. FUG og KS starta i 2011 planlegginga av eit prosjekt med tverrfaglege beredskapsteam mot mobbing. FUG erfarer at skole og skoleeigar ikkje alltid tek problema til foreldra på alvor.

Både FUB og FUG får mange førespurnader frå foreldre, og gir råd om kva som bør gjerast vidare. På nettstadene ligg mykje informasjon og skoleringsmaterieell på fleire språk.

Budsjettforslag 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter	106 626	85 083	88 090
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 317	1 347	1 378
	Sum kap. 222	107 943	86 430	89 468

Kapitlet omfattar hovudsakleg

- drift av skole og internat ved Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal
- drift av Samisk vidaregåande skole i Karasjøk og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skolar og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Mål for 2013

Målet for løyvinga til dei samiske skolane er mellom anna å halde oppe og utvikle vidare samisk identitet, språk og kultur. Opplæringa ved skolane følgjer Kunnskapsløftet – Samisk.

Rapport for 2011

Sameskolen i Midt-Noreg

Søkinga til elevplassane ved skolen har i nokre år vore svært låg, og i skoleåret 2011–12 hadde skolen ingen faste elevar. Talet på elevar som får fjernundervisning, har derimot auka. I skoleåret 2011–12 fekk 41 elevar fjernundervisning ved skolen mot 29 elevar året før.

Skolen fyller ein funksjon ved det auka tilbodet i fjernundervisning som bidreg til å halde oppe og utvikle sørsamisk identitet, språk og kultur. Skoledrifta blir derfor halden oppe i inneverande skoleår med auka tilbod om fjernundervisning. Departementet har motteke forslag frå Sameskolen i Midt-Noreg til handlingsplan for vidare drift av skolen. Departementet vil på bakgrunn av dette dokumentet og i samråd med Utdanningsdirektoratet vurdere grunnlaget for vidare drift av skolen.

Fjernundervisning

Tilbudet i lulesamisk fjernundervisning ved Drag skole i Tysfjord er flytt til Bodø. I Bodø er det større tilgang på lærarkrefter, noko som sikrar eit betre grunnlag for å gi eit stabilt undervisningstilbod til elevane. Direktoratet har i 2011 kartlagt tilbodet i samisk fjernundervisning, jf. også omtale under kap. 226 post 21.

Samiske vidaregåande skolar

Hausten 2011 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 142 fulltidselevar mot 140 elevar året før. Skolen gir også eksternt finansierte kurs. Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino hadde hausten 2011 79 fulltidselevar, mot 88 elevar året før. I tillegg til den ordinære undervisninga gir skolane fjernundervisning i samisk.

Begge skolane er opne for samiske elevar frå heile landet, og dei held fram med ordninga med vertsfamiliar primært for dei yngste tilreisande elevane.

Statsbygg har sett i gang arbeid med ei behovsvurdering for ombygging/nybygg ved dei samiske vidaregåande skolane. Statsbygg har no gjennomført programfasen og levert byggjeprogram, og Kunnskapsdepartementet har på dette grunnlaget gitt Statsbygg i oppdrag å starte forprosjektfasen. Ein rapport om framtidig forvaltningsansvar for dei to samiske vidaregåande sko-

lane vart handsama i Sametinget i 2008. Sametinget vedtok å setje i verk eit utgreiingsarbeid for å vurdere om Sametinget skulle ta over forvaltningsansvaret for skolane. Våren 2012 handsama Sametinget «Sametingsmelding om opplæring og utdanning» (Sametinget 2011). Sametinget slutta seg da til vurderinga i meldinga om at «.. Sametinget ikke skal ta på seg oppgaven med forvaltning av de statlige videregående skolene i Kautokeino og Karasjok eller andre skoler før Sametingets rolle i budsjettsammenheng er blitt styrket og rammeverket for et samisk eierskap til skolene er på plass». Utdanningsdirektoratet har inntil vidare forvaltningsansvaret for skolane.

Rettsvilkårsavtale og ventelønn

I samband med tidlegare nedlegging av statlege skolar og statsinternat i Finnmark er det utbetalt om lag 2,5 mill. kroner i 2011 til tidlegare tilsette ved desse skolane og statsinternata.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3222, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	budsjett 2012	
02	Salsinntekter o.a.	7 727	4 581	4 732
	Sum kap. 3222	7 727	4 581	4 732

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning.

Kap. 223 Sametinget

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	budsjett 2012	
50	Tilskott til Sametinget	35 420	36 518	37 723
	Sum kap. 223	35 420	36 518	37 723

Post 50 Tilskott til Sametinget

Mål for 2013

Målet med tilskottet er å medverke til finansiering av utdanningsformål i Sametinget, inkludert utvikling og produksjon av læremiddel for samiske elevar, medrekna spesialpedagogiske læremiddel, læreplanarbeid og -utvikling og tilskott til råd og rettleiing om samisk opplæring. Det er eit høgt prioritert mål for tilskottet at dei samiske elevane skal få raskare og betre tilgang til læremiddel på sitt eige språk.

Rapport for 2011

Sametingsrådet har i 2011 utarbeidd ei sametingsmelding om opplæring og utdanning. Opplæringsmeldinga tek sikte på å avklare og styrkje den rolla Sametinget skal ha i utdanningspolitikken.

Det er stadig stor mangel på samiske lærarar (jf. omtale under kap. 281) og samiske læremiddel. Ei arbeidsgruppe, med representantar frå Sametinget, Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, la i 2010 fram ein rapport med forslag til tiltak for meir effektiv utvikling og produksjon av samiske læremiddel. Sametinget har ansvaret for oppfølginga av rapporten. Kunnskapsdepartementet held seg orientert om oppfølginga av rapporten blant anna i jamlege samarbeidsmøte med Sametinget. Sametinget gir infor-

masjon om samiske læremiddel gjennom læremiddelportalen ovttas.no og gjennom Samisk læremiddelsentral.

Resultatet frå tilsyn i 2010 tydde på at det kan vere tilfelle der elevar med rett til opplæring i og på samisk ikkje får korrekt timetal i alle fag, jf. fag- og timefordelinga i Kunnskapsløftet. Ei arbeidsgruppe med representantar frå Sametinget, Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet la vinteren 2011 fram ein rapport med tiltak for å møte desse utfordringane. Nye modellar for fag- og timefordelinga har vore ute til høring. Nye modellar for fag- og timefordeling blir fastsette hausten 2012 etter konsultasjon med Sametinget og skal gjelde frå 2013. Hovudfunn frå tilsynet i 2011 er at kommunane får avvik grunna manglande forsvarleg system knytt til den retten samiske elevar har til opplæring i og på samisk. Dette såg ein også i tilsynet frå 2010. Fylkesmannen vil følgje opp resultatane frå tilsyna, medrekna tilsynet som blir gjennomført i 2012.

Sametinget og Kunnskapsdepartementet har faste samarbeidsmøte to gonger i halvåret på administrativt nivå, i tillegg til konsultasjonar etter behov og nærmare avtale.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Kap. 224 Senter for IKT i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	Saldert budsjett 2012	
01	Driftsutgifter	52 398	51 393	52 207
21	Særskilde driftsutgifter	38 582	36 165	37 358
	Sum kap. 224	90 980	87 558	89 565

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Mål for 2013

Hovudmålet for arbeidet til senteret er betre bruk av IKT for auka kvalitet, styrkt læringsutbytte og betre læringsstrategiar i utdanninga. Verkeområdet til senteret er i hovudsak barnehagen, grunnopplæringa og lærar- og førskolelærerutdanninga.

Senter for IKT i utdanninga skal medverke til å realisere og utvikle politikken på IKT-feltet og

skal samarbeide med relevante offentlege og private verksemdar.

Ei sentral oppgåve er å arbeide for å styrkje digital kompetanse for elevar, læringar og studenter uavhengig av deira sosiale bakgrunn og bustad. Senteret skal bidra til innføring og fagleg bruk av IKT i utdanninga ut frå læreplanar og andre styrande dokument, og medverke til at IKT blir ei drivkraft for pedagogisk innovasjon.

Verksemda skal utvikle og spreie kunnskap basert på forskning om bruk av IKT i utdanninga. Senteret skal vurdere ny teknologi, digitale

medium og digitale læremiddel og analysere det pedagogiske potensialet deira. Senteret skal fremme digital dømmekraft i sektoren og følgje opp arbeidet med universell utforming av IKT. Senteret skal fremme utvikling av IKT i utdanninga av lærarar og førskolelærarar samt andre tilsette i barnehagane. Senteret skal greie ut om og kvalitetssikre læringsteknologiske løysingar og profesjonelle driftsløysingar for sektoren og sikre utvikling av infrastruktur for IKT i grunnopplæringa. Senteret skal følgje opp arbeidet med ei nasjonal identitetsforvaltning for utdanningssektoren basert på Feide – Felles elektronisk identitet – og delta i arbeidet med identitetsforvaltning i offentleg sektor.

Den samiske læremiddelportalen Ovttas er utvikla i eit samarbeid mellom Sametinget og Senter for IKT i utdanninga. Ovttas er ein digital portal som gjer det lettare å søkje etter, dele, få oversikt over og tilgang til samiske læremiddel. Arbeidet starta våren 2012, med førebels prosjektslutt desember 2012. Det er semje om å forlenge prosjektperioden til juni 2013.

Senteret skal samle og gjere tilgjengeleg informasjon om utdanning og yrke, og gi støtte til val av utdanning og karriere. Den nasjonale utdanningsportalen utdanning.no skal utvikle innovative tenester som er i tråd med satsinga til regjeringa på Digitalt førsteval.

Rapport for 2011

Senteret har i 2011 hatt ein brei prosjekt- og aktivitetsportefølje, samt at meirforbruket i 2010 vart dekt inn i løpet av 2011. Samtidig har senteret formidla forskings- og praksisbasert kunnskap av høg kvalitet om IKT og læring i offentlegheita og til sektoren. Senteret er i normal drift frå og med 2012.

I tillegg har Kunnskapsdepartementet i eigne oppdragsbrev gitt senteret to nye prosjekt: *Den virtuelle matematikkskolen*, som er forankra i Meld. St. 22 (2010–2011), og utvikling av ein digital læringsressurs i samband med stemmerettsjubileet i 2013 og grunnlovsjubileet i 2014. I tillegg har senteret fleire nasjonale og internasjonale prosjekt med ekstern finansiering. Senteret har vidare rulla ut Feide til stadig fleire kommunar, og utdanning.no viser stabil vekst i talet på brukarar.

I samarbeid med Utdanningsdirektoratet har senteret arbeidd med å utvikle eit rammeverk for grunnleggjande dugleikar. Rammeverket inkluderer ei beskriving av korleis den grunnleggjande dugleiken i bruk av digitale verktøy bør bli forstått.

Senteret har i 2011 samarbeidd nært med Utdanningsdirektoratet, dei nasjonale sentra inn-

anfor opplæring og UNINETT. Senteret har òg knytt til seg ei rekkje internasjonale samarbeidspartnarar (EU, European Schoolnet (EUN), International Association for the Evaluation of Academic Achievement (IEA)).

Senteret har etablert eit fast samarbeidsråd med universitets- og høgskolesektoren om tenesteutvikling.

Senteret lanserte saman med Sametinget den samiske læremiddelportalen ovttas.no, som gir oversikt over nord-, lule-, sørsamiske og norske trykte og digitale læremiddel for samiske lærarar og førskolelærarar.

Gjennom formidling på nettsidene til IKT-senteret, nettenesta Utdanning.no og Samisk læremiddelteneste ovttas.no har senteret bidrege til å nå måla til regjeringa om digitalt førsteval. Utdanning.no har dobla talet på besøk sidan 2008 til 1,3 millionar unike besøkjarar i 2011. Senteret gjennomførte ei kartlegging om effektivisering av informasjonsutveksling for studiedata og tenesteutvikling i høgre utdanning.

Senteret har ført vidare etablering av Feide. Status per 2011 er at 17 fylke (det vil seie 90 pst. av elevane i vidaregåande opplæring) har implementert Feide, medan det for grunnskolen er 14 kommunar som har implementert tenesta (25 pst. av elevane i grunnskolen). Senteret har vore aktivt overfor tenestetilbydarar, og tilfanget av tenester med Feide-pålogging har auka med om lag 30 i 2011 og 2012.

Innanfor personvern og informasjonssikkerheit har senteret i 2011 utført ei omfattande kartlegging og utprøving i samarbeid med skoleeigarane. Kartlegginga og utprøvinga har lagt vekt på korleis skoleeigarar kan gjennomføre risikovurderingar av IKT-system. Indikatorar for digital kompetanse er utvikla vidare gjennom fleire prosjekt, både nasjonalt og internasjonalt. Dette inkluderer utvikling av den longitudinelle kartleggingsundersøkinga, Monitor, og spørsmål til kartleggingsprøve i digital kompetanse for Utdanningsetaten i Oslo. Senteret starta også arbeidet med utvikling av nasjonal kartleggingsprøve i digital kompetanse på 4. trinn på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

I samarbeid med Utdanningsdirektoratet og Universitetet i Oslo har senteret bidrege til indikatorutvikling knytt til digitale dugleikar og bruk av IKT i klasseromma i den internasjonale studien International Computer and Information Literacy Study, leidd av IEA. Senteret har også medverka til indikatorutvikling gjennom deltaking i prosjektet Survey of Schools: ICT and Education, ei europeisk undersøking om bruk av IKT i skolen leidd av EUN.

Senteret deltek i EU-prosjektet Innovative Technologies for an Engaging Classroom (iTEC), leitt av European Schoolnet. iTEC bidreg til å forme klasserom for framtida gjennom å planlegge og gjennomføre undervisningsopplegg med IKT som blir testa og evaluert i stor skala på europeiske ungdomsskolar.

Vidare er Nordic Journal of Digital Literacy (NJDJL) ein viktig del av det arbeidet senteret gjer med å formidle kunnskap. Universitets- og høgskolerådet har oppjustert NJDJL frå nivå 1 (ordinære publiseringskanalar) til nivå 2 (leiande på fagområdet).

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å redusere inntektsløyvinga til IKT-senteret over kap. 3224 post 01 med 930 000 kroner. Utgiftsløyvinga blir foreslått redusert tilsvarande.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarande meir-inntekter under kap. 3224, post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3224 Senter for IKT i utdanninga

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert bud- sjett 2012	Forslag 2013
01	Inntekter frå oppdrag o.a.	6 653	2 352	1 500
	Sum kap. 3224	6 653	2 352	1 500

Post 01 gjeld inntekter frå oppdragsverksemd, i hovudsak frå EU-prosjekt og frå Universitetet i

Oslo. Løyvinga blir foreslått redusert med 930 000 kroner.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter	170 240	152 332	157 002
60	Tilskott til landslinjer	173 567	178 774	184 495
62	Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv		20 909	21 578
63	Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	47 009	52 487	52 919
64	Tilskott til opplæring av unge asylsøkjjarar og barn av asylsøkjjarar	148 256	134 822	125 316
66	Tilskott til leirskoleopplæring	41 137	42 618	43 982
67	Tilskott til opplæring i finsk	7 420	8 160	7 958
68	Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	218 776	225 339	238 984
69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskole reforma	251 878	246 937	231 297
70	Tilskott til opplæring av lærlingar og lære-kandidatar med særskilde behov	23 926	30 480	37 486

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
71	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	9 705	10 006	10 336
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram og organisasjonar	4 567	4 723	5 296
73	Tilskott til studieopphald i utlandet	9 730	10 032	10 363
74	Tilskott til organisasjonar	19 050	22 429	29 669
	Sum kap. 225	1 125 261	1 140 048	1 156 681

Kap. 225 omfattar tilskott til målretta tiltak i grunnopplæringa.

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2013

Målet med løyvinga er å finansiere gjennomføringa av sentralt gitt eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, samt den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøva innanfor yrkesfaga.

Ordninga er heimla i forskrift til opplæringslova § 3-26 og Kunnskapsløftet om gjennomføring av eksamen i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Løyvinga dekkjer kostnader til trykking, pakking og distribusjon av eksamensoppgåver, Kopinor-avgift, språkvask, nemndsamlingar, sensorskolering osv. Løyvinga dekkjer også utgifter til sensur og klagesensur, som er kostnader til lærarar som har teke på seg oppdrag med å vere sensorar ved sentralt gitt eksamen. Midlane blir utbetalt via Fylkesmannen.

Rapport for 2011

Våren 2011 vart det avlagt om lag 76 000 eksamenar i grunnskolen og om lag 173 000 i vidaregåande opplæring; av desse var 27 000 privatistar. Totalt var det om lag 3 100 sensorar som deltok i vurderingsarbeidet. Totalt vart om lag 62 pst. av eksamenssvara leverte elektronisk i Prøvegjenomføringssystemet (PGS).

Evalueringa av eksamen i nokre utvalde fag våren 2011 vart som tidlegare gjennomført som ein kombinasjon av ei kartlegging og ei fagleg evaluering. Evalueringa hadde fire overordna tema:

- førebuingsdagen
- hjelpemiddelordninga

- den moglegheita elevane har til å vise kompetansen sin på eksamen
- korleis sensorane vurderer kompetansen på eksamen

Som ei følgje av resultatata frå evalueringa i utvalde samfunnsfag vil eksamen i samfunnsøkonomi bli endra til ein todelt modell for hjelpemiddelbruk frå våren 2013, det vil seie at del 1 av eksamen blir gjennomført utan hjelpemiddel.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 60 Tilskott til landslinjer

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke med finansiering til fylkeskommunar med landslinjer slik at elevar frå heile landet kan få eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring. Tilskottet går til drift av landslinjene og innkjøp av utstyr.

Rapport for 2011

Kapasiteten i skoleåret 2011–12 var på 1 450 heilårsplassar. Kapasitetsutnyttinga samla for alle landslinjene var på om lag 89 pst. hausten 2011 og om lag 85 pst. våren 2012.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 62 Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er mellom anna å halde oppe og utvikle samisk identitet, språk og kultur. Opplæringa ved skolane følgjer Kunnskapsløftet – Samisk.

Rapport for 2011

Hausten 2011 hadde skolen i Snåsa ti elevar, som er same elevtal som året før. I tillegg fekk ni elevar fjernundervisning. Skolen i Målselv hadde hausten 2011 13 elevar, mot 22 elevar året før. I tillegg fekk 22 elevar fjernundervisning.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei ordning for samisk i grunnskolen, ei ordning

med samiske studieheimlar for lærarar i grunnskolen og ei ordning for samisk i den vidaregåande opplæringa.

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og private skolar som tilbyr samiskopplæring i samsvar med §§ 6-2 og 6-3 i opplæringslova. Opplæringa skal følgje læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk. Elevane skal ha opplæring i samisk som førstespråk (samisk 1) eller samisk som andrespråk (samisk 2 / samisk 3). Målet med tilskottet er òg å styrkje kompetansen i samisk for lærarar i grunnskolen.

Rapport for 2011

Tabellen under viser at det i dei siste åra har vore nedgang i talet på grunnskoleelevar som vel samisk som førstespråk og samisk som andrespråk.

Tabell 4.1 Tal på grunnskoleelevar som vel samisk som første- og andrespråk i perioden 2008–12

Skoleår	2008–09	2009–10	2010–11	2011–12
Samisk som førstespråk	1 043	1 010	975	940
Samisk som andrespråk	1 474	1 326	1 285	1 213
Totalt	2 517	2 336	2 260	2 153
Endring frå året før		- 7,2 %	- 3,3 %	- 4,7 %

Tala inkluderer også elevar som går på dei samiske skolane.
Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Forbruk til studieheimlar på posten har vore på om lag same nivå i dei siste åra.

Ved teljedato 2. mai 2012 var det i alt 302 elevar/lærlingar som fekk opplæring i samisk i vidaregåande opplæring ved fylkeskommunale og private vidaregåande skolar. Dette er ein auke samanlikna med året før, da 228 elevar/lærlingar fekk opplæring i samisk.

Tilskottsordninga har vorte evaluert. Evalueringa viser mellom anna at det er store forskjellar mellom tilskottsmottakarane med omsyn til det talet på årstimar som tilskottsmodellen bereknar, og det talet på faktiske årstimar som er rapportert

i GSI. Direktoratet har utarbeidd eit forslag til nye modellar for berekning av tilskott. Modellane er under vurdering i departementet og har vorte presenterte for Sametinget og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten noko grunna nedgang i elevtal og endringar i gruppesamansetjinga. Det blir foreslått ei samla løyving på 52,9 mill. kroner på posten i 2013.

Post 64 Tilskott til opplæring av unge asylsøkjjarar og barn av asylsøkjjarar

Mål for 2013

Målet med tilskottet er å medverke med finansiering til kommunar slik at unge asylsøkjjarar og barn av asylsøkjjarar samt einslege mindreårige asylsøkjjarar får grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 2-1, 2. ledd. Tilskottet skal nyttast til opplæring av barn og unge i grunnskolealderen og ungdom i alderen 16–18 år som ikkje har utdanning tilsvarende norsk grunnskole.

Under denne posten er det to tilskottsordningar. Tilskottssats for opplæring av unge asylsøkjjarar og barn av asylsøkjjarar i statlege asylmottak er i 2013 sett til 75 446 kroner per barn per skoleår, og sats for opplæring i omsorgssenter er sett til 164 182 kroner per barn per skoleår.

Rapport for 2011

Hausten 2011 fekk 1 427 barn i grunnskolealderen og 140 i aldersgruppa 16–18 år busette i mottak opplæring. 129 einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssenter fekk opplæring. Våren 2012 fekk 1 457 barn i grunnskolealderen og 108 i aldersgruppa 16–18 år busette i mottak opplæring. 73 einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssenter fekk opplæring.

Budsjettforslag for 2013

Talet på asylsøkjjarar varierer mykje frå år til år. Budsjettet for 2013 finansierer opplæring for hausten 2012 og våren 2013, dette fordi tilskottet blir betalt ut etterskottsvis ut frå talet på elevar i opplæring. Hausten 2012 er det venta eit snitt på 1 538 som får opplæring i mottak, og 69 som får opplæring i omsorgssenter. Tilsvarende tal for våren 2013 er 1 461 i mottak og 71 i omsorgssenter.

Departementet foreslår ei samla løyving på om lag 125 mill. kroner på posten i 2012.

Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å stimulere kommunane til å gi alle elevar eit leirskoleopphald i løpet av grunnskolen. Tilskottet skal medverke til

å dekkje lønnsutgifter til lærarane. Midlar til leirskoleopphald er innlemma i rammetilskottet og må finansierast av kommunane.

Rapport for 2011

Tal frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) viser at 10,2 pst. av alle elevane i grunnskolen planla å reise på leirskole i skoleåret 2011–12. Dette talet har lege på om lag ti pst. sidan 2001. Ettersom grunnskolen til saman utgjer ti år, og om lag ti pst. planlegg å reise på leirskole kvart år, tyder dette på at dei aller fleste elevane får tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen.

Departementet vil følgje utviklinga i talet på elevar som får tilbod om å reise på leirskole.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 67 Tilskott til opplæring i finsk

På denne posten er det tre tilskottsordningar: ei ordning for opplæring i finsk som andrespråk i grunnskolen, ei ordning for opplæring i finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring og ei ordning for finske studieheimlar i grunnskolen.

Mål for 2013

Målet med tilskottet til grunnskolen er å medverke med finansiering til kommunar og private skolar i Troms og Finnmark som gir elevar med kvensk-finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk i samsvar med dei rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Det er òg eit mål å styrkje kompetansen i finsk for lærarar i grunnskolen. Det er vidare eit mål å gi opplæring i finsk som andrespråk til elevar og lærlingar med kvensk-finsk bakgrunn i vidaregåande opplæring, og det blir gitt tilskott til fylkeskommunar og private skolar som gir slik opplæring.

Rapport for 2011

Tabellen under viser nedgang i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk i dei siste åra.

Tabell 4.2 Utviklinga i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk

Skoleår	2008–09	2009–10	2010–11	2011–12
Tal på elevar	826	761	754	657
Endring frå året før		- 7,9 %	- 0,9 %	- 12,9 %

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Forbruk til studieheimlar på posten har vore på om lag same nivå i dei siste åra.

Ved teljedato 2. mai 2012 var det i alt 22 elevar som fekk opplæring i finsk i vidaregåande opplæring. Dette er ein nedgang samanlikna med året før, da 25 elevar fekk opplæring i finsk.

Tilskottsordninga har vorte evaluert. Evalueringa viser mellom anna at det er store forskjellar mellom tilskottsmottakarane med omsyn til det talet på årstimar som tilskottsmodellen bereknar, og det talet på faktiske årstimar som er rapportert i GSI. Direktoratet har utarbeidd eit forslag til nye modellar for berekning av tilskott. Modellane er under vurdering i departementet og har mellom anna vorte presenterte for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten noko grunna nedgang i elevtalet. Departementet foreslår å løyve om lag 8 mill. kroner på posten i 2013.

Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke med finansiering til fylkeskommunane slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller lauslatne som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller lauslatne som har rett til og ønskjer det. Det er vidare eit mål å leggje til rette for god opplæring i dei eigne soningseiningane for barn og unge, som er under etablering som forsøk. Mange har kort soningstid eller sit i varetekt. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit opplæringstilbod, er det også eit mål at det blir gitt kortare kurs, med ei primær målsetjing om kurs eller delkurs som er knytte til kompetansemål frå Læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Rapport for 2011

Det er no etablert opplæring i alle dei 51 fengsla regjeringa har sagt det skal vere opplæring i. I tillegg er det oppfølgingsklasser ti stader i landet. I 2011 var talet på opplæringsplassar 1 942 (592 på deltid og 1 183 på heiltid). Talet på registrerte elevar gjennom året var 7 923 i 2011, mot 8 949 i 2010. Endringa i elevtal må sjåast i samanheng med type innsette. Gruppa av innsette er i dag meir krevjande enn tidlegare, og innsatsen per elev, mellom anna gjennom alternative straffeformer, har vorte høgre. Mellom anna har det vore ei sterk auke i delen innsette med utanlandsk bakgrunn. Talet på eksamenar (970) var på om lag same nivå som året før, medan talet på kompetansebevis (531) viste ein nedgang på 27 pst. Talet på lærekontraktar som er inngåtte, har hatt ein sterk auke frå året før (82 i 2011 mot 53 i 2010).

Skolane arbeider også meir med å leggje til rette for opplæring og rådgiving overfor innsette med korte dommar. Det skjer ved realkompetansevurdering, korte arbeidskvalifiserande kurs, rådgiving og planlegging av utdanning etter avslutta soning. 1 589 innsette har gjennomført korte arbeidskvalifiserande kurs. Dette er meir enn ei dobling frå året før.

For å få ei betre oppfølging av straffedømde etter avslutta soning er prosjektet *Tilbakeføring gjennom utdanning og arbeid* (tilsvarande KrAmi i Sverige) etablert i Rogaland og Troms under leiding av Fylkesmannen i Hordaland. Dette er eit samarbeid mellom utdanningsstyresmaktene, kriminalomsorga, NAV, kommunane og frivillige organisasjonar. Prosjektet vil bli vidareført ut 2013. Det skal utarbeidast ein sluttrapport.

Budsjettforslag for 2013

Det er eit auka budsjettbehov knytt til prosjekt for etablering av forsøk med soningseingar for barn og unge i Bergen og Oslo. Dette er soning som finn stad utanfor dei ordinære fengsla. Det er viktig å leggje til rette for at desse gruppene får ei opplæring som er tilpassa føresetnadene og behova deira. I tillegg er soningskapasiteten ved

Hustad fengsel utvida med seks plassar i 2012. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 6,4 mill. kroner.

Post 69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskole reforma

Målet med tilskottsordninga er å kompensere kommunane for meirutgifter til investeringar i skolebygg i samband med skolestart for seksåringer. Den samla investeringsramma var fastsett til 5 182,9 mill. kroner. Ordninga med kompensasjon for investeringar i skolebygg vil halde fram til 2017. Per 31. desember 2012 er samla restgjeld på 973,1 mill. kroner, og per 31. desember 2013 vil restgjelda vere på 760,8 mill. kroner. Investeringskompensasjonen er basert på den effektive renta på ni månaders statskassevekslar per 1. juli kvart år, med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng. I 2012 var rentesatsen for ordninga 2,92 pst., og for 2013 er han fastsett til 1,95 pst.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir redusert med 15,6 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2012.

Post 70 Tilskott til opplæring av lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å stimulere lærebedrifter til å gi lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov høve til å oppnå ei fagutdanning eller delar av ei fagutdanning. Særskilde behov viser her til manglande evne til å få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. I tillegg skal tilskottsordninga stimulere lærebedrifter til å gi kandidatar som er omfatta av forsøksordninga med praksisbrev, høve til å oppnå praksisbrev. Dette skal styrkje sjansen for ungdommane til å jobbe i det ordinære arbeidslivet.

Rapport for 2011

Tabellen under viser at talet på søknader har auka vesentleg i dei siste åra.

Tabell 4.3 Søknader for perioden 2007–11 fordelt på lærlingar og lærekandidatar

År	Tal på søknader	Lærlingar	Lærekandidatar
2007	97	97	0
2008	186	129	57
2009	278	159	119
2010	357	176	181
2011	326	122	204

Søknader om tilskott for lærekandidatar, som vart innlemma i ordninga frå hausten 2007, utgjorde i 2011 om lag 63 pst. av søknadene. Retningslinjene for tilskottsordninga vart endra frå 1. januar 2011 for å svare på den auka søknadsmengda og sikre ei likeverdig behandling av søkjarane til tilskottsordninga. Endringa har ført til at alle godkjende søknader i 2011 fekk utbetalt tilskott.

Budsjettforslag for 2013

For å stimulere lærebedrifter til å teikne fleire lærekontraktar med minoritetsspråklege, foreslår departementet å opne for at tilskottet også kan nyttast til lærlingar og lærekandidatar med utfordringar knytte til kort butid i landet og svake norskdugleikar. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 6 mill. kroner.

Post 71 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane ved å stimulere til aktivitet og utvikling av gode modellar for innhald, organisering og samarbeid lokalt. Tilskottsmottakar er Norsk kulturskoleråd, og målgruppa er musikk- og kulturskolar som gjennomfører prosjekt for å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane.

Rapport for 2011

Følgjande større nasjonale/regionale prosjekt har fått støtte i 2011:

Kulturskolefokus og *KOM i fokus* er prosjekt som har som mål å utvikle kulturskolen som kunst- og kulturfagleg ressurscenter i kommunen i samarbeid med andre delar av skole- og kultursektoren. Prosjekta er treårige, og dei har i 2011

vore gjennomførte i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Finnmark og Agder-fylka. Representantar for universitets- og høyskolemiljøa i dei aktuelle fylka er med i referansegruppene for prosjekta. Integrert i programma er eit eige program for kulturskoleleiarane, *Gehørbasert Ledelse*, som er skreddarsydd for desse leiarane i den omstillingsprosessen dei kommunale kulturskolane er inne i. Dette programmet blir støtta med betydelege beløp av KS.

I tillegg har midlane vore brukte til Kulturskoledagene (etterutdanning for kulturskoleleiarar), Ungdommens musikkmeisterskap (UMM), Musikkteknologi og lokale utviklingsmidlar. I samarbeid med Noregs musikkhøgskole er det etablert ein årleg forskingskonferanse med vekt på kulturskolerelatert forskning, og det er arrangert Kulturskolenes lederkonferanse med leiarar frå skole- og kulturfeltet. Til saman bidreg desse tiltaka til fagleg utvikling for tilsette i skoleslaget og representerer nødvendige møteplassar for tilsette på yrkesfeltet og utdanningsfeltet. Det er òg etablert eit Nasjonalt fagforum for visuelle kunstfag, dans og teater.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram og organisasjonar

Mål for 2013

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i alle EU-programma på området utdanning og opplæring. Midlane på denne posten skal dekkje bidraget frå Noreg til Cedefop, utgifter til nasjonal ekspert ved Cedefop og nasjonal drift av Det europeiske ungdomsparlamentet (EUP). Tilskottet skal medverke til at Noreg tek del i forpliktande samarbeid på tvers av landegrensene for å oppnå internasjonalisering av norsk utdanning. Hovudformålet for samarbeidsaktivitetane er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystema i deltakarlanda.

Kontingent til Cedefop

Cedefop er EUs utviklings- og informasjonssenter for yrkesopplæring. Aktivitetane som er underlagde Cedefop, har som målsetjing å auke kunnskapen om og kompetansen innanfor grunnleggjande yrkes- og profesjonsopplæring på alle nivå og auke kvaliteten på og tilgangen til etter- og vidareutdanning. Det blir utbetalt kontingent til

Cedefop, med fråtrekk for kostnader knytte til den nasjonale ekspertten, etter fastsett regelverk.

Nasjonal ekspert

Den nasjonale ekspertten er tilsett ved Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), og det er EU som disponerer ekspertten etter avtale. Tilskott blir utbetalt til SIU for å dekkje utgifter til den nasjonale ekspertten etter fastsett regelverk.

Det europeiske ungdomsparlamentet

Det europeiske ungdomsparlamentet (EUP) er ei parlamentssamling for ungdom frå over 30 land i Europa der globale og europeiske spørsmål blir diskuterte. Noreg har delteke i dei årlege sesjonane med ti ungdommar og to vaksne sidan EUP vart oppretta i 1987. Tilskottet til EUP skal dekkje utgifter til deltaking i EUP og drift av ein nasjonal komité. Ein del av løyvinga skal dekkje utgifter til informasjon om EUP, uttak av deltakarskolar og deltaking i nasjonale og internasjonale sesjonar i EUP.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet betaler ein fast årleg kontingent til Det europeiske språksenteret i Graz. For å samle kontingentar til internasjonale organisasjonar innanfor grunnopplæringa foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte 400 000 kroner frå kap. 226 post 21 til kap. 225 post 72.

Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på posten med 400 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 226 post 21.

Departementet foreslår ei samla løyving på 5,3 mill. kroner i 2013.

Post 73 Tilskott til studieopphald i utlandet

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å leggje til rette for at ungdom frå Noreg kan få skolegang og studieopphald i utlandet. Dette skal gi dei betre kunnskap om kultur og språk i andre land og auka identitetsforståing. I tillegg skal ordninga gi fransklærarar frå Noreg høve til fagleg og kulturell oppdatering gjennom studieopphald i Frankrike.

Rapport for 2011

I 2011 gjekk 60 elevar frå Noreg på dei treårige franske vidaregåande skolane. Det kom inn 68

nye søknader for hausten 2011, og 22 elevar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende 22 elevar per årskull til dei tre skolane.

I 2011 vart det gitt tyske stipend til 15 elevar fordelte på fem heilstipend og ti delstipend. Det var også ein norsk følgjelærer med delstipendiane.

Hausten 2011 gjekk 80 elevar på United World Colleges (UWC) fordelte på to årskull. Det kom inn 135 nye søknader for hausten 2011, og 22 elevar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende 40 elevar per årskull til skolane.

I 2011 vart 24 søknader om gruppereise til Frankrike godkjende. Desse stipenda har ført til at 392 elevar frå grunnskolen og den vidaregåande skolen fekk reise saman med 45 lærarar på studieopphald og skoleutveksling i Frankrike med støtte frå Trollstipend. Individuelle Trollstipend vart gitte til 22 lærarar.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 74 Tilskott til organisasjonar

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å stimulere offentlege, private og frivillige organisasjonar til å setje i verk tiltak som på ulike måtar bidreg til å nå måla for grunnopplæringa, jf. omtale av måla i kategoriinnleiinga. Tilskottet skal gå til drift av organisasjonane. Hovuddelen av midlane blir lyst ut. Kunnskapsdepartementet vil i 2013 revidere retningslinjene for tilskottsordninga. Midlane for 2013 vil bli lyste ut i tråd med reviderte retningslinjer.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

				(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	budsjett 2012	
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	57 352	50 423	42 858
	Sum kap. 3225	57 352	50 423	42 858

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentlig utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225 post 64 blir rapportert som utviklings-

Rapport for 2011

I 2011 er det gitt tilskott til Norsk kulturskoleråd, Det norske hageselskap, Landslaget for nærmiljøskolen, Noregs Mållag, Rådet for folkemusikk og folkedans, Kristent Pedagogisk Forum, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Norsk handverksutvikling, International Baccalaureate Organization, Elevorganisasjonen, Landslaget for norskundervisning, Friluftsrådene Landsforbund, Magasinett og Pirion, Foreningen Norden, Landslaget Fysisk Fostring i Skolen, Seanse, Fellesrådet for kunstfag i skolen (med medlemsorganisasjonar) og Samarbeidsforum for estetiske fag (med medlemsorganisasjonar).

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 5,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 226 post 21. I tillegg blir det foreslått å auke løyvinga på posten med ytterlegare 1 mill. kroner.

Tilskott til Fellesrådet for kunstfag i skolen (FKS) og Samarbeidsforum for estetiske fag (SEF) med tilhørende medlemsorganisasjonar, samt tilskott til Seanse, er frå andre halvdel av 2011 samla på budsjettet til Kunnskapsdepartementet etter flytting av midlar frå budsjettet til Kulturdepartementet, jf. Prop. 1 S (2011–2012). Departementet foreslår at midlar til desse organisasjonane, i 2012 totalt om lag 6,8 mill. kroner, blir øyremerkte også i 2013. Det blir òg foreslått at 1 mill. kroner på posten blir øyremerkt til Newtonrom. Departementet vil i 2013 evaluere tilskottet til Newtonrom.

Kunnskapsdepartementet foreslår at resterande midlar på posten blir lyste ut.

hjelp. Kunnskapsdepartementet foreslår ei tilsvarende løyving over kap. 3225 post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er i 2013 på om lag 42,9 mill. kroner.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 078 009	1 101 946	1 157 790
50	Nasjonale senter i grunnsopplæringa		57 344	62 236
60	Tilskott til kommunar og fylkeskommunar	50 000	36 050	37 204
62	Tilskott for auka lærartettleik			157 000
70	Tilskott til NAROM			7 409
71	Tilskott til vitensenter	22 992	25 705	35 353
72	Tilskott til utviklingsprosjekt i grunnsopplæringa			2 000
	Sum kap. 226	1 151 001	1 221 045	1 458 992

Kap. 226 omfattar løyvingar som skal støtte kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa. I tillegg til dei midlane som blir løyvde over kapitlet, har skoleeigarane eit sjølvstendig ansvar for kvalitetsutvikling av opplæringa ved sine egne skolar og i lærebedriftene.

Løyvinga på post 21 finansierer tidsavgrensa statlege eller lokale prosjekt, medan løyvingane på postane 50, 60, 62, 70, 71 og 72 finansierer tilskott til underliggjande statlege einingar, kommunesektoren eller andre mottakarar. Ansvaret for forvaltninga av midlane på kapitlet og gjennomføringa av tiltaka er i stor grad delegert til Utdanningsdirektoratet. Dei faste driftsoppgåvene til direktoratet blir finansierte over kap. 220.

Det er godt dokumentert at lærarar og skoleleiarar har behov for auka kompetanse. Dette gjer det nødvendig med statleg støtte til kompetanseutvikling i sektoren. Den største delen av løyvinga på kapitlet går til kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar.

Eit anna sentralt verkemiddel er å forbetre den lokale kapasiteten til kvalitetsutvikling gjennom statlege støttetiltak. Løyvinga finansierer derfor statlege skoleutviklingsaktørar (nasjonale senter, vitensenter), statlege kvalitetsutviklingsprogram og stimuleringstilskott. Satsinga Ny GIV blir også finansierte over dette kapitlet.

Vidare finansierer løyvinga aktivitetar knyta til forvaltning og utvikling av læreplanverket for grunnsopplæringa. Utdanningsdirektoratet er delegert dette ansvaret samt ansvaret for å gi rettleiing om bruken av læreplanane.

Løyvinga finansierer nasjonalt kvalitetsvurderingssystem, som består av følgjande element:

internasjonale undersøkingar, eit samanhengande nasjonalt prøve- og vurderingssystem, brukarundersøkingar, utdanningsstatistikk og forskning og evaluering.

Løyvinga finansierer GNIST-sekretariatet og GNIST-partnarskapen.

Delar av løyvinga dekkjer utgifter til lønn og administrasjon i departementet og hos andre statlege aktørar som er knytte til drift av dei ulike utviklingsprosjekta og tiltaka.

Deler av løyvinga over kap. 226 post 21 gjeld barnehageformål.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Mål for 2013

Tilstandsvurderinga av grunnsopplæringa viser at grunnsopplæringa har mange sterke sider, og at måloppnåinga har vorte betre dei siste åra. Framleis er det likevel behov for å føre vidare tiltak som er sette i gang, og ta nye grep for å styrkje kvaliteten i grunnsopplæringa. Målet med midlane på posten er å medverke til kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa slik at sektormåla blir nådde, jf. omtale i kategoriinnleiinga.

For å nå desse vil departementet i 2013 prioritere kompetanseutvikling for tilsette i sektoren, statleg støtte og stimulering av lokal kvalitetsutvikling, forvaltning og utvikling av læreplanverket og eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Desse tiltaka er òg omtalte i strategiar og tiltak for grunnsopplæringa under kategoriinnleiinga.

Omtala av rapport, mål og budsjettforslag under kap. 226 post 21 må sjåast i samheng

med omtala av rapport, mål og budsjettforslag under kap. 220 post 01. Drift av Utdanningsdirektoratet og generelle oppgåver direktoratet er delegert, sikrar og støttar tiltak som gjeld kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Rapport for 2011

Kompetanseutvikling i grunnopplæringa

Skoleeigarane har ansvaret for å sikre nødvendig kompetanseutvikling for sine tilsette i grunnopplæringa, jf. § 10-8 i opplæringslova. Det er likevel nødvendig med statleg støtte til kompetanseutvikling i sektoren til dømes ved endringar i kompetansekrav, implementering av reformer og oppfølging av avdekte nasjonale behov. Staten har etablert eit system for kompetanseutvikling med tre hovudelement: eit varig system for vidareutdanning for lærarar, etterutdanning på nasjonalt prioriterte område og rektorutdanning.

Vidareutdanning

Gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet* er det etablert eit varig system for vidareutdanning for å styrkje den faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetansen til lærarar i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Strategien dekkjer viktige fag og område med særleg nasjonale behov for vidareutdanning. Strategien er utforma i samarbeid med Utdanningsforbundet, Norsk Lektorlag, Skolenes Landsforbund, Skolelederforbundet, KS og Nasjonalt råd for lærerutdanning. Vidareutdanninga består av individuelle opplegg på høgskole- og universitetsnivå som gir studiepoeng. Strategien inneber at lærarane får frigjort tid til å studere, ved at det blir gitt tilskott til skoleeigaren til å dekkje vikarutgifter. Sidan 2008 har samla deltaking av lærarar i vidareutdanning (kurs med 30 eller 60 studiepoeng) auka med nesten 30 pst.

Om lag 1 500 lærarar deltok i studieåret 2011–12. Målet var 2 500. Hausten 2011 utforma partane eit nytt strategidokument: *Kompetanse for kvalitet. Strategi for etter- og vidareutdanning 2012–2015*, der partane vart einige om nasjonalt prioriterte fag og område. For å auka deltakinga vart partane òg samde om ein ny finansieringsmodell: Staten dekkjer halvparten, medan skoleeigaren og læraren dekkjer ein firedel kvar. Tidlegare dekte staten og skoleeigaren 40 pst. kvar og læraren 20 pst. Deltakerevalueringa for studieåret 2010–11 syner at lærarane er svært tilfredse med undervisninga, godt over halvparten av lærarane omtalte vidareutdanninga som «i stor grad» forskningsbasert, praktisk, relevant og godt tilrettelagd. 373 kom-

munar, alle fylkeskommunane og 86 private skolar har rapportert at dei har delteke i etter- og vidareutdanning med statleg støtte i 2011. Dei prioriterte faga i strategien er norsk/samisk, matematikk, engelsk, leseopplæring, yrkesfaglege programfag, andrespråkspedagogikk, rådgiving, mat og helse, kroppsoving, musikk, kunst og handverk og tilbod for lærarar på vidaregåande skole.

Som følge av lågare deltaking i vidareutdanning i 2011–12 enn planlagd vart det i 2011 omdisponert 60 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett til gjennomføring av tiltak i Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter* og kompetanseutviklingstiltak i prosjektet Ny GIV.

Etterutdanning

Gjennom fylkesmennene er det tildelt midlar til etterutdanning av lærarar, rådgivarar og aktørar innanfor fag- og yrkesopplæringa på prioriterte område. Etterutdanning er ulike former for kompetanseutvikling som ikkje gir studiepoeng til deltakarane. I 2011 fordelte fylkesmennene midlar til gjennomføring av etterutdanning i leseopplæring, rekneopplæring, vurdering, klasseleiing og fag- og yrkesopplæringa. Skoleeigarane rapporterer òg om ein sterk eigeninnsats når det gjeld midlar til etterutdanning. Dei har rapportert om totalt 153 200 kursdeltakarar på etterutdanning i 2011. Mange lærarar var med på fleire kurs. Om lag 24 700 deltok i leseopplæring, 15 400 i rekneopplæring og 40 500 i vurdering. Fylkeskommunane rapporterer i tillegg at over 13 000 instruktørar og faglege leiarar i verksemdene har delteke i etterutdanning. I samband med Ny GIV-prosjektet vart det gjennomført kompetanseheving for rundt 600 lærarar i både ungdomsskolar og vidaregåande skolar våren 2011. 1 350 lærarar fullførte tilsvarende skoloring hausten 2011 / våren 2012. Skoloringa la vekt på opplæring i dei grunnleggjande dugleikane i lesing, skriving og rekning. Det vart òg undervist i tema som læringsmiljø, motivasjon, klasseleiing og vurdering. Evalueringa viser at lærarane er særst nøgde med det faglege innhaldet og med sitt eige utbytte av skoloringa, både for arbeidet med Ny GIV-elevane og i anna undervisning. Vidare fekk 380 medarbeidarar i oppfølgings-tenesta og NAV kompetanseheving hausten 2011. Evaluering av tilbodet viser at 75 pst. av deltakarane vurderte samlingane som bra eller svært bra.

Det er i perioden 2010–12 gitt støtte til etterutdanning og hospitering i fem fylke for lærarar på yrkesfaglege utdanningsprogram samt for faglege leiarar og instruktørar i lærebedriftene. Formålet er å bidra til ei meir praktisk og relevant opplæ-

ring for elevane og lærlingane og dermed motverke fråfallet i vidaregåande opplæring. Ordninga blir evaluert og sluttrapport ferdigstilt i desember 2012.

I 2011 vart det òg tildelt midlar til lærarutdanningsinstitusjonane til tiltak knytte til rettleiing av nyutdanna lærarar. Midlane vart nytta i samanheng med midlar frå kap. 231 til rettleiing av nyutdanna førskolelærarar.

Rektorutdanning

I 2011 vart rektorutdanninga tilbode av seks universitet og høgskolar. 400 personar starta opp hausten 2011. Tilbakemeldingane på utdanninga har vore positive. Skoleeigarar har vist aukande interesse for å velje ut kandidatar, samt studiestad dei ønskjer at kandidatane deira skal studere ved. Det har vore ein sterk vekst i søkninga til det nasjonale rektorprogrammet sidan oppstarten hausten 2009. Talet på søkjarar er nesten tredobla frå 2009 til 2011, og den sterkaste veksten var i 2011. Rektorprogrammet blir følgjevaluert, og departementet vil vurdere opplæringa når sluttevalueringa ligg føre i 2014.

Statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling

Løyvinga finansierer statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling i skolen. Dette gjeld ulike statlege kvalitetsutviklingsprogram og stimuleringsstøtte.

Rettleiarkorpset er eit tilbod til skoleeigarar og skolar som treng rettleiing for å betre læreprosessane i skolen, og tilbodet er ført vidare. I perioden januar 2011–juni 2012 gav rettleiarkorpset tilbod om rettleiing i sju fylke. Det vart inngått avtalar med 29 skoleeigarar med til saman 97 skolar. Det er etablert rettleiarkorps med 49 rettleiarar frå heile landet. Erfaringane frå rettleiinga i prosjektet syner at det engasjementet skoleeigarane viser i utviklingsarbeidet ved skolane, og den vekta dei legg på systematisk arbeid, er svært viktig.

Arbeidet med *Skole- og kommuneutviklingsprosjektet (SKUP)* for å støtte kommunar med svake elevresultat er ført vidare. Skolane er valde ut på grunnlag av resultatane på nasjonale prøver. Målet er å betre elevresultata gjennom å støtte kommunane med skoleutvikling. Utviklingsarbeidet skal ha eit langsiktig perspektiv utover prosjektperioden (2011–12). Trinn 2 av prosjektet starta hausten 2011, og 20 kommunar deltek i hovudtilbodet, som er eit organisasjonsutviklingsprogram.

Bedre læringsmiljø (2009–2014) vart i 2010 etablert som den nasjonale strategien på lærings-

miljøfeltet. *Bedre læringsmiljø* er konsentrert rundt arbeidet med nettressursar, oppfølging av resultat frå felles nasjonalt tilsyn og oppfølging av Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter*. Vidare er det sett i gang lokale utviklingsprosjekt hos 50 skoleeigarar og 112 skolar og formidla forskingsbasert kunnskap. Evalueringar viser at *Bedre læringsmiljø* blir brukt som kjelde til kunnskap og som praktisk hjelpemiddel. Hausten 2011 kjende 80 pst. av skoleleiarane og 90 pst. av skoleeigarane til satsinga.

Manifest mot mobbing vart underteikna i 2010 av sentrale nasjonale partar for perioden 2010–14, og dette arbeidet er ført vidare. Våren 2012 hadde om lag 330 kommunar underteikna lokale manifest. I 2011 vart det gjennomført ei kampanje retta mot digital mobbing. Målet med kampanjen er å skape lokalt engasjement i kvar kommune. Vidare vart ein rettleiar om arbeid mot mobbing send til alle grunnskolar.

Heilskapleg skoledag (2009–2012) er eit utviklingsprosjekt som prøver ut tre modellar for god samanheng mellom skolen og skolefritidsordninga (SFO). Målsetjinga er at SFO støttar opp under utviklinga av eit godt læringsmiljø og fagleg læring i skolen. Innhaldet i den utvida skoledagen i prosjektet er både fagleg styrking, leksehjelp, fysisk aktivitet, sunne måltid og kulturelle aktivitetar. Totalt deltek ni skolar i seks kommunar i prosjektet i skoleåret 2010/2011. Prosjektet blir evaluert. Evalueringa så langt viser at innsatsen i SFO får større anerkjenning. Kompetansen i SFO har auka, og samarbeidet mellom skolen og SFO har auka noko. Elevar er i hovudsak nøgde med den hjelpa dei får til lekser på skolen, og foreldre er positive til at SFO skal støtte læringsarbeidet i skolen. Når det gjeld leksehjelp på desse skolane, peiker evalueringa på eit tydeleg behov for avklaringar av kva tilbodet om leksehjelp skal vere, at ein er bevisst kva for elevar ein rekrutterar, kompetanse og ansvars- og rollefordelinga mellom dei tilsette ved skolen og SFO. Evalueringa er eit godt supplement til evalueringa av den generelle ordninga med åtte timar leksehjelp på 1.–4. trinn.

Forsøk med arbeidslivsfag som eit alternativ til språkleg fordjuping på ungdomstrinnet omfatta i 2011 82 kommunar og 135 skolar. Tilbodet om arbeidslivsfag har hatt betydeleg innverknad på rekrutteringa til fordjupingsfaga, som på nokre av forsøksskolane er vorten avvikla. To tredelar av elevane i arbeidslivsfaget er gutar. Evalueringa av forsøket syner at skoleleiarar er entusiastiske, og at faget er ønskt av både lærarar, elevar og foreldre. Sluttevalueringa av dei skolane som har del-

teke i prosjektet fram til no, kjem hausten 2013 og vil vere eit grunnlag for å vurdere framtida til faget. Forsøksperioden er imidlertid utvida frå 2013 til 2016, og alle kommunar kan no starte med forsøk med arbeidslivsfag, men utan økonomisk kompensasjon.

Vurdering for læring (2009–2014) er eit prosjekt for å styrkje vurderingspraksis og vurderingskultur. Departementet prioriterar auka kvalitet på vurderingsarbeidet i skolen høgt. Undervegsrapportar frå 2011 syner at det er stor variasjon i kor langt den enkelte skoleeigar, skole og lærebedrift har komme, og korleis utviklingsarbeidet er gjennomført. Mange peiker på at det tek lang tid å endre holdningar, kultur og praksis. Arbeidet med vurdering er komplekst. For å sikre at vurderingsforskrifta blir brukt riktig i sektoren, har Utdanningsdirektoratet gjennomført seminar i alle fylka og utvikla rettleingsmateriell, inkludert ein ny nettstad. Samarbeid med elevorganisasjonane er også vesentleg.

Forsøk med praksisbrev vart ført vidare i 2011. Evalueringa har vist at ordninga fungerer godt som ein alternativ veg inn i ordinær lærlingordning etter toårig praksisbrev for eit stort fleirtal av kandidatane. Per 2012 tilbyr 15 av 19 fylke praksisbrev, men ikkje som eit opplæringstilbod ein kan søkje på. Departementet vil vurdere korleis praksisbrevet eventuelt skal inngå i den samla strukturen i samband med ei stortingsmelding om Kunnskapsløftet som skal leggjast fram i 2013.

Utprøving av ordninga *gjennomgåande dokumentasjon* for fag- og yrkesopplæringa vart sluttført i 2011. Dokumentasjonen skulle vere eit tillegg til vitnemål og fag- og sveinebrev og gi lærebedrifter og arbeidsgivarar informasjon om læringsaktivitetar elevane og lærlingane har delteke i. Evalueringa gir ikkje eit klart grunnlag for å vurdere innføring av gjennomgåande dokumentasjon. Frå aktørane i lærebedriftene blir det gitt få signal om at det er behov for innføring av slik dokumentasjon. Departementet vil derfor vurdere om og korleis ordninga eventuelt skal førast vidare.

Prosjekta *Språkløftet* og *Utviklingsprosjektet i skoler med mer enn 25 prosent minoritetsspråklige elever* vart avslutta i 2011. Evalueringa viser at midlane er nytta til tiltak rundt språkstimulering og språklæring. Samarbeidet mellom skole og barnehage har vore blant dei mest vellykka tiltaka.

GNIST (2009–14) er eit samarbeid mellom utdanningsmyndighetene og partane i sektoren. Formålet er å nå felles målsetjingar om auka status og rekruttering til læraryrket samt betre kvalitet i lærarutdanningane, lærarprofesjonen og sko-

leleinga. Betra kvalitet i lærarutdanningane er eit av formåla bak reforma av grunnskolelærarutdanninga (GLU), jf. omtale under programkategori 07.60. Betra kvalitet i lærarprofesjonen blir målt blant anna gjennom deltaking frå lærarane og oppfatninga deira av vidareutdanningssystemet. Rekrutteringskampanjen *Har du det i deg?* vart gjennomført også i 2011, i tillegg vart det bestemt å føre vidare kampanjen i 2012 og 2013. I 2011 arrangerte GNIST-sekretariatet møte og konferansar med det nasjonale og dei fylkesvise partnerskapane og deltok på seks utdanningsmesser. *GNIST Indikatorrapport 2011* viser framgang for statusen til læraryrket samt auka rekruttering til lærarutdanningane: I perioden 2008–11 har talet på kvalifiserte førstevalssøklarar vakse med 54 pst. for femårig integrert lærarutdanning, 46,6 pst. for faglærarutdanningane og 46,2 pst. for allmennlærer- og grunnskolelærarutdanningane.

I 2011 vart det gitt stimuleringstilskott for kulturskolar, i alt 210 prosjekt. Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa (KKS) mottek rapportar frå prosjekta. Fleire prosjekt er vurderte til å ha nasjonal interesse med stor overføringsverdi, og desse blir følgde opp spesielt. Evaluering av tildelingane i 2010 og 2011 vil vere klar i løpet av 2012.

Læreplanar

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for å forvalte læreplanverket og justere læreplanane ved behov. I 2011 vart arbeidet med å betre informasjonssystemet for læreplanar for fag, revidering av læreplanar for gjennomgåande fag for grunnopplæringa og utvikling av eit rammeverk for grunnleggjande dugleikar prioritert. Rammeverket for grunnleggjande dugleikar skal brukast som eit verktøy for å utarbeide læreplanar for fag. For å støtte sektoren i implementeringa av læreplanane er det utarbeidd rettleingar til læreplanane for fag. I 2011 gjennomførte direktoratet ei kartlegging av kjennskap til og bruk av rettleingane i sektoren. Ein konklusjon var at rettleingane var lite kjende og lite brukte i sektoren. Resultata frå kartlegginga vil vere eit grunnlag når rettleingane blir revurderte i 2013.

Våren 2012 vart det fastsett åtte læreplanar i valfag for ungdomstinet som ei oppfølging av Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter*. Målet med valfaga er auka motivasjon og meistring for elevane. Læreplanane i dei åtte valfaga tok til å gjelde frå skoleåret 2012–13. Det er også utarbeidd rettleingar om korleis skolane kan ta i bruk dei nye læreplanane.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem omfattar internasjonale undersøkingar, eit samanhengande nasjonalt prøve- og vurderingssystem, brukarundersøkingar, utdanningsstatistikk og forskning og evaluering. Når det gjeld formidling av informasjon frå systemet til sektoren, er nettstaden Skoleporten eit sentralt verktøy.

Dei internasjonale undersøkingane er viktige for å vurdere kvaliteten på norsk grunnopplæring samanlikna med andre land, og utviklinga over tid av det faglege nivået til elevane. Noreg deltek for tida i desse internasjonale undersøkingane: PISA (OECD), TALIS (OECD), PIRLS (IEA), TIMSS (IEA), TIMSS Advanced (IEA), TEDS-M (IEA) og ICILS (IEA).

Resultata frå TEDS-M (IEA) vart lagde fram våren 2012. Undersøkinga er retta mot lærarstudentar i 16 land og skal kartleggje korleis lærarstudentane er førebudde på å undervise i matematikk. Resultata viser at dei norske allmennlærarane, både med og utan ekstra matematikk, presterer svakare enn nesten alle dei andre landa når det gjeld matematikk på ungdomstrinnet, og markant under det internasjonale gjennomsnittet totalt. For å betre kunne komme i møte dei utfordringane som viser seg i grunnopplæringa, er det sett i gang ei større reform av lærarutdanningane, jf. omtale under programkategori 07.60.

Nasjonal karakterstatistikk og nasjonale prøver kan ikkje eintydig tolkast som endringar i faglege dugleikar frå eitt elevkull til eit anna. Det skyldast at prøvene ikkje har eit felles utgangspunkt som endringar over fleire år kan samanliknast med.

Det samanhengande nasjonale prøve- og vurderingssystemet består i hovudsak av nasjonale prøver og obligatoriske kartleggingsprøver. Dei nasjonale prøvene gir styringsinformasjon til nasjonale utdanningsmyndigheiter, skolar og skoleeigarar og blir nytta som eit pedagogisk verktøy for læraren. Dei obligatoriske kartleggingsprøvene og anna prøve- og kartleggingsmateriell skal avdekkje behov for oppfølging og tilrettelegging på elev- og skolenivå. I skoleåret 2011–12 er det gjennomført nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn i lesing og rekning og på 8. trinn i engelsk. Prøva i engelsk på 5. trinn måtte avlysast grunna tekniske problem. Resultata frå nasjonale prøver viser at det er relativt store skilnader mellom fylka i elevane sitt meistringsnivå, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Det er vidare gjennomført obligatoriske kartleggingsprøver i talforståing og reknedugleik på 2. trinn, i lesedugleik på 1., 2. og 3.

trinn og i lesing og rekning som grunnleggjande dugleik på Vg1. Det er utvikla frivillige kartleggingsprøver i talforståing og reknedugleik på 1. og 3. trinn, i engelsk på 3. trinn og i engelsk på Vg1.

Utviklinga av kvalitetsvurderingssystemet i fag- og yrkesopplæringa er ført vidare. Systemet skal bestå av informasjon om gjennomføring, læringsmiljø, kvaliteten på opplæringa i lærebedriftene og overgangen til arbeidsmarknaden for nyutdanna fagarbeidarar, jf. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*. I 2011 ble *Program for forskning på fag- og yrkesopplæringa* sett i verk. Forskinga skal konsentrere seg om desse seks hovudtema: læringsmiljøet, innhald og vurdering, kvalitetsarbeid, gjennomføring og fråfall, fagopplæringa som inngangsport til arbeidslivet og eit heilskapleg kvalitetsvurderingssystem for fag- og yrkesopplæringa.

Formålet med brukarundersøkingane er at elevar, lærlingar, lærarar og føresette skal kunne gi tilbakemelding om læringsmiljøet på skolen eller i lærebedrifta. Resultata frå brukarundersøkingane blir brukte av skolar, skoleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen. Det blir arbeid kontinuerleg for å auke deltakinga i brukarundersøkingane. Elevundersøkinga er obligatorisk å gjennomføre på 7. og 10. trinn i grunnskolen og for elevar på Vg1 i vidaregåande opplæring. I tillegg tilbyr Utdanningsdirektoratet brukarundersøkingar for lærarar, foreldre, lærlingar og instruktørar i lærebedrift.

I 2010–11 gjennomførte åtte av 19 fylkeskommunar Lærlingundersøkinga. Svarprosenten i målgruppa varierer frå 21 pst. til 69 pst. mellom dei ulike fylka. Analysen av undersøkinga viser at lærebedriftene i liten grad bruker undersøkinga i arbeidet sitt, hovudsakleg fordi dei ikkje kjenner til ho. Fylkeskommunane er dei som i størst grad har brukt Lærlingundersøkinga, men også her er det variasjonar mellom fylkeskommunane i kor aktivt dei nyttar ho. Analysen viser òg at spørjeskjemaet blir oppfatta som for omfattande og lite relevant av opplæringskontora og lærebedriftene. Departementet legg opp til ein revisjon før neste undersøking.

Fleire forskings- eller evalueringssystem om grunnopplæringa blir heilt eller delvis finansierte over kapitlet. Dette gjeld evalueringa av Kunnskapsløftet og ei rekkje mindre kartleggingar, evalueringar og forskingsbaserte analysar. Vidare gjeld dette forskingsprogramma *Utdanning2020* og *PRAKUT* og undersøkinga *PIAAC*, jf. omtale under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m. Det overordna målet for utdanningsforsk-

inga er å medverke til å heve kvaliteten i utdanninga gjennom meir og betre kunnskap om utdanningsektoren.

Den forskingsbaserte evalueringa av Kunnskapsløftet skal mellom anna gi kunnskap om korleis reforma blir implementert. Hausten 2011 vart det starta opp ei evaluering av Ny GIV. Evalueringa skal både kartleggje gjennomføringa av tiltak og dokumentere og forklare effektane av tiltaka for gjennomføringa av vidaregåande opplæring. Sluttevalueringa skal vere klar i 2013. I forskingsprogrammet *Utdanning2020* tek fleire av prosjekta for seg overgangen mellom ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring og mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv eller høgre utdanning. *PRAKUT* er eit forskingsprogram som skal styrkje den praksisnære forskinga om barnehagen, grunnopplæringa og lærarutdanningane. Ved den siste utlysinga i 2011 vart det løyvt 72 mill. kroner til sju prosjekt, og fire av desse er retta mot grunnopplæringa. Kunnskapsenteret for utdanning vart i 2011 oppretta som ei avdeling i Noregs forskingsråd, jf. omtale under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m. Senteret har i hovudoppgåve å halde oversikt over og formidle nasjonal og internasjonal utdanningsforskning slik at kunnskapen kjem til nytte i barnehagar, skolar, høgre utdanningsinstitusjonar og i den offentlege forvaltninga.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på om lag 1 160 mill. kroner over kap. 226 post 21 i 2013.

Kompetanseutvikling

Kompetansen til lærarane er den viktigaste faktoren for læringa til elevane. Departementet vil derfor føre vidare satsinga på kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet 2012–2015*. Det vil bli nytta om lag 350 mill. kroner til vidareutdanning og til rektorutdanning. Departementet vil tildele midlar for at dei om lag 1 850 deltakarane som starta opp hausten 2012, skal fullføre, samt at nye 1850 deltakarar kan starte opp hausten 2013. Dersom det blir fleire søkjarar kan det vere aktuelt å omprioritere midlar til dette. Departementet legg opp til at tildelinga til rektorutdanninga blir ført vidare på same nivå som i 2012 med 400 deltakarar.

Departementet vil nytte om lag 80 mill. kroner til ein eigen strategi for ungdomstrinnet. Av desse er 50 mill. kroner omprioritert frå etterutdanning.

Strategien omhandlar ei satsing på kompetanseutvikling i klasseleing, lesing, skriving og rekning. Målet er at alle skolar med ungdomstrinn skal delta i satsinga i løpet av dei neste fem åra. Skolebasert kompetanseutvikling skal prøvast ut i eit utval kommunar i skoleåret 2012–13, og fullskala-tilbod vil bli gitt frå skoleåret 2013–14. Satsinga inneber at midlar som tidligare er tildelte kommunar og fylkeskommunar til etterutdanning på prioriterte område, no blir nytta til denne kompetanseutviklinga.

Departementet vil føre vidare arbeidet med å betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring gjennom satsinga Ny GIV, og vil bruke om lag 185 mill. kroner på dette formålet. Ny GIV må òg sjåast i samanheng med løyvinga på kap. 226 post 60. Midlane skal blant anna nyttast til å lette overgangen mellom ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring for elevane, til etterutdanning for 1 600 lærarar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring og til vidareutdanningstilbod for om lag 50 tilsette i den fylkeskommunale oppfølgingstenesta (OT) og NAV. I tillegg blir det nytta midlar til prosjektleing i kommunane og fylkeskommunane. I 2013 vil aktiviteten bli trappa opp, og alle kommunane i landet skal delta i satsinga, som da vil nå tilnærma alle skolar med ungdomstrinn og om lag 6 000 nye elevar. Departementet vil nytte noko av den ressursen dei kommunale prosjektleiarane i Ny GIV representerar til gjennomføringsstrategien for ungdomstrinnet frå 2013. Eit viktig tiltak for betre gjennomføring er at opplæringa innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma blir meir yrkesretta og meir relevant for elevane. Departementet vil derfor satse særskilt på auka yrkesretting og relevans i faga norsk, matematikk og engelsk.

Det vil i 2013 bli nytta midlar innanfor ramma av Ny GIV til å kompensere Hedmark fylkeskommune for å oppretthalde kvaliteten på tilbodet om opplæring ved Tyrilistiftelsen og Fossumkollektivet i Hedmark fylke – dvs. vidareføre talet på stillingar knytt til tilbodet om opplæring på same nivå som i dag. Kompensasjonen gjeld den delen av tilbodet som er utover det som er fylkeskommunane sitt ansvar etter opplæringslova. Departementet vil samstundes arbeide med å finne ei varig løyving på problema knytte til finansieringa. Når det gjeld situasjonen for 2012, vil ei tilsvarende løyving bli lagt fram i omgrupperingsproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2012.

Departementet foreslår å løyve om lag 30 mill. kroner til utvikling av kompetanse i opplæring av minoritetsspråklege barn, unge og vaksne frå barnehage og grunnopplæring; herunder vaksenopp-

læring og høgre utdanning. Dette inneber mellom anna satsing på andrespråksdidaktikk, vaksenpedagogikk, kunnskap om fleirspråklegheit og fleirkulturell pedagogikk. Både tilsette, leiarar og eigarar av barnehagar og skolar samt lærarutdannarar vil bli omfatta av satsinga. I hovudsak vil midlane gå til etterutdanning, men det vil òg bli sett av midlar til vidareutdanning. Departementet tar sikte på at satsinga vil gå over fleire år. I 2013 vil midlane bli nytta til kompetanseheving av universitets- og høgskolesektoren, skole- og barnehagebasert etterutdanning og kompetanseheving av skoleeigar og barnehageansvarleg.

Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* dokumenterer store utfordringar i den evna utdanningssystemet har i å møte mangfaldet av barn, unge og vaksne med behov for eit tilpassa opplæringstilbod. Det viktigaste grepet er å bygge eit lag rundt læraren. Den kommunale PP-tenesta er heilt sentral i denne samanhengen. Mange PP-tenester rundt i landet har utfordringar i både kapasitet og kompetanse. Departementet meiner ein systematisk kompetanse- og utviklingsstrategi er nødvendig for å møte begge desse utfordringane. Departementet vil nytte midlar til omstilling av Statped og til eit kompetanseutviklingstilbod for tilsette i PP-tenesta.

Som eit ledd i oppfølginga av *Samfunnskontrakten for flere læreplasser* blir det foreslått løyvd midlar til hospitering mellom skole og arbeidsliv for tilsette i vidaregåande skole og i lærebedrifter, jf. samla omtale av satsinga innanfor fag- og yrkesopplæringa under.

Rettleiing av nyutdanna lærarar skal sikre ein god overgang mellom utdanning og yrke og rekruttere og halde på fleire dyktige lærarar i skolen. Departementet inngikk i 2009 ein avtale med KS om at alle nyutdanna lærarar skal få rettleiing. Departementet vil føre vidare dette tiltaket.

Departementet vil føre vidare utviklinga av kompetanseutviklingsmaterieell for opplæring om rasisme, intoleranse og demokratiforståing.

Statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling

Satsinga på kvalitetsutvikling i sektoren gjennom statlege støttetiltak blir ført vidare i 2013, og departementet vil samla nytte om lag 260 mill. kroner til dette formålet. Dette omfattar skoleutviklingsaktørar, statlege skoleutviklingsprogram og -prosjekt samt statlege stimuleringstilskott.

Det er eit sentralt mål å auke gjennomføringa i fag- og yrkesopplæringa, der berre 60 pst. av elevane fullfører og består. Departementet vil nytte om lag 30 mill. kroner til tiltak i dei yrkes-

faglege utdanningsprogramma, jf. *Samfunnskontrakt for flere læreplasser*. Løyvinga vil omfatte hospitering for lærarar i vidaregåande skole og faglege leiarar og instruktørar i lærebedrifter, ekstra tilskott til lærebedrifter som tek inn lærlingar med kort butid i Noreg, jf. omtale under kap. 225 post 70, midlar til forsøk med vekslingsmodellar og til forsøk med forsterka Vg3 i skole og tiltak i samarbeid med partane i arbeidslivet for auka status og betre rekruttering i fag- og yrkesopplæringa.

Rettleiarkorpset skal gi rettleiing til skoleeigarar og skolar for å styrkje læringsresultata og læringsmiljøet på skolane. Departementet vil føre vidare tiltaket i 2013. I samband med rettleiarkorpset vil òg erfaringane frå SKUP-prosjektet bli førte vidare.

Departementet vil føre vidare dei fem overordna målsetjingane for GNIST-partnarskapen: heva status for læraryrket, betre kvalitet i lærarprofesjonen, betre kvalitet i skoleleiinga, betre kvalitet i lærarutdanninga og auka rekruttering til lærarutdanninga og læraryrket. Målet med kampanjen *Har du det i deg?* i 2013 er auka søking til lærarutdanningane og heva status til læraryrket. Særskilte delmål er å rekruttere fleire menn og fleire med minoritetsbakgrunn til lærarutdanningane. Dei midlertidige engasjementa i dei fylkesvise GNIST-partnarskapane skal støtte gjennomføringa av satsingsområda for ungdomstrinnet.

Lektor II-ordninga blir ført vidare. Ordninga inneber at yrkesaktive i industri og anna arbeidsliv blir knytte til opplæring på fagområde der skolen ser nytta av å få tilført kompetanse. Målsetjinga er å skape motivasjon hos elevane ved å gi ei meir praktisk tilnærming til faget, samt betra rekruttering til realfaga. Ei evaluering av ordninga skal vere ferdig i 2014.

Det arbeidet læraren gjer som leiar av klassa, er den faktoren som har størst betydning for læringsmiljøet. Departementet vil styrkje klasseleiing og gode relasjonar mellom elevane og mellom lærar og elev gjennom satsinga *Bedre læringsmiljø (2009–2014)*. *Bedre læringsmiljø* og satsinga på kompetanseutvikling i klasseleiing som oppfølging av Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter* blir sette i samanheng. Innsatsen mot krenkjande handlingar som mobbing, rasisme og diskriminering held fram, mellom anna gjennom *Manifest mot mobbing*. Departementet vil dele ut HM Dronning Sonjas skolepris til ein skole som utmerkjer seg i arbeidet for inkludering og likeverd, og Benjaminprisen til ein skole som arbeider aktivt mot rasisme og diskriminering.

Departementet arbeider for å gjere karriererettleinga betre. Tilskottet til partnerskapa for karriererettleing skal medverke til å vidareutvikle partnerskapa og sikre tilgang til karriererettleing for ungdom og vaksne i alle fylke, mellom anna gjennom oppretting av karrieresentre.

Elevar og lærlingar lærer best når dei forstår kva dei skal lære, får tilbakemeldingar på kvaliteten på arbeidet, får vite korleis dei kan forbetre seg og er deltakande i sitt eige læringsarbeid. Satsinga *Vurdering for læring (2012–2014)* skal bidra til at skoleeigarar, skolar og lærebedrifter utviklar vidare ein vurderingspraksis og ein vurderingskompetanse som har læring som mål. Vurdering er eit arbeid som er krevjande og som føreset høg fagleg kompetanse, godt utvikla fagleg skjønns og omfattande kollegasamarbeid, og som samstundes skal sikre ein rettviss og likeverdig praksis. I 2013 blir den siste puljen av kommunar med i satsinga. Departementet vil òg etablere klare reglar for vurdering ved lokalt gitt eksamen i grunnopplæringa. Arbeidet med å vidareutvikle vurderingskompetansen i skolane skjer i nært samarbeid med Elevorganisasjonen.

Mellom 25 og 30 pst. av elevane på ungdomstrinnet får karakteren 1 eller 2 til avgangsprøva i matematikk på 10. trinn, og det er framleis for få som vel realfagleg fordjuping i vidaregåande opplæring. Departementet vil føre vidare arbeidet med å auke rekrutteringa til utdanning, forskning og yrkesval innanfor realfaga, og for å styrkje resultatene i grunnopplæringa gjennom strategien *Realfag for framtida* og læringsressursen *den virtuelle matematikkskolen*. Løyvinga gjeld vidare satsinga på natur, miljø og berekraftig utvikling i grunnopplæringa gjennom *Den naturlige skolesekken* og strategien *Kunnskap for en felles framtid*, ein ny strategi for utdanning for berekraftig utvikling for perioden 2012–15.

Sidan 2010 er det årleg løyvd eit stimulerings-tilskott på 40 mill. kroner til kulturskolar og kulturskoletilbod. Det blir foreslått å løyve ytterlegare 33,8 mill. kroner frå 2013. Samla skal midlane nyttast til å innføre ein veketime med kulturskoletilbud i skole/SFO-tida frå hausten 2013. Hovud delen av midlane vil bli løyvd over rammetilskottet til kommunane. 40 mill. kroner blir derfor foreslått flytta frå kap. 226 post 21 til kap. 571 post 60 på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet. For meir omtale, sjå strategiar og tiltak under 07.20.

Prosjekta *Språkløftet* og *Utviklingsprosjektet for skoler med mer enn 25 prosent minoritetsspråklige elever* vart avslutta i 2011, men tiltak på skoleområdet blir følgde opp for perioden 2012–16 med eit

skoleutviklingsprogram for å løyse samansette utfordringar på enkelte skolar i Groruddalen og i bydel Søndre Nordstrand. Midlane skal gå til styrkt skoleleiing, auka kvalitet i undervisninga og betre samarbeid med føresette. Det skal i 2013 setjast i gang følgjeforskning som del av prosjektet.

Utdanningsdirektoratet har i 2012 kartlagt tilbodet i samisk fjernundervisning. Departementet vil føre vidare løyvinga til samisk fjernundervisning for elevar som bur i delar av landet der det er vanskeleg å gi ordinær samiskopplæring.

Vidare skal det nyttast midlar til utvikling av læremiddel for kvensk-finsk opplæring, samt for å leggje betre til rette opplæring som kan komme rom- og romanielevar til gode.

Departementet vil styrkje arbeidet med å leggje til rette for god implementering av regelverket mellom anna gjennom rettleing av skoleeigarar i sentrale reglar i opplæringslova. For å nå flest moglege skolar og skoleeigarar skal det arrangerast fylkesvise samlingar. Arbeidet med å betre forståinga for den retten vaksne har til grunnopplæring blir ført vidare. Målet er at fleire vaksne blir rekrutterte til og fullfører grunnskole og/eller vidaregåande opplæring. Det skal i 2013 utarbeidast eit forslag til nasjonale retningslinjer for realkompetansevurdering.

Læreplanar

Departementet vil fastsetje reviderte læreplanar for norsk, samfunnsfag, naturfag, engelsk og matematikk og sju nye læreplanar i valfag for ungdomstrinnet. Departementet vil, med bakgrunn i sluttrapporten, vurdere om arbeidslivsfaget skal innførast på ungdomstrinnet som alternativ til andre framandspråk.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet blir utvikla vidare i 2013, og departementet vil tildele om lag 190 mill. kroner til dette formålet. I tillegg blir midlar til systemet løyvde over kap. 220 post 01. Løyvinga blir nytta til drift og utvikling av Skoleporten og brukarundersøkingar, statistikk og indikatorar, prøveutvikling, gjennomføring av nasjonale prøver og kartleggingsprøver og deltaking i internasjonale undersøkingar. Eit kvalitetsvurderingssystem for fag- og yrkesopplæringa er under utvikling. Departementet vil òg støtte fylkeskommunane i deira arbeid med statistikk og analyse.

I 2013 kjem ein forskingsrapport om nasjonale prøver som system. Den kommande stortingsmel-

dinga om Kunnskapsløftet som er planlagt fremma våren 2013, vil mellom anna ta føre seg Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Det vil vere aktuelt å sjå på heilskap og samheng mellom elementa i systemet og moglege forslag til vidare utvikling med bakgrunn i kunnskap om utfordringar eller manglar.

Resultat frå PISA (OECD) (dugleikar i lesing, matematikk og naturfag for 15-åringar) blir presenterte hausten 2013. Ei ny runde med deltaking i TALIS (OECD) (kartlegging av lærarar og rektorar på ungdomstrinnet) blir gjennomført hausten 2013. Noreg skal i 2013 òg delta i International Computer and Information Literacy Study (ICILS). Studien vart initiert av IEA i 2009. Formålet med ICILS er å undersøke IKT-kompetansen til elevane, med vekt på deira evne til å utforske, skape og kommunisere ved hjelp av digitale verkøy heime, på skolen og i samfunnet for øvrig.

For å kunne møte utfordringane i grunnopplæringa vil den langsiktige satsinga på utdanningsforskning halde fram i 2013 gjennom programma *Utdanning2020* og *PRAKUT*. *Utdanning2020* vil frå 2013 inkludere forskning på spesialundervisning. Tilgangen til norsk og internasjonal utdanningsforskning vil bli styrkt gjennom Kunnskapssenteret for utdanning. Ei ny eining for psykometrisk forskning ved Universitetet i Oslo vart oppretta i 2012. Eininga skal medverke til nasjonal kompetanseutvikling innan pedagogiske målingar og til å utvikle og formidle kunnskap til utdanningssektoren. Den omfattande evalueringa av Kunnskapsløftet vil vere ferdigstilt i 2012. Funna blir følgde opp i stortingsmeldinga om Kunnskapsløftet. Vidare vil departementet i 2013 nytte midlar til følgjevaluering av det nye tilskottet til auka lærartettleik, jf. kap. 226 post 62.

Anna

Løyvinga på kapitlet blir òg nytta til tidsavgrensa prosjekt i den sentrale utdanningsadministrasjonen og til tilskott til offentlege aktørar som blir involverte i kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Etter kunngjering blir ein mindre del av posten til delt private aktørar. Dette gjeld organisasjonar som driv antimobbeprogram.

Utdanningsdirektoratet får fullmakt til å vurdere disponeringa av midlane på posten i samarbeid med departementet, innanfor ramma som er foreslått over.

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte følgjande løyvingar frå kap. 226 post 21 til budsjettområda til andre departement:

- Ei løyving på 2 mill. kroner til Senter for problemadferd og innovativ praksis blir foreslått flytt til kap. 854 post 72 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.
- Ei løyving på 500 000 kroner til Fylkesmannen i Hordaland for ivaretaking av oppgåver innanfor grunnopplæring i kriminalomsorga blir foreslått flytt til kap. 1510 post 01 under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.
- 40 mill. kroner blir foreslått flytt til kap. 571 post 60 under Kommunal- og regionaldepartementet til ein veketime med kulturskoletilbud i skole/SFO-tida.

I tillegg foreslår departementet at løyvinga på kap. 226 post 21 blir redusert med om lag 26 mill. kroner på grunn av flyttingar av løyvingar til andre postar på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. Dette gjeld følgjande:

- Løyvinga på 300 000 kroner til deltaking i internasjonalt samarbeid blir foreslått flytt til kap. 288 post 21.
- Løyvingane til diverse organisasjonar på 5,5 mill. kroner blir foreslått flytt til kap. 225 post 74.
- Løyvinga til kontingent til Det europeiske språksenteret i Graz på 400 000 kroner blir foreslått flytt til kap. 225 post 72.
- Løyvinga til Murmanskskolen på 660 000 kroner blir foreslått flytt til kap. 227 post 60.
- Løyvinga til NAROM AS på 7,4 mill. kroner blir foreslått flytt til post 70.
- Løyvingane til utviklingsprosjekt på 2 mill. kroner til ulike organisasjonar blir foreslått flytte til post 72.
- Løyvinga til ulike barnehageformål på 10 mill. kroner blir foreslått flytt til kap. 231 post 21.

Post 50 Nasjonale senter i grunnopplæringa

Dei nasjonale sentra skal bidra til at den nasjonale utdanningspolitikken blir sett i verk og gjennomført slik at barn, unge og vaksne kan få ei likeverdig og tilpassa opplæring av høg kvalitet i eit inkluderande fellesskap. Sentra skal hjelpe universitets- og høgskolesektoren og lærarutdanningsinstitusjonane i arbeidet med satsingar på kompetanseutvikling. Fagleg styring og oppfølging av sentra er delegert til Utdanningsdirektoratet. Sentra har fått delegert ansvaret for dei nasjonale strategiplanane. Det er oppretta åtte nasjonale senter innanfor sentrale fagområde i grunnopplæringa: fleirkulturell opplæring, naturfag, matematikk,

leseopplæring og leseforskning, nynorsk, framandspråk, kunst og kultur, skriveopplæring og skriveforskning.

Mål for 2013

Dei nasjonale sentra skal innanfor fagområda sine støtte sektoren med lokal kvalitetsutvikling gjennom læreplanrelatert verksemd, formidling og rettleiing samt kompetanseutvikling. Departementet vil arbeide for at alle sentra er til nytte for målgruppa og at sentra skal utviklast vidare.

Rapport for 2011

Arbeidet med fagstyring og utvikling av verksemdene er ført vidare. I oppdragsbrevet for 2011 og 2012 fastsette Utdanningsdirektoratet mål, resultatkrav og prioriteringar i samsvar med statlege satsingar. Det er gjennomgåande høg aktivitet frå sentra mot sektoren. Sentra har vist stor fleksibilitet og løyst oppdraga med høg fagleg kvalitet trass i kapasitetsutfordringar. Det er større medvit i sentra om å ta i bruk strategiar som sikrar landsdekkjande verksemd som nettbaserte tenester, nettverksbygging og regional aktivitet. Dei nasjonale sentra er sentrale aktørar i arbeidet med nasjonale satsingar på lesing, realfag, rekning og matematikk, tiltaksplan for nynorsk og tiltaksplan for programfag innanfor framandspråk, samt oppfølging av Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter* og Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*.

Budsjettforslag for 2013

I 2013 skal det etablerast eit nasjonalt senter for læringsmiljø og adferdsforskning som oppfølging av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*. For tre av sentra skal målgruppa utvidast til å inkludere pedagogisk-psykologisk teneste, og departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 3 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 62,2 mill. kroner på posten.

Post 60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar

Mål for 2013

Målet for løyvinga er å styrkje satsinga på tettare oppfølging av elevar med svake grunnleggjande dugleikar på obligatoriske kartleggingsprøver i Vg1, og elevar med svake grunnleggjande dugleikar og høgt frávær allereie på ungdomstrinnet.

Tilskottet skal inngå som eit element i Ny GIV-satsinga.

Rapport for 2011

I tråd med St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* har departementet for åra 2009, 2010 og 2011 gitt ei eiga løyving for tettare oppfølging av elevar i vidaregåande opplæring som har svake resultat. Ein suksessfaktor ser ut til å knytte seg til tette relasjonar mellom lærar og elev og tett oppfølging av den einskilde. Midlane blir gitte for å styrkje kapasiteten i sektoren til å leggje til rette for overgangen mellom ungdomstrinnet og vidaregåande skole, og i vidaregåande opplæring. Rapportar frå fylkeskommunane viser stort mangfald i dei lokale tiltaka. Tiltak som kan nemnast, er utarbeiding av tiltaksplanar, etterutdanningstilbod for rektorar, lærarar og rådgivarar, etablering av regionale rettleiingssenter og samarbeid mellom ulike skoleslag, tolærarordning, ekstra gruppedeling og tilsetjing av miljøarbeidarar. Av individretta tiltak kan nemnast identifisering, kartlegging og oppfølging av ein-skilde elevar både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, styrking av skolehelsetenesta, sommarskole, innføringskurs, førebuande kurs for minoritetsspråklege elevar og alternative læringsarenaer. Dei fleste fylkeskommunane rapporterer at dei har nytta ei eller anna form for kartlegging av læringsresultata til elevane, i tillegg til frávær, også frå ungdomstrinnet. Fylkeskommunane rapporterer at få tiltak har eksistert lenge nok til at dei kan seie noko sikkert om effektar av dei. Tilskottsordninga skal sjåast i samanheng med Ny GIV.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår å føre vidare løyvinga på same nivå som i 2012.

Post 62 Tilskott for auka lærartettleik

Mål for 2013

Departementet foreslår å opprette ei fireårig tilskottsordning som eit forsøk med auka lærartettleik på ungdomstrinnet frå hausten 2013. Målet med tilskottsordninga er å styrkje lærartettleiken ved skolar som har ein gjennomsnittleg gruppestorleik på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet og med resultat under snittet for landet. Dette skal bidra til å støtte opp under desse skolanane sitt arbeid med tilpassa opplæring, å gjere opplæringa på ungdomstrinnet meir praktisk, vari-

ert og relevant og å styrke dei grunnleggjande dugleikane. Det er og eit mål å sjå om tiltaket kan bidra til å redusere behovet for spesialundervisning. Tilskottet skal gå til kommunar med skolar som skoleåret 2011–12 hadde ein gjennomsnittleg gruppestørrelse på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet, og som har grunnskolepoeng under snittet for landet.

Tilskottet skal vere søknadsbasert. Kommunane med skolar som er omfatta av ordninga må søke første året og må deretter årleg søke om å få vidareført midlane i fireårsperioden. Kommunane må årleg rapportere på bruk av midlane. Kommunane vil bli tildelte midlar til eit eller fleire årsverk per skole ut frå storleiken på dei skolane som blir omfatta av tilskottet. Det vil bli lagt til grunn at midlane skal gå til å auke lærartettleiken ved desse skolane ut over ressursnivået slik det er før tildeling av midlar.

Departementet vil utarbeide retningslinjer for tilskottet med føringar for mellom anna søknad, rapportering og føresetnader for tildeling av midlar.

Departementet vil foreslå ei endring i opplæringslova for Stortinget som gir heimel til å forskriftsfeste eit forholdstal mellom talet på elevar og talet på lærarar. Den fireårige tilskottsordninga skal nyttast til å hauste erfaring og kunnskap om effekten av auka lærarressursar. Dette kan vere eit grunnlag for å eventuelt seinare forskriftsfeste eit forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve 157 mill. kroner til ei fireårig tilskottsordning som eit forsøk med auka lærartettleik på ungdomstrinnet frå hausten 2013. Midlane på posten blir lyste ut og tildelte etter søknad til kommunar med skolar som er omfatta av formålet med tilskottet.

Post 70 Tilskott til NAROM

Mål for 2013

NAROM AS skal bidra til rekruttering til norsk romverksemd samt skape større interesse for real- og teknologifaga. Senteret skal òg arbeide

med å få ein posisjon for Noreg innanfor internasjonalt samarbeid om romopplæring.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å flytte løyvinga til NAROM AS, på 7,4 mill. kroner, til ein eigen post, jf. kap. 226 post 21.

Post 71 Tilskott til vitensenter

Mål for 2013

Målet med tilskottet er å medverke til å utvikle regionale vitensenter som eit tilbod til elevar, studantar, lærarar og foreldre samt allmenta. Eit vitensenter skal vere eit populærvitskapleg opplevings- og læringssenter for teknologi, naturvitskap og matematikk der besøkjarane lærer ved å eksperimentere. Saman skal dei regionale vitensentra utgjere eit heilskapleg nasjonalt tilbod. Vitensentra er eit viktig verkemiddel for å styrkje holdningar til og kunnskap i realfag, og for rekruttering til eit kompetanseområde Noreg treng både no og i framtida. Sentra skal vere ei støtte og gi verkøy til skolane og lærarane i opplæringa og skal bidra til mellom anna oppfølging av nasjonale strategiar, slik som realfagsstrategien. Tilbodet er mellom anna knytt til læreplanar i realfag og kan medverke til ei praktisk tilnærming til faga. Åtte vitensenter er omfatta av Vitensenterprogrammet: Jærmuseet, Nordnorsk vitensenter, Norsk Teknisk Museum, Vilvite – Bergen Vitensenter, Vitensenteret i Trondheim, Vitensenteret innlandet og Inspiria Science Center.

Rapport for 2011

I 2011 fekk åtte regionale vitensenter statleg støtte. Besøkstala i 2011 var på totalt 697 367, ein auke på 107 709 besøkande frå 2010. Dette utgjør meir enn ei tredobling frå 2003, da talet på besøkjarar var 225 000.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir auka med 8,8 mill. kroner.

Post 72 Tilskott til utviklingsprosjekt i grunnopplæringa

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å støtte private og frivillige organisasjonar til å setje i verk prosjekt som på ulike måtar bidreg til å nå måla for grunnopplæringa, jf. omtale av sektormåla i kategoriinnleiinga. Prosjekta skal ha overføringsverdi / nasjonal verdi. Tilskottet skal gå til prosjektstønad, og prosjekta skal vere tidsavgrensa. Kunnskapsdepartementet vil i 2013 lage retningslinjer for til-

skottsordninga. Midlane vil bli lyste ut i tråd med dei nye retningslinjene.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve 2 mill. kroner til organisasjonar som driv ulike utviklingsprosjekt som er relevante for grunnopplæringa. Departementet vil løyve 2 mill. kroner på posten mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 226 post 21. Midlane på posten blir lyste ut og tildelte etter søknad.

Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
60	Tilskott til Moskvaskolen og Murmanskskolen	1 300	1 339	2 044
61	Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune		4 500	4 644
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	5 205	5 361	5 533
70	Tilskott til Den franske skolen i Oslo	6 460	6 660	6 880
71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	22 331	23 023	23 783
72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	28 164	29 037	29 995
73	Tilskott til opplæring i Kenya	873	2 659	1 186
74	Tilskott til Signo og Briskeby			40 009
	Sum kap. 227	64 333	72 579	114 074

Kap. 227 omfattar tilskott til skolar som ikkje har lovheimla rett til tilskott, men som departementet likevel ønskjer å støtte fordi verksemda ved skolar dekkjer viktige behov.

Post 60 Tilskott til Moskvaskolen og Murmanskskolen

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å gi elevar frå Noreg med kompetanse i russisk høve til å ta Vg3 ved Moskvaskolen og Murmanskskolen (Norsk-russisk vidaregåande skole i Murmansk). Tilskottet til Moskvaskolen skal nyttast til å dekkje pliktene til Akershus fylkeskommune i høve til avtalen med Det statlege russiske vitenskapsakademiet om driftsstønad til Moskvaskolen. Tilskottet til Murmanskskolen går til Troms fylkeskommune og skal nyttast til drift av Murmanskskolen.

Rapport for 2011

I skoleåret 2011–12 var det fem elevar frå Noreg som tok Vg3 ved Moskvaskolen. Talet på elevar har i dei siste åra svinga frå null til elleve elevar, noko som skyldast svingingar i etterspurnaden frå elevar frå Noreg etter skoleplassar ved skolen.

Troms fylkeskommune har i dei siste åra drive Murmanskskolen som eit forsøk etter opplæringslova. Frå skoleåret 2012–13 er skolen godkjend for permanent drift.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga til Moskvaskolen for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Frå skoleåret 2012–13 er Murmanskskolen godkjend for permanent drift. Departementet for-

slår derfor å flytte løyvinga frå kap. 226 post 21 til kap. 227 post 60 slik at løyvinga på posten aukar med om lag 660 000 kroner.

Post 61 Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å sikre at vaksne som bur ved Stiftelsen Signo i Andebu kommune, får vaksenopplæring dersom dei har behov for det.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lære vanskar kan få eit opphald ved Fjellheimen leirskole.

Rapport for 2011

Talet på deltakarar ved leirskolen i 2011 var totalt 947 personar. Resultatkravet som er fastsett i retningslinjene for tilskottet, er 900 per år.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 70 Tilskott til Den franske skolen i Oslo

Mål for 2013

Noreg har inngått ein avtale med Frankrike som forpliktar Noreg til å gi eit årleg tilskott til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike legg til rette for opplæring av lærlingar frå Noreg. Målet med tilskottsordninga er å styrkje samarbeidet med Frankrike, og å styrkje stillinga til det franske språket i Noreg.

Rapport for 2011

I skoleåret 2011–12 hadde Den franske skolen i Oslo 244 elevar på barnetrinnet, 180 elevar på ungdomstrinnet og 56 elevar i vidaregåande opplæring, totalt 480 elevar. Dette er ein svak vekst frå skoleåret 2010–11 (477 elevar) og skoleåret

2009–10 (476 elevar). I 2011 og 2012 er det til saman seks lærlingar frå Noreg som får opplæring innanfor restaurant- og matfaget i Frankrike.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 71 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til drifta av internatet ved Krokeide vidaregåande skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen, slik at vaksne som treng eit særskilt opplegg under skolegangen, kan få eit tilfredsstillande tilbod som kvalifiserer dei for arbeidslivet.

Rapport for 2011

I 2011 var det totalt 163 elevar ved internatet, 80 elevar om våren og 83 elevar om hausten. Våren 2012 var det totalt 88 elevar, ein auke på åtte elevar i høve til våren 2011.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 72 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

Mål for 2013

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremme fred og forståing gjennom utdanning. Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Sogn og Fjordane (RKNUWC) er ein av ti UWC-skolar på fem kontinent. Skolen fører elevane fram til ein IB-eksamen. Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering av Røde Kors Nordisk United World College, slik at dei nordiske landa kan halde fram med å ha ein UWC-skole plassert i Noreg.

Rapport for 2011

I skoleåret 2011–12 hadde RKNUWC 202 elevar frå 94 land. 27 pst. av elevane kom frå nordiske land, fire pst. frå Nord-Amerika, åtte pst. frå Vest-Europa, 14 pst. frå Afrika, 19 pst. frå Asia, ti pst. frå Aust- og Sentral-Europa og ti pst. frå Latin-Amerika.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga for 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 73 Tilskott til opplæring i Kenya

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at misjonær barn frå Noreg i Kenya kan få god undervisning lokalt i staden for å måtte bu på skoleinternat langt frå foreldra. Tilskottet skal bidra til at misjonærskolane i Kenya skal kunne drive desentralisert undervisning for barneskoleelevar og ha ei samarbeidsordning med internasjonale skolar for ungdomsskoleelevar. Misjonærskolen er eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Rapport for 2011

Hausten 2011 fekk ein elev på barnetrinnet og fire elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Kenya. Våren 2012 fekk seks elevar på barnetrinnet og tre elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Kenya.

Budsjettforslag for 2013

Skolen i Etiopia vart lagd ned frå 1. januar 2011. Det blir derfor ikkje lenger gitt tilskott til denne

skolen. På den bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med om lag 1,5 mill. kroner.

Post 74 Tilskott til Signo og Briskeby

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er at Signo og Briskeby skal få ekstra tilskott som gjer at skolane kan halde oppe eit tilbod med høg kvalitet til målgruppane sine. Desse skolane er frå hausten 2012 godkjende som private skolar for funksjonshemma elevar. Dei var tidlegare ein del av det statlege pedagogiske støttesystemet (Statped) og fekk driftstilskott over kap. 230 post 01. Skolane får tilskott etter privatskolelova over kap. 228 post 75. I samband med revidert nasjonalbudsjett vart det vedteke at skolane skal få eit ekstra tilskott som gjer at dei får tilskott på same nivå som tidlegare.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve 40 mill. kroner på posten, jf. omtale under kap. 230 post 01. Forslaget inkluderer 4,3 mill. kroner i forventa ekstra utgifter til arbeidsgivardel til Statens pensjonskasse etter at skolane vart godkjende etter privatskolelova, jf. merknad frå Finanskomiteen i Innst. 375 S (2011–2012), der komiteen ber departementet om å vurdere pensjonskostnadene til skolane.

Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
70	Private grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	1 274 010	1 294 934	1 397 510
71	Private vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	1 209 894	1 230 504	1 297 475
72	Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	196 972	161 008	133 667
73	Private grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	92 419	88 877	97 338
74	Private vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	21 884	21 565	23 619
75	Private skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	177 411	184 720	207 412
76	Andre private skolar, <i>overslagsløyving</i>	40 875	41 755	43 457
77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	10 904	10 639	12 137

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
78	Kompletterande undervisning	33 975	28 534	41 894
79	Toppidrett	25 564	26 358	27 228
80	Privatskoleorganisasjonar	628	647	668
81	Elevutveksling til utlandet	1 615	1 665	1 720
Sum kap. 228		3 086 151	3 091 206	3 284 125

Innleiing

Private skolar som er godkjende etter § 2-1 i privatskolelova og § 17 i kap. 4 i vaksenopplæringslova, har rett til tilskott og til å drive verksemd etter føresegnene i lova. I tillegg blir det gitt tilskott til kompletterande undervisning, jf. privatskolelova § 6-4. I tillegg til tilskott som blir gitte i samsvar med privatskolelova og vaksenopplæringslova, blir det over kapitlet gitt tilskott til Den

tyske skolen i Oslo, toppidrett, privatskoleorganisasjonar og til elevutveksling i utlandet.

Tabellen under viser korleis talet på elevar og private skolar som mottok tilskott, har endra seg frå skoleåret 2009–10 til skoleåret 2011–12. For grunnskolen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skole gjeld gjennomsnittet av talet på elevar frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.4 Private skolar, tal på skolar og elevar

Skoletype	Skolar			Elevar		
	2009-10	2010-11	2011-12	2009-10	2010-11	2011-12
Skolar for funksjonshemma elevar	10	10	10	509	542	543
Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova	41	35	31	2 277	2 211	1 655
Andre private skolar ¹	2	2	2	166	180	180
Vidaregåande skolar	76	75	75	11 750	12 155	12 378
Grunnskolar	147	151	157	14 387	14 751	15 008
Grunnskolar i utlandet	14	15	14	836	778	799
Vidaregåande skolar i utlandet	6	5	6	198	203	206
Sum	296	293	295	30 123	30 820	30 769

¹ Disse skolane fekk tilskott per elev frå og med budsjettåret 2010.
Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2011 gjekk 2,4 pst. av grunnskoleelevane i private skolar i Noreg. Andelen er uendra sett i høve til hausten 2010. Hausten 2011 gjekk 7,9 pst. av elevane på vidaregåande nivå i private skolar. Hausten 2010 var talet til samanlikning 6,4 pst.

Tilskottssatsar

Satsane for tilskott til dei fleste private skolar bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offent-

lege skolen, jf. privatskolelova kap. 6. Satsane for 2013 blir rekna ut på grunnlag av kommunal ressursbruk til skole i 2011, rapportert gjennom KOSTRA. Tilskottsgrunnlaget er korrigert for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal med i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene blir påførte kommunesektoren og ikkje dei private skolane. Satsane blir justerte for ein venta pris- og lønnsauke fram til og med 2013. Nærmare informasjon om utrek-

ningsmåten ligg på www.utdanningsdirektoratet.no.

Post 70 Private grunnskolar, overslagsløyving

Om ordninga

Private grunnskolar som er godkjende etter privatskolelova, får tilskott med 85 pst. av tilskottssatsen. Posten omfattar tilskott til gratis frukt og grønt for elevar ved private grunnskolar med ungdomstrinn og kombinerte skolar med barne- og ungdomstrinn. Posten omfattar også tilskott til gratis leksehjelp for elevar på 1.–4. trinn.

Budsjettforslag for 2013

På bakgrunn av oppdaterte elevtal, nye satsar, innføring av valfag på 9. trinn og innføring av kulturskoletilbod i skole/SFO foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 102,6 mill. kroner frå saldert budsjett 2012.

Post 71 Private vidaregåande skolar, overslagsløyving

Om ordninga

Dei private vidaregåande skolane får 85 pst. av tilskottssatsen.

Budsjettforslag for 2013

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 67 mill. kroner. Tidlegare har løyvinga på posten inkludert eit ekstra tilskott til Kongshaug Musikkgyminas. Departementet foreslår å avvikle dette tilskottet på bakgrunn av omsynet til lik handsaming av skolar. Denne endringa inneber isolert sett ein reduksjon av løyvinga på posten på 3,2 mill. kroner.

Post 72 Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, overslagsløyving

Om ordninga

Vaksenopplæringslova slår fast at satsane for tilskott til desse skolane skal reknast ut frå tilskottsgrunnlaget, som tilsvarear kostnader per elev i offentleg skole. Satsane til desse skolane er knytte til tre av satsane for private vidaregåande skolar. Unntak frå dette er Norsk Yrkesdykkerskole. Dei tre satsane er knytte til utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag, og musikk, dans

og drama. Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova får 75 pst. av tilskottssatsane.

Budsjettforslag for 2013

Norsk lydskole, Oslo kunstfagskole, Film- og TV-akademiet og Westerdals School of Communication har fått godkjent delar av tilboda sine som høgskolestudium. Desse utdanningane er organiserte under dei juridiske einingane Westerdals høyskole AS og NISS Høyskole AS. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å overføre 22,4 mill. kroner til kap. 260 post 70. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2012 vart Bårdar Akademiet AS overført til kap. 276 med halvårsverknad på bakgrunn av at skolen har vorte fagskole. Departementet foreslår at tilskottet blir overført med heilårsverknad, og at posten blir redusert med 12,5 mill. kroner. På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar samt overføring av midlar til kap. 260 og kap. 276, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 27,3 mill. kroner.

Post 73 Private grunnskolar i utlandet, overslagsløyving

Om ordninga

Skolane får tilskott etter same grunnlag som private grunnskolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar tilskott til gratis frukt og grønt for elevar ved private grunnskolar med ungdomstrinn og kombinerte skolar med barne- og ungdomstrinn. Posten omfattar også tilskott til gratis leksehjelp for elevar på 1.–4. trinn, samt avrekning mellom Norge og Sverige for svenske elevar i norske skolar i utlandet og norske elevar ved svenske private grunnskolar i utlandet.

Budsjettforslag for 2013

På bakgrunn av oppdaterte elevtal, nye satsar, innføring av valfag på 9. trinn og innføring av kulturskoletilbod i skole/SFO foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 8,5 mill. kroner.

Post 74 Private vidaregåande skolar i utlandet, overslagsløyving

Om ordninga

Skolane får tilskott etter same grunnlag som private vidaregåande skolar i Noreg, men satsen blir

høgre sidan desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift.

Budsjettforslag for 2013

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 2,1 mill. kroner.

Post 75 Private skolar for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Om ordninga

For grunnskolar og vidaregåande skolar for funksjonshemma elevar blir driftsutgifter dekte 100 pst. ved statstilskott etter ein normalsats per elev, jf. privatskolelova § 6-1, fjerde ledd. Skolane får i tillegg statstilskott til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003).

Budsjettforslag for 2013

Det er godkjent to nye skolar som får tilskott etter denne posten. Det gjeld Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole. På bakgrunn av dette, samt oppdaterte elevtal og nye satsar, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 22,7 mill. kroner.

Post 76 Andre private skolar, overslagsløyving

Om ordninga

Posten omfattar tilskott til Sørlandet Seilende Skoleskips Institution (MS Sjøkurs) og Unge Sjømenns Kristelige Forening (MS Gann). Skolane får tilskott per elev etter sats for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon. Skolane får 85 pst. av tilskottssatsen. I tillegg får desse skolane eit fast tilskott som blir prisjustert kvart år.

Budsjettforslag for 2013

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1,7 mill. kroner.

Post 77 Den tyske skolen i Oslo, overslagsløyving

Om ordninga

Gjeldande avtale mellom Noreg og Tyskland om Den tyske skolen i Oslo vart godkjend av Stortinget 19. november 2009, jf. Innst. 43 S (2009–2010)

og St.prp. nr. 92 (2008–2009) *Om samtykke til inngåelse av en avtale mellom Norge og Tyskland om omgjøring av Den tyske skolen i Oslo – Max Tau til en tysk-norsk bikulturell skole*. Utdanningsdirektoratet godkjende hausten 2010 Den tyske skolen i samband med den nye avtalen. Tilskottet til Den tyske skolen i Oslo er regelstyrt. Tilskottet blir rekna ut på same måte som tilskottet til private skolar som er godkjende etter privatskolelova, men med 54,4 pst. av tilskottssatsen. Hausten 2011 var det 226 elevar ved Den tyske skolen i Oslo.

Budsjettforslag for 2013

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner.

Post 78 Kompletterande undervisning

Om ordninga

Tilskottsordninga medverkar til finansiering av kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og religion, livssyn og etikk (RLE) for elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar.

Tilskottsordninga vart evaluert i 2006. Ein av konklusjonane var at det er vanskeleg å dokumentere at elevar som får opplæring i regi av foreldre eller i gruppeundervisning, får opplæring av tilfredsstillande kvalitet, og at midlane blir brukte etter intensjonen. På denne bakgrunnen vart tilskottsordninga lagt om frå og med skoleåret 2010–11 slik at berre verksemdar, det vil seie godkjende norske private grunnskolar i utlandet, svenske skolar i utlandet, nettskolar og internasjonale eller utanlandske grunnskolar i Noreg, kan få tilskott. Vi viser til Innst. S. nr. 355 (2008–2009), St.prp. nr. 67 (2008–2009) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2009* og Innst. 12 S (2009–2010), Prop. 1 S (2009–2010) for Kunnskapsdepartementet.

Rapport for 2011

Det vart innført ei overgangsordning for foreldre- og gruppeundervisning, det vil seie at tilskottet til slik undervisning vart redusert med ein tredel kvart skoleår i tre år frå og med hausten 2010, slik at tilskottet er heilt avvikla frå og med skoleåret 2012–13. Kunnskapsdepartementet la til grunn at fleire elevar ville velje nettskole når tilskottet til foreldre- og gruppeundervisning vart redusert. Søknads- og elevtala for skoleåra 2010–11 og 2011–12 stadfester at endringa har ført til auka

oppslutning om undervisningstilboda til nettskolane.

For skoleåret 2011–12 kom det inn i alt 98 søknader om tilskott til kompletterande undervisning. Av 87 innvilga søknader gjaldt 45 av desse søknadene foreldreundervisning, og 29 søknader gjaldt undervisning i grupper. Dette var ei halvering av søkjartalet for desse to søkjargruppene samla i høve til tilsvarande tal for skoleåret 2009–10. Vidare var det i skoleåret 2011–12 seks søknader frå godkjende svenske skolar i utlandet, fem søknader frå internasjonale skolar i Noreg, og to søknader frå nettskolar. Dei to nettskolane hadde i alt 1 523 elevar hausten 2011. Dette var ein auke på 65 pst. eller 599 elevar i høve til hausten 2009. Elevtalet hausten 2011 var 1 274 elevar ved Global-skolen og 249 elevar ved Norskskolen, og elevane budde i 99 forskjellige land.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga i 2013 blir auka med om lag 13,4 mill. kroner for å møte den auka oppslutninga om undervisningstilboda til nettskolane. Posten har i dag stikkordsfullmakta «overslagsløyving», som gjer det mogleg å justere løyvinga etter aktivitetsnivå. I og med at elevane ikkje har rett til kompletterande undervisning, foreslår departementet å fjerne stikkordsfullmakta og gjere ordninga om til ei rammestyrt ordning.

For å sikre at tilskottet til kompletterande undervisning skal haldast innanfor gjeldande budsjettramme, vil Kunnskapsdepartementet endre retningslinjene for ordninga slik at tilskottet kan avkortast høvesvis for den einskilde tilskottsmotakaren dersom det samla timetalet det blir søkt om tilskott for, overstig løyvinga på posten. I tillegg vil departementet vurdere endringar i berekningsreglane for nettskolar. Dei nye retningslinjene vil vere gjeldande frå 1. januar 2013.

Post 79 Toppidrett

Om ordninga

Målet med tilskottet er å medverke til at dei skolane som er omfatta av ordninga, kan leggje betre til rette for at toppidrettsutøvarar kan kombinere trening med vidaregåande opplæring. Ordninga gjeld skolar som i tillegg til godkjenninga etter privatskolelova er godkjende som toppidrettsgymnas av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Ordninga omfattar følgjande skolar: NTG i Bærum, Geilo, Kongsvinger, Lillehammer og Tromsø, Wang i Oslo, Moss og

Stavanger, og Telemark toppidrettsgymnas. Det blir gitt eit fast tilskott til kvar av desse skolane. Det er ein føresetnad at skolane har elevar på tilbodet om særskild tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett. Dersom det blir fleire godkjende skolar med tilbod om slik opplæring, og som samtidig blir godkjende av NIF, vil dei ikkje automatisk bli omfatta av ordninga med særskilt toppidrettstilskott. Tilskottsposten blir prisjustert kvart år. Nærmare informasjon om tilskott per skole ligg på www.utdanningsdirektoratet.no.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 80 Privatskoleorganisasjonar

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at privatskoleorganisasjonane kan drive med samordningsoppgåver for medlemsskolane sine. Tilskott blir gitt til privatskoleorganisasjonar som har private skolar med rett til statstilskott som medlemmer.

I 2011 fekk fem privatskoleorganisasjonar tilskott ut frå at dei til saman hadde 232 godkjende medlemsskolar.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Om ordninga

Statstilskott etter privatskolelova kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Denne tilskottsordninga gjeld for utveksling til utlandet for elevar i private vidaregåande skolar med rett til statstilskott. Skolane kan søkje om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskottet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske private vidaregåande skolar med rett til statstilskott og utanlandske skolar. Følgjande private vidaregåande skolar er godkjende for å kunne bli tildelte slikt tilskott: Danielsen videregående skole i Bergen, Heltberg Private Gymnas i Oslo og Drottningborg videregående skole i Grimstad. I 2012 fekk kvar av skolane eit basistilskott på 100 000 kroner. Resten av tilskottsmidlane vart fordelte etter talet

på elevar innanfor ordninga. Skolane fekk tilskott for totalt 74 elevar for skoleåret 2011–12.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Kap. 229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	Saldert budsjett 2012	
01	Driftsutgifter	25 582	21 623	22 458
45	Større utstysinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 831	1 046	1 070
	Sum kap. 229	27 413	22 669	23 528

Løyvinga på posten går til drift av Vea – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar.

Den fremste målsetjinga til Vea er å utdanne kompetente yrkesutøvarar som bransjen og næringa treng på grønne fagområde.

Fagskolen har elevar og studentar fordelte på tre hovudretningar: blomsterdekoratør-, gartnar- og anleggsgartnarfaglege utdanningsprogram. Vea er NOKUT-godkjend tilbydar innanfor fagområdet grønne designar og miljøfag og har i dag seks ulike fagskoletilbod på fagområdet.

Skolen skal framleis gi tilbod på vidaregåande nivå for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3229 post 61. I tillegg gir skolen tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå.

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstysinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Mål for 2013

I 2013 skal Vea – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar halde fram med arbeidet med å utvikle ei fagskoleutdanning med god kvalitet, auke talet på studentar gjennom fleksible og

tilpassa studieopplegg, heve kompetansen hos tilsette og utvikle fagleg samarbeid med nasjonale og internasjonale miljø.

Rapport for 2011

Tal for opptak hausten 2011, med teljedato 1. oktober 2011, viser at Vea samla har 156 elevar og studentar som tek utdanning på heiltid og deltid ved Vea.

I skoleåret 2011–12 er det to heiltidsstudentar på fagskolenivå. Det er 58 deltidsstudentar på fagskolenivå.

I skoleåret 2011–12 var det 76 deltidsstudentar og 13 heiltidsstudentar som tok vaksenopplæring på vidaregåande nivå. Sju elevar i vidaregåande opplæring gjekk på fylkeskjøpte plassar.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga i 2013 blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3229, postane 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratører

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
02	Salsinntekter o.a.	4 302	1 531	1 582
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	3		
16	Refusjon foreldrepenge	224		
18	Refusjon av sjukepenge	952		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	1 248	1 003	1 035
	Sum kap. 3229	6 729	2 534	2 617

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for

kjøp av opplæringsplasser ved Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratører. Departementet foreslår at løyvingane blir førte vidare på same nivå som i 2012.

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter	668 620	655 894	622 509
21	Særskilde driftsutgifter	64 267	54 632	56 435
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	7 838	8 019	8 203
	Sum kap. 230	740 725	718 545	687 147

Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped) er ei verksemd under Utdanningsdirektoratet. Statped skal gi spesialpedagogiske tenester av god kvalitet på individ- og systemnivå, særleg på område der ein ikkje kan forvente at kommunane har kompetanse. På denne måten skal Statped medverke til at barn, unge og vaksne får eit tilfredsstillande læringsutbytte. Statped skal i tillegg spreie spesialpedagogisk kompetanse og forskingsbasert kunnskap om likeverdig, tilpassa og inkluderande opplæring.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane gjeld

- drift av Statped, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige
- utvikling, produksjon og distribusjon av spesialpedagogiske læremiddel
- drift av Utdanningsdirektoratets råd for inkluderande opplæring
- prosjektretta støtte til organisasjonar for funksjonshemma. Desse midlane blir tildelte etter søknad og gitte kriterium. Midlane for 2013 vil kunngjerast med offentleg utlysning
- utgifter til nasjonal koordinator i Utdanningsdirektoratet for European Agency for Development in Special Needs Education, internasjonalt samarbeid m.m.

Mål for 2013

Statped skal arbeide etter følgjande mål i 2013:

- *Tenesteyting*: Statped er ein tydeleg og tilgjengeleg ytar av spesialpedagogiske tenester til kommunar og fylkeskommunar. Statped gir tenester på både individ- og systemnivå, og alle kommunar og fylkeskommunar får likeverdig tilgang til tenester frå Statped.
- *Kunnskapsspreiing*: Statped har spisskompetanse innanfor spesialpedagogiske fagområde og er ein bidragsytar til kunnskaps- og kompetansespreiing på desse områda.
- *Kompetanseutvikling*: Statped har ein strategi for prioritering av område for forskings- og utviklingsarbeid og er ein samarbeidspartnar for universitet og høyskolar.

Statped skal frå 1. januar 2013 vere organisert som ei verksemd med ei sentral leiing og fire fleirfaglege regionsenter: *Statped Nord*, *Statped Midt*, *Statped Vest* og *Statped Sørøst*. Det blir også etablert eit avdelingskontor i Kristiansand under Statped Sørøst. I 2013 blir det særleg viktig å få den nye organiseringa til å fungere. Statped må ta vare på og utvikle spisskompetansen sin i den nye strukturen, samtidig som det blir viktig å etablere nye arbeidsmåtar som sikrar fleirfagleg tenesteyting.

Statped skal i 2013 sørge for å lage ein plan for arbeidet med å etablere formålstenlege system og rutinar for å sikre at alle kommunar og fylkeskommunar får likeverdig tilgang til tenestene til Statped. Statped skal i større grad enn tidlegare arbeide systemretta mot PP-tenestene i dei respektive regionane og gjere sitt til å skape eit godt samarbeid med kommunane når det gjeld utnytting og utvikling av kompetanse i kvar region. Statped må også sørge for å etablere samarbeidsrelasjonar til aktuelle helseføretak og institusjonar. Statped skal vidare lage ein plan for arbeidet med å få på plass gode avtalar med universitet og høyskolar.

I samband med omorganiseringa av Statped er det særleg viktig at Statped gir god og tydeleg informasjon til skolesektoren om tenestene og kompetansen til Statped, og sørger for at denne informasjonen er godt tilgjengeleg.

Statped skal i 2013 utvikle og implementere ein ny modell for tilbodet om deltidsoplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova § 2-6. Statped skal også utarbeide ein ny strategi for rettleiing og støtte til kommunar når det gjeld opplæring av døvblinde.

Rapport for 2011

Statped har i hovudsak arbeidd på to område: å yte spesialpedagogiske tenester overfor kommunar og fylkeskommunar og å utvikle, formidle og byggje opp spesialpedagogisk kompetanse. Tabellen nedanfor viser fordelinga av dei ca. 840 årsverka i Statped. Fordeling av tenestene frå Statped harmonerer med folketalet, og ein kan derfor ikkje påvise geografiske skeivskapar, men små og mellomstore kommunar nyttar Statped etter måten meir enn store (by-)kommunar. Ei forklaring på dette er at dei største kommunane sjølve har brei kompetanse i si eiga PP-teneste.

Tenesteyting

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om tenester frå Statped på dei områda der dei ønskjer å heve sin eigen kompetanse. Dei fleste tenestene frå Statped er gratis, og vedtak frå Statped om å yte tenester til enkeltbrukarar vil som hovudregel blir rekna som enkeltvedtak om spesialundervisning etter forvaltningslova og opplæringslova. Frå 2008 har det systematisk vorte samla dokumentasjon for verksemda til Statped som heile, utifrå årsrapportane til dei sjølvstendige kompetansesentra. Tenesteproduksjonen i Statped har hatt om lag same profil i 2011 som året før, men likevel slik at systemretta tiltak og tenester har fått ein noko større plass og merksemd. Dette kjem mellom anna til syne i saker der tenester blir gitte til grupper av kommunar der kompetansebygging for å gjere dei meir sjølvhjelpne er eit viktig mål. Fleire av sentra melder om søknader om tenester til nye brukargrupper, og at det er ei utfordring å prioritere innsatsen. Det er også ei utfordring for Statped å utvikle gode samarbeidsformer med andre tenesteytarar som arbeider med same målgrupper som Statped.

Tabellen nedanfor viser at innretninga på tenesteytinga frå Statped har vore stabil, og at det ikkje er gjennomført større dreining og endringar i drifta. Dette er i samsvar med dei føringane som er gitte om at Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* skal danne grunnlaget for omorganisering. Statped har i 2011 i tillegg til tenesteytinga i stor grad medverka i arbeidet med omstillinga.

Tabell 4.5 Ressursinnsatsen frå Statped på dei ulike typane teneste (i pst.)

Type teneste/aktivitet	2009	2010	2011
Opplæring heiltid (over 12 veker) og deltid (under 12 veker)	20 %	20 %	20 %
Bu- og fritidstilbod	7 %	7 %	7 %
Utgreiingar	12 %	13 %	12 %
Rådgiving, konsultasjon	14 %	19 %	16 %
Kurs og kunnskaps-/informasjonsspreiing	24 %	27 %	32 %
FoU/kompetanseutvikling	11 %	6 %	5 %
Læremiddelarbeid/-produksjon	6 %	6 %	6 %
Anna	6 %	2 %	2 %
Sum	100 %	100 %	100 %

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det er i 2010 og 2011 gjennomført ei brukarkartlegging av tilfredsheit hos brukarar, skolar/barnehagar og pedagogisk-psykologisk teneste (PP-teneste). Kartlegginga er utført av Oxford Research på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Det kom i 2011 svar frå 73 til 97 pst. av brukarsakene ved dei sentra som var med i kartlegginga. Resultata frå begge år syner at brukarar, skole/barnehage og PP-teneste er godt nøgde med gjennomføringa av og kvaliteten på dei tenestene sentra gir. På ein skala frå 1 til 5 skårar i 2011-undersøkinga generell tilfredsheit 4,5, medan fagleg kvalitet ligg på 4,1.

Den statlege spesialundervisninga i Noreg vart omorganisert i 1992, da fleire statlege spesialskolar vart avvikla eller overførte til andre forvaltningsnivå. Fleire spesialskolar vart også omgjorde til statlege spesialpedagogiske kompetansesenter.

Unntaket var at staten framleis skulle behalde dei statlege skolane for hørselshemma. I handsaminga av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* vart det bestemt at dei statlege skolane for hørselshemma i Bergen, Oslo og Holmestrand skal avviklast etter skoleåret 2013–14. Den statlege skolen for hørselshemma i Trondheim og den statlege skolen for døvblinde i Oslo skal først vidare. Tabellen nedanfor viser at 97 elevar fekk opplæring på heiltid ved desse skolane hausten 2011. Det har vore ein nedgang i talet på heiltidselevar i dei siste åra, og dei fleste hørselshemma elevane får no opplæringstilbod i bustadkommunen/heimfylket. Nokre av desse får opplæring på deltid ved dei statlege skolane, samtidig som dei er elevar ved kommunale eller fylkeskommunale skolar. I 2011 var det 207 elevar som fekk eit slikt tilbod på deltid.

Tabell 4.6 Heiltidselevar, deltidselevar og internatelevar i grunnskole og vidaregåande opplæring ved dei statlege skolane for hørselshemma i 2009–11 (døvblindegruppa er ikkje teke med):

Elevtype	Haust 2009	Haust 2010	Haust 2011
Heiltidselevar grunnskolealder	87	76	40
Heiltidselevar vidaregåande opplæring	63	58	57
Sum heiltidselevar	150	134	97
Deltidselevar grunnskolealder	194	195	173
Deltidselevar vidaregåande opplæring	12	9	34
Sum deltidselevar	206	204	207
Internatelevar heiltid	22	24	18

Kjelde: Utdanningsdirektoratet; Årsrapport Statped 2011

Kompetanseutvikling

Det andre av hovudoppdraga til Statped er å utvikle kompetanse og formidle kunnskap om brukarar med behov for særskild hjelp og støtte i opplæringa. Statped formidlar kunnskap til kommunar og fylkeskommunar, PP-teneste, barnehagar, skolar, vaksenopplæring og til den einskilde læraren/førskolelæraren. Arbeidsform er rettleiing, skoleing, kurstiltak, film- og læremiddelarbeid m.m. Kompetanseutvikling skjer ofte i eit samarbeid med universitet, høyskolar og andre forskingsmiljø ved at Statped-sentra inngår samarbeidsavtalar, for eksempel om felles forskingsprosjekt. Fram til omorganiseringa av Statped er gjennomført, er dei ulike sentra definerte som eigne verksemder som i stor grad sjølve organiserer arbeidet sitt med forskning og utvikling. Arbeidet blir som oftast finansiert gjennom eigen, men til ein viss grad også ekstern finansiering. Den strategiske tilnærminga til arbeidet er godt forankra ved det enkelte kompetansesenteret, men kartlegginga viser samtidig at det ikkje finst ein formalisert heilskapleg strategi for forskings- og utviklingsarbeidet i Statped som heile.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på om lag 687 mill. kroner over kap. 230 postane 01, 21 og 45.

Briskeby og Signo er frå hausten 2012 godkjende som private skolar for funksjonshemma elevar. Desse skolane får etter dette tilskott på kap. 228 post 75 og kap. 227 post 74 og får ikkje lenger tilskott over kap. 230. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å redusere løyvinga på post 01 med 56,8 mill. kroner. Kap. 230 omfattar framleis arbeid som Signo og Briskeby gjer som kompetansesenter med mellom anna støtte og rettleiing til kommunar og fylkeskommunar. Etter at denne verksemda vart skilt frå skoleverksemda, får Signo og Briskeby plikt til å betale arbeidsgivardel til Statens pensjonskasse. Post 01 er auka med 2,7 mill. kroner for å ta høgde for denne utgifta, jamfør merknad frå Finanskomiteen i Innst. 375 S (2011–2012), der komiteen ber departementet om å vurdere pensjonskostnadene til skolane. Samla er posten redusert med 54,1 mill. kroner som følgje av flyttinga av Signo og Briskeby.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3230, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2011	Saldert budsjett 2012	
01	Inntekter frå oppdrag	64 267	54 632	56 435
02	Salsinntekter o.a.	18 285	13 694	14 146
	Sum kap. 3230	82 552	68 326	70 581

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som Statped utfører for kommunar, fylkeskommunar, høyskolar, universitet m.m.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale, inntek-

ter frå hjelpemiddeltilpassing og inntekter frå kurs.

Departementet foreslår å føre løyvingane på postane vidare på same nivå som i 2012.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
231	Barnehagar	447 853	342 236	331 316	-3,2
	Sum kategori 07.30	447 853	342 236	331 316	-3,2

Innleiing

Regjeringa ønskjer at barnehagetilbodet skal vere av høg kvalitet og tilgjengeleg for alle, og at det gjennom tidleg innsats medverkar til sosial utjamning og livslang læring. Den norske barnehagemodellen får positiv internasjonal merksemd fordi Noreg legg vekt på at barnehagen både skal vere ein barndomsarena med omsorg og leik samtidig som barna får eit pedagogisk tilbod.

Hovudmåla til regjeringa på barnehagefeltet i 2013 er at retten til barnehageplass blir innfridd, at det er likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar, at alle barnehagar skal vere ein god arena for omsorg, leik, læring og danning, at alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap, og at prisen skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å ha barn i barnehage.

Barnehagesektoren har gått gjennom store endringar i dei siste åra, og mange mål er nådde. Rett til plass i barnehage vart innført i 2009, noko som har gjort kvardagen betre for småbarnsfamiliane. Det store krafttaket for utbygging av barnehageplassar har sikra full dekning. Den store prisreduksjonen for barnehageplass har ført til at fleire familiar med svak økonomi har fått råd til å ha barna i barnehagen. I åra framover er det satsing på betre kvalitet og tidleg innsats som skal få størst merksemd.

Til og med 2010 var barnehagane finansierte gjennom statleg tilskott løyvt over programkategori 07.30, frie midlar til kommunane og foreldrebetaling. Frå 2011 vart hovuddelen av dei statlege tilskotta til barnehagar innlemma i rammetilskottet til kommunane. Kommunen som barnehagemyndigheit har som følgje av denne endringa fått eit større ansvar for barnehagane. Enkelte tilskott

og andre tildelingar blir framleis finansierte over programkategori 07.30. Dette gjeld tilskott til samiske barnehageformål, jf. kap. 231 post 50, tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63, og midlar til forskning, undersøkingar, utgreiingar, informasjonsarbeid og kvalitets- og kompetanseutvikling, jf. kap. 231 post 21 og 51. Nærmare informasjon om ressursbruken i barnehagesektoren finst i kap. 7 i del III.

I dei siste åra har fleire offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar innehalde forslag til ei rekke tiltak på barnehageområdet. Regjeringa har lova å komme tilbake til forslaga, og korleis sektoren kan utviklast vidare. Regjeringa vil derfor vinteren 2013 leggje fram ei stortingsmelding om barnehagen i framtida. Meldinga skal gi ei tydeleg retning for barnehagepolitikken, både om kvaliteten og innhaldet, kompetansen til personalet i barnehagen og styringsutfordringane i sektoren. Samtidig skal meldinga presentere eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for utviklinga av politikken i sektoren. Saman med meldinga vil det bli lagt fram ein ny kompetansestrategi for barnehagane som skal gjelde frå 2014.

Hovudprioriteringar for 2013

Regjeringa vil i 2013 føre vidare satsinga på barnehagar. Totalt er det foreslått å auke løyvingane til barnehageformål med om lag 764 mill. kroner i 2013.

Regjeringa vil sikre ikkje-kommunale barnehagar gode driftsvilkår i ein rammefinansierte sektor, og leggje til rette for å jamne ut skilnadene i lønns- og arbeidsvilkår mellom tilsette i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Ein kost-

nadsanalyse som er utført av Telemarksforskning for Kunnskapsdepartementet i 2011, viser at personalkostnadene per årsverk er 18 pst. høgre i kommunale barnehagar enn i ordinære ikkje-kommunale barnehagar. Det er særleg pensjonskostnadene som er lågare i dei ikkje-kommunale barnehagane. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke minimumstilskottet til ikkje-kommunale barnehagar frå 1. august 2013 frå 92 til 94 pst. av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering. Det er foreslått å løyve 58 mill. kroner til formålet i 2013. Inkludert heilårseffekten av opptrappinga av minimumstilskottet i statsbudsjettet for 2012, foreslår departementet ei samla styrking av ikkje-kommunale barnehagar på om lag 99 mill. kroner. Styrkinga vil leggje til rette for å jamne ut skilnadene i lønns- og arbeidsvilkår mellom tilsette i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Regjeringa ønskjer å føre vidare og styrkje arbeidet med kompetanseheving og rekruttering. Kompetansen til personalet i barnehagen er avgjerande for kvaliteten på tilbodet. Mangelen på pedagogar og den låge formelle kompetansen til mange av assistentane i barnehagane krev vidare satsing for å rekruttere fleire pedagogar og for å heve kompetansen til tilsette i barnehagen. Departementet vil styrkje satsinga på kompetanseheving i 2013, og foreslår å auke løyvinga over kap. 231 post 21 med 20 mill. kroner til ei mellombels ordning med etter- og vidareutdanningstiltak for assistentar. Satsinga må sjåast i samanheng med den nye kompetansestrategien som kjem i 2013.

Kunnskapsdepartementet foreslår i tillegg å løyve 30 mill. kroner over kap. 226 post 21 til eit eige kompetanselyft for tilsette i barnehagar og skolar når det gjeld opplæring av minoritetspråklege barn, unge og vaksne gjennom heile opplæringa frå barnehage og grunnopplæring til vaksenopplæring og høgre utdanning. Dette inneber mellom anna satsing på kunnskap om fleirspråklegheit og fleirkulturell pedagogikk. Både tilsette, leiarar og eigarar av barnehage og skole samt lærarutdannarar vil bli omfatta av tiltaka, jf. omtale under kap. 226 post 21.

Det er eit mål for regjeringa at foreldrebetalinga skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å betale for ein barnehageplass. Regjeringa vil føre vidare maksimalprisen på same nominelle nivå kvart år framover, til målet i Soria Moria-erklæringa om ei maksimalgrense for foreldrebetalinga på 1 750 kroner (2005-kroner) blir innfridd. Kunnskapsdepartementet foreslår å

føre vidare maksimalgrensa for foreldrebetalinga på same nominelle nivå som i 2012. Det er foreslått å løyve 273 mill. kroner til lågare pris i 2013. Inkludert heilårseffekten av nominell vidareføring av maksimalprisen i statsbudsjettet for 2012, foreslår departementet ei samla løyving på om lag 336 mill. kroner til lågare pris i barnehagen.

Mål: Retten til barnehageplass blir innfridd

Stortinget innførte ein individuell rett til barnehageplass i 2009. Retten inneber at barn som har fylt eitt år innan 1. september, har rett til barnehageplass same året dersom foreldra har søkt om plass innan fristen for hovudopptaket. Retten skal oppfyllest innan utgangen av august det året det blir søkt om plass for. Den individuelle retten er ei minimumsplikt for kommunane. Det er viktig at kommunane følgjer med på endringar i fødselstal, til- og fråflytting og andre faktorar som påverkar dimensjoneringa av barnehagetilbodet. Fleire kommunar har fleire opptak i året eller løpande opptak, noko regjeringa synest er positivt. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at om lag 11 200 eittåringar utan rett til plass gjekk i barnehage ved utgangen av 2011. Det er ei utfordring at barn utan rett til plass kan få lang ventetid før dei får barnehageplass. Problemstillinga vil bli behandla i meldinga om barnehagen i framtida.

Tilstandsvurdering

Fylkesmannen har fulgt opp om alle kommunar oppfyller retten til barnehageplass i 2012. Rapporteringa frå fylkesmennene viser at alle barn med rett til plass har fått tilbod om plass.

Ved utgangen av 2011 gjekk om lag 282 700 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. Dette svarer til ein dekningsgrad på 89,7 pst. for eitt- til femåringar. I tillegg nytta om lag 5 700 barn tilbod om open barnehage. Frå utgangen av 2005 og fram til utgangen av 2011 har om lag 59 200 fleire barn fått plass i barnehage, og kommunane og private utbyggjarar har etablert om lag 74 900 nye heiltids barnehageplassar. Veksten i talet på små barn i barnehage har auka sterkt i desse åra, og dekningsgraden for eitt- til toåringar har auka frå 54 pst. i 2005 til 79,5 i 2011. Dekningsgraden for tre- til femåringar har auka frå 90,5 pst. i 2005 til 96,5 i 2011. Dekningsgraden berre for femåringane er på 97,3 pst. i 2011. Sjå kap. 7 i del III for nærmare omtale av ressursar i barnehagesektoren.

Strategiar og tiltak

Som følge av omlegginga av kontantstøtteordninga, med differensierte satsar for eittåringar og avvikling av kontantstøtta til toåringar, vart det i revidert nasjonalbudsjett for 2012 lagt til grunn eit høgre anslag for behovet for plassar i 2012 enn det som vart rekna med i saldert budsjett for 2012, jf. Innst. 375 S (2011–2012) og Prop. 111 S (2011–2012). Kommunane vil bli kompenserte for meir-utgiftene ved å dekkje heilårsverknaden for desse plassane i 2013 gjennom ein auke i rammetilskottet på om lag 309 mill. kroner, jf. Prop. 1 S (2012–2013) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Fylkesmannen skal halde fram med å følgje med på korleis kommunane oppfyller retten til plass. For nærmare omtale av oppgåvene til Fylkesmannen, sjå Prop. 1 S (2012–2013) for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Mål: Likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar

Regjeringa ønskjer å sikre eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet for alle barn. Barnehagen er eit pedagogisk tilbod der mange faktorar bidreg til kvaliteten, og to av dei viktigaste indikatorane på god kvalitet er kompetansen hos personalet og talet på tilsette i høve til talet på barn. Dette er omtalt under målet om barnehagen som ein god arena for omsorg og leik, læring og danning. Det er store variasjonar i barnehagesektoren i Noreg når det gjeld eigarskap, storleik, samansetting av barnegrupper, organisering og personale.

Tilstandsvurdering

Fleire undersøkingar som har vore gjennomførte i dei siste åra, viser at det er store variasjonar mellom kommunane i tilrettelegging for høg og likeverdig kvalitet i alle barnehagar. International Research Institute of Stavanger (IRIS) presenterte i 2011 undersøkinga *Barnehagers organisering og strukturelle faktorerens betydning for kvalitet*, der det går fram at barnehagar av ulik storleik har ulike kvalitetar. Ein av konklusjonane er at store barnehagar har større og meir varierte fagmiljø, men også meir uklar organisering enn dei små, som er prega av ein meir føreseieleg kvardag. Undersøkinga syner at mellomstore barnehagar kjem godt ut på ulike kvalitetsindikatorar.

Familiebarnehagar er dei minste einingane i barnehagesektoren. Mange familiebarnehagar arbeider systematisk og godt med det pedago-

giske arbeidet, men samtidig har høvet til å gjere unntak frå regelverket ofte vorte nytta i godkjenninga av nye heimar. Rambøll gjennomførte våren 2012 undersøkinga *Kvalitet i familiebarnehagar*, som viser at det er stor variasjon blant desse barnehagane og mellom kommunar og bydelar i oppfølginga av dei. Undersøkinga viser mellom anna at 44 pst. av familiebarnehagane ikkje følgjer kravet om at verksemda skal drivast i fellesskap med andre barnehagar, og at delen dispensasjonar frå utdanningskravet er noko høgre enn for landsgjennomsnittet. I åtte pst. av familiebarnehagane var pedagogisk rettleiar til stades sjeldnare enn ein gong i veka. 20 pst. av kommunane/bydelane hadde ikkje plan for tilsyn med familiebarnehagane.

Ein måte for å vurdere kvaliteten i barnehagetilbodet er å sjå på trivselen til barna i barnehagen. I fleire undersøkingar svarer eit fleirtal av foreldra at barna trivst i barnehagen. Rapporten *Barns trivsel og medvirkning i barnehagen* frå NTNU Samfunnsforskning våren 2012 viser at dei fleste barn i undersøkinga trivst i barnehagen. Rapporten er basert på ei undersøking av 17 barnehagar i Trøndelag. Det er interessant at foreldra og dei tilsette vurderer trivselen til barna høgre enn barna sjølve gjer.

Ei undersøking frå Atferdssenteret våren 2012, som omhandlar den sosiale utviklinga til barn i barnehagen, viser at sosial kompetanse for barn under tre år blir utvikla best i små barnegrupper og i eigne småbarnsgrupper.

Undersøkinga *Barnepass fram til 18 måneder – Sammenhenger mellom barnepass fram til 18 måneder og språklige ferdigheter og psykisk fungering ved 5 års alder* (Rapport 2011: 5), som er eit underprosjekt i den norske mor og barn-undersøkinga (MoBa), kan tyde på at tidleg barnehagestart kan gi nokre språkrelaterede vanskar i femårsalderen, og at lang dagleg opphaldstid i barnehagen kan ha negativ verknad på femåringane. Effektane er så små at dei er å rekne som ubetydelege.

Høgskolen i Oslo og Akershus leverte i 2012 *Hva betyr livet i barnehagen for barn under tre år?*, ei oversikt over norsk og internasjonal forskning i perioden 2000–11 knytt til barn i alderen null til tre år. Resultata er samstemte i at barnehagar med høg kvalitet er vesentlege for den kognitive, sosiale og språklege utviklinga hos barn. Høg kvalitet heng saman med stor personaltettleik, stabilt personale og personale med høg utdanning. Nøkkelfaktorar er godt samspill mellom vaksne og barn, og at erfarne og sensitive vaksne skaper eit stressfritt miljø i barnehagen. Dei fleste longitudi-

nelle undersøkingane viser at barnehage har ein positiv effekt på barn, og særleg for barn med bakgrunn frå vanskelege sosioøkonomiske miljø.

Noregs forskingsråd har fått i oppdrag å etablere eit nasjonalt kunnskapssenter for utdanning. Kunnskapssenteret skal mellom anna samle, analysere og spreie kunnskap om kva som gir god kvalitet i barnehagar. Senteret er under oppbygging.

God styring av barnehagesektoren kan medverke til å redusere kvalitetsskilnadene mellom barnehagane. Den statlege styringskapasiteten er styrkt ved at Utdanningsdirektoratet frå 2012 er delegert ei rekkje forvaltnings- og utviklingsoppgåver, jf. kap. 220 Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannens tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er eit viktig verkemiddel for å bidra til å sikre høg kvalitet på barnehagetilbodet, noko som mellom andre Riksrevisjonen har peikt på. Rapporten *Tilsyn til besvær* frå PricewaterhouseCoopers (PwC) i 2011 viste mellom anna at det kommunale tilsynet med barnehagane varierte betydeleg. Fylkesmannsembeta vart styrkte i 2011 for å auke tilsynsaktiviteten, og styrkinga er ført vidare i 2012, jf. omtale under strategiar og tiltak.

I samband med oppfølginga av St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen* har departementet starta arbeidet med å utvikle eit system for å følgje med på utviklinga av kvaliteten i barnehagesektoren. Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide ein plan for utviklinga av systemet med frist hausten 2012.

Overgangen til rammefinansiering har vore ei utfordring for sektoren der både kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar må rette seg etter eit nytt system. Kunnskapsdepartementet har spelt ei aktiv rolle når det gjeld å informere om forskrifta om likeverdig behandling ved tildeiling av offentleg tilskott til ikkje-kommunale barnehagar, mellom anna i eit oppdatert rundskriv F-05/2011 som vart sendt ut 31. oktober 2011. I tillegg har Fylkesmannen rettleidd kommunane i dei nye reglane. Kunnskapsdepartementet, via Utdanningsdirektoratet og fylkesmennene, følgjer med på situasjonen for ikkje-kommunale barnehagar etter innføringa av rammefinansiering av barnehagesektoren. For å styrkje Fylkesmannens rettleiing av kommunane har departementet vidare hatt dialog med KS og Private barnehagers landsforbund (PBL) om situasjonen for ikkje-kommunale barnehagar etter omlegginga av finansieringa. KS og PBL har i tillegg samarbeidd om å utvikle ein rettleiar som skal bidra til meir ein-skapleg forskriftspraktisering i sektoren. Rettleia-

ren vart lagt fram i september 2012. Utdanningsdirektoratet har sett ut ei undersøking om forskrifta om likeverdig behandling, og korleis kommunane praktiserer denne. Resultata vil etter planen komme i desember 2012.

Forskrifta om likeverdig behandling ved tildeiling av tilskott til ikkje-kommunale barnehagar tok til å gjelde frå 1. januar 2011. Dei kommunale tilskotta skal gi økonomisk grunnlag for eit godt barnehagetilbod, og det er derfor ein føresetnad at midlane blir brukte i barnehagane, og ikkje går til urimeleg høge vederlag til eigarane. Rapporten *Gullgraving i sandkassa – profittmuligheter og uttak av verdier fra private barnehager* ble våren 2012 lagt fram av Telemarksforskning. Rapporten teiknar eit bilete av ein sektor der dei ikkje-kommunale barnehagane i hovudsak er godt drivne og er lojale til formålet i bruken av midlane, samtidig som det er indikasjonar på at det i dag er eit relativt stort potensial for skjult uttak av verdier. Utviklinga av eigarstrukturar i sektoren frå 2003 har vist teikn på endring frå ideelle organisasjonar til eigarstrukturar som i større grad legg til rette for uttak av verdier. Det dreier seg om betydelege summer, og i lys av at barnehagane i dag driv ei verksemd som for ein stor del er finansiert gjennom kommunalt tilskott og foreldrebetaling, er det viktig at det er sikkerheit for at midlane blir nytta i samsvar med formålet. Dette gjer det nødvendig med reglar om bruk av det kommunale tilskottet og foreldrebetalinga som sikrar at desse midlane blir nytta i samsvar med formålet og kjem barna til gode. Framlegget frå departementet til føresegner som regulerer bruken av tilskott og foreldrebetaling, fekk god støtte i høringsprosessen, og vart vedteke av Stortinget 31. mai 2012, jf. Innst. 352 L (2011–2012) og Prop. 98 L (2011–2012) *Endringer i barnehageloven (tilskudd og foreldrebetaling i ikke-kommunale barnehager)*. Lovendringane med utfyllande forskrifter skal tre i kraft 1. januar 2013.

Det nasjonale barnehageforumet (NABAFO) for sentrale aktørar i sektoren vart oppretta i 2010, og har jamlege møte med statsråden. Forumet skal medverke til dialog og kunnskapsdeling om dei utfordringane som er knytte til kvalitet, kompetanse, rekruttering, kunnskapsutvikling og styring i barnehagesektoren.

Strategiar og tiltak

Departementet skal leggje fram ei stortingsmelding om barnehagen i framtida vinteren 2013. Meldinga vil gi eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, og ho vil òg omfatte forslag baserte på fleire

offentlege utgreiningar som har vorte lagde fram i dei siste åra. Forslaga til tiltak skal saman med kunnskapsgrunnlaget leggje eit grunnlag for innsatsen til regjeringa for barnehagen i framtida.

For å sikre likeverdig kvalitet i alle barnehagar og stabile rammevilkår for ikkje-kommunale barnehagar tek regjeringa sikte på å halde fram med opptrappinga av tilskottet til ikkje-kommunale barnehagar. Hausten 2012 vart minimumstilskottet til dei ikkje-kommunale barnehagane auka frå 91 til 92 pst. av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentlege tilskott. I statsbudsjettet for 2013 foreslår regjeringa å auke minimumstilskottet frå 92 til 94 pst. frå 1. august 2013. Departementet foreslår å løyve 58 mill. kroner til dette formålet. Inkludert heilårseffekten av opptrappinga av minimumstilskottet i statsbudsjettet for 2012, foreslår departementet ei samla styrking av ikkje-kommunale barnehagar på om lag 99 mill. kroner. Regjeringa tek sikte på å oppnå full likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i løpet av 2014.

Barnehagelovutvalget har vurdert styringsverktøya i barnehagesektoren og leverte innstillinga si 16. januar 2012, jf. NOU 2012: 1 *Til barnas beste*. Høringa våren 2012 gav over 200 høringsvar. Departementet vil vurdere tilrådingane frå utvalet og komme tilbake til oppfølginga, mellom anna i stortingsmeldinga om barnehagen i framtida vinteren 2013.

Forskning om og for barnehagar er framleis nødvendig for å utvikle praksisfeltet, og fleire undersøkingar er i gang eller under planlegging, mellom anna gjennom forskningsprogramma *Praksisrettet utdanningsforskning 2010–2014 (PRAKUT)* og *Utdanning2020*. Departementet vil føre vidare forskingsinnsatsen på barnehagefeltet i 2013, jf. kap. 231 post 21 og 51.

Oppsummeringa av årsrapportane frå fylkesmannsembeta for 2011 viste at tilsynsaktiviteten på barnehageområdet ikkje var auka i samsvar med styrkinga i statsbudsjettet. Utdanningsdirektoratet vil følgje opp tilsynsaktiviteten til Fylkesmannen gjennom embetsstyringa. Utdanningsdirektoratet vil utvikle ein felles metode for Fylkesmannens tilsyn i barnehagesektoren og opplæringssektoren. Denne metoden kan bli teken i bruk i 2013 og dermed bidra til einsarta tilsyn med større læringseffekt for kommunen. Utdanningsdirektoratet vil i perioden 2013–14 hente inn kunnskap om sektoren og gjere risikovurderingar med sikte på å etablere sentrale tilsynssatsingar for dei tilsyna embeta fører med barnehagesektoren. Sentralt etablerte tilsyn vil bidra til likebehandling, forenkle tilsynsverksemda til embeta,

og sikre at den samla tilsynsaktiviteten i større grad svarer til risiko i sektoren.

Utdanningsdirektoratet skal innan årsskiftet 2012–13 levere ein plan for utviklinga av eit system for å følgje med på kvaliteten i sektoren, og departementet vil følgje opp dette i 2013.

Tilstreккеleg kompetanse i forvaltninga er ein nøkkelfaktor både for å nå og for å halde oppe dei nasjonale måla på barnehageområdet. Det er derfor viktig med kompetansetiltak for å utvikle og styrkje kommunen som barnehagemyndigheit. Utdanningsdirektoratet har i 2012 fått i oppdrag å foreslå eit studieopplegg for kommunen som barnehagemyndigheit innan 15. november 2012. Direktoratet skal sikre tett dialog og involvering av KS i prosessen.

Mål: Alle barnehagar skal vere ein god arena for omsorg og leik, læring og danning

Førskolealderen er ein læringsintensiv fase for barna. Grunnlaget for deltaking i sosiale fellesskap, for vennskap og for vidare utvikling, læring og danning blir lagt i tidlege barneår. Barnehagen skal ta på alvor læringa og utviklinga til alle barn og ruste det einskilde barnet for livslang læring.

For at barnehagen skal vere ein lærande og utviklande arena for alle barn, er det nødvendig at barnehagen har nok tilsette med god kunnskap og kompetanse når det gjeld barndom og utvikling hos barn. Kompetente tilsette er ein føresetnad for å gi alle barn eit godt pedagogisk tilbud, slik at barnehagen blir ein god arena for omsorg, leik, læring og danning. Dette ligg til grunn for satsinga til regjeringa på kompetanseutvikling for alle som arbeider i barnehage.

Tilstandsvurdering

I dag har om lag halvparten av dei tilsette som arbeider med barna i barnehagen, barne- eller barnehagefagleg kompetanse. Dei andre tilsette har ikkje nokon formell utdanning for å arbeide med barn. I dei siste åra har det vore ei beskjeden, men positiv utvikling i delen med barne- og barnehagefagleg kompetanse. I 2011 arbeidde 28 761 førskolelærarar i barnehagane, noko som utgjør 35,2 pst. av alle dei tilsette i barnehagen som arbeider med barn. Denne delen har halde seg stabil på ein tredel i dei seinaste åra trass den store veksten i sektoren. Tal frå SSB viser at vi manglar om lag 4 100 førskolelærarar med godkjend utdanning. Delen styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend utdanning etter barnehage-lova vart i 2011 redusert til 13,3 pst. (4 112 perso-

nar) frå 13,7 pst. i 2010 (4 108 personar) og 13,8 pst. i 2009 (3 992 personar).

I barnehagelova og rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen er det lagt nasjonale føringar for å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet. Krava til pedagogisk bemanning (pedagognorma) skal sikre tilstrekkeleg kvalifiserte pedagogar i barnehagen. Rettleiaren som departementet sende ut i august 2011, klargjorde regelverket for pedagogisk bemanning. Rettleiaren og tydeleggjeringa av regelverket vil i ein periode kunne gi ein auke i talet på dispensasjonar. På lengre sikt vil delen pedagogar i barnehagane kunne auke sidan den store barnehageutbygginga er over og det blir utdanna fleire førskolelærarar.

SSB har i analysen av tilbodet og etterspurnaden etter lærarar (LÆREMOD) rekna ut at det i 2020 vil mangle om lag 1 000 førskolelærarar, dette gitt at vi fører vidare dagens situasjon i barnehagesektoren.

I 2011 var det nesten 11 000 barne- og ungdomsarbeidarar som arbeidde i barnehagen, mot 10 164 i 2010 og 5 309 i 2005. Barne- og ungdomsarbeidarane utgjer 13,4 pst. av alle dei tilsette i barnehagen som arbeider med barn.

Både *Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2011)* og *Strategi for rekruttering av førskolelærere i barnehagen (2007–2011)* vart avslutta i 2011, og departementet etablerte prosjektet GLØD. Prosjektet har som målsetjing å betre kompetansen blant alle tilsette, auke rekrutteringa til førskolelærarutdanninga og bidra til å heve statusen for arbeid i barnehagane. GLØD skal utarbeide ein samla kompetansestrategi for barnehagane. Departementet tek sikte på å leggje fram kompetansestrategien vinteren 2013, saman med meldinga om barnehagen i framtida.

GLØD har i 2011 innhenta kunnskap om sentrale problemstillingar knytte til kompetanse og rekruttering i barnehagane som vil bidra til å danne grunnlaget for utforminga av kompetansestrategien saman med råd og innspel frå sentrale aktørar i sektoren.

Strategi for rekruttering av førskolelærere i barnehagen (2007–2011) er evaluert av Rambøll i 2012. Evalueringa konkluderer med at strategien har vore vellykka, og at sektoren sjølv opplever tiltaka som relevante og nyttige. Barnehageeigarane bør gjerast meir ansvarlege og forplikte seg til å delta gjennom målretta og planfesta rekrutteringsarbeid og tilrettelegging for deltaking i tiltaka. Dei mest kjende tiltaka er leiarutdanning for styrarar i barnehagen og rettleiing av nyutdanna førskolelærarar. Barnehageeigarar og daglege leiarar seier at arbeidsplassbasert førskolelærarutdan-

ning (ABF) er det mest relevante tiltaket for rekruttering av førskolelærarar. ABF rekrutterer studentar som ikkje ville søkt seg til ordinær førskolelærarutdanning. Gode permisjonsordningar og økonomisk kompensasjon for den einskilde er viktig for gjennomføring av studiet.

Trøndelag Forskning og Utvikling AS har gjennomført ei kompetansekartlegging blant alle gruppene tilsette i barnehagane, og rapporten viser at dei største kompetansebehova dei tilsette har, er knytte til desse tema: barn med særskilde behov, IKT i arbeidet i barnehagen, språkleg og kulturelt mangfald, og blant styrarar og pedagogiske leiarar er òg leiarskap høgt etterspurd. Dårlig økonomi og at kompetansetiltaka ikkje gir høgre lønn, blir oppgitte som dei største barrierane for å delta i kompetanseutviklingstiltak, jf. rapporten *Kompetansebehov i barnehagen* frå 2012.

I februar 2012 vart rekrutteringskampanjen *Verdas finaste stilling ledig* lansert. Kampanjen skal vare i minst tre år, og målet er å få fleire søkjarar av begge kjønn til førskolelærarutdanninga, og å heve statusen for arbeid i yrket. Kampanjen har mellom anna omfatta reklamefilm på TV og kino, webfilm, ei eiga nettside, Facebookside og deltaking på studiemesser rundt omkring i landet. Tal frå Samordna opptak per 19. juli 2012 viser at talet på kvalifiserte søkjarar som har førskolelærarutdanning som førsteval, har auka med heile 18 pst. frå året før. I 2011 var det 2 296 søkjarar som hadde førskolelærarutdanning som førsteval. I 2012 har talet stige til 2 710, ein auke på 414 personar. 3 571 har fått tilbod om plass på utdanninga, og dette er 420 fleire enn i 2011. Dette er ei gledeleg utvikling, og tyder på at rekrutteringskampanjen har vore vellykka. Som følgje av auken i talet på søkjarar tildelte departementet i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2012 midlar til 115 nye studieplassar i førskolelærarutdanninga. Det er nyleg etablert nettverk i alle fylka. Desse skal i hovudsak bidra til å styrkje det lokale arbeidet knytt til kampanjen. Nettverka blir koordinerte av Fylkesmannen og består av sentrale aktørar i sektoren.

Evalueringa frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) i 2010 viste at førskolelærarutdanninga ikkje hadde god nok kvalitet, og fleire tiltak er sett i verk i etterkant. Eit breitt samansett rammeplanutval for førskolelærarutdanninga har levert forslag til ny rammeplan, og departementet har fastsett forskrifta for den nye barnehagelærarutdanninga som skal gjelde frå og med skoleåret 2013–14. Høgskulen i Sogn og Fjordane har fått i oppdrag å prøve ut den nye utdanninga frå hausten 2012. Hovudelementa i den nye

utdanninga er overgang frå ei fagbasert utdanning til ei utdanning basert på tverrfaglege kunnskapsområde. Det er planlagt å opprette ei eiga følgjegruppe som skal støtte utdanningsinstitusjonane i arbeidet med kvalitetsutvikling når det gjeld både implementering av ny rammeplan for barnehagelærerutdanninga, og dei tilbakemeldingane som den einsskilte institusjonen har fått gjennom evalueringa til NOKUT. Departementet vil også halde tett kontakt med utdanningsinstitusjonane gjennom den ordinære styringsdialogen.

I samband med den nye rammeplanen for barnehagelærerutdanninga har departementet fastsett at yrkestittelen blir endra frå «førskolelærer» til «barnehagelærer», og i ein periode vil det bli utdanna studentar med både gammal og ny yrkestittel. Frå 1. januar 2013 vil departementet bruke «barnehagelærer» i staden for «førskolelærer» i alle offentlege dokument.

Utdanningsdirektoratet fekk frå 2012 overført ansvaret for kompetansetiltak som er starta opp på barnehageområdet. Leiarutdanning for barnehagestyrarar vart oppretta hausten 2011. Dei som tilbyr utdanninga, er Noregs handelshøgskole, Handelshøyskolen BI, Høgskolen i Oslo og Akershus, Dronning Mauds Minne, Høgskole for førskolelærerutdanning og Universitetet i Agder. Utdanninga er eit deltidstudium over til saman tre semester. 300 styrarar fekk studieplass hausten 2011, desse har endeleg eksamen hausten 2012. Utdanningsdirektoratet har i 2012 teke opp 300 styrarar til eit nytt kull som byrjar på leiarutdanninga for styrarar vårsemesteret 2013 – desse tek endeleg eksamen våren 2014. Det har vore stor søknad, og av 725 søkjarar fekk 300 tilbod om studieplass. Evaluering av leiarutdanninga for styrarar byrja våren 2012, og skal leggjast fram hausten 2014, men med delrapport undervegs. Formålet med evalueringa er å undersøkje om dei nasjonale måla som er definerte for utdanninga, blir nådde.

Gode ordningar for rettleiing av nyutdanna førskolelærarar er ei investering som medverkar til å rekruttere og halde på dyktige pedagogar. Kunnskapsdepartementet og KS har inngått ein intensjonsavtale der målet er at alle nyutdanna førskolelærarar skal få tilbod om rettleiing i løpet av barnehageåret 2011–12. Sentrale aktørar som fylkesmannen, kommunar, barnehageeigarar, universitet og høgskoleinstitusjonane og organisasjonane har vore med på arbeidet med utforminga av tilbodet og informert sektoren om tilbodet.

Utdanningsdirektoratet lyser ut midlar til drift og vidareutvikling av igangsette tiltak for rettleiing. Desse har vore drivne i regi av lærarutdanninga,

i god dialog med partane i sektoren. Vinteren 2012 vart det gjennomført ei kartlegging blant nyutdanna styrarar og barnehageeigarar som viser at 63 pst. av dei nyutdanna førskolelærarane har fått tilbod om rettleiing. Dei som hadde ei ordning, var svært nøgde, og dette gjeld alle dei tre målgruppene i kartlegginga. Departementet meiner at dette viser ei positiv utvikling.

Den nye formålsparagrafen i barnehagelova som gjeld frå 1. august 2010, slår fast at barnehagen som arena for læring og danning mellom anna skal leggje til rette for undring, utforskartrøng og glede over å skape hos barna. For å støtte barnehagane i arbeidet med å implementere endringane i lova og i rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, vart pilotprosjektet om barnehagen som læringsmiljø og danningarena sett i gang i seks fylke hausten 2011. Under koordinering av fylkesmennene og med støtte frå fagfolk ved universitet/høgskolar i regionen skal barnehagane utvikle praksisen sin slik at verdiane i formålet kan bli omsette i kvardagserfaringar for barna. I kvart fylke deltek 10–15 barnehagar, og dei tilsette har delteke på forelesingar på universitet/høgskolar, fått rettleiing og bygt opp ny kunnskap i sin eigen barnehage. Dei skal i samarbeid med universitet/høgskole skrive teori- og praksisbaserte fagartiklar. Dette arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2012.

Kompetansesatsinga *Vennskap og deltaking – en styrking av arbeidet med implementering av nytt formål i barnehagene* vart starta i 2012, og er ei vidareføring og utviding av arbeidet med kompetansestrategien i perioden 2007–11. Kompetansesatsinga for 2012 skal styrkje kompetansen til dei tilsette i å omsetje formålsparagrafen til praktisk arbeid i barnehagen, bidra til å utvikle barnehagen vidare som ein lærande organisasjon og styrkje barnehagen som pedagogisk verksemd.

Handlingsplan for samiske språk har språkmiljø og språkstimulering som eitt av fire prioriterte område, og understrekar at samiske barn må få støtte til å bevare språket sitt. Det er eit godt etablert samarbeid mellom dei fem nordlegaste fylkesmennene og Sametinget (RegioNor). Saman arbeider dei med å utforme regionale og lokale tiltak for aktivt å stimulere kommunar med samiske barn til å søkje kompetansemidlar. Sametinget har i samarbeid med Kunnskapsdepartementet utforma ein rettleiar for kva som kan vere innhaldet i barnehagen når det gjeld samisk språk og kulturutvikling. Temaheftet om språkmiljø og språkstimulering og rettleiaren om overgangen frå barnehage til skole vart omsett til nordsamisk og sørsamisk i 2011.

I dei fem siste åra har det vorte tilsett 2 200 fleire menn i basisverksemda til barnehagen, så delen mannlege barnehagetilsette i basisverksemda har auka med 55 pst., frå 4 032 menn i 2006 til 6 238 menn i 2011. Basisverksemda omfattar den hovuddelen av personalet som arbeider med heile barnegruppa, som styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar (ikkje tospråklege assistentar). For stillingar i basisverksemda utgjorde mannlege tilsette 8,3 pst. i 2011, same delen som i 2010, sjølv om det reelle talet har auka noko frå 2010 til 2011. 949 barnehagar, eller 14,7 pst., hadde i 2011 minst 20 pst. menn tilsette i basisverksemda. I handlingsplanen *Likestilling 2014 – regjeringens handlingsplan for likestilling mellom kjønne* fører regjeringa vidare målet om å auke delen mannlege tilsette i barnehagane til 20 pst. Rekrutteringskampanjen *Verdas finaste stilling ledig* legg vekt på å rekruttere både fleire menn og fleire kvinner til førskolelærerutdanninga.

Foreldresamarbeidet og moglegheita for foreldra til medverknad er styrkt ved at Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) vart oppretta i august 2010. FUB skal medverke til eit godt samarbeid mellom barnehage og heim slik at alle barn får eit best mogleg barnehagetilbod. FUB har arbeidd aktivt og målretta for å etablere seg som ein aktør i sektoren, og er representert i ei rekkje arbeids- og referansegrupper. For nærmare omtale av FUB, sjå kap. 221 post 01.

Barnehagen skal ha eit godt samarbeid med barnevernet slik at barn som treng hjelp, får det. Det er kommunen som har ansvaret for å leggje til rette for eit godt tverrfagleg samarbeid. Kunnskapsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har tidlegare utarbeidd ein rettleiar for dette samarbeidet. Ei kommande undersøking frå Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) skal sjå på om rettleiaren framleis blir brukt av barnehagane. Det har vore merksemd rundt det at barnehagane melder få saker til barnevernet, men tal frå SSB viser ein auke. I 2007 var 7,4 pst. av iverksette undersøkingssaker for barn i alderen null til fem år melde av barnehagane (513 saker). For 2011 er delen 11,8 pst. (1 251 saker).

Strategiar og tiltak

Den nye samla kompetansestrategien som skal gjelde frå 2014, vil bli lagt fram vinteren 2013 saman med stortingsmeldinga om barnehagen i

framtida. Fleire av kompetansetiltaka frå 2012 vil derfor bli førte vidare i 2013, inkludert etter- og vidareutdanningstilbodet, men tilpassa ny kunnskap om kompetansebehov.

Departementet ønskjer å styrkje satsinga på kompetanseutvikling i barnehagesektoren, og foreslår å auke løyvinga på kap. 231 post 21 med 20 mill. kroner. Midlane vil bli nytta til ei mellombels ordning med etter- og vidareutdanningstiltak for assistentar.

Rekrutteringskampanjen *Verdas finaste stilling ledig*, som er retta mot unge utdanningssøkjarar, skal førast vidare i 2013. Hovudmålet med kampanjen er å auke rekrutteringa til førskolelærerutdanninga og heve statusen for arbeidet i barnehagen. Dei regionale nettverka som er etablerte med sentrale aktørar frå sektoren i alle fylke, skal bidra i arbeidet med å støtte opp under det regionale rekrutteringsarbeidet.

Ved behandlinga av St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen* vart det varsla ei større revidering av rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, jf. Innst. 162 S (2009–2010). Fleire utval har hatt forslag til endringar. Departementet vil i samband med stortingsmeldinga om barnehagen i framtida, vurdere om det er behov for endringar i rammeplanen.

Likestillingssenteret har fått i oppdrag å setje i verk tiltak for å heve kompetansen i praktisk likestillingsarbeid i barnehagen.

Kunnskapsdepartementet vil følgje opp *Handlingsplan for samiske språk*. Utdanningsdirektoratet skal mellom anna leggje til rette for informasjons- og erfaringsspreiing om gode språkutviklingstiltak.

Mål: Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

Barnehagen skal inkludere alle, uavhengig av bakgrunn og funksjonsnivå, og har eit særleg ansvar for å sikre god og tidleg hjelp til barn som har behov for særskild oppfølging. Regjeringa er oppteken av at barnehagetilbodet blir lagt til rette slik at alle barn får eit godt omsorgs- og læringsmiljø som fremmer trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd. Barnehagen er ein viktig arena for å arbeide med førebyggjande tiltak for helse, sosial inkludering og livslang læring. Åtferd med karakter av mobbing kan òg skje i barnehagen, og personalet skal stanse dette. Utvikling av eit godt miljø er viktig for å førebyggje negativ åtferd.

Tilstandsvurdering

Stortinget har behandla Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov*, jf. Innst. 405 S (2010–2011) og Innst. 50 S (2011–2012). Meldinga omfattar forslag frå NOU 2009: 18 *Rett til læring* (Midtlyng-utvalget). Departementet foreslår i meldinga mellom anna å flytte opplæringslovas føresegn som gjeld barn under opplæringspliktig alder, til barnehagelova. Dette gjeld mellom anna retten til spesialpedagogisk hjelp. Flytting av desse føresegnene vil kunne medverke til å styrkje samarbeidet mellom barnehagane og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT).

Barnehagen er ein viktig arena for integrering og språkutvikling for minoritetsspråklege barn i førskolealderen. I dei siste åra har delen minoritetsspråklege barn i barnehage auka. I 2011 gjekk 73 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen eitt til fem år i barnehage, mot 54 pst. i 2005. For alle barn i aldersgruppa var dekningsgraden 90 pst. i 2011. Departementet gir eit øymerkt tilskott til kommunane til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) har eit forsøk med gratis kjernetid i barnehage i nokre utvalde område med høg del barn med innvandrarbakgrunn for å auke barnehagedeltakinga i desse områda, jf. Prop. 1 S (2012–2013) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Forsøket med gratis kjernetid i barnehage omfattar område i Oslo, Drammen og Bergen. Forsøket inneber at alle barn i aktuelle årskull i desse områda får tilbod om gratis deltaking i barnehage 20 timar per veke. Målgruppa for ordninga er hovudsakleg fire- og femåringar. Forsøket vart sett i gang i 2006 og har gradvis vorte utvida. Formålet med forsøket er, gjennom auka deltaking i barnehage, å førebu barna på skolestart, å betre norskkunnskapane for minoritetsspråklege barn og å medverke til sosialiseringa generelt. Ei målsetjing med forsøket er å sikre ei målretta oppfølging av dei føresette med innvandrarbakgrunn, slik at dei kan medverke til at barna kan følgje ordinær undervisning på skolen. Forsøket har også til formål å auke forståinga hos foreldra for at norsk språk er viktig, og for deltaking i sosiale aktivitetar. Vidare skal tiltaket medverke til å sikre at barnehagepersonalet har god kompetanse i fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering. Rapporteringa frå forsøkskommunane tyder på at forsøket med gratis kjernetid har medverka til at barnehagedeltakinga har

auka, og skolar i Oslo meldar om at skolestartarar meistarar norsk betre enn tidlegare. Etter oppdrag frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet starta Fafo i 2011 ei treårig ekstern evaluering av forsøket med gratis kjernetid, og resultatata vil komme hausten 2014.

Som følge av forslag i NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring* frå Østberg-utvalget er det sett i verk fleire tiltak. Utdanningsdirektoratet samarbeider med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) om å utvikle nettressursar for fleirkulturell praksis. Nettstaden morsmal.no er ein nettressurs retta mot både fleirspråklege barn og foreldre, samt pedagogar og tospråkleg personale i barnehage og skole.

NAFO har i perioden 2010–12 drive kompetansetiltak for fleirspråklege assistentar i samarbeid med tre høgskolar (Oslo og Akershus, Telemark og Dronning Mauds Minne). Tiltaket blir drive etter KOMPASS-modellen, som er utvikla av Høgskolen i Oslo og Akershus. I skoleåret 2011–12 har 96 assistentar delteke ved dei tre studiestadene – to klasser i Oslo, ei i Telemark og ei i Trondheim. 53 av assistentane har teke eksamen, som gir 15 studiepoeng. Tiltaket er i år fullfinansiert av Kunnskapsdepartementet som ei oppfølging av NOU 2010: 7.

NAFO og Høgskolen i Oslo og Akershus gjennomfører i 2012 pilotprosjektet TOSPASS om samanhengen mellom det å ha tospråklege assistentar i barnehagen og den norskspråklege utviklinga hos dei minoritetsspråklege barna. Prosjektet omfattar fem barnehagar, og evalueringa vil skje i slutten av 2012.

Regjeringa er oppteken av at alle barn som har særleg behov for språkstimulering, uansett morsmål, blir følgde opp tidleg. Ekspertutvalet som har vurdert verktøy som blir nytta til språkkartlegging i barnehagane, leverte rapporten sin i desember 2011. Formålet med språkkartlegging er at barnehagane skal finne fram til alle barn som strever med språket, slik at dei kan følgjast opp på ein god måte. Personalet må ha kjennskap til språkutvikling, kartlegging og språkstimulering. Utdanningsdirektoratet har derfor i 2012 fått i oppdrag å lage rettleiingsmateriale for barnehagar om kartlegging av språk hos barn og språkstimulering. Materialet skal ta utgangspunkt i rapporten frå ekspertutvalet.

Strategiar og tiltak

Det er framleis eit mål å auke talet på minoritetsspråklege barn i barnehagen, og å styrkje kompetansen til barnehagen på området språkstimule-

ring og fleirkulturell pedagogikk. Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 30 mill. kroner over kap. 226 til eit eige kompetanselyft for tilsette i barnehagar og skolar når det gjeld satsing på kunnskap om fleirspråklegheit og fleirkulturell pedagogikk, jf. omtale under kap. 226 post 21.

Mål: Prisen skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å ha barn i barnehage

Tilstandsvurdering

Maksimalprisen for foreldrebetalinga er frå 2005 redusert frå 2 750 kroner per måned til 2 330 kroner i 2012. Dette er ein reell reduksjon på om lag 33 pst. eller 1 150 kroner (2012-kroner) per måned.

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal ha ordningar som kan tilby dei barnefamiliane som har lågast moglegheit til å betale, ein reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling. Undersøkinga til Statistisk sentralbyrå (SSB) om foreldrebetaling frå januar 2012 viser at 22 pst. av kommunane har inntektsgraderte satsar. Andre kommunar tilbyr friplassar eller andre rabattordningar utanfor det ordinære

systemet for betaling til barnehagen. Alle kommunane tilbyr syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn i barnehage.

Barnetilsynsundersøkinga frå 2010 viste at det har vore ein auke i bruken av barnehage for barn frå familiar med låg utdanning og låg inntekt, men at bruken framleis er lågare enn for andre barn.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil føre vidare maksimalprisen på same nominelle nivå kvart år framover, til målet i Soria Moria-erklæringa om ei maksimalgrense for foreldrebetalinga på 1 750 kroner (2005-kroner) blir innfridd.

Foreldrebetalinga for eit ordinært heiltidstilbod vil i 2013 maksimalt utgjere 2 330 kroner per måned og 25 630 kroner per år. Departementet foreslår å løyve 273 mill. kroner i budsjettet for 2013, slik at maksimalprisen kan førast vidare på same nominelle nivå som i 2012. Inkludert heilårs-effekten av nominell vidareføring av maksimalprisen i statsbudsjettet for 2012, foreslår departementet ei samla løyving på om lag 336 mill. kroner til lågare pris i barnehagen.

Kap. 231 Barnehagar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	158 586	131 799	166 148
50	Tilskott til samiske barnehagetilbod	13 753	14 179	14 647
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	7 517	7 750	8 006
60	Driftstilskott til barnehagar, <i>overslagsløyving</i>	51 804	10 000	
61	Investeringstilskott, <i>overslagsløyving</i>	80 810	47 000	10 000
63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	118 523	122 108	126 015
64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>	16 860	9 400	6 500
	Sum kap. 231	447 853	342 236	331 316

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 51

Midlane blir nytta til forsking, utviklingsarbeid, kartleggingar, utgreiingar, kompetansetiltak, rekrutte-

ringstiltak, informasjons- og erfaringsspreiing i barnehagesektoren og utviklingsbehov som oppstår gjennom året. Delar av løyvinga dekkjer utgifter til lønn og administrasjon i departementet og Utdanningsdirektoratet knytte til drift av prosjektet GLØD.

Mål for 2013

Målet med løyvinga i 2013 er å medverke til å auke kvaliteten i barnehagane gjennom å føre vidare satsinga på kompetanse og rekruttering. Kompetansetiltaka vil medverke til at regjeringas mål om likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar blir nådd, og gjere det lettare for barnehagane å oppfylle formålsparagrafen til barnehagen. Midlane skal òg medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom forskning, undersøkingar og kunnskapsoversikter.

Rapport for 2011

I 2011 vart det nytta om lag 131 mill. kroner til kompetanseutvikling og rekrutteringstiltak over post 21. I tillegg vart det løyvt midlar til kvalitetsfremmande tiltak over post 51 og 63. Samla vart det nytta om lag 143 mill. kroner til kvalitetstiltak i 2011 over kap. 231.

Av midlane til kompetanseutvikling på post 21 vart 43 mill. kroner nytta til lokale kompetansetiltak i den nasjonale kompetansestrategien for å auke kompetansen til dei tilsette i barnehagen. Om lag 18 mill. kroner vart nytta til forskning og kunnskapsinnhenting over post 21. 5 mill. kroner av desse midlane vart tildelte forskingsprogrammet *Utdanning2020*. Til kompetanseutvikling for minoritetsspråklege studentar/assistentar vart det tildelt om lag 1,5 mill. kroner. Desse midlane vart tildelte Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) og nytta til fire klasser for tospråklege assistentar etter den modellen Høgskolen i Oslo og Akershus har for kompetanseheving av assistentar, KOMPASS. Rolla til NAFO var å tildele midlane til fire høgskolar, og å leie og følgje opp kompetansetiltaket.

Samla vart det nytta om lag 15 mill. kroner over post 21 til oppfølging av *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*. Av dei midlane som vart brukte til rekruttering, vart om lag 8 mill. kroner nytta til arbeidsplassbasert førskolelæruddanning. Midlane vart nytta til 135 studieplassar. Til rettleiingsprogrammet for nyutdanna førskolelærarar vart det nytta 3,5 mill. kroner. Det vart tildelt om lag 1,8 mill. kroner til utvalde fylkesmenn i pressregionar for å leggje til rette for målretta rekrutteringstiltak til førskolelæruddanninga og til barnehagane. Midlane gjekk til regionale rekrutteringstiltak i samarbeid med sentrale aktørar. Tiltaka i rekrutteringsstrategien har medverka til auka breidd og mangfald i utdanningstilbodet. Fleire nyttar seg av moglegheitene til å utdanne seg til førskolelærar gjen-

nom ulike etter-, vidare- og arbeidsplassbaserte utdanningstilbod.

Det vart i 2011 nytta om lag 4,3 mill. kroner til barnehagetiltak i regjeringas handlingsplan *Likestilling 2014*. Tiltaka har omfatta drift av likestillingsteam i alle fylke, og kompetanseheving i praktisk likestillingsarbeid for dei tilsette i barnehagane. Dette gjeld oppretting av og arbeid i rekrutteringsteam og demonstrasjonsbarnehagar og nasjonale erfaringskonferansar. Rekrutteringsteama dekte alle fylka, og dei fleste hadde forankring på ein høgskole. Demonstrasjonsbarnehagane hadde nådd målet om 20 pst. tilsette menn, og også desse var spreidde i ulike delar av landet. Dette har gitt lokal forankring og kontinuitet på eit område som krev langsiktig satsing.

Fylkesmennene vart i 2011 tildelte 23,5 mill. kroner til særskilde oppgåver på barnehagefeltet. Midlane vart nytta til informasjon, rettleiing, utviklingstiltak og kommunale nettverk. Fylkesmannsembeta har rettleidd og informert kommunane løpande gjennom året. Dei har halde samlingar og kurs for kommunen som barnehagemyndigheit om nasjonale føringar, lov og regelverk på barnehagefeltet. Dette har gjort sitt til å auke kompetansen hos kommunen som barnehagemyndigheit. 7,3 mill. kroner vart tildelte via Fylkesmannen for å stimulere aktørane i sektoren til å setje i verk særskilde utviklingstiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, og for å styrkje innsatsen for utvikling av fleirkulturell praksis i barnehagen.

Kunnskapsdepartementet oppretta hausten 2011 ei særskild leiarutdanning på masternivå for styrarar i barnehagar. Som følgje av stor interesse for studiet vedtok Stortinget i samband med revidert statsbudsjett for 2011 å løyve om lag 2,3 mill. kroner til å auke studiekapasiteten med 60 plassar, jf. Innst. 420 S (2010–2011) og Prop. 120 S (2010–2011). Totalt vart om lag 13 mill. kroner nytta til leiarutdanninga for styrarar i 2011.

Budsjettforslag for 2013

Regjeringa ønskjer å føre vidare og styrkje arbeidet med kompetanseheving og rekruttering. Kompetansen til personalet i barnehagen er avgjerande for kvaliteten på tilbodet. Mangelen på pedagogar og låg formell kompetanse til mange av assistentane i barnehagane krev vidare satsing for å rekruttere fleire pedagogar og for å heve kompetansen til tilsette i barnehagen. Departementet foreslår derfor å styrkje satsinga på kompetanseheving, og foreslår å auke løyvinga med 20 mill. kroner til ei mellombels ordning med etter-

og vidareutdanningstiltak for assistentar. Satsinga må sjåast i samanheng med den nye kompetansestrategien som er varsla.

Leiarutdanninga for styrarar vart utlyst frå Utdanningsdirektoratet som konkurranse med forhandlingar i 2010. Fem utdanningsinstitusjonar vart valde som tilbydarar av utdanninga, som er eit prøveprosjekt. Prosjektet blir gjennomført med to kull studentar/styrarar. Det første kullet starta hausten 2011, og det andre kullet startar i januar 2013. Delar av midlane vil gå til dei private institusjonane Dronning Mauds Minne Høgskole og Handelshøgskolen BI.

Departementet vil halde fram med å fordele midlar til etter- og vidareutdanning for ufaglærte assistentar. Dei private høgskolane Dronning Mauds Minne Høgskole og NLA Høgskolen vil vere blant tilskottsmottakarane, i tillegg til dei offentlege høgskolane som deltek i satsinga.

Delar av løyvinga på kap. 226 post 21 har i dei siste åra vore nytta til barnehageformål. For å synleggjere løyvingane til barnehageformål foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 231 post 21 med 10 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 226 post 21.

Post 50 Tilskott til samiske barnehagetilbod

Sametinget forvaltar tilskott til samiske barnehagar, barnehagar med samiske avdelingar, barnehagar med tilbod om samisk språkopplæring og prosjekt og utviklingsarbeid i barnehagar. Sametinget og Kunnskapsdepartementet har faste samarbeidsmøte på administrativt nivå, i tillegg til konsultasjonar etter behov og nærare avtale.

Mål for 2013

Formålet med tilskotta er å leggje til rette for at samiske barn skal få utvikle samisk språk og kultur i barnehagen.

Rapport for 2011

I 2011 mottok Sametinget om lag 13,8 mill. kroner i tilskott til samiske barnehagetilbod. I 2011 er det registrert 33 samiske barnehagar og 28 norsk-språklege barnehagar som gir samisk tilbod til høvesvis 823 barn og 91 barn. Om lag 70 pst. av dei samiske barnehagane ligg i Finnmark fylke. 68 pst. av barna har tilbod i Finnmark, 21 pst. i Troms, tre pst. i Nordland, to pst. i Nord-Trøndelag, ein pst. i Sør-Trøndelag og fire pst. i Oslo og Akershus. Dei siste åra har det vore ein nedgang i

talet på barn som får eit samisk barnehagetilbod. Sametinget skal i samband med si eiga melding om barnehagar drøfte problemstillinga.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 51 Forsking, kan nyttast under post 21

Midlane blir nytta til forskning i og om barnehagar. Løyvinga på posten må sjåast i samanheng med løyvinga til kompetanseutvikling på post 21.

Løyvinga blir forvalta av Noregs forskingsråd gjennom ulike forskingsprogram.

Mål for 2013

Målet er å få eit betre kunnskapsgrunnlag for barnehagepolitikken. Tilskottet skal medverke til å styrkje forskinga i og om barnehagar.

Rapport for 2011

Dei fleste prosjekta i forskingsprogrammet *PraksisFoU* vart avslutta i 2011, og endelege resultat frå dei fleste barnehageprosjekta låg føre i 2011 eller tidleg i 2012. *PraksisFoU* skulle fremme forskings- og utviklingsarbeid i lærarutdanningane, betre samanhengen mellom yrkesutdanning og yrkesutøving, og medverke til at forskingsbasert kunnskap vart teken i bruk. I alt inneheldt programmet 13 prosjekt som retta seg mot barnehagen. Prosjekta omhandlar tema som innhaldet i barnehagen, læring og utvikling, barnehagen som organisasjon, førskolelærarutdanninga, livslang læring, overgangen mellom barnehage og skole, og barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. På bakgrunn av prosjekta er det skriva 65 artiklar i nasjonale og internasjonale fagtidsskrift. I tillegg kjem ei stor mengd rapportar, bøker og populærvitenskaplege artiklar. Rapporten *Funn i praksis – ny kunnskap om barnehage* frå Forskringsrådet i 2012 presenterer mange av resultatane i tillegg til å gi ei meir detaljert oversikt over publikasjonane frå dei forskjellige prosjekta.

Dette er første gong Forskringsrådet har gjennomført ei samla programsatsing overfor forskning på barnehage og førskolelærarutdanning. *PraksisFoU* har dermed vore med på å skape nettverk og nye forskingsmiljø på eit relativt ungt forskingsfelt.

I 2011 vart det fordelt om lag 15 mill. kroner over kap. 231 post 21 og 51 til barnehageforskning

gjennom programma *PRAKUT (2010–2013)* og *Utdanning2020 (2009–2018)*.

I 2011 nytta departementet om lag 10 mill. kroner til *PRAKUT*, der 7,5 mill. kroner vart løyvde over post 51. *PRAKUT* er næmare omtalt under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m. Eitt av fire forskingsområde i *PRAKUT* er læring i barnehagar. Der er omsorg, leik og læring samt leing sentrale komponentar.

Utdanning2020 er eit tiårig forskingsprogram for utdanningssektoren – frå barnehage til doktorgradsutdanning, jf. nærmare omtale under programkategori 07.50. Over kap. 231 post 21 vart det i 2011 løyvt 5 mill. kroner til *Utdanning2020*.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 60 Driftstilskott til barnehagar, overslagsløyving

Ordinært driftstilskott til barnehagar

Målet med tilskottet har vore å medverke til å nå måla om full barnehagedekning, lågare foreldrebetaling og god kvalitet i barnehagane. Tilskottet vart innlemma i rammetilskottet til kommunane frå 1. januar 2011.

Rapport for 2011

Ein mindre del av løyvinga på kap. 231 post 60 vart halden utanfor innlemminga i rammetilskottet til kommunane i 2011 for å ta høgd for at nokre utbetalingar av driftstilskott for 2010 først ville bli gjennomførte i 2011. Det vart i 2011 utbetalt om lag 52 mill. kroner i driftstilskott til barnehagar.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at attverande løyving på 10 mill. kroner på kap. 231 post 60 blir overført til kap. 571 post 60 på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

Lønnstillegg til førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms

Lønnstillegget til førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms vart avvikla frå 1. januar 2012.

Rapport for 2011

Om lag 16,3 pst. og 10,4 pst. av styrarane og dei pedagogiske leiarane i Finnmark og Troms var utan godkjend utdanning ved utgangen av 2011 mot 14,1 pst. og 12,1 pst. i 2010. Mangelen på pedagogiske leiarar og styrarar utan godkjend utdanning varierer sterkt mellom dei ulike fylka. Delen pedagogiske leiarar og styrarar utan godkjend utdanning var i 2011 lågare både i Finnmark og Troms enn han til dømes var i Akershus, Oslo og Rogaland. Lønnstillegget utgjorde i 2011 10 000 kroner per år i full stilling. Om lag 206 000 kroner vart nytta til dette formålet i 2011.

Post 61 Investeringstilskott, overslagsløyving

Investeringstilskottet for nye barnehageplassar vart avvikla frå 1. januar 2012.

Rapport for 2011

Det vart i 2011 utbetalt om lag 81 mill. kroner i investeringstilskott til nye barnehageplassar. Tilskottet medverka til utbygging av om lag 7 040 nye heiltidsplassar, og det gav nær 5 600 fleire barn barnehageplass i 2011.

Budsjettforslag for 2013

Søknadsfristen for å få investeringstilskott til plassar oppretta i 2011 er innan utgangen av 2012. Det vil derfor vere behov for å løyve midlar på posten i 2013 for å ta høgd for eit etterslep av uhandsama søknader om investeringstilskott knytte til etableringa av barnehageplassar i 2011. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner i 2013 for å dekkje etterslepet.

Post 63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder

Tilskottet skal medverke til at kommunane kan utforme tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen både i og utanfor barnehagen, og skal samstundes motivere kommunane til å rekruttere fleire minoritetsspråklege barn til barnehagen. Tilskottet går mellom anna til å finansiere tospråklege assistentar i barnehagen og kompetanseutvikling for dei tilsette innanfor fleirkulturell praksis og tospråkleg utvikling hos barna. Tilskottet blir delt ut til kom-

munane ut frå talet på minoritetsspråklege barn som går i barnehage.

Mål for 2013

Målet er at minoritetsspråklege barn i førskolealderen skal få betre språkforståing.

Rapport for 2011

Totalt vart om lag 119 mill. kroner nytta over posten i 2011. Om lag 115 mill. kroner av desse vart fordelte til kommunane. KOSTRA-tal for 2011 viser at om lag 10 700 barn fekk tilbod om særskild språkstimulering utover det ordinære arbeidet med språkutvikling i barnehagen. Det tilsvarende talet i 2010 var 9 600 barn. Av dei som fekk tilbod i 2011, gjekk om lag 8 100 barn i offentlege barnehagar mot 7 300 barn i 2010, og om lag 2 600 barn i private barnehagar mot 2 300 barn i 2010. Totalt var det i 2011 i overkant av 1 100 fleire barn som fekk tilbod om særskild språkstimulering samanlikna med 2010.

3 mill. kroner vart tildelte NAFO og Høgskolen i Oslo og Akershus for pilotprosjektet TOSPASS, om samanhengen mellom det å ha tospråklege assistentar i barnehagen og den norskspråklege utviklinga hos dei minoritetsspråklege barna. Prosjektet omfattar fem barnehagar, og blir avslutta i 2012 med ei evaluering. I tillegg vart NAFO tildelt 1 mill. kroner til vidareutvikling av nettressursen morsmål.no.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 64 Tilskott til mellombelse lokale, overslagsløyving

Tilskottet til mellombelse lokale vart avvikla frå 1. januar 2012.

Rapport for 2011

Tilskottet har medverka til auka utbygging av barnehageplassar. Rapportering frå kommunane per 20. september 2010 viser at 34 pst. av kommunane nytta mellombelse lokale i 2010. Totalt var det om lag 9 800 faste plassar i mellombelse lokale per 20. september 2010. I 2011 vart det utbetalt totalt om lag 17 mill. kroner i tilskott til faste plassar i mellombelse lokale.

Budsjettforslag for 2013

Søknadsfristen for å få tilskott til mellombelse lokale til plassar oppretta i 2011 er innan utgangen av 2012. Det vil derfor vere behov for å løyve midlar på posten i 2013 for å ta høgd for eit etterslep av uhandsama søknader om tilskott til mellombelse lokale knytte til etableringa av barnehageplassar i 2011. Departementet foreslår å løyve 6,5 mill. kroner i 2013 for å dekkje etterslepet.

Programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
252	EUs program for livslang læring	174 627	210 207	242 402	15,3
253	Folkehøgskolar	664 581	685 582	718 206	4,8
254	Tilskott til vaksenopplæring	211 700	212 537	219 951	3,5
255	Tilskott til freds- og menneskeretts- sentra	63 417	65 383	67 856	3,8
256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompe- tansepolitikk	68 815	64 296	65 346	1,6
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	74 175	88 953	91 888	3,3
258	Tiltak for livslang læring	49 278	51 408	52 968	3,0
	Sum kategori 07.50	1 306 593	1 378 366	1 458 617	5,8

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
3256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompe- tansepolitikk	12 857	11 282	10 654	-5,6
	Sum kategori 07.50	12 857	11 282	10 654	-5,6

Innleiing

Eit høgt kunnskaps- og kompetansenivå i heile folket er grunnlaget for sosial utjamning og for at norske verksemder skal ha den kompetansen dei treng. Utdanning stimulerer òg til demokratisk deltaking, kulturell utvikling og til sjølvkjensle og identitet hos den einskilde. Det er derfor viktig å leggje til rette for at fleire vaksne skal kunne oppgradere kompetansen sin og tileigne seg ny kunnskap gjennom utdanning og opplæring.

Regjeringa vil arbeide for at fleire vaksne skal kunne kvalifisere seg til eit yrkesliv som er i sta-

dig utvikling. Regjeringa ønskjer særleg å løfte kunnskapsnivået for dei som treng det mest. God rettleiing og fleksible ordningar for læring er viktige tiltak.

Internasjonalisering er ein viktig del av norsk utdanningspolitikk. Kunnskap om språk og kultur er nødvendig for at det norske samfunnet, og spesielt næringslivet, skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi. Departementet vil leggje til rette for at fleire elevar, studentar og tilsette ved lære-
stadene får internasjonal kunnskap som vil vere nyttig for det norske samfunnet, ved sjølve å reise

til utlandet eller ved at elevar, studentar og tilsette frå lærestader i utlandet kjem til Noreg.

Departementet ønskjer å medverke til at unge og vaksne kan utvikle forståing for demokrati, menneskerettar og kultur gjennom å støtte vaksenopplæring, folkehøgskolar og arbeidet ved freds- og menneskerettssenter.

Regjeringa ønskjer ein lærande utdannings- og opplæringssektor som rekrutterer breitt og har produktive og gode forskingsmiljø. Forskingsbasert kunnskap er avgjerande for at det norske utdanningssystemet skal kunne utvikle seg vidare i tråd med forventningane frå samfunnet.

Fleire av aktivitetane som er omtalte under programkategori 07.50 blir òg omhandla og finansierte under andre programkategoriar.

Hovudprioriteringar for 2013

Lærarar i vaksenopplæringa deltek i liten grad i den etter- og vidareutdanningsordninga som er ein del av strategien *Kompetanse for kvalitet*. Departementet vil derfor setje av 20 mill kroner over fire år til å utvikle tiltak som skal leggje betre til rette for at fleire lærarar i vaksenopplæringa skal kunne ta etter- og vidareutdanning. Dette vil supplere satsinga på kompetanseutvikling for lærarar, leiarar og skoleeigarar i grunnopplæringa som arbeider med opplæring av minoritetsspråklege. Sjå nærmare omtale under kategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet vil halde fram med å styrkje satsinga på utdanningsforskning gjennom utdanningsforskningsprogramma i Noregs forskingsråd. Departementet foreslår å auke den samla rammeløyvinga til programma med 3,4 mill. kroner i 2013 slik at rammeløyvinga til *Utdanning2020* blir på 37,9 mill. kroner, medan rammeløyvinga til *PRAKUT* blir på 23,2 mill. kroner.

Om lag 50 000 elevar i grunnskolen fekk spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp i skoleåret 2010–11. Storleiken på denne gruppa aukar kvart år og utgjorde i 2010–11 om lag åtte pst. av elevane i grunnskolen. Det er behov for meir kunnskap om effektar av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, og meir kunnskap om årsakene til at barn og unge får slik hjelp og undervisning. Departementet vil derfor stimulere til meir forskning på dette feltet ved å setje av 3 mill. kroner årleg i ein femårsperiode til forskning på spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Tiltaket er ei oppfølging av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*.

For å medverke til eit kvalitetsløft i helse- og sosialfaga har regjeringa etablert eit praksisretta

forskningsprogram for helse- og velferdstenestene, *PraksisVEL*, gjennom Noregs forskingsråd. Sjå nærmare omtale under kategori 07.70 Forsking.

Departementet foreslår å auke løyvinga til EUs program for livslang læring (LLP) med 32,2 mill. kroner til 242,4 mill. kroner i 2013. Endringa kjem hovudsakleg som følgje av ein auke i kontingenten til programmet.

Aktiviteten ved folkehøgskolane har auka i dei siste åra. Departementet foreslår derfor å styrke løyvinga til folkehøgskolane med til saman 10 mill. kroner i 2013.

Mål: Vaksne som treng det, får opplæring

Noreg har i dag ein arbeidsmarknad med høg produktivitet og høge kompetansekrav til arbeidskrafta. Regjeringa ønskjer å medverke til at alle har høve til læring gjennom heile livet. Formålet er å hindre sosial ulikskap, medverke til at den einskilde skal ha tryggleik i arbeid og samfunnsdeltaking, og leggje til rette for at samfunnet skal få dekt kompetansebehova sine.

Tilstandsvurdering

Statistisk sentralbyrås (SSB) framskrivning av kunnskapsbehovet i framtida viser at behovet for ufaglært arbeidskraft har falle kraftig sidan 1970-åra, og at delen ufaglærte blant dei sysselsette ligg an til å bli redusert frå 27 pst. i 2007 til 18 pst. i 2030. Samtidig ventar ein at arbeidsløysa i denne gruppa vil auke. Om lag halvparten av dei arbeidslause i 2011 hadde ikkje fullført vidaregåande opplæring. Same året hadde 21 pst. av befolkninga mellom 25 og 66 år grunnskole som si høgste fullførte utdanning, 43 pst. hadde fullført utdanning på vidaregåande utdanningsnivå, medan 36 pst. hadde fullført utdanning på universitets- eller høgskolenivå.

Ifølgje tal frå Utdanningsdirektoratet (Udir) var det i skoleåret 2010–11 til saman 10 500 vaksne som deltok i grunnskoleopplæring. 52 pst. av desse deltok i ordinær opplæring, medan 48 pst. fekk spesialundervisning. Det var om lag 1 000 fleire vaksne i grunnskoleopplæring i 2010–11 enn i det førre skoleåret. I det same skoleåret var det 19 600 vaksne som deltok i vidaregåande opplæring. Det er ein nedgang på 1 100 personar, eller fem pst., frå skoleåret 2009–10.

Om lag 8 900 personar som var 25 år eller eldre, avla fag- og sveineprøve i 2010–11, viser tal frå SSB. Dette var om lag 100 fleire personar enn skoleåret før. For denne gruppa har det årlege talet på avlagde fag- og sveineprøver auka med 23

pst. i dei fem siste skoleåra. Av dei som gjekk opp til fag- og sveineprøva i 2010–11, bestod om lag 94 pst. prøva. Om lag tre av fire vaksne som går opp til fag- og sveineprøve, er praksiskandidatar. Sjå programkategori 07.20 for nærmare omtale av grunnopplæringa.

Lærevilkårsmonitoren er ei årleg kartlegging av læring og kompetanseutvikling blant vaksne, som blir gjennomført av SSB på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Den viser at det var ein markert nedgang i deltakinga i formell og ikkje-formell opplæring frå 2008 til 2010, men at nedgangen ser ut til å ha stoppa opp i 2011. 48,5 pst. av dei sysselsette deltok på kurs og anna opplæring i 2011, noko som er ein auke på to prosentpoeng frå fjoråret. Delen av sysselsette som opplever at dei har eit læringsintensivt arbeid, held seg framleis stabil på over 60 pst.

Tabell 4.7 Læring i arbeidslivet, 2006–11

	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Formell vidareutdanning	8,7 %		9,9 %	9,0 %	7,5 %	7,4 %
Kurs og anna opplæring	51,2 %		54,5 %	51,0 %	46,5 %	48,5 %
Læringsintensivt arbeid	61,7 %		63,5 %	63,0 %	61,5 %	64,4 %

For perioden 2010–12 har NIFU fått analyseoppdraget for Lærevilkårsmonitoren. Nye metodiske vurderingar gjer at tala for 2007 er utelatne fordi det vart nytta ei anna undersøking til datainnsamlinga det året. Dette har likevel inga følgjer for trenden i deltakinga over tid.

Kjelde: NIFU

Strategiar og tiltak

Ein viktig føresetnad for læringa til elevane er lærarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse. Denne premissen ligg til grunn for etter- og vidareutdanningsstrategien *Kompetanse for kvalitet*. Lærarar i vaksenopplæringa er òg omfatta av denne strategien, men sidan satsinga starta i 2009, er det relativt få av desse lærarane som har fått moglegheit til å delta i etter- og vidareutdanning. For å auke kvaliteten i vaksenopplæringa vil Kunnskapsdepartementet derfor setje av 20 mill. kroner over fire år til å utvikle tiltak som skal leggje til rette for at fleire lærarar i vaksenopplæringa skal kunne ta etter- og vidareutdanning.

Departementet vil hausten 2012 publisere ei oppsummering av regjeringas tiltak for å betre moglegheitene for vaksne til å oppnå utdanning på vidaregåande opplæringsnivå.

For å medverke til at fleire vaksne med låg formell utdanning skal kunne fullføre vidaregåande opplæring, har departementet sett i verk forsøk med modellar som skal leggje betre til rette for at vaksne kan delta i vidaregåande opplæring. I 2010 vart det sett i gong forsøk med vidaregåande opplæring for arbeidssøkjjarar i fire fylke, og i 2011 vart det i fem fylke starta opp forsøk med vidaregåande opplæring i tilknytning til arbeidsplassen. Fylkeskommunane, NAV, lokale verksemder og opplæringstilbydarar samarbeider om å utvikle tilpassa modellar for vidaregåande opplæring. Forsøksordninga for arbeidssøkjjarar varer etter planen ut 2012 og blir forvalta av Utdanningsdirekto-

ratet (Udir), medan forsøksordninga på arbeidsplassen blir forvalta av Vox og skal etter planen vare ut 2013.

I Meld. St. 30 (2010–2011) *Fordelingsmeldingen* varslar regjeringa at ho vil vurdere ei vidareføring av forsøka med vidaregåande opplæring for arbeidssøkjjarar etter at forsøksperioden har løpt ut og forsøka er grundig evaluerte. Departementet har i 2012 starta arbeidet med å evaluere forsøka med utprøving av nye modellar for vidaregåande opplæring. Som ei anna oppfølging av Meld. St. 30 (2010–2011) vil departementet setje i verk forsøk i tre fylke knytte til moglegheiter for arbeidssøkjjarar til å avleggje fagbrev. Departementet har bedt Udir utarbeide ein rapport om korleis desse nye forsøka vil kunne supplere dei som alt er i gang på best tenlege vis. Når rapporten ligg føre, vil departementet vurdere innretninga for dei nye forsøka.

Departementet har gitt Noregs forskingsråd i oppgåve å lyse ut midlar til forskingsprosjekt som skal medverke til meir og betre kunnskap om årsakene til at vaksne med lite formell utdanning og svake grunnleggjande dugleikar i liten grad deltek i opplæring, og om effektane av å delta i opplæring for denne gruppa. Satsinga er organisert under utdanningsforskningsprogrammet *Utdanning2020*, og etter planen skal departementet setje av til saman 25 mill. kroner i perioden 2012–16 til dette formålet. Satsinga skal òg medverke til å styrkje kvaliteten og kapasiteten i norsk forskning på området, og til betre utnytting av internasjonalt komparative data om læring blant vaksne.

Mål: Kunnskap om samfunnets kompetansebehov

God og regelmessig oppdatert kunnskap om behov for kompetanse er nødvendig for at utdanningssystemet skal kunne medverke til å utdanne den arbeidskrafta samfunnet treng i framtida. Tilgang til kompetent arbeidskraft er avgjerande for å halde oppe offentlege tenestetilbod av god kvalitet, og for at det skal vere mogleg for næringslivet å utvikle konkurransedyktige og miljøvennlege produkt og tenester.

Eit solid datagrunnlag, forskning og gode analysar er viktige verktøy for arbeids- og samfunnslivet generelt og for utdannings- og opplæringssektoren spesielt. Det er eit mål at kompetansepolitikken er innretta med omsyn til dei framtidige behova i arbeidsmarknaden og samfunnet.

Tilstandsvurdering

Statistisk sentralbyrå (SSB) har sidan 1990-åra utvikla og nytta makroøkonomiske modellar for å lage framskrivingar av tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft, og i dei siste åra har SSB publisert fleire rapportar baserte på desse framskrivningane. To rapportar frå 2010 og 2011 viser at det fram mot 2030 vil vere aukande etterspurnad etter arbeidarar med utdanning på universitets- og høgskolenivå, og frå yrkesfaglege studieretningar på vidaregåande opplæringsnivå. Desse trendane er stabile òg når det blir teke omsyn til moglege økonomiske kriser i perioden.

I 2012 la SSB fram ein ny rapport basert på LÆRERMOD om det framtidige behovet for lærarar og førskolelærarar. Rapporten anslår at det med ei vidareføring av standarden i skoletilbodet i dag vil vere behov for 5 200 nye lærarar og førskolelærarar i 2020. Dette er ein reduksjon i behovet for lærarar på om lag 60 pst. samanlikna med anslaget i ein tilsvarende rapport frå 2009. Reduksjonen kjem hovudsakleg av at det er oppretta fleire studieplassar ved lærarutdanningane. Sjå òg nærmare omtale av lærarsatsinga GNIST under kap. 226 post 21.

I ein annan rapport frå 2012 har SSB simulert arbeidsmarknaden for helse- og sosialpersonell fram mot 2035. Som følgje av aldringa av befolkninga vil behovet for helsepersonell auke sterkt i åra framover. Dette gjeld særleg etterspurnaden etter helsefagarbeidarar, sjukepleiarar, helsesyster, fysioterapeutar og bioingeniørar.

Strategiar og tiltak

På oppdrag frå departementet har Vox utarbeidd ein rapport med utgreiing av grunnlaget for eit heilskapleg system for kartlegging og analysar av og dialog om framtidens kompetansebehov i Noreg. Rapporten inneheld òg Vox' vurderingar av og tilråding om innretninga av eit slikt system. Departementet har sendt ut ei høyring med frist 1. oktober 2012 om behovet for og organiseringa av eit system for analyse og formidling av kompetanseframskrivingar i Noreg.

Kunnskapsdepartementet har saman med Arbeidsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet inngått ein avtale med SSB om utvikling av modellar for framskriving av tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft. Oppgradering av modellen MOSART gjer det mogleg å simulere framtidig tilbod om arbeidskraft fordelt på ei rekkje utdanningstypar, og sjå i samanheng det samla tilbodet av og etterspurnaden etter arbeidskraft fordelt på ulike utdanningar. SSB publiserte våren 2012 artikkelen «Utdannes det riktig kompetanse for fremtiden?», som nyttar den oppgraderte MOSART-modellen. Hovudkonklusjonen er at det norske utdanningssystemet er godt tilpassa framtidens etterspurnad etter arbeidskraft, men at det truleg blir utdanna for få lærarar, helsepersonell, ingeniørar og andre med realfagsbakgrunn, og personar med vidaregåande fagutdanning retta inn mot industri og byggje- og anleggsverksemd. SSB peikar òg på at utdanninga av personar med økonomi og administrasjon, samfunnsfag, sosialfag og humanistiske og estetiske fag kan ligge i overkant av den forventade etterspurnaden.

Datainnsamlinga til *PIAAC – den internasjonale undersøkinga om lese- og talforståing* vart gjennomført som planlagd og avslutta våren 2012. *PIAAC* vil gjere det mogleg å måle dugleikar og kompetanse i den vaksne delen av befolkninga og samanlikne resultatane med andre land. Ein vil òg kunne analysere korleis arbeidstakarar nyttar dugleikane sine på arbeidsplassen og korleis dugleikane endrar seg gjennom deltaking i arbeidsmarknaden. I Noreg og dei andre deltakarlanda blir det arbeidd med kvalitetssikring og tilrettelegging av datamaterialet fram mot offentliggjerings- og resultatane hausten 2013. Den norske deltakinga i *PIAAC* blir i 2013 finansiert av Kunnskapsdepartementet over kap. 226 post 21, og av Arbeidsdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Departementet har fastsett eit nasjonalt heilskapleg kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Rammeverket omtaler læringsutbyttet på alle utdanningsnivåa, frå grunnskole til doktorgrad. I løpet av første halvår 2013 vil NKR etter planen bli kopla til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF), som skildrar utdanningskvalifikasjonar på europeisk nivå og er eit verkøy for å kunne samanlikne utdanningssystemet i ulike land.

Mål: Solid kunnskap om utdannings- og opplæringssektoren

Det overordna målet for utdanningsforskninga er å medverke til å heve kvaliteten i barnehagane, i skolane og i høgre utdanning. Departementet vil halde fram med satsinga på utdanningsforskning ved å leggje til rette for meir og betre kunnskap om utdannings- og opplæringssektoren, og for at denne kunnskapen skal komme betre til nytte.

Tilstandsvurdering

Den langsiktige oppbygginga av norsk utdanningsforskning er ført vidare og har vorte styrkt i 2012. Forskningsprogrammet *Utdanning2020 (2009–2018)* har til no finansiert 22 forskarprosjekt og 19 forprosjekt med ei samla kostnadsramme på om lag 180 mill. kroner. Interesse for *Utdanning2020* er stor i forskingsmiljøa, og så langt er det søkt om 1,3 mrd. kroner fordelte på 220 prosjekt. Vurderingane frå dei internasjonale ekspertpanela som har vurdert prosjekta, viser at mange av prosjekta ligg på eit høgt fagleg nivå og har tydeleg relevans. Innanfor utdanningsforskninga er det følgeleg kapasitet og kvalitet til å styrkje og vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget om og for utdannings- og opplæringssektoren.

I tillegg til dei ordinære utlysingane blir det gjennom *Utdanning2020* lyst ut til saman 25 mill. kroner til ei eiga satsing retta mot læring hos vaksne. Gjennom *Utdanning2020* er det i 2012 òg sett i gang eit eige forskingsprosjekt om kvaliteten i barnehagesektoren, og eit prosjekt om kvaliteten i høgre utdanning.

I samband med *Utdanning2020* er det sett i verk særskilde tiltak for å styrkje internasjonaliseringa av norsk utdanningsforskning. Programmet har mellom anna gitt støtte til den nordiske fellessatsinga på utdanningsforskning gjennom programmet *Education for Tomorrow (2012–2016)*. Dette er eit program som NordForsk, Nordisk Ministerråd og dei nasjonale forskingsråda i Norden har gått saman om.

PRAKUT (2010–2014) har som mål å få fram forskning om korleis barnehagane, grunnopplæringa og lærarutdanningane nyttar gode erfaringar og kunnskap. *PRAKUT* skal òg medverke til å styrkje FoU-arbeidet ved lærarutdanningane. I 2011 lyste programmet ut prosjektmidlar for til saman 75 mill. kroner, og i 2012 vart midla tildelte til sju nye forskingsprosjekt knytte til temaområda læring i barnehagar, i grunnopplæringa, og i ulike samfunnskontekstar og -arenaer. Til saman er det starta opp elleve forskingsprosjekt under programmet. Satsinga på Nasjonal forskarskole for lærarutdanningane (NAFOL) inngår som ein del av *PRAKUT*, og gjennom forskarskolen får stipendiatane i *PRAKUT* systematisk fagleg rettleiing og støtte.

Strategiar og tiltak

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet vart det lagt fram ein strategi for å styrkje utdanningsforskninga, *Kunnskap for kvalitet 2008–2013*. Departementet held fram med å følgje opp strategien gjennom forskingsprogramma i Noregs forskingsråd, Kunnskapssenteret for utdanning, forskarskolen NAFOL, direkte FoU-oppdrag, og støtte til ei eining for psykometrisk forskning. Til saman skal desse tiltaka medverke til å auke kapasiteten i og rekrutteringa til forskingsfeltet og stimulere til betre kvalitet og relevans i utdanningsforskninga. Målet er at forskinga skal gi eit stadig meir solid kunnskapsgrunnlag for politikktutvikling og fornying, og motivere til ein meir kunnskapsbasert praksis i sektoren. Eit rikare tilfang av god utdanningsforskning vil medverke til ei betre forståing av kva som fungerer for å få til fornying og kvalitetsutvikling ved utdanningsinstitusjonane.

Departementet ønskjer å medverke til at utdanningsforskninga held høg kvalitet og i størst mogleg grad er relevant for behova i sektoren. Ein solid kunnskapsbase gjer at vi kan forstå betre kva som skjer på ulike nivå, og kva som må til for at styring, organisering, utvikling og læring kan fungere betre i utdannings- og opplæringssektoren. Kunnskapssenteret for utdanning skal ha oversikt over nasjonal og internasjonal forskning som gir innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdannings- og opplæringssektoren. Senteret skal òg formidle denne kunnskapen og dermed medverke til at opplæringa i barnehagane, grunnopplæringa og høgre utdanning er basert på den beste tilgjengelege kunnskapen. Gjennom senteret vil arbeidet med formidling av resultat frå utdanningsforskninga bli styrkt slik at desse kan kome betre

til nytte og bli tekne i bruk. Solide forskingsmiljø med evne til samarbeid er avgjerande for kvalitet og fornying i utdanningsforskninga. Dette er òg viktig for at norske utdanningsforskarar kan hevde seg internasjonalt. Arbeidet med å stimulere til meir tverrfagleg samarbeid og sterkare internasjonal orientering vil halde fram. Kunnskapsdepartementet vil i 2013 bli finansiert over kap. 226 post 21.

Departementet legg i 2013 opp til å styrkje satsinga på utdanningsforskning. Frå 2013 vil departementet setje av 3 mill. kroner årleg i ein femårsperiode til forskning på spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp. Om lag 50 000 elevar i grunnskolen fekk spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp i skoleåret 2010–11. Storleiken på denne gruppa aukar kvart år og utgjorde i 2010–11 om lag åtte pst. av elevane i grunnskolen. Det er behov for meir kunnskap om effektar av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, og meir kunnskap om årsakene til at barn og unge får slik hjelp og undervisning. Midlane vil bli løyvde gjennom *Utdanning2020*, og tiltaket er ei oppfølging av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*. Forutan denne øyremerkte løyvinga vil rammeløyvinga til *Utdanning2020* vere på 37,9 mill. kroner i 2013 og bli finansiert over kap. 226 post 21, kap. 231 post 21, kap. 258 post 21, kap. 281 post 50 og kap. 286 post 52.

PRAKUT vil ha ei rammeløyving på 23,2 mill. kroner i 2013 og bli finansiert over kap. 226 post 21, kap. 231 post 21, kap. 231 post 51 og kap. 281 post 50.

Eit ekspertpanel av forskarar frå Noreg, Sverige og Danmark har fått i oppgåve å evaluere dei to utdanningsforskningsprogramma *Utdanning-2020* og *PraksisFoU*, eit praksisretta program som vart avslutta i 2010 og som *PRAKUT* byggjer på. Panelet skal vurdere fagleg kvalitet, resultat, samfunnsrelevans og effektar av dei aktivitetane som er sette i gang. Panelet skal òg gi råd om vidare drift og organisering av utdanningsforskningsprogramma til Forskningsrådet. Evalueringsrapporten skal etter planen liggje føre innan mars 2013.

Ei ny eining for psykometrisk forskning ved Universitetet i Oslo vart oppretta 1. oktober 2012. Eininga blir finansiert over kap. 226 post 21 og skal medverke til nasjonal kompetanseutvikling innan pedagogiske målingar og til å utvikle og formidle kunnskap til utdanningssektoren.

For å medverke til eit kvalitetsløft i helse- og sosialfaga har regjeringa etablert eit praksisretta forskningsprogram for helse- og velferdstenestene, *PraksisVEL*, gjennom Noregs forskningsråd. Sjå nærmare omtale under kategori 07.70 Forsking.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Forskningsrådet lyst ut om lag 6 mill. kroner (1 mill. US-dollar) for perioden 2012–16 for å støtte forskings- og formidlingsopphald i Noreg for toppforskarar innan utdanningsforskning frå Nord-Amerika. Ordninga skal medverke til meir samarbeid mellom utdanningsforskarar i Noreg og Nord-Amerika, til å spreie resultat av nordamerikansk forskning i Noreg, og til kompetansebygging i norske forskingsmiljø.

Mål: Fremming av internasjonal mobilitet og forståing for menneskerettane og kultur

Departementet ønskjer å fremme deltaking i demokratiske prosessar og forståing for menneskerettane, fred og kultur gjennom å gi tilskott til vaksenopplæring, folkehøgskolar og freds- og menneskerettssentra.

Gjennom norsk deltaking i internasjonale mobilitetsprogram vil departementet til leggje for at elevar, studentar og tilsette ved lærestadene får høve til å skaffe seg internasjonal kompetanse.

Tilstandsvurdering

Internasjonalisering er ein viktig del av norsk utdanningspolitikk, og det er nødvendig å stimulere den faglege utviklinga til institusjonane, elevane og studentane på dette området. Kunnskap om språk og kultur er svært viktig for at det norske samfunnet, og spesielt næringslivet, skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi, og for at nyutdanna personar skal vere kvalifiserte for eit stadig meir internasjonalt samfunns- og næringsliv. Norsk deltaking i internasjonale mobilitetsprogram er eit viktig tiltak i denne samanhengen.

Freds- og menneskerettssentra medverkar til å formidle demokratiske verdiar og holdningar til barn og unge. Gjennom utstillingar og pedagogiske undervisningsopplegg gir dei kvart år opplæring til fleire tusen elevar i grunnopplæringa. Fleire av sentra tilbyr òg opplæring for studentar og lærarar. Sentra har ulik profil, nyttar ulike verkemiddel og har forskjellige pedagogiske opplegg som dei presenterer for elevane. Felles for alle sentra er at dei på bakgrunn av erfaringar frå tidlegare konfliktar og krigar ønskjer å fremme dialog, samhandling og forståing.

Dei 77 folkehøgskolane i Noreg er eit alternativ og supplement til det formelle utdanningssystemet. I dei seinare åra har det totale elevtalet på folkehøgskolane lege på 6 000–7 000 årselevar, det vil seie rundt ti pst. av eit årskull 19-åringar. Eit år på folkehøgskole kan for mange unge gi mogleg-

heit til å utvikle seg i ein modningsfase i overgangen til vaksenlivet.

Strategiar og tiltak

Departementet vil medverke til at det skal vere mogleg for elevar, studentar og tilsette i utdanningssektoren i Noreg å skaffe seg internasjonal kompetanse. Deltaking i EUs program for livslang læring, *Action Programme in the field of Lifelong Learning 2007–2013* (LLP), legg til rette for at elevar og studentar kan ta delar av utdanninga si i utlandet, at tilsette ved norske lærestader kan ha arbeidsopphald i utlandet, og at elevar, studentar og tilsette frå utanlandske lærestader kan komme til Noreg. Formålet med programmet er å fremje

mobilitet, internasjonal forståing og samarbeid innafor utdannings- og opplæringssektoren. EU arbeider med å avklare innretninga på eit nytt program for utdanning og mobilitet som vil gjelde frå 2014 til 2020.

Departementet gir støtte til drift og utvikling av sju freds- og menneskerettssenter. Desse sentra skal medverke til formidling, dokumentasjon og forskning på områda fred, menneskerettar, fangehistorie og folkemord, og gjere sitt til at elevar i grunnopplæringa kan få opplæring i demokratiske verdiar og holdningar.

Folkehøgskolane legg vekt på allmenndanning og folkeopplysning. Pedagogisk fridom er eit særtrekk ved folkehøgskolane, som er eksamensfrie og ubundne av pensum.

Kap. 252 EUs program for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	Saldert budsjett 2012	
70	Tilskott	174 627	210 207	242 402
	Sum kap. 252	174 627	210 207	242 402

Post 70 Tilskott

Mål for 2013

Noreg deltek i EUs program for livslang læring, *Action Programme in the field of Lifelong Learning 2007–2013* (LLP). Målet med norsk deltaking er å fremme større mobilitet i heile utdanningssektoren. Mobilitet skal medverke til å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystemet. Gjennom deltaking i programmet får norske aktørar sjansen til å samarbeide med elevar, studentar og tilsette ved utdanningsinstitusjonar frå dei fleste landa i Europa, anten ved sjølve å reise utanlands eller ved at elevar, studentar og tilsette frå lærestader i Europa kjem til Noreg.

LLP dekkjer heile utdanningsløpet frå barnehage til vaksenopplæring og består av fire sektoraktivitetar: Comenius, Erasmus, Leonardo da Vinci og Grundtvig. Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) er nasjonal koordinator for programmet.

Rapport for 2011

Comenius er eit program for samarbeid mellom barnehagar, grunnskolar og vidaregåande skolar i

europeske land. Programmet gir økonomisk støtte både til personar og til institusjonar. Talet på søknader med norsk deltaking auka frå 146 i 2010 til 159 i 2011, medan talet på godkjende søknader heldt seg stabilt, slik det har vore i heile programperioden. 92 søknader vart godkjende i 2011. Den årlege prosentdelen søknader som blir innvilga (utteljingsprosent), har dermed felle i dei siste åra og var på 58 pst. i 2011. Talet på deltakarar held seg òg nokolunde stabilt. I 2011 deltok 1 876 personar i utveksling gjennom Comenius-partnerskap, noko som var ein nedgang på to pst. frå 2010, men ein auke på sju pst. frå 2008. 53 pst. av søknadene i 2011 kom frå grunnskolar, 42 pst. frå vidaregåande skolar, og fem pst. frå barnehagar og andre institusjonar. Tema for Comenius-partnerskapane er i hovudsak språk, europeisk dimensjon og borgarskap, kulturarv, miljøspørsmål, interkulturell utdanning, kunnskap om andre land, aktivt medborgarskap og helse.

Erasmus er EUs program for samarbeid innanfor høgre utdanning. Programmet gir økonomisk støtte til institusjonar slik at både studentar, vitenskapleg tilsette og andre tilsette ved institusjonane får moglegheit til å studere eller arbeide i Europa. I alt 55 norske høgre utdanningsinstitusjonar har tilgang til deltaking i Erasmus' mobili-

tetsaktivitetar. I studieåret 2010–11 var det 1 529 Erasmus-studentar frå Noreg som reiste utanlands. Dette var ein auke på 13 pst. samanlikna med førre studieåret og ein auke på 33 pst. samanlikna med første året i programperioden. Til saman har om lag 5 500 Erasmus-studentar frå Noreg reist utanlands sidan 2007–08. Samstundes har talet på Erasmus-studentar til Noreg auka jamt i denne perioden, frå 2 847 i 2007–08 til 4 281 i 2010–11, ein auke på 50 pst. Noreg tek dermed imot langt fleire utvekslingsstudentar gjennom Erasmus enn vi sender ut, noko som òg er tilfellet for ein del andre vesteuropeiske land. I studieåret 2010–11 var det 615 vitskapleg tilsette og andre tilsette som reiste utanlands til ein annan institusjon. Dette er ein auke på ni pst. frå førre studieår, medan auken frå oppstartsåret 2007–08 er på 27 pst. I 2010–11 var det 660 vitskaplege tilsette og andre tilsette som kom til Noreg gjennom Erasmus, ein auke på 47 pst. frå 2007–08.

Leonardo da Vinci er eit program for samarbeid innanfor fag- og yrkesopplæringa i EU. Programmet legg til rette for kompetanseutvikling gjennom utplassering i bedrifter eller i yrkesfaglege utdanningsinstitusjonar i europeiske land. Mange norske utdanningsinstitusjonar og bedrifter bruker ordninga som eit verkemiddel for å

auke rekrutteringa innanfor ulike fag, fremme lærelyst og motivasjon, og førebu norske elevar og lærlingar på arbeid ved fleirkulturelle arbeidsplassar. Det er ei god geografisk og fagleg spreiding blant søkjarane. I 2011 mottok programmet 80 søknader mot 92 året før. Samstundes auka talet på deltakarar frå 801 i 2010 til 920 i 2011, ein auke på 15 pst. Sidan oppstartsåret 2008 har talet på deltakarar auka med 36 pst. Dei norske programdeltakarane var i 2011 utplasserte i til saman 260 mottakarinstitusjonar i 27 partnerland i Europa.

Grundtvig er EUs program for samarbeid mellom institusjonar og organisasjonar som legg til rette for læring blant vaksne. Gjennom økonomisk støtte gjer ordninga det mogleg å samarbeide med andre europeiske land for å lære meir om læring blant vaksne. Etter at det i 2010 vart rapportert om ein nedgang i talet på søknader til Grundtvig-partnerskapen, var det i 2011 ein auke i søkinga på 50 pst. I 2011 var det 36 søknader mot 24 året før, og dette er det største talet på søknader sidan programmet starta opp i 2007. I 2011 var det 228 deltakarar gjennom Grundtvig-partnerskapane. Dette er ein auke på seks pst. frå 2010, men det årlege deltakartalet har heldt seg nokolunde stabilt i programperioden

Tabell 4.8 Deltaking i EUs program for livslang læring, 2007–11

Studieår	2007/08	2008/09	2009/10	2010/11	Endring 2007/08–2010/11
<i>Erasmus*</i>					
Utreisande studentar	1 154	1 410	1 356	1 529	32,5 %
Innreisande studentar	2 847	3 402	3 865	4 281	50,4 %
Utreisande lærarar og tilsette	482	477	561	615	27,6 %
Innreisande lærarar og tilsette	448	482	670	660	47,3 %
Kalenderår	2008	2009	2010	2011	Endring 2008–2011
<i>Comenius</i>					
Deltakarar i partnerskap	1 748	1 760	1 920	1 876	7,3 %
<i>Grundtvig</i>					
Deltakarar i partnerskap	228	240	216	228	0 %
<i>Leonardo da Vinci**</i>					
Deltakarar i mobilitetsprosjekt	675	762	801	920	36,3 %

* Tala for studieåret 2010–11 er førebelse.

** Tilsvarande tabell i Prop. 1 S (2011–2012) nytta talet på omsøkte deltakarar til Leonardo da Vinci, og ikkje talet på personar som faktisk deltok i mobilitetsprosjekta. Tala i årets tabell vil derfor vere lågare enn dei som vart rapportert i fjor.

Kjelde: Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU).

Alle dei fire sektoraktivitetane i LLP medverkar til å stimulere den faglege utviklinga til institusjonane, elevane, dei tilsette og studentane. Dette byggjer opp under det at den norske utdanningspolitikken legg vekt på internasjonalisering som eit viktig verkemiddel. Språkkompetanse og kulturkunnskap er svært viktig for at næringslivet og samfunnet skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi, og for at nyutdanna personale skal vere kvalifisert for eit stadig meir internasjonalt samfunns- og næringsliv.

Budsjettforslag for 2013

Kontingenten for 2013 er berekna til om lag 234,1 mill. kroner. Vidare er det sett av 8,3 mill. kroner som skal dekkje kostnadene for fem norske nasjonale ekspertar under LLP. Departementet foreslår ei løyving på 242,4 mill. kroner. Endringa frå 2012 kjem i hovudsak av ein auke i kontingenten.

Kap. 253 Folkehøgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
70	Tilskott til folkehøgskolar	659 685	680 135	712 579
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	3 725	4 240	4 380
72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	1 171	1 207	1 247
	Sum kap. 253	664 581	685 582	718 206

Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Mål for 2013

Målet med tilskottet er å fremme allmenndanning og folkeopplysning gjennom å medverke til at det kan opprettast og drivast folkehøgskolar.

Om ordninga

Folkehøgskolane er eit supplement til den læringa som finn stad gjennom det ordinære utdanningssystemet og i arbeidslivet. Tilskottet er tredelt. Basistilskottet er likt for kvar folkehøgskole. Elevtilskottet

blir fastsett på grunnlag av gjennomsnittleg elevtal for dei siste tre åra før det føregåande året. Tilskott til husleige blir fordelt etter innstilling frå Folkehøgskolerådet. I tillegg får fire folkehøgskolar der ein stor del av elevane har redusert funksjonsevne, eit særskilt tilskott for desse elevane. Folkehøgskolane gir tilbod om langkurs på 16,5 veker eller meir og kortkurs på minst tolv timar. Føresegner om kursordningar, elevrapportering, tilskottsmodell m.m. er gitt i forskrifta til folkehøgskolelova. Nordnorsk Pensjonistskole og Norsk senter for seniorutvikling er godkjende som folkehøgskoleliknande tiltak, og får tilskott etter folkehøgskolelova.

Tabell 4.9 Elevtal i folkehøgskolane 2007–11

	2007	2008	2009	2010	2011
Elevar med langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	11 908	12 014	13 160	13 840	14 747
Elevar kortkurs (3 dagar–16 veker)	18 588	16 849	19 011	19 049	17 039
Sum elevar	30 496	28 863	32 171	32 889	31 786
Årselevar langkurs	6 130	6 291	6 539	6 945	7 077
Årselevar kortkurs	756	714	794	745	676
Sum årselevar	6 886	7 005	7 333	7 690	7 753
Sum godkjende årselevar/ fastsett elevtal	6 879	6 851	7 280	7 608	7 695
Tilskottselevar	7 269	7 181	7 136	6 989	7 063

Rapport for 2011

Elevtalet på langkurs har auka med 6,6 pst. frå 2010 til 2011. Talet på deltakarar på kortkurs viser ein nedgang på heile 10,6 pst. frå 2010 til 2011.

Budsjettforslag for 2013

Folkehøgskolane har dei siste åra hatt ei auke i aktiviteten og departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskolane. Både Norsk Folkehøgskolelag og Noregs Kristelige Folkehøgskolelag har medlemmer i rådet. I tillegg har rådet eit fast sekretariat. Tilskottet medverkar til at Folkehøgskolerådet kan ta hand om fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å medverke til at Folkehøgskolerådet kan fremme

Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
70	Tilskott til studieforbund	184 951	184 951	189 054
71	Tilskott til nettskolar	13 304	13 716	15 169
72	Tilskott til Studiesenteret Finnsnes	3 868	3 996	4 128
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	9 577	9 874	11 600
	Sum kap. 254	211 700	212 537	219 951

Post 70 Tilskott til studieforbund

Mål for 2013

Tilskottet til studieforbund skal medverke til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby fleksibel og brukartilpassa opplæring for vaksne.

I samsvar med vaksenopplæringslova skal studieforbunda drive opplæringsaktivitet på grunnlag av desse overordna måla:

- medverke til å halde ved like og styrkje demokratiet og leggje grunnlaget for ei berekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgarar
- gjere det mogleg for menneske å påverke sin eigen livssituasjon

kunnskap om og utvikling innanfor skoleslaget. Rådet har i tråd med oppdrag i tilskottsbrevet gitt innstilling til fordeling av husleigetilskott, og har dessutan avlasta departementet og Utdanningsdirektoratet ved å gi råd og rettleiing til skolane.

Frå 2012 inkluderer tilskottet finansiering av ei stilling som internasjonal sekretær som er overført frå kap. 226 post 21.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar

Tilskottet medverkar til at det kan drivast nordisk folkehøgskoleverksemd. Tilskottet går til dekning av utgifter til norske lærarressursar ved Nordiska folkhögskolan i Kungälv og til norsk deltaking på kursa ved Den Nordiske Folkehøgskolen i Genève. Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

- kjempe mot utstøyting og medverke til inkludering
- medverke til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i eit samfunn og arbeidsliv i stadig endring
- styrkje det kulturelle mangfaldet og auke deltakinga i kulturlivet
- vere ein sjølvstendig arena for læring og eit supplement til offentlege utdanningstilbod for vaksne

Ein mindre del av tilskottet kan nyttast til å refundere kostnader til opplæring i samisk språk som blir gjennomført av godkjende studieforbund eller nettskolar, jf. forskrift til samelova om rett til opplæring i samisk.

Rapport for 2011

Ifølgje offisiell statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) rapporterte 20 av dei 22 godkjende studieforbunda om til saman 42 600 kurs med rett til tilskott i 2011. Kursa hadde til saman 470 700 deltakarar, og dei fleste deltok på kurs innanfor estetiske fag og handverksfag. Dei tre største studieforbunda står som mottakarar av 58 pst. av det statlege tilskottet. SSB opplyser om at grunna endringar i innrapporteringa kan ikkje statistikken for aktiviteten i 2011 utan vidare samanliknast med tal frå tidlegare år. Med utgangspunkt i grunnlagsdata frå SSB har Vox laga ein oversikt med samanliknbare tal. Vox oppgir at det frå 2010 til 2011 var ein samla auke på seks pst. i talet på kurs. Talet på kortare kurs, som ikkje vart rekna med i den gamle tilskottsordninga, auka med 52 pst. i same periode, medan talet på lengre kurs auka med to pst. Nokre kurs utmerker seg med svært høgt timetal og få deltakarar.

Studieforbunda skal i årsmeldinga si rapportere på dei seks overordna måla som er fastsette i vaksenopplæringslova. Av 22 godkjende studieforbund er det tre som ikkje har levert årsmelding for 2011, og ytterlegare seks som ikkje har rapportert på måla. Dei 13 studieforbunda som har rapportert på måla, har gjort dette ulikt. Nokre viser til formålet sitt og til handlingsplanar knytte til måla. Andre prioriterer enkeltmål. Fleire studieforbund gir døme på korleis valet av kursemne og målgrupper medverkar til å nå dei ulike måla. Nokre knyter òg deltakarstatistikk til enkeltmål. Rapporteringa for 2011 viser at dei overordna måla er generelle og dels går over i kvarandre. I samarbeid med studieforbunda arbeider Vox med å vidareutvikle rapporteringa.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve 189,1 mill. kroner over posten i 2013.

Post 71 Tilskott til nettskolar

Fellesorganet for nettskolane, Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning (NFF), skal gi ein samla rapport om oppnådde resultat i utviklingsarbeidet. Frå 2012 skal NFF òg gi ei fagleg vurdering av bruk og fordeling av det årlege tilskottet. NFF innstiller til Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, som forvaltar løyvinga over kap. 254 post 71.

Mål for 2013

- Tilskottet skal medverke til at nettskolane kan
- utvikle fjernundervisning som opplæringsmetode
 - gi tilgang til fleksibel, kvalitetssikra opplæring for å møte behova til den einskilde i samfunns- og arbeidsliv
 - utvikle opplæringstilbod som er lagde til rette for den einskilde ut frå føresetnader og behov

Rapport for 2011

Frå 2011 vart halvparten av tilskottet fordelt etter søknad til utviklingstiltak i nettskolane. Grunnlaget for å rapportere normerte timar frå nettskolane fell derfor bort. NFF tok i 2011 initiativet til å gjennomgå rapporteringa til Statistisk sentralbyrå (SSB) slik at ho gir grunnlag for statistikk på individnivå. Normerte timar vart erstatta med rapportering knytt til årstimar og studiepoeng for ulike utdanningar. Overgangen resulterte i eit brot i statistikken frå 2011, og forseinka publisering av den offentlege statistikken. Førebelse tal viser at dei godkjende nettskolane rapporterte om 14 800 fullførte kurs og til saman 19 600 studantar i 2011.

Etter ein utlysings- og søknadsprosess tildelte Vox i 2011 om lag 6,7 mill. kroner til utviklingsprosjekt i nettskolane. Alle søkjarane fekk midlar til minst eitt prosjekt i 2011. Ein førebels rapport frå NFF tyder på at den nye tilskottsordninga for nettskolar er godt motteken av skolane. Nettskolane rapporterer om gode resultat i samsvar med dei måla dei sette for utviklingsprosjekta sine. Dei rapporterer òg at prosjekta truleg har overføringsverdi til andre nettskolar og styrkjer samarbeidet med andre utdanningsinstitusjonar.

Budsjettforslag for 2013

Tilskottet til nettskolane var fram til 2012 knytt til deltaking og aktivitet hos tilskottsmottakarane. I tillegg lyste derfor departementet i ein periode ut om lag 1 mill. kroner til pedagogisk utviklingsarbeid i nettskolane over kap. 258 post 21. Ettersom tilskottet over kap. 254 post 71 frå 2012 går til utvikling av metodar og kvalitet i fjernundervisninga, foreslår departementet derfor å slå saman tilskottsmidlane. Departementet foreslår å flytte 1 mill. kroner frå kap. 258 post 21 til kap. 254 post 71. Departementet foreslår å løyve 15,2 mill. kroner over posten i 2013.

Post 72 Tilskott til Studiesenteret Finnsnes

Mål for 2013

Tilskottet skal medverke til drift av Studiesenteret Finnsnes slik at det kan tilby kurs og andre vaksenopplæringstiltak som alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar. Aktivitetane ved studiesenteret skal særleg vere innretta mot behova i industri og næringsliv i ytre Midt-Troms, og skal medverke til å styrkje kontakten mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentleg forvaltning.

Rapport for 2011

Studiesenteret Finnsnes hadde i 2011 åtte desentraliserte høgskolestudium i samarbeid med Universitetet i Tromsø, Høgskolen i Harstad og Høgskolen i Finnmark. I tillegg til profesjonsstudia tilbydde senteret òg fleire vidareutdanningskurs. Ved årsskiftet 2010–11 fekk Studiesenteret Finnsnes løyvt midlar frå Sparebank1 Nord-Norge til eit doktorgradsprosjekt for å drive regional komparativ forskning i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Prosjektet finansierer tre doktorgradstipendiatar som har vore tilsette ved studiesenteret sidan 1. november 2011.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar

Mål for 2013

Tilskottet skal medverke til drift av fellesorgana for nettskolane og studieforbunda, Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning (NFF) og Vaksenopplæringsforbundet (VOFO). Organisasjonane skal utføre fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane og fremme kunnskap om og utvikling av fagområda.

Tilskottsforvaltninga er delegert til Vox. Tilskottet blir fastsett etter årleg søknad, årsmelding og revidert årsrekneskap frå institusjonane.

Rapport for 2011

20 av dei godkjende studieforbunda er medlemmer i VOFO, fellesorganet for studieforbunda. VOFO har i 2011 arbeidd med fleire saker knytte til iverksetjinga av ny vaksenopplæringslov av 2009 og forskrift. *Kursadministrasjonsprogram for studieforbunda* (KAS/KursAdmin) vart testa ut av studieforbunda mot slutten av 2011, og VOFO tek sikte på at all rapportering av aktivitet i studieforbunda for 2012 skal skje gjennom dette programmet. VOFO deltek i fleire nettverk og prosjekt om frivillig arbeid og læring blant vaksne, både nasjonalt og internasjonalt.

14 av dei 15 godkjende nettskolane er medlemmer i NFF. Organisasjonen har til saman 37 medlemmer. I tillegg til nettskolane er mellom anna fleire av høgskolane og universiteta medlemmer i NFF. I 2011 har NFF særleg arbeidd med oppgåver som følgjer av endra retningslinjer for tilskott til nettskolane etter ny vaksenopplæringslov av 2009. Det gjeld mellom anna nytt grunnlag for rapportering og statistikk. NFF har medverka i utforminga av kriteria og utlysinga av tilskottet og har ansvaret for å gi ei samla vurdering til Vox av oppnådde resultat i utviklingsprosjekta til nettskolane i 2011. NFF er engasjert i fleire norske, nordiske og europeiske utviklingsprosjekt om fjernundervisning.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å flytte 1,4 mill. kroner i tilskotts- og utviklingsmidlar frå kap. 258 post 21 til kap. 254 post 73. Departementet foreslår å auke løyvinga til VOFO med 1 mill. kroner. I denne løyvinga inngår tilskotta til Læringsdagene og reise-stipend til tilsette i studieforbund. Departementet foreslår òg å auke løyvinga til NFF med 0,4 mill. kroner. Midlane skal gå til utviklingsarbeid. Departementet foreslår å løyve 11,6 mill. kroner over posten i 2013.

Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
70	Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	25 919	26 722	27 604
71	Falstadsenteret	15 184	15 655	16 487
72	Stiftelsen Arkivet	6 196	6 389	6 600
73	Nansen Fredssenter	5 155	5 315	5 490
74	Narviksenteret	2 047	2 110	2 180
75	Det europeiske Wergelandsenteret	6 916	7 130	7 365
76	Raftostiftelsen	2 000	2 062	2 130
	Sum kap. 255	63 417	65 383	67 856

Freds- og menneskerettssentra er stiftelsar som arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling innanfor områda demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord. Tilskotta skal medverke til at sentra kan vere med på å synleggjere historia på desse områda, styrkje fredsarbeid og mellommenneskeleg forståing, og gi opplæring i demokratiske verdiar og holdningar, særleg blant barn og unge.

Tilskottsforvaltninga under kapitlet er delegert til Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, unnateken post 75 Det europeiske Wergelandsenteret, som får tilskott direkte frå departementet. Vox arbeider med å utvikle felles kriterium for rapportering av aktivitet i samarbeid med sentra.

Post 70 Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) kan drive forskning, dokumentasjon, undervisning og formidling på områda holocaust, folkemord, minoritetsspørsmål og menneskerettar. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2011

Utstillingane ved HL-senteret har i 2011 hatt om lag 6 000 besøk, medan 5 000 personar har vore til stades ved foredrag, konsertar og andre arrangement ved senteret.

HL-senteret har i 2011 vidareutvikla undervisningsopplegga sine, har teke imot klasser frå ungdomsskolar og vidaregåande skolar, og har halde kurs for studentar og lærarar. Til saman 5 500 elevar frå grunnopplæringa deltok i undervisningsopplegg ved HL-senteret i 2011.

På oppdrag frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Utanriksdepartementet gjennomførte HL-senteret hausten 2011 holdningsundersøkinga *Antisemittisme i Norge?* I rapporten frå undersøkinga konkluderer HL-senteret med at stereotypiske holdningar om jødar eksisterer i det norske samfunnet.

Noregs forskingsråd har løyvt midlar til HL-senterets prosjekt *Demokratiets institusjoner i møte med en nazistisk okkupasjonsmakt: Norge i et komparativt perspektiv*. Prosjektet starta i 2011 og skal etter planen vare i fire år.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 71 Falstadsenteret

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Falstadsenteret kan drive eit opplærings- og dokumentasjonssenter om fangehistorie frå den andre verdskrigen, og fremme kunnskap om demokrati, humanitær folkerett og menneskerettane. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby

eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2011

I 2011 deltok vel 5 000 skoleelevar, konfirmantar, studentar og lærarar på undervisningsopplegg, kurs og seminar ved Falstadsenteret. Senteret tilbyr òg spesialtilpassa pedagogiske opplegg for målgrupper med særskilde behov. Til saman vitja om lag 11 500 personar Falstadsenteret i 2011. I løpet av året vart det utvikla nye undervisningstilbod og nettressursar til bruk i undervisning og formidling. Delar av fotosamlinga ved senteret er gjorde tilgjengelege på Internett.

Forskningsprosjektet *Krigsgraver søker navn* vart slutført i 2011 med offisiell lansering av databasen *krigsgraver.no*. Målet med prosjektet var å identifisere flest mogleg av sovjetiske krigsfangar som døydde i Noreg i 1941–45. Falstadsenteret skal framover drifte og vidareutvikle databasen.

Internasjonalt intervjuprosjekt vart òg avslutta i 2011. Målet var å spore opp og intervjuje norske og utanlandske personar som sat i tyske fangeleirar i Noreg under okkupasjonen. 26 personar vart intervjuva i løpet av 2011.

I samarbeid med *Program for lærerutdanning* ved NTNU og Det europeiske Wergelandsenteret er det sett i gang arbeid med å utvikle ei fagleg plattform for undervisning om menneskerettar.

Budsjettforslag for 2013

På oppmoding frå Kunnskapsdepartementet kjøpte Statsbygg i 2011 Kommandantboligen på Falstad. Eigedommen skal disponerast av Falstadsenteret gjennom ein leigeavtale med Statsbygg. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2012 fekk Falstadsenteret ein auke i løyvinga med 315 000 kroner for å kompensere for auka husleige som følgje av kjøpet, jf. Innst. 420 S (2011–2012). Departementet foreslår å føre auken vidare i 2013.

Post 72 Stiftelsen Arkivet

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Arkivet er eit informasjons- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkeretten og menneskerettane, og er eit senter for demokrati og fredsskapande arbeid. Tilskottet skal særleg medverke til at stiftelsen kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2011

Stiftelsen Arkivet hadde meir enn 10 000 besøk i 2011. Til saman 8 000 elevar, studentar og lærarar har i 2011 vore med på ulike undervisningsopplegg ved senteret, med tema som rasisme, menneskerettar, barn i krig og mobbing.

Stiftelsen Arkivet sette hausten 2010 i gang eit internt prosjekt med sikte på å utvikle historiefremidlinga i Gestapokjellaren. Dette prosjektet var sentralt i 2011, og ei ny permanent utstilling vart opna i oktober same år.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 73 Nansen Fredssenter

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Nansen Fredssenter kan tilby kurs og opplæring for å fremme arbeidet for fred, forsoning og menneskerettane som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2011

Senteret har halde fram med arbeidet med konflikthandtering nasjonalt og internasjonalt, har arbeidd vidare med eit forsoningsprosjekt på Vest-Balkan, og har vore aktivt i ulike diasporamiljø i Noreg. Senteret har jamleg besøk av grupper frå Balkan som ledd i forsoningsprosjektet.

Aktivitetane ved Nansen Fredssenter har i stor grad vore retta mot elevar og studentar med flyktningbakgrunn. Senteret har stått bak fleire foredrag, opne møte, konferansar, samlingar og seminar. Til saman har om lag 1 100 barn og unge delteke på aktivitetar gjennomført i regi av Nansen Fredssenter. Senteret har òg arrangert fagseminar for å ta opp utfordringar og dilemma i fredsarbeid, og har halde fram med dialogseminar for deltakarar frå krigsramma område.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 74 Narviksenteret

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Narviksenteret kan fremme kunnskap om og forståing for fred og menneskerettar gjennom dokumentasjon og formidling av mellom anna krigs- og okkupasjonshistoria til Nord-Noreg. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2011

Narviksenteret har i 2011 drive formidlingsaktivitet i form av mellom anna seminar, foredrag, artiklar og turar til kamparenaer frå den andre verds-krigen. Til saman har om lag 2 400 barn og unge delteke på slike aktivitetar i regi av senteret.

I juni 2011 arrangerte Narviksenteret i samarbeid med Nordland Røde Kors Krigsmuseum ein internasjonal forskarkonferanse om dei jugoslaviske fangane i Noreg under den andre verds-krigen. Under konferansen offentleggjorde Riksantikvaren fredinga av den såkalla Serberleiren ved Øvre Jernvann i Narvik.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 75 Det europeiske Wergelandsenteret

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Det europeiske Wergelandsenteret (EWC) kan vere eit ressurs-senter for opplæring i interkulturell forståing, menneskerettane og aktivt medborgarskap.

Rapport for 2011

Det europeiske Wergelandsenteret (EWC) vart etablert som eit samarbeid mellom Noreg og Europarådet i 2008. EWC tilbyr opplæring til ulike målgrupper innanfor utdanningsfeltet, til dømes lærarutdannarar, lærarar, rektorar, forskarar og politikktutformarar. Til saman deltok om lag 800 personar i seminar, kurs, konferansar og andre opplæringsaktivitetar i regi av senteret. EWCs tenester er tilgjengelege for alle dei 47 medlemslanda i Europarådet.

EWC samarbeider nært med Europarådet i fleire prosjekt. I samband med Europarådets opplæringsprogram for lærarutdannarar, Pestalozzi-programmet, vart det i 2011 arrangert to seminar, *Schools as Intercultural Communities* og *From Division to Diversity: Educational Challenges related to Past and Present*. Vidare har EWC medverka med ekspertise til publikasjonar og i fleire ekspertgrupper.

I løpet av 2011 har EWC utvikla og sett i verk ein opplæringsmodell basert på ei heilskapleg skoletilnærming til opplæring i menneskerettar og demokratisk medborgarskap. Opplæringsmodellen byggjer på erfaringar frå opplæringsseminaret *The Summer Academy*, som kvart år finn stad i Polen med deltakarar frå fleire europeiske land.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 76 Raftostiftelsen

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Raftostiftelsen kan tilby eit godt opplæringstilbod om menneskerettane for elevar, studentar, lærarar og andre grupper. Løyvinga skal medverke til at stiftelsen kan sørgje for kvalitetssikring, ivaretaking og vidareføring av kunnskap, kompetanse og kontaktnett som er bygde opp gjennom åra.

Rapport for 2011

Raftostiftelsen opna i februar 2011 nye undervisningslokale kalla *Rettighetstanken*, som vil gjere stiftelsen i stand til å ta imot fleire skoleelevar. Stiftelsen lanserte ein ny undervisningsportal for å marknadsføre undervisningstilbodet til skolar, lærarar og elevar. I 2011 deltok om lag 2 800 skoleelevar i Raftostiftelsens tilbod til grunnskolen.

I 2011 oppretta Raftostiftelsen eit permanent samarbeid med praktisk-pedagogisk utdanning ved Universitetet i Bergen. Kvart år vil samfunnsdidaktikkstudentane gjennom Raftostiftelsen få kunnskap om metodikk for undervisning om menneskerettar.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Kap. 256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter	53 319	48 844	49 384
21	Særskilde driftsutgifter	15 496	15 452	15 962
	Sum kap. 256	68 815	64 296	65 346

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter**Mål for 2013**

Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk skal vere eit kompetansepolitisk fagorgan underlagt Kunnskapsdepartementet. Vox har ansvaret for å forvalte tilskott til vaksenopplæring, jf. kap. 254, tilskott til freds- og menneskerettssentra, jf. kap. 255, Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), jf. kap. 257, løyvinga til dei regionale partnerskapane for karriererettleiing, jf. kap. 226 post 21, og nokre av dei prosjektmidlane som blir løyvde over kap. 258 post 21.

På oppdrag frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har Vox ansvaret for dei faglege og pedagogiske tilhøva i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. Vox forvaltar òg prosjektmidlar frå Arbeidsdepartementet knytte til reduksjon av ufrivillig deltid.

Vox arbeider for å auke deltakinga blant vaksne i samfunns- og arbeidsliv gjennom å heve kompetansenivået hos vaksne. I dei seinare åra har Vox lagt særleg vekt på opplæring i grunnleggjande dugleikar og læring blant vaksne. Det har òg særleg vore arbeidd med eit effektivt og heilskapleg system for vurdering av realkompetanse, og utvikling av god og relevant karriererettleiing. Desse er hovudmåla for Vox i 2013:

- Vox skal medverke i arbeidet med å utvikle kompetansepolitikken.
- Vox skal ha oppdatert kunnskap om kompetansebehova i samfunnet, både nasjonalt og internasjonalt, og formidle denne.
- Vox skal medverke til høgre kompetanse blant vaksne.
- Vox skal forvalte og utvikle tilskottsordningar på ein god måte.

Rapport for 2011

Vox har òg i 2011 komme med kompetansepolitiske innspel til departementet. I 2011 er det lagt

særleg vekt på å kommunisere med andre statlege verksemder og etatar for å gi bidrag til politikktutforminga.

Ein ny statistikkbank vart lansert i april 2011. Den nye løysinga gjer det mellom anna mogleg for brukaren å lage eigne tabellar og figurar av data-materialet i statistikkbanken. Etter lanseringa og ut året var talet på besøkjarar i statistikkbanken meir enn firedobla samanlikna med talet på besøkjarar i den gamle statistikkbanken i heile 2010.

Vox har medverka til å formidle kunnskap knytt til kompetansepolitikken, mellom anna gjennom foredrag, innlegg på seminar og publisering av rapportar og faktaark. I 2011 oppretta Vox ei teneste med elektroniske nyheitsbrev for dei ulike fagfelte Vox arbeider med.

Som bidrag til høgre kompetanse blant vaksne har Vox i 2011 lagt stor vekt på spreing av rammeverket for grunnleggjande dugleikar til nye tilbydarar, særleg i samarbeid med NAV og justissektoren. Vox har ført vidare arbeidet for å auke kompetansen hos lærarak som underviser vaksne, men ifølgje Vox kan det verke som om kommunane i liten grad prioriterer kompetanseutvikling for desse lærarane.

Som sekretariat for Nasjonalt fagskoleråd har Vox førebudd, lagt til rette for og følgd opp møte i rådet. Sekretariatet handsamar saker knytte til høringar, utgreiingsarbeid og oppnemningar til utval og arbeidsgrupper. I 2011 har det òg vore arbeidd med etableringa av ein studentorganisasjon for fagskolestudentar.

Nasjonaleining for karriererettleiing vart oppretta i Vox frå 1. januar 2011. Eininga har etablert kontakt med sentrale aktørar og er i dialog med aktuelle samarbeidspartnarar innanfor karriererettleiing. Det er òg sett i verk arbeid for å styrkje kunnskapsgrunnlaget om karriererettleiing. Vox har forvalta tilskottet til dei fylkesvise partnerskapane for karriererettleiing, og i 2011 vart 28 mill. kroner likt fordelte mellom desse.

Frå november 2011 held Vox til i nye lokale i Oslo sentrum.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å redusere inntektskravet over kap. 3256 post 02 med 1 mill. kroner. Forslaget har bakgrunn i at ein stadig større del av læringsmateriellet og andre publikasjonar blir gjort gratis tilgjengeleg digitalt. Departementet foreslår å redusere utgiftsløyvinga over kap. 256

post 01 tilsvarende. Departementet foreslår å løyve 49,4 mill. kroner over post 01 og 16 mill. kroner over post 21 i 2013.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3256, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Inntekter frå oppdrag	10 804	10 006	10 336
02	Salsinntekter o.a.	663	1 276	318
16	Refusjon av foreldrepengear	940		
17	Refusjon lærlingar	19		
18	Refusjon av sjukepengear	431		
	Sum kap. 3256	12 857	11 282	10 654

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemd ved Vox. Inntektene på post 02 kjem frå sal av læremateriell.

Ein stadig større del av publikasjonane til Vox blir gjort gratis tilgjengeleg digitalt. I tråd med behova er òg utviklinga av læremateriell redusert over tid. Inntektene frå sal av læremateriell og

publikasjonar har dermed gradvis vorte reduserte. Omlegging til digital distribusjon og utfasing av gammalt materiell vil gi ein reduksjon i inntektene. Departementet foreslår å redusere inntektsløyvinga over kap. 3256 post 02 med 1 mill. kroner, jf. kap. 256 post 01.

Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	7 440	5 155	5 325
70	Tilskott, <i>kan overførast</i>	66 735	83 798	86 563
	Sum kap. 257	74 175	88 953	91 888

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Mål for 2013

Løyvinga skal nyttast til å utvikle programmet slik at fleire vaksne med svake grunnleggjande dugleikar kan få opplæring, og slik at opplæringa skal halde høg kvalitet. Det er eit mål å utvikle programmet vidare slik at ulike bransjar og grupper av arbeidstakarar med svake grunnleggjande dugleikar kan delta i programmet.

Løyvinga skal òg kunne nyttast til forsøk som kan gjere Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) betre i stand til å svare på kompetansebehova i arbeidslivet.

Rapport for 2011

Sidan 2009 har Vox samarbeidd med fengsel i ulike delar av landet om tilpassa opplæring i grunnleggjande dugleikar for innsette. På grunnlag av desse prosjekta utarbeidde Vox i 2011 rapportar og andre ressursar om tilrettelegging av praksisnær opplæring for grupper av vaksne som står utanfor arbeidslivet. Det er òg starta opp samarbeidsprosjekt med kriminalomsorga for at soningsdømde utanfor fengselet skal få tilpassa og praksisnær opplæring i grunnleggjande dugleikar som kan medverke til tilbakeføring til samfunnet.

Vox publiserte i 2011 den første rapporten om effektar av BKA-opplæring frå utviklings- og samarbeidsprosjektet med Posten AS om opplæring i grunnleggjande dugleikar. Gjennom svar på spørjeskjema og i fokusgrupper rapporterer deltakarane at dei har fått betre grunnleggjande dugleikar i lesing, skriving, rekning og IKT etter å ha delteke på kurset.

Delar av løyvinga har vore lyste ut som stipend til vidareutdanning i undervisning i grunnleggjande dugleikar for vaksne. Målgruppa er lærarar som underviser i BKA.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Post 70 Tilskott, kan overførast

Mål for 2013

Tilskottsordninga skal medverke til å styrkje grunnleggjande lese-, skrive-, rekne- og IKT-dugleikar blant vaksne arbeidstakarar og arbeidsøklarar. Bedrifter og offentlege verksemdar kan

søkje om tilskott både til motivasjonsarbeid og til opplæring i grunnleggjande lesing, skriving, rekning og IKT.

Det er eit prioritert mål at opplæringa skal nå vaksne med svake grunnleggjande dugleikar. Opplæringa skal halde høg kvalitet og vere tilpassa behova til dei vaksne, slik at ho gir ein positiv effekt for den einskilde.

Det er eit mål at ulike bransjar er representerte i programmet, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning og er konjunkturutsette bransjar, samt at programmet skal nå små og mellomstore verksemdar.

Ein mindre del av løyvinga skal gå til å utvikle gode modellar for samarbeid mellom NAV, fylkeskommunar og verksemdar, slik at fleire arbeidsøklarar kan få opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Rapport for 2011

Kunnskapsdepartementet gav i 2011 Proba Samfunnsanalyse i oppdrag å evaluere effektane av BKA. Evalueringa byggjer på spørjeundersøkingar retta mot deltakarar og verksemdar, men manglar ved kontaktinformasjonen førde til færre respondentar enn forventa. Dette gjeld særleg for kursdeltakarane. Med desse atterhalda er evalueringa i hovudsak positiv om effektane av BKA-opplæringa. Verksemdene som har hatt BKA-kurs opplyser at kursdeltakarar gjer ein betre jobb som følge av kurset, at dei skriv og les meir og betre, at dei har fått større sjølvtilit og er mindre redde for å gjere feil, og at dei har betre moglegheit til å ta fagbrev eller anna opplæring. Deltakarane i undersøkinga rapporterer sjølve om hovudsakleg positive effektar av å delta på BKA-kurs, sjølv om dei gjennomgåande er mindre positive enn arbeidsgjevarane. Om lag 60 pst. av verksemdene i undersøkinga ville ikkje ha gjennomført opplæringa utan tilskottet frå BKA.

Kunnskapsdepartementet vil i samarbeid med Vox følge opp evalueringa av BKA.

I 2011 lyste Vox ut 81,3 mill. kroner i BKA-tilskott. Det kom inn 408 søknader med omsøkt beløp på til saman 193,8 mill. kroner. Det er ein auke på 30,2 mill. kroner eller 18,5 pst. frå 2010. I samband med revidert nasjonalbudsjett i 2011 fekk BKA ei tilleggsloøyving på 10 mill. kroner, jf. Innst. 420 S (2010–2011), slik at det til saman vart tildelt 91,3 mill. kroner i tilskott til opplæring i grunnleggjande dugleikar i bedrifter og offentlege verksemdar i 2011. I tildelinga vart søknader med hovudformål opplæring i lesing og skriving pri-

oriterte. Eit fleirtal av kursa kombinerte opplæring i fleire dugleikar.

Talet på registrerte kursdeltakarar har auka kvart år sidan BKA vart etablert i 2006. Til saman er det no registrert 27 800 innmelde deltakarar.

Tabell 4.10 Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), 2006–12

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Omsøkt beløp, i mill. kroner	85,5	78,2	122,5	142,2	169,3	197,6	188,4
Tildelt beløp, i mill. kroner*	14,5	20,0	31,7	68,5	80,8	93,4	106,0
Talet på søknader	167	208	282	339	345	410	498
Talet på innvilga søknader	65	70	99	214	210	250	369
Talet på innmelde deltakarar**	2 032	2 153	2 923	5 951	7 197	6 318	1 204

Tabellen omfattar søknader og tildelingar knytt til saldert budsjett og tilleggsøyvingar i budsjettåra. Nokre av tala i denne tabellen avvik dermed noko frå tala i tabellen i Prop. 1 S (2011–2012) som berre inkluderte søknader og tildelingar knytt til saldert budsjett.

* Dei siste åra har det vore store overføringar på post 70. For å innvilge fleire kvalifiserte søknader og for å redusere overføringane, har Kunnskapsdepartementet i 2012 gitt Vox fullmakt til å gi tilsegn på inntil 22,7 mill. kroner utover den ordinære løyvinga for 2012.

** Talet på innmelde deltakarar i 2010, 2011 og 2012 er førebelse. Talet på innmelde deltakarar i 2012 er lågt fordi dei fleste innmeldingane blir registrert først mot slutten av året.

Kjelde: Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2012.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter	3 918	3 981	5 376
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	45 360	47 427	47 592
	Sum kap. 258	49 278	51 408	52 968

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 01

Mål for 2013

Departementet vil nytte løyvinga over kap. 258 til tiltak for livslang læring, og til statistikk, dokumentasjon, analysar og forskning som kan medverke til politikktutvikling på heile ansvarsområdet til departementet, med særskild prioritering av læring blant vaksne. Målet er mellom anna å kartlegge kompetansebehova i framtida.

Rapport for 2011

I samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet starta Kunnskapsdepartementet hausten 2011 ei utprøving med modellar for vidaregåande opplæring på arbeidsplassen for ufaglært arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren og i barnehagesektoren. Etter ein søknadsprosess vart Hedmark, Hordaland, Nord-Trøndelag, Rogaland og Vestfold fylkeskommunar valde ut til å delta i utprøvinga. Saman med lokale verksemder arbeider fylka med å utvikle modellar for vidaregåande opplæring på arbeidsplassen. Fylkeskommunane er sjølve ansvarlege for utprøvingssprosjekta i fylka sine, medan Vox har ansvaret for oppfølginga på nasjo-

nalt nivå. Utprøvinga skal etter planen avsluttast i løpet av 2013.

Forsøka med vidaregåande opplæring for arbeidssøkkjarar blir finansierte over kap. 258 post 21. Forsøka skal medverke til å utvikle opplæringsmodellar på vidaregåande nivå som kan byggje på og kombinerast med dei tilboda vaksne kan få gjennom arbeidsmarknadsopplæringa. Fylkeskommunane, NAV og lokale opplæringstilbydarar har saman utarbeidd lokale modellar for opplæring, og per november 2011 var det til saman hundre arbeidssøkkjarar som deltok i denne opplæringa. Forsøka blir forvalta av Utdanningsdirektoratet og skal etter planen vare ut 2012.

Departementet medverkar til å finansiere Statistisk sentralbyrås (SSB) gjennomføring av Eurostat-undersøkinga Adult Education Survey (AES). Eit grundig utviklingsarbeid starta opp i 2011, medan intervjuundersøkinga vart gjennomført i 2012. AES vil gi nyttig informasjon om læring blant vaksne i Noreg, og statistikken frå undersøkinga kan samanliknast med den tilsvarende undersøkinga i 2007 og med statistikk frå dei fleste andre landa i Europa.

Utdanningsforskningsprogrammet *Utdanning-2020* vart i 2011 delvis finansiert over posten. Departementet har òg arrangert samlingar i Nasjonalt forum for utdanningsforskning for å medverke til å samle forskarar og utveksle kunnskap og erfaringar på feltet.

Vox samarbeider med Arbeids- og velferdsdirektoratet om å utvikle ein opplæringspakke for rettleiarar i NAV om grunnleggjande dugleikar. Formålet er å gi medarbeidarar i NAV betre kompetanse om grunnleggjande dugleikar for å betre kunne kartlegge behova til brukarane.

Den nasjonale eininga for karriererettleiing ved Vox forvaltar tilskottsmidlane til kompetanseheving av tillitsvalde. Formålet med tilskottet er at tillitsvalde skal kunne rettleie om opplæring og kompetanseheving, slik at fleire arbeidstakarar deltek i livslang læring. Tilskottsmidlane for 2011 var på om lag 1 mill. kroner og vart lyste ut gjennom dei fylkesvise partnerskapane for karriererettleiing. Midlane for 2011 vart fordelte mellom tre prosjekt i Trøndelag, Nordland og Østfold.

Ein mindre del av løyvinga er gjennom Vox fordelt til utviklingsarbeid i studieforbunda og nettskolane, mellom anna til fusjonering av studieforbunda. Midlane vart lyste ut på Vox' nettsider eller gjennom vaksenopplæringsorganisasjonane VOFO og NFF, sjå kap. 254 post 73.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve 5,4 mill. kroner på post 01 i 2013.

Departementet foreslår å samle utgiftene til ei rammeavtale med Statistisk sentralbyrå ved å flytte 1,3 mill. kroner frå kap. 281 post 01 til kap. 258 post 01.

Departementet foreslår å løyve 47,6 mill. kroner på post 21 i 2013.

Departementet foreslår å flytte 1 mill. kroner i utviklingsmidlar til nettskolane frå kap. 258 post 21 til kap. 254 post 71. Vidare foreslår departementet å flytte 1,4 mill. kroner i tilskotts- og utviklingsmidlar til studieforbunda og nettskolane frå kap. 258 post 21 til kap. 254 post 73. Departementet foreslår òg å flytte 1 mill. kroner frå kap. 258 post 21 til kap. 288 ny post 76 til ny tilskottsordning for UNESCO-formål.

For å auke kvaliteten i vaksenopplæringa vil departementet setje av 20 mill. kroner over fire år for å utvikle tiltak som skal stimulere til meir etter- og vidareutdanning blant lærarar i vaksenopplæringa.

Tilskottsmidlar til kompetanseheving av tillitsvalde skal medverke til at tillitsvalde kan gi rettleiing om opplæring og kompetanseutvikling. Departementet foreslår å auke løyvinga til dette formålet med 0,5 mill. kroner, slik at det samla tilskottet i 2013 blir på 1,5 mill. kroner. Tilskottsmidlane blir lyste ut og forvalta av Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk.

Departementet foreslår å auke rammeløyvinga til *Utdanning2020* over posten med 2 mill. kroner til om lag 4 mill. kroner i 2013. I tillegg vil den årlege satsinga på 5 mill. kroner til forskning på læring hos vaksne gjennom *Utdanning2020* halde fram også i 2013.

Departementet vil føre vidare forsøka med vidaregåande opplæring på arbeidsplassen for ufaglærte tilsette i helse- og omsorgssektoren og i barnehagesektoren.

Som ei oppfølging av Meld. St. 30 (2010–2011) *Fordelingsmeldingen* vil departementet vurdere ei vidareføring av forsøka med vidaregåande opplæring for arbeidssøkkjarar. Ei slik vidareføring vil bli sett i samheng med forsøk knytte til moglegheiter for arbeidslause til å avleggje fagbrev, som er eitt av tiltaka i meldinga. Departementet vil vurdere korleis dei nye forsøka eventuelt kan supplere dei forsøka som alt er i gang, på best tenlege vis.

Etter ein anbuds konkurranse i 2012 fekk Proba Samfunnsanalyse i oppdrag å evaluere forsøka med utprøving av nye modellar for vidare-

gåande opplæring. Departementet vil i 2013 følge opp arbeidet med evalueringa.

Departementet vil arbeide vidare med å utvikle statistikk på vaksenopplæringsfeltet, jf. Innst. 192 S (2009–2010) og St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*.

Departementet vil la delar av løyvinga gå vidare til Vox til utvikling av kunnskapsbasert og fleksibel vaksenopplæring.

Departementet har ute ei høring om behovet for og organiseringa av eit system for analyse og formidling av kompetanseframskrivingar i Noreg. Dette arbeidet vil bli ført vidare i 2013.

Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
260	Universitet og høgskolar	25 022 073	26 087 058	27 538 941	5,6
270	Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	302 392	329 784	340 667	3,3
276	Fagskoleutdanning	55 158	56 868	71 236	25,3
280	Felles einingar	343 627	364 681	391 794	7,4
281	Felles tiltak for universitet og høgskolar	419 913	364 445	364 911	0,1
Sum kategori 07.60		26 143 163	27 202 836	28 707 549	5,5

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
3280	Felles einingar	1 382	1 172	1 211	3,3
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar		10	10	0,0
Sum kategori 07.60		1 382	1 182	1 221	3,3

Innleiing

Noreg skal ha høgre utdanning, forskning og fagskoleutdanning av høg kvalitet som utviklar kunnskap og kompetanse for den einskilde og samfunnet, og medverkar til framtidig velferd og verdiskaping.

Noreg skal ha ein høgre utdanningssektor med god studiekapasitet og høg internasjonal kvalitet i utdanninga som kan svare på den veksende etterspurnaden etter høgre utdanning og auka kompetansebehov i samfunnet. Noreg skal drive forskning av høg internasjonal kvalitet for å medverke til ei berekraftig utvikling og verdiskaping, nasjonalt og globalt. Norsk høgre utdanning, forskning og formidling skal ha tilgang til

den internasjonale forskingsfronten og slik bli fornya.

Det er eit viktig mål for regjeringa å sikre lik tilgang til høgre utdanning. Det gir gode framtidsutsikter for unge menneske og sikrar god tilgang på kvalifisert arbeidskraft, noko som i sin tur fører til nasjonal og regional utvikling. God rekruttering til høgre utdanning og forskning er avgjerande for å møte behova i samfunnet og til den einskilde for å utvikle kunnskap og kompetanse. Det er òg nødvendig med betre infrastruktur i sektoren for å kunne tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet.

Det er satsa mykje på kvalitetsutvikling i høgre utdanning i dei siste åra. Høg kvalitet i forskning og utdanning med relevans for kompe-

tansebehovet i samfunnet og arbeidslivet er, saman med kapasitetsutbygging, avgjerande for framtidig verdiskaping og velferd i landet vårt. Arbeidet med å utvikle og sikre kvaliteten i utdanning og forskning må halde fram.

Samarbeid, klarare arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon er nødvendig for å styrkje kvaliteten i utdanning og forskning. Robuste fagmiljø kan betre møte regionale og nasjonale behov og framstå som attraktive partnerar i internasjonalt samarbeid.

Mål for høgre utdanning og fagskoleutdanning

Kunnskapsdepartementet set sektormål som aktørane i sektoren samla skal medverke til å nå. I sektormåla for høgre utdanning og fagskoleutdanning legg departementet vekt på behova til samfunnet og eigenarten ved institusjonane. Departementet legg til grunn at sektormåla skal vere langsiktige og gi ei stabil ramme som aktørane kan utvikle sine eigne strategiar og planar innanfor. Innanfor sektormåla har regjeringa overordna forventningar og særskilde prioriteringar. Saman med sektormåla ligg dei til grunn for strategiane og tiltaka til departementet, og skal ligge til grunn for dei strategiane og planane som aktørane sjølve utviklar.

I ny målstruktur frå 2012 ligg det ein vesentleg delegasjon frå departementet til universitet og høgskolar, ved at institusjonane sjølve skal definere verksemdsmåla sine. Det gir dei større handlingsrom og sjølvstendig ansvar for å tilpasse mål- og resultatstyringa betre til eigenarten, strategiane og utfordringane for den ein-skilde institusjonen. I tildelingsbrev til institusjonane har departementet sett betrakteleg færre nasjonale styringsparametrar, både for å auke handlingsrommet til institusjonane og for å gi tydelegare politiske signal og retning i den overordna styringa.

Sektormåla gjeld alle dei institusjonane og lærestadene som får tildeling eller tilskott frå Kunnskapsdepartementet. Dei omfattar i tillegg andre aktørar med finansiering frå departementet, og som har ulike oppgåver knytte til høgre utdanning og fagskoleutdanning. Sektormåla er i stor grad avhengige av kvarandre.

Måla for den høgre utdanningssektoren:

- Universitet og høgskolar skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behov i samfunnet.
- Universitet og høgskolar skal i tråd med eigenarten sin utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

- Universitet og høgskolar skal vere tydelege samfunnsaktørar og medverke til internasjonal, nasjonal og regional utvikling, formidling, innovasjon og verdiskaping.
- Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si.
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Tromsø skal byggje opp, drive og halde ved like museum med vitenskaplege samlingar og utstillingar for publikum.

Innanfor desse sektormåla legg regjeringa særskild vekt på at sektoren prioriterer

- auka kapasitet i høgre utdanning, særskilt i profesjonsfaga
- auka forskingsinnsats i realfag, teknologifag og profesjonsfag
- auka samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

Det overordna målet for fagskoleutdanning er at

- godkjend fagskoleutdanning skal vere av høg kvalitet og gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod

Hovudprioriteringar i 2013

Regjeringa foreslår å løyve 114,7 mill. kroner i 2013 til opptak av nye kull for dei om lag 1 000 nye studieplassane som vart oppretta i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2012. I tillegg foreslår regjeringa å løyve om lag 178,9 mill. kroner til opptak av nye kull for studieplassane oppretta i samband med budsjetta for 2009 og 2011. Samla gir det om lag 3 250 flere studieplassar i 2013, og totalt over 22 000 fleire plassar i 2017.

Regjeringa foreslår om lag 940 mill. kroner til byggjeprojekt som er sett i gang i sektoren, og 147,5 mill. kroner til utstyr og inventar til tre byggeprosjekt høvesvis i Bergen, Tromsø og Oslo.

Regjeringa foreslår 18,5 mill. kroner i startløyving til rehabilitering av Urbygningen ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 368,6 mill. kroner (per juli 2013).

Regjeringa foreslår ei løyving på 30 mill. kroner over tre år for å sikre dei unike vikingsamlingane ved Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo.

Ei av dei viktigaste studentvelferdsoppgåvene til studentsamskipnadene er å tilby studentbustader. Regjeringa foreslår å løyve om lag 250,2 mill.

kroner til bygging av om lag 1 000 nye studentbu-stader i 2013.

Kunnskapsdepartementet vil medverke til å sikre og auke kvaliteten i norsk høgre utdanning og forskning med særleg vekt på profesjonsfaga, og foreslår om lag 70 mill. kroner til tiltak for dette i 2013. Det inneber å styrkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) med 10 mill. kroner frå 2013. Vidare omfattar det tiltak for å følgje opp velferdsutdanningane og lærarutdanningane, tiltak for rekruttering til realfag og for å fremme entreprenørskap i høgre utdanning. Departementet foreslår mellom anna å opprette tre nye senter for framifrå utdanning (SFU). Gitt tilfredsstillande kvalitet, tek departementet sikte på at eit av sentra blir retta inn mot oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*. Det er behov for å styrkje forskinga for helse- og velferdstenestene og samtidig medverke til å auke forskingsforankringa i fagmiljøa som gir helse- og sosialfagleg utdanning. I 2012 vart Forskningsrådets program for praksisretta FoU i helse- og velferdstenestene etablert. Programmet er ei oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012). Kunnskapsdepartementet foreslår å auke tildelinga til programmet med 7 mill. kroner innanfor tildelinga til Forskningsrådet.

Det er òg behov for å styrkje teknologi- og ingeniørutdanningane. Kunnskapsdepartementet foreslår ei eingangsløyving på om lag 27 mill. kroner i 2013 til vitskapleg utstyr for desse utdanningane.

Kunnskapsdepartementet foreslår om lag 85 mill. kroner til ulike tiltak for å fremme utvikling og kvalitet innanfor andre område som kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid, maritim utdanning, forskning, formidling og likestilling.

Samarbeid, klarare arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK) er nødvendig for å medverke til auka berekraft og kvalitet i utdanning og forskning. Regjeringa vil føre vidare 50 mill. kroner til regionale og nasjonale SAK-prosessar.

Felles løysingar og standardar for desentralisert og fleksibel utdanning er ein del av samarbeidet i sektoren. Ny teknologi og læringsmetodar gjer det mogleg å utvikle fagleg samarbeid i nettverk, dele læringsressursar og samkjøre undervisning særleg i små fag. Kunnskapsdepartementet foreslår 15 mill. kroner til vidare utvikling av *eCampus* i 2013.

Departementet foreslår om lag 70 mill. kroner til tiltak for å stimulere til internasjonalt samarbeid. Det omfattar mellom anna oppfølging av *Strategien for auka høgre utdanningssamarbeid*

med Nord-Amerika 2012–2015 og av nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning.

Som ei oppfølging av Meld. St. 7 (2011–2012) *Nordområdene – visjon og virkemidler* foreslår regjeringa ei grunnløyving til Universitetet i Nordland på 10 mill. kroner frå 2013 for å sikre langsiktig og stabil drift ved Nordområdesenteret.

Nedanfor følgjer ei overordna tilstandsvurdering for kvart av dei fem sektormåla for universitets- og høgskolesektoren og for fagskolemålet. Tilstandsvurderinga byggjer mellom anna på den årlege tilstandsrapporten for høgre utdanning, på årlege rapportar og planar frå universitet og høgskolar og andre aktørar i sektoren og andre analyser av og statistikk over sektoren. Sjå òg tabellar i vedlegg 2 og 3 for oversikt over utvikling i ulike indikatorar og nøkkeltal for universitet og høgskolar.

Mål: Universitet og høgskolar skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behov i samfunnet

Tilstandsvurdering

Talet på søkjarar til høgre utdanning har stige kraftig i dei seinare åra, med om lag 20,3 pst. frå 2008 til 2012. Det viser tal frå Samordna opptak. Det har vore ein positiv auke innanfor mellom anna teknologi-, realfags-, lærar- og helseutdanningane. Framskrivningar frå Statistisk sentralbyrå viser at ungdomskulla vil halde fram med å vekse i åra framover. Det er òg venta at delen av befolkninga som ønskjer å ta høgre utdanning, framleis vil auke.

For å møte denne utviklinga har regjeringa prioritert å auke kapasiteten i høgre utdanning i dei seinare åra, noko som har medverka til ein auke i talet på studentar ved norske universitet og høgskolar. Studieplassane er oppretta i alle delar av landet. Regjeringa har prioritert teknologi-, realfags, lærar- og helseutdanningane, men òg gitt rom for dei strategiske prioriteringane som institusjonane gjer sjølve. Seinast i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2012 tildelte regjeringa midlar til vel 1 000 nye studieplassar.

Talet på avlagde studiepoeng per student har stige etter innføring av Kvalitetsreforma, og fleire studentar gjennomfører i tråd med sin eigen utdanningsplan. Betre gjennomføring er ein indikasjon på at kvaliteten i utdanninga i hovudsak er god, og at lærestadene følgjer opp studentane på ein god måte. Likevel har mellom anna evalueringar vist at det er kvalitetsutfordringar innanfor ein-skilde utdanningar.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har evaluert fleire utdanningar i dei siste åra, mellom anna lærar-, ingeniør- og sjukepleiarutdanning. Evalueringane har vist at utdanningane har varierende kvalitet, og at det er behov for utvikling. Som følgje av denne kunnskapen har departementet sett i gang omfattande endringar i dei aktuelle utdanningane. Omlegging av lærarutdanningane har så langt vore vellykka, og departementet følgjer prosessen tett for å medverke til at utviklinga går i riktig retning. Det er utvikla nye rammeplanar for både ingeniørutdanning og barnehagelærarutdanning. Gjennom Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis* har regjeringa lagt fram eit solid grunnlag for å ta tak i dei utfordringane som gjeld dei helse- og sosialfaglege utdanningane.

For å sikre kvalitet i utdanninga er det behov for å styrkje tilsynet med dei ulike utdanningstilboda, og sikre at alle institusjonane arbeider godt med sine egne kvalitetsutviklingsprosessar. NOKUT har ei heilt sentral rolle i kvalitets-sikringssystemet i norsk høgre utdanning. Tilsyn er ein viktig del av dette arbeidet.

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgre utdanning vart vedteke i 2009. Institusjonane skal i løpet av 2012 innføre kvalifikasjonsrammeverket, det vil seie skildre faga og studieplanane sine ut frå venta læringsutbytte. For kvart studietilbod skal det stillast krav til kva studentane skal ha av kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse etter avslutta utdanning. Rammeverket vil såleis gi eit betre utgangspunkt for å vurdere kvaliteten i ulike utdanningar, og for at arbeidslivet betre kan forstå kompetansen til kandidatane. Arbeidet med oppfølging av rammeverket på nasjonalt nivå er ein kontinuerleg prosess.

Kandidatundersøkingar tyder på at relevansen i norsk høgre utdanning i hovudsak er god. Arbeidet med innføring av Råd for samarbeid med arbeidslivet vil venteleg styrkje relevansen av utdanningstilboda ytterlegare, gjennom at institusjonane oppnår eit meir formalisert samarbeid med andre samfunnsaktørar.

Internasjonalisering og internasjonalt samarbeid er òg viktige verkemiddel for betre kvalitet i norsk utdanning. Norsk høgre utdanning blir stadig meir internasjonal. Sidan 2009 er talet på internasjonale fellesgradar dobla. Talet på både inn- og utreisande utvekslingsstudentar er aukande, det same gjeld talet på engelskspråklege studietilbod. Alt dette er i tråd med politikken for internasjonalisering i høgre utdanning, der ein òg legg vekt på betre kopling mellom internasjonalt forskings- og høgre utdanningssamarbeid.

Ikkje berre talet på studentar, men òg talet på uteksaminerte kandidatar har stige i dei siste åra, ved både universiteta og høgskolane. Dei fleste masterkandidatane blir uteksaminerte frå universiteta, men òg ved høgskolane er talet aukande.

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK) skal medverke til profilerte institusjonar og robuste fagmiljø for å leggje til rette for betre kvalitet i utdanning og forskning. I dei siste åra er det skipa nettverk og samarbeid mellom universitet og høgskolar i alle delar av landet. Nokre av prosessane er avgrensa til regionale samarbeidsaktørar, medan andre omfattar institusjonar i mange delar av landet. Samarbeidet omfattar i ulik grad både utdanning, forskning og administrasjon. Siktemålet er i nokre tilfelle samanslåing av institusjonar. I andre tilfelle er siktemålet eit breitt fagleg samarbeid mellom nokre institusjonar, eller eit samarbeid avgrensa til einskilde utdannings- eller forskingsområde som omfattar mange institusjonar. SAK omfattar mange konstallasjonar og tiltak som er i ulike prosessar, og som har oppnådd ulike resultat. For sektoren samla meiner departementet at løyvingane gitt til SAK-prosessane har medverka positivt til meir fagleg samarbeid og mange lokale initiativ. Det er òg større fagleg vilje og engasjement i sektoren for å oppnå klarare arbeidsdeling og konsentrasjon.

Det er framleis nødvendig å styrkje SAK-arbeidet. Profilerte institusjonar med robuste fagmiljø er viktig for at universiteta og høgskolane kan vere attraktive partnarar for samfunnet og oppfylle mandatet som sentrale aktørar i samfunnsutviklinga. Mange institusjonar har eit breiare utdanningstilbod enn det er tilstrekkeleg rekruttering til eller fagleg og økonomisk grunnlag for. Studentgruppene bør vere så store at det gir grunnlag for eit godt læringsmiljø.

Ei vidare styrking av arbeidet med klarare arbeidsdeling og konsentrasjon krev at institusjonane, kvar for seg og saman, har tydelege siktemål, opne prosessar, klare prosedyrar og ein langsiktig strategi.

Den auken i studenttala som er venta å halde fram i fleire år, aktualiserer byggebehova i universitets- og høgskolesektoren. Formålstenlege bygg er òg ein føresetnad for utdanning av høg kvalitet. Bygningsmassen ved universitet og høgskolar omfattar store økonomiske verdiar. I tillegg er fleire bygg i sektoren kulturhistorisk eigedom og representerer nasjonale verdiar. Delar av bygningsmassen tilfredsstillar ikkje fastsette krav, og fører til at kvaliteten i høgre utdanning og forskning blir svekka. Det er behov for nybygg, oppgradering og rehabilitering av

den eksisterande bygningsmassen i sektoren for at han skal vere tilpassa gjeldande krav og situasjon.

Studentbustader er viktige for at alle studentar kan få tilbod om ein rimeleg bustad under utdanninga. I Soria Moria II-erklæringa er det sett som mål å byggje 1 000 studentbustader i året. I dei seinare åra har regjeringa prioritert bygging av studentbustader, og det er løpande oppfølging av bygginga. I 2011 vart det gitt tilsegn om statsstøtte til bygging av 1 054 studentbustader. Det er likevel behov for fleire studentbustader for å møte det aukande talet på studentar, inkludert internasjonale studentar.

Strategiar og tiltak

Kunnskapsdepartementet vil føre vidare studie-plassar som vart oppretta i 2009, 2011 og 2012 med opptrapping av nye kull. Samla inneber denne satsinga på nye studie-plassar over 22 000 fleire plassar i 2017 når dei er fullt opptrappa. Dette kjem i tillegg til dei studie-plassane som vart oppretta i 2006. Sjå kap. 260 post 50 og 70.

Departementet vil framleis følgje med på utviklinga i tilbod om og etterspurnad etter studie-plassar, søkning og rekruttering til ulike fag-område. Departementet legg til grunn at universiteta og høgskolane medverkar til å fylle dei plassane som er oppretta, og til å møte nasjonale og regionale behov på område der det er særleg behov.

Departementet vil satse vidare på kvalitetsutvikling av høgre utdanning gjennom å styrkje NOKUT. Tilsynet deira er ein avgjerande del av kvalitetssikring av norsk utdanning, og skal medverke til høg utdanningskvalitet. Sjå nærmare omtale under kap. 280 post 01. Departementet vil arbeide for å få auka kunnskap i institusjonane og i samfunnet om kvaliteten i utdanningane. Den årlege tilstandsrapporten om høgre utdanning er eitt verkemiddel for å medverke til dette.

Styring og leiing av utdanningsverksemda omfattar styret si strategiske planlegging og overordna leiing av den samla studieporteføljen ved institusjonen. Den strategiske gjennomtenkinga av samanhengen mellom FoU-portefølje og studieportefølje ved institusjonen er ein viktig del av denne planlegginga. Departementet vil ha dette som tema i styringsdialogen med institusjonene for å framheve ansvaret til styret for utdanningskvaliteten.

God kopling mellom forskning og utdanning og robuste fagmiljø er viktig for både forskings- og utdanningskvaliteten. NOKUT dokumenterte i ein

rapport våren 2012 at tilsette med forskingskompetanse er ein avgjerande føresetnad for å sikre og styrkje utdanningskvaliteten. Kunnskapsdepartementet vil drøfte kva som bør leggjast i omgrepet forskingsbasert utdanning i stortingsmeldinga om forskning, som blir lagd fram i 2013.

Arbeidet med å auke kvaliteten i lærarutdanningane går føre seg kontinuerleg, i departementet og i sektoren. Kvar lærarutdanning skal utgjere ein integrert, forskingsbasert og profesjonsretta heilskap. Pedagogikk, praksisopplæring og fag/fagdidaktikk skal rettast mot dei årstrinna som utdanninga kvalifiserer for. To nye grunnskolelærarutdanningar (GLU) er etablerte. Ny rammeplan for barnehagelærarutdanning skal tre i kraft i 2013. For praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) og dei øvrige utdanningane for årstrinna 8–13 er rammeplanane ute til høring hausten 2012. Følgjegrupper for GLU og barnehagelærarutdanninga skal følgje nøye med på utviklingsarbeidet ved institusjonane. Øvrige utdanningar vil òg bli følgde opp.

Samfunnet vil ha stort behov for kompetanse i realfag og teknologi i framtida. Departementet følgjer opp den nye ingeniørutdanninga og realfagsstrategien for å betre rekrutteringa til og kvaliteten på utdanningane og redusere fråfall. Departementet foreslår ei eingangsløyving på om lag 27 mill. kroner i 2013 til investeringar i vitskapleg utstyr for å styrkje teknologi- og ingeniørmiljøa ved universitet og høgskolar.

Regjeringa vil ha særskild merksemd retta mot helse- og sosialfagleg utdanning, som oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*. Departementet foreslår frå 2013 å opprette tre nye senter for framifrå utdanning (SFU). Gitt tilfredsstillande kvalitet, tek departementet sikte på at eit av sentra blir retta inn mot oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012). I meldinga blir det lansert fleire tiltak som skal sikre at utdanningane blir meir tilpassa den kompetansen som trengst i helse- og velferdstenes-tene. Særleg er det lagt vekt på at kommunane skal få tilgang på relevant kompetanse av høg kvalitet. I 2013 vil departementet sette i gang arbeidet med å utvikle felles innhald i utdanningane og auke kvaliteten på praksisstudia. Vidare vil arbeidet med rammevilkåra for praksisstudia bli prioriterte. Det tette samarbeidet med andre departement og relevante aktørar i utdannings- og helse- og velferdssektorane vil halde fram.

SAK-politikken skal medverke til at store og små aktørar profilerer seg og utvikler gode fag- og utdanningsmiljø. Departementet stimulerer SAK-arbeidet gjennom ei rekkje grep, gjennom Noregs

forskningsråd, gjennom særskild finansiering og etatsstyring.

Departementet meiner at samanslåing av institusjonar er formålstenleg i nokre tilfelle, og vil støtte dei institusjonane som arbeider for dette. Samtidig er det viktig å styrkje faglege nettverk mellom institusjonar som gjer sitt til auka ansvarsdeling og fagleg konsentrasjon. Dette gjer at institusjonane kan utvikle robuste studieporteføljar. Auka samarbeid og profilerte institusjonar medverkar til ei forskingsbasert og relevant utdanning og legg til rette for betre gjennomstrøyming i sektoren. Universitets- og høgskolerådet er ein viktig part i arbeidet med å koordinere gode faglege prosessar.

Rehabilitering av bygg er nødvendig for å føre vidare god kvalitet i høgre utdanning og forskning. Regjeringa foreslår 18,5 mill. kroner i startløyving for rehabilitering av Urbygningen ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Sjå kap. 260 for nærare omtale av prosjektet.

Det er fleire nye byggjeprojekt i universitets- og høgskolesektoren til vurdering. Av desse er seks førte fram til forprosjekt, jf. tabell 2.16 i vedlegg 2. Kunnskapsdepartementet har bestilt prosjektering av sju prosjekt, jf. tabell 2.17 og 2.18 i vedlegg 2. Fornyings-, administrasjons- og kyrkje-departementet foreslår i 2013 ei løyving på om lag 57 mill. kroner på kap. 1580 post 30 til prosjektering av bygg utanfor husleigeordninga for sjølvforvaltande institusjonar, og om lag 118,1 mill. kroner over kap. 2445 post 30 for prosjektering av ordinære bygg innanfor husleigeordninga. I tillegg til dette vil ein del av dei midlane som er foreslått løyvd over kap. 2445 post 32 Prosjektering og igangsetting av kurantprosjekt, bli nytta til prosjektering.

Andre byggjefase av universitetsklinikken i Trondheim, som i hovudsak omfattar bygging av Kunnskapssenteret, skal etter planen stillast ferdig hausten 2013. Finansieringa frå Kunnskapsdepartementet av universitets- og høgskoleareala i universitetsklinikken var ferdig i 2010, jf. Prop. 1 S (2011–2012).

Ved Universitetet i Oslo har planlegginga av eit nytt forskings- og undervisningsanlegg for livsvitenskap inkludert kjemi og farmasi vore gjennom ekstern kvalitetssikring (KS1). Regjeringa har bestemt at konvergenskonseptet skal ligge til grunn for den vidare utgreiinga av prosjektet. Alternativet inneber ei samla løysing for kjemi, farmasi og livsvitenskap i eit felles anlegg.

Konseptvalsutgreiinga for nytt klinikkbbygg for odontologi ved Universitetet i Oslo er framleis under utvikling. Sentrale delar i utgreiinga er eta-

bleringa av kompetansesentera til tannhelse-tenesta og den faglege arbeidsdelinga mellom desse og Universitetet i Oslo.

Mål: Universitet og høgskolar skal i tråd med eigenarten sin utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Tilstandsvurdering

Opptrappinga av stipendiatstillingar på 2000-talet har vore ein suksess. Det vart i 2011 avlagt fleire doktorgradar i Noreg enn nokon gong før, og dobbelt så mange som for ti år sidan. Noreg ligg no rett bak Sverige og Finland når det gjeld talet på doktorgradar samanlikna med folketalet. Delen utlendingar som tek norsk doktorgrad, er òg større enn nokon gong. Det er balanse mellom tilbod og etterspurnad etter doktorgradsutdanna i medisin, humaniora og samfunnsvitenskap, medan etterspurnaden er større enn tilbodet i MNT-faga (matematikk, naturfag, teknologi), jf. rapporten *Etterspørsel etter og tilbud av stipendiatstillinger i Norge frem mot 2020* (2012) frå Universitets- og høgskolerådet og Kunnskapsdepartementet. Sjølv om talet på doktorgradar har auka kraftig, vurderer departementet likevel at det framleis er behov for fleire, særleg i MNT-fag.

Stipendprogrammet for kunstnarleg utvikling er viktig for å auke kompetansen i kunstnerisk verksemd. Saman med prosjektprogrammet for kunstnarleg verksemd utgjer dette ei betydeleg satsing som vekker internasjonal merksemd.

Mange norske forskingsmiljø held høg internasjonal kvalitet, og nokre ligg i verdstoppen. Samtidig viser fagevalueringar at det er mange små og fragmenterte fagmiljø i sektoren. Auka samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK) er derfor viktig for å styrkje kvaliteten i forskinga. Departementet ser ei positiv utvikling i FoU-landskapet, med satsing på senter, større forskingsgrupper og meir profilerte institusjonar. Nasjonale forskings-satsingar og SAK-midlane har lagt til rette for samarbeid mellom universitet og høgskolar om ulike forskingsprosjekt, FoU-arbeid og forskarskolar, men departementet meiner at mangel på merksemd om arbeidsdeling framleis er ei utfordring.

Som følge av nye, komplekse utfordringar og kompetansebehov i helse- og velferdstenestene er det behov for å heve kvaliteten i dei aktuelle utdanningane og betre tenestene. Det må leggjast sterkare vekt på FoU-baserte utdanningar og profesjonsretta forskning innanfor helse- og sosialfaga. Forskinga må medverke til å styrkje forholdet mellom forskning, utdanning og praksis.

Publiseringa i universitets- og høgskolesektoren har auka kraftig sidan 2004, og auka igjen i 2011 etter ei utflating året før. Publiseringssindikatoren har stimulert til stor vekst i publiseringa, samtidig som kvaliteten er halden oppe. Delen artiklar publisert saman med utanlandske forskarar har òg auka kraftig over tid.

Tildelingar frå Noregs forskingsråd til universitets- og høgskolesektoren held seg på om lag same nivå som tidlegare. Desse tildelingane utgjer ein betydeleg del av dei eksterne inntektene, særleg ved dei store universiteta. Inntekter frå EUs rammeprogram for forskning utgjer ein mindre del av inntektene ved norske universitet enn ved universitet i dei andre nordiske landa. Inntekter til universitet og høgskolar frå rammeprogramma har auka i dei seinare åra, særleg frå Det europeiske forskingsrådet (ERC). Det er framleis eit potensial for å auke tildelingane frå EU. I takt med eit endra internasjonalt forskingslandskap har Noreg ei breiare satsing internasjonalt der vi utanom Europa prioriterer samarbeid med USA, Kina, India, Canada, Russland, Japan, Sør-Afrika, Brasil, Chile og Argentina.

Formålstenlege bygg og infrastruktur er ein føresetnad for forskning av høg kvalitet. Særleg i dei eksperimentelle faga er det viktig med tilgang til det fremste innanfor vitskapleg utstyr for å ligge i forskingsfronten. Den nasjonale satsinga på forskingsinfrastruktur er eit viktig verkemiddel for å styrkje kvaliteten i forskinga. Satsinga skal òg auke effektiviteten i norsk forskning gjennom å sikre arbeidsdeling og tilgang til infrastruktur nasjonalt og internasjonalt. I 2011 har Forskringsrådet oppdatert den nasjonale strategien for forskingsinfrastruktur og *Norsk vegkart for forskingsinfrastruktur*. Vegkartet gjer store og nasjonalt viktige forskingsinfrastrukturar synlege og skal vere ein rettleiar for framtidige investeringar. Noreg deltek i om lag halvparten av prosjekta på det europeiske vegkartet for storskala forskingsinfrastruktur, ESFRI (European Strategy Forum on Research Infrastructure), og er vertskap for tre prosjekt. Sjå kap. 285.

Strategiar og tiltak

I tiltakspakken for arbeid i 2009 vart det løyvt midlar til å opprette 57 stipendiatar innanfor MNT-faga. Tiltakspakken var midlertidig og retta inn mot å dempe verknadane på norsk økonomi av internasjonal finansuro. Etter fire år skulle stillingane fasast ut. Forsking i MNT-faga er eit prioritert område for regjeringa, og det er framleis behov for stipendiatar innanfor desse fagområda.

Det har òg vore ein kraftig vekst i talet på søkjarar til ingeniør- og teknologiutdanningane. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor innanfor ramma på kap. 260 post 50 å føre vidare stipendiatstillingane innanfor MNT-faga.

Departementet vil føre vidare satsinga på nasjonale nettverksforskerskolar for å knyte stipendiatar innanfor same fagfelt ved ulike institusjonar til eit større fagleg nettverk. Profesjonsfaga vil vere særleg prioriterte, for å møte dei auka behova for forskning i desse utdanningane og leggje til rette for forskingsbasert utdanning. Ambisjonen er å styrkje kvaliteten i doktorgradsutdanninga, auke gjennomstrøyminga og få fleire til å fullføre.

Departementet foreslår å føre vidare satsinga på nasjonale FoU-program i Noregs forskingsråd knytte til utdanningsforskning, regional utvikling og innovasjon, musea og dei strategiske høgskoleprosjekta. Satsinga på *Program for kunstnarleg utviklingsarbeid* blir òg ført vidare.

Delen av befolkninga som er eldre aukar, og vi treng meir kunnskap om helse- og velferdstenestene og om utdanningane innanfor feltet. I 2012 vart Forskringsrådets program for praksisretta FoU i helse- og velferdstenestene etablert. Programmet er ei oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*. For å medverke til å heve kvaliteten i helse- og velferdssektoren og dei aktuelle utdanningane foreslår Kunnskapsdepartementet å auke tildelingane til programmet. Sjå kap. 285 post 52 under programkategori 07.70 Forsking.

Med auka tal for publisering er det viktig å sørge for kvalitet. Internasjonalt samarbeid med større merksemd på sampublisering og gode forskingsvilkår er viktige føresetnader for meir publisering av høgare kvalitet. Departementet legg vekt på at institusjonane gjer interne prioriteringar for å ta omsyn til gode forskingsvilkår. Samanhengande tid til forskning er av stor betydning.

Noregs forskingsråd skal medverke til å styrkje kvaliteten i norsk forskning og sikre at samfunnsbehova for forskning blir møtte. Forskringsrådet skal òg medverke til eit velfungerande forskningssystem og til god utnytting av forskingsressursane gjennom aktivitetar og verkemiddel som gjer sitt til samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Forskringsrådet skal vidare medverke til å sikre langsiktig finansiering av grunnleggjande forskning og medverke til å løyse dei store samfunnsutfordringane. Departementet stimulerer universitet og høgskolar til å søkje midlar frå Forskringsrådet gjennom finansieringssystemet. Samtidig blir midlar til ulike tematiske satsingar

og dei frie konkurransearenaene førte vidare. Institusjonane bør leggje til rette for eit godt samspel mellom sine eigne strategiar og prioriteringar og dei mange verkemidla gjennom Noregs forskingsråd. Sjå kap. 281 post 50.

Kunnskapsdepartementet legg vekt på internasjonalisering av forskning for å styrkje kvalitet, mobilitet og samhandling. Det vil vere viktig for sektoren å medverke til og sjå moglegheiter for samarbeid om arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon som kan medverke til at dei òg hevdar seg internasjonalt. Viktige element i dette er norsk deltaking i det europeiske forskingssamarbeidet.

Internasjonalt forskingssamarbeid gir norske forskingsmiljø tilgang til den internasjonale forskingsfronten. Dette er avgjerande for å sikre høg kvalitet på den nasjonale forskinga, og for at vi skal kunne ta i bruk kunnskap frå utlandet og slik utvikle velferdssamfunnet og auke verdiskapinga i Noreg. Departementet stimulerer universitet og høgskolar til å søkje EU-midlar i finansieringssystemet, og gjennom Noregs forskingsråd. Det er vesentleg at norske universitet og høgskolar nyttar dei moglegheitene som rammeprogramma i EU gir for større deltaking i internasjonalt samarbeid og auka finansiering av forskning.

Departementet vil føre vidare satsinga på forskingsinfrastruktur i tråd med det nasjonale vegkartet. Internasjonalt samarbeid om etablering av tung infrastruktur for forskning blir stadig viktigare. Noreg vil framleis vere involvert i fleire prosjekt i vegkartet for stor europeisk forskingsinfrastruktur, ESFRI (European Strategy Forum on Research Infrastructure). Sjå programkategori 07.70 Forsking og kap. 285.

Mål: Universitet og høgskolar skal vere tydelege samfunnsaktørar og medverke til internasjonal, nasjonal og regional utvikling, formidling, innovasjon og verdiskaping

Tilstandsvurdering

Samspelet mellom forskning, innovasjon og utdanning er nødvendig for å sikre kunnskapsoverføring frå institusjonane til samfunnet. Det er framleis behov for at universiteta og høgskolane styrkjer orienteringa si og tilpassar verksemda til samfunnet rundt. Det er fleire prosessar i gang i sektoren for å komme dette i møte. Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) skal formalisere samarbeidet mellom dei høgre utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet. I råda skal ein mellom anna diskutere utvikling av etter- og vidareutdanning i tråd med behova i samfunnet. Målet er å skape meir relevante utdanningar for regionalt og nasjo-

nalt arbeidsliv. Kandidatane er det viktigaste bidraget frå universiteta og høgskolane for å overføre kunnskap til samfunnet. Institusjonane arbeider no med å opprette råda og å utvikle strategiar for samarbeid med arbeidslivet.

Nordområdesenteret er ein del av Universitetet i Nordland og driv verksemd innanfor hovudområda forskning, utdanning og kunnskaps- og kompetanseformidling overfor samfunns- og næringsliv. Som ei oppfølging av regjeringa si nordområdesatsing foreslår Kunnskapsdepartementet å styrkje løyvinga til Universitetet i Nordland for å sikre langsiktig og stabil drift ved Nordområdesenteret.

Universitet og høgskolar formidlar resultat frå forskinga i stort omfang og i mange ulike kanalar. Det er ikkje noko som tyder på at formidlinga blir hemma av manglande insentiv i finansieringssystemet. Delen ope tilgjengelege vitenskaplege artiklar auka kraftig i 2011, men frå eit lågt nivå.

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) er verksemd som ikkje er finansiert gjennom løyvinga frå Kunnskapsdepartementet, Noregs forskingsråd eller forskingsfinansieringa frå EU. Ho spenner over alt frå grunnforskning til etter- og vidareutdanning, og kjeldene er alt frå lokalt næringsliv til internasjonale konsern og lokale, regionale og nasjonale myndigheiter. Omfanget av BOA indikerer den relevansen institusjonane har for aktørar på ulike nivå i samfunnet rundt. Delen BOA-inntekter av totale driftsinntekter har gått svakt ned i dei siste åra. Sett i samanheng med ambisjonen om auka orientering mot samfunnet burde universitet og høgskolar ha potensial for å auke desse inntektene. Det gjeld inntekter frå forskning så vel som frå etter- og vidareutdanning.

Resultata frå kommersialisering av forskinga viser at talet på forretningsidear og nye føretak gjekk noko ned i 2011 samanlikna med året før. Sett i eit lengre perspektiv har likevel talet både på idear og føretak auka kraftig.

Strategiar og tiltak

Departementet er oppteke av betre samhandling og kontaktflate mellom høgre utdanningsinstitusjonar, næringsliv og relevante samfunnsaktørar. Dette må vere ein integrert del av strategiane til institusjonane slik at dei gir betre deling og flyt av kunnskap.

Departementet er oppteke av at forretningsidear skal nyttast betre i form av nye selskap og fleire lisensieringar og patent. Departementet vil føre vidare *FORNY2020* som eit viktig verkemid-

del for å kommersialisere og formidle forskingsresultat til samfunnet.

Synleggjering av forskning og formidling av forskingsresultat både i tradisjonelle kanalar og i nye medium er avgjerande for å nå ut til eit breitt publikum. Dette er òg viktig for forståing av og interesse for forskning i folket. Forskingsinformasjonssystemet CRISTIN er etablert mellom anna for å stille saman informasjon om norsk forskning ut frå prinsippet om open tilgang for alle. Sjå kap. 280 post 51.

Departementet vil peike på at arbeidet for å styrkje inntektene frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA) heng saman med utviklinga av universitet og høgskolar som samfunnsaktørar og den samfunnsrolla dei tek. Større inntekter frå bidrag kan òg representere eit potensial for å styrkje kjerneverksemda og dermed underbygge eigne faglege strategiar ved institusjonane. Departementet er oppteke av at institusjonane held fram med å utarbeide gode rutinar knytte til BOA, og slik auke både samspelet med samfunnet rundt og eksterne inntekter.

Mål: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Tilstandsvurdering

Styringsdialogen mellom departementet og dei statlege universiteta og høgskolane er endra i dei siste åra og er no prega av meir dialog om langsiktige perspektiv, strategisk utvikling og profil.

Frå 2012 fastsette departementet ny målstruktur for universitet og høgskolar for å gi dei større handlingsrom og sjølvstendig ansvar for å tilpasse mål- og resultatstyringa betre til eigenarten og strategiane for den einskilde institusjonen. Ny målstruktur inneber ein vesentleg delegasjon frå departementet ved at institusjonane sjølve skal definere verksemdsmåla sine og setje eigne styringsparametrar. Dette skal gi eit tydelegare bilete av profil, satsingar og utfordringar som institusjonane har. Departementet vurderer at Noreg er best tent med profilerte institusjonar i ein robust og mangfaldig sektor. Profil kan innebere ulik fagleg profilering, men òg differensiering av oppgåver ved at ulike institusjonar tek ulike roller.

Proessen med å utarbeide ein målstruktur tilpassa den einskilde institusjonen er eit omfattande og krevjande strategisk arbeid. Dei fleste institusjonane er godt i gang med prosessen og vil fastsetje nye verksemdsmål og styringsparametrar for 2013.

Kompetansen til det faglege personalet er avgjerande for kvaliteten i forskning og utdanning, og er ein grunnleggjande føresetnad for at sektoren skal nå måla sine. Samtidig er god personalpolitikk ein viktig føresetnad for å rekruttere og halde på høgt kvalifisert personale. Ved dei eldste universiteta er det allereie eit høgt kompetansenivå, og det har skjedd ei kraftig heving av kompetansen ved nye universitet og høgskolar i dei ti siste åra.

Universitet og høgskolar er i dag attraktive arbeidsplassar for dei som har avlagt doktorgraden, sjølv om einskilde små institusjonar i distrikta har vanskar med å rekruttere kvalifisert personale. Dei gode arbeids- og tilsettingsforholda under doktorgradsutdanninga gjer òg at Noreg er ein attraktiv studiestad for utanlandske doktorgradskandidatar, særleg på fagområda naturvitenskap og teknologi. Dette er fagområde som har utfordringar knytte til rekruttering av norske søkjarar.

Delen mellombelse tilsettingar er framleis for høgt ved universitet og høgskolar. Kvinner er framleis underrepresenterte i faglege toppstillingar, sjølv om delen kvinner blant professorar har auka med om lag eit prosentpoeng for kvart år i dei siste ti åra.

Gode administrative tenester ved universitet og høgskolar støttar opp under kvaliteten i utdanning, forskning og formidling. Sjølv om økonomiforvaltninga i sektoren er god og i positiv utvikling, er det framleis mogleg å forbetre denne. Nokre institusjonar har òg særskilde utfordringar. Departementet vurderer at det spesielt blant dei mindre institusjonane er behov for å etablere fellesfunksjonar eller felles innkjøp av tenester. På mange av dei administrative områda blir administrasjonane for små til å vere kostnadseffektive og til å levere tenester av høg nok kvalitet. Det er behov for meir samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon på det administrative området for å sikre tenester av høg kvalitet og utnytte ressursane betre.

Informasjonstryggleik er framleis ei stadig større utfordring i statleg forvaltning som følgje av stadig meir komplekse omgivnader. Framleis har mange av universiteta og høgskolane komme for kort i arbeidet med å få på plass retningslinjer, system og kontrolltiltak for informasjonstryggleik.

Som eit ledd i samorganiseringa av Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitenskap, jf. Innst. S. nr. 176 (2007–2008) og St.prp. nr. 30 (2007–2008) *Framtidig lokalisering og organisering av Noregs veterinærhøgskole*, opp-

nemnde Kunnskapsdepartementet i 2010 eit fellesstyre for det nye universitetet på Ås. Fellesstyret har arbeidd med å definere samfunnsoppdrag, visjon, namn, visuell profil, styrings- og leiingsordning, fagleg organisering og strategisk plan. I tillegg har fellesstyret gitt innspel til prosjekteringa av nybygg på Ås.

Strategiar og tiltak

God verksemdsstyring inkludert langsiktig økonomisk planlegging er viktig for at den einskilde institusjonen og sektoren samla skal nå måla sine. Departementet vil utvikle styringsdialogen vidare og leggje vekt på at han skal spegle det ansvaret institusjonane har for si eiga styring og utvikling. På bakgrunn av dette tek departementet frå 2013 sikte på å halde etatsstyringsmøte med styret ved den einskilde institusjonen annakvart år.

I styringsdialogen med institusjonane vil departementet vere oppteke av at den einskilde institusjonen har verksemdsmål som tydeleggjær eigenarten, utfordringane og utviklingsstrategiane til institusjonen. I tillegg skal summen av verksemdsmåla i sektoren vere tilstrekkeleg for å oppfylle sektormåla og dei nasjonale prioriteringane regjeringa har for sektoren.

Utvikling av ein god politikk for rekruttering og arbeidsmiljø er i all hovudsak ei oppgåve for den einskilde utdanningsinstitusjonen. Ansvaret til departementet ligg i overordna tilrettelegging og regelverk. Departementet følgjer utviklinga på feltet, og har dialog med institusjonane og Universitets- og høgskolerådet (UHR) om politikken og behova på området.

Departementet meiner universitets- og høgskolesektoren må redusere talet på mellombelse tilsetjingar. Departementet har utforma ein styringsparameter for dette i målstyringssystemet og tek opp problemstillinga i styringsdialogen med sektoren.

Universiteta og høgskolane skal medverke til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv. Likestilling blir teke opp i styringsdialogen, og departementet krev at universiteta og høgskolane har handlingsplanar for likestilling. Den treårige prøveordninga med insentiv for tilsetjing av kvinner i høgre vitenskaplege stillingar i matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag vil bli forlengd med eitt år og vil verke i 2013 medan ein ventar på ei evaluering av ordninga. Sjå nærmare omtale i del III kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering, og kap. 281 post 01.

Rapporteringa frå institusjonane er viktig for å sikre innsyn i og kunnskap om utviklinga og resultat i sektoren. På bakgrunn av evalueringa av

rapporteringa frå underliggende verksemdar i 2011 har departementet sett i gang eit arbeid om nivået på rapporteringa frå sektoren, både rapporteringa institusjonane treng til den interne styringa si, og rapporteringa til departementet.

Auka standardisering og digitalisering gjer det mogleg å konsentrere den administrative oppgåveløysinga i sektoren. Departementet støttar SAK-prosessar som medverkar til god administrativ samordning mellom institusjonane, gjennom å etablere administrative løysingar baserte på arbeidsdeling og konsentrasjon.

Kunnskapsdepartementet har eit overordna ansvar for å ta i vare tryggleiken i IKT-infrastrukturen i sektoren, og for at det førebyggjande arbeidet med IKT-tryggleik i sektoren er tilfredsstillande. Departementet har bede UNINETT AS opprette eit sekretariat for informasjonstryggleik og beredskap. Sekretariatet skal tilby råd og tenester til institusjonane som til dømes å gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar, etablere internkontrollsystem for informasjonstryggleik og gjennomføre revisjonar, og koordinere aktivitetar knytte til kritiske system.

Arbeidet med samorganiseringa av Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitenskap og byggjeprojektet på Ås held fram. Fellesstyret for det nye universitetet har som mål at den organisatoriske samanslåinga skal vere ferdig i god tid før nybygg på Ås står klart. Fellesstyret føreset likevel at samorganisering skjer etter at startløyving for nybygg er vedtatt. Administrasjonen ved dei to institusjonane deltek no i eit omfattande prosjekt for å få på plass ein operativ, felles administrasjon frå tidspunkt for samanslåing.

Mål: Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Tromsø skal byggje opp, drive og halde ved like museum med vitenskaplege samlingar og utstillingar for publikum

Tilstandsvurdering

Samlingane ved universitetsmusea inneheld objekt av stor nasjonal og internasjonal verdi. Den strategiske forskningssatsinga ved universitetsmusea gjennom Noregs forskingsråd medverkar til å utvikle musea når det gjeld forskning, formidling og bevaring.

I to rapportar frå Riksrevisjonen til Stortinget, seinast våren 2008, og i St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale* blir det peikt på at statusen for

sikring og bevaring av samlingane ved universitetsmusea ikkje er tilfredsstillande. Situasjonen for sikring og bevaring av samlingane har betra seg ved musea i dei seinare åra, grunna både tiltak i eksisterande lokale og leige av eksterne magasinlokale. Musea har gjennom fleire år fått ekstra løyvingar frå Kunnskapsdepartementet for å betre magasintilhøva. Fleire av utfordringane for sikring og bevaring kan ikkje løysast innanfor den bygningsmassen universitetsmusea har i dag.

Eit internasjonalt ekspertutval vart sett ned av Kunnskapsdepartementet i 2010 for å vurdere risiko, skade og kostnad knytte til ei mogleg flytting av vikingskipa og dei alunkonserverte gjenstandane. Arbeidet omfatta òg ei risikovurdering av den planlagde tomte i Bjørvika. Utvalet konkluderer med at vikingskipa ikkje kan flyttast frå Bygdøy. Utvalet understrekar òg at skipa og gjenstandane er unike i verdssamanheng, og at det er nødvendig å sikre og konservere dei på ein betre måte.

Strategiar og tiltak

Regjeringa foreslår 30 mill. kroner over tre år til Universitetet i Oslo for å setje i verk tiltak for å sikre og bevare vikingsamlingane ved Kulturhistorisk museum. Sjå omtale under kap. 260 post 50.

Departementet vil føre vidare satsinga på forskning ved musea gjennom Noregs forskingsråd og slik bevare viktig kompetanse, og samtidig redusere talet på mellombelse stillingar. Vidare satsing på forskning ved musea vil òg gi betre vilkår for samarbeid mellom musea og relevante fagmiljø ved andre delar av universiteta.

Universiteta må framleis prioritere ressursar for å betre tilhøva for sikring og bevaring av samlingane ved musea, gjennom å betre tilhøva i eksisterande lokale eller leige av mellombelse lokale til nye er på plass. Det er avgjerande for å sikre og bevare samlingane som forskingsobjekt for framtida.

Det er sett i gang planar for utbetring av byggfasilitetar ved alle dei fem institusjonane som har universitetsmuseum. Statsbygg har fått i oppdrag å planleggje nye magasin og utstillingslokale som skal gi betre høve for utstillingar og for sikring, bevaring og tilgang til samlingane. Ferdig skissprosjekt ligg føre for Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger. Statsbygg har fått i oppdrag å planleggje nye lokale for Vitskapsmuseet i Trondheim. Statsbygg arbeider òg med planar om eit nytt magasinbygg i Breivika for Universitetsmuseet i Tromsø. Universitetet i Oslo har sett i gang arbeid med å vurdere behovet for rehabilitering, utviding og magasin for Naturhistorisk

museum. Magasinforholda er foreløpig betra gjennom mellombels leigecontrakt på Økern.

I 2013 vil Kunnskapsdepartementet halde fram med arbeidet med byggjeprojekta ved Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Kunnskapsdepartementet vil i det vidare arbeidet leggje til grunn at vikingskipa ikkje kan flyttast frå Bygdøy. I samråd med Universitetet i Oslo vil Kunnskapsdepartementet vurdere ei løysing for resterande delar av Kulturhistorisk museum.

Mål: Godkjend fagskoleutdanning skal vere av høg kvalitet og gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod

Tilstandsvurdering

Fagskoleutdanning er viktig for å sikre korte, yrkesretta tilbod som er tilpassa ny teknologi og nye trendar og krav i arbeidslivet. Fagskoleutdanning byggjer på fullført vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse. Nær 60 pst. av fagskolestudentane blir tekne opp på bakgrunn av yrkesfagleg kompetanse.

Departementet har oppretta Database for statistikk om fagskoleutdanning (DBH-F), og eit forum for fagskolestatistikk. Databasen var på plass hausten 2011, som òg er året for første rapportering. Rapporteringa for private og offentlege fagskolar er lik. Forum for fagskolestatistikk vil ha sekretariatet i Database for høgre utdanning (DBH), som har fått oppdraget med å utvikle og drifte DBH-F. Tilstandsvurderinga under er gitt på grunnlag av den første rapporteringa frå fagskolane til DBH-F.

Det er i dag tre kjelder til finansiering av fagskolar. I 2012 vart det fordelt om lag 372 mill. kroner gjennom inntektssystemet for fylkeskommunane, 80 mill. kroner som øyremerkte tilskott til helse- og sosialfaglege fagskolar gjennom Helsedirektoratet, og om lag 57 mill. kroner over kap. 276 post 72 til 15 fagskolar med utdanningstilbod i fag som mellom anna kunst og film, design, kristent livssyn, byggfag og jordbruk. Sjå kap. 276 post 72.

Det var i 2011 totalt 121 offentlege og private fagskolar registrerte i DBH-F, som samla dekkjer eit stort spekter av utdanningar innanfor ei rekkje fagfelt. Fagskolane hadde til saman 904 aktive utdanningstilbod hausten 2011.

Om lag 60 pst. av fagskolane er private. Nærmare halvparten av fagskolane er lokaliserte i austlandsområdet, og om lag 85 pst. av utdanningstilboda er stadbasert undervisning. Delen stadbasert og fjern- eller nettundervisning er tilnærma lik ved offentlege og private fagskolar.

Samla er det 14 812 fagskolestudentar i 2011. Fagskolane uteksaminerte om lag 5 800 fagskolekandidatar i 2011, og av desse var 51 pst. menn og 49 pst. kvinner.

Nasjonalt opptakskontor for fagskolen administrerer opptaket for dei fylkeskommunale fagskolane. Frå 2011 til 2012 auka søkjartala for desse fagskolane frå om lag 3 700 til 4 100, eller med om lag 12 pst. Det var i 2011 om lag 5 400 registrerte studentar i fylkeskommunal teknisk og maritim fagskoleutdanning.

Departementet har i 2012 òg fått utført ei kandidatundersøking blant fagskolestudentar, gjennomført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). Dette for å få meir kunnskap om mellom anna kva slags hovudaktivitet fagskolekandidatane er engasjerte i etter å ha gjennomført ei fagskoleutdanning. Resultata viser at kandidatar i helse- og sosialfag, naturvitskaplege og tekniske fag, samferdsels- og tryggleiksfag og økonomisk-administrative fag i all hovudsak er yrkesaktive. Om lag ein av fire fagskolekandidatar studerer vidare etter fagskolen, dei fleste på heiltid. Rapporten viser òg at tre av fire fagskolestudentar er nøgde eller særleg nøgde med den relevansen utdanninga har for arbeidslivet.

Departementet har medverka til å opprette Fagskolerådet frå 2010, som er eit nasjonalt råd for fagskoleutdanning. Med det har fagskolane fått eit eige forum og eit kontaktpunkt mot Kunnskapsdepartementet og andre nasjonale instansar. Med den endringa i fagskolelova som vart vedteken i desember 2010, jf. Innst. 64 L (2010–2011) og Prop. 161 L (2009–2010), fekk departementet heimel til å gi forskrift om eit nasjonalt kvalifika-

sjonsrammeverk om ulike kvalitetsfremmande tiltak i fagskoleutdanning.

Departementet har medverka til at det i april 2012 vart etablert ein eigen studentorganisasjon for fagskolestudentar, Organisasjon for norske fagskolestudentar. Organisasjonen skal representere alle fagskolestudentar, ved både offentlege og private fagskolar.

Strategiar og tiltak

Regjeringa har vurdert dei gjeldande finansieringsordningane for fagskolane. Sidan forvaltningsreforma berre har virka frå 2010, er det for tidleg å fastslå om sterke og svake trekk ved ordningane er av varig karakter. Regjeringa har i samband med Innst. O. nr. 30 (2008–2009) og Ot.prp. nr. 10 (2008–2009) *Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv.* lagt opp til å sjå tidspunkt for innlemming av midlane til dei helse- og sosialfaglege fagskolane i inntektssystemet til fylkeskommunane i samheng med Omsorgsplan 2015. Regjeringa meiner derfor at 2016 står fram som eit naturleg tidspunkt for ei mogleg omlegging av finansieringa av fagskolane. Regjeringa vil hauste erfaringar og hente inn ny kunnskap fram mot kommuneproposisjonen for 2016. Det vil årleg bli vurdert om det er tenleg med justeringar innanfor gjeldande ordningar.

Departementet vil halde fram med utviklinga av DBH Fagskolestatistikk. Departementet arbeider òg med ein gjennomgang av fagskolelova. Formålet med dette er mellom anna å styrkje rettane til fagskolestudentane.

Kap. 260 Universitet og høgskolar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
50	Statlege universitet og høgskolar	24 140 650	25 102 667	26 451 926
70	Private høgskolar	881 423	984 391	1 087 015
	Sum kap. 260	25 022 073	26 087 058	27 538 941

Post 50 Statlege universitet og høgskolar og post 70 Private høgskolar

Mål for 2013

Måla for den høgre utdanningssektoren samla sett er gitt i kategoriinnleiinga.

Rapport for 2011

Stortinget løyvde til saman om lag 25 mrd. kroner til universitet og høgskolar i 2011 over kap. 260 post 50 og 70. Nedanfor følgjer eit oversyn over resultata av den totale løyvinga til sektoren, innanfor dei fem sektormåla.

For rapportering for 2011, sjå òg tabellar i vedlegg 2 og 3.

Mål: Utdanning av høg internasjonal kvalitet

Kapasitet i utdanninga

Talet på søkjarar til høgre utdanning har auka monaleg i dei siste åra. Tal frå Samordna opptak (SO) våren 2011 viste ein auke på 5 200 søkjarar samanlikna med 2010. I tillegg var det stigning i talet på søkjarar gjennom lokale opptak. Departementet har særleg engasjert seg i auka rekruttering til helse-, lærar-, realfags- og teknologiutdanningane, og vi ser ei større søkning til desse utdanningane i dei siste åra. Gjennom budsjettet for 2011 tildelte departementet midlar til om lag 2 200 nye studieplassar. Det medverka til at institusjonane kunne møte den auka tilgangen på studentar hausten 2011.

I 2011 var det i snitt om lag 2,1 søkjarar per utlyst studieplass. Det er framleis slik at lærestader i og nær dei større byane har best søkning. Lærestader i Oslo har om lag tre førstevalssøkjarar for kvar plass. Ved fleire lærestader i dei nordlegaste fylka var det i 2011 kring ein søkjar per plass.

Hausten 2011 var det registrert om lag 218 000 eigenfinansierte studentar i høgre utdanning, ifølgje tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH). Det er ein auke på om lag 11 000 studentar frå 2010. Auken kan sjåast i samanheng med veksten i ungdomskulla og regjeringa si tildeling av nye studieplassar frå 2009.

Talet på uteksaminerte kandidatar har stige. I 2011 vart det uteksaminert litt over 2 000 fleire kandidatar enn året før. Det har samanheng med oppretting av fleire studieplassar, auka studentopptak og betre gjennomstrøyming. Fleirtalet av masterkandidatane blir uteksaminerte frå universiteta. Dette talet er stigande, men òg talet på masterkandidatar frå høgskolane har vakse. Om lag 7 900 kandidatar på mastergradsnivå vart uteksaminerte frå universiteta i 2011. Frå høgskolane kom om lag 1 300 masterstudentar. Det vart uteksaminert om lag tolv kandidatar i snitt for kvart masterprogram i 2011 ved universiteta. Tilsvarende tal for høgskolane var ni. Talet på kandidatar for kvart masterstudium varierer mykje frå lærestad til lærestad.

Det blir årleg oppretta mange nye studietilbod ved universitet og høgskolar. I 2011 var dette talet likevel mindre enn året før. I tillegg vart fleire tilbod vedteke avvikla i 2011 enn i 2010. Talet på program med registrerte studentar har halde seg relativt stabilt i dei siste åra. Dette tyder på at

ikkje alle program som er vedtekne oppretta, blir sette i gang. Ein netto auke i talet på studieprogram tyder likevel på eit behov for meir fagleg konsentrasjon. Om lag 60 pst. av studentane er på ordinære studieprogram; av desse er høvesvis 46 pst. på bachelor- og 15 pst. på masterprogram. Talet på bachelor- og mastergradsprogram aukar, medan talet på årskurs og korte program går litt ned.

Kvalitet i utdanninga

Talet på studiepoeng per student har stige i dei siste åra. Studentar ved høgskolane tek fleire studiepoeng enn studentar ved universiteta. Fleire studentar enn tidlegare gjennomfører dessutan studia sine i samsvar med avtalt utdanningsplan. I 2011 vart 86,1 pst. av planlagde studiepoeng avlagde, mot 83,6 pst. i 2008. Dette er tal som tek omsyn til at mange studentar tek utdanning på deltid.

Omlegging i DBH frå aggregerte data til individdata gir nye studenttal som er betre eigna til å måle gjennomføring, fråfall og flytting mellom institusjonane. 41 pst. av dei studentane som vart tekne opp på ei bachelorutdanning i 2008, hadde avlagt graden tre år etter ved same institusjon. Av masterstudentane hadde 36 pst. fullført graden ved same institusjon to år etter opptak. 30 pst. av bachelorstudentane og 47 pst. av masterstudentane var framleis registrerte som studentar ved same institusjon. Det kan vere ulike grunnar til at studentar ikkje fullfører på normert tid eller sluttar på eit studium. Departementet arbeider vidare med å få fram meir fullstendige tal. For sektoren under eitt bør ein likevel framleis kunne vente ei forbetring.

Kandidatundersøkingar tyder på at relevansen i norsk høgre utdanning i hovudsak er god. Mellom anna svarer mange kandidatar at dei får relevant jobb etter endt utdanning. Det er òg svært låg arbeidsløyse blant kandidatar frå høgre utdanning. I dei siste åra har departementet likevel lagt vekt på tiltak som kan styrkje relevansen i utdanningane. Institusjonane skal frå 2011 ha etablert Råd for samarbeid med arbeidslivet for blant anna å formalisere samarbeidet med andre samfunnsaktørar, og er i ferd med å implementere kvalifikasjonsrammeverket.

Forskningsbasert utdanning medverkar til auka kvalitet, relevans og internasjonalisering av studia. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har starta eit arbeid med å analysere korleis FoU-basert utdanning er realisert i den praktiske undervisninga og rettleiinga. I 2011 vart

og det første senteret for framifrå utdanning (SFU) etablert i Noreg. FoU-basert utdanning er sentralt i dette arbeidet.

I den siste Kvalitetsbarometerundersøkinga frå NOKUT framgår vurderingar frå både studentar og fagleg tilsette. Fagleg tilsette gir den mest positive vurderinga av den faglege og pedagogiske kompetansen til lærargruppa, innhald og arbeidsformer i studia, og i sluttvurderinga av studentane. Studentane på si side gir gjennomgåande svak vurdering av undervisning, rettleiing og eksamensformer. Seminar med lærar, forelesingar og individuelt skriftleg arbeid blir vurderte som dei mest læringseffektive arbeidsformene.

Internasjonalisering av utdanninga

Departementet legg stor vekt på internasjonale fellesgradar som kvalitetsfremmande tiltak. Talet på internasjonale fellesgradar ved norske universitet og høgskolar har auka frå 15 i 2009 til 31 i 2011. Meir enn halvparten av alle fellesgradane er eit resultat av EUs program for utdanningssamarbeid, *Erasmus Mundus*. Utlysingar i 2012 i oppfølginga av St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* vil venteleg gi ein vidare auke i talet på fellesgradar.

Frå 2008 til 2011 har det vore ein auke i talet på engelskspråklege utdanningstilbod. Slike tilbod er viktige for å trekkje til seg utanlandske studentar. I 2011 vart det gitt tilbod om meir enn 200 engelskspråklege mastergradsutdanningar ved norske lærestader.

Talet på innreisande utvekslingsstudentar som tek delar av utdanninga i Noreg og får ho innpassa i graden ved institusjonen i heimlandet, har auka frå om lag 4 800 til nesten 6 000 i perioden 2008–10. I dei siste åra har dei fleste utvekslingsstudentane komme frå Tyskland, følgde av dei frå Frankrike og Spania.

Talet på studentar med utanlandsk statsborgarskap aukar. Dette er ei samansett gruppe der nokre har varig opphald i Noreg, medan andre er i landet for å ta utdanning. I perioden 2008–11 har talet på utanlandske studentar stige frå 13 500 til 17 800, og utgjer no om lag åtte pst. av den totale studentmassen. Delen varierer likevel mykje mellom lærestadene frå eit par pst. til om lag 20 pst. I 2011 er russarar og svenskar dei største gruppene med utanlandsk statsborgarskap, følgde av tyskarar og kinesarar.

Talet på utreisande utvekslingsstudentar frå Noreg aukar. I 2011 var det nesten 5 600 studentar som tok delar av utdanninga ved ein utanlandsk lærestad gjennom samarbeidsavtalar med uten-

landske partnerar. Studentar ved statlege vitskaplege høgskolar reiser i størst grad ut, færrast ved statlege og private høgskolar. I tillegg tek ein stor del studentar delstudium i utlandet utanfor samarbeidsavtalar. I perioden 2011–12 fekk over 8 000 studentar støtte gjennom Lånekassen til å ta delstudium i utlandet.

I 2011 var det om lag 14 000 norske studentar som tok ein heil grad ved ein utanlandsk lærestad. Den største enkeltgruppa er medisinstudentane, følgde av studentar i økonomi og administrasjon.

Samla tyder indikatorane at norsk høgere utdanning blir stadig meir internasjonal, noko som òg var ambisjonen i St.meld. nr. 14 (2008–2009).

Samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK)

SAK-strategien vart etablert etter utgreiinga til Stjernø-utvalet, jf. NOU 2008: 3 *Sett under ett*, som eit svar på utfordringane knytte til institusjonsstruktur og samhandlingsmønster i universitets- og høgskolesektoren. Strategien omfattar tiltak og prosessar som skal skape meir profilerte institusjonar og robuste fagmiljø og gi høgere kvalitet og større mangfald i utdanning og forskning, men med utgangspunkt i frivillige prosessar, og ikkje sentralt styrte strukturreformer.

Departementet har støtta SAK-prosessane med særskilde løyvingar som skal stimulere til utvikling og kvalitetsheving i universitets- og høgskolesektoren, basert på frivillige prosessar og lokalt eigarskap.

Mål- og resultatstyring ligg til grunn når resultat av tiltak og prosessar innanfor SAK-strategien skal vurderast og følgjast opp. Det er òg nødvendig å evaluere strategien for å kunne måle framdrift og resultat av dei prosessane institusjonane har teke initiativ til. Desse prosessane har oftast langsiktige mål. Departementet legg derfor eit breitt og langsiktig perspektiv til grunn ved vurderinga av tiltaka, og vil sjå på utviklinga over fleire år. Av same grunn vil vurderinga ikkje vere avgrensa til tiltak som har fått særskilde løyvingar under SAK-strategien, men òg inkludere andre tiltak som har gitt positive resultat når det gjeld profilering, etablering av robuste fagmiljø og ei meir slagkraftig kunnskapsforvaltning i sektoren regionalt og nasjonalt.

Evaluering av SAK

Som i andre land går utviklinga i Noreg mot færre og større utdanningsinstitusjonar. Departementet

vil peike på at SAK-midlane har medverka til finansiering av fleire større regionale prosessar i sektoren. Nokre prosessar har ført til positive resultat, medan andre enno ikkje har ført heilt fram til målet. I tillegg har midlane medverka til SAK-prosessar på tvers av institusjonar innanfor ulike fagområde. I dokumentet *Tilstandsrapport for høgere utdanningsinstitusjoner 2011* har departementet vurdert SAK-strategien nærmare.

I statsbudsjettet for 2011 vart det løyvt til saman 50 mill. kroner i SAK-midlar. Eit tilsvarende beløp vart løyvt i budsjetta for 2010 og 2012. Hovuddelen av midlane vart fordelte til større regionale SAK-prosessar der fleire institusjonar er involverte.

Høgskolen i Oslo og Høgskolen i Akershus slo seg saman 1. januar 2011 og fekk midlar for å utvikle den nye institusjonen, som blir ein av dei største i Noreg. Det vart òg gitt midlar til fusjonsprosessen mellom Universitetet for miljø- og biovitenskap og Noregs veterinærhøgskole og fusjonsprosessen mellom NLA Høgskolen, Høgskolen i Stafeldtsgate og Mediehøgskolen Gimlekollen. Dei tre private høgskolane har vedtak om fusjon frå 1. januar 2013.

Både høgskolane i Gjøvik, Hedmark og Lillehammer og høgskolane i Buskerud, Vestfold og Østfold fekk SAK-midlar i 2011. I begge prosessane var det mål om å slå seg saman i 2013, og midlane vart nytta til å greie ut prosessane fram mot fusjon. Høgskolane i Vestfold og Buskerud har sidan gjort vedtak om fusjon. Dei andre institusjonane vart i løpet av våren 2012 einige om at det ikkje er grunnlag for fusjon på det noverande tidspunktet, men vil på ulike måtar halde fram med det regionale SAK-arbeidet.

Høgskolen i Telemark og Universitetet i Agder gjennomførte våren 2011 eit omfattande utgreiingsarbeid om eit nærmare forpliktande samarbeid, eventuelt fusjon. Det er styrevedtak om ein vidare treårig samarbeidsavtale som tek utgangspunkt i fagleg samarbeid på nærmare definerte område. Dei to institusjonane skal utvikle eit felles Råd for samarbeid med arbeidslivet og ein pilotversjon av ein felles samfunnskontrakt. Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Finnmark fekk midlar for å leggje grunnlaget for vidare samarbeid i 2011. Begge institusjonane har styrevedtak om å vurdere grunnlaget for ein mogleg fusjon.

Institusjonane som inngår i Midt-norsk nettverk (Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Dronning Mauds Minne Høgskole for førskolelærarutdanning, høgskolane i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Molde, Volda og Ålesund) og UH-nett Vest (Universitetet i Bergen og høgskolane i

Bergen, Sogn og Fjordane, Stord/Haugesund og Volda), rapporterte at SAK-midlane som vart gitte i 2011, har medverka til meir samarbeid om utdanning, forskning og administrasjon. Midt-norsk nettverk har etablert eit samarbeid om lærarutdanning, og eit samarbeid om helse- og sosialfaga er i positiv utvikling. UH-nett Vest er ei samanslutning av fleire faglege nettverk på Vestlandet, mellom anna TeknoVest, som medverkar til arbeidsdeling i teknologiutdanningane i landsdelen.

Universitets- og høgskolerådet (UHR) vart tildelt SAK-midlar for å koordinere nasjonale prosessar i samband med innføringa av ny rammeplan for ingeniørutdanninga og leggje til rette for samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon innanfor ulike fagområde. UHRs fakultetsmøte for humaniora er i gang med eit prosjekt for å sjå på arbeidsdeling mellom institusjonane.

Departementet meiner at SAK-strategien og løyvingane knytte til denne har medverka til aktivitet som samla sett har ført til ein sektor som viser vilje til omstilling og nytenking. Sjølv om ikkje alle prosessane isolert sett har nådd dei måla som opphavleg vart sette, vurderer departementet at institusjonane i sektoren arbeider godt med å gjennomføre SAK-strategien i tråd med intensjonane. Sjø òg rapport under måla for høvesvis forskning, formidling og organisering.

Bygg

Bygningar og lokale utgjer ein stor kostnad for universitet og høgskolar. Alle institusjonane som sjølve forvaltar eigedommane, har aktivert bygningsmassen i rekneskapane for å synleggjere kostnadene og gi betre informasjonsgrunnlag for framtidig investeringsbehov. Aktiveringa viste at universitet og høgskolar forvaltar ein stor formue for samfunnet. Samtidig er store delar av eigedommane gamle, og dette vil i åra framover gjere det krevjande å halde oppe verdien av desse eigedommane.

I alt disponerer universitets- og høgskolesektoren 3,2 mill. kvm. Av dette vart om lag 0,8 mill. kvm leigde av Statsbygg, om lag 0,7 mill. kvm av private og stiftingar, og om lag 1,7 mill. kvm er sjølvforvalta bygg. Dei institusjonane som sjølve forvaltar eigedommane sine, er Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Universitetet i Tromsø, Universitetet for miljø- og biovitenskap, Noregs handelshøgskole, Noregs idrettshøgskole og Noregs veterinærhøgskole.

I 2011 var sju ordinære byggjeprojekt og fleire kurantprosjekt under oppføring i universi-

tets- og høgskolesektoren. Sjå vedlegg 2 tabell 2.14 og 2.15 for oversikt over dei prosjekta som er sette i gang, og som held fram i 2013, og tabellane 2.17, 2.18 og 2.19 for prosjekt i planleggingsfasen.

I 2011 vart det stilt ferdig eit kurantprosjekt, nybygget for studentorganisasjonen ved Universitetet i Stavanger. Bygget skal medverke til å fremme det sosiale miljøet blant studentane på Ullandhaug.

Kunnskapsdepartementet og Statsbygg stilte i 2011 ferdig ein landsverneplan for bygningar og anlegg under ansvarsområdet til Kunnskapsdepartementet. Landsverneplanen skal danne grunnlaget for forvaltning av dei kulturhistoriske eigedommane i sektoren. I planen er det foreslått å frede eller gi annan vernestatus til 293 bygningar. Riksantikvaren sluttbehandlar no landsverneplanen. Underliggjande institusjonar som forvaltar bygningar i landsverneplanen, må lage forvaltningsplanar for bygningane etter at planen er endeleg fastsett.

Mål: Forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Forskarutdanning

Noreg er eit av dei landa i verda som har satsa tyngst på forskarrekuttering i dei ti siste åra, og ligg no på eit høgt internasjonalt nivå når det gjeld omfanget av doktorgradsutdanninga. I nordisk samanheng nærmar både Noreg og Danmark seg nivået for avlagde doktorgradar i Finland og Sverige. Desse to landa ligg i verdstoppen når det gjeld doktorgradstettleik.

Det vart avlagt 1 329 doktorgradar i Noreg i 2011 – det høgste talet nokon gong. Auken var på tolv pst. frå året før. Talet på doktorgradar per år er no dobbelt så høgt som for ti år sidan. Det viser at opptrappinga av talet på stipendiatstillingar på 2000-talet har gitt gode resultat. I alt 18 universitet og høgskolar tildelte doktorgradar i 2011. Dei fire eldste universiteta stod for 85 pst. av dei nye doktorgradane.

Framleis er medisin det største fagområdet for nye doktorgradar, men dei prioriterte fagområda matematikk, naturvitskap og teknologi (MNT-fag) stod for over 70 pst. av veksten i avlagde doktorgradar i 2011. Det er på desse områda etterspurnaden etter kompetanse på doktorgradsnivå er størst utanfor academia. Fleire doktorgradar i MNT-fag er viktig for å auke kunnskapsintensiteten i næringslivet.

Gjennomstrøyminga i doktorgradsutdanninga var tidlegare for dårleg. Institusjonane har i dei seinare åra følgd doktorgradsstudentane mykje tettare opp enn før. Det har ført til at fleire full-

fører doktorgradsutdanninga, og at fleire fullfører raskare. Tida for gjennomføring ligg likevel høgare enn normert tid som er sett til fire år. Norsk forskarutdanning vart evaluert av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) i 2011–12. Evalueringa slår fast at forskarutdanninga held høg kvalitet. Finansieringa og organiseringa er god, og utdanninga gir kandidatane gode moglegheiter for karriere. Omfanget av utdanninga er dubla på under ti år utan merkbart fall i kvaliteten. Dette har vore mogleg grunna standardisering, merksemd mot kvalitet og effektivitet, og ved at ein større del av forskarane deltek i utdanninga enn tidlegare. Evalueringa viser at doktorgradsutdanninga har vorte langt viktigare for institusjonane og prioriteringane deira. Å tilby god doktorgradsutdanning er prestisjefyllt. Samstundes medverkar dette til at fleire institusjonar vil tilby doktorgradsutdanning, og at denne blir spreidd.

Gjennomføringa av utdanninga har vorte noko betre i dei siste 20 åra. Om lag 80 pst. fullfører innan ti år. Det er berre små endringar i gjennomsnittleg alder ved disputas, og kandidatane er framleis relativt gamle, kring 37–38 år. Når det gjeld både fullføring og disputasalder, er det store skilnader mellom fagområda. Matematisk-naturvitskaplege fag har høgst gjennomføring og lågast disputasalder, medan det er omvendt innanfor samfunnsvitskap.

Rekutteringa til utdanninga er stort sett god, men med nokre utfordringar i MNT-fag. Gode arbeidsvilkår for stipendiatar gir likevel Noreg eit fortrinn i rekutteringa. Trass i dette er det kvaliteten på forskingsmiljøa, og korleis kandidatane er integrerte i forskingsmiljøa, som avgjer om Noreg evnar å trekkje til seg og halde på dei beste kandidatane. Utanlandske medlemmer i komitéar som har vurdert norske doktorgradsavhandlingar meiner at 60 pst. av avhandlingane held framifrå eller høg kvalitet, og at dei òg er gode i internasjonal samanheng.

Kvalitet i forskinga

Noregs forskingsråd sørgjer for at norske forskingsmiljø jamleg blir evaluerte av internasjonale fagpanel for å sjå norsk forskning i ein internasjonal samanheng. Gjennom dei siste fem åra er det gjennomført 14 fagevalueringar, og dei viser at det er mange gode fagmiljø i dei fleste disiplinær. Nokre av desse miljøa ligg heilt i verdstoppen. Samtidig peiker evalueringane på at omfanget av norsk forskning i fleire disiplinær er mindre enn i dei andre nordiske landa. Andre utfordringar er at

mange fagmiljø er små og fragmenterte, og at dei er for lite internasjonalt orienterte. Nasjonale forskingssatsingar er vesentlege for å byggje forskargrupper og heve kvaliteten i forskinga. Forskningsrådet har i dei siste ti åra etablert fleire senterordningar som skal medverke til å konsentrere og spisse norsk forskning for å auke kvaliteten, mellom anna *Senter for framifrå forskning* (SFF), sjå omtale av dei ulike satsingane under kap. 285 Noregs forskingsråd.

Vitskaplege publikasjonar er den viktigaste kanalen for forskarane når det gjeld å kommunisere resultatene av forskinga til andre forskarar. Talet på publiseringspoeng ved universitet og høyskolar gjekk opp med nesten ti pst. frå 2010 til 2011. Publiseringa voks dermed igjen kraftig, etter ei utflating i 2010. Publiseringmønsteret er stabilt over tid. Dette gjeld både fordelinga på bøker, bokkapittel og artiklar, og delen publisering på det høgste kvalitetsnivået. Ei samanlikning mellom dei nordiske landa viser at talet på vitskaplege artiklar frå Noreg voks langt raskare enn talet på artiklar frå Danmark, Finland og Sverige på 2000-talet.

Noregs forskingsråd

Verkemidla frå Forskningsrådet skal fremme kvalitet i norsk forskning, og å sikre at det blir forska på relevante område for samfunnet. Det å oppnå tildelingar frå Forskningsrådet er jamt over eit teikn på kvalitet i forskinga, og medverkar til meir strategisk miljø- og kompetansebygging. I 2011 mottok sektoren 2,24 mrd. kroner frå Forskningsrådet. Nivået i kroneverdi var om lag det same som året før. Tildelinga tilsvarte om lag ni pst. av statstilskottet til universitet og høyskolar. Universiteta stod for 91 pst. av tildelinga. Over tid har sektoren sin del av den samla tildelinga frå Forskningsrådet minka. Det heng saman med større satsing i Forskningsrådet på verkemiddel retta mot næringslivet.

Deltakinga frå universiteta og høyskolane i *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI)* har gått noko ned. Deltakinga frå institusjonene i *Regionale forskingsfond (RFF)* har hatt ein markert auke i 2011. Den to år gamle ordninga er i ferd med å bli godt innarbeidd, er godt forankra regionalt og sentralt, og har utløyst ein omfattande aktivitet. Programma *Strategiske høyskoleprosjekt (SHP)* og *Praksisrettet utdanningsforskning (PraksisFoU/PRAKUT)* har vore viktige for å styrkje forskning på kompetanseområde som høyskolane har eit spesielt ansvar for, og for å styrkje kvaliteten i profesjonsfaga. Ei evaluering av *SHP*

frå 2010 viser at satsinga har vore svært vellykka. Programmet har auka merksemda om FoU og har styrkt forskingskvaliteten og -kompetansen ved høyskolane. Midlane gjennom desse programma medverkar til å stimulere til betre samspel mellom næringsliv, offentlig sektor og forskingsmiljø. Sjå òg kap. 285 og 281 post 50.

Forskning i realfag, teknologi og livsvitenskap

Rapporten *Baklengs inn i fremtiden?* (2005) frå Det nasjonale fakultetsmøtet for realfag viste ei negativ utvikling for matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag (MNT-fag) i sentrale FoU-indikatorar i perioden 1995–2001. Samla har likevel MNT-faga halde oppe sin del av driftsutgiftene til FoU gjennom 2000-talet, etter eit fall gjennom heile 90-talet. Delen ekstern FoU-finansiering har auka, og var i 2009 nesten 50 pst. Det er særskilt delen FoU-finansiering frå Forskningsrådet som har auka, medan finansieringa frå næringslivet har gått tilbake. Talet på FoU-årsverk i MNT-fag har vakse med nærmare 50 pst. i perioden 2001–09, etter ein tilbakegang føregåande åtteårsperiode. Veksten har nesten utelukkande komme i form av rekrutteringsstillingar og andre mellombelse forskarstillingar.

Den nasjonale strategien frå regjeringa for bioteknologi, nanovitenskap og -teknologi er viktig i styrkinga av forskingsinnsatsen til desse fagområda, der etikk og regelverk, næringsverksemd og tverrfaglege satsingsområde er sentrale i satsinga på Noregs bioøkonomi.

Internasjonalisering av forskning

Norsk forskning er i dag langt meir internasjonalt orientert enn for 10–15 år sidan. Delen internasjonalt samforfatta vitskaplege publikasjonar er ein sentral indikator på internasjonalt forskningssamarbeid. I snitt er om lag halvparten av artiklane ved universitet og vitskaplege høyskolar samforfatta, men det er store variasjonar mellom institusjonane og over tid. Talet på artiklar med internasjonalt samforfattarskap har vakse kraftig i løpet av dei siste åra, med nesten ei dobling frå 2 100 til 4 000 artiklar i perioden 2004–10.

Midlar frå EUs rammeprogram for forskning er den største utanlandske kjelda til finansiering av forskning ved norske universitet og høyskolar. Deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid og internasjonale forskingsprogram som til dømes EUs sjuande rammeprogram er viktig både for å auke kvaliteten i norsk forskning og for å kunne samanlikne norsk forskning med forskinga i andre

land. Universiteta og høgskolane henta i 2011 ut 257 mill. kroner frå rammeprogramma for forskning. Universiteta mottok 93 pst. av EU-midlane som gjekk til sektoren. Institusjonane hadde per mars 2012 fått tilslag på 19 pst. av drygt 1 800 søknader om støtte frå EUs sjuande rammeprogram. Noreg ligg blant dei ti landa med høgst suksessrate i sjuande rammeprogram, men bak land som Danmark og Sverige. Det tyder på at det framleis er potensial for å auke tilslagsprosenten.

Forskningsrådet har òg vedteke ein internasjonal strategi med mål om å integrere og støtte eit internasjonalt perspektiv, samarbeid og mobilitet som eit vesentleg element i alle satsingar, tiltak og program.

Samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK)

Både norske og internasjonale evalueringar peiker på at det sjølv blant relativt store utdannings- og forskingsinstitusjonar er for mange små og fragmenterte fagmiljø i Noreg. Dersom norske institusjonar skal lykkast med å auke omfanget på og heve kvaliteten i forskinga og medverke til å løyse globale og samfunnsmessige utfordringar, er det nødvendig å styrkje SAK-arbeidet. Det er òg viktig at institusjonane ser SAK i eit nordisk og internasjonalt perspektiv.

Rapporteringa frå institusjonane om SAK-arbeidet viser at det er oppslutning om auka samarbeid. Det blir teke mange initiativ som samla legg eit grunnlag for vidare kvalitetsutvikling når det gjeld å utvikle felles FoU-prosjekt på tvers av institusjonar eller ved å utvikle forskarskolar. I 2011 tildelte departementet mellom anna midlar til SAK-prosessar knytte til fornybar energi og livsvitenskap. UH-nett Vest nytta i 2011 SAK-midlar til å etablere ein forskarskole i musikk (Grieg Research School) og til å greie ut ein forskarskole i helse- og sosialfag. Sjå òg rapport under måla for høvesvis utdanning, formidling og organisering.

Infrastruktur for forskning

Høg kvalitet på forskingsinfrastruktur, som moderne vitenskapleg utstyr, avanserte laboratorium og infrastruktur for samling og handsaming av data, er ein føresetnad for at universitet og høgskolar skal kunne drive med utdanning og forskning på internasjonalt nivå. Det gjer det òg mogleg å hevde seg i den internasjonale konkurransen om forskingsmidlar og rekruttering av dei beste.

I EUs rammeprogram for forskning er investeringar i forskingsinfrastruktur ein grunnpilar for utviklinga av internasjonalt forskningssamarbeid. Det er etablert eit europeisk vegkart for storskala forskingsinfrastruktur, ESFRI. Noreg deltek eller har interesser i 21 av 44 prosjekt på vegkartet, og er vertskap for prosjekta ECCSEL (European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure), ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, SIOS (Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System) og CESSDA (Council of European Social Science Data Archives).

Noregs forskingsråd har utarbeidd *Norsk vegkart for forskingsinfrastruktur*. Vegkartet gjer store og nasjonalt viktige forskingsinfrastrukturar synlege og skal vere ein rettleiar for framtidige investeringar som allereie er i utvikling eller planlagd. Ved å lyfte fram investeringsklare prosjekt som er grundig vurderte og kvalitetssikra, men som heilt eller delvis manglar finansiering, fungerer vegkartet òg som rettleiar for offentlege eller private finansieringskjelder av forskingsinfrastruktur. Det vart i 2011 innvilga 100 mill. kroner til avansert vitenskapleg utstyr, eInfrastruktur og databaser, og elleve storskala forskingsinfrastrukturprosjekt med samla tilsegn på 400 mill. kroner. Nokre av felta som kan investere i ny moderne infrastruktur, er mellom anna hjerneforskning, tungregningskapasitet, materialforskning, bioinformatikk og databasar for språkforskning, samfunnsvitenskap og marin forskning.

Mål: Formidling, innovasjon og verdiskaping

Universitet og høgskolar som samfunnsaktørar

Samfunnsrolla til institusjonane var eit hovudtema i styringsdialogen i 2011. Den politiske merksemda om dette har ført til at samfunnsrolla og samhandlinga med omgivnadene er mykje tydelegare profilert og innlemma i strategiane og verksemda til universiteta og høgskolane. Dei nordnorske institusjonane har hatt eit felles pilotprosjekt organisert gjennom Rådet for høgare utdanning i Nord-Noreg. Dei har komme fram til felles overordna mål for å møte behovet for kompetanse og kunnskap i landsdelen.

Høgskolane i Volda, Ålesund og Molde har i fellesskap samarbeidd om å utvikle samfunnsrolla si. Arbeidet med å utvikle ulike modellar for slikt samarbeid i Mørealliansen vart støtta av SAK-midlar frå departementet. Sjå òg rapport under måla for høvesvis utdanning, forskning og organisering.

Institusjonane har i 2011 arbeidd for å opprette Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). RSA skal sikre eit meir formalisert samarbeid mellom

institusjonane og arbeidslivet og betre forankringa i organisasjonen for samarbeidet med andre aktørar. Det første råda skal gjere, er derfor å utvikle ein strategi for samarbeid med arbeidslivet. Institusjonane har komme ulikt langt i etableringa av RSA, og det er òg for tidleg å sjå resultatane av dei etableringane som er gjorde. Departementet vil følgje dette vidare opp i styringsdialogen med institusjonane.

Formidling

Universitet og høgskolar formidlar resultat frå forskning i mange kanalar, i stort omfang og til ulikt publikum. Det finst ikkje ei total oversikt over omfanget av formidling i sektoren, men talet på registrerte formidlingsbidrag stig. I dokumentasjonssystemet CRISTIN er det registrert 20 000 ulike formidlingsbidrag i 2011 – 3 000 fleire enn året før. Intervju i media, og deretter konferansebidrag og foredrag, er dei mest vanlege formene for formidling. Sjølv om formidling ikkje gir uttelling i finansieringa av universitet og høgskolar, er det ikkje noko som tyder på at institusjonane og dei einskilde forskarane forsømmer slike aktivitetar. Fleire institusjonar premierer dessutan formidling i dei interne budsjettmodellane.

Ope tilgjengeleg forskning

Meir enn 2 800 vitenskaplege artiklar frå norske universitet og høgskolar var i 2011 ope tilgjengelege i fulltekst, 44. pst. fleire enn året før. Det inneber at lesaren har gratis tilgang til artiklane på Internett. Totalt er om lag seks pst. av artiklane frå sektoren i 2011 ope tilgjengelege. Fleire institusjonar og Forskringsrådet har vedteke ein politikk for open tilgang som krev at forskarane lagrar kopi av artiklane sine i eit ope digitalt arkiv, så sant utgivarane tillèt det. Nokre institusjonar har òg sett av midlar til å dekkje kostnadene for forskarar som ønskjer å publisere i tidsskrift med open tilgang. Delen ope tilgjengelege artiklar vil derfor venteleg halde fram med å auke frå eit lågt nivå i dag.

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Omfanget av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) gir ein indikasjon på i kva grad institusjonane er etterspurde FoU-aktørar og attraktive leverandørar av etter- og vidareutdanning. Inntekter frå BOA som del av totale driftsinntekter har gått noko ned ved universitet og statlege høgskolar. Inntekter frå Forskringsrådet og forskingsfinansiering frå EU er ikkje medrekna. I 2011

utgjorde BOA-inntektene for dei statlege institusjonane 1,9 mrd. kroner, eller 5,9 pst. av dei totale driftsinntektene. Sjå tabell 2.13 i vedlegg 2. Delen BOA-inntekter varierer mykje frå institusjon til institusjon.

Samla for sektoren kom 65 pst. av BOA-inntektene frå bidrag og 35 pst. frå oppdrag. Ei mogleg forklaring er at det eksisterer ei arbeidsdeling i forskingssystemet der institutta tek hovudtyngda av oppdraga innanfor forskning. Næringslivet er den viktigaste kjelda til BOA-inntekter, dessutan aukar finansiering frå stiftingar. Omfanget av BOA-inntekter må sjåast i samheng med målet om meir samfunnsorienterte institusjonar. Sektoren burde ha potensial for å auke BOA-inntektene igjen.

Kommersialisering av forskingsresultat

Omfanget av mottekne forretningsidear, lisensieringskontraktar som er inngåtte, nye etablerte føretak, registrerte patent og patentsøknader dannar eit bilete på innovasjonskrafta til norske universitet og høgskolar og ved TTO-ane (Technology Transfer Offices). Talet på patentsøknader og lisensieringskontraktar som er inngåtte, har auka frå 2010 til 2011. Delen mottekne forretningsidear og nye etablerte føretak har gått noko ned, men den samla nedgangen skriv seg frå ei justering av ein betydeleg vekst frå 2009 til 2010.

Departementet har òg ført vidare eit breitt verkemiddelapparat for å nå dei måla regjeringa har for forskning, utdanning og innovasjon. Det omfattar mellom anna program i Noregs forskingsråd som *FORNY2020*, *VRI*, *RFF* og *Skattefunn*, samt større merksemd kring immaterielle rettar. Sjå òg kap. 285 og 281 post 50.

Mål: Organisering, drift og ressursforvaltning

Mål- og resultatstyring

Rapporten *Handlingsrom for kvalitet* (2010) etterlyste mellom anna tydelegare styringssignal frå departementet og ein styringsdialog meir prega av eit langsiktig perspektiv, strategisk utvikling og profilen til den einskilde institusjonen.

I 2010–11 vurderte departementet i samarbeid med ei referansegruppe frå sektoren mål- og resultatstyringa og dei måla og styringsparametranne som departementet set for universitet og høgskolar. På bakgrunn av dette arbeidet har departementet frå 2012 innført ein revidert målstruktur for sektoren. Departementet har delegert til institusjonane å fastsetje verksemdsmål som gir eit tydeleg bilete av profilen, satsingane

og utfordringane til institusjonen. Sjå òg omtale i kategoriinnleiinga.

Økonomistyring

Statlege universitet og høgskeolar mottok om lag 33,9 mrd. kroner i driftsinntekter i 2011. Dei samla inntektene har auka 6,4 pst. frå 2010 til 2011. Dette er om lag på same nivå som frå 2009 til 2010. Om lag 83 pst. av inntektene er løyving til statsoppdraget frå Kunnskapsdepartementet og andre departement og statlege etatar. Sjå tabell 3.11 i vedlegg 3, som viser inntekter etter inntektskjelde.

Statlege universitet og høgskeolar er nettobudsjetterte institusjonar. Avsetningane gir handlingsrom til større investeringstiltak, vedlikehald, og tiltak som går over fleire år. Dei økonomiske avsetningane til planlagde tiltak i framtidige budsjettår var ved utgangen av 2011 på om lag 3,1 mrd. kroner, ein auke på 0,7 mrd. kroner frå 2010. Avsetningane utgjer med dette 12,5 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet i 2011. Av dette var avsetningar til utsett verksemd på 1,1 mrd. kroner i 2011. Det må mellom anna sjåast i samband med dei nye studieplassane som vart oppretta hausten 2011. Nivået har likevel ikkje auka frå 2010. Det er ein auke på om lag 600 mill. kroner i delen av avsetningane som går til strategiske formål og til større investeringar i 2011, mellom anna på grunn av utstyrløyvingar og avsetningar til byggjeprojekt. Institusjonane nyttar fullmakta til å setje av midlar til strategisk utvikling av verksemda, og til investeringar og vedlikehald i dei sjølvforvaltande institusjonane. Den avsette kapitalen gjer det òg mogleg for institusjonane å møte dei utfordringane som den auka konkurransen innanfor forskning og høgre utdanning utgjer. Sjå tabell 3.12 i vedlegg 3, som viser forholdet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar.

Ei kartlegging departementet har gjennomført, viser at om lag ein tredel av institusjonane har innført langtidsbudsjett, og fleire arbeider med dette.

Private høgskeolar som mottok løyving over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, hadde om lag 2,3 mrd. kroner i bokførte inntekter i 2011. Løyvinga frå staten utgjorde om lag 883 mill. kroner, ein auke på 50 mill. kroner frå 2010. For nokre av dei private høgskeolane viser rekneskapanane svak soliditet. Departementet har i tilskottsbrevet for 2012 sett som vilkår at desse institusjonane utarbeider ein langsiktig plan for å byggje opp tilstrekkeleg eigenkapital, slik at studentane

ikkje risikerer at studietilbodet blir avvikla, eller at løyvingane frå staten blir nytta til andre formål enn dei er løyvde til.

Økonomiforvaltning

Departementet gjennomførte i 2011 eit utgreiingsprosjekt som vurderer tiltak som kan medverke til betre kvalitet og meir effektiv økonomiforvaltning. Rapporten *God forvaltning og veien dit* vart utarbeidd av PricewaterhouseCoopers på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Undersøkinga har hatt særleg merksemd på forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet, lønn og rekneskap. Dette er forvaltningsområde der det er gjennomført større endringar i dei siste åra. Konklusjonen i rapporten er at forvaltninga er rimeleg god og i positiv utvikling, men med moglegheiter til forbetring. Departementet arbeider vidare med oppfølginga av rapporten.

Det er i 2011 òg gjennomført ei sjøvevaluering ved institusjonane av organisering og oppfølging av innkjøpsområdet som viser at dei framleis har utfordringar på dette området. Departementet har bedt institusjonane lage ein tiltaksplan for oppfølging.

Administrativ SAK

Departementet har i styringsdialogen oppfordra institusjonane til administrativt samarbeid for å få ei meir effektiv ressursutnytting og betre kvalitet i forvaltninga. Sjå òg rapportering om SAK under måla for høvesvis utdanning, forskning og formidling.

Kunsthøgskolen og dei statlege vitskaplege høgskeolane i Oslo er små institusjonar og har avgrensa moglegheit til å utvikle kompetanse innanfor breidda av administrative oppgåver. Departementet har i 2010 og 2011 tildelt midlar til eit samarbeid på det administrative området mellom Noregs musikkhøgskole, Kunsthøgskolen i Oslo og Arkitektur- og designhøgskolen. Institusjonane er framleis i prosess for å få til konkrete løysingar, og departementet har ein aktiv dialog med dei for å få framgang i prosessen.

I Bergen og i Trøndelag har dei statlege institusjonane sett i gang prosjekt for felles system for innkjøp. Prosjektet inneber deling av kompetanse og løysingar mellom institusjonane der Universitetet i Bergen og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet har teke eit særskilt ansvar for kvar sin region. Prosjektet fekk SAK-midlar i 2011 og er godt i gang.

Universiteta i Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø har eit administrativt samarbeid innanfor økonomiforvaltning og IKT-system.

Arbeidsmiljø og personale

Universitet og høgskolar arbeider generelt godt med utvikling av personalpolitikken. Det har i 2011 vore ei større merksemd ved institusjonane på behovet for å styrkje generell kompetanse og også karriererettleiing for tilsette i rekrutteringsstilling. Dette er fordi ein stor del av denne gruppa skal ha sin framtidige karriere utanfor universiteta og høgskolane. Til no har 13 institusjonar signert retningslinjene for rekruttering og arbeidstilhøve for fagleg personale (Charter and Code for researchers) som er utvikla i EU, og Universitetet i Oslo og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet fyller allereie krava.

Undersøkinga av tidsbruken som Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) gjennomførte blant dei fagleg tilsette i universitets- og høgskolesektoren i 2011, viste at forholdet mellom tid nytta til forskning og til undervisning har halde seg rimeleg stabilt sidan innføringa av Kvalitetsreforma. Delen tid som er gått med til administrasjon, har minka frå 17 pst. i 2000 til tolv pst. i 2010.

Likestilling mellom kjønna

Universitet og høgskolar skal medverke til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv. I 2011 utgjorde kvinner 51 pst. av dei tilsette ved statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar. Kvinnedelen blant dei faglege personalet har auka i alle stillingskategoriane i dei siste åra, og på mange fagområde er kvinnedelen som heilskap god. Det er likevel slik at delen kvinner blir lågare dess høgre ein kjem i stillingsstrukturen. Særleg kvinnedelen av professorstillingar er framleis for låg. Det er eit potensial for å auke talet på kvinner i toppleiarstillingar, både faglege og administrative. Kvinner er framleis sterkt underrepresenterte i faglege stillingar, og særleg toppstillingar, på einskilde fagområde som matematikk, natur- og teknologifag (MNT-fag). Kvinner er i noko større grad enn menn mellombels tilsette i faglege stillingar og i støttestillingar, mens det er omvendt i administrative stillingar.

Mellombels tilsette

Mellombelse tilsettingar er ei utfordring for sektoren. I 2011 vart 19,6 pst. av årsverka i undervisnings- og forskarstillingar, 17 pst. av dei adminis-

trative årsverka og 14 pst. av årsverka i støttestilling utførte av personale utan fast tilsetjing. Dette talet er høgre enn i arbeidslivet elles. Den største gruppa er mellombels tilsette i forskarstillingar på universiteta. Dette har nær samanheng med kravet om at institusjonane skal innhente finansiering på tidsavgrensa prosjekt frå eksterne kjelder. Nesten like stor er gruppa av lærarar og lektorar. Dei fleste av desse er tilsette ved høgskolane, og årsakene er fleire, alt frå at dei er tilsette utan formelle kvalifikasjonar, til at dei er tilsette i eit vikariat for dei som er i permisjon. Når det gjeld administrative stillingar, er det vanskeleg å sjå nokon klar grunn til at tala er høgre enn i arbeidslivet elles. Delen tilsette i mellombels stilling er noko høgre blant kvinner enn blant menn, med 20,5 pst. mot 18,8 pst. i 2011. I etatsstyringsdialogen i 2011 stilte departementet krav til institusjonane om at dei skulle gå gjennom rutine sine med omsyn til å tilsetje i mellombels stilling, og fekk tilbakemelding om at dei ville ta fatt i utfordringa.

Mål: Universitetsmusea

Riksrevisjonen har ved fleire høve peikt på for dårleg sikring og bevaring av samlingane ved universitetsmusea. Gjennom fleire år har musea motteke ekstra løyvingar frå Kunnskapsdepartementet for å betre situasjonen. Delen av samlingane med tilfredsstillande sikring og bevaring har auka, særleg gjennom leige av eksterne magasinlokale. Framleis er det stor variasjon mellom musea når det gjeld status for sikring og bevaring.

Alle dei fem universitetsmusea er i prosess med tanke på nybygg eller omfattande rehabilitering. Universitetsmusea er ein viktig arena for profilering av universiteta mot eit breiare publikum. Over 1,3 millionar personar besøkte universitetsmusea i 2011, om lag like mange som i dei to førre åra. Digitalisering av samlingane er ein føresetnad for store delar av verksemda ved universitetsmusea. Det varierer mykje mellom musea kor stor del av samlingane som er digitaliserte. Universitetsmusea er i ulik grad integrerte i strategiane til universiteta, men det har vore ei klar betring i dei siste åra. Universitetsmusea ligg på nivå med universiteta elles når det gjeld publisering per faglege stilling. Dei har sett ambisiøse mål for å auke omfanget av og heve kvaliteten på forskinga. Alle musea deltek i prosjekt under den nasjonale FoU-strategiske satsinga for universitetsmusea. Programmet vart oppretta i 2009, og midlane blir fordelte gjennom Forskningsrådet, jf. kap. 281 post 50. Programmet medverkar til å styr-

kje forskinga ved universitetsmusea og til å styrkje forskarrekutteringa i museumsfaga.

Budsjettforslag for 2013 for post 50 og 70

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på om lag 27,5 mrd. kroner over kap. 260 i 2013, fordelt med om lag 26,4 mrd. kroner til universitet og statlege høgskolar over post 50, og om lag 1,1 mrd. kroner til private høgskolar over post 70. Dette omfattar både den langsiktige og strategiske løyvinga og den resultatbaserte uttellinga knytt til utdanningsinsentiva og forskingsinsentiva.

Utdanning

Det vart i budsjetta for 2009, 2011 og i 2012 løyvt midlar til høvesvis 4 200, 2 200 og 1 000 nye studieplassar. Når dei i 2017 er fullt opptappa med nye kull, vil det innebere over 22 000 nye plassar. Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve om lag 290 mill. kroner over kap. 260 i 2013 for å føre vidare desse studieplassane med opptrapping for nye kull. Det inneber ein auke i løyvinga på om lag 278,2 mill. kroner på kap. 260 post 50, og om lag 11,9 mill. kroner på kap. 260 post 70. Sjø òg kap. 280 post 71. Departementet legg til grunn at universiteta og høgskolane medverkar til å fylle dei plassane som er oppretta, og til å møte regionale og nasjonale behov på område med særskilde behov, som innanfor lærarutdanninga, MNT-faga og helsefaga.

Frå budsjettet for 2011 vart dei nye grunnskolelærarutdanningane innplasserte i kategori D i finansieringssystemet for universitet og høgskolar. Finansiering av den auka grunnløyvinga skjer over fire år, parallelt med opptrapping av nye kull i dei nye utdanningane. For 2013 inneber det ein auke i løyvinga på om lag 26 mill. kroner på kap. 260 post 50 og om lag 1 mill. kroner på kap. 260 post 70.

Det har vore ein kraftig auke i talet på søkjarar til ingeniør- og teknologiutdanningane, parallelt med at regjeringa dei siste åra har prioritert meir forskning i desse faga. Regjeringa foreslår å styrkje teknologi- og ingeniørmiljøa ved universitet og høgskolar med ei eingangsløyving på om lag 27 mill. kroner over kap. 260 post 50 til investeringar i vitenskapleg utstyr. Departementet foreslår å fordele midlane på bakgrunn av talet på registrerte studentar i teknologi- og ingeniørfag.

Den resultatbaserte uttellinga knytt til utdanning aukar med 260,5 mill. kroner i 2013, fordelt med 236 mill. kroner over post 50 og 24,5 mill.

kroner over post 70. Auken kjem i hovudsak som følgje av større studentopptak, og av at dei nye grunnskolelærarutdanningane frå 2013 gir resultatbasert uttelling i kategori D i utdanningsinsentiva.

Anthon B. Nilsen Utdanning AS eig fleire skolar som har fått tilskott etter kap. 4 i vaksenopplæringslova: Westerdals School of Communication AS, Norsk lydskole AS, Film- og TV-akademiet AS og Oslo Kunstfagsskole AS. Fleire av utdanningane ved desse skolane er frå 2011 akkrediterte på høgskolenivå og er organiserte under dei juridiske einingane Westerdals Høyskole AS og NISS Høyskole AS. Midlar vart flytte frå kap. 228 post 72 til kap. 260 post 70 i statsbudsjettet for 2012. For 2013 foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte ytterlegare 22,4 mill. kroner frå kap. 228 post 72 til kap. 260 post 70 i tråd med at høgskoletilbodet blir bygt opp, samstundes med at vaksenopplæringsstilbodet blir bygt tilsvarende ned. Sjø òg kap. 228 post 72.

Forsking

Den resultatbaserte uttellinga til forskning utgjer om lag 1,53 mrd. kroner i 2013. Dei resultata som institusjonane har oppnådd på indikatorane for forskingsinsentiva i 2011, inneber ein reduksjon på om lag 3 mill. kroner for dei statlege institusjonane over post 50, og ein tilsvarende auke for dei private over post 70.

I tiltakspakken for arbeid vart det i 2009 oppretta 57 stipendiatstillingar i MNT-fag, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr. 37 (2008–2009). Bakgrunnen for tilleggsløyvingane i tiltakspakken var den daverande finanskrisa, og tiltaka var såleis midlertidige. Ordinær tilsetjingsperiode for ein stipendiatstilling er fire år. Kunnskapsdepartementet meiner det er viktig at institusjonane kan føre vidare desse stillingane innanfor MNT-faga. Departementet foreslår derfor innanfor ramma på kap. 260 post 50 å oppretthalde stillingane ved dei institusjonane som fekk midlar til dei i 2009.

Kavli Institute for Systems Neuroscience (KISN) ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet er eit av dei mest framifrå forskingsmiljøa i Noreg. Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving til senteret på 12,5 mill. kroner frå 2013 gjennom tildelinga til Noregs forskingsråd. Sjø kap. 285 post 52.

I tillegg foreslår regjeringa å auke løyvinga til Senter for klimadynamikk (SKD) ved Bjerknessenteret med 5 mill. kroner. Dette er eit internasjonalt leiande klimaforskingmiljø ved Universitetet i Bergen og med Havforskningsinstituttet,

Nansensenteret og Uni Research som jamstilte partnerar. Løyvinga blir gitt gjennom tildelinga til Universitetet i Bergen over kap. 260 post 50.

Nordområdesenteret ved Handelshøgskolen i Bodø vart etablert i 2007, og inngår som ei viktig eining ved Universitetet i Nordland. Verksemda til Nordområdesenteret fell innanfor tre hovedområde: forskning, utdanning og kunnskaps- og kompetanseformidling retta mot næringsliv og politiske miljø. Som ei oppfølging av Meld. S. 7 (2011–2012) *Nordområdene – visjon og virkemidler* foreslår regjeringa ei grunnløyving til Universitetet i Nordland på 10 mill. kroner frå 2013 for å sikre langsiktig og stabil drift ved Nordområdesenteret.

Eit internasjonalt ekspertutval har i 2012 vurdert vikingsamlingane ved Kulturhistorisk museum på Bygdøy og mogleg flytting av skipa til Bjørvika. Utvalet tilrådde ikkje flytting av skipa. Ekspertutvalet peika like fullt på behovet for snarlege tiltak for å sikre og bevare vikingskipa og tilhørende samlingar der dei i dag er lokaliserte. Regjeringa foreslår derfor ei løyving på 30 mill. kroner over tre år til Universitetet i Oslo for å setje i verk slike tiltak.

Bygg

Regjeringa foreslår 18,5 mill. kroner i startløyving for rehabilitering av Urbygningen ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Stortinget har vedteke å fusjonere og samlokalisere Universitetet for miljø- og biovitenskap og Noregs veterinærhøgskole på Ås, jf. Innst. S. nr. 176 (2007–2008) og St.prp. nr. 30 (2007–2008) *Framtidig lokalisering og organisering av Noregs veterinærhøgskole*. Ved ferdigstilling vil Urbygningen vere eit bygg for studiefasilitetar ved det nye universitetet. Samla kostnadsramme for prosjektet er 368,6 mill. kroner (per juli 2013). Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med forslag til utstyrløyving.

Regjeringa foreslår 940,5 mill. kroner i 2013 til vidareføring og avslutning av sju ordinære byggjeprojekt i universitets- og høgskolesektoren. Sjå Prop. 1 S (2012–2013) for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 1580 post 33 og kap. 2445 post 33.

Sjå tabell 2.14 i vedlegg 2 for oversikt over ordinære byggjeprojekt under oppføring i 2013. To kurantprosjekt blir førte vidare i 2013, jf. tabell 2.15.

Regjeringa foreslår å løyve 147,5 mill. kroner til utstyr og inventar til tre igangsette byggjeprojekt. Nybygg for Høgskolen i Bergen skal etter planen vere stilt ferdig til studiestart hausten 2014. Departementet har fordelt løyvinga over tre

år og foreslår å løyve siste del på 87,8 mill. kroner i 2013. For fase to av rehabilitering og ombygging av sentrumsbygningane ved Universitetet i Oslo legg departementet til grunn ei samla utstyrramme på 15,5 mill. kroner og foreslår å løyve heile beløpet i 2013. For nytt teknologibygge ved Universitetet i Tromsø legg departementet opp til ei samla kostnadsramme på 85,5 mill. kroner (per 2012) og foreslår ei løyving på om lag 44,2 mill. kroner i 2013.

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve om lag 20 mill. kroner i husleigekompensasjon for nybygg for sjukepleiarutdanning ved Høgskolen i Oslo og Akershus, og om lag 5,4 mill. kroner for nytt sentralbygg ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Beløpa vil bli lagde inn i budsjetttrammene til institusjonane. Departementet føreset at institusjonane dekkjer resterande kostnader til husleige innanfor eksisterande rammes.

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke ramma til Universitetet i Nordland med 5 mill. kroner frå 2013, når Kunnskapsdepartementet i Mo i Rana står ferdig. Kunnskapsdepartementet er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Nordland, Høgskolen i Nesna, Høgskolen i Narvik og Rana kommune, og omfattar mellom anna felles undervisningslokale, bibliotektenester og IKT-infrastruktur for støtte til fleksible studietilbod. Utvikling av felles IKT-infrastruktur vil bli sett i samheng med nasjonalt *eCampus*-prosjekt i regi av UNINETT AS. Sjå kap. 280 post 72.

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

Kunnskapsdepartementet foreslår å føre vidare satsinga på samarbeid, klarare arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK) med 50 mill. kroner i 2013. Det er framleis behov for spissing og konsentrasjon for å sikre ei god kvalitetsutvikling i sektoren, sjå omtale under Strategiar og tiltak i kategoriinnleiinga. Midlane vil kunne bli fordelte til både statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar, eller til Universitets- og høgskolerådet (UHR). Midlane vil spesielt bli prioriterte til fusjonar, til SAK-prosessar som har tydelege mål om eller kan vise til resultat når det gjeld arbeidsdeling og konsentrasjon, og til SAK-samarbeid om nasjonalt viktige utdanningar med behov for kvalitetslyft.

Kunnskapsdepartementet vil på ulike måtar leggje til rette for, stimulere og medverke til kvalitetsheving i sektoren gjennom å følgje dei ulike SAK-prosessane i tett dialog med institusjonane og fagmiljøa.

Departementet vil følge opp SAK-strategien gjennom den rapporteringa om SAK som institusjonane gir i dei årlege rapport- og plandokumenta. Dei krava departementet stiller i tildelingsbreva til institusjonane om rapportering på SAK, understrekar at styret og leiinga ved institusjonane har ansvaret for å følge opp SAK-tiltak og for å sikre at SAK blir prioritert i strategiane.

Andre saker

Statens pensjonskasse har varsla dei statlege institusjonane i sektoren om at arbeidsgivardelen av pensjonspremien vil bli redusert frå 12,09 pst. til 12,03 pst. frå 2012 til 2013. Dette inneber ein viss kostnadsreduksjon for institusjonane i 2013 samanlikna med året før. Nivået på pensjonspremien i 2013 svarer framleis om lag til den kompensasjonen som vart lagd inn i rammene til institusjonane ved overgangen til nettobudsjettering.

Regjeringa oppretta Barentsinstituttet i 2006 med formål om å styrkje forskning på forholdet mellom aust og vest i den nordlege delen av Europa. Instituttet vart lagt til Universitetet i Tromsø i 2010. Kunnskapsdepartementet foreslår å leggje løyvinga på 5 mill. kroner inn i ramma til universitetet på kap. 260 post 50, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01.

I samsvar med St.meld. nr. 18 (2001–2002) *Om høgere kunstudanning* tildelte Kunnskapsdepartementet midlar til eit nasjonalt talentutviklingsprogram i musikk ved Noregs musikkhøgskole første gong i 2004. Departementet foreslår å leggje midlane til programmet på 4 mill. kroner inn i ramma til Noregs musikkhøgskole på kap. 260 post 50, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01.

Barratt Due musikkinstituttt har motteke eit særskilt årleg tilskott for talentutviklingstilbodet sitt. Departementet foreslår å leggje tilskottet på 7,2 mill. kroner inn i rammeløyvinga til musikkinstitutttet på kap. 260 post 70, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 70.

Kunnskapsdepartementet viser til Innst. 320 S (2010–2011) og Prop. 74 S (2010–2011) *Økonomiske*

og administrative konsekvenser av overføring av Rettsmedisinsk institutt fra Universitetet i Oslo til Nasjonalt folkehelseinstitutt. Overføringa inneber flytting av administrative tenester frå universitetet til Folkehelseinstituttet frå 2011, og dei to partane er samde om ei ytterlegare overføring knytt til vitenskaplege bistillingar. Departementet foreslår på bakgrunn av dette å redusere løyvinga til Universitetet i Oslo over kap. 260 post 50 med 0,7 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga til Folkehelseinstituttet over kap. 710 post 01 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Den nasjonale forskningsetiske komité for medisin og helsefag (NEM) er mellom anna rådgivande og koordinerande instans for dei sju regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK). Det er behov for å styrkje arbeidet for å kvalitetssikre og harmonisere forvaltningspraksisen i dei regionale komiteane. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å styrkje det nasjonale sekretariatet gjennom overføring av oppgåver frå dei sju regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk. Departementet foreslår på bakgrunn av dette å redusere løyvinga til dei fire universiteta med medisinmiljø over kap. 260 post 50 med totalt 2,1 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 284 post 01.

I statsbudsjettet for 2009, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2008–2009) og St.prp. nr. 1 (2008–2009), løyvde regjeringa midlar til fleksible utdanningstilbod for tospråklege lærarar ved Høgskolen i Oslo og Akershus, Høgskolen i Hedmark, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Agder. Kunnskapsdepartementet foreslår å overføre midlane til rammene til institusjonane, og auke løyvinga på kap. 260 post 50 med 1,47 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01.

Departementet foreslår å flytte 103 000 kroner til drift av sekretariatet for arbeid med politiattestar inn i ramma til Høgskolen i Oslo og Akershus over kap. 260 post 50, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01.

Kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	Saldert budsjett 2012	
71	Tilrettelegging for internasjonal mobilitet	14 673	15 128	15 627
74	Tilskott til velferdsarbeid	75 169	72 427	74 817
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	212 550	242 229	250 223
Sum kap. 270		302 392	329 784	340 667

Post 71 Tilrettelegging for internasjonal mobilitet

Posten omfattar midlar til Fulbright-programmet og Association of Norwegian Students Abroad (ANSA).

Mål for 2013

Målet med tilskottet er å medverke til internasjonal mobilitet for studentar og forskarar.

Rapport for 2011

I 2011 vart det løyvt 7 mill. kroner til Fulbright-programmet over dette kapitlet. Løyvinga har gått til stipendprogrammet og medverka til å støtte særleg kvalifiserte søkjarar i studium på master- og doktorgradsnivå i USA, og tilsvarende studentar og forskarar frå USA som vil studere i Noreg. Om lag 60 norske studentar fekk i 2010–11 stipend over dette programmet for å studere eller forske i USA.

Det vart løyvt 7,6 mill. kroner til ANSA i 2011. Løyvinga har gått til informasjonstiltak retta mot norske studentar i utlandet og utgifter til tilrettelegging for studium i utlandet og studentvelferd for norske studentar i utlandet.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve om lag 15,6 mill. kroner over kap. 270 post 71 i 2013. Beløpet omfattar ei løyving til Fulbright Foundation på om lag 7,4 mill. kroner i 2013 og å føre vidare løyvinga til ANSA med om lag 8,2 mill. kroner.

Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Posten omfattar tilskott til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til studentvelferd ved utdanningsinstitusjonane og å fremme interessene til studentane.

Rapport for 2011

Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere det generelle velferdstilbudet elles i samfunnet og vere ein integrert del av det heilskaplege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane. Studentvelferda er organisert gjennom dei 24 studentsamskipnadene ved lærestadene i landet. Studentsamskipnadene varierer i storleik når det gjeld både talet på utdanningsinstitusjonar dei skal betene, talet på studentar, tilsette og omsetning.

Tilskottet til samskipnadene blir gitt som grunntilskott og tilskott per student. For 2011 vart det ikkje løyvt øyremerkte tilskott til studentbarnehagar, men det vart teke særskilt omsyn til studentbarnehagane i tråd med tidlegare fordelingsnøkkel. Samla vart det utbetalt om lag 75,2 mill. kroner over posten i 2011. Av dette var om lag 69,7 mill. kroner tilskott til 24 studentsamskipnader, med totalt om lag 200 000 medlemmer. Dette inkluderte 5 mill. kroner til studentsamskipnadene til styrking av velferdstilbudet etter 22. juli 2011. Fleire av studentsamskipnadene har på bakgrunn av dette auka kapasiteten sin når det gjeld helse- og rådgivingstilbudet.

I tillegg til helse- og rådgivingstenester driv studentsamskipnadene velferdstilbod som kantine, bokhandel, idrett, studentbustader, barnehage mv. Tilskottet blir gitt til drift av studentsamskipnadene slik at dei kan gi studentane rimelege velferdstilbod. Det vart utbetalt om lag 4,3 mill. kroner til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Vidare vart det utbetalt 563 000 kroner til Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning for ein analyserapport av undersøkinga *Eurostudent IV*. Vidare vart det utbetalt 660 000 kroner til stiftinga av ein studentorganisasjon for fagskolestudentane, Organisasjon for norske fagskolestudentar, sjå òg tilstandsvurdering av fagskolar i kategoriinnleiinga.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Statistisk sentralbyrå gjennomført ei levekårsundersøking blant studentar, basert på samanlikning mellom 2005 og 2010. Resultatet frå undersøkinga *Levekår blant studenter 2010* blir presentert i to ulike rapportar. Den første rapporten vart lagd fram i november 2011, og viser mellom anna at talet på studentar med avbrot i studia har gått ned. Fleire studentar planlegg å fullføre ei utdanning på meir enn fire år, og studentane er noko meir til stades ved studiestaden. 95 pst. av studentane trivst svært bra eller bra ved studiestaden sin, om lag same prosentdel som i 2005. Undersøkinga gir òg eit bilete av helsesituasjon, buforhold og nærmiljø, hushaldning, familiesituasjon og sosial kontakt, fritidsvanar og organisasjonstilknytning, økonomi og finansiering og studium og arbeid. Den neste rapporten, som kjem i desember 2012, vil utdjupe den økonomiske situasjonen til studentane og arbeid ved sida av studia.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve 74,8 mill. kroner over kap. 270 post 74 i 2013. Departementet foreslår at ein ved utrekninga av tilskott til studentsamskipnadene for 2013 skal føre vidare ordninga frå 2009 når det gjeld studentbarnehagar, som inneber at alle samskipnader som har barnehagar, får ekstra tilskott.

Tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar vil bli gitt etter søknad. Departementet foreslår frå og med 2013 at mindre studentorganisasjonar, der medlemmene òg er representerte gjennom andre større landsomfattande organisasjonar, og der det ikkje er særlege interesser som skal fremmast, til dømes utanlandske studentar i Noreg, ikkje får tilskott over denne posten.

Kunnskapsdepartementet har gjennomført ein brei gjennomgang av studentsamskipnadslovgivinga og vurdert alternative styringsmodellar for studentvelferda som kan styrkje grunnlaget for god økonomisk drift av studentvelferdstenesene. Sett i lys av den økonomiske situasjonen ved nokre studentsamskipnader og behovet for å sikre likeverdig og robust studentvelferd i heile landet, har departementet vurdert at det er behov for å gjere endringar i lovgivinga. Regjeringa la på bakgrunn av dette våren 2012 fram forslag endringar i studentsamskipnadslovgivinga. Endringane vart vedtekne 12. juni 2012 og trer i kraft 1. januar 2013.

Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast

Posten omfattar midlar til studentsamskipnadene, og i særskilde tilfelle studentbustadstiftingar, for bygging av studentbustader. Husbanken forvaltar tilskottsordninga for Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å sikre bygging av studentbustader og medverke til å sikre ein rimeleg bustadsituasjon for studentar. Studentbustadene skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden.

Rapport for 2011

Regjeringa har i dei siste åra gitt tilsegn om tilskott til bygging og rehabilitering av om lag 1 000 studentbustader årleg; i 2011 for 1 054 hybeleiningar. Den faktiske auken i studentbustader vil likevel variere noko frå år til år, avhengig av mellom anna oppføringstakt. Auken var på om lag 670 hybeleiningar frå 2010 til 2011, medan auken var på 1 573 einingar frå 2009 til 2010. På grunn av omstrukturering og sal av bustader vil ikkje auken alltid samsvare med oppføringa av nye bygg per år. I 2011 vart 1 222 hybeleiningar stilte ferdig. Ved utgangen av 2011 disponerte studentsamskipnadene 32 995 hybeleiningar.

Budsjettforslag for 2013

Det er eit mål for regjeringa at alle skal kunne ta høgre utdanning. Derfor er studentbustader eit viktig tiltak. Kunnskapsdepartementet tek sikte på å finansiere om lag 1 000 nye hybeleiningar i 2013, og foreslår derfor å løyve om lag 250,2 mill. kroner over kap. 270 post 75 i 2013. Departemen-

tet vil kunngjere invitasjonen til å søkje om tilskott til studentbustader for 2013 i oktober 2012 i ei pressemelding. Departementet følgjer oppføringa av studentbustader tett, og vurderer no at òg Bodø er å rekne som pressområde. Den øvre kostnadsramma i pressområda Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Stavanger, Drammen, Kristiansand og Bodø frå 2013 er 700 000 kroner per hybeleining, der 250 000 kroner er fast statstilskott. Den øvre kostnadsramma i landet elles er 600 000 kroner per hybeleining, der 200 000 kroner er fast statstilskott.

Departementet vil inn mot 2014 vurdere regelverk knytt til oppføring av studentbustadene, inkludert nivå på kostnadsramme og tilskott.

Departementet føreset at husleiga for bustader for studentar med nedsett funksjonsevne ikkje skal vere høgre enn det andre studentar betaler for ei hybeleining tilpassa éin person. Departementet understrekar at det er viktig at kvar studentsamskipnad har eit tilfredsstillande tilbod til studentar med nedsett funksjonsevne.

Kap. 276 Fagskoleutdanning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	Saldert budsjett 2012	
72	Annan fagskoleutdanning	55 158	56 868	71 236
	Sum kap. 276	55 158	56 868	71 236

Post 72 Anna fagskoleutdanning

Posten omfattar tilskott til 16 fagskolar. Desse fagskolane har godkjende utdanningstilbod i fag som mellom anna kunst og film, design, kristent livssyn, byggfag og jordbruk. Dei skil seg med det frå dei tekniske og helse- og sosialfaglege fagskoletilboda. I tillegg har dei i større grad eit nasjonalt nedslagsfelt. Skolane låg tidlegare under kap. 6A i privatskolelova og har sidan fått akkreditering som fagskoleutdanning.

Tilskottsordninga for fagskolar under kap. 276 post 72 er rammestyrt, og tilskott til den einskilde fagskole blir gitt som vidareføring av det tilskottet skolen tidlegare fekk under anna tilskottsordning før godkjenning som fagskole.

Mål for 2013

Målet med tilskottsordninga er å medverke til gode utdanningstilbod på fagskolane med tilskott over posten.

Rapport for 2011

I 2011 var det 14 fagskolar som fekk tilskott over posten, og dei hadde til saman 678 studentar hausten 2011. Dei 14 fagskolane er geografisk spreidde, med ein fagskole i høvesvis Hordaland,

Møre og Romsdal, Nordland, Rogaland og Østfold, to fagskolar i Vest-Agder, tre i Oslo og fire i Akershus.

I budsjettet for 2011 vart tilskottet til 13 fagskolar, som låg under tidlegare kap. 6A i privatskolelova, teke ut av rammetilskottet til fylkeskommunane og lagt til kap. 276 post 72 på budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Tilskottet til den fjortande skolen vart samtidig overført frå kap. 228 Tilskott til private skolar o.a. til kap. 276 post 72.

I tillegg til midlar i rammetilskottet til fylkeskommunane og over budsjettet til Kunnskapsdepartementet blir det løyvt midlar til fagskoleutdanning innanfor helse- og sosialfag over kap. 761 post 60 Kommunale kompetansetiltak under Helse- og omsorgsdepartementet. Sjå òg omtale av fagskoleutdanning i kategoriinnleiinga.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på om lag 71,2 mill. kroner i 2013. Forslaget inneber ei vidareføring av tilskottet til dei fagskolane som fekk tilskott i 2012. I tillegg blir tilskottet til Bårdar Akademiet flytt frå kap. 228 post 72 til kap. 276 post 72. Sjå tabell 2.21 i vedlegg 2 for oversikt over forslag til fordeling av tilskott mellom fagskolane over kap. 276 post 72.

Kap. 280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter	58 034	57 407	69 296
50	Senter for internasjonalisering av utdanning	45 154	52 554	55 088
51	Drift av nasjonale fellesoppgåver	97 932	103 121	107 337
71	Tilskott til UNIS	98 217	105 272	112 217
72	Tilskott til UNINETT	23 247	23 968	24 759
73	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overføres</i>	21 043	22 359	23 097
	Sum kap. 280	343 627	364 681	391 794

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løyving til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

Mål for 2013

NOKUT skal vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt internasjonalt nivå. NOKUT skal vere ein kvalitetsutviklar som medverkar til å styrkje kvaliteten i utdanninga. NOKUT skal gi allmenta informasjon om kvalitet og kvalitetsutvikling i høgre utdanning og fagskoleutdanning. NOKUT skal òg vere godkjenningssorgan for utanlandsk utdanning.

Departementet vil i løpet av 2012 vere i dialog med NOKUT om å setje nye mål for verksemda, eller å justere styringsparametrane slik at dei betre speglar den aktiviteten NOKUT driv.

Rapport for 2011

Ei ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i høgre utdanning vart fastsett i januar 2011 på bakgrunn av ei brei høring i sektoren. Med dette er alle føresegner som gjeld tilsyn med studium og institusjonar som omfattar høgre utdanning, samla i ei forskrift. Forskrifta skildrar verkemidla til NOKUT, og korleis ein kan søkje om akkreditering av studium og institusjonar. Den nye forskrifta har medverka til enklare og tydelegare arbeid med tilsyn.

NOKUT har stor pågang av søknader om nye utdanningstilbod. Særleg gjeld dette fagskoletilbod, men òg nye studium på master- og doktorgradsnivå. Fleire nye institusjonar søkjer om å få opprette studium på bachelornivå og i mindre emne. Den nye organisasjonsstrukturen med ei

samla avdeling for all tilsynsaktivitet har saman med innføring av søknadsfristar og koordinert sakshandsaming i nokon grad medverka til meir effektiv, lik og kvalitetssikra sakshandsaming. Samtidig er det ei utfordring å handtere den store mengda søknader.

Det er viktig å få eit betre bilete av situasjonen for utdanningskvalitet i høgre utdanning og fagskoleutdanning. NOKUT har derfor satsa meir på analysar i 2011 og gav mellom anna ut eit «Kvalitetsbarometer». Barometeret er utvikla ut frå ei elektronisk spørjeundersøking for eit utval fagleg tilsette og studentar ved norske universitet og høgskolar. Dei vart bedne om å vurdere kvalitetsaspekt ved eit studietilbod dei er engasjerte i og kjenner godt. NOKUT ønskjer i tillegg å bruke resultatane frå akkrediteringsarbeidet til å analysere og framheve ulike sider ved utdanningskvalitet. Ei vidareutvikling av dette vil vere eit godt verktøy for å vurdere aktuelle tiltak for å betre kvaliteten.

Budsjettforslag for 2013

Eit av hovudmåla for universitets- og høgskolesektoren er utdanning og forskning av høg internasjonal kvalitet. NOKUT har ei sentral rolle i å sikre kvaliteten i norsk høgre utdanning og medverka til vidare kvalitetsheving. NOKUT skal føre tilsyn med om lag 5 000 utdanningstilbod. Vidare skal NOKUT handsame alle søknader om godkjenning frå utdanningsinstitusjonar og enkeltpersonar, søknader frå enkeltpersonar om godkjenning av utanlandsk utdanning i Noreg og søknader om godkjenning av fagskoleutdanning. Talet på søknader frå institusjonar om akkreditering av utdannings- og doktorgradstilbod og talet på søknader om godkjenning av utanlandsk

utdanning har auka kraftig i dei siste åra. Til dette kjem at NOKUT i dei seinare åra har fått utvida oppdrag og ansvar knytt til oppfølging av evaluering av kvalitetssikringssystemet og til analyse av kvalitet.

Tilsyn er ein avgjerande del av den samla kvalitetssikringa av norsk høgre utdanning, og Noreg treng eit fungerande og effektivt tilsynsorgan med stor legitimitet i sektoren. Regjeringa foreslår ein auke i løyvinga til NOKUT over kap. 280 post 01 med 10 mill. kroner frå 2013. Dette inneber ei samla løyving til NOKUT i 2013 på 69,3 mill. kroner.

Departementet foreslår at løyvinga over posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3280, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga over posten vart i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2011 flytt til kap. 280 ny post 51 Drift av nasjonale fellesoppgåver. Sjå post 51 for omtale av resultatrapport for 2011, mål og budsjettforslag for 2013.

Post 50 Senter for internasjonalisering av utdanning

Posten omfattar driftsmidlar til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) og midlar til program og tilskott som SIU forvaltar.

Mål for 2013

Som følgje av endringar i målstrukturen for universitet og høgskolar frå 2012 er òg måla for Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) reviderte, med verknad frå 2013. Ny målstruktur gjer det tydeleg at styret har handlingsrom og sjølvstendig ansvar til å utvikle sin eigen mål- og resultatstyringsmodell som speglar strategiane og utfordringane til institusjonen.

Det er sett følgjande mål for SIU i 2013:

- SIU skal medverke til at internasjonalisering styrkjer kvalitetsutviklinga i norsk utdanning.
- SIU skal medverke til betre samordning og utvikling av arbeidet med internasjonalisering i samarbeid med relevante nasjonale og internasjonale aktørar.
- SIU skal ha ei effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med sitt samfunnsoppdrag.

Rapport for 2011

Namnet til SIU er i 2011 endra frå Senter for internasjonalisering av høgre utdanning til Senter for internasjonalisering av utdanning, som følgje av at SIU frå 2010 fekk nye oppgåver med å vere eit sørviss- og kompetansesenter for grunn- og vidaregåande skolar og skolestyresmakter. Høgre utdanning er likevel framleis hovudarbeidsfeltet til SIU, noko som er presisert i dei nye vedtektene for SIU frå 2011. Vedtektene slår vidare fast at SIU skal vere det nasjonale programkontoret for internasjonalt utdanningssamarbeid og forvalte program og tiltak på vegner av Kunnskapsdepartementet og andre aktørar.

SIU forvaltar ein stor programportefølje på oppdrag frå Norad, EU-kommisjonen, Utanriksdepartementet, Nordisk Ministerråd, Kunnskapsdepartementet og andre. Rekneskapen viser at utbetaling av tilskott frå SIU til andre aktørar utgjorde 271 mill. kroner i 2011. Det er i all hovudsak god aktivitet og ei positiv utvikling i interesse for og deltaking i dei programma som SIU forvaltar, innanfor både høgre utdanning og grunnopplæringa. SIU legg stor vekt på kvalitet i programforvaltninga.

Kunnskapsdepartementet tildelte SIU ei rammeløyving på 45,2 mill. kroner i 2011. I tillegg fekk SIU midlar over kap. 281 post 01, mellom anna til å styrkje bilateralt samarbeid, medverke til utvikling av internasjonale fellesgradar og oppfølging av *Strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika*. For nærmare omtale av tiltak og resultat, sjå kap. 281 post 01. I tillegg vart det i 2011 tildelt midlar til SIU over kap. 281 post 73 Tilskott til internasjonale program, sjå nærmare omtale der. SIU er òg nasjonalt kontor for *EUs program for livslang læring* (LLP), sjå kap. 252 post 70.

SIU har etter vedtektene ei viktig rolle i å samarbeide med og gi råd og rettleiing til utdanningsinstitusjonar og utdanningsstyresmakter. SIU har i 2011 hatt merksemd på å utvikle vidare dialogen med universitet og høgskolar og å etablere kontakt med fylkeskommunane. SIU har etablert god dialog med Utdanningsdirektoratet på grunnopplæringsområdet. Det har vore ei positiv utvikling av SIU som kompetansesenter, sjølv om dette er eit område som bør utviklast vidare.

SIU har òg sett i verk fleire interne tiltak som oppfølging av evalueringa av SIU, til dømes målgruppeorientert organisasjonsstruktur, ny økonomistyringsmodell og oppgradering på IKT.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei løyving på om lag 55,1 mill. kroner til SIU i 2013. Beløpet omfattar mellom anna ein auke på 800 000 kroner knytte til kvalitetssikring av kortare studieopphald i utlandet for elevar i vidaregåande opplæring. Sjå òg programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. Om lag halvparten av den samla løyvinga er midlar som SIU utbetaler som tilskott til andre, og midlar til drift av program. Sjå òg kap. 252 post 70 og kap. 281 post 01. Kunnskapsdepartementet og SIU har sett i gang eit arbeid for å gå gjennom ordninga med kunnskap om Noreg ved høgre lærestader i utlandet, og departementet vil komme tilbake til saka.

Post 51 Drift av nasjonale fellesoppgåver

Dei fem organa Samordna opptak (SO), Noregsuniversitetet (NUV), BIBSYS, Artsdatabanken og CRISTIN (Current Research Information System in Norway) er einingar for drift av nasjonale fellesoppgåver som er organiserte etter § 1-4 fjerde ledd i lov om universitet og høgskolar, og som ligg til universitet med status som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Løyvingane til dei fem organa er samla under denne posten.

Mål for 2013

Studentopptaket gjennom SO til grunnutdanningane ved universitet og høgskolar skal vere effektivt og korrekt.

NUV skal gjere høgre utdanning meir tilgjengeleg og stimulere utviklinga av fleksible studietilbod slik at studentar får tilgang til relevant utdanning uavhengig av tid, stad og livsfase.

BIBSYS skal gi universitet og høgskolar gode og kostnadseffektive bibliotektenester gjennom samarbeid om bibliotekfaglege fellessystem.

Artsdatabanken skal gi samfunnet oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon om biologisk mangfald, noko som sikrar eit vitskapleg grunnlag for miljøforvaltninga.

CRISTIN skal gi forskinga auka verdi for samfunnet ved at forskning i fleire sektorar blir sett i samanheng. CRISTIN skal òg dokumentere, presentere og gjere ope tilgjengeleg kvalitetssikra data om vitskapleg publisering i ein felles nasjonal database som grunnlag for finansieringssystema i universitets- og høgskolesektoren, instituttsektoren og dei regionale helseføretaka.

Rapport for 2011

Kunnskapsdepartementet tildelte 28,2 mill. kroner til SO i 2011. SO arbeider for å leggje til rette for og gjennomføre eit effektivt og korrekt studentopptak ved hjelp av den nasjonale opptaksmodellen (NOM). SO handterte i 2011 om lag 111 000 søkjarar. IT-systema til SO er sårbare, og det er stort behov for oppgradering. I 2011 vart det gjennomført eit forprosjekt som har kartlagt behova, og det er utarbeidd ein prosjektplan med sikte på å få på plass eit nytt IT-system frå 2015. Sjå òg kap. 281 post 45.

NUV vart tildelt 23,1 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet i 2011. Midlane har medverka til å utvikle og spreie kunnskap om IKT-støtta og fleksibel utdanning ved universitet og høgskolar. Gjennom utlysing fekk prosjekt innanfor eit breitt spekter av fagområde tildelt midlar i 2011. Fleire prosjekt dreier seg om utvikling av generell nettmetodikk og læringsmetodar. NUV har i 2011 drifta og utvikla vidare den juridiske rettleiingstenesta på nett. I tillegg har NUV gjennomført den andre runden i *Digital tilstand*, ei undersøking som ser på utviklingstrekk i bruk av digitale verktøy og medium (IKT) i høgre utdanning. Rapporten vart lagd fram i 2012. Digital tilstand 2011 viser at studentar og fagleg tilsette i større grad nyttar digitale verktøy og medium, og meir variert i 2011 enn i 2008. Undersøkinga tyder likevel på at det er lite endring i korleis lærestadene arbeider med tilrettelegging og bruk. Mykje av teknologibruken ser ut til å støtte opp under tradisjonell undervisning, og det er eit stykkje igjen før potensialet i teknologien er fullt utnytta.

BIBSYS driv biblioteksystemet BIBSYS for biblioteka på universitet og høgskolar, for Nasjonalbiblioteket og fagbibliotek i Noreg. Det er i stor grad ei brukarfinansiert ordning. Departementet tildelte 5,1 mill. kroner til BIBSYS i 2011. BIBSYS har i 2011 arbeidd for innføring av eit nytt biblioteksystem for å medverke til meir effektive bibliotektenester. BIBSYS har måtta avbryte det pågåande prosjektet med leverandøren, og prosessen er derfor forseinka. BIBSYS vil likevel halde fram arbeidet med å skaffe nytt biblioteksystem.

Artsdatabanken fekk ei tildeling på 22,4 mill. kroner frå departementet i 2011. I 2011 lanserte Artsdatabanken den første nasjonale raudlista for naturtypar; denne er sentral for oppfølging av naturmangfoldloven. Arbeidet med å vurdere økologisk risiko for framande artar vart ført vidare, og danna grunnlaget for ei ny svarteliste i 2012.

Artsdatabanken førte òg vidare arbeidet med å kvalitetssikre og leggje til rette artsdata, og gjere dei tilgjengelege i den nettbaserte karttenesta Artskart. Ved slutten av 2011 var det registrert 12,5 mill. artsfunn frå 30 dataeigarar og totalt 95 databasar. Arbeidet med registreringsverktøyet Artsobservasjonar heldt fram, der amatørar har lagt inn 1,2 mill. nye artsfunn i 2011, og ein har arbeidd med å leggje til rette for at òg profesjonelle brukarar kan registrere data.

CRISTIN er eit felles system for informasjon om forskning ved universitet og høgskolar, i helse-sektoren og instituttsektoren. CRISTIN vart etablert som permanent organisasjon frå 1. januar 2011 og fekk ei tildeling på 19,2 mill. kroner i 2011. CRISTIN har i løpet av 2011 utarbeidd ein tiltaksplan for open tilgang til vitenskaplege artiklar. Den tekniske løysinga for å levere inn fulltekstversjon av artiklar vart forbetra og forenkla. CRISTIN har i 2011 drifta arbeidet med å forhandle med forlag om lisensar og abonnement på tidsskrift og elektroniske ressursar.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 107,3 mill. kroner over kap. 280 post 51 i 2013.

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til Samordna opptak med om lag 29,8 mill. kroner i 2013. I tillegg foreslår departementet ei løyving på 7 mill. kroner i 2013 over kap. 281 post 45 til vidare investeringar i IKT-systemet, sjå omtale der.

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til Noregsuniversitetet med om lag 24,6 mill. kroner.

Departementet foreslår å redusere løyvinga til BIBSYS med 2 mill. kroner til om lag 3,4 mill. kroner i 2013. Dette er i påvente av avklaringar rundt innføring av nytt biblioteksystem.

Departementet foreslår ei løyving til Artsdatabanken på om lag 25,9 mill. kroner i 2013. Det omfattar ei eingangsløyving på 2 mill. kroner i 2013 til mellom anna utvikling av ArtiPedia, ei nett-teneste med kvalitetssikra og oppdatert informasjon om alle dei 41 000 artane som finst i Noreg.

Departementet foreslår å auke løyvinga til CRISTIN til om lag 23,7 mill. kroner. Auken skriv seg frå at departementet foreslår å flytte løyvinga til Nasjonalbiblioteket på 960 000 kroner frå kap. 281 post 01 til kap. 280 post 51, slik at CRISTIN står for koordinering og utbetaling av desse midlane til Nasjonalbiblioteket.

Post 71 Tilskott til UNIS

Posten omfattar løyving til Universitetsenteret på Svalbard AS (UNIS).

Mål for 2013

UNIS skal tilby høgre utdanning og drive forskning av høg internasjonal kvalitet med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område.

Rapport for 2011

UNIS vart tildelt om lag 97,2 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet i 2011 inkludert ein auke på 1,6 mill. kroner til 20 nye studieplassar. UNIS fekk òg 1 mill. kroner i SAK-midler for å støtte arbeidet med å utvikle nye samarbeidsavtalar med universiteta og tilpassing av kurs til felles utnytting. UNIS er ei aktiv og utoverretta verksemd, som leverer utdanning og forskning av høg internasjonal kvalitet, og som har nedslagsfelt både nasjonalt og internasjonalt. Gjennom dette har UNIS fått ein vesentleg plass på kunnskapsplattforma Svalbard. I 2011 vart det gjennomført om lag 150 studentårsverk ved UNIS, mot 120 i 2010. 41 pst. av studentane var norske. Studentar og tilsette ved UNIS utgjer ein stadig viktigare del av lokalsamfunnet. UNIS har òg ein stor del finansiering mellom anna frå Noregs forskingsråd og ved samarbeid med næringsliv. Svalbard CO2 Lab er eit prosjekt om forskning på fangst og lagring av CO₂. For å skilje dette prosjektet frå dei andre delane av verksemda vart det skilt ut i eit eige selskap i starten av 2012.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving til UNIS på 112,2 mill. kroner i 2013. Det omfattar 3,4 mill. kroner til vidareføring av nye studieplassar i samband med statsbudsjettet for 2011.

Post 72 Tilskott til UNINETT

Posten omfattar driftstilskott til UNINETT AS.

Mål for 2013

UNINETT AS skal utvikle vidare eit landsomfattande datanett og tilby avanserte tenester for forskning, formidling og utdanning, i samspel med internasjonale forskingsnett i Europa og verda elles.

Rapport for 2011

UNINETT AS fekk i 2011 om lag 23,2 mill. kroner i tilskott til drift over denne posten, i tillegg til 3,5 mill. kroner til vidare utvikling av *eCampus* over kap. 281 post 01.

eCampus er eit program for utbygging av ny og moderne IKT-infrastruktur i sektoren. Prosjektet inneber utbygging av ein felles overordna arkitektur med standardiserte løysingar og felles grensesnitt. Det skal gjere tilgjengeleg eksisterande utdanningstilbod og læringsressursar. I 2011 er det gjennomført fleire pilotprosjekt og prøvt ut ulike verktøy mellom anna for felles web-møteløysingar for sektoren, løysingar for oversending av store filer og bruk av video og podcast.

UNINETT AS driv kontinuerleg utvikling av forskingsnettet for at det skal ha den same funksjonaliteten og kvaliteten som forskingsnett i resten av verda. UNINETT AS har nådd målet om gigabitkapasitet til alle institusjonane som er med i forskingsnettet. Trafikken i nettet er aukande, delvis på grunn av sterkt stigande bruk av video med høg kvalitet. UNINETT AS har derfor innført ny teknologi som betrar kapasiteten utan at kostnadene stig tilsvarende. Den utbygginga som er i gang av funksjonaliteten i forskingsnettet, bruker teknologi som gir eit framtidretta forskingsnett med større kapasitet, og som kan betene spesielt krevjande forskingsprosjekt.

Budsjettforslag for 2013

UNINETT AS driv kontinuerleg utvikling av forskingsnettet og utvikling og implementering av nye teknologiske løysingar. For å føre verksemda vidare foreslår departementet ei løyving på om lag 24,8 mill. kroner over kap. 280 post 72. *eCampus* inneber ei viktig satsing for å leggje til rette for fleksibel og desentralisert utdanning i sektoren, der UNINETT AS samarbeider tett med universiteta og høgskolane i sektoren. Gjennom *eCampus*

blir det etablert ein nasjonal infrastruktur som skal gi universiteta og høgskolane IKT-verkty og IKT-tenester til undervisning, IKT-støtte til forskning og som skal gjere det mogleg å få undervisning tilgjengeleg på internett i nasjonal skala. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor ei tilleggsøyving på 15 mill. kroner over kap. 281 post 70 til vidare utvikling av *eCampus*, jf. kap 281 post 70.

Post 73 Tilskott til NORDUnet AS, kan overførast

Posten omfattar tilskott til NORDUnet AS.

Mål for 2013

NORDUnet AS skal medverke til å sikre felles nettverksinfrastruktur for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane, og dessutan knyte dei til internasjonale nett og nett-tenester. Målet med tilskottet er å sikre norsk tilgang til det nordiske samarbeidet om ein IKT-infrastruktur i verdsklasse.

Rapport for 2011

Det vart tildelt om lag 21,3 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet i 2011. NORDUnet AS har i dei siste åra gjennomført ei stor nettverksoppgradering. Denne vart fullført i 2011 og gjer at nettverket til NORDUnet AS er på internasjonalt toppnivå. Samarbeidet om NORDUnet AS gir dei nordiske akademiske netta meir kostnadseffektive løysingar enn om kvart land skulle operert aleine. Det gir òg dei nordiske landa tung påverknad når det gjeld utforming av internasjonalt nett og val av tekniske løysingar.

Budsjettforslag for 2013

For å føre vidare aktiviteten foreslår Kunnskapsdepartementet ei løyving på 23,1 mill. kroner i 2013.

Kap. 3280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
02	Salsinntekter o.a.	1 382	1 172	1 211
	Sum kap. 3280	1 382	1 172	1 211

Løyvinga på post 02 gjeld inntekter til NOKUT frå kurs og konferansar.

Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høyskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	255 443	177 646	149 450
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	43 900	11 000	11 253
50	Tilskott til Noregs forskingsråd	80 755	79 258	79 258
70	Andre overføringar, <i>kan nyttast under post 01</i>		65 876	91 432
73	Tilskott til internasjonale program	18 211	16 124	18 296
78	Tilskott til Universitets- og høyskolerådet	21 604	14 541	15 222
	Sum kap. 281	419 913	364 445	364 911

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Posten omfattar midlar til ulike tiltak og prosjekt for å fremme og utvikle kvalitet i sektoren og femner om dei fem sektormåla for universitet og høyskolar og målet for fagskoleutdanning. Tiltaka spenner over fleire område som lærarutdanning, velferdsutdanningar, realfag og entreprenørskap, kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid, internasjonalt samarbeid, maritim strategi, likestilling, forskning og formidling og analysar knytte til universitets- og høyskolesektoren og fagskolar. Sidan midlane kan bli tildelte til både statlege og ikkje-statlege aktørar, kan løyvinga nyttast under kap. 281 post 70 Andre overføringar. For post 70 kan løyvinga tilsvarande nyttast under post 01. Sjå òg kap. 281 post 70.

Mål for 2013

Målet med midlane er å medverke til kvalitetssikring og -utvikling, samordning av prioriterte område og andre fellestiltak for å nå måla for universitets- og høyskolesektoren.

Rapport for 2011*Lærarutdanning*

Departementet tildelte til saman om lag 44 mill. kroner til ulike tiltak innanfor lærarutdanning i 2011. Det var ein reduksjon samanlikna med 2010 som mellom anna skriv seg frå at midlar til studie-plassar innanfor barnehagelærarutdanning og barnehagepedagogikk vart flytte til kap. 260 post 50 og 70, og at midlar til den nasjonale forskar-

skolen for lærarutdanning vart flytte til kap. 281 post 50.

Midlane har medverka til å føre vidare den nasjonale satsinga på vidareutdanning av rettleiarar for nyutdanna og nyttilsette lærarar. Vidare har arbeidet med å utvikle lærarutdanningane for trinn 8–13 kunna halde fram, og departementet har hausten 2012 sendt tre reviderte og to nye forslag til forskrifter om rammeplanar ut til høring. Departementet foreslår mellom anna ein eigen rammeplan for integrert femårig lektorutdanning. Ambisjonen er å ta opp studentar etter dei nye rammeplanane hausten 2013. Ny forskrift om rammeplan for barnehagelærarutdanninga (tidlegare førskolelærarutdanning) er fastsett etter forslag frå eit utval og påfølgjande høring. Ein nasjonal rekrutteringsstrategi for samisk høgre utdanning er fastsett for perioden 2011–14. Arbeidet blir følgt opp gjennom årlege tiltaksplanar.

Ei følgjegruppe for grunnskolelærarutdanningane, oppnemnd i 2010 for fem år, har sekretariat ved Universitetet i Stavanger. Følgjegruppa skal hente data om og analysere utviklinga i dei nye utdanningane og kvart år leggje fram ein rapport til departementet. Den første rapporten kom våren 2011 og den andre våren 2012. Hovudfunna så langt er at det er gjort mykje bra, særleg i samarbeidet med praksisskolane. Dei største utfordringane er svak rekruttering og sårbare fagmiljø ved fleire av institusjonane i distrikta.

Ei nasjonal satsing for å auke kvaliteten i praksis i lærarutdanningane, PIL-prosjektet, vart slutført i 2011. Ein sluttrapport viste mykje godt utviklingsarbeid og god erfaringsutveksling mellom dei institusjonane som deltok i prosjektet.

NOKUT fekk i oppdrag å lage retningslinjer for, lyse ut og administrere eit Senter for framifrå utdanning som ein pilot innanfor lærarutdanning. Ei internasjonalt samansett ekspertgruppe vurderte åtte søknader frå tolv institusjonar. Status som Senter for framifrå utdanning vart i 2011 tildelt til ProTed (Professional Learning in Teacher Education), eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Oslo og Universitetet i Tromsø.

Realfag og entreprenørskap

Departementet tildelte i 2011 om lag 18 mill. kroner til tiltak innanfor realfag og entreprenørskap over kap. 281 post 01.

Regjeringa har som mål å auke talet på kandidatar med realfagleg og teknologisk kompetanse i samsvar med strategiplanen *Realfag for framtida*. Tal frå Samordna opptak viser at det i dei siste åra har vore ein gradvis auke i talet på søkjarar på dette fagfeltet. I 2011 viser tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) at det vart utdanna over 6 000 kandidatar i MNT-faga (matematiske, naturvitskaplege og teknologiske fag), det høgste talet som er registrert i dei siste ti åra. Nasjonalt senter for realfagsrekruttering (RENATE-senteret) har spelt ei viktig rolle i det nasjonale arbeidet med å auke rekrutteringa, mellom anna gjennom prosjekta ENT3R og ALFA.

Universitets- og høgskolerådet ved Nasjonalt råd for teknologisk utdanning fekk i oppgåve å støtte arbeidet til institusjonane med å innføre ny rammeplan for ingeniøruddanninga. Det har medverka til nasjonal koordinering, erfaringsutveksling og større vekt på samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon for å leggje til rette for ei forskingsbasert, yrkesretta og integrert ingeniøruddanning med betre rekruttering og gjennomstrøyming.

Det vart tildelt midlar til Noregsuniversitetet, som lyste ut midlar til kompetanseheving og utvikling av studietilbod. Utlysinga var ei oppfølging av tiltak 3 i *Handlingsplan for entreprenørskap i utdanningen – fra grunnskole til høgere utdanning 2009–2014*. Det vart som ei oppfølging av handlingsplanen òg tildelt midlar til Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning til følgjeforskning av entreprenørskap i utdanning.

Departementet tildelte 6 mill. kroner til Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM) over kap. 281 post 01. Sjå òg kap. 226 post 70.

Kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid

Departementet tildelte om lag 32,6 mill. kroner til tiltak innanfor kunstutdanning og kunstnarleg utdanning i 2011.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid omfattar to program, stipendprogrammet og prosjektprogrammet for kunstnarleg verksemd. Kunsthøgskolen i Bergen er operatør for programmet. Stipendprogrammet omfattar midlar til stipendiatar og er ein parallell til doktorgradsprogram, og skal føre fram til kompetanse som førsteamanuensis ved tilsetjing i universitets- og høgskolesystemet. Prosjektprogrammet for kunstnarleg verksemd omfattar midlar til prosjekt. I 2011 tildelte departementet 21,8 mill. kroner til *Program for kunstnarleg utviklingsarbeid*, inklusive midlar til programdrift. I samband med evalueringa av finansieringssystemet for universitet og høgskolar vart det vedteke at kunststipendiatar skal gi uttelling tilsvarende doktorgradar. Fire stipendiatar fullførte programmet i 2011, og uttellinga for desse får budsjettverknad i 2013.

Løyvingane til talentutviklingsprogramma i musikk ved høvesvis Noregs musikkhøgskole og Barratt Due musikkinstitut vart førte vidare med til saman om lag 10,8 mill. kroner, og har medverka til rekruttering og styrking av kvaliteten på utdanninga.

Internasjonalt samarbeid

Departementet tildelte til saman om lag 64 mill. kroner til tiltak innanfor internasjonalt samarbeid over kap. 281 post 01. Sjå elles kap. 280 post 50 om korleis Senter for internasjonalisering av utdanning forvaltar programporteføljen sin.

Om lag 40 mill. kroner gjekk til Nordisk Ministerråd og avtalen om tilgang til høgre utdanning. Det har vore ei jamn stigning i talet på norske studentar som søker opptak i andre nordiske land i dei seinare åra. Avtalen går ut i 2012, og det har i 2011 vore ein prosess med dei andre nordiske landa for å forlengje avtalen.

Løyvinga til Barentsinstituttet vart ført vidare med 5 mill. kroner. Tiltak frå internasjonaliseringsmeldinga vart følgt opp med om lag 4,5 mill. kroner og internasjonale samarbeidsprogram og -avtalar vart følgt opp med om lag 12 mill. kroner, jf. nærmare omtale nedanfor.

Som ei oppfølging av St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* vart det løyvt midlar til utvikling og etablering av internasjonale fellesgradar i 2011. Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) administrerer mid-

lane og gjennomførte første utlysning våren 2012. SIU fekk tretten søknader frå norske universitet og høgskolar, og to prosjekt fekk støtte. Både talet på søknader og prosjekt som fekk støtte, er lågare enn ønskt, og SIU vil sjå på grunnane til dette. Det blir ny utlysning av fellesgradar hausten 2012. Det vart òg utlyst fellesgradar i samarbeid med Frankrike med midlar frå både norsk og fransk side.

Strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika vart følgt opp. Hovuddelen av midlane vart nytta til *Partnerskapsprogrammet for Nord-Amerika* og prosjektmidlar til etablering og styrking av samarbeidsrelasjonar mellom norske og nordamerikanske universitet og høgskolar. I 2011 gjekk den første strategien ut, og departementet lanserte ein revidert strategi for perioden 2012–15. I løpet av strategiperioden 2008–11 har det vore ein stor auke i studentmobiliteten mellom Noreg og USA. Det har totalt sett vore ein nedgang i talet på norske studentar i Canada i strategiperioden.

Kunnskapsdepartementet inngjekk i 2008 intensjonsavtalar for samarbeid med dei latinamerikanske landa Argentina, Chile og Brasil. SIU fekk ansvaret for å administrere midlane for oppfølging. Det har vore utfordringar med å utvikle gode samarbeidstiltak, og departementet gav derfor i 2011 SIU signal om å prioritere samarbeidet med Brasil, jf. *Brasilstrategien* til regjeringa, som vart lagd fram i 2011. Bilateralt samarbeid med India, Kina og Russland er omtalt under kap. 281 post 73.

Tilskottet til International Council for Open and Distance Education (ICDE) vart ført vidare med om lag 2,3 mill. kroner og har medverka til det internasjonale arbeidet innanfor fjernundervisning og fleksibel læring. I 2011 har ICDE lagt til rette for kunnskapsutveksling og kunnskapsutvikling mellom anna gjennom å arrangere konferansar og aktivitetar for medlemmer.

Maritim strategi

Departementet tildelte 18,5 mill. kroner i 2011 for å følgje opp den maritime strategien til regjeringa, *Stø kurs*. Av desse midlane vart 13,6 mill. kroner nytta til MARKOM2020-prosjektet, medan 4,9 mill. kroner gjekk til fagskolar som tilbyr maritim utdanning.

MARKOM2020 er resultatet av eit samarbeid mellom dei fire høgre utdanningsinstitusjonane innanfor maritim profesjonsutdanning: Universitetet i Tromsø, Høgskolen Stord/Haugesund, Høgskolen i Ålesund og Høgskolen i Vestfold. Det er eit utviklingsprosjekt der dei overordna måla er å

lyfte utdanninga til eit høgre og meir spesialisert nivå. Samtidig ønskjer utdanningsinstitusjonane å auke interessa for og rekrutteringa til maritim utdanning, i tillegg til å auke attraktiviteten for utdanninga i marknaden.

Likestilling

Det vart tildelt 4,5 mill. kroner til ulike tiltak innanfor likestilling over kap. 281 post 01 i 2011. Midlane har medverka til å fremme kvinner i forskning og likestilling i academia gjennom Komité for kjønnsbalanse i forskning (Kif) og Likestillingsprisen, som vart tildelt Universitetet i Tromsø.

Forskning og formidling

Det vart løyvt 2 mill. kroner til evaluering av norsk forskarutdanning over kap. 281 post 01. Sjå omtale av hovudresultata frå evalueringa under kap. 260. Etter konsultasjonar med Sametinget oppnemnde Kunnskapsdepartementet i august 2010 eit utval for å greie ut utviklingstrekk, behov og målsetjingar for samisk forskning og høgre utdanning. Utvalet la fram innstillinga si i juni 2012, og rapporten vil bli send ut til høring.

Dokumentasjon, statistikk og analyse

Departementet tildelte om lag 29 mill. kroner til tiltak innanfor dokumentasjon, statistikk og analyse over kap. 281 post 01 i 2011, medrekna Kandidatundersøkelsen 2011 og Strategisk forskningsprogram 2009–11, begge gjennomført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og innovasjon. Tiltaka har medverka til å føre vidare og betre kunnskapsgrunnlaget om og for sektoren, mellom anna gjennom drift av Database for statistikk om høgre utdanning (DBH), som er tilknytt Norsk samfunnsvitenskapelige datatjeneste. DBH har i 2011 fått i oppdrag frå departementet å drifte og utvikle DBH Fagskolestatistikk som ein database knytt til fagskolesektoren. Det har òg vore nytta midlar til det internasjonale AHELO-prosjektet (Assessment of Higher Education Learning Outcomes), som skal utarbeide ei undersøking som kan brukast til å måle og samanlikne læringsutbytte i høgre utdanning på tvers av landegrensar.

Andre tiltak

Departementet tildelte om lag 37 mill. kroner til andre tiltak i 2011. Summen omfattar mellom anna midlar som har medverka til å føre vidare samor-

ganiseringa av Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitenskap. Det har vore gitt tilskott til å starte arbeidet med å utvikle *eCampus*, sjå òg kap. 280 post 72. I 2011 starta programmet utprøving og utrulling av eit verktøyknippe blant anna for webmøteløysingar, og verktøy for overføring av filer som er for store til å sende på e-post.

Andre mottakarar av tilskott i 2011 er Studiesenteret.no og stiftelsen Kvinneuniversitetet i Norden. Vidare er det tildelt midlar til mellom anna levekårundersøkinga for studentar, Felles studentsystem, SIMULA, arbeid med statens kulturhistoriske eigedommar, utgreiing av flytting av vikingskipa, og sikring og bevaring av universitetsmusea. Det vart òg tildelt midlar til sikring og bevaring av universitetsmusea over kap. 281 post 45.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei samla løyving på om lag 241 mill. kroner på kap. 281 post 01 og post 70 i 2013. Av desse foreslår departementet å løyve om lag 149,5 mill. kroner over post 01 og om lag 91,4 mill. kroner over post 70. Sjå òg kap. 281 post 70. Reduksjonen frå 2012 skriv seg frå at departementet foreslår å flytte til saman om lag 20,3 mill. kroner ut frå kap. 281 post 01 og 70. Det omfattar midlar til fleksibelt utdanningstilbod for tospråklege lærarar, talentutviklingsprogramma i musikk, Barentsinstituttet og til arbeid med politiattestar, som departementet foreslår å leggje inn i ramma til dei aktuelle institusjonane på kap. 260 post 50 og 70. Vidare gjeld det midlar til Nasjonalbiblioteket som departementet foreslår å leggje inn i løyvinga til CRISTIN for utbetaling over kap. 280 post 51, og midlar til rekneskapsføring for Universitets- og høgskolerådet som departementet foreslår å leggje inn i løyvinga til rådet over kap. 281 post 78.

Kvalitet i utdanning

Departementet foreslår å løyve til saman om lag 61,7 mill. kroner over kap. 281 post 01 knytte til kvalitet og entreprenørskap i utdanning i 2013.

Det omfattar midlar til oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*. Midlane skal nyttast til å utvikle felles innhald i dei helse- og sosialfaglege utdanningane, til å få på plass ein handlingsplan for å heve kvaliteten i praksisstudia og til å prøve ut y-vegen i nokre utvalde utdanningar. Målet med midlane er at utdanningane skal endrast slik at kompetansen til kandidatane er i samsvar med den kompetansen

helse- og velferdstenestene treng for å gi kvalitativt gode tilbod til heile befolkninga. Departementet foreslår å sette av midlar til å opprette tre nye senter for framifrå utdanning (SFU). Tildelinga til sentera vil vere basert på ei brei og open utlysing, som gode miljø i sektoren kan konkurrere om. Dette understrekar at SFU er ein viktig konkurransearena for å stimulere til styrkt utdanningskvalitet. Gitt tilfredstillande kvalitet, tek departementet sikte på at eit av sentera blir retta inn mot oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012).

Midlane til SFU innanfor lærarutdanning ved Universitetet i Oslo og Universitetet i Tromsø vil bli førte vidare, og det same gjeld følgjegruppe for lærarutdanningsreforma, oppfølging av barnehagelærarutdanninga og lærarutdanninga for ungdomstrinna 8–13 og rettleiing av nyutdanna lærarar.

Det er òg behov for å halde fram med arbeidet med å styrkje rekrutteringa til realfag og følgje opp arbeidet med å auke entreprenørskap i høgre utdanning.

Delar av løyvinga dekkjer utgifter til lønn og administrasjon i departementet og hos andre statlege aktørar til drift av dei ulike utviklingsprosjekta og tiltaka.

Kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid

Departementet foreslår å løyve om lag 31,7 mill. kroner over kap. 281 post 01 for å føre vidare *Program for kunstnarleg utviklingsarbeid*, inkludert drift av programmet. Det omfattar ei flytting av om lag 2,6 mill. kroner frå kap. 281 post 50 til kap. 281 post 01 for å styrkje prosjektprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid ytterlegare til om lag 8,6 mill. kroner.

Departementet foreslår å leggje midlane til talentutviklingsprogrammet i musikk ved Noregs musikkhøgskole, 4 mill. kroner, inn i ramma til høgskolen over kap. 260 post 50.

Internasjonalt samarbeid

Departementet foreslår å løyve til saman om lag 21 mill. kroner over kap. 281 post 01 til tiltak for å stimulere internasjonalt samarbeid.

Departementet foreslår mellom anna å løyve 4,5 mill. kroner til oppfølging av St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning*. Departementet foreslår vidare å løyve 10 mill. kroner til oppfølging av *Strategien for auka høgre utdanningsamarbeid med Nord-Amerika 2012–2015*. Hovuddelen av midlane vil bli nytta til *Partnerskapsprogrammet for Nord-Amerika*, utly-

sing av prosjektmidlar og møteplassar og andre tiltak for auka samarbeid med Canada. Departementet vil òg følgje opp forpliktingar i samarbeidet med Russland knytte til stipend for russiske studentar og andre bilaterale samarbeidsrelasjonar.

Maritim strategi

Departementet foreslår å løyve 18,5 mill. kroner til MARKOM2020 for å føre vidare samarbeidet mellom dei involverte institusjonane om å utvikle vidare den maritime profesjonsutdanninga i Noreg.

Likestilling

Departementet foreslår ei løyving på 7,4 mill. kroner til likestillingstiltak over kap. 281 post 01. Beløpet omfattar likestillingsprisen på 2 mill. kroner og utteljing i insentivordninga for kvinner i høgre vitenskaplege stillingar i matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag på om lag 5,4 mill. kroner.

Andre tiltak

Departementet foreslår ei samla løyving på om lag 9,6 mill. kroner til andre tiltak over kap. 281 post 01. Løyvinga omfattar mellom anna fusjonsprosessen mellom Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) og Noregs veterinærhøgskole (NVH), Felles studentsystem og andre mindre tiltak. Delar av løyvinga dekkjer utgifter til lønn og administrasjon i departementet og hos andre statlege aktørar til drift av dei ulike utviklingsprosjekta og tiltaka.

Studiesenteret.no har fått årlege tilskott over budsjettet til Kunnskapsdepartementet sidan 2008, totalt er det utbetalt om lag 9,3 mill. kroner i perioden 2008–12. Senteret er ikkje ein del av det formelle utdanningstilbodet, men tilbyr tenester for å leggje til rette for desentralisert utdanning. Tilskottet har vore gitt til dekning av driftsutgifter til infrastrukturtenester for høgre utdanning og læremiddelutvikling ved Studiesenteret.no. Departementet kan ikkje sjå at tenestetilbodet frå Studiesenteret.no har medverka til utvikling av fagleg innhald i utdanningar.

Departementet legg til grunn at det er fleire tenestetilbydarar knytte til marknaden for desentraliserte studium, og at universiteta og høgskolane sjølve er dei beste til å vurdere kva for desentraliserte tilbod dei ønskjer å tilby studentane. Vidare er institusjonane sjølve dei beste til å vur-

dere og prioritere kva for tenestar dei har behov for å kjøpe frå aktuelle tilbydarar i marknaden. Studiesenteret.no er ein av fleire moglege tilbydarar institusjonane kan velje å nytte. Departementet viser vidare til satsinga på *eCampus*, sjå omtale under kap. 280 post 72 og kap. 281 post 70, som skal medverke til å leggje til rette for fleksibel og desentralisert utdanning i sektoren. Departementet foreslår på bakgrunn av dette å ikkje føre vidare tilskottet til Studiesenteret.no.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3281, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar midlar til investeringar i utstyr og vedlikehald i sektoren.

Mål for 2013

Midlane skal medverke til gode fasilitetar og utstyr i sektoren.

Rapport for 2011

Det vart tildelt til saman 43,9 mill. kroner over posten i 2011. Det omfattar 30 mill. kroner som vart vedtekne i revidert nasjonalbudsjett for 2011 til rehabiliteringsprosjekt ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Universitetet i Bergen og Universitetet i Oslo. Denne løyvinga medverka til mellom anna oppgradering og vedlikehald av varmeteknisk laboratorium ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, opprusting av hage og parkanlegg i Museumshagen ved Universitetet i Bergen, og oppussing i Niels Henrik Abels hus ved Universitetet i Oslo.

Departementet tildelte totalt 10 mill. kroner til sikring og bevaring av samlingane ved universitetsmusea ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø, Universitetet i Stavanger og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Desse midlane har mellom anna gått til kjeldesikringsarbeid og dataregistrering av samlingar ved universitetsmusea. Ei tildeling på 1,7 mill. kroner til Senter for internasjonisering av utdanning har medverka til oppgradering av IKT-systema deira. Det var tildelt 2,2 mill. kroner til eit felles integrert helsefagleg bibliotek for St. Olavs Hospital, Høgskolen i Sør-Trøndelag og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei samla løyving på 11,3 mill. kroner over kap. 281 post 45 i 2013.

Det er framleis behov for investeringar i IT-systema til Samordna opptak (SO). Oppgradering og vidareutvikling av systema skal leggje til rette for at opptak til høgre utdanning kan gjennomførast effektivt og korrekt for både studentar og institusjonar. For å medverke til eit oppdatert datasystem foreslår departementet ei tilleggsløyving til SO på 7 mill. kroner over kap. 281 post 45 i 2013. Sjå òg kap. 280 post 51.

Post 50 Tilskott til Noregs forskingsråd

Posten omfattar midlar som blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd til ulike forskingsprogram om og for universitets- og høgskolesektoren, og midlar til nasjonal forskarskole for lærarutdanninga.

Mål for 2013

Tilskottet skal styrkje universitet og høgskolar som innovasjonsaktørar, gi meir og betre forskning i høgskolane og i profesjonsfaga, og fremme forskning ved universitetsmusea.

Rapport for 2011

Det vart løyvt om lag 80,8 mill. kroner til ulike program i Noregs forskingsråd over denne posten i 2011. *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI)* har medverka til innovasjon, kunnskapsutvikling og verdiskaping gjennom forsterka samhandling mellom institusjonane og regionale myndigheiter og FoU-innsats i regionane. *FORNY-programmet* har medverka til å styrkje arbeidet med kommersialisering av forretningsidear frå offentleg finansierte forskingsmiljø. Med bakgrunn i ei evaluering utført av NIFU i 2009 vart eit nytt og meir spissa *FORNY2020* etablert frå og med 2011.

Programma *Strategiske høgskoleprosjekt (SHP)* og *Praksisretta utdanningsforskning (PraksisFoU/PRAKUT)* har vore viktige for å styrkje forskning på kompetanseområde som høgskolane har eit spesielt ansvar for, og for å styrkje kvaliteten i profesjonsfaga. Ei evaluering av *SHP* frå 2010 viser at satsinga har vore svært vellykka. Programmet har auka merksemda om FoU og har styrkt forskingskvaliteten og -kompetansen ved høgskolane. Midlane gjennom desse programma medverkar til å stimulere til betre samspel mellom næringsliv, offentleg sektor og forskingsmiljø.

Utdanning2020 er eit tiårig forskingsprogram om utdanningssektoren – frå barnehage til doktorgradsutdanning. *Utdanning2020* har styrkt forskinga om undervisning og læring, styring, leing og organisering av utdanning, og utdanning i samspel med arbeids- og samfunnsliv. *Praksisretta utdanningsforskning (PRAKUT)* medverkar til å styrkje forskarkompetansen og kunnskapsgrunnlaget i lærarutdanningane. *FoU-program for universitetsmusea* skal medverke til å konsentrere forskinga, auke samarbeidet og heve kvaliteten på forskinga ved universitetsmusea. Det er òg etablert ein forskarskole for lærarutdanning (NAFOL). Det vart òg tildelt midlar til *Forskingsprogram for forskning og innovasjon (FORFI)* over denne posten i 2011. *FORFI* medverkar til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår å føre vidare tilskottet til *VRI*, *FORNY*, *Utdanning2020*, *PRAKUT 2010–2014*, *NAFOL* og *FORFI* og *FOU-program for universitetsmusea* på same nivå som i 2012. Departementet foreslår å flytte 2,6 mill. kroner frå kap. 281 post 50 til kap. 281 post 01 for å styrkje prosjektprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid. Sjå òg kap. 281 post 01. Departementet foreslår dermed ei løyving på om lag 79,3 mill. kroner over kap. 281 post 50 i 2013.

Som oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis foreslår* Kunnskapsdepartementet å auke tildelinga til programmet for praksisretta FoU for helse- og velferdstenestene gjennom Noregs forskingsråd med 7 mill. kroner over kap. 285 post 52. Sjå nærare omtale der.

Post 70 Andre overføringar, kan nyttast under post 01

Midlar over kap. 281 post 01 Driftsutgifter kan vere retta mot både statlege og ikkje-statlege aktørar. Det vart derfor i 2012 oppretta ein ny post 70 Andre overføringar, kan nyttast under post 01. Sjå kap. 281 post 01 for omtale av mål for 2013.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei samla løyving på om lag 91,4 mill. kroner over kap. 281 post 70 i 2013.

Av denne løyvinga foreslår departementet å tildele 15 mill. kroner til UNINETT AS for vidare satsing på *eCampus*, som er ein auke på 3 mill. kroner frå 2012. Målet er å sikre utvikling av felles

IKT-løysingar og bruk av felles standardar i sektoren for å gjere utdanningstilbod og læringsressursar tilgjengelege mellom institusjonane.

Departementet foreslår ei løyving på om lag 48 mill. kroner for å dekkje kontingenten til Nordisk Ministerråd for den nordiske avtalen om tilgang til høgre utdanning. Avtalen er forlengd med tre år frå 2013. Avtalen sikrar at norske søkjarar til høgre utdanning i andre nordiske land blir hand-sama likt med nasjonale søkjarar ved opptak. Det same gjeld andre nordiske statsborgarar som søkjer opptak til høgre utdanning i Noreg.

For å fremme det internasjonale arbeidet innanfor fjernundervisning og fleksibel læring foreslår departementet eit tilskott til ICDE (International Council for Open and Distance Education) på om lag 2,3 mill. kroner i 2013.

Departementet foreslår å leggje midlane til *Unge talenter* ved Barratt Due musikk institutt, om lag 7,2 mill. kroner, inn i ramma til høgskolen over kap. 260 post 70.

Departementet foreslår òg å setje av inntil 80 000 kroner som tilskott til arbeidet i RIHR (Research Institutions and Human resources), ei arbeidsgruppe under forskingskomiteen i OECD.

Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste er ei sentral informasjonskjelde for og om sektoren. Innrapporterte data til DBH er mellom anna eit av grunnlaga for etatsstyringsdialogen med universitet og høgskolar og den årlege tilstandsrapporten frå Kunnskapsdepartementet om sektoren. Departementet foreslår eit tilskott på om lag 14,6 mill. kroner til DBH i 2013.

Universitets- og høgskolerådet har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet etablert Publiseringsutvalget. Utvalet har fagleg ansvar for utvikling og fagleg drift av System for dokumentasjon av vitenskapelig publisering. Departementet foreslår å føre vidare tilskottet til arbeidet i utvalet med 1,7 mill. kroner i 2013.

For å møte behovet for meir kunnskap om universitets- og høgskolesektoren har departementet hausten 2012 lyst ut eit nytt strategisk forskingsprogram på 5 mill. kroner årleg i perioden 2012–14.

Departementet foreslår å setje av 1,25 mill. kroner på kap. 281 post 70 til å føre vidare arbeidet med kandidatundersøkinga gjennom Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og innovasjon.

Komité for kjønnsbalanse i forskning (Kif-komiteen) i Universitets- og høgskolerådet har gjeldande programperiode 2010–13. Hovudmålet for komiteen er å støtte opp under og gi tilrådingar

om tiltak som kan medverke til å integrere arbeidet med likestilling ved universiteta og høgskolane og forskingsinstitutta. Departementet foreslår eit tilskott på 1,2 mill. kroner til komiteen i 2013.

Departementet vil i 2013 støtte FoU-verksemnd innanfor likestilling, kjønn og feminisme med 1 mill. kroner. Midlane vil bli lyste ut.

Departementet foreslår eit tilskott på 150 000 kroner i 2013 til Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), som er sekretariat for Brukerforum for funksjonshemmede i høyere utdanning. Forumet skal vere ein møtestad for representantar frå organisasjonar for funksjonshemma, studentorganisasjonar, universitet og høgskolar. Departementet vil avklare vidare drift og samansetjing av forumet med FFO.

Fagskolerådet er eit nasjonalt råd for fagskoleutdanning og vart etablert i 2010 med stønad frå Kunnskapsdepartementet. Rådet skal vere eit eige forum og kontaktpunkt til departementet og andre nasjonale instansar innanfor fagskolefeltet. Departementet foreslår å føre vidare tilskottet til Fagskolerådet med 1 mill. kroner i 2013.

Post 73 Tilskott til internasjonale program

Tilskottet over posten går til å dekkje medlemskontingenten for å delta i EU-programmet *Erasmus Mundus*.

Mål for 2013

Målet er å auke det internasjonale samarbeidet i høgre utdanning gjennom *Erasmus Mundus*.

Rapport for 2011

Samla vart det løyvd om lag 18,2 mill. kroner over posten i 2011, inkludert om lag 1,8 mill. kroner til nokre mindre tiltak knytte til internasjonalisering som frå 2012 er flytte til kap. 281 post 01.

Erasmus Mundus er eit tiltak som legg til rette for auka samarbeid mellom norske og utanlandske institusjonar om master- og doktorgradsutdanning. Kontingenten i 2011 utgjorde 16,4 mill. kroner. Deltaking i *Erasmus Mundus* skal mellom anna medverke til å auke fagleg utdanningskvalitet i Noreg og gjennom det auke tiltrekningskrafta overfor utanlandske studentar, særleg frå land utanfor Europa. På lengre sikt kan dette auke både kvaliteten og omdømmet til norsk høgre utdanning.

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) fekk midlar til å styrkje det samarbeidet

som universiteta og høgskolane har med institusjonar i India, Kina og Russland. Det har vore ei god utvikling i det høgre utdanningssamarbeidet med Russland, etter at Kunnskapsdepartementet i 2010 inngjekk ein intensjonsavtale med det russiske utdanningsdepartementet. Avtalen har medført auka dialog mellom styresmaktene, som legg til rette for gode partnerskapar mellom norske og russiske universitet og høgskolar. For å styrkje evna til norske institusjonar til å samarbeide med russiske institusjonar vart det i 2011 arrangert eit seminar der norske høgre utdanningsinstitusjonar fekk utveksle erfaringar og utvikle samvirke retta mot Russland-samarbeid.

Samisk høgskole hadde i perioden 2009–11 driftsansvaret for hovudkontoret for World Indigenous Nations Higher Education Consortium (WINHEC) og Kunnskapsdepartementet tildelte årleg 850 000 kroner til høgskolen til drift av kontoret. Det har medverka til å betre det internasjonale nettverket og kompetansen ved høgskolen.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei løyving på om lag 18,3 mill. kroner i 2013 for å dekkje kontingenten til *Erasmus Mundus*.

Post 78 Tilskott til Universitets- og høgskolerådet

Posten omfattar driftstilskott til Universitets- og høgskolerådet (UHR) og til aktivitet som blir koordinert gjennom rådet, inkludert tilskott til utgiving av lærebøker.

Mål for 2013

UHR skal fremme samordning mellom universitet og høgskolar innanfor høgre utdanning, forskning, formidling og ressursforvaltning.

Rapport for 2011

UHR fekk i 2011 tildelt 14,1 mill. kroner, som omfatta 4,7 mill. kroner til utgiving av lærebøker. I tillegg har departementet som ein del av arbeidet med samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK) tildelt UHR 7,5 mill. kroner for å leggje til rette for felles tiltak som kan medverke til å styrkje den faglege leiinga ved universitet og høgskolar. I 2011 har utvikling av leing av utdannings- og forskingsaktivitet vore ein viktig del av arbeidet med SAK i UHR. Kvalitet i utdanninga har vore eit overordna perspektiv, og i 2011 har UHR mellom anna utarbeidd rapportar om danningaspektet i utdanninga og om mogleg nasjonal samordning av opptak av utanlandske studentar. UHR har gitt viktige bidrag i arbeidet med Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til UHR med om lag 15,2 mill. kroner i 2013. Beløpet omfattar om lag 4,9 mill. kroner til utgiving av lærebøker og om lag 200 000 kroner til rekneskapsføring som er flytta frå kap. 281 post 01.

Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2013
		2011	Saldert budsjett 2012	
02	Salsinntekter o.a.		10	10
	Sum kap. 3281		10	10

Post 02 omfattar ymse inntekter knytte til dei tiltaka som får løyving under kap. 281 post 01.

Programkategori 07.70 Forsking

Utgifter under programkategori 07.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
283	Meteorologiformål	287 594	327 609	336 463	2,7
284	Dei nasjonale forskingsetiske komitéane			16 300	
285	Noregs forskingsråd	1 440 422	2 688 103	2 773 611	3,2
286	Forskingsfond	4 427 981	219 000		-100,0
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	235 090	251 298	476 817	89,7
288	Internasjonale samarbeidstiltak	1 322 113	1 634 782	1 945 993	19,0
	Sum kategori 07.70	7 713 200	5 120 792	5 549 184	8,4


Inntekter under programkategori 07.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
3286	Forskingsfond	3 946 432	80 219 000		-100,0
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	21 509	209 100	419 000	100,4
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 094	4 618	4 492	-2,7
	Sum kategori 07.70	3 972 035	80 432 718	423 492	-99,5

Innleiing

Samfunnet krev i dag forskingsbasert kunnskap på stadig fleire område. Forsking skal gi oss grunnleggjande ny kunnskap. Forsking er eit nødvendig verkemiddel for å møte dei globale utfordringane, for å utvikle velferda i samfunnet og for at vi skal ha eit framtidsretta og nyskapande næringsliv. Regjeringa vil halde fram med å satse på forskning i åra framover, og tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om forskning i 2013.

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, jf. Innst. S. nr. 354 (2008–2009), sette regjeringa fem strategiske og fire tverrgåande mål for forskingspolitikken. Forsking knytt til dei fem strategiske måla skal medverke til å møte globale utfordringar, velferdsutfordringar og leggje grunnlaget for verdiskaping i framtida. Dei fire tverrgåande måla er desse: eit velfungerande forskningssystem, høg kvalitet i forskinga, auka internasjonalisering av forskinga og effektiv utnytting av ressursar til og resultat frå forskinga.



Figur 4.7 Målbilete for norsk forskning

Dei tverrgåande måla i forskingsmeldinga gjeld for heile det norske forskningssystemet. Desse måla er omfattande, og dei er i stor grad overlappande og avhengige av kvarandre. Kunnskapsdepartementet har som forskingskoordinerande departement og som departementet med ansvar for forskningssystemet, eit særleg ansvar for desse måla. Det er derfor desse som blir omtalte i denne programkategorien. Departementet har òg eit særleg finansieringsansvar for grunnleggjande forskning.

Størstedelen av forskingsløyvingane under programkategori 07.70 er løyvingar til forskning gjennom Noregs forskingsråd. Programkategorien omfattar òg løyvingar til Meteorologisk institutt. Direkte forskingsløyvingar til universitet og høyskolar er omtalte under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Alle departementa finansierer forskning på sine område, og skal gjennom forskingsløyvingane medverke til å nå dei forskingspolitiske måla som regjeringa har sett. Del III kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet inneheld ein omtale av den samla satsinga på forskning i regjeringas forslag til statsbudsjett for 2013.

Tilstandsvurdering

Mål: Eit velfungerande forskningssystem

Eit velfungerande system for forskning har godt samarbeid mellom forskingsaktørane, tilstrekkeleg forskingskapasitet i heile landet, god balanse mellom konkurranse og samarbeid, gode system for kunnskapsoverføring og høg etisk standard i

forskinga. Noreg har i all hovudsak eit velfungerande forskningssystem.

Noregs forskingsråd har ei sentral rolle i det norske forskningssystemet. Om lag 30 pst. av dei offentlege midlane til forskning går gjennom Forskningsrådet, og desse midlane er med på å strukturere og utvikle det norske forskningssystemet. Forskningsrådet har ansvaret for å utvikle ein godt samansett portefølje av verkemiddel som sikrar kvalitet og relevans på prioriterte område, og som stimulerer til formålstenleg samarbeid, konsentrasjon og arbeidsdeling i norsk forskning. Forskningsrådet har i dei siste ti åra brukt ein aukande del av midlane på program og aktivitetar som verkar strukturerande på forskningssystemet. Ei evaluering av Noregs forskingsråd, gjennomført av Technopolis, vart lagd fram i september 2012. Evalueringa viser at Forskningsrådet gjennom verksemda si bidreg til nyskaping, auka kvalitet og redusert fragmentering i det norske forskningssystemet. Dette gjeld til dømes verkemiddel som dei store programma, tverrgåande sentersatsingar og andre program der det i stigande grad er krav om samarbeid. Noregs forskingsråd har òg ei viktig rolle som ein rådgivar som skal gi kunnskapsbaserte råd til styresmaktene. I tillegg har Forskningsrådet ein møteplassfunksjon. For ein meir detaljert omtale av aktiviteten til Forskningsrådet, sjå kap. 285.

Den norske forskingsinstituttsektoren har ein sentral plass i det norske forskningssystemet. Institutta er innretta for å møte behov for kunnskap i samfunns- og næringsliv. Sjølv om det er store skilnader mellom institutta, viser tal frå Forskningsbarometeret 2012 at dei har hatt ein monaleg auke i vitskapeleg produksjon i det siste tiåret, og

prosentvis har auken vore like stor som ved universiteta og høgskolane. Forskningsbarometeret viser at institutta har god utteljing i Forskningsrådet og i EUs rammeprogram for forskning, og at institutta har stor evne til å innrette forskinga mot å løyse samfunns- og teknologiutfordringar. Institutta har òg stor evne til å hente inntekter frå utanlandske kjelder, og det er tydeleg at kunnskapen deira er etterspurd av utanlandske aktørar. Instituttsektoren bidreg til god kunnskapsflyt i det norske forskningssystemet gjennom å levere relevant forskning for samfunns- og næringsliv og gjennom internasjonalt forskningssamarbeid.

Universitet og høgskolar fyller ei viktig rolle i forskningssystemet. Dei store universiteta driv grunnforskning på mange område og har derfor særleg gode føresetnader for å utforske eigendefinerte faglege spørsmål. For høgskolane er særleg profesjonsforskning og utvikling av utdanning knytt til praksisfeltet viktig. For omtale av forskning i universitets- og høgskolesektoren, sjå programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Ein viktig del av eit velfungerande forskningssystem er å sikre heile landet tilgang til forskingsbasert kompetanse. Dei regionale forskingsfonda supplerer dei nasjonale FoU-verkemidla og skal styrkje regional forskning og innovasjon. Den første delrapporten i ei treårig følgjeevaluering av dei regionale fonda som kom i januar 2012, viser at fonda er komne godt i gang. Evalueringa blir utført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) og held fram i 2012 og 2013.

Forskningskapasitet i form av doktorgradskandidatar er òg ein indikator på eit velfungerande system. I 2011 vart det avlagt nær 1 330 doktorgradar i Noreg, noko som er dobbelt så mange som i 2001. Kvinnedelen blant doktorandane i 2011 var på 46 pst., det same som året før. Det har vore ein vekst i avlagde doktorgradar innanfor alle fagområde. Medisin og helsefag har hatt den klart sterkaste veksten – både absolutt og i prosent. I 2001 hadde 19 pst. av dei som avla doktorgrad, utanlandsk statsborgarskap. I 2011 var denne delen auka til 33 pst. Ei evaluering som skulle vurdere kvalitet, effektivitet og relevans i doktorgradsutdanninga, vart lagd fram i juni 2012. Konklusjonen i evalueringa er at doktorgradsutdanninga i Noreg fungerer godt og rangerer høgt, også om ein samanlikner med utdanningar i andre land. Evalueringa er gjennomført av NIFU. Ordninga med nærings-ph.d. i regi av Forskningsrådet skal styrkje FoU-aktiviteten i næringslivet. Ved utgangen av 2011 var det 115 prosjekt med


nærings-ph.d. i næringslivet, ei dobling samanlikna med 2010. Forskningsrådet finansierer om lag halvparten av postdoktorstipenda og ein firedel av doktorgradsstipenda i Noreg. I tillegg er det øyremerkte stillingar finansierte av Kunnskapsdepartementet, stillingar oppretta av universitet og høgskolar, helseføretak og forskingsinstitutt og stipendiatar finansierte av andre kjelder, til dømes næringslivet.

Noreg har eit omfattande system for å sikre god forskningsetisk praksis. Forskingutførande institusjonar har ansvaret innanfor sine forskingsmiljø. Dei forskningsetiske komiteane og Nasjonalt utval for gransking av reielegheit i forskning er fagleg uavhengige organ for forskningsetiske spørsmål og gransking innanfor alle fagområde. Komiteane har mellom anna i oppgåve å skape debatt om forskning og forskningsetikk, metodar og bruk av resultat. Dei utarbeider både generelle og fagspesifikke retningslinjer for god forskningsetisk praksis. Forskningsinstitusjonane har ansvaret for at slike retningslinjer blir følgde opp av tilsette og studentar, og skal ha system for å handtere moglege forskningsetiske konfliktar og tvilsspørsmål. Arbeidet for god etisk standard i norsk forskning er ein viktig del av eit velfungerande forskningssystem. Sjå òg omtale under Strategiar og tiltak og kap. 284.

Mål: Høg kvalitet i forskinga

Norsk forskning skal ha høg kvalitet. Forskningskvalitet kan handle om vitenskaplege publiseringar og siteringar, men for å skape kvalitet i forskinga treng ein òg moderne forskingsinfrastruktur, langsiktige og stabile økonomiske rammer, forskarrekuttering og god kopling mellom utdanning og forskning. Deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid og i internasjonale forskingsprogram som til dømes EUs sjuande rammeprogram, er viktig både for å auke kvaliteten i norsk forskning og for å kunne samanlikne norsk forskning med forskinga i andre land.

Å måle kvalitet i forskinga kan vere krevjande. Vitenskapleg publisering vurdert av fagfellar er ei viktig form for kvalitetssikring av forskinga. Tala frå Forskningsbarometeret 2012 viser at forskarar i Noreg publiserer stadig meir. Veksten i publiseringar, målt som talet på artiklar per 1 000 innbyggjar, har vore på 65 pst. i perioden 2001–10. Dette er ein større vekst enn dei landa vi samanliknar oss med i Forskningsbarometeret (Danmark, Sverige, Nederland, Finland og Austerrike). Men sjølv om veksten har vore stor, ligg Noreg framleis bak Sverige og Danmark.



Figur 4.8 Tal på artiklar per 1 000 innbyggjarar

Kjelde: National Science Indicators og Thomson Reuters tilrettelagde av NIFU

Siteringar kan seie noko om gjennomslagskrafta, og dermed kvaliteten, til forskinga. Talet på siteringar av norske artiklar ligg over verdssnittet, men vi ligg framleis langt bak dei landa som skårar best, til dømes Danmark. I eit lengre tidsperspektiv har det vore ei positiv utvikling, men det har vore ein svakt fallande trend etter 2005.

Bibliometriske indikatorar er aleine ikkje nok til å seie noko om kvaliteten på norsk forskning. Noregs forskingsråd har i oppgåve å gjennomføre systematiske og jamlege evalueringar av norsk forskning på fag- eller institusjonsnivå. I 2011 vart det gjennomført evalueringar av norsk geografiforskning, grunnleggjande forskning i geofaga og forskning på biologi, medisin og helsefag. Gjennomgåande viser resultatane frå evalueringane at kvaliteten på forskinga er god, og at fleire forskar-grupper og -miljø held høg internasjonal standard. Samstundes viser evalueringane at det er potensial for forbedring. Evalueringa av biologi, medisin og helsefag viser mellom anna at det er mange små forskingsfelt, og at forskingsaktiviteten er lite konsentrert. Ei utfordring framover blir derfor å stimulere til meir samarbeid og arbeidsdeling på tvers av institusjonar. Samstundes bør norske forskarar stimulerast til å søkje meir internasjonal finansiering. Våren 2012 vart det òg lagd fram ei internasjonal evaluering av norsk klimaforskning og norsk IKT-forskning. Evalueringa av klimaforskninga viste at Noreg har særskilte gode klimaforskings-

miljø, men at den faglege breidda samstundes bør bli større, og at den samfunnsvitenskaplege klimaforskninga bør styrkjast. Evalueringa av IKT-forskninga konkluderer med at norsk IKT-forskning held eit høgt nivå sett i lys av ressursinnsatsen, og at fleire norske miljø har potensial til å bli internasjonalt leiande innanfor sitt felt. Resultata frå dei ein-skilde evalueringane er å finne på nettsidene til Forskringsrådet.

Forskringsrådet har fleire verkemiddel som har som hovudmål å fremme kvalitet i forskinga. Dei viktigaste verkemidla er *Fri prosjektstøtte (FRIPRO)* og ordningane *Senter for framifrå forskning (SFF)* og *Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI)*. *FRIPRO* er eit av dei største verkemidla under Forskringsrådet og utgjer 25 pst. av midlane Forskringsrådet får tildelt frå Kunnskapsdepartementet i 2012. *FRIPRO* har vorte evaluert i 2011–12. Konklusjonen er at *FRIPRO* er eit godt verkemiddel for å fremme forskning av høg vitenskapleg kvalitet. Ordninga har ein positiv innverknad på rekruttering, karriereutvikling, internasjonalt samarbeid og kjønnsbalanse i forskinga. Evalueringa tilrår likevel at Forskringsrådet ser på korleis ordninga i større grad kan støtte opp om innovativ og banebrytande forskning. Forskringsrådet vil følge opp evalueringa i 2012 og 2013.

I statsbudsjettet for 2012 foreslo regjeringa å auke løyvinga til *FRIPRO* med 100 mill. kroner. Løyvinga skulle mellom anna støtte opp under

regjeringas prioritering av bioteknologi og av faga matematikk, naturfag og teknologi (MNT). Universiteta hadde, før budsjettet vart lagt fram, lovt å omdisponere midlar til ordninga innanfor sine egne budsjetttrammer med ein tilsvarande sum som satsinga frå regjeringa, det såkalla «Fellesløftet». Til saman gav dette dermed ei styrking av ordninga på 200 mill. kroner. Allereie i 2012 sørgde Fellesløftet for at innvilgingsprosenten for *FRIPRO* steig frå sju til 16 pst., og at 90 prosjekt med høgste vurderingskarakter 6 eller 7 som før lyftet ikkje ville fått støtte, vart realiserte. I tillegg har 13 søkjarar til *Det europeiske forskingsrådet* (ERC), som vart vurderte som kvalifiserte til å få Starting Grant, men der ERC-budsjettet ikkje strekte til, fått midlar frå *FRIPRO* i 2012.

ERC er eit verkemiddel i EUs sjuande ramme-program for forskning som liknar fri prosjektstøtte i det at programmet er retta mot grunnforskning og finansierer prosjekt berre på grunnlag av kvalitet, og ikkje tema eller relevans. Norske resultat i ERC kan såleis også seie noko om kvaliteten i norsk forskning i konkurranse med dei andre europeiske landa. I 2011 kom det inn 230 søknader med norsk deltaking til ERC, der 24 vart innstilte til finansiering. Dette gir ein suksessrate på 10,4 pst., mot eit snitt for alle deltakerlanda i ERC på om lag 14 pst. Om ein ser på tildelingar i euro per innbyggjar per mars 2012, kjem Noreg lågt ut og ligg klart sist av Austerrike, Danmark, Finland, Nederland og Sverige. Utviklinga er likevel positiv, og Noreg har auka suksessraten samanlikna med i 2010.

Eit viktig tiltak for å sikre kvalitet i forskinga er satsing på forskingsinfrastruktur. Gjennom den nasjonale satsinga på infrastruktur er det så langt gitt 1 mrd. kroner til investeringar i forskingsinfrastruktur, fordelt på 40 prosjekt. Frå 2011 har det vore øymerkt 280 mill. kroner til satsinga over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Den nasjonale strategien for forskingsinfrastruktur og det norske vegkartet for forskingsinfrastruktur er viktige grunnlagsdokument for Forskringsrådets koordinering av satsinga.

For ein nærmare omtale av kvalitet i høgere utdanning, sjå programkategori 07.60.

Mål: Internasjonalisering av forskinga


Internasjonalt forskingssamarbeid gir norske forskingsmiljø tilgang til den internasjonale forskingsfronten. Dette er avgjerande for å sikre høg kvalitet på den nasjonale forskinga, og for at vi skal kunne ta i bruk kunnskap frå utlandet og slik utvikle velferds-samfunnet og auke verdiskapinga i Noreg. Forskringsrådet vedtok ein ny strategi for internasjonalt

samarbeid i 2010. Målet med strategien er at internasjonalisering skal vere ein integrert del av alle satsingane, til dømes skal alle programma ha ein plan for internasjonalt samarbeid på programnivå.

Norsk forskning har vorte meir internasjonal. Dette er ikkje særskilt for Noreg, men ein del av ein internasjonal trend. Medan delen norske artikkelar med internasjonalt samforfatterskap låg på 23 pst. i midten av 1980-åra, var delen heile 57 pst. i 2010. Noreg skil seg ikkje frå andre land det er naturleg å samanlikne oss med – både i Sverige, Danmark, Finland, Austerrike og Nederland er delen av internasjonale sampubliseringar over 50 pst. Norske forskarar samarbeider særleg med forskarar i USA, Storbritannia, Sverige og Tyskland.

Deltakinga i EUs sjuande ramme-program for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar er viktig for auka internasjonalisering av norsk forskning. Programmet starta i 2007, og 2013 er siste året i programperioden. Ramme-programmet har ei totalramme i heile programperioden på 50,5 mrd. euro. Dette utgjer om lag fem pst. av den samla forskingsproduksjonen i Europa. Det meste av forskinga i Europa blir altså framleis finansiert av nasjonale forskingsmidlar.

Av dei midlane som har vorte konkurranseutsette i det sjuande ramme-programmet fram til og med første halvår 2012, står kontraktar med norsk deltaking for 1,78 pst. Noregs bidrag til ramme-programmet i form av kontingentinnbetalingar er høgere. Noregs kontingent for deltaking i ramme-programmet blir bestemd på bakgrunn av størrelsen på Noregs BNP i høve til samla BNP i EU-landa og Noreg. Kor mykje Noreg skal betale i kontingent, er altså avhengig av den økonomiske utviklinga i Europa og Noreg. Sidan starten på EUs sjuande ramme-program har Noregs del av den samla kontingenten auka frå 2,15 pst. til 2,68 pst. Sjølv om 2013 er det siste året med utlysingar i denne programperioden, vil utbetalingane til prosjekt som allereie har fått tilsegn, halde fram i fleire år. Med tanke på den økonomiske utviklinga i Europa er det grunn til å tru at Noreg vil betale ein enda større del av programkostnadene i dei neste åra. Det vil vere krevjande for Noreg å få tilbake like mykje i rein økonomisk retur som det vi betaler inn i kontingent. Kor stor utteljing forskarar frå Noreg har i ramme-programmet, er avhengig av kapasiteten i det norske forskingssystemet. Figuren under viser at om ein ser på utteljing frå ramme-programmet per forskarårsverk, hentar forskarar frå Noreg meir støtte frå ramme-programmet enn forskarar frå sterke forskingsnasjonar som Danmark og Finland. Forskarar i Noreg gjer det med andre ord bra.



Figur 4.9 Tildelt støtte til forskarar frå utvalde land i prosjekt frå EUs sjuande rammeprogram i perioden 2007–11 per forskarårsverk. Euro

Kjelde: OECD

Alle dei ulike programma i EUs sjuande ramme-program fell innanfor eit av dei prioriterte områda i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*. Noreg gjer det best innanfor miljøforskning med høgst retur per innbyggjar av alle desse landa. Noreg gjer det òg bra på energiområdet – her er det berre Danmark som har høgare retur per innbyggjar enn Noreg. Helse og IKT er dei områda der Noreg har lågast retur per innbyggjar samanlikna med dei andre landa.

Deltakinga i EUs rammeprogram er viktig ut over den direkte økonomiske returen. Deltaking i rammeprogrammet gir mellom anna tilgang til viktige forskingsnettverk. For næringslivet er deltaking for eksempel viktig for å etablere kontakt med verksemder i andre land, og for å få tilgang til nye marknader.

Gjennom utviklinga av Det europeiske forskingsområdet (ERA) ønskjer ein fri flyt av forskning mellom landa i Europa, slik at samordninga i bruken av nasjonale midlar blir betre. Forskingsinfrastruktur er eit av dei områda der det per i dag er sett i gang aktivitetar under ERA. Det europeiske strategiforumet for forskingsinfrastruktur (ESFRI) har laga eit europeisk vegkart med stor skala forskingsinfrastruktur av felleseuropeisk verdi. Noreg deltek i, eller har interesse i, totalt 24 forskingsinfrastrukturar på vegkartet. Tre av prosjekta er under norsk leing: *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS)*, *European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory*

Infrastructure (ECCSEL) og *Council of European Social Science Data Archives (CESSDA)*.

Utvikling av felles forskingsprogram for å møte dei store samfunnsutfordringane, såkalla Joint Programming Initiatives, er ein viktig del av utviklinga av Det europeiske forskingsområdet. Noreg deltek i utviklinga av alle dei ti initiativa som er etablerte. Eit av initiativa, *Healthy and Productive Seas and Oceans (JPI Oceans)*, kjem frå Noreg.

Det er stadig fleire utanlandske forskarar som arbeider ved norske institusjonar og verksemder. Forskingsinstitutta er viktige for internasjonaliseringa av forskingssektoren. Dei er gode når det gjeld å få støtte frå EUs sjuande rammeprogram, og dei har ein høg del tilsette forskarar frå utlandet. Det er potensial for å auke deltakinga til institutta i EUs rammeprogram ytterlegare. Noregs forskingsråd vart derfor tildelt 26 mill. kroner over kap. 285 post 52 i 2012 for å etablere eit nytt stimuleringsverkemiddel, STIM EU, der målet er å auke deltakinga frå forskingsinstitutta i i rammeprogrammet. Verkemiddelet gir støtte til forskingsinstitutt som har fått tilsegn frå rammeprogrammet, og premierer prosjekt der institutta samarbeider med norske bedrifter.

Når det gjeld talet på doktorgradar, er delen med utanlandsk statsborgarskap stadig aukande, særleg innanfor teknologifaga. Medan delen utanlandske statsborgarar var 19 pst. i 2001, var han auka til 33 pst. i 2011. Innanfor teknologiområdet

var delen på heile 63 pst. i 2011. Det har frå enkelte hald vore uttrykt bekymring for at denne utviklinga er negativ for norsk forskarutdanning. Undersøkingar tyder på at det auka innslaget av utanlandske statsborgarar i hovudsak er positivt for både fagmiljøa og den norske arbeidsmarknaden. Evalueringa av doktorgradsutdanninga som NIFU la fram i 2012, peiker likevel på at universiteta og høgskolane må leggje til rette for at forskarar frå utlandet lærer norsk og blir integrerte i det norske samfunnet for at dei skal bli verande.

Nordiske institusjonar og forskarar har lang erfaring i å samarbeide. I Nordisk Ministerråd er det større merksemd på å styrkje Norden som plattform for internasjonalt forskingssamarbeid. Det blir òg lagt stadig meir vekt på å kople saman utdanning, forskning og innovasjon. Det nordiske toppforskningsinitiativet innanfor klima, energi og miljø er døme på ei større satsing på forskning og innovasjon som dei nordiske landa samarbeider om, og der det finst potensial for eit breiare internasjonalt samarbeid. Noreg har hatt leiarskapen i Nordisk Ministerråd i 2012, og har mellom anna arbeidd for å få fram fellesnordiske initiativ for betre samspel mellom utdanning, forskning og innovasjon på områda grøn vekst og helse og velferd.

Det bilaterale forskingssamarbeidet gir rom for målretta innsats innanfor prioriterte område og overfor einskilde land. Samarbeidet med prioriterte land er ført vidare. I hovudsak er det internasjonale arbeidet integrert i dei faglege og tematiske satsingane hos institusjonane og hos Forskningsrådet. På nokre område har det likevel vore nødvendig med samarbeidsprogram spesifikt retta mot enkeltland, som Kina-, India- og Sør-Afrika-programmet. Desse programma har sikra ønskt kraft i samarbeidet i ein innleiande fase.

Nord-Amerika er den viktigaste samarbeidsregionen for norsk forskning etter Europa. Sampublisering med forskarar i USA og Canada meir enn dobla seg i perioden 2003–10, og utgjør om lag ein tredel av dei artiklane forskarar i Noreg publiserer i samarbeid med andre land. USA er framleis det viktigaste samarbeidslandet for norsk forskning, både samla og for nesten alle fag og tema. India, Kina og Brasil blir likevel stadig viktigare forskings- og kunnskapsnasjonar, og det er ei stigande norsk interesse for samarbeid med desse landa.

Mål: Effektiv utnytting av resultat og ressursar

Ressursane som blir tilførte norsk forskning, skal utnyttast så effektivt som mogleg. Likeins skal resultatata frå forskinga komme anna forskning og

samfunnet til gode gjennom god utdanning, betre forvaltning, betre tenester og verdiskaping. I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* vart merksemda i forskingspolitikken i større grad retta mot ei brei forståing av kva som er samfunnsnyten av forskinga. Meldinga sette mål om at forskingspolitikken skal bidra til at vi kan møte globale utfordringar, sikre god helse og sikre eit kunnskapsbasert næringsliv i heile landet. Ei slik brei forståing av forskinga vil òg bli utvikla vidare i den kommande stortingsmeldinga om forskingspolitikken som regjeringa vil leggje fram i 2013.

Kunnskapsdepartementet vil arbeide vidare med å gjere samanhengen mellom innsats og resultat meir synleg. Regjeringa sette ned eit utval som skulle sjå på god måloppnåing i offentleg finansierte forskning (Fagerbergutvalet). Utvalet leverte innstillinga si 2. mai 2011. Utgreiinga er eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet med den kommande forskingsmeldinga. I utgreiinga blir det foreslått å opprette eit forskingsbarometer med indikatorar som viser samanhengen mellom mål, ressursar og resultat i norsk forskning. Kunnskapsdepartementet meiner det for tida ikkje er aktuelt med nye system for å synleggjere samanhengen mellom resultat og ressursar. Departementet vil følgje opp utgreiinga gjennom å utvikle vidare den årlege tilstandsrapporten om universiteta og høgskolane og gjennom det årlege forskingsbarometeret til Kunnskapsdepartementet.

Den nasjonale satsinga på forskingsinfrastruktur er eit viktig verkemiddel for å styrkje kvaliteten på forskinga. Satsinga skal òg auke effektiviteten i norsk forskning gjennom å sikre arbeidsdeling og tilgang til infrastrukturar nasjonalt og internasjonalt. Eit døme på sistnemnde er *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS)* og *European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure (ECCSEL)* ved NTNU. Desse to prosjekta er inkluderte i vegkartet til Det europeiske strategiforumet for forskingsinfrastruktur (*ESFRI*) og blir finansierte og følgde opp gjennom den nasjonale infrastruktur-satsinga.

Effektiv utnytting av ressursane handlar òg om å utnytte dei menneskelege ressursane best mogleg. Departementet held fram med arbeidet med å fremme likestilling mellom kvinner og menn på alle stillingsnivå og fagområde innanfor forskingssektoren. Den største utfordringa er at kvinner er underrepresenterte på dei høgste stillingsnivåa på så godt som alle fagområde. *Policy for likestilling og kjønnsperspektiver i forskning (2007–2012)* er grunnlaget for Forskningsrådets arbeid med likestilling i forskning. I 2011 var det 28 pst. kvinnelege

prosjektleiarar i Forskingsrådet, noko som er det same som året før. Blant forskarrekruttane har delen kvinner auka i dei siste åra. Sjå òg omtale under kap. 8 i del III av proposisjonen.

Strategiar og tiltak

Ei brei satsing på klimaforskning

Klimaendringane er omfattande og skjer raskt. Det er nødvendig med ei brei satsing på klimaforskning og mekanismar for effektivt å ta i bruk ny kunnskap og innsikt. Regjeringa foreslår ei satsing på 47 mill. kroner til klimaforskning i statsbudsjettet for 2013, jf. omtale i kap. 5 i del III av proposisjonen. Satsinga byggjer på tilrådingane i Klima21-strategien og den internasjonale evalueringa av norsk klimaforskning som vart lagd fram våren 2012. 25 mill. kroner av dette vil bli tildelt Noregs forskingsråd over budsjettet til Kunnskapsdepartementet til klimaforskning med særleg vekt på samfunnsvitskapleg og humanistisk klimaforskning og grunnleggjande forskning knytt til klimasystemet og klimaendringane i Arktis. Som ein del av satsinga, foreslår regjeringa å auke tildelinga til Senter for klimadynamikk (SKD) ved Bjerknessenteret med 5 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dette er eit internasjonalt leiande klimaforskningsmiljø ved Universitetet i Bergen og med Havforskningsinstituttet, Nansensenteret og Uni Research som jamstilte partnerar. Sjå òg omtale under kap. 260 post 50.

Europeisk forskingssamarbeid

St.meld. nr. 30 (2008–2009) peikte ut internasjonalisering som eitt av dei fire tverrgåande måla. Det europeiske samarbeidet er ein hovudarena for internasjonalt samarbeid og ein hovudprioritet for norsk forskning. Noreg har med stort utbytte delteke i EUs rammeprogram for forskning sidan 1994. Deltakinga er viktig for å auke kvaliteten i norsk forskning. Forskingssamarbeidet gjennom rammeprogramma har vorte stadig meir omfattande. 2013 er det siste programåret for det sjuande rammeprogrammet, og EU har foreslått ein auke i utbetalingsbudsjettet for programmet på 28 pst. Noregs kontingent til rammeprogramma er i 2013 berekna til å bli om lag 1,7 mrd. kroner. Dette er ein auke på 318 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2012. EUs rammeprogram er òg omtalt under kap. 288 post 73 og under tilstandsvurderinga til målet *Internasjonalisering av forskinga* i kategoriinnleiinga.

Horisont 2020 er EUs neste rammeprogram for forskning og innovasjon, og vil vare frå 2014 til

2020. Horisont 2020 skil seg frå tidlegare rammeprogram ved at det inkluderer både forskning og innovasjon, sjølv om forskning vil stå for den største delen. Programmet skal leggje vekt på store samfunnsutfordringar, globalt leiande næringsliv og framifrå forskning. Europakommisjonen har foreslått eit samla budsjett for heile perioden på om lag 88 mrd. euro i løpande prisar. Forslaget frå Kommisjonen er no til politisk handsaming i EU. Kunnskapsdepartementet vil komme tilbake til Stortinget med omtale av Horisont 2020 i den varsla stortingsmeldinga om forskingspolitikken. Eit eventuelt forslag frå regjeringa om at Noreg skal delta i Horisont 2020, vil bli lagt fram som ei eiga sak for Stortinget.

Nye Senter for framifrå forskning

Ordninga med *Senter for framifrå forskning* (SFF) har til formål å leggje til rette for at forskingsinstitusjonane kan utvikle forskningsmiljø i verdensklasse, og ordninga skal slik bidra til måla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) om auka kvalitet i norsk forskning. Styrkt forskarrekruttering og styrkt internasjonalt samarbeid er ein viktig del av dette. I tillegg verkar ordninga strukturerande ved at ho legg til rette for auka samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i forskingssektoren. I 2011 hadde ordninga eit budsjett på om lag 250 mill. kroner, og sidan 2008 har 21 senter fordelt på åtte vertsinstitusjonar vore i full drift. Sentra varer i inntil ti år, og dei første sentra, som hadde oppstart i 2003, er no i ferd med å bli avslutta. Midlane frå den første runden er derfor lyste ut på nytt, og til den første fristen mottok Forskingsrådet 139 søknader. Alle søknadene vart vurderte av internasjonale fagpanel, og til slutt vart 29 av søkjarane inviterte til å levere ein fullstendig søknad. I november 2012 vil det bli klart kven av dei 29 som får status som SFF i 2013. For å sikre gode rammevilkår for sentra som blir tildelt midlar frå 2013, foreslår Kunnskapsdepartementet ei styrking av ordninga med 35 mill. kroner innanfor tildelinga til Forskingsrådet.

Kavli Institute for System Neuroscience

Kavli Institute for Systems Neuroscience (KISN) ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim er eit av dei mest framifrå forskningsmiljøa i Noreg. For å sikre dette unike forskningsmiljøet stabile rammevilkår, foreslår Kunnskapsdepartementet 12,5 mill. kroner til senteret.

Meir forskning på helse- og velferdstenestene

Det er behov for å styrkje forskinga for helse- og velferdstenestene og samtidig bidra til å auke forskingsforankringa i fagmiljøa som gir helse- og sosialfagleg utdanning. I 2012 vart Forskingsrådets program for praksisretta FoU i helse- og velferdstenestene etablert. Programmet er ei oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke tildelinga til programmet med 7 mill. kroner innanfor tildelinga til Forskingsrådet. Sjå òg kap. 5 i del III av proposisjonen.

Kjønnsbalanse i forskinga

Sjølv om kvinner innanfor dei fleste fagområde gjennomfører doktorgradsutdanning i like stor grad som menn, går utviklinga når det gjeld kjønnsbalanse på toppnivå svært langsamt. BALANSE er ei satsing for å fremme kjønnsbalansen i faglege toppstillingar og i forskingsleing. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke tildelinga til BALANSE med 7 mill. kroner innanfor tildelinga til Forskingsrådet.

Forskningsbarometeret – med trykk på norsk forskning

Det er krevjande å finne indikatorar som gir eit fullstendig bilete av korleis det står til med forskinga i Noreg. I 2011 lanserte Kunnskapsdepartementet for første gong Forskningsbarometeret – eit årleg barometer med 24 indikatorar for norsk forskning og innovasjon. Forskningsbarometeret 2012 utvikla desse indikatorane vidare og presenterte også ein eigen spesialdel om instituttsektoren. Kunnskapsdepartementet har planar om å leggje fram eit nytt forskningsbarometer i løpet av våren 2013.

Intensjonen bak Fondet for forskning og nyskaping blir ført vidare

Fondet for forskning og nyskaping vart avvikla i statsbudsjettet for 2012, jf. Innst. 12 S (2011–2012) og Prop. 1 S (2011–2012) for Kunnskapsdepartementet. Avkastninga frå fondet vart ført vidare som ordinære løyvingar over statsbudsjettet. Intensjonen til Stortinget då Forskingsfondet vart oppretta, var å sikre stabil og føreseieleg finansiering av forskingsverksemd, jf. Innst. S nr. 236 (1998–1999). Avkastninga av kapitalen på fondet var basert på renta på statsobligasjonar med tiårig løpetid. Bakgrunnen for avviklinga av fondet, var

at det lave rentenivået ville gi vesentleg lågare avkastning i dei kommande åra. Etter at fondet vart avvikla har rentenivået fortsett å falle, noko som understrekar kor viktig avviklinga var for stabile forskingsløyvingar, mellom anna til Forskingsrådet.

Koordinering av forskingspolitikken

Kunnskapsdepartementet har eit overordna ansvar for å koordinere forskingspolitikken til regjeringa. Dette inneber mellom anna koordinering av budsjettprosessane på forskingsområdet og koordinering av forskningssamarbeidet med EU. Avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping har vore viktig for å koordinere forskningstiltak på tvers av departementa. I samband med avviklinga av Fondet for forskning og nyskaping i statsbudsjettet for 2012 vart avkastninga ført vidare over kap. 285 post 53 Overordna forskingspolitiske prioriteringar og kap. 285 post 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse. Desse postane, saman med arbeidet med ei ny forskingsmelding og oppfølginga av evalueringa av Forskingsrådet, vil vere viktige verkemiddel framover for koordinering av forskingspolitikken. Koordineringa av forskingspolitikken skjer òg gjennom arbeidet med strategiar på ulike tverrgående forskingsområde, til dømes arbeidet med strategiane til regjeringa om bioteknologi, nanoteknologi og IKT. Riksrevisjonen gjennomfører no ein forvaltningsrevisjon av den overordna koordineringa av forskingspolitikken som Kunnskapsdepartementet har ansvaret for.

Oppfølging av evalueringa av Noregs forskingsråd

Ei evaluering av Noregs forskingsråd, gjennomført av Technopolis, vart lagd fram i september 2012. Den overordna konklusjonen i evalueringa er at Forskingsrådet fungerer godt. Aktørane i det norske forskings- og innovasjonssystemet er òg i stor grad nøgde med innsatsen til Forskingsrådet. I evalueringa blir det peikt på at programma og aktivitetane i Forskingsrådet er strukturerande i det norske forskings- og innovasjonssystemet og bidreg til fornying, auka kvalitet og redusert fragmentering. Forskingsrådet er ein sentral aktør når dei nasjonale forskingspolitiske prioriteringane skal realiserast, og Forskingsrådet har gjort ein stor innsats for å stimulere til norsk deltaking i europeisk forskningssamarbeid. Samla viser evalueringa at Forskingsrådet har stor betydning for og effekt på det norske FoU-systemet. Evalueringa

viser òg at Forskringsrådet har etablert effektive og gode prosedyrar for søknadshandsaming.

Ein viktig del av evalueringa har vore å peike på moglege forbetringar. Evalueringa legg vekt på at kvaliteten på norsk forskning er høg, men at han ikkje er høg nok. Forskringsrådet bør derfor leggje enda sterkare vekt på kvalitet framover. Arbeidet med evalueringar i Forskringsrådet bør systematiserast og leggje større vekt på effektane av innsatsen. Vidare peiker evalueringa på at det felles mål- og resultatstyringssystemet som er etablert for Forskringsrådet, bør hevast til eit høgere nivå av målstyring og redusere omfanget av aktivitetsstyring.

Evalueringa inneheld mange tilrådingar som dels rettar seg mot departementa og dels mot Forskringsrådet. Regjeringa vil følgje opp resultatane og tilrådingane i evalueringa mellom anna gjennom den kommande forskingsmeldinga.

Evaluering av finansieringssystemet for forskingsinstitutta

Den noverande ordninga for statleg basisløyving til forskingsinstitutta kom i stand i 2009, jf. Budsjettinnst.S. nr. 12 (2008–2009) og St.prp nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. Det vart da varsla at ordninga ville bli evaluert etter tre år. Damvad Norge har no gjennomført ei evaluering på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Sjølv om det er krevjande å måle og isolere effekten av det nye systemet etter berre tre år, syner evalueringa at endringa har vore eit viktig steg for å styrkje instituttsektoren som leverandør av relevant forskning av høg kvalitet. Evalueringa viser òg at det er stor tilslutning til tankane bak systemet, og at ingen ønskjer seg tilbake til den tidlegare ordninga. Samtidig viser evalueringa at systemet er komplekst, og at ei forenkling kan bidra til betre måloppnåing. Kunnskapsdepartementet vil komme tilbake til oppfølging i samband med den varsla stortingsmeldinga om forskingspolitikken i 2013.

Det er òg to andre utgreiingar om instituttsektoren under arbeid. Den eine handlar om samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon i instituttsektoren og mellom instituttsektoren og universitet og høgskolar. Den andre utgreiinga tar for seg korleis anvend oppdragsforskning er organisert i ulike land. Til saman vil evalueringa og utgreiingane bidra til å gi regjeringa eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare utforming av instituttpolitikken.

Styrking av Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

Dei nasjonale forskningsetiske komiteane og Nasjonalt utval for gransking av reielegheit i forskning utgjer, saman med det felles sekretariatet, forvaltningsorganet Dei nasjonale forskningsetiske komiteane. Dei har fått større arbeidsmengd, mellom anna gjennom overføring av oppgåver frå dei sju regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK). Departementet foreslår derfor ei monaleg styrking av området, og vidare at det blir tilsett ein direktør for sekretariatet. Sjå omtale under kap. 284 post 01.

Akademisk fridom for tilsette ved institusjonar utanfor universitets- og høgskolesektoren

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 171, 16. februar 2010 i samband med handsaminga av Innst. 135 S (2009–2010), jf. Dokument 8:7 S (2009–2010):

«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag som på egnet måte tydeliggjør den akademiske frihet for forskere ved institusjonar som ikkje omfattes av universitets- og høyskoleloven.»

Kunnskapsdepartementet har følgd opp oppmodingsvedtaket om å tydeleggjere den akademiske fridommen ved institusjonar utanfor universitets- og høgskolesektoren på fleire måtar.

For det første har Noregs forskingsråd på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet vurdert om Forskringsrådets vilkår for tilskott til forskingsprosjekt kan nyttast til å klargjere den akademiske fridommen for forskarar ved institusjonar som ikkje er omfatta av universitets- og høyskolelova. To ulike forslag til reviderte tilskottsvilkår har vore ute til høring hos organisasjonar, store bedrifter og instituttsamanslutningar. Forskringsrådet tilrår på grunnlag av høringa at det ikkje blir fastsett nye generelle vilkår. Det er svært vanskeleg å finne ei formulering som er meningsberande og utvitydig, som høver for alle ulike prosjekt og for alle typar prosjektdeltakarar, og som kan handhevast. I forskingsprosjekta som får støtte frå Forskringsrådet, er tema, metode og datagrunnlag i stor mon alt konkretisert. Noverande standardvilkår tek vare på omsynet til offentleggjering av forskingsresultata på ein tilfredsstillande måte. Forskringsrådet viser til at det vil vere meir målretta å tydeleggjere den akademiske fridommen konkret der det er størst behov, og da særleg hos forsk-

ingsinstitutt og ved oppdragsforskning. Generelle formuleringar i vilkåra til Forskringsrådet vil kunne verke negativt på samarbeidet med næringslivet. Departementet har slutta seg til denne vurderinga.

Departementet har vidare revidert standardavtalen for forskings- og utgreiingsoppdrag. Avtalen var ferdig i februar 2012, og har fått ei sterkare understreking av den akademiske fridommen for forskarar. Avtalen gir eit solid rammeverk for å sikre at oppdragsforskningsavtalar byggjer på anerkjende vitenskaplege og etiske prinsipp, og at resultatane blir gjorde offentleg tilgjen-

gelege – til felles nytte. Han er til bruk for alle som ønskjer uavhengig oppdragsforskning med høg legitimitet, og departementet legg stor vekt på at det offentlege alltid skal vurdere å bruke denne avtalen når ein inngår avtalar om forskings- og utgreiingsarbeid.

Finansieringssystemet for instituttsektoren er evaluert. I samband med oppfølginga av evalueringa vil departementet vurdere om ei tydeleggjering av retten til akademisk friedom for tilsette ved forskingsinstitutta bør takast inn i retningslinjene for ordninga.

Kap. 283 Meteorologiformål

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2011	Saldert budsjett 2012	
50	Meteorologisk institutt	261 912	270 030	280 801
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	25 682	57 579	55 662
	Sum kap. 283	287 594	327 609	336 463

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt er den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål i Noreg. Oppgåvene til Meteorologisk institutt er mellom anna å varsle vêret, studere klimaet, drive forskings- og utviklingsarbeid og formidle resultatane av arbeidet. Varsling av ekstreme vêrtilhøve og dermed sikring av liv og verdier har aller høgste prioritet. Meteorologisk institutt har òg andre viktige beredskapsoppgåver, mellom anna varsling ved atomulykker som gir utslepp til luft eller hav. Meteorologisk institutt har såleis ein samfunnskritisk funksjon.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingssentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. I tillegg er observasjonsstasjonar spreidde over heile landet og i Arktis. Instituttet har folk i arbeid på Jan Mayen, Bjørnøya, Hopen og Svalbard. Den aukande aktiviteten i nordområda krev gode vêrmeldingar. Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen, og sikrar i så måte norsk nærvær.

Mål for 2013

Meteorologisk institutt skal:

- auke kvaliteten på varsla for vêr, hav og miljø
- utvikle vidare observasjonssystemet sitt for vêrvarslings- og klimaformål
- utføre forskning av høg kvalitet for å betre den offentlege meteorologiske tenesta
- betre kunnskapen om klimaet i Noreg no, og om klimautviklinga i fortid og framtid
- vere påliteleg, tilgjengeleg og relevant i all kommunikasjon

Rapport for 2011

Måla for 2011 vart i hovudsak nådde, og departementet er nøgd med måloppnåinga til Meteorologisk institutt.

Instituttet kan dokumentere stabil kvalitet for modellberekna trykk- og temperaturvarsel.

Kvaliteten på varslinga for vind og døgnedbør over Noreg viste nedgang i 2011. Til samanlikning viser grovare berekningar frå den globale ECMWF-modellen også lågare kvalitet for vind og nedbør over Noreg i 2011, medan kvaliteten globalt viste jamn betring. Dette viser at vêåret 2011 har vore spesielt uroleg over Noreg med mange vanskelege vêrsituasjonar.

I 2011 starta Meteorologisk institutt eit prosjektsamarbeid med Sveriges meteorologiska och hydrologiska institut (SMHI). Målet er å få felles

produksjon av best moglege vêrvarsel for felles område frå og med våren 2014.

Meteorologisk institutt har arbeidd målretta og systematisk med å forbetre kriseplanverket, organiseringa av beredskapsarbeidet og beredskapsrutinene. Instituttet har òg lagt ned mykje arbeid i samband med informasjonstryggleik, mellom anna fysisk trygging av IKT-systema.

Instituttet arbeider målretta med å sikre stabil drift av IT-systema. Dette har gitt god regularitet i modellkjøringane og terminane i 2011, og sikra med det produksjonen av vêrvarsel. For å sikre at det framleis er god regularitet på dette området, har Meteorologisk institutt mellom anna teke i bruk det nye datasenteret i nybygget Tallhall og fornya lagringsanlegget for operasjonelle data. Begge desse tiltaka gir auka kapasitet og sikrar høg regularitet i varselproduksjonen.

Instituttet har ført vidare arbeidet for å levere kostnadseffektive flyvêrtenester. Det nordiske kvalitetssystemet for vurdering av flyvêrvarsel gir dei norske flyvêrvarsla ein skår på 9,6 av 10 oppnåelege poeng i systemet.

Observasjonsinnsamlinga fyller i hovudsak dei måla som er sette for instituttet. Problemstasjonar er identifiserte og under oppfølging i 2012. Vêrardarnettet vart bygt ut, og stasjonsnettet blir modernisert i planlagd takt. Ny radar i Aust-Finnmark på Varangerhalvøya skal etter planen setjast i drift i løpet av hausten 2012.

Meteorologisk institutt har utført forskning av høg kvalitet som har betra den meteorologiske tenesta. Den grunnlagsorienterte forskinga ved Meteorologisk institutt vart i 2011 evaluert i Forskningsrådets Geofagevaluering med eit svært godt resultat.

Meteorologisk institutt spelte ei sentral nasjonal rolle i samband med den kjernefysiske ulykka ved Fukushima i Japan og vulkanutbrotet frå Grimsvotn i 2011. I begge situasjonane sette instituttet i verk operativ varsling av spreining av radioaktivt nedfall og vulkansk oske i løpet av kort tid. Resultata av begge episodane vart publiserte på nettsida til instituttet. Prognosane fekk brei publisering og vart nytta av publikum i både inn- og utland.

Vêrportalen yr.no sørgjer for spreining av vêrvarsel til allmenta, og er instituttets hovudkanal ut til folket. Yr.no hadde på det meste meir enn 3,7 millioner unike brukarar i løpet av ei veke i 2011. I tillegg kjem brukarar av ulike yr-applikasjonar.

Meteorologisk institutt vart for sjetten året på rad kåra til den statsetaten som har best omdømme i Noreg.

Budsjettforslag for 2013

For at Meteorologisk institutt skal kunne starte bygginga av ein ny vêrradar på Helgelandskysten i Nordland, foreslår departementet å løyve 12,5 mill. kroner til formålet. Kostnaden ved å byggje vêrradaren er om lag 25 mill. kroner og vil bli finansiert over to år. Når radaren på Helgelandskysten kjem i drift, vil heile den norske kysten vere dekt av vêrardarnettet. Vêrradaren på Helgelandskysten vil medverke til betre varsling av farleg vêr, som til dømes sterke polare lågtrykk, intense byer og flom. Betre vêrvarsling i området vil medverke til å betre tryggleiken for ferdsel til havs, både for fiskefartøy og for den aukande skipstrafikken langs kysten av Nord-Noreg. Radaren vil òg medverke til betre varsling av flyvêret i området, og dermed til betre flytryggleik.

Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Mål for 2013

Målet med ordninga er å medverke til at Meteorologisk institutt kan ta del i internasjonale meteorologiske organisasjonar og prosjekt, og på den måten utvikle og forbetre dei meteorologiske tenestene i Noreg. Mellom anna skjer det mykje internasjonal utveksling av data, kunnskap og metodar. Løyvinga på posten går i hovudsak til å innfri dei forpliktingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar:

- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)
- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). Eventuelle overskott av kontingentinnbetalningar til EUMETSAT blir overførte til fondet Working Capital Fund (WCF)
- Det europeiske senteret for mellomlange vêrvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET, ECOMET, EuroGOOS, IUGG og HIRLAM)

Rapport for 2011

Alle organisasjonane som Noreg gir tilskott til under denne posten, har utført verksemda si innanfor formålet sitt. Det meteorologiske samarbeidet i EUMETSAT, ECMWF og EUMETNET er prega av finanskrisa. Noreg har innfridd alle betalingspliktene sine i 2011. Dei andre medlemslanda har stort sett greidd å overhalde betalingspliktene

sine, men med enkelte forseinkingar. Organisasjonane arbeider aktivt for å spare inn på pågåande eller planlagde aktivitetar. På grunn av den vanskelege økonomiske situasjonen for fleire av medlemslanda er det derfor vanskeleg å starte nye samarbeidsaktivitetar innanfor desse organisasjonane.

EUMETSAT opererte i 2011 tre geostasjonære meteorologiske satellittar og ein polarbanesatellitt. Data frå desse satellittane blir brukte i dei numeriske prognosemodellane slik at kvaliteten på varsla for vår blir betre. ECMWF kan vise til ein klar auke i prognosekvaliteten på grunn av data frå desse satellittane.

Ved ECMWF heldt den jamne framgangen i prognosekvaliteten fram gjennom heile 2011. EUMETNET driv felles program innanfor det europeiske meteorologiske observasjonssystemet, særleg med sikte på å dekkje geografiske område som elles ville hatt svært få observasjonar, og på å ta i bruk moderne metodar for observasjon. I tillegg er det samarbeid innanfor numeriske varsel for vår og varsling av ekstremvår. ECOMET sørger for at observasjonane og dei numeriske prognosane frå dei nasjonale meteorologiske institutta i Europa er tilgjengelege for pri-

vate kommersielle aktørar, og for at den kommersielle aktiviteten i dei nasjonale meteorologiske institutta tilfredsstiller konkurranselovgevinga.

WMO sørger for global utveksling av meteorologiske observasjonar i nær sann tid mellom dei 190 medlemslanda sine. Vitskaplege nyvinningar innanfor varsling av vår blir òg i stor grad gjorde tilgjengelege for alle verdas meteorologiske institutt gjennom WMO. Planlegginga av ei betre global klimateneste har halde fram i 2011 og skal etter planen vedtakast av ein meteorologisk verdskongress i oktober 2012.

Budsjettforslag for 2013

Mesteparten av utgiftene på posten er knytte til den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). På grunn av finanskrisa i Europa er delar av programma under EUMETSAT for 2013 endra eller utsette. Departementet foreslår derfor ein mindre nedgang i løyvinga for 2013.

I budsjetteringa av posten er det teke omsyn til at Noregs del av Working Capital Fund skal vere om lag 5 mill. kroner.

Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komitéane

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter			16 300
	Sum kap. 284			16 300

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Dei nasjonale forskingsetiske komitéane, og dekkjer arbeidet i Nasjonal forskingsetisk komité for medisin og helsefag, Nasjonal forskingsetisk komité for samfunnsvitenskap og humaniora, Nasjonal forskingsetisk komité for naturvitenskap og teknologi, Nasjonalt utval for gransking av reielegheit i forskning (Granskingsutvalet) og det felles sekretariatet.

Departementet foreslår at sekretariatet organisatorisk blir flytt frå Noregs forskingsråd, og at Dei nasjonale forskingsetiske komiteane blir eit ordinært forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet frå 1. januar 2013.

Mål for 2013

Dei nasjonale forskingsetiske komiteane skal bidra til at forskning i offentleg og privat regi skjer i samsvar med anerkjende etiske normer. Oppgåvene er fastsette i forskingsetikklova, som også slår fast at dei er fagleg uavhengige statlege organ. Sekretariatet skal leggje til rette for at komiteane kan gjennomføre oppgåvene sine innanfor god ressursbruk og med høg kvalitet.

Budsjettforslag for 2013

Dei nasjonale forskingsetiske komiteane har fått større arbeidsmengd, mellom anna gjennom overføring av oppgåver frå dei sju regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk

(REK). Departementet foreslår derfor ei monaleg styrking av dette området, og vidare at det blir tilsett ein direktør for sekretariatet. Departementet

foreslår ei samla løyving på 16,3 mill. kroner i 2013.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
52	Forskningsformål	1 181 930	1 274 025	1 311 868
53	Overordna forskingspolitiske prioriteringar		867 573	897 203
54	Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse		280 000	289 240
55	Administrasjon	258 492	266 505	275 300
	Sum kap. 285	1 440 422	2 688 103	2 773 611

Forskningsrådet skal gjennom ulike verkemiddel sikre forskning av høg kvalitet og relevans. Forskningsrådet har ei sentral rolle som forskingspolitisk rådgivar og har òg ein viktig møteplassfunksjon. Noregs forskingsråd er det viktigaste verkemiddelet regjeringa har for å sikre gjennomføringa av forskingspolitikken.

Ei av dei viktigaste oppgåvene for Forskningsrådet er å sikre kvalitet og relevans i den forskinga som blir utført, gjennom å nytte nasjonal konkurranse i fordelinga av forskingsmidlar. Kvaliteten blir sikra ved at søknadene blir vurderte av internasjonale fagfellar. Berre dei prosjekta som får best vurdering, blir tildelte støtte. Forskningsrådet har vidare ei viktig rolle i å sjå ulike forskingsområde i samanheng, mellom anna ved å knyte saman anvend forsking og grunnforskning.

Forskningsrådet vart i 2011 tildelt 7,1 mrd. kroner over budsjetta til 16 departement. Ei oversikt over tildelingane til Forskningsrådet frå andre departement er presentert i del III, kap. 5. I tillegg tildeler Kunnskapsdepartementet midlar til basisfinansiering til forskingsinstitutta over kap. 287 post 57, og til forskingsprogrammet om forskning og innovasjon over kap. 287 post 21. Løyvingane til utdanningsforskning over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er omtalte under kap. 226 post 21, kap. 231 postane 21 og 51 og kap. 258 post 21. Særskilde satsingar retta mot universitets- og høgskolesektoren er omtalte under kap. 281 post 50.

Mål for 2013

Dei forskingspolitiske måla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, jf. Innst. S. nr. 354 (2008–2009), ligg til grunn for prioriteringane til regjeringa på forskingsområdet. For å medverke til ei koordinert styring av verksemda til Forskningsrådet er det utvikla eit felles mål- og resultatstyringssystem for tildelingane til Forskningsrådet frå departementa. Det overordna målet for Noregs forskingsråd er å medverke til at Noreg utviklar seg som kunnskapssamfunn, at Noreg skal vere blant dei fremste når det gjeld å utvikle, dele og ta i bruk ny kunnskap, og at forskinga skal skaffe kunnskap som kan medverke til auka verdiskaping og velferd, svare på samfunnsutfordringane og utvide grensene for erkjenninga. Med utgangspunkt i dette overordna målet er det sett tre hovudmål:

- Auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet.
- God ressursutnytting og formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskningssystemet.
- Resultata av forskinga blir tekne i bruk i næringsliv, samfunnsliv og forvaltning i heile landet.

Løyvinga til Noregs forskingsråd over kap. 285 blir gitt over fire postar som synleggjer politiske prioriteringar. Kap. 285 post 52 skal særleg finansiere tiltak som fremmer kvalitet uavhengig av fagområde, og særskilt følgje opp det ansvaret som Kunnskapsdepartementet har for finansier-

ing av grunnforskning. Løyvinga over kap. 285 post 53 finansierer overordna forskingspolitiske prioriteringar på tvers av sektorar, og løyvinga over kap. 285 post 54 finansierer forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse. Delar av administrasjonen av Noregs forskingsråd blir finansierte over ein eigen post, kap. 285 post 55.

Rapport for 2011

Mål for tilskotta til Noregs forskingsråd

Dei tre hovudmåla som er nemnde ovanfor, gjaldt òg for tildelinga til Noregs forskingsråd i 2011. Løyvinga vart i 2011 gitt over kap. 285 og kap. 286. Denne oppdelinga vart endra frå 2012, da avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping vart gjort om til ordinære løyvingar over statsbudsjettet. Løyvinga over kap. 286 post 50 vart ført vidare over kap. 285 postane 53 og 54.

Overordna vurdering av måloppnåinga


Tildelingane til Noregs forskingsråd frå Kunnskapsdepartementet skal gjere Forskingsrådet i stand til å setje i verk tiltak for å nå dei forskingspolitiske måla i St.meld. nr. 30 (2008–2009). Eit viktig grunnlag for å vurdere graden av måloppnåing er evalueringar. I 2011 vart det gjennomført fleire fagevalueringar, og det har òg vore gjennomført evalueringar av einskilde program. Ein hovudkonklusjon frå desse evalueringane er at kvaliteten på dei fagfelte og programma som er evaluerte, er god, og at Forskingsrådet spelar ei viktig koordinerande rolle. Ei ekstern evaluering av Forskingsrådet vart lagd fram i september 2012. Ei orientering om dei viktigaste funna blir gitt i kap. 5 i del III av proposisjonen.

Måloppnåing kan òg sjåast i lys av ressursinnsatsen knytt til dei einskilde måla. Forskingsrådet klassifiserer bruken av midlane dei blir tildelte, etter måla i mål- og resultatstyringssystemet. Det vil ofte vere eit overlapp mellom måla, og det er ikkje uproblematisk å knytte kvar krone til eit bestemt mål. Klassifiseringa til Forskingsrådet viser likevel at det meste av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet er knytt til målet om auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet.

Noregs forskingsråd har ei rekkje verkemiddel til rådvelde. Innrettinga og dimensjoneringa av dei ulike verkemidla er avgjerande for å nå dei forskingspolitiske måla. Figuren nedanfor viser

korleis løyvingane over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er fordelte på ulike verkemiddel. Det største verkemiddelet som blir finansierte av løyvinga over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, er *Fri prosjektstøtte (FRIPRO)*. I 2011 utgjorde *FRIPRO* 19 pst. av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet. I 2012 var denne delen auka til om lag ein firedel. Løyvinga over kap. 285 er etter det særleg retta mot senteratsingane, forskingsinfrastruktur og verkemiddelet *Store program*. Figuren viser samanhengen mellom korleis løyvingane over budsjettet til Kunnskapsdepartementet blir nytta, og det særskilde ansvaret departementet har for den grunnleggjande forskinga og tiltak som går på tvers av sektorar.

Internasjonalisering skal vere ein regulær og innarbeidd del av verksemda til Forskingsrådet. Målet er konkrete mål og planar for internasjonalt samarbeid gjennom alle satsingane til Forskingsrådet. Det blir òg lagt vekt på internasjonalt samarbeid og mobilitet i handsaminga av søknadene. Tala frå Forskingsrådet stadfestar at det har vore ein auke i internasjonaliseringssinnsatsen innanfor program og satsingar som ikkje er målretta mot internasjonalisering. På dei fleste områda er det likevel potensial for å auke internasjonaliseringssinnsatsen.



Figur 4.10 Fordeling av midlane Noregs Forskingsråd blir tildelte frå Kunnskapsdepartementet, etter verkemiddel (2011)

¹ I kategorien «Anna» ligg mellom anna nettverkstiltak, internasjonalt prosjektstøtte, formidlingsaktivitetar mv.

Vurdering av korleis løyvingane over kap. 285 bidreg til å nå måla til Forskringsrådet

Fri prosjektstøtte

Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er ein open, nasjonal konkurransearena der søknadene blir vurderte ut frå vitenskapleg kvalitet. Formålet med *FRIPRO* er å få fram forskning av høg vitenskapleg kvalitet uavhengig av fagområde og disiplin. Verkemiddelet støttar såleis hovudsakleg opp under mål 1: Auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet.

Ordninga finansierer forskarprosjekt, postdoktorstipend, utanlandsopphald og arrangement og er i heilskap finansiert over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. I 2011 vart tildelinga til ordninga styrkt med 60 mill. kroner, og *FRIPRO* utgjorde 19 pst. av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet til Forskringsrådet. Det vart fordelt 520 mill. kroner til 117 ulike prosjekt for perioden 2011–14 etter utlysinga i 2010; dette tilsvarer åtte pst. av søknadene. Ved tildelinga praktiserer Forskringsrådet moderat kjønnskvoltering for søknadene om personlege postdoktorstipend og prosjektleiarar for forskingsprosjekta. I tillegg har 13 søkjarar til Det europeiske forskingsrådet (ERC), som vart vurderte som kvalifiserte til å få Starting Grant, men der ERC-budsjettet ikkje strekte til, fått midlar frå *FRIPRO* i 2012.

Forskringsrådet har i 2011 sett i gang fleire tiltak for å forbetre og effektivisere *FRIPRO*, mellom anna færre og større fagpanel og ei klarare rolledeling mellom panel, administrasjon og fagkomitear. I 2011 vart det òg sett i verk ei evaluering av *FRIPRO*. Evalueringa vart ferdig i april 2012, og hovudkonklusjonen er at *FRIPRO* er eit godt verkemiddel for å fremme forskning av høg vitenskapleg kvalitet. Ordninga har ein positiv innverknad på rekruttering, karriereutvikling, internasjonalt samarbeid og kjønnsbalanse i forskinga. Evalueringa tilrår likevel at Forskringsrådet ser på korleis ordninga i større grad kan støtte opp om innovativ og banebrytande forskning. Forskringsrådet vil følgje opp evalueringa i 2012.

Store program

Store program er eit viktig verkemiddel for å gjennomføre nasjonale forskingspolitiske prioriteringar. Det er sju store program som skal bygge langsiktig kunnskap for å stimulere til innovasjon og auka verdiskaping, eller medverke til å løyse prioriterte samfunnsutfordringar. Gjennom fagleg tyngd og samspel mellom ulike fag og aktørar i forskningssystemet er dette verkemiddelet retta

mot målet om auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning. Verkemiddelet skal òg ha ei sterk internasjonal orientering. I tillegg til *Fri prosjektstøtte* kjem det største bidraget til vitenskaplege publikasjonar frå *Store program*. Innanfor *Store program* er det òg registrert ei rekkje innovasjonsresultat i form av nye produkt, tenester, patentar og lisensar. *Store program* utgjorde om lag 14 pst. av den totale tildelinga frå Kunnskapsdepartementet til Forskringsrådet i 2011. Om lag 20 pst. av verkemiddelet *Store program* vart i 2011 finansiert av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping, og om lag åtte pst. vart finansiert over kap. 285 post 52. Resten av verkemiddelet vart finansiert over budsjetta til andre departement. Alle dei sju programma innanfor *Store program* vart delfinansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

Om lag 45 pst. av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet til *Store program* i 2011 er knytt til programmet *Funksjonell genomforskning (FUGE)*. Dette programmet har vore Forskringsrådets store satsing innanfor bioteknologi. Programmet har hatt ei ramme på 1,6 mrd. kroner over ti år, og 2011 var det siste året i programperioden. Bakgrunnen for etableringa av *FUGE* var ei målsetjing om å lyfte norsk bioteknologisk forskning. Mellom anna skulle nivået på grunnforskningsdisiplinane førast opp til internasjonal standard, og Noreg skulle vere verdsleiande på utvalde strategisk viktige område. Ei evaluering av programmet vart lagd fram i 2011, og hovudkonklusjonen er at *FUGE* har vore ein suksess. Programmet har nådd dei overordna måla om å bygge forskingskompetanse innanfor bioteknologi, og har hatt avgjerande betydning for å lyfte fagfeltet når det gjeld kvalitet og produktivitet. Mellom anna er ein høg del av publikasjonane frå *FUGE*-prosjektet publiserte i førande internasjonale vitenskaplege tidsskrift. Satsinga på bioteknologisk forskning vil bli ført vidare innanfor verkemiddelet *Store program* gjennom det nye programmet *BIOTEK2021* og andre av verkemidla til Forskringsrådet. *BIOTEK2021* vil ha meir merksemd på innovasjon og næringsutvikling enn det *FUGE* hadde. Programmet vil følgje opp den nasjonale strategien for bioteknologi som vart lagd fram i 2011.

NANOMAT har vore Forskringsrådets store program innanfor nanoteknologi og nye materialar. Programmet har hatt ei ramme på 700 mill. kroner i perioden 2002–11, og målet har vore å styrkje norsk nano- og materialteknologisk forskning til eit internasjonalt nivå på utvalde område. Om lag 17 pst. av tildelinga til *Store program* i 2011 over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er

knytt til dette programmet. Ei evaluering av programmet vart lagd fram i 2011, og hovudkonklusjonen er at *NANOMAT* har vore ein suksess. Evalueringa peiker likevel på at det er eit potensial for å oppnå større effektar av programmet gjennom planlegging og styring, og at programmet ikkje fullt ut har utnytta dei moglegheitene som ligg i det å vere ein del av verkemiddelet *Store program*. Evalueringa viser òg til at dei offentlege investeringane i nanoteknologi fram til no kunne ha skapt større næringsmessig verdi. Satsinga på forskning på nanoteknologi vil bli ført vidare innanfor det nye programmet *NANO2021*. Regjeringa la fram ein FoU-strategi om nanoteknologi i juni 2012, jf. omtale i kap. 5 i del III av proposisjonen.

Løyvinga over budsjettet til Kunnskapsdepartementet til *Store program* finansierte i 2011 òg forskning på klimaendringar og konsekvensane desse har for Noreg, gjennom programmet *NORKLIMA*, forskning på framtidens reine energisystem gjennom programmet *RENERGI* og IKT-forskning gjennom programmet *VERDIKT*. 51 mill. kroner av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping delfinansierte det store programmet *PETROMAKS*. Programmet skal gjennom styrkt kunnskapsutvikling, næringsutvikling og internasjonal konkurransekraft bidra til at petroleumsressursane gir auka verdi for samfunnet. Fondsavkastninga finansierte òg forskning på berekraftig vekst i norsk havbruk gjennom det store programmet *HAVBRUK*.

Grunnforskningsprogram

Innsatsen til Forskringsrådet på dei ulike grunnforskningsprogramma skal byggje opp forskingsmiljø og sikre grunnleggjande kunnskap på område som kan bli viktige i framtida. Grunnforskningsprogramma blir òg sette i gang for å styrkje svake fagområde og byggje opp kunnskap for å løyse kjende utfordringar.

Av den samla porteføljen til Forskringsrådet gjekk i 2011 om lag 2,7 mrd. kroner til grunnforskning, der grunnforskningsprogramma står for 6,5 pst. Det meste av grunnforskningsinnsatsen skjer gjennom verkemiddel som *Store program*, *FRIPRO* og senteratsingane. Forskringsrådet hadde i 2011 til saman 14 grunnforskningsprogram med ein samla portefølje på 174 mill. kroner, der delen til Kunnskapsdepartementet var på 118 mill. kroner.

Matematikk og naturvitskap er det fagområdet som er best representert i grunnforskningsprogramma, med ein del på 45 pst., følgt av humaniora med 18 pst. Det er særleg universiteta og høg-

skolane som hentar ut midlar frå grunnforskningsprogramma – 80 pst. av prosjektmidlane går til universitets- og høgskolesektoren.

Gåveforsterkingsordninga

Forskringsrådet har i 2011 utbetalt totalt 148,6 mill. kroner i gåveforsterking. Gåveforsterkingsordninga vart avvikla frå og med 2012. I 2011 hadde ordninga ei ramme på 60 mill. kroner. Forskringsrådet mottok langt fleire søknader enn venta på slutten av 2011. På grunn av lågt forbruk i ordninga i tidlegare år har det vorte ført over midlar frå gåveforsterking til forskingsinfrastruktur. I 2011 vart delar av desse midlane førte tilbake til gåveforsterkingsordninga for å kunne finansiere dei søknadene som var kvalifiserte for støtte i 2011.

Handlingsretta program

Dei handlingsretta programma skal gi betre kunnskapsgrunnlag for politiske vedtak og for planlegging på forskjellige forvaltningsnivå. Kunnskapsdepartementet finansierer ei rekkje handlingsretta program saman med fleire andre departement. Departementets del av den samla finansieringa varierer frå program til program. Dei største handlingsretta programma som blir finansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, er forskingsprogramma om biobankar og helsedata, polarforskning og årsaker til sjukefråvær. Tildelinga frå Kunnskapsdepartementet skal i særleg grad sikre rekruttering, internasjonalt samarbeid og bidra til grunnforskning innanfor dei handlingsretta programma.

Både polarprogrammet og programmet *Humane biobankar og helsedata* er nettopp starta opp, og det er derfor få resultat foreløpig. Programmet om årsaker til sjukefråvær har fått revurdert programplan frå 2011, og første utlysing av midlar var hausten 2011.

Brukarstyrte innovasjonsprogram

Brukarstyrte innovasjonsprogram er retta direkte mot verksemder som vil utvikle si eiga bedrift eller næring, og der brukarane er i førarsetet. Programma blir delfinansierte av næringslivet.

Det er ei utfordring å utvikle eit meir kunnskapsbasert næringsliv. Dei offentlege midlane gjennom Noregs forskingsråd som er retta mot næringslivet, skal bidra til at næringslivet styrkjer sin eigen forskingsinnsats og i større grad kan dra

nytte av den store mengda forskingsbasert kunnskap som blir utvikla globalt.

Kunnskapsdepartementet delfinansierer nokre av dei brukarstyrte programma. I 2011 finansierte løyvinga over budsjettet til Kunnskapsdepartementet 55 mill. kroner til dei brukarstyrte programma *Gassmaks*, *Brukarstyrt innovasjonsarena* og *Matprogrammet*. Om lag 70 pst. av tildelinga til verkemiddelet blir finansierte over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Sentersatsingane

Ordninga med *Senter for framifrå forskning* (SFF) er eit av dei viktigaste verkemidla Forskingsrådet har for å fremme kvalitet i norsk forskning. Ordninga skal leggje til rette for at forskingsinstitusjonane kan utvikle forskingsmiljø i verdsklasse. Styrkt forskarrekuttering og auka internasjonalt samarbeid er ein viktig del av dette. Ordninga med *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI) har til formål å stimulere innovasjonsevna og internasjonaliseringa i norsk næringsliv ved å sikre langsiktig kompetanseoppbygging gjennom samarbeid mellom toppforskingmiljø og næringslivet. Ordninga skal òg bidra til å fremme kvalitet og effektivitet i offentleg sektor. Begge senterordningane støttar hovudsakleg opp under mål 1: Auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet, men er òg relevante for målet om effektiv utnytting av ressursar og resultat.

I 2011 hadde SFF-ordninga eit budsjett på om lag 250 mill. kroner. Heile ordninga vart finansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Frå 2008 har 21 senter fordelte på åtte vertsinstitusjonar vore i full drift. Fem av sentra er innanfor humaniora og samfunnsvitenskap, seks er innanfor biovitenskapane, og ti innanfor naturvitenskap og teknologi. Samla hadde sentra eit budsjett på om lag 1 mrd. kroner. I tillegg til støtte gjennom SFF-ordninga får sentra støtte frå vertsinstitusjonane, gjennom programsatsingane til Forskingsrådet og frå andre kjelder.

I 2011 gjennomførte Forskingsrådet ei midtvegsevaluering av dei åtte sentra som starta opp i 2007. Evalueringa vart utført av ein internasjonal evalueringskomité, og formålet var å vurdere vitenskapleg kvalitet og oppnådde forskingsresultat i høve til dei opphavlege planane for sentra. I likskap med den midtvegsevalueringa som vart gjennomført av dei første sentra i 2006, fekk også desse sentra gjennomgåande svært positive vurderingar. På bakgrunn av evalueringa vedtok Forskingsrådet å forlengje SFF-statusen til alle sentra for ein ny periode på fem år.

St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* stadfesta at SFF-ordninga skal førast vidare. I 2011 lyste derfor Forskingsrådet ut ein tredje runde i ordninga: SFF-III. Om lag 30 søknader vart inviterte til andre trinn i søknadshandsaminga. Kven som får status som SFF frå 2013, vil bli avgjort i november 2012.

Dei første 14 *Sentra for forskingsdriven innovasjon* (SFI) kom i drift i 2007. I St.meld. nr. 30 (2008–2009) slo regjeringa fast at ho ville vurdere ei ny utlysingsrunde for ordninga. I 2011 vart det derfor etablert sju nye SFI-senter. Dei 21 sentra spenner vidt, frå nye material og petroleumsteknologi til medisin. I 2011 kom òg det første samfunnsvitenskaplege senteret til, innanfor tenesteinnovasjon. Ordninga er i hovudsak finansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet og hadde i 2011 eit samla budsjett på om lag 185 mill. kroner.

I 2010 gjennomførte Forskingsrådet ei midtvegsevaluering av dei første 14 sentra. Evalueringa gav ordninga ei svært positiv samla vurdering. Resultata av evalueringa er i 2011 nytta til å følgje opp dei 14 sentra som vart evaluerte, og i etableringa av dei nye sentra.

Tildelinga frå Kunnskapsdepartementet til Forskingsrådet var òg med på å finansiere ordninga med *Forskingscenter for miljøvennleg energi* (FME) med 5 mill. kroner i 2011, av eit totalbudsjett for ordninga på 150 mill. kroner. FME-ordninga har til formål å etablere senter som gjennom langsiktig forskingsinnsats på høgt internasjonalt nivå skal bidra til å løyse utfordringar på energi- og miljøområdet. Frå 2008 har det vore åtte FME-ar, og frå 2011 fekk enda tre forskingsmiljø status som FME. Desse tre skal ha ei samfunnsvitenskapleg tilnærming til dei energi- og klimapolitiske utfordringane og skal mellom anna studere tilhøvet mellom teknologi og samfunn.

Nasjonal satsing på infrastruktur

Nasjonal satsing på infrastruktur vart etablert som ei satsing i 2009. Heile satsinga er finansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. I 2011 hadde satsinga eit budsjett på 280 mill. kroner, ei dobling frå 140 mill. kroner i 2010. Nasjonale investeringar i forskingsinfrastruktur og norsk deltaking i internasjonalt samarbeid om forskingsinfrastruktur skal styrkje kvalitet og bygge opp under dei nasjonale forskingspolitiske prioriteringane. Satsinga skal òg bidra til å auke effektivitet i norsk forskning gjennom å sikre arbeidsdeling og tilgang til infrastruktur nasjonalt og internasjonalt. Eit døme på sistnemnde er den norske deltakinga i 24 ulike prosjekt i regi av *Det europeiske*

strategiforumet for forskingsinfrastruktur (ESFRI). Disse prosjekta er førte opp på det europeiske vegkartet for forskingsinfrastruktur av paneuropeisk verdi. Tre av prosjekta er under norsk leiding: *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS)*, *European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure (ECCSEL)* ved NTNU og *Council of European Social Science Data Archives (CESSDA)*.

Investeringane inkluderer vidareutvikling og samordning av nasjonale databasar og e-infrastruktur. Forskingsinfrastrukturen skal vere tilgjengeleg for relevante forskingsmiljø og næringer. Satsinga støttar såleis hovudsakleg opp under mål 1: Auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet, men er også relevant for mål 2: God ressursutnytting og formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskningssystemet.

Forskringsrådet har i perioden 2009–11 tildelt til saman om lag 1 mrd. kroner til 40 nasjonale infrastrukturar. Tildelingane i 2011 gjekk til sju nye prosjekt innanfor avansert vitenskapleg utstyr og elleve nye storskala infrastrukturar.

I 2011 har Forskringsrådet oppdatert den nasjonale strategien for forskingsinfrastruktur og *Norsk vegkart for forskingsinfrastruktur*. Vegkartet gjer store og nasjonalt viktige forskingsinfrastrukturar synlege og skal vere ein rettleiar for framtidige investeringar. Søknadene til den første utlysinga i satsinga var på i alt 6,7 mrd. kroner. Mange av søknadene var innanfor prioriterte, nasjonale område og fekk svært gode faglege vurderingar. Så mange prosjekt som budsjettet tillét, vart innvilga, mens dei øvrige prosjekta som kvalitativt vart vurderte som investeringsklare og av nasjonal tyding, vart inkluderte i vegkartet. Dei trong ikkje søkje om igjen i den andre utlysinga i 2010. Der kom det inn søknader om ytterlegare 4 mrd. kroner.

Post 52 Forskingsformål

Om ordninga

Det er utarbeidd felles mål for alle løyvingane til Noregs forskingsråd, jf. kapittelomtalen til kap. 285. Disse måla gjeld òg for alle postane under dette kapitlet. Oppdelinga av løyvinga til Forskringsrådet på ulike postar er uttrykk for prioriteringane til departementet innanfor dei overordna måla. Kunnskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for grunnforskning. Løyvinga over kap. 285 post 52 skal i hovudsak finansierte grunnforskning på alle fagområde. Løyvinga finansierer mellom

anna det meste av verkemiddelet *Fri prosjektstøtte (FRIPRO)*.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei løyving på 1,31 mrd. kroner i 2013. 12,5 mill. kroner av løyvinga er øymerkt Kavli Institute for Systems Neuroscience (KISN) ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i Trondheim. Innanfor løyvinga på posten skal Forskringsrådet òg auke tildelingane til programmet praksisretta FoU i helse- og velferdstenestene med 7 mill. kroner. Programmet er ei oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd* og vil gi meir kunnskap om helse- og velferdstenestene og om utdanningane innanfor feltet.

Departementet foreslår at sekretariatet for Dei nasjonale forskningsetiske komiteane organisatorisk blir flytt frå Noregs forskingsråd og at Dei nasjonale forskningsetiske komiteane blir eit ordinært forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet frå 1. januar 2013. Som ei følgje av flyttinga, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 11,8 mill. kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 284 post 01.

Post 53 Overordna forskingspolitiske prioriteringar

Om ordninga

Det er utarbeidd felles mål for alle løyvingane til Noregs forskingsråd, jf. kapittelomtalen til kap. 285. Disse måla gjeld òg for alle postane under dette kapitlet. Oppdelinga av løyvinga til Forskringsrådet på ulike postar er uttrykk for prioriteringane til departementet innanfor dei overordna måla. Løyvinga over kap. 285 post 53 skal i hovudsak finansierte overordna forskingspolitiske prioriteringar på tvers av sektorar. Saman med løyvinga over kap. 285 post 54 er løyvinga ei vidareføring av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping, som vart avvikla i statsbudsjettet for 2012.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 897,2 mill. kroner i 2013. Regjeringa foreslår ei brei satsing på klimaforskning på til saman 47 mill. kroner over budsjetta til fleire departement. Som ein del av satsinga, foreslår Kunnskapsdepartementet at 25 mill. kroner av løyvinga på posten blir tildelt Forskringsrådet til klimaforskning med særleg vekt på samfunnsvitenskapleg og humanistisk

klimaforskning og grunnleggjande forskning knytt til klimasystemet og klimaendringane i Arktis.

Ordninga med *Senter for framifrå forskning* (SFF) har til formål å leggje til rette for at forskingsinstitusjonane kan utvikle forskingsmiljø i verdsklasse. Ein ny runde med senter vil bli sett i gang frå 2013. For å sikre dei nye sentra gode rammevilkår, foreslår Kunnskapsdepartementet at 35 mill. kroner av løyvinga på posten blir brukt til ei styrking av ordninga.

For å intensivere arbeidet med kjønnsbalanse i faglege toppstillingar i akademia, foreslår departementet at 7 mill. kroner av løyvinga går til ei styrking av satsinga *BALANSE*. Departementet foreslår at 4 mill. kroner av løyvinga blir tildelt eit nytt forskingsprogram om samfunnstryggleik, jf. omtale i kap. 5 i del III av proposisjonen.

Post 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Om ordninga

Det er utarbeidd felles mål for alle løyvingane til Noregs forskingsråd, jf. kapittelomtalen til kap. 285. Desse måla gjeld òg for alle postane under dette kapitlet. Løyvinga over kap. 285 post 54 skal i hovudsak finansiere forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse.

Delar av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping var øyremerkte forskingsinfrastruktur gjennom Forskingsrådet. Løyvinga over kap. 285 post 54 er ei vidareføring av den øyremerkte delen av avkastninga. I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* vart finansieringsansvaret for ulike typar infrastruktur presisert. På bakgrunn av meldinga vart det bestemt at den enkelte forskingsinstitusjonen skal ha ansvaret for investeringane i såkalla basisutstyr, definert som utstyr som det er naturleg at mange institusjonar har, og som har ein investeringskostnad på opptil 2 mill. kroner. Ordninga til Forskingsrådet gjeld forskingsinfrastruktur som er av nasjonal, strategisk interesse, og som har ein investeringskostnad på mellom 2 mill. kroner og 200 mill. kroner. Ansvarsdelinga inneber at Forskingsrådet skal syte for å samordne investeringar i tilfelle der fleire miljø har behov for infrastruktur, men der kostnadene er så høge at det er mest tenleg med samarbeid. Midlane som går via Forskingsrådet, blir tildelte etter konkurranse.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei løyving på 289,2 mill. kroner i 2013.

Post 55 Administrasjon

Kunnskapsdepartementet tildeler midlar til administrasjon av Forskingsrådet over denne løyvinga. I tillegg bidreg FoU-løyvingane til å finansiere administrasjonsutgiftene til Forskingsrådet gjennom refusjonar. Dette gjeld særleg programadministrative kostnader.

Mål for 2013

Målet med løyvinga er at Forskingsrådet skal ha ei god personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane i samsvar med måla for Forskingsrådet.

Rapport for 2011

Løyvingane over posten var på 258,5 mill. kroner i 2011. Dei samla administrasjonskostnadene, inkluderte bruk av FoU-tildelingane frå departementa, var på om lag 422 mill. kroner. Dette var om lag seks pst. av dei samla tildelingane frå departementa til Forskingsrådet, noko som er på same nivå som i dei siste åra. Frå 2010 til 2011 steig dei samla kostnadene til administrasjon med om lag 18,5 mill. kroner.

I 2011 vart Forskingsrådet omorganisert og har no fire fagdivisjonar: Vitenskap, Samfunn og helse, Energi, ressursar og miljø og Innovasjon. Omorganiseringa har vorte godt motteken hos brukarane til Forskingsrådet. Som følge av omorganiseringa har Forskingsrådet sett saman divisjonsstyre som er meir fagleg spissa mot dei overordna prioriteringane i forskingspolitikken.

Det har i dei siste åra vore merksemd kring nivået på den likviditeten Forskingsrådet har i Noregs Bank. Tabell 3.16 i vedlegg 3 viser utviklinga i likviditeten for dei fire siste rekneskapsåra.

Likviditeten består i hovudsak av fire element:

- avsetning av midlar til lovpålagde oppgåver som feriepengar og pensjonar
- avsetning av midlar til forskingsaktivitet som er utført, men som ikkje blir betalt ut før året etter (prosjektgjeld til utførte forskingsprosjekt)
- midlar som er fordelte på forskingsprogram, men ikkje på forskingsprosjekt
- midlar det er skrive kontrakt med forskarar om, men der det av ulike grunnar har oppstått forseinkingar på prosjektnivå (mellom anna ved universiteta og høgskolane) som gjer at utbetalingane frå Forskingsrådet kjem i eit anna tempo enn budsjettert

Merksemda kring overføring av likviditet frå eitt budsjettår til eit anna har vore knytt til dei midlane som er sette av til planlagd forskingsaktivitet. Ved utgangen av 2011 var denne delen av likviditeten om lag 1,5 mrd. kroner. Dette er ein auke frå 1,3 mrd. kroner året før. Overføringane skyldast mellom anna at det tek tid å starte opp nye program, og at det er nødvendig å gjennomføre lov-pålagde planleggings- og innkjøpsprosessar for å kunne investere i utstyr og infrastruktur.

Kunnskapsdepartementet understrekar at det er naturleg at Noregs forskingsråd overfører midlar frå eitt budsjettår til eit anna. Dette ligg i den rolla Forskringsrådet har i forskingssystemet. Den viktigaste oppgåva til rådet er å fordele forskings-

midlar vidare ut i forskingssektoren etter nasjonal konkurranse, og slik sørge for kvalitet og relevans i den forskinga som blir utført. Dette krev god planlegging og strenge krav til kvalitetssikring og oppfølging, noko som igjen krev tid.

Departementet har som mål at likviditeten er på eit akseptabelt nivå, og følgjer utviklinga nøyegjennom innhenting av halvårlege rapportar. Auknen i overføringane blir òg følgd opp gjennom etatsstyringa av Forskringsrådet.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Kap. 286 Forskingsfond

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2011	budsjett 2012	
50	Fondet for forskning og nyskaping, overføring til Noregs forskingsråd	1 208 981		
60	Regionale forskingsfond, tilskott til forskning	219 000	219 000	
95	Fondskapital – Fondet for forskning og nyskaping	3 000 000		
	Sum kap. 286	4 427 981	219 000	

Post 50 Fondet for forskning og nyskaping, overføring til Noregs forskingsråd

Rapport for 2011

Avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping vart gjort om til ordinære løyvingar i statsbudsjettet for 2012. Kunnskapsdepartementet rapporte-

rer samla om tilskotta til Noregs forskingsråd, jf. omtale under kap. 285.

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskott til forskning

Løyvinga er flytt til kap. 287 post 60.

Kap. 3286 Forskingsfond

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2011	budsjett 2012	
85	Avkastning – Fondet for forskning og nyskaping	3 727 368		
86	Avkastning – Regionale forskingsfond	219 064	219 000	
95	Fondskapital		80 000 000	
	Sum kap. 3286	3 946 432	80 219 000	

Post 85 Avkastning – Fondet for forskning og nyskaping

Sjå omtale under kap. 3286 post 95.

Post 86 Avkastning – Regionale forskingsfond

Løyvinga er flytt til kap. 3287 post 87.

Post 95 Fondskapital

Fondet for forskning og nyskaping vart avvikla i statsbudsjettet for 2012, jf. Innst. 12 S (2011–2012) og Prop. 1 S (2011–2012) for Kunnskapsdepartementet. Avviklinga innebar at fondskapitalen på 80 mrd. kroner vart inntektsført på kap. 3286 post 95 i 2012. Fondskapitalen er no ført tilbake til statskassa, og inntektsløyvinga over kap. 3286 post 95 må reduserast med 80 mrd. kroner.

Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>	8 721	13 202	11 114
53	NUPI	4 076	4 203	4 342
56	Ludvig Holbergs forskingspris	9 103	9 100	9 400
57	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	168 858	179 093	185 003
60	Regionale forskingsfond, tilskott til forskning			219 000
71	Tilskott til andre private institusjonar	31 926	32 916	34 752
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	12 406	12 784	13 206
	Sum kap. 287	235 090	251 298	476 817

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 71

Mål for 2013

Målet med løyvinga er å medverke til utvikling av forskingspolitikken.

Rapport 2011

Storparten av løyvinga på denne posten finansierte forskingsprogrammet *Kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken* (FORFI) i Noregs forskingsråd. Programmet vart sett i drift i 2010, og skal gå over fem år med eit totalbudsjett på om lag 50 mill. kroner. I 2011 vart det gjennomført aktivitet for 6,3 mill. kroner innanfor programmet, samtidig som ei større utlysing om resultat og effektar av forskning og innovasjon vart førebudd. Løyvinga har òg vorte nytta til å finansiere evalueringa av Forskingsrådet som vart slutført i september 2012, jf. omtale av evalueringsresultata i kap. 5 i del III av proposisjonen.

Delar av løyvinga er gitt som tilskott til tiltak som skal medverke til utvikling av kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken. Mellom anna er det gitt tilskott til ei engelskspråkleg nyhendeteneste om forskning, Forskningsinstituttens fellesarena (FFA) og matematikkorganisasjonen Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA).

Løyvinga vart òg nytta til å finansiere ulike utgreiingar knytte til forskingspolitikken.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at tilskotta til Forskningsinstituttens fellesarena og CIMPA blir førte vidare i 2013 over kap. 287 post 71. Det er òg eit mindre behov på posten i 2013 som følgje av slutføringa av evalueringa av Noregs forskingsråd. Departementet foreslår ei løyving på 11,1 mill. kroner i 2013.

Post 53 NUPI

Mål for 2013

Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) har til formål å medverke til auka innsikt i mellomfolkelege spørsmål, ved å drive forskning og ved å spreie informasjon om internasjonale forhold. Basisløyvinga til NUPI blir gitt over kap. 287 post 57, medan løyvinga på post 53 blir nytta til å finansiere NUPIs nasjonale informasjonsoppgåver, mellom anna den rolla instituttet har som formidlar til barn og unge i alderen 15–25 år. Målet for denne ordninga er å medverke til at NUPI skal vere eit leiande miljø for presentasjon av og diskusjon om internasjonal politikk, med særleg ansvar for å ta hand om kommunikasjonen med elevar, studentar og offentlegheita.

Rapport for 2011

Departementet er godt nøgd med måloppnåinga til NUPI når det gjeld oppgåvene knytt til informasjon og formidling.

I tråd med målsetjinga for informasjonsarbeidet legg NUPI stor vekt på å vere synleg og å delta i det offentlege ordskiftet. NUPI arrangerte over 100 seminar og konferansar i 2011. Av desse var 45 større konferansar eller seminar på meir enn ein dag eller med over 70 deltakarar. Forskarane ved NUPI har også i 2011 vore mykje nytta som kjelder, kommentatorar og ved å setje dagsordenen i media. Forskarane ved NUPI har publisert 99 kronikkar i aviser eller tidsskrift i 2011. Det er 15 meir enn det som var målet for 2011.

NUPI legg særleg vekt på å spreie informasjon til barn og unge i alderen 15–25 år. Den viktigaste kanalen i dette arbeidet er nettstaden hvorhenderdet.no. Talet på brukarar stig jamt og var på i snitt om lag 14 000 per måned gjennom skoleåret. I samband med hvorhenderdet.no har NUPI oppretta eit virtuelt bibliotek.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2012.

Post 56 Ludvig Holbergs forskingspris

Ludvig Holbergs forskingspris vart oppretta i 2002. Prisen har fram til no vore finansiert av avkastninga frå Ludvig Holbergs minnefond. Fondskapitalen har vore plassert som eit kontolån til staten med ei rente tilsvarande renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid. Rentenivået er

vesentleg lågare i dag enn det var då fondet vart oppretta. For å unngå ein reduksjon i løyvinga, foreslår departementet å leggje ned Ludvig Holbergs minnefond og å finansiere prisen gjennom ei ordinær løyving over statsbudsjettet. Med ei slik løysing vil òg løyvinga over posten blir justert tilsvarande pris- og lønsauke. Formålet med løyvinga blir uendra. For ei nærmare omtale av avvikinga av fondsmekanismen, sjå kap. 3287.

Mål for 2013

Ludvig Holbergs forskingspris er ein internasjonal, vitenskapleg pris innanfor humaniora, samfunnsfag, juss og teologi. Prisen skal auke merksemda kring dei nemnde fagområda og tverrfagleg forskning. Prisen blir tildelt forskarar som på avgjerande måte har påverka internasjonal forskning på sitt område.

Rapport for 2011

I 2011 vart prisen delt ut til professor i historie Jürgen Kocka. Kocka har hatt avgjerande innverknad på sentrale teoretiske og metodologiske spørsmål i historievitenskapen. Han har teke opp spørsmål som omfattar både historiografi og etikk, og som handlar om politisk og kulturell identitet i Tyskland og rolla til landet i Europa både før og etter samlinga.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 300 000 kroner til 9,4 mill. kroner. Auken skriv seg frå at posten har vorte prisjustert sidan han ikkje lenger er finansiert med fondsmidlar, sjå omtale under kap. 3287.

Post 57 Basisløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for basisløyvinga til 26 samfunnsvitenskaplege institutt som er omfatta av ordninga med statleg basisløyving. Noverande ordning for statleg basisløyving til forskingsinstitutta kom i stand i 2009, jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2008–2009) og St.prp nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. Da det nye basisfinansieringssystemet vart innført, la regjeringa opp til at systemet skulle evaluerast etter tre år. Evalueringa av finansieringsordninga vart lagd fram hausten 2012, jf. omtale under Strategiar og tiltak i kategoriinneleiinga.

Mål for 2013

Målet med den statlege basisløyvinga er å sikre ein sterk samfunnsvitskapleg forskingsinstituttsektor som kan tilby næringsliv og offentleg sektor relevant kompetanse og forskingstenester av høg internasjonal kvalitet. Institutta skal nytte basisløyvinga til langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. Løyvinga skal medverke til at forskinga til institutta får høg kvalitet, og til at institutta styrkjer rolla si som leverandør av anvend forsking. Løyvinga skal òg bidra til at institutta styrkjer den internasjonale verksemda si og samarbeider godt med norske universitet og høgsular.

I 2013 vil ti pst. av basisløyvinga til institutta bli omfordelte etter oppnådde resultat på fastlagde indikatorar. Dette er same delen som i 2011 og 2012.

Rapport for 2011

I 2011 vart forskingsinstitutta Frischsenteret for samfunnsøkonomisk forsking, NTNU Samfunnsforskning og Uni Rokkansenteret innlemma i ordninga med statleg basisløyving, jf. Innst. 12 S (2010–2011). I 2011 vart ti pst. av basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta omfordelte mellom institutta etter oppnådde resultat. Den resultatbaserte delen av basisløyvinga premierer kvalitet og relevans i den faglege verksemda til institutta. Omfordelinga i perioden 2009 til 2011 viser at SNF, PRIO, Østlandsforskning og Fafo har hatt sterkast prosentvis nominell vekst. Seks av institutta har fått redusert basisløyvinga.

Tabellen viser basisfinansieringa til dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta som var med i ordninga i 2011, og korleis basisfinansieringa for kvart samfunnsvitskapleg institutt har endra seg frå 2009 til 2011.

Tabell 4.11 Basisfinansieringa av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta

	Basisfinansiering 2011 (i mill. kroner)	Nominell endring 2009–11 (i pst.)
Agderforskning	3,5	1,3
IRIS Samfunns- og næringsutvikling	5,7	9,9
Møreforskning	3,9	7,9
Nordlandsforskning	4,2	4,1
NORUT Alta	2,1	-2,8
NORUT Tromsø, samfunn	2,9	9,5
Telemarksforskning – Bø	3,5	3,4
Telemarksforskning – Notodden	0,7	8,2
Trøndelag Forskning og Utvikling	2,2	9,4
Vestlandsforskning	3,4	11,6
Østfoldforskning	2,8	6,8
Østlandsforskning	3,1	15,5
Arbeidsforskningsinstituttet	6,9	6,9
Chr. Michelsens Institutt	14,1	0,0
Fafo	13,9	15,2
Fridtjof Nansens Institutt	8,4	-4,8
Frischsenteret	0,7	*
Institutt for samfunnsforskning	10,3	-1,8
Nordisk institutt for studier av innovasjon, forsking og utdanning (NIFU)	12,8	-1,3

Tabell 4.11 Basisfinansieringa av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta

	Basisfinansiering 2011 (i mill. kroner)	Nominell endring 2009–11 (i pst.)
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)	25,7	-5,8
NTNU Samfunnsforskning	2,8	*
Norsk utanrikspolitisk institutt	16,0	-5,0
Peace Research Institute Oslo (PRIO)	13,3	16,9
UNI Rokkansenteret	1,5	*
SINTEF Teknologi og samfunn	11,3	14,3
Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)	6,7	18,4

* Frischsenteret, NTNU Samfunnsforskning og UNI Rokkansenteret kom med i ordninga frå 2011

Kjelde: Noregs forskingsråd

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei løyving på 185 mill. kroner i 2013. Det er same nivå som i 2012. I tillegg kjem basisløyvinga til Chr. Michelsens Institutt på om lag 14,9 mill. kroner, som blir gitt over kap. 165 post 70 på budsjettet til Utanriksdepartementet. Kunnskapsdepartementet kan nytte denne løyvinga gjennom ei ordning med årleg belastningsfullmakt.

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskott til forskning

Dei regionale forskingsfonda vart oppretta frå 1. januar 2009 med ein kapital på 6 mrd. kroner. Kapitalen er plassert som kontolån til staten med ei rente som tilsvarende renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid.

Kunnskapsdepartementet har fastsett retningslinjer for regionale forskingsfond. Retningslinjene spesifiserer styringslinjer og aktørar for ordninga, oppgåvene og ansvarsområda deira, mellom anna grunnleggjande krav til administrasjon og styring av midlane i ordninga.

Mål for 2013

Dei regionale forskingsfonda skal styrkje regional forskning og innovasjon. Fonda skal medverke til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø og såleis medverke til auka kvalitet i forskinga. Fonda skal møte FoU-behov i fylka ved å støtte FoU-prosjekt som er initierte av offentlege og private aktørar. På denne

måten blir forskings- og innovasjonspolitikkk forankra i regionale føresetnader og avgjerder.

Rapport for 2011

I 2011 sette Forskringsrådet i gang ei treårig følgjevaluering av ordninga med regionale forskingsfond som kan gi grunnlag for forbetring og vidareutvikling av ordninga. Evalueringa blir utført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU), og ho held fram i 2012 og 2013.

Ein hovudkonklusjon i den første delrapporten frå følgjevalueringa er at ordninga med regionale forskingsfond etter to år har komme godt i gang. Ordninga er godt forankra regionalt og sentralt, og det er utløyst ein omfattande aktivitet. NIFU peiker vidare på at ordninga med regionale forskingsfond har ført til at fylkeskommunane utviklar rolla si som forskingspolitiske aktørar, mellom anna ved at dei har utarbeidd og følgjer opp FoU-strategiane sine. NIFU framhever at det regionale nivået no kan disponere midlar til FoU-aktivitet ut frå behova i regionen, og understrekar at dette medverkar til å utløyse ny FoU-verksemd og til å utvikle og styrkje fagmiljø. Samstundes seier NIFU-rapporten at det enno er for tidleg å kunne seie noko om dei langsiktige effektane av ordninga.

Til saman kom det i 2011 inn 499 søknader til dei sju fondsstyra. 172 av søknadene fekk tildelt midlar. Samla sett for alle regionane er hovuddelen av midlane nytta til forskning på områda mat, helse og formål knytte til offentleg sektor. Om lag 51 pst. av midlane gjekk i 2011 til forskingsinsti-

tutt og universitets- og høyskolesektoren, medan private verksemder mottok nærmare 38 pst. av midlane.

Forskringsrådet fekk tildelt om lag 31,6 mill. kroner over posten i 2011. Midlane er nytta til felles utlysingar mellom fondsregionane.

Forskringsrådet fekk vidare ei tildeling på 8,7 mill. kroner over posten til å dekkje administrative meirutgifter knytte til regionale forskingsfond.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve 219 mill. kroner på denne posten, det er same beløp som i 2012.

Hovuddelen av løyvinga er fordelt direkte til fondsregionane (vertsfylkeskommunane) etter faste kriterium, jf. Prop. 1 S (2010–2011) for Kunnskapsdepartementet. I samsvar med retningslinjene for regionale forskingsfond foreslår departementet å tildele 15 pst. av midlane (31,5 mill. kroner) til å finansiere forskning i dei fondsregionane som har best kvalitet på prosjekta sine, og til samarbeidsprosjekt mellom fondsregionane.

Forskringsrådet har ei viktig rolle i arbeidet med å fremme regional forskning. Departementet foreslår å tildele 8,7 mill. kroner til Forskringsrådet knytte til årlege administrative meirutgifter ved ordninga.

Tabell 4.12 Fordeling av midlane til fondsregionar og Noregs forskingsråd

		(i 1 000 kroner)
Mottakar og formål		Beløp
Fondsregionar:	Vertsfylkeskommune	
– Nord-Noreg	Troms	31 920
– Midt-Noreg	Sør-Trøndelag	24 959
– Innlandet	Hedmark	15 416
– Hovudstaden	Akershus	28 190
– Oslofjordfondet	Vestfold	33 833
– Agder	Aust-Agder	13 685
– Vestlandet	Hordaland	30 752
Noregs forskingsråd for dekning av årlege administrative meirutgifter knytte til ordninga		8 700
Noregs forskingsråd for fordeling til samarbeidsprosjekt i regionane og til fondsregionane som har best kvalitet på prosjekta		31 545
Totalt		219 000

Departementet foreslår at løyvinga over posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3287, post 87, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

ningsinstituttene fellesarena og matematikkorganisasjonen Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA).

Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Tilskott blir gitt til Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi, Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo (DNVA), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Akademi i Trondheim (DKNVS Akademi), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse (DKNVS Stiftelse), Nansenfondet, Det Videnskabelige Forskningsfond av 1919, Egede Instituttet, Institutt for sammenlignende kulturforskning, Forsk-

Mål for 2013

Målet med tilskotta er at tilskottsmottakarane skal halde fram med, eller styrkje, den faglege verksemda og kompetansenivået. Tilskottet til DNVA har òg som mål å medverke til større merksemd på forskning generelt og til auka internasjonalt samarbeid mellom forskarar. DNVA har i tillegg ansvaret for å administrere utdeling av Abelprisen i matematikk og Kavliprisen i dei tre kategoriane astrofysikk, nevrovitenskap og nanovitenskap. Utgifter til Abelprisen blir løyvde over kap. 287 post 73.

Rapport for 2011

Rapporteringa for 2011 viser at alle institusjonane har halde fram med den faglege verksemda. DNVA har medverka til større merksemd på forskning generelt og har arrangert møte om fleire forskingspolitiske tema, mellom anna The Fridtjof Nansen Science Symposium 2011: *Cutting Edge Neuroscience, Oceanography and Polar Research*. DNVA deler ut Abelprisen og Kavliprisen i matematisk-naturvitskaplege fag.

DNVA medverkar òg til auka internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å føre vidare tilskotta til Forskningsinstituttene fellesarena og matematikkorganisasjonen CIMPA, som tidlegare vart gitte over kap. 287 post 21, over kap. 287 post 71. Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 34,8 mill. kroner i 2013.

Institusjon	(i 1 000 kroner)		
	2011	2012	2013
Senter for grunnforskning	17 100	17 630	18 212
Det Norske Videnskabs-Akademi i Oslo	13 516	13 935	14 395
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Akademi i Trondheim	375	386	399
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse	410	425	439
Vitskaplege fond ¹	160	165	170
Egede instituttet	365	375	387
Forskningsinstituttene fellesarena			500
Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA)			250
Sum			34 752

¹ Tilskottet til vitskaplege fond gjeld administrasjon av Nansenfondet, Det vitenskapelige forskningsfond av 1919, samt Institutt for sammenlignende kulturforskning

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Mål for 2013

Niels Henrik Abels matematikkpris er ein internasjonal pris for framifrå forskning innanfor matematikk. Prisen skal medverke til å auke merksemda kring matematikk i samfunnet, særleg blant barn og unge.

nytta til ulike arrangement i samband med prisutdelinga, og til aktivitetar som skal auke interessa for matematikk i samfunnet. I 2011 gjekk prisen til professor John Milnor for banebrytande oppdagingar innanfor topologi, geometri og algebra.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei løyving på 13,2 mill. kroner i 2013.

Rapport for 2011

Abelprisen har vorte delt ut kvart år sidan 2003. Prisen er på 6 mill. kroner. Resten av løyvinga blir

Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
85	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond	12 406		
86	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond	9 103	9 100	
87	Avkastning – Regionale forskingsfond			219 000
90	Fondskapital – Niels Henrik Abels minnefond		200 000	
91	Fondskapital – Ludvig Holbergs minnefond			200 000
	Sum kap. 3287	21 509	209 100	419 000

Post 86 Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond

Departementet foreslår å redusere inntektsløyvinga med 9,1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3287 post 91.

Post 87 Avkastning – Regionale forskingsfond

Avkastninga frå regionale forskingsfond blir på 219 mill. kroner i 2013. Det er same nivå som i 2012. Løyvinga blir utgiftsført med same beløp på kap. 287 post 60, jf. omtale på denne posten.

Post 90 Fondskapital – Niels Henrik Abels minnefond

Niels Henrik Abels minnefond vart avvikla i statsbudsjettet for 2012, og avkastninga vart ført vidare som ei ordinær løyving over statsbudsjettet. Som ei følge av avviklinga vart fondskapitalen inntektsført på kap. 3287 post 90 i 2012. Fondskapitalen er no ført tilbake til statskassa, og inntektsløyvinga over budsjettet til Kunnskapsdepartementet må reduserast med 200 mill. kroner.

Post 91 Fondskapital – Ludvig Holbergs minnefond

Ludvig Holbergs minnefond vart oppretta i 2003. Fondskapitalen har sidan opprettinga vore på 200 mill. kroner og har vore plassert som eit kon-tolån til staten med rente tilsvarende renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid. Den årlege avkastninga av fondet har vore på 9,1 mill. kroner og har finansiert løyvinga til Ludvig Holbergs forskingspris over kap. 287 post 56. Kunnskapsdepartementet foreslår at avkastninga frå Ludvig Holbergs minnefond blir ført vidare som ei ordinær løyving, og at fondsmekanismen blir avvikla frå og med 2013. Formålet med løyvinga blir uendra.

På bakgrunn av dette blir inntektsløyvinga over kap. 3287 post 86 sett ned med 9,1 mill. kroner. Dette beløpet blir motsvart av reduserte renteutgifter på kap. 1650 Statsgjeld, renter mv., post 89 Renter og provisjon mv. på innenlandsk statsgjeld under budsjettområdet til Finansdepartementet.

Ei avvikling inneber vidare at fondskapitalen på 200 mill. kroner blir ført tilbake til statskassa. Teknisk blir dette gjort ved at fondskapitalen blir inntektsført på kap. 3287 post 91.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
21	Særskilde driftsutgifter	6 578	7 028	7 060
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	212 573	218 397	201 765
73	EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>	1 078 318	1 376 686	1 694 267
74	Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi, <i>kan overførast</i>	8 104	14 036	21 760
75	UNESCO-kontingent	16 540	18 635	18 141
76	UNESCO-formål			3 000
	Sum kap. 288	1 322 113	1 634 782	1 945 993

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Mål for 2013

Det er eit mål at Noreg deltek aktivt innanfor nordisk og internasjonalt utdannings- og forskings-samarbeid. Løyvinga skal mellom anna dekkje kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD samt nokre kostnader knytte til UNESCO-kommisjonens arbeid. Vidare går løyvinga til internasjonalt samarbeid innanfor ansvarsområda til departementet, herunder bilateralt samarbeid med prioriterte land. Ein mindre del av løyvinga vil kunne nyttast til Noregs hus i Cité Universitaire Internationale de Paris (CIUP).

Rapport for 2011

Arbeidet med bilateralt utdanningssamarbeid vart styrkt i 2011. Dette gjeld særleg samarbeidet med Russland, Tyskland og Frankrike. Mellom anna fekk Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) i oppdrag å nytte ein mindre del av løyvinga på posten til tiltak for å få fleire norske elevar og studentar til å velje Frankrike eller Tyskland som studieland.

Noregs hus i Paris vart gjenopna hausten 2011 etter rehabilitering og restaurering i åra 2009–11.

Den norske UNESCO-kommisjonen har hatt fire møte i 2011 og har fremja UNESCOs mål i Noreg mellom anna gjennom samarbeid med andre partar. I samarbeid med Utanriksdepartementet, Norad og Universitetet i Oslo arrangerte Kunnskapsdepartementet og den norske UNESCO-kommisjonen ein fagdag hausten 2011 om UNESCO-programmet *Education for all* i sam-

band med lanseringa av Global Monitoring Report 2011.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei løyving på 7 mill. kroner i 2013.

Departementet foreslår å flytte 0,3 mill. kroner frå kap. 226 post 21 til kap. 288 post 21 knytt til deltaking i internasjonalt samarbeid.

Departementet foreslår å flytte 0,5 mill. kroner frå kap. 288 post 21 til kap. 288 ny post 76 som ledd i opprettinga av ny tilskottsordning for UNESCO-formål.

For å styrkje det bilaterale samarbeidet med Russland har Kunnskapsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet lyst ut ei stilling som spesialutsending for utdanning, forskning og teknologi ved den norske ambassaden i Moskva. Stillinga vil bli bemanna våren 2013, og delar av kostnadene vil bli løyvde over denne budsjettposten.

Meir internasjonalisering er eit sentralt verkemiddel for auka kvalitet og relevans i norsk utdanning og forskning. For å etablere og vidareutvikle kunnskapssamarbeid mellom Noreg og strategisk viktige samarbeidsland vil departementet frå 2013 foreslå å setje av om lag 5 mill. kroner årleg til bilateralt samarbeid innanfor høgre utdanning og forskning. Midlane skal følgje gjeldande politiske prioriteringar og skal nyttast avhengig av dei skiftande behova overfor ulike land. Midlane vil òg kunne nyttast til utvikling av kunnskapsgrunnlaget. Satsinga vil særleg medverke til å styrkje samarbeidet med land utanfor Europa.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekkjer Noregs kontingent for deltaking i Organization for Nuclear Research (CERN), European Molecular Biology Laboratory (EMBL), European Molecular Biology Conference (EMBC), European Synchrotron Radiation Facility (ESRF) og International Agency for Research on Cancer (IARC).

Mål for 2013

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til å nå overordna mål for norsk forskingspolitikk, inkludert høg kvalitet og internasjonalisering av norsk forskning.

Rapport for 2011

Medlemskapen i dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane sikrar norske forskarar tilgang til avansert forskingsinfrastruktur. Forskningsrådet har eit særleg ansvar for norsk deltaking, inkludert oppfølging og spreiding av resultat av deltakinga.

CERN er eit av dei største laboratoria i verda for eksperimentelle studium innanfor kjerne- og elementærpartikkelfysikk. I 2011 er det samla inn ei stor mengd data frå dei store eksperimenta med verdas største partikkelakselerator (Large Hadron Collider). Gjennom desse eksperimenta har fysikarane observert ein ny partikkel, som kan vere Higgs-bosonet, som ein såg føre seg alleie i 1964. Det har vorte publisert ei lang rekkje vitenskaplege publikasjonar som ei følge av forskinga ved CERN. 110 norske studentar, stipendiar og forskarar frå miljø ved Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo og Høgskolen i Bergen arbeidde ved CERN i 2011. Noreg har ein eigen person ved CERN som arbeider med å formidle kontakt mellom CERN og norsk industri med tanke på kontraktar og teknologioverføring.

EMBL er ein verdsleiane europeisk organisasjon innanfor molekylærbiologi. Noregs medlemskap er av stor verdi for det norske forskingsmiljøet innanfor livsvitenskapane. EMBL utviklar teknologi, og tilbyr medlemslanda ei rekkje tenester knytte til mellom anna infrastruktur og opplæring i nye metodar. EMBL har i dei siste åra opna for å inngå partnerskapsavtalar med framifrå forskingsmiljø i medlemslanda. EMBL har inngått slike avtalar med to ulike forskingsmiljø i Noreg. Dette er eit kvalitetsstempel for norsk forskning, og Kunnskapsdepartementet er særns nøgd med

dette, særleg sett i lys av at EMBL berre har inngått seks slike avtalar totalt. Dei norske miljøa det er inngått avtale med, er Sars International Centre for Marine Molecular Biology og Norsk senter for molekylærmedisin (NCMM), som offisielt vart opna i 2010.

European Molecular Biology Conference (EMBC) er ein internasjonal organisasjon med 27 medlemsland. Gjennom kontingenten til EMBC finansierer Noreg og dei andre medlemslanda mellom anna stipendprogram, kurs, workshops og konferansar.

Medlemskapen i European Synchrotron Radiation Facility (ESRF) er organisert gjennom eit nordisk konsortium (NORDSYNC), og gjer at norske forskarar får drive materialforskning og livsvitenskap som krev avansert synkrotronstråling. Gjennom eit eige følgjeforskningsprogram skal Forskningsrådet medverke til god norsk utnytting av medlemskapen i ESRF. Frå 2010 er også nøytronforskning inkludert i programmet. Prosjekta i programmet medverkar til grunnleggjande forskning på felta fornybar energi, klima, helse og medisin. Gjennom ESRF er norske forskarar også med i eit sveitsisk-norsk samarbeid om ei eiga strålelinje. I 2011 vart det oppretta ei ny tiårig program-satsing på dette området med vekt på metodeutvikling og kapasitetsutbygging i dei norske fagmiljøa. Medlemskapen i ESRF blir godt utnytta av Noreg og dei andre nordiske partnerane i konsortiet. Programmet har medverka til god utnytting av nasjonale investeringar i avansert storskala forskingsinfrastruktur gjennom oppbygging av metodekompetanse og kapasitet i dei norske miljøa.

IARC er eit internasjonalt kreftinstitutt knytt til Verdas helseorganisasjon. Den største nasjonale nytta av Noregs medlemskap ligg i det generelle bidraget organisasjonen gir til kreftforskninga, som spenner frå laboratoriebasert til epidemiologisk forskning. Norske forskarar er aktive både i forskinga og i styrearbeid.

Budsjettforslag for 2013

Kontingentane for dei enkelte medlemslanda blir bestemte ut frå ein avtalefesta berekningsnøkkel der bruttonasjonalprodukt er ein hovudfaktor. Kontingentkrava for 2013 er enno ikkje fastsette for alle kontingentane. Budsjettforslaget for 2013 er derfor basert på vedtekte kontingentar for 2012. Departementet foreslår ei løyving på 201,8 mill. kroner i 2013. Dette er ein reduksjon på 16,6 mill. kroner samanlikna med 2012. Reduksjonen skyldast i all hovudsak valutakursendringar.

Post 73 EUs rammeprogram for forskning, kan overførast

Løyvinga dekkjer norsk kontingent for deltaking i EUs rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar.

Mål for 2013

Hovudmåla for Noregs deltaking i EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar er å fremme internasjonalisering og kvalitet i norsk forskning, å styrkje nasjonalt prioriterte FoU-område og å medverke til kunnskapsbasert innovasjon og fornying i norsk nærings- og samfunnsliv. Dette skjer mellom anna gjennom at norske forskarar deltek i tverrnasjonale prosjektsamarbeid, gjennom mobilitet av forskarar og ved at det blir etablert internasjonale forskarnettverk. Noreg legg stor vekt på deltakinga i EUs forskingssamarbeid.

Rapport for 2011

EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar (2007–13) er verdas største internasjonale forskingsprogram med eit samla budsjett på 50,5 mrd. euro. Den totale norske kostnaden for deltakinga i heile rammeprogrammet har vorte berekna til om lag 10 mrd. kroner. Det sjuande rammeprogrammet har som overordna mål å medverke til at det europeiske forskingsområdet blir verdsleiane. Rammeprogrammet skal òg medverke til at måla i Europa 2020-strategien om eit kunnskapssamfunn og ein berekraftig, kunnskapsbasert økonomi i Europa blir nådde. Med grunnlag i EØS-avtalen deltek norske forskingsmiljø og verksemder i rammeprogrammet på lik linje med medlemslanda i EU. Evalueringa som Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) gjorde av det sjette og delar av det sjuande rammeprogrammet, stadfestar at norske deltakarar har eit stort utbytte av deltakinga. Samtidig er det rom for å gjere det enda betre. Rammeprogrammet er det mest omfattande internasjonale forskingssamarbeidet Noreg er med i, både fagleg og økonomisk. Dei viktigaste samarbeidspartnarane til Noreg innanfor det sjuande rammeprogrammet er Storbritannia, Tyskland, Italia, Frankrike og Spania.

Alle søknadene til rammeprogrammet blir vurderte ut frå vitskapleg kvalitet, forventta nytte av prosjektresultata og implementering og prosjektleiing. Berre ein del av søknadene som er kvalifi-

serte for støtte, blir innstilte til finansiering. 24 pst. av prosjekta med norsk deltaking har fått støtte frå rammeprogrammet. Dette er 3,5 prosentpoeng over snittet for alle søknadene som er evaluerte. Dette tyder på at kvaliteten på dei norske søknadene er høg. Det er til og med i første halvår 2012 teikna 933 kontraktar for i alt 4 mrd. kroner med prosjekt med norske deltakarar. Det er instituttsektoren som har flest prosjekt med støtte frå rammeprogrammet. 36 pst. av prosjekta med norsk deltaking som har fått midlar, er frå instituttsektoren. Bedriftene står for 27 pst. av deltakinga frå Noreg og universitets- og høgskolesektoren for 24 pst. Av dei midlane som har vorte konkurranseutsette i det sjuande rammeprogrammet fram til og med første halvår 2012, står kontraktar med norsk deltaking for 1,78 pst. Sjå òg omtale av EUs sjuande rammeprogram under målet *Internasjonalisering av forskinga* i kategori-innleiinga.

Budsjettforslag for 2013

Samla budsjett for det sjuande rammeprogrammet for perioden 2007–13 er på om lag 50,5 mrd. euro. Etter EØS-avtalen Art. 82 nr. 1 bokstav a) skal Noregs bidrag til programsamarbeidet med EU vere lik Noregs del av det samla BNP i EU-landa og i Noreg. Noregs del skal reknast av dei totale utbetalingane gjennom programmet i løpet av kalenderåret. Kor store dei årlege utbetalingane vil vere, er ikkje kjent før året er omme. Løyvingsbehovet for 2013 er derfor basert på anslaget til Europakommisjonen for kor mykje som vil bli utbetalt i 2013. Eit betre grunnlag for å vurdere utbetalingane i 2013 vil liggje føre når EU har vedteke budsjettet sitt for 2013 i løpet av hausten 2012. Noregs kontingent for 2013 vil bli betalt i august 2013. Deretter vil det bli gjort ei etterberekning våren 2014 basert på dei endelege utbetalingstala for 2013. Ei eventuell korrigeringsom følge av etterberekninga vil bli gjort i kontingentkravet for 2015.

I forslaget til Europakommisjonen om utbetalingsbudsjett for det sjuande rammeprogrammet i 2013 har Kommisjonen budsjettert med ein auke på 28 pst. samanlikna med 2012. Samstundes viser etterberekning at Noregs kontingentinnbetaling i 2011 var om lag 57 mill. kroner for låg. Dette beløpet er lagt inn i kontingenten for 2013. Totalt sett gjer desse forholda at Noregs kontingent i 2013 er berekna til å vere om lag 317,6 mill. kroner høgre enn i saldert budsjett for 2012. Departementet foreslår ei løyving på 1,69 mrd. kroner i 2013.

Post 74 Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi, kan overført

Mål for 2013

Deltaking i Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) skal medverke til å utvikle internasjonal innovasjonsevne i norske miljø og utvikle samspel mellom utdanning, næringsliv og forskning.

Rapport for 2011

Norsk deltaking i Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) fekk tilslutning frå Stortinget våren 2008, jf. St.prp. nr. 56 (2007–2008) og Innst. S. nr. 251 (2007–2008). EIT er del av utviklinga av det europeiske forskingsområdet (ERA), og har som mål å fremme den europeiske innovasjonsevna gjennom å utvikle samarbeid på tvers av Europa for utdanning, næringsliv og forskning – det såkalla kunnskapstriangel. Slikt samarbeid skal skje gjennom oppretting av kunnskaps- og innovasjonsnettverk, kalla KICs (Knowledge and Innovation Communities). Det er foreløpig inga norsk deltaking i dei KICs som er etablerte. EIT har eit styre samansett av 18 medlemmer frå ulike land og har hovudkontoret sitt i Budapest.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår ei løyving på 21,8 mill. kroner i 2013. Dette er ein auke på om lag 7,7 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2012. Auken i løyvingbehovet skyldast at Europakommisjonen foreslår å auke utbetalingsbudsjettet for EIT i 2013.

Post 75 UNESCO-kontingent

Mål for 2013

UNESCO, FNs særorganisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon, har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremme internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen. Medlemslanda deltek på UNESCOs generalkonferanse og eksekutivråd, og kan dermed vere med på å påverke UNESCOs arbeid. Kontingenten er eit vilkår for norsk medlemskap og deltaking i UNESCO.

Rapport for 2011

Løyvinga har vore nytta til å sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje medlemskontingenten og tilskott til World Heritage Fund. Noreg har arbeidd for at UNESCO skal bli meir effektiv og målretta, mellom anna gjennom aktiv medverknad til UNESCOs styremøte. Noreg deltok òg på UNESCOs generalkonferanse i Paris hausten 2011.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å løyve om lag 18,1 mill. kroner til å dekkje forpliktingane til kontingenten og tilskottet til World Heritage Fund i 2013.

Post 76 UNESCO-formål

Mål for 2013

UNESCO er FNs organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon og har som hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremme internasjonalt samarbeid på desse fagområda. Den norske UNESCO-kommisjonen er rådgivande organ for norske myndigheter og fungerer som eit bindeledd mellom myndighetene og fagmiljø på ansvarsområda til UNESCO. Kommisjonen skal òg medverke til å gjere UNESCOs idear, mål og oppgåver kjende.

For å styrkje den norske UNESCO-kommisjonens høve til å gjere UNESCOs idear, mål og oppgåver kjende, foreslår departementet å etablere ei eiga tilskottsordning til UNESCO-formål og samla sett auke løyvinga som kommisjonen disponerer. Tilskottsmidla vil bli lyste ut på kommisjonen sine nettsider og på departementet sine nettsider. Det overordna målet for tilskottsordninga vil vere å skape interesse for UNESCOs idear, mål og oppgåver og gjere desse kjende.

Budsjettforslag for 2013

Departementet foreslår å flytte 1,5 mill. kroner frå kap. 200 post 21, 1 mill. kroner frå kap. 258 post 21 og 500 000 kroner frå kap. 288 post 21 til kap. 288 ny post 76 i samband med oppretting av ny tilskottsordning for UNESCO-formål. Departementet foreslår å løyve til saman 3 mill. kroner på posten i 2013.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	4 094	4 618	4 492
	Sum kap. 3288	4 094	4 618	4 492

Løyvinga på post 04 gjeld innanlandske kostnader som etter statistikkdirektiva til OECD blir definererte som offentlig utviklingshjelp.

Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
2410	Statens lånekasse for utdanning	29 249 913	30 841 858	31 402 494	1,8
	Sum kategori 07.80	29 249 913	30 841 858	31 402 494	1,8

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Pst. endr. 12/13
5310	Statens lånekasse for utdanning	12 340 284	13 291 758	11 099 458	-16,5
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	3 866 019	4 824 471	3 377 934	-30,0
	Sum kategori 07.80	16 206 303	18 116 229	14 477 392	-20,1

Innleiing

Utdanningsstøtteordningane skal gi alle lik moglegheit til utdanning og medverke til at behovet for kompetanse i samfunnet blir dekt. Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) administrerer utdanningsstøtteordningane, som er heimla i lov av 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte.

Utdanning og kompetanse er viktig for å gi kvar ein skild utvikling og identitet, evne til å tenkje kritisk og ta del i demokratiske prosessar. Utdanningsstøtta legg såleis til rette for nyskaping og eit kunnskapsbasert samfunn, der den ein-skilde kan nytte evnene sine og medverke til å skape verdiar. Gode støtteordningar er eit sentralt verkemiddel for sosial utjamning i rekrutteringa til høgre utdanning, og for å støtte opp om mål om livslang læring. Støtteordningane bidreg òg til rekruttering til forskning. Utdanningsstøtta er eit sentralt verkemiddel for å nå visjonar og mål for

regjeringa. Utdanningsstøtta medverkar til dømes til å sikre utdanna personale i barnehagen og i skolen, og gjer det mogleg for enkeltmenneske å nytte retten til vidaregåande opplæring og ta høgre og anna utdanning.

Utdanningsstøtta legg til rette for eit samfunn med høgt kunnskapsnivå og internasjonal orientering. Utdanning og kompetanse er stadig viktigare for at arbeidsmarknaden skal fungere godt. Kunnskapsdepartementet ønskjer at utdanningsstøtteordningane skal medverke til at utdanningssektoren raskt kan fange opp endringar i etterspurnaden etter arbeidskraft og utdanning.

Utdanningsstøtta skal leggje til rette for at elevar og studentar kan arbeide effektivt og med gode resultat. I tillegg til generelle støtteordningar som dekkjer behova til majoriteten av støtte-mottakarane, må utdanningsfinansieringa også vere målretta mot grupper og personar med særskilde behov.

Mål: Utdanningsstøtteordningane medverkar til at kvar einiskild står fritt i val av utdanning. Alle kan ta utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsevne og økonomiske og sosiale forhold

Tilstandsvurdering

Fleirtalet av studentar og elevar nyttar støtteordningane gjennom Lånekassen. I undervisningsåret 2011–12 var det om lag 477 000 elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring og studentar i høgre utdanning i Noreg (inkludert norske studentar i utlandet). Om lag 381 000 personar mottok stipend og/eller lån til utdanning. Fleirtalet av støttemottakarane i høgre utdanning er i aldersgruppa 20–24 år, men i overkant av 1 100 personar var over 50 år i 2011–12. Kvinnene er i fleirtal blant støttemottakarane, og delen kvinner aukar med stigande alder. Det er òg eit fleirtal av kvinner blant studentane i høgre utdanning generelt. Elevar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring (ungdomsrett) har rett til utstyrsstipend. I 2011–12 nytta 92,4 pst. av dei som har rett til det, denne ordninga.

Endringar over tid i samansetjinga av gruppa studentar og elevar gjer at dei ulike innretningane av støtteordninga må bli vurderte frå tid til anna. Dei behova ulike grupper har for økonomisk støtte og tryggleik, bør komme til uttrykk i støtteordninga på ein tenleg måte. I all hovudsak er ordninga for studentar ei universell velferdsordning som skal medverke til at alle har eit likt grunnlag for livsopphald under utdanninga. Kunnskapsdepartementet arbeider med å undersøkje kva for vilkår, mellom anna økonomiske, studentane i høgre utdanning lever under. Både Levekårsundersøkelsen blant studentar og andre granskingar vil gi eit betre kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere generelle forbetringstiltak.

I dei seinaste åra har det vore ein klar profil på tiltaka departementet har foreslått for Stortinget om utdanningsstøtteordninga. Departementet ser at einiskilde grupper kan ha behov for meir tilrettelegging enn det ein har i dag, for at dei skal ha ei reell moglegheit til fritt å velje utdanning. Dette gjeld mellom anna søkjarar med redusert funksjonsevne, studentar som er sjuke over lang tid, og studentar med barn. Når det gjeld arbeid med forbetringar for einiskilde grupper, må ein òg sjå situasjonen i samanheng med dekninga frå andre velferdsordningar som skal sikre sosial utjamning, som ytingar frå folketrygda eller ytingar frå fylkeskommunen eller kommunen.

Studentar som ikkje har moglegheit til å arbeide ved sida av utdanninga på grunn av nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming, kan få utvida støtteperioden til tolv månader. I tillegg kan dei få eit ekstra månadleg stipend. Vidare kan studentar med nedsett funksjonsevne som er forseinka ut over eitt år på grunn av manglande tilrettelegging i studiesituasjonen, få tildelt basisstøtta som stipend. Desse tiltaka skal medverke til at fleire personar med redusert funksjonsevne får høve til å ta høgre utdanning, og hindre at dei får høgre gjeld etter fullført utdanning. For undervisningsåret 2011–12 vart det innført ei midlertidig ordning med gradert sjukestipend til studentar som vart delvis sjukemelde. Ordninga vart innført særleg med tanke på elevar og studentar som vart råka av terrorhandlingane 22. juli 2011, men skulle òg gjelde for andre søkjarar. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2012 foreslo regjeringa å la ordninga vare ut kalenderåret 2012.

Mål: Utdanningsstøtteordningane medverkar til internasjonalisering av utdanning og forskning ved å sikre at dei som ønskjer det, kan ta heile eller delar av utdanninga i utlandet

Tilstandsvurdering

For å nå dei måla om auka internasjonalisering som er nedfelte mellom anna i St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning*, er det ein føresetnad at det er tilstrekkeleg mange som har økonomisk moglegheit til å ta utdanning utanfor Noreg. Utdanningsstøtteordningane gjennom Lånekassen er eit sentralt verkemiddel for å få til dette. I internasjonal målestokk har Noreg svært gode økonomiske ordningar for studentar som vel å ta utdanning i utlandet. Det er likevel grunn til å arbeide vidare med å redusere dei barrierane som finst for å velje utdanning i utlandet, særleg i ikkje-engelskspråklege land. Det er gjort nokre endringar i regelverket for å opne for at fleire studentar enn tidlegare skal få støtte til utdanning i ikkje-engelskspråklege land. Frå og med undervisningsåret 2012–13 blir det mogleg å få støtte til det første året av bachelorutdanning i Brasil, Russland, India og Kina, ved lærestader som er plasserte på internasjonalt anerkjende rangeringslister for utdanningsinstitusjonar. Det blir normalt ikkje gitt støtte til det første året av bachelorutdanning i desse landa, fordi året ikkje blir rekna å vere på nivå med høgre utdanning i Noreg. Samtidig blir det innført ei forsøksordning med støtte til språkopplæring i inntil eitt år i Russland og Kina.

Ein trygg økonomisk basis er viktig for å velje utdanning i utlandet, men utdanningsstøtteordninga vil aldri kunne vere det einaste verkemiddelet for å få nokon til å velje utdanning i utlandet framfor utdanning i Noreg. Ein må sjå dei økonomiske støtteordningane i samanheng med mellom anna styrkt satsing på informasjon og meir praktisk hjelp til å søkje seg til utdanning i utlandet.

Frå og med undervisningsåret 2004–05 til og med undervisningsåret 2007–08 var det ein liten nedgang i talet på studentar i høgre utdanning i utlandet. Frå og med 2008–09 og til no har studenttalet auka, særleg i dei siste par åra. Det har særleg vore ein auke i talet på gradsstudentar i denne perioden, men talet på delstudentar har òg auka noko. I 2010–11 var det 14 154 søkjarar som fekk støtte til ein heil grad i utlandet, medan 7 657 fekk støtte til å ta ein del av graden i utlandet. Tilsvarende tal frå 1. august 2012 viser at 15 328 gradsstudentar og 8 114 delstudentar fekk støtte frå Lånekassen i 2011–12. Talet på studentar i utlandet har endra seg i takt med talet på støtte-mottakarar totalt i Lånekassen. Dette tyder på at generelle endringar i talet på studentar blir reflekterte i søkjartala som gjeld støtte til utdanning i utlandet.

Departementet vil arbeide vidare med å følgje opp dei tiltaka for utdanningsstøtteordninga som vart varsla i St.meld. nr. 14 (2008–2009). Tiltaka gjeld både grunnopplæringa og høgre utdanning, og målet vil vere å leggje til rette for at elevar og studentar kan delta på undervisningsopplegg av høg kvalitet i utlandet.

Når det gjeld internasjonalisering av grunnopplæringa, er hovudmålsetjinga å auke talet på elevgrupper som får høve til å ta eit skoleår ved ein utanlandsk vidaregåande skole, i samarbeid med ein norsk vidaregåande skole. Deltaking frå yrkesfaglege studieprogram og alle delar av landet skal sikrast. For undervisningsåret 2012–13 vil mellom anna tre nye elevgrupper frå ulike stader i Noreg kunne ta delar av den vidaregåande opplæringa i Frankrike, Skottland og Canada med støtte frå Lånekassen.

For høgre utdanning er det eit viktig mål at det skal lønne seg å velje utdanning av høg kvalitet. I arbeidet med å følgje opp St.meld. nr. 14 (2008–2009) har det vorte sett på om til dømes stipenddelen av stønaden til skolepengar kan variere avhengig av kvaliteten på den utdanninga som blir vald. Slik situasjonen er nå, er det ikkje praktisk mogleg å få til ein modell som kan få den verkna den på val av studiestader som er hensikta. Det har ikkje vore mogleg å finne gode nok kriterium som måler utdanningskvalitet i fleire dimensjonar,

og som samstundes ikkje krev store ressursar til forvaltning. Kunnskapsdepartementet vil derfor ikkje prioritere ei slik ordning.

Mål: Utdanningsstøtteordningane medverkar til at arbeids- og næringsliv har tilgang på kompetanse og utdanna arbeidskraft

Tilstandsvurdering

Utdanningssektoren må svare på dei behova arbeidslivet har for kunnskap og kompetanse. Noreg vil i framtida trenge fleire personar med relevant fagopplæring og med høgre utdanning. Nesten kvar tredje person i aldersgruppa over 25 år har no fullført ei utdanning på universitets- og høgskolenivå (kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB) 2011). Brorparten av desse har motteke støtte frå Lånekassen under utdanninga. Utdanningsstøtta er også viktig for å sikre elevar moglegheit til å ta vidaregåande opplæring og fagopplæring. Støtteordningane skal sikre at elevar og studentar har økonomisk moglegheit til å ta utdanning som seinare kan nyttast i arbeidslivet.

Utdanningsstøtta er lik for alle på den måten at det blir gitt det same støttebeløpet, uavhengig av kva slags utdanning ein student tek. Dette medverkar til at det blir utdanna eit breitt spekter av mellom anna fagarbeidarar, ingeniørar, lærarar og legar i Noreg og i utlandet. Lån og stipend skal gi elevar og studentar midlar å leve for under utdanninga, medan omgjerung av lån til stipend og rentefritak på grunn av utdanning er subsidieelement som skal sikre dei som har avslutta ei utdanning, mot for stor gjeldsbyrde. Det finst også tryggleiksmekanismar i støtteordninga knytte til rentefritak ved for eksempel arbeidsløyse, og ettergiving av lån ved varig uførleik. Dette bidreg til at unge ikkje vel bort utdanning fordi dei er bekymra for høg gjeld etter avslutta utdanning.

Vidare finst det enkelte element i utdanningsstøtteordninga som skal bidra til å sikre spesiell kompetanse på særskilde stader, for eksempel Finnmarksordninga og ordninga med ettergiving av lån for visse lærarutdanningar. Det finst òg element i utdanningstøtteordninga som skal medverke til raskare gjennomstrøyming av studentar på lærestadene, for eksempel ordninga med omgjerung av lån til stipend (konverteringsordninga). Dette skal freiste å gi samfunnet kompetansen så raskt som mogleg.

Delen støttemottakarar i Lånekassen som er 25 år og eldre, var i 2011–12 om lag 18 pst. Dette kan tyde på at utdanningsstøtteordningane framfor alt blir nytta til å skaffe seg ei første kompetanssegivande utdanning. Relativt få vaksne tek opp

lån for å skaffe seg ei grunnopplæring eller ei vidaregåande opplæring. Utdanning på deltid er meir utbreidd blant dei eldre studentane i høgre utdanning, og delen som vel deltidsutdanning, stig med alderen. I aldersgruppa 20–24 år var det berre 2,5 pst. som valde deltidsutdanning i 2011–12, medan heile 42 pst. av dei som tok høgre utdanning i aldersgruppa 40–44 år, tok utdanning på deltid. Sjølv om talet på deltidsstudentar har vore stabilt i dei seinare åra, utgjør dei ein mindre del av alle støttemottakarane.

Strategiar og tiltak

Regjeringa meiner det er viktig å halde oppe kjøpekrafta i støtta til elevar, studentar og lærlingar, og har auka satsane i utdanningsstøtteordningane kvart år for å kompensere for prisutviklinga elles i samfunnet. Det blir foreslått å auke basisstøtta frå 92 500 kroner for undervisningsåret 2012–13 til 94 400 kroner for undervisningsåret 2013–14. Justeringa frå undervisningsåret 2012–13 til 2013–14 er på to pst.

Utdanningsstøtta blir tildelt slik at heile basisstøtta blir utbetalt som lån (trinn 1), og ein student som ikkje bur saman med foreldra, kan i etterkant få inntil 40 pst. av basisstøtta gjort om til utdanningsstipend dersom han eller ho består eksamen (konverteringsordninga). Omgjeringa til stipend (trinn 2) skjer fortløpande, etter kvart som eksamensresultat blir rapporterte inn til Lånekassen. Når skattelikninga for det kalenderåret det er gitt støtte for, er klar, blir stipendet behovsprøvt mot inntekt og formue (trinn 3). Dersom inntekt/formue ligg over fastsette grenser, vil stipend bli gjort om til lån igjen. Dette er ein svært komplisert prosess som er vanskeleg å forstå for kundane, og aukar risikoen for feilbehandling. Departementet foreslår å gjere konverteringsordninga enklare. Dette inneber mellom anna at konverteringa (trinn 2) blir utsett til etter at skattelikninga for kalenderåret ligg føre, slik at konvertering og likningskontroll kan bli gjort i ein og samla prosess. Studentane vil måtte vente lenger på omgjeving av lån til stipend etter bestått eksamen, men

det endelege resultatet vil liggje føre på same tidspunkt som i dag. Studentane vil på denne måten få det endelege resultatet for støtteperioden i eitt samla vedtak, i staden for to. Endringa vil gjere konverteringsordninga enklare å forstå for studentar og elevar og enklare å handtere for Lånekassen. Den reduserte kompleksiteten vil gi høgre kvalitet i vedtaka, og færre klager og omgjorde vedtak.

Endringa som er foreslått, vil føre til auka rentestøttebehov og større behaldning av rentebærande lån. I tillegg vil konvertering som elles skulle vore gjennomført hausten 2013, bli utsett til 2014, noko som medfører ei forskyving i uttak frå konverteringsfondet. Sjå nærmare omtale under budsjettforslag. For den enkelte student har ikkje omlegginga av ordninga nokre økonomiske konsekvensar. I den nye ordninga vil det ta noko lengre tid før lån blir gjort om til stipend, men det vil bli korrigert for renter som er påløpte i tida mellom eksamen og likningskontroll, på same måte som i ordninga i dag.

Departementet foreslår enkelte mindre endringar i regelverket for å gjere det smidigare og meir føreseieleg. Sjå nærmare omtale under budsjettforslag.

I tråd med målsetjingane i St.meld. nr 14 (2008–2009) arbeider departementet med å få på plass eit kvalitetssikringssystem for visse kortare studieopphald i utlandet. Dette gjeld samarbeid mellom norske og utanlandske vidaregåande skolar, og individuell utveksling gjennom utvekslingsorganisasjonar. Departementet tek sikte på å fastsetje eit sett av kvalitetskriterium som skal gjelde både for godkjenning og for regelmessige evalueringar av opplegga. Arbeidet med kvalitetssikring skal etter planen vere ferdig i løpet av 2012–13. Så snart arbeidet med kvalitetskriteria er ferdigstilt, vil departementet flytte ut oppgåvene med godkjenning og oppfølging av desse opplegga til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU). Departementet foreslår derfor å styrkje løyvinga til SIU med 800 000 kroner. Sjå omtale under kap. 280 post 50.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	304 865	301 267	311 764
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	101 527	158 974	203 027
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 845 681	5 036 313	5 411 062
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	2 881 137	2 976 742	2 969 578
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	620 511	598 289	659 984
72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	973 908	1 265 271	846 018
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	301 758	452 020	440 520
74	Tap på utlån	323 288	350 000	322 500
76	Startstipend for kvotestudentar, <i>overslagsløyving</i>	8 290	7 898	8 056
90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	18 888 948	19 695 084	20 229 985
	Sum kap. 2410	29 249 913	30 841 858	31 402 494

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45 og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på post 01 omfattar midlar til drift av Lånekassen. Løyvinga på post 45 gjeld midlar til moderniseringsarbeidet i Lånekassen.

Mål for 2013

Lånekassen skal forvalte utdanningsstøtteordningane på ein effektiv, sikker og kvalitativt god måte. Samtidig skal Lånekassen tilby kundane effektive og tilgjengelege løysingar. Lånekassen skal nå måla for moderniseringsarbeidet innanfor dei tids- og kostnadsrammene som er fastsette i gjeldande styringsdokument.

Rapport for 2011

Samla sett hadde Lånekassen ei god måloppnåing i 2011. Mål knytte til sakshandsaminga og til kontakten med studentar, elevar, lærlingar og dei som er i ein tilbakebetalingsfase, vart i all hovudsak nådde. Gjennomsnittleg svartid for elektroniske førespurnader vart seks verkedagar, mot målet på tre verkedagar, og var det einaste målet som ikkje vart nådd i sin heilskap. Gjennomsnittleg sakshandsaming vart ni dagar for søknad om tildeling av støtte og sju dagar for søknad om betalingsut-

setjing, og betre enn målsetjingane. Det vart sett mål om at 80 pst. av dei som ringde Lånekassen i 2011, skulle få svar. Resultatet vart 92 pst.

Lånekassen kan òg vise til gode resultat knytte til effektiv sakshandsaming og til digitalisering av sakshandsaminga. I 2011 vart det laga nye netttenester med elektroniske løysingar for kundar i tilbakebetalingsfasen, noko som har ført til at enda fleire av kundane til Lånekassen kan bruka dei digitale løysingane.

Den andre av til saman fire hovudleveransar i IKT-fornyninga, som inneheld løysingar for handtering av saker knytte til tilbakebetaling, vart driftsett før sommaren 2011. Arbeidet med den tredje hovudleveransen av IKT-fornyninga i Lånekassen starta mot slutten av 2010. Som følge av problem knytte til framdrift, styring, organisering og kostnader vart nye risikovurderingar av prosjektet gjennomførte i 2011. Resultatet vart at Kunnskapsdepartementet, som eit risikoreduserande tiltak, gav Lånekassen fullmakt til å overta prosjektstyring og prosjektansvar for den tredje hovudleveransen frå hovudleverandøren. Leverandøren vil framleis vere hovudsamarbeidspartnar, jf. Prop. 1 S (2011–2012) for Kunnskapsdepartementet.

Arbeidet med å spesifisere innhaldet i hovudleveranse fire vart starta opp i andre halvår av 2011. Arbeidet vart fullført og gjennomføringsmodell valt våren 2012. Mellom anna på bakgrunn av

dette vart styringsdokumentet for fornyingsprogrammet revidert. Planlagt sluttidspunkt er flytt til medio 2014, og Kunnskapsdepartementet har gitt Lånekassen fullmakt til å nytta 12,5 mill. kroner meir av usikkerheitsavsetninga innanfor vedteken kostnadsramme. Dette inneber at usikkerheitsavsetninga i LØFT-programmet blir redusert frå 40 mill. kroner til 27,5 mill. kroner. Den auka tildeling til Lånekassen vil bli fordelt over dei enkelte budsjettåra i den perioden som står att. Kostnadsramma for programmet, som vart vedteken i statsbudsjettet for 2008, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008), er ikkje endra.

Budsjettforslag for 2013

Kunnskapsdepartementet foreslår å styrkje løyvinga på kap. 2410 post 01 med 3 mill. kroner. Midlane skal nyttast til vidareutvikling av dei nye IKT-systema etter kvart som dei blir overførte frå fornyingsprosjektet til linjeorganisasjonen. Midlane vil bidra til at den gode måloppnåinga i Lånekassen i dei siste åra blir ført vidare i åra etter fornyinga. Eit formålstenleg nivå på vedlikehald og vidareutvikling vil òg forlengje levetida for IKT-systema. Vidare skal midlane nyttast til å dekkje utgifter Lånekassen har til auka manuell saks handsaming som følgje av forslaget om redusert konverteringsperiode frå åtte til fire år. Sjå nærare omtale av forslaget under postane 50–90. Som tidlegare vil delar av løyvinga på posten bli disponerte av departementet til oppfølging av moderniseringsarbeidet i Lånekassen.

Lånekassens utgifter til eID på høgt tryggleiksnivå er dekte gjennom rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og IKT basert på det forventta talet på transaksjonar per virksomhet og kostnader per transaksjon. Departementet foreslår å overføre om lag 0,6 mill. kroner frå kap. 2410 post 01 til kap. 1560 Direktoratet for forvaltning og IKT, post 22 Betaling av eID til private leverandører, jf. omtale i Prop. 1 S (2012–2013) for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 2410 post 01 med om lag 2,7 mill. kroner og å auke løyvinga på kap. 2410 post 45 med om lag 39,5 mill. kroner, i tråd med gjeldande finansieringsplan for LØFT-programmet. Lånekassen vil i 2013 ha behov for å inngå avtalar som krev at Lånekassen forpliktar seg økonomisk ut over den løyvinga som er foreslått for 2013. Departementet foreslår at Lånekassen får fullmakt til å

inngå avtalar ut over løyvinga for 2013, sjå forslag til vedtak IV nr. 4.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 5310, post 03, jf. forslag til vedtak II nr. 1

Kap. 2410 postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Løyvinga på desse postane utgjer støttebudsjettet til Lånekassen. Endringar i Lånekassens støtteordningar har som regel effekt på fleire budsjett-postar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Støttebudsjettet blir derfor omtalt samla. I tillegg blir dei enkelte postane omtalte kvar for seg lenger nede i teksten.

Mål for 2013

Sjå omtale av måla for utdanningsstøtteordninga for 2013 under programkategori 07.80.

Rapport for 2011

Ein stor del av ungdom og vaksne i Noreg tek utdanning. Støtteordningane gjennom Lånekassen er ein viktig føresetnad for å gjere dette mogleg. Lånekassen hadde per 31. desember 2011 om lag 922 000 kundar. Av desse er om lag 560 700 i tilbakebetalingsfasen. I undervisningsåret 2011–12 var det om lag 477 000 elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring og studentar i høgre utdanning (inkludert norske studentar i utlandet). Om lag 381 000 personar mottok støtte frå Lånekassen.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var for undervisningsåret 2011–12 på 21,8 mrd. kroner. Av dette vart 3,6 mrd. kroner utbetalte som stipend, sjå tabell 4.15 for fordeling på dei ulike stipendformene. 18,2 mrd. kroner vart i undervisningsåret 2011–12 utbetalte som lån.

I kalenderåret 2011 vart om lag 3,5 mrd. kroner betalte ut som stipend, i tillegg vart om lag 4,8 mrd. kroner konverterte frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla utgiftene knytte til stipend i 2011 vart dermed på om lag 8,3 mrd. kroner.

I tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i tala på kundar i Lånekassen og kunderelevante forhold både for dei kundane som får støtte, og for dei som er i ein tilbakebetalingsfase.

Tabell 4.13 Hovudtal for tildeling til vidaregåande opplæring

	2008–09	2009–10	2010–11	2011–12
Tal på elevar i vidaregåande opplæring ¹	225 858	228 097	228 223	232 291
Tal på elevar med ungdomsrett ²	187 741	200 638	201 012	206 270
Tal på støttemottakarar med ungdomsrett	122 873	157 312	168 440	172 452
Sum stipend (i mill. kroner)	2 182	2 323	2 443	2 488
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	17 806	14 795	14 530	14 456
Sum lån (i mill. kroner)	127	143	153	158
Gjennomsnittslån (i kroner)	14 655	15 402	15 820	15 929

¹ Talet er henta frå SSB og synar alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring, uavhengig av alder, rett til opplæring, osv.

² Talet gjeld elevar og lærlingar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring.

Tabell 4.14 Hovudtal for tildeling høgre utdanning m.m

	2008–09	2009–10	2010–11	2011–12
Tal på studentar i høgre utdanning ¹	218 609	227 188	232 912	244 922
Tal på støttemottakarar i høgre utdanning	149 358	155 876	164 620	170 861
Tal på andre støttemottakarar ²	31 237	32 771	36 484	37 357
Sum lån (inkludert konverteringsstipend)	14 222	15 529	16 956	18 026
Gjennomsnittslån (i kroner)	79 437	82 983	84 969	87 190
Utbetalt konverteringsstipend ³	3 934	4 151	4 409*)	n/a
Sum andre stipend (i mill. kroner)	831	903	943	1 105

¹ Tal på studentar i høgre utdanning frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) og Lånekassens tal på studentar i utlandet.

² Tala gjeld studentar på fagskolar, folkehøgskolar, bibelskolar, korte yrkesretta utdanningar samt elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring utan ungdomsrett.

³ Utbetalt stipend etter kontroll av inntekt og formue mot skattelikninga. Status per 31.12.2011. *) Likningskontroll for 2011 er ikkje gjennomført. Det vil bli ein reduksjon i stipend utbetalte for vårsemesteret 2011 når likningskontroll er gjennomført.

Tabell 4.15 Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2010–11	2011–12	2010–11	2011–12
Grunnstipend	70 945	70 522	1 082	1 090
Bustipend	30 475	30 603	1 063	1 085
Utstyrsstipend	161 892	165 544	203	209
Flyktningstipend	1 103	1 186	70	69
Stipend til skolepengar	12 732	13 953	327	367
Tilleggsstipend til skolepengar i utlandet	831	1 139	24	31
Stipend til skolepengar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar	468	493	32	34
Språkstipend	515	493	8	8
Reisestipend, Noreg og Norden	54 880	56 958	64	67
Reisestipend, utanfor Norden	20 979	21 770	118	123
Sjukestipend ¹	589	846	14	21
Foreldrestipend ¹	3 329	3 297	196	197
Forsørgjarstipend ²	11 330	17 241	185	271
Startstipend til kvotestudentar	448	453	n/a	n/a
Stipend til søkjarar med nedsett funksjons- evne eller funksjonshemming	0	510		15
Totalt	370 516	385 008	3 386	3 587

¹ Omgjering av lån til stipend ved sjukdom og fødsel skjer i ettertid. Det betyr at det ikkje ligg føre endelege tal for desse tiltaka ved utløpet av undervisningsåret. For undervisningsåret 2010–11 vart det endelege resultatet for omgjering ved sjukdom 30 mill. kroner, og ved fødsel 235 mill. kroner.

² Behovsprøving mot inntekta til ektefelle/sambuar er lagd om frå hausten 2011. Stipend blir tildelt på bakgrunn av den årsinntekta søkjaren oppgir. Når skattelikninga ligg føre, vil ein kontrollere inntekta, og eventuelt for mykje utbetalt stipend vil bli gjort om til lån. Tidlegare måtte søkjaren dokumentere brutto månadsinntekt til ektefellen før stipend vart utbetalt.

Tabell 4.16 Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra

	2008	2009	2010	2011
Tal på tilbakebetalande låntakarar	530 700	538 494	547 617	560 699
Renteberande lån (i mill. kroner)	72 594	76 407	79 856	84 349
Betalte renter (i mill. kroner)	3 945	3 694	2 617	2 797
Avdrag (i mill. kroner)	4 877	4 819	5 501	5 629
Ettergitt/avskrive (i mill. kroner)	206	232	420	278
Rentestøtte (i mill. kroner)	1 586	1 388	810	974
Uteståande lån (i mill. kroner)	98 468	104 074	109 982	116 736
Uteståande renter	2 906	2 627	2 396	2 329

For å halde oppe kjøpekrafta til studentane har regjeringa kvart år auka satsane for å kompensere for prisutviklinga elles i samfunnet. I undervisningsåret 2011–12 vart alle satsane i utdanningsstøtteordningane auka med to pst. I undervisningsåret 2011–12 vart det innført fleire tiltak for å betre høva for fleire ulike grupper elevar og studantar.

For å betre studiefinansieringa for studentar med nedsett funksjonsevne vart det innført ei ordning med eit ekstra månadleg stipend og støtte i tolv månader for studentar som på grunn av redusert funksjonsevne ikkje kan ta arbeid ved sida av utdanninga. Tiltaket skulle medverke til at fleire personar med nedsett funksjonsevne skulle få høve til å ta høgere utdanning. Vidare får personar med nedsett funksjonsevne, og som ikkje har støtte frå folketrygda som er meint å dekkje utdanning, heile basisstøtta som stipend ved forseinking i utdanninga utover eit år. Forseinkinga må skyldast den nedsette funksjonsevna. Dessa tiltaka har vorte godt mottekne hos interesseorganisasjonar og andre som er opptekne av tilhøva for personar med nedsett funksjonsevne. Tiltaka skal medverke til at studentar med nedsett funksjonsevne i større grad enn tidlegare kan gjennomføre utdanning utan høgere gjeld enn andre studentar.

Tal per 31. desember 2011 syner at ordninga med ekstra stipend blir nytta. Ved årsskiftet mottok totalt 219 personar ekstra stipend. 136 fekk dette til høgere utdanning i Noreg, 18 til høgere utdanning i utlandet, og 65 fekk det til anna utdanning, som folkehøgskole, fagskole og støtte til vidaregåande opplæring for vaksne. Når det gjeld regelen om heile basisstøtta som stipend ved forseinking, er dette ein smalare regel som gjeld svært få. Ved årsskiftet var det berre fem personar som fekk støtte etter denne regelen. Det kan tyde på at lærestadene i stor grad klarer å leggje til rette slik at personar med nedsett funksjonsevne ikkje blir forseinka utover eit år. Det er likevel for tidleg å konkludere i dette, og om ordninga elles verkar etter intensjonen.

I 2011–12 vart grunnlaget for unntak frå kravet om generell studiekompetanse i Noreg for å få støtte til høgere utdanning i land utanfor Norden utvida. Målet var å oppnå ein større grad av jamstilling med krava om opptak til høgere utdanning i Noreg. Det vart opna for å behandle kunstfaget utøvande og skapande musikk som dei andre kunstfaga som kunne gi grunnlag for unntak. Vidare vart det innført ein heimel for å kunne gi unntak i dei tilfella der studentane ikkje har greidd å oppnå generell studiekompetanse på grunn av varig sjukdom, redusert funksjonsevne

eller liknande. Begge unntaka har vorte nytta av nokre få personar i 2011, og er viktige unntak for den avgrensa gruppa dette gjeld.

For å gjere språkstipendet meir fleksibelt, er det ikkje lenger eit krav om at det må vere undervisning fem dagar i veka, det held at timane er fordelte over tre dagar i veka. Erfaringa til departementet er at endringa har fungert godt.

Det vart også opna for å gi elevar ved vidaregåande skolar i utlandet som er godkjende etter privatskolelova, høve til å ta opp lån til skolepengar på lik linje med elevane ved slike skolar i Noreg. Dette sikrar lik handsaming av skolar i Noreg og i utlandet som er godkjende etter privatskolelova.

Frå 2011–12 blir forseinking rekna i studiepoeng eller tilsvarande, uavhengig av studiebelastning. Dette har medverka til å forenkle betrakteleg den manuelle handsaminga av slike saker, og har også gjort det enklare for kundar som er forseinka i utdanning, å følgje med på sin eigen rett til vidare støtte.

Det vart også gjort to mindre justeringar for å betre samordninga mellom ytingar gjennom utdanningsstøtteordninga og andre ytingar frå det offentlege. Den eine justeringa gjekk ut på at foreldrestipendet skulle bli gitt med 50 pst. når ektefellen eller sambuaren tok ut graderte foreldrengar med uttak frå 50 til 90 pst. Den andre justeringa gjekk ut på at det ikkje lenger er høve til å kombinere flyktningstipend med introduksjonsstønad. Begge endringane skal sikre at det offentlege ikkje dekkjer same formålet to gonger.

For å sikre likebehandling av mottakarar av det behovsprøvde grunnstipendet i vidaregåande opplæring vart det i 2011–12 innført ein heimel for å behovsprøve støtta mot inntekta og formuen til personar som har overteke foreldreansvaret for eleven.

Verkeleg verdi

For å anslå den verkelege verdien av utlånsporteføljen er det laga ein modell som skil mellom kostnader knytte til dei utdanningspolitiske og sosiale tiltaka i støtteordningane, og kostnader knytte til kredittrisiko. Lånekassen hadde ein portefølje av uteståande lån og renter på om lag 119,1 mrd. kroner ved utgangen av 2011. Den verkelege verdien av porteføljen er lågare enn den bokførte porteføljen. Dette skyldast både dei ulike utdanningspolitiske og sosiale ordningane som er knytte til støtteordningane i Lånekassen, og forventta tap som skyldast at kundane ikkje oppfyller betalingspliktene sine. Tabellen under syner kva for element det er justert for når ein har berekna verke-

leg verdi av porteføljen. Modellen er utvikla vidare sidan Prop. 1 S (2011–2012), mellom anna ved at det er lagt inn justering for over- og underkurs. Det er lagt til grunn at låna i gjennomsnitt er rentefrie i noko under tre år. På grunnlag av modellen og ein føresetnad om ei rente på fire pst. er den verkelege verdien av porteføljen ved utgangen av 2011 anslått til om lag 108,4 mrd. kroner.

Differansen mellom bokført verdi og anslått verkeleg verdi utgjer om lag 10,7 mrd. kroner. Av dette er om lag 9,5 mrd. kroner knytte til stipend, rentestøtte og avskrivningar, medan om lag 1,3 mrd. kroner skyldast tap som følgje av kreditt-risiko. Den verkelege verdien er dermed anslått til å vere om lag 91 pst. av dei samla fordringane per 31. desember 2011.

Tabell 4.17 Verkeleg verdi

	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2010	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2011
<i>Opphavleg portefølje</i>		
– tilbakebetalarar	81 634	86 060
– studentar	30 745	33 078
<i>Sum opphavleg portefølje</i>	<i>112 379</i>	<i>119 138</i>
<i>Justeringar</i>		
– omgjerung til stipend	3 083	3 153
– rentefritak studentar	1 994	2 190
– rentefritak tilbakebetalarar	2 005	2 124
– ettergitt dødsfall	386	408
– ettergitt sjukdom	694	735
– ettergitt bustad	540	572
– ettergitt Aust-Europa/u-land	309	327
<i>Sum justeringar</i>	<i>9 011</i>	<i>9 509</i>
<i>Justert portefølje</i>	<i>103 368</i>	<i>109 630</i>
– nedskrivning	1 265	1 339
– over-/underkurs	-185	-122
<i>Verdi</i>	<i>101 918</i>	<i>108 412</i>

Ved å leggje til grunn dei same føresetnadene som ved berekning av verkeleg verdi av porteføljen kan ein anslå noverdien av nye utlån i Lånekassen. Tabellen under syner at staten kan forvente å få tilbake om lag 64 øre for kvar nye krone som blir lånt ut frå Lånekassen. Av dei om lag 36 øra av kvar krone som ein ikkje kan forvente blir betalt

tilbake, utgjer stipend, rentestøtte og avskrivningar nesten alt. Under eitt øre per nye krone i nytt utlån blir forventa tapt som følgje av at låntakaren ikkje betaler. Berekninga gjeld alle nye utlån i Lånekassen, og skil ikkje på dei ulike gruppene av lån og låntakarar.

Tabell 4.18 Noverdien av 1 krone i nytt utlån

	Verdi i kroner per 31.12.2010	Verdi i kroner per 31.12.2011
<i>Opphavleg portefølje</i>		
– tilbakebetalarar	0,00000	0,00000
– studentar	1,00000	1,00000
<i>Justeringar</i>		
– omgjerung til stipend	0,28381	0,28105
– rentefritak studentar	0,05163	0,05260
– rentefritak tilbakebetalarar	0,01252	0,01252
– ettergitt dødsfall	0,00241	0,00241
– ettergitt sjukdom	0,00433	0,00433
– ettergitt bustad	0,00337	0,00337
– ettergitt Aust-Europa/u-land	0,00193	0,00193
<i>Sum justeringar</i>	<i>0,36000</i>	<i>0,35821</i>
<i>Justert portefølje</i>	<i>0,64000</i>	<i>0,64178</i>
– nedskriving	0,00679	0,00677
<i>Verdi</i>	<i>0,63322</i>	<i>0,63501</i>

Budsjettforslag for 2013

Forskrift om tildeling av utdanningsstøtte, som skal gjelde for undervisningsåret 2013–14, og forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettar, som skal gjelde for kalenderåret 2013, blir sende ut til alminneleg høring medio oktober 2012. Forslaget til forskrift er i tråd med budsjettforslaget.

Departementet foreslår at alle støttesatsar i Lånkassen blir justerte med to pst. for undervisningsåret 2013–14. Foreslåtte løyvingssendringar ut over dette skyldast som hovudregel endra tal på støttemottakarar og/eller endra renteføresetnader.

Det vart hausten 2011 vedteke ei tidsavgrensa ordning med gradert sjukestipend som inneber at studentar og elevar som er 50 pst. sjukemelde eller meir, kan få sjukestipend tilsvarende sjukemeldingsprosenten. Ordninga kom i stand for å møte behova til elevar og studentar som vart råka av terrorhandlingane 22. juli, men gjaldt alle studentar som blir delvis sjukemelde. I revidert budsjett for 2012 foreslo regjeringa å føre vidare ordninga ut kalenderåret 2012. Departementet foreslår at ordninga skal gjelde òg i 2013 og foreslår å auke løyvinga med 620 000 kroner

Departementet foreslår at konverteringsordninga i Lånkassen blir forenkla, slik det er beskrive under «Strategiar og tiltak». Departementet foreslår ein auke i løyvinga til rentestøtte på kap. 2410 post 72 på 10,7 mill. kroner. Departementet foreslår òg å auke kap. 2410 post 90 med 10,1 mill. kroner som følgje av omlegginga; det skyldast mellom anna ein auke i berekna renter. Vidare blir det anslått at renteinntektene frå Lånkassen på kap. 5617 post 80 vil auke med til saman 20,7 mill. kroner. Konvertering som elles ville vorte gjennomført hausten 2013, blir forskuva til 2014. Dette inneber redusert uttak frå konverteringsfondet på kap. 5310 post 93 i 2013 berekna til om lag 2,2 mrd. kroner i 2013. Frå 2014 vil løyvingssbehovet vere tilbake på om lag same nivå som før omlegginga.

Ordninga med omgjerung av lån til utdanningsstipend ved gjennomført utdanning er lagt opp slik at det blir gitt omgjerung for tidlegare periodar dersom søkjaren fullfører meir utdanning enn normert, eller tek utdanning utan støtte, og ikkje har fått fullt utdanningsstipend for tidlegare periodar. Fristen for slik innhenting av forseinking er i dag åtte år. Vidare er det slik at dersom søkjaren har fått fullt utdanningsstipend for tidlegare periodar, men tek fleire studiepoeng enn normert, kan overskottsresultata bli «sett på konto» og nytta til

omgjering for seinare periodar dersom søkjaren blir forseinka. Fristen for å få brukt slike overskott av studiepoeng er i dag åtte år etter at studiepoenga vart tekne.

Departementet foreslår å redusere desse to åtteårsfristane til fire år. Fire år er ei rimeleg grense som gir tilstrekkeleg moglegheit til å hente inn fagleg forseinking og til å bruke ekstra studiepoeng ved seinare forseinking. For søkjarar som er forseinka i utdanninga, vil ei grense på fire år gi sterkare insentiv til å fullføre utdanninga raskare. Gruppa som tek ekstra studiepoeng og som seinare blir forseinka, er i tillegg svært liten, og konsekvensane av å redusere den perioden studiepoeng «står på konto» er små. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 36,2 mill. kroner.

For å sikre studentar med barn føreseielege reglar foreslår departementet å gjere to mindre endringar. For det første foreslår departementet å utvide den unntaksregelen som i dag gjeld berre ved prematur fødsel, slik at søkjarar som føder før terminato, generelt skal ha rett til foreldre-stipend dersom dei ved fødsel på terminatoen ville hatt rett til dette stipendet. Hovudregelen skal framleis vere at søkjaren må ha hatt rett til støtte i seks månader før fødselen. Departementet foreslår å auke løyvinga med 198 000 kroner. Vidare foreslår departementet å endre fristen for innsending av opplysningar om fødsel, slik at studentar som får barn 1. mars eller seinare, kan sikrast forsørgjarstipend for vårsemesteret. Etter regelverket som gjeld i dag, må opplysningar om endringar som har betydning for støttebeløpet, vere komne inn til Lånekassen innan 15. mars for at ny støtte skal kunne bli tildelt. Det verkar urimeleg at studentar ikkje skal kunne få forsørgjarstipend dersom dei ikkje melder frå om at dei ventar barn, før fødselen har funne stad. Søknadsfristen for studentar som får barn etter 1. mars, blir foreslått endra til slutten av undervisningsåret/kurset. Departementet foreslår ikkje å endre fristen for andre. Budsjetteffekten av dette forslaget kjem ikkje før i 2014 og er berekna til om lag 120 000 kroner.

Departementet ønskjer auka internasjonalisering i høgre utdanning. Noreg har inngått samarbeidsavtalar om utdanning med Kina og Russland, og studentmobilitet er eit viktig element i desse avtalane. For å unngå dobbeldekking av utgifter til same formål får norske studentar i utlandet i dag ikkje støtte frå Lånekassen dersom dei mottok støtte frå ei offentleg støtteordning i eit anna land. For enkelte medfører dette at dei takkar nei til stipend frå Russland eller Kina. Departementet foreslår å innføre ei ordning der søkjarar som vel å ta

imot stipend frå russiske eller kinesiske offentlege stipendordningar, i tillegg kan få utdanningsstøtte frå Lånekassen som lån. Departementet foreslår også at desse søkjarane skal få reisestøtte etter dei same reglane som gjeld for andre studentar i utlandet. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 234 000 kroner som følgje av forslaget. I tillegg kjem 488 000 kroner i auka utbetaling av lån.

Tildeling av grunnstipend og lån til elevar i vidaregåande opplæring er behovsprøvd og er avhengig av inntekta til forsørgjarane. Grenser og frådrag går fram av ein tabell i forskrifta. For enkelte inntektsintervall er tabellen av i dag ikkje heilt systematisk, og departementet foreslår nokre forenklingar i tabellen, slik at det blir ein meir konsekvent samanheng mellom størrelsen på inntekta og størrelsen på ytinga. Dette er i hovudsak ei opprydding, og endringane for dei fleste elevane blir små. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 700 000 kroner. I tillegg kjem 300 000 kroner i auka utbetaling av lån.

For å ha rett til støtte til utdanning i land utanfor Norden må søkjaren ha budd i Noreg i minst to år samanhengande i løpet av dei fem siste åra før utdanninga i utlandet startar. Det er gjort ein del unntak frå dette kravet om butid i regelverket. Departementet foreslår no ei forenkling av eit av krava, og ei utviding av eit av dei andre krava. Forenklinga inneber endringar i unntaket for søkjarar som er busett i utlandet fordi søkjaren sjølv, ein av foreldra eller ektefellen er i teneste for norsk næringsliv i utlandet. Avgrensinga «norsk næringsliv» medfører mange vanskelege saker, og det er behov for ei avklaring av kva som ligg i dette omgrepet. Departementet foreslår derfor at dette blir definert som eit norskregistrert føretak med generell skatteplikt til Noreg. I tillegg foreslår departementet at arbeidsforholdet blir definert som tidsavgrensa for å sikre at søkjaren har ei reell tilknytning til Noreg. Vidare foreslår departementet å opne for rett til støtte til elevar i vidaregåande opplæring som følgjer med foreldre eller ektefelle som tek utdanning i utlandet i ein periode. Forslaget vil bidra til likebehandling mellom elevar som følgjer med foreldre/ektefelle som arbeider ute, og elevar som følgjer med foreldre/ektefelle som studerer ute. Samla foreslår departementet at løyvinga blir redusert med 209 000 kroner som følgje av endringa. I tillegg kjem 991 000 kroner i redusert utbetaling av lån.

For at låntakarar som bur i, eller flytter til, Finnmark (og enkelte utvalde kommunar i andre fylke), skal få ettergiving av delar av utdanningslånet, må dei bu og arbeide der i minst tolv månader

samanhengande. I dag blir oppteningstida rekna frå det første månadsskiftet etter at låntakaren har starta i jobben. Dette inneber at det unntaksvis er eksemplar på personar som ikkje får ettergiving sjølv om dei har jobba samanhengande i tolv månader. Departementet foreslår derfor at den faktiske datoen låntakaren startar i arbeidsforholdet, skal nyttast som starttidspunkt for oppteningsgrunnlag. Budsjetteffekten av dette forslaget kjem ikkje før i 2014 og er berekna til 87 000 kroner.

I statsbudsjettet for 2012 vart det vedteke at kapitalinntekter skal reknast med i grunnlaget for behovsprøving av stipend. Sommaren 2012 varsla kunnskapsministeren at departementet ville ta initiativ til å endre reglane slik at renteinntekter frå Bustadsparing for Ungdom (BSU) ikkje skal føre til redusert stipend. Departementet vil komme med forslag til nødvendige løyvingssendingar for 2012 i omgrupperingsproposisjonen. For 2013 foreslår departementet ein auke i løyvinga med 4,1 mill. kroner.

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Heile basisstøtta til studentar i høgre utdanning m.m. blir utbetalt som lån, og inntil 40 pst. av basisstøtta kan bli konvertert frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført, jf. forslag til vedtak III nr. 3. Løyvinga på post 50 dekkjer avsetning til eit fond (konverteringsfondet) som Lånekassen trekkjer midlar frå etter kvart som lån blir gjorde om til stipend. Ved budsjettering av posten for 2013 blir det lagt til grunn at ti pst. av utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje blir bestått og derfor ikkje gir omgjerung frå lån til stipend. Utdanningsstipendet blir behovsprøvt mot inntekt og formue. Ved budsjettering av posten er det derfor føreset at delar av stipenda blir gjorde om til lån etter den etterskottsvise behovsprøvinga mot inntekt og formue. Avsetninga på posten er altså redusert for

den delen av låna som ikkje er forventa å bli konvertert fordi utdanninga ikkje blir gjennomført, og for den delen av stipenda som er forventa å bli rekonvertert til lån i samband med likningskontrollen.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld utstyrsstipend, grunnstipend og bustipend til elevar og lærlingar i vanleg vidaregåande opplæring, samt flyktningstipend, foreldrestipend, sjukestipend og forsørgjarstipend for alle grupper.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld ulike stipend til dekning av reise, skolepengar og språkkurs i innland og utland.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer kostnaden ved at utdanningslån er rentefrie i utdanningstida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på post 73 er heimla i forskriftene til Lånekassen og i lov om utdanningsstøtte nr. 37 av 3. juni 2005. Avskrivningane på posten omfattar blant anna avskrivning grunna sjukdom og død. Vidare er det egne ordningar for avskrivning for visse lærarutdanningar, og for personar som er busette og arbeider i Finnmark. Restgjeld blir automatisk avskrive når restbeløpet er under minimumsbeløpet for innkrevjing i forskriftene.

Tabellen viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.19 Avskrivingsselement

Element	(i 1000 kr)		
	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
Sjukdom ¹	6 620	250 000	125 000
Dødsfall	57 277	58 000	58 900
Automatisk avskrivning	1 425	1 200	1 200
Avskrivning for lærarutdanning	11 076	12 100	12 100
Finnmarks-avskrivning ²	92 817	132 250	114 650
Avskrivning kvoteordninga	21 847	23 020	20 720
Rentefritak	110 696	107 400	107 950
Sum	301 758	538 970	440 520

¹ På grunn av feil i IT-system i Lånekassen vart det ikkje gjennomført noka ettergiving pga. sjukdom hausten 2011. Ein forventar at all avskrivning som skulle vore gjort i 2011, blir gjennomført i 2012, og det har ikkje hatt økonomiske konsekvensar for kundane.

² På grunn av feil i IT-system i Lånekassen vart det gjennomført mindre avskrivning av lån til låntakarar i Finnmark m.m. hausten 2011. Ein forventar at all avskrivning som skulle vore gjort i 2011, blir gjennomført i 2012, og det har ikkje hatt økonomiske konsekvensar for kundane.

Av samla avskrivning på 440,5 mill. kroner reknar ein med at om lag 305 mill. kroner vil utgjere opphavleg hovudstol (det opphavlege utdanningslånet til kunden). Dei resterande avskrivningane fordeler seg med 40 mill. kroner frå renter i 2013 og 95 mill. kroner i renter frå tidlegare år.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekkjer avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne i rekneskapane som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingssentral (SI).

Tabellen nedanfor viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.20 Tapselement

	(i 1000 kr)		
	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
SI-permanent	291 846	280 000	280 000
Lån etter gjeldsordning	29 362	35 000	35 000
Andre forhold	2 080	7 500	7 500
Sum	323 288	322 500	322 500

Tap på den opphavlege hovudstolen er berekna til å utgjere 239,5 mill. kroner, medan tap på renter frå tidlegare periodar utgjer om lag 76 mill. kroner i 2013. Årets renter på tap/kostnadsfordringane er berekna til å utgjere 7 mill. kroner i 2013.

Kundar som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling, får lånet førebels overført til SI. Der som arbeidet til SI fører fram og kunden kjem å jour med betalingar, blir saka ført tilbake til Lånekassen. Lånekassen eig kravet og handterer gjeldsordningssaker i denne perioden. Det er

først når lånet blir permanent overført til SI, normalt når gjelda har vore oppsagd i tre år, at kravet i rekneskapeleg samband blir overført til SI. Frå 1996 til og med 2011 har 55 841 kundar fått gjelda permanent overført til SI, med eit samla beløp på 6,04 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravd inn 2,4 mrd. kroner. Innkrevjingsresultatet i 2011 for permanent overførte studielån vart på 269 mill. kroner mot 251 mill. kroner i 2010 og 207 mill. kroner i 2009. Det vart overført lån permanent frå Lånekassen til SI på 292 mill. kroner i 2011, 284 mill. kroner i 2010 og 277 mill. kroner i 2009. Innkrevjinga til SI av overførte studielån er berekna til 240 mill. kroner i 2013.

Gjeldssletting etter gjeldsordning er berekna til 35 mill. kroner i 2013. Andre tapselement, mellom anna forelda renter, utanrettsleg gjeldsordning samt heil og delvis ettergiving av fordringar som det er uråd å drive inn, er berekna til om lag 7,5 mill. kroner.

Post 76 Startstipend for kvotestudentar, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utbetaling av stipend til kvotestudentar tilsvarande basisstøtte i to månader når dei kjem til lærestaden i Noreg for første gong.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer samla nye utlån frå Lånekassen i 2013, og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalte ved utgangen av året.

Nye utlån til kundar samt omgjeringsar er berekna til å utgjere i underkant av 19,3 mrd. kroner, medan nettoutlån til ubetalte renter er berekna til å utgjere om lag 970 mill. kroner. Den totale løyvinga på posten blir da om lag 20,2 mrd. kroner i 2013.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
03	Diverse inntekter	188		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	24 000	24 000	24 000
16	Refusjon av foreldrepengar	1 267		
18	Refusjon av sjukepengar	4 381		
29	Termingebyr	26 298	25 500	25 616
89	Purregebyr	81 803	91 009	88 850
90	Redusert lån og rentegjeld	7 380 581	8 235 800	8 015 109
93	Omgjering av studielån til stipend	4 821 766	4 915 449	2 945 883
	Sum kap. 5310	12 340 284	13 291 758	11 099 458

Kapitlet gjeld inntekter til Lånekassen, i hovudsak innbetalingar frå kundane, innbetaling frå konverteringsfondet og ulike refusjonar.

Post 03 gjeld i hovudsak refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemder.

Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Post 04 gjeld ettergiving av studielån for kvotestudentar frå utviklingsland som flytter til heimlandet og buset seg der varig. Det er

Utanriksdepartementet som betaler refusjonen til Lånekassen over kap. 167 Flyktningiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA).

Post 29 gjeld gebyr på 35 kroner for førstegongsvarsling ved terminforfall. Kundar som nyttar eFaktura, blir ikkje belasta med gebyr ved førstegongsvarsel. Post 89 gjeld gebyr på 280 kroner ved andregongsvarsel og 490 kroner ved tredje-gongsvarsel (varsel om oppseiing).

Løyvinga på post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år. Avskrivne og

betalte renter er splitta opp i avskrivne og betalte renter i inneverande og tidlegare budsjettperiodar.

Tilbakebetaling av opphavleg hovudstol er berekna til å utgjere om lag 6,4 mrd. kroner i 2013. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare periodar er berekna til å utgjere om lag 894 mill. kroner i 2013. Tilbakebetaling frå tap/kostnads-løyvingar utgjer om lag 716 mill. kroner (omfattar

både hovudstol og berekna renter frå tidlegare periodar, spesifisert på kap. 2410 postane 73 og 74).

Post 93 omfattar innbetaling frå eit fond (konverteringsfondet) til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend, sjå omtale under kap. 2410 post 50.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2011	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
80	Renter	3 866 019	4 824 471	3 377 934
	Sum kap. 5617	3 866 019	4 824 471	3 377 934

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til Lånekassens kundar. Dette gjeld renter som er belasta kundar i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyvde på tilskottspostar til å dekkje kostnadene til staten på lån som er rentefrie under utdanninga, og på lån som er avskrivne.

Rentestøtta er berekna til å utgjere om lag 966 mill. kroner, medan opptente og innbetalte renter

frå kundane er berekna til å utgjere om lag 1,4 mrd. kroner i 2013. Opptente ikkje-betalte renter frå kundane er berekna til å utgjere om lag 968 mill. kroner, medan årets renter frå tap/kostnads-løyvingar er berekna til å utgjere om lag 47 mill. kroner i 2013.

Del III
Strategiar og oversikter

5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

5.1 Innleiing


Ny kunnskap og ny erkjenning skaffa fram gjennom forskning er viktig for at Noreg skal utvikle seg og lykkast som samfunn. Regjeringa vil derfor framleis satse på forskning i åra framover, og held fast ved målet om å auke forskingsløyvingane i tråd med dei forskingspolitiske måla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, jf. Innst. S. nr. 354 (2008–2009).

Innsatsen til forskning og utvikling i budsjettforslaget til regjeringa for 2013 er førebels anslått til 27,4 mrd. kroner, inkludert Skattefunn. Dette er ein auke på om lag 1,4 mrd. kroner samanlikna med statsbudsjettet for 2012, ein realauke på 2,2 pst. Sidan 2005 har det vore ein realauke i den offentlege FoU-innsatsen på 32,1 pst., ein gjennomsnittleg årleg realauke på 3,5 pst.

Forslaget til statsbudsjett for 2013 viser følgjande hovudprioriteringar: klimaforskning, forskning på samfunnstryggleik og beredskap, europeisk forskingssamarbeid, nanoteknologi og eit nytt isgåande forskingsfartøy.

Dei ni forskingspolitiske måla

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* slo regjeringa fast at forskingspolitikken skal retast inn mot fem strategiske mål og fire tverrgående mål. Dei fire tverrgående måla omhandlar forskingssystemet, medan dei strategiske måla viser temaområde som skal vere særleg prioriterte i forskingspolitikken. I tråd med Soria Moria-erklæringa legg måla òg sterkare vekt på velferdsutfordringane og det globale perspektivet i forskinga.



Figur 5.1 Målbilete for norsk forskning

Målet til regjeringa er at norsk forskingspolitikk skal medverke til

- å løyse globale utfordringar med særleg vekt på miljø-, klima-, hav-, mattryggleiks- og energiforskning
- god helse, utjamning av sosiale helseskilnader og utvikling av helsetenester av høg kvalitet

- forskingsbasert velferdspolitikk og profesjonsutøving i yrka i velferdssektoren
- eit kunnskapsbasert næringsliv i heile landet
- næringsrelevant forskning på områda mat, marin, maritim, reiseliv, energi, miljø, bioteknologi, IKT og nye materialar/nanoteknologi
- høg kvalitet i forskinga
- eit velfungerande forskingssystem

- høg grad av internasjonalisering av forskinga
- effektiv utnytting av forskingsressursane og -resultata

Dei forskingspolitiske måla er felles for alle departementa, og løyvingane til forskning og utvikling i statsbudsjettet må sjåast i lys av alle måla. Dei fire tverrgåande måla er også nærmare omtalte under programkategori 07.70 Forsking.

5.2 Forsking og utvikling i statsbudsjettet 2013

Regjeringa ønskjer i statsbudsjettet for 2013 å styrkje den nasjonale forskingsinnsatsen i tråd med måla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*. Hovudprioriteringane på forskingsområdet i statsbudsjettet for 2013 er klimaforsking, forskning på samfunnstryggleik og beredskap,

europesk forskningssamarbeid, nanoteknologi og eit nytt isgåande forskingsfartøy.

Med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2012 frå NIFU viser eit førebels overslag frå Kunnskapsdepartementet at dei samla løyvingane til forskning og utvikling i budsjettforslaget til Regjeringa for 2013 er på om lag 25,8 mrd. kroner. Dette er ein nominell auke på om lag 1,4 mrd. kroner frå 2012. Dersom ein inkluderer Skattefunnordninga, blir den offentlege FoU-innsatsen på 27,4 mrd. kroner i 2013. Dette vil utgjere om lag 0,92 pst. av anslaget for BNP i 2013. Rekna som del av Fastlands-BNP vil FoU-innsatsen utgjere om lag 1,1 pst. i 2013.

Tabellen nedanfor viser overslaget over løyvingane til FoU over statsbudsjettet fordelt på departement. Tala er usikre. NIFU vil leggje fram endelege tal for FoU-løyvingane i statsbudsjettet i juni 2013.

Tabell 5.1 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet, i mill. kroner

Departement	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013	Endring 2012–13
Kunnskapsdepartementet	12 469	13 227	758
Helse- og omsorgsdepartementet	3 260	3 468	208
Nærings- og handelsdepartementet	1 894	1 940	47
Utanriksdepartementet	1 035	1 208	173
Forsvarsdepartementet	1 010	1 010	–
Fiskeri- og kystdepartementet	888	980	92
Olje- og energidepartementet	797	804	7
Miljøverndepartementet	708	714	6
Landbruks- og matdepartementet	599	641	42
Samferdsledepartementet	294	299	5
Kommunal- og regionaldepartementet	243	252	9
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet	220	214	–5
Arbeidsdepartementet	214	229	15
Barne-, likestillings- og integreringsdepartementet	150	161	11
Kulturdepartementet	132	139	7
Finansdepartementet	110	115	5
Justis- og beredskapsdepartementet	49	65	16
Statsbankane	362	362	–
Totalt	24 434	25 828	1 397

Den nominelle auken i løyvingane til forskning er foreløpig anslått til om lag 1,4 mrd. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2012. Dette tilsvarer ein realvekst på 2,4 pst. Auken i FoU-løyvingane skriv seg delvis frå ein auke i løyvingane på postar med FoU-del, og delvis frå konkrete FoU-satsingar, sjå nedanfor.

Over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er det ein anslått auke i FoU-innsatsen på 758 mill. kroner. Auken er særleg knytt til auka kontingent til EUs rammeprogram for forskning og at studie-plassar som har blitt oppretta tidlegare år blir førde vidare. Auken over budsjettet til Utanriksdepartementet er særleg knytt til EØS-finansieringsordningane, der NIFU har berekna at ein del av desse finansierer forskning. Det er også anslått at det vil vere ein auke i løyvingane til forskning og utvikling over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet på 208 mill. kroner. Auken er særleg knytt til auka aktivitetsvekst i helseføretaka. Nedgangen over budsjettet til Fornyings, administrasjons- og kyrkjedepartementet skriv seg frå at byggeprosjekt i universitets- og høgskolesektoren har eit venta lågare finansieringsbehov i 2013 enn i 2012.

Forskning og utvikling i statsbudsjettet 2013 – nye tiltak

Ei brei satsing på klimaforskning

Klimaendringane er omfattande og skjer raskt. Noreg treng ei brei satsing på klimaforskning for å kunne ta i bruk ny kunnskap og innsikt i møte med desse endringane. Regjeringa foreslår derfor 42 mill. kroner til ei satsing på klimaforskning gjennom Noregs forskingsråd over budsjetta til Kunnskapsdepartementet, Miljøverndepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Satsinga skal omfatte samfunnsvitskapleg og humanistisk klimaforskning, og grunnleggjande forskning knytt til klimaendringane i Arktis, klimasystemet og klimatilpassa matproduksjon. Satsinga vil følgje opp Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*, Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords*, klimaforliket og målet i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* om å utvikle kunnskap for å møte globale utfordringar. I tillegg foreslår regjeringa å auke tildelinga til Senter for klimadynamikk (SKD) ved Bjerknessenteret med 5 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dette er eit internasjonalt leiande klimaforskningsmiljø ved Universitetet i Bergen, med Havforskningsinstituttet, Nansensenteret og

Uni Research som jamstilte partnerar. Over budsjettet til Miljøverndepartementet foreslår regjeringa også 5 mill. kroner til byforskning og 2 mill. kroner til rovdryrforskning gjennom Noregs forskingsråd.

Styrkt forskning på samfunnstryggleik og beredskap

Terroraksjonen 22. juli 2011, ekstremvær og ras, problem med telenettet og ulykker til sjøs har synt behovet for ein styrkt, sektorovergripande forskingsinnsats innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Forskringsrådets femårige program *Samfunnssikkerhet og risiko (SAMRISK)* vart avslutta i 2011. Regjeringa foreslår derfor at det frå 2013 blir oppretta eit nytt forskingsprogram i regi av Noregs forskingsråd innanfor samfunnstryggleik og beredskap, med eit budsjett på 20 mill. kroner over budsjetta til Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Samferdsledepartementet og Forsvarsdepartementet. Eit eige programutval skal ved årsskiftet leggje fram ein programplan med den tematiske og faglege innrettinga til programmet, med utgangspunkt i mellom anna Gjørv-kommisjonen rapport. Justis- og beredskapsdepartementet, Samferdsledepartementet og Forsvarsdepartementet deltek i utvalet.

Internasjonalisering av norsk forskning

St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* peikte ut internasjonalisering som eitt av dei fire tverrgåande måla. Det europeiske samarbeidet er ein hovudarena for internasjonalt samarbeid og ein hovudprioritet for norsk forskning. Noreg har med stort utbytte delteke i EUs rammeprogram for forskning sidan 1994. Deltakinga er viktig for å auke kvaliteten i norsk forskning. Forskingssamarbeidet gjennom rammeprogramma har vorte stadig meir omfattande. Noregs kontingent til rammeprogramma er i 2013 berekna til å bli om lag 1,7 mrd. kroner, ein auke på om lag 318 mill. kroner frå 2012. Den norske deltakinga i den europeiske romorganisasjonen ESA er ein viktig del av internasjonaliseringa av norsk romforskning, sikrar norske forskarar tilgang til dei beste satellittdataa og har stor betydning for auka verdiskaping i norsk høgteknologisk industri. Regjeringa foreslår derfor å sette av 113,6 mill. kroner i 2013 over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet til deltaking i dei nye ESA-programma. I tillegg foreslår regjeringa å styrkje arbeidet med felles europeiske forskingsprogram (Joint Programming Initiatives

– JPI) gjennom Noregs forskingsråd med 6,2 mill. kroner over budsjettet til Miljøverndepartementet.

Styrkt forskingsinnsats i polarområda

Behovet for eit nytt isgåande forskingsfartøy er slått fast i nordområdestrategien til regjeringa. Arktis og Antarktis har ei nøkkelrolle i global klimasamanheng. Eit isgåande forskingsfartøy vil mellom anna styrkje Noregs evne til å bidra med viktig kunnskap i det internasjonale klimaarbeidet gjennom auka forskingsinnsats i Arktis og Antarktis. I statsbudsjettet 2013 foreslår derfor regjeringa ei startløyving på 75 mill. kroner til bygging av eit nytt isgåande forskingsfartøy. Fartøyet vil ha heimehamn i Tromsø, og vil vere svært viktig for polar- og miljøforskninga og ressurskartlegging i nordområda. Samla kostnadsramme for fartøysprosjektet er om lag 1,42 mrd. kroner. Regjeringa foreslår òg 10 mill. kroner til oppretting av eit forskings- og kompetansesenter innanfor arktiske utfordringar over budsjettet til Olje- og energidepartementet. Senteret skal liggje i eitt av dei tre nordlegaste fylka, og tildelinga til senteret vil bli lyst ut gjennom Noregs forskingsråd.

Oppfølging av teknologistrategiane

Regjeringa la fram ein FoU-strategi for nanoteknologi i juni 2012. Målsettinga til regjeringa er at ansvarleg nanoteknologi skal gi eit vesentleg bidrag til norsk næringsutvikling og samfunnsnytte. Regjeringa vil at nanoteknologi skal bidra til auka konkurransekraft i norsk næringsliv og betre handtering av dei globale samfunnsutfordringane, utan å gi uønska effektar på helse, miljø og samfunn. Regjeringa har peikt ut tre satsingsområde som den offentlege innsatsen skal konsentrerast om: grunnleggjande kunnskapsutvikling, innovasjon og kommersialisering og ansvarleg teknologiutvikling. For å følgje opp strategien vil regjeringa mellom anna føre vidare ei målretta FoU-satsing på nanoteknologi gjennom eit eige program i Noregs forskingsråd, *NANO2021*. I statsbudsjettet for 2013 foreslår regjeringa ei satsing på *NANO2021* på 20 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Nasjonalt strategi for bioteknologi vart lagd fram i desember 2011. Strategien har som mål at vi i stadig større grad skal ta i bruk bioteknologi for å møte dei store samfunnsutfordringane og for å sikre betre verdiskaping. I strategien identifiserer regjeringa fire tematiske område. Dei fire områda er havbruk, sjømat og forvaltning av det marine miljøet; landbruksbasert mat- og biomasse-

produksjon; miljøvennlege industrielle prosessar og produkt; helse, helsetenester og helserelaterte næringer. For å følgje opp strategien foreslår regjeringa ei styrking av programmet *BIOTEK2021* i Noregs forskingsråd på 10 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Forskning for helse- og velferdstenestene

Det er behov for å styrkje forskinga for helse- og velferdstenestene og samtidig bidra til å auke forskingsforankringa i fagmiljøa som gir helse- og sosialfagleg utdanning. I 2012 vart Forskringsrådets program for praksisretta FoU i helse- og velferdstenestene etablert. Programmet er ei oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd. Samspill i praksis*. Regjeringa foreslår å auke tildelinga til programmet med 7 mill. kroner innanfor Kunnskapsdepartementets tildeling til Noregs forskingsråd. I tillegg vil Arbeidsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet føre vidare dei 11 mill. kronene som kom til programmet i samband med revidert nasjonalbudsjett 2012, som ei varig styrking av programmet. Anna oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) er nærare omtalt under kategori 07.60.

Nye Senter for framifrå forskning

Ordninga med *Senter for framifrå forskning* (SFF) har til formål å leggje til rette for at forskingsinstitusjonane kan utvikle forskingsmiljø i verdsklasse. I tillegg verkar ordninga strukturerande ved at ho legg til rette for auka samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i forskingssektoren. Sidan 2008 har 21 senter fordelt på åtte vertsinstitusjonar vore i full drift. Sentra varer i inntil ti år, og dei første sentra som hadde oppstart i 2003, er no i ferd med å bli avslutta. Midlane frå den første runden er derfor lyste ut på nytt, og til den første fristen mottok Forskringsrådet 139 søknader. Alle søknadene vart vurderte av internasjonale fagpanel, og til slutt vart 29 av søkjarane inviterte til å levere ein fullstendig søknad. I november 2012 vil det bli klart kven av dei 29 som får status som SFF i 2013. For å sikre gode rammevilkår for sentra som blir tildelt midlar frå 2013, foreslår Regjeringa ei styrking av ordninga med 35 mill. kroner innanfor Kunnskapsdepartementets tildeling til Noregs forskingsråd.

Oppfølging av landbruks- og matmeldinga

I tråd med dei overordna måla i St. Meld 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til*

bords, skal landbruks- og matforskinga bidra til å auke nasjonal matproduksjon i takt med etterspurnaden til ei aukande befolkning. Klimaendringane skapar utfordringar, men også betydelege moglegheiter for det norske landbruket. Regjeringa foreslår derfor å styrkje forskingsinnsatsen for å auke matproduksjonen og for å tilpasse produksjonen til eit endra klima. Særleg skal forskning for betre agronomi og auka kornproduksjon prioriterast. Samtidig er det viktig at landbruks- og matforskinga bidreg til auka innovasjon og konkurransevne innanfor dei mange næringane i landbruket. Det leggjast derfor opp til å styrkje forskning som fremjar auka konkurransevne i næringsmiddelindustrien. Regjeringa foreslår å styrkje matforskinga med 10 mill. kroner over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet.

Kavli Institute for Systems Neuroscience

Kavli Institute for Systems Neuroscience ved Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet i Trondheim er eit av dei mest framifrå forskingsmiljøa i Noreg. For å sikre dette unike forskingsmiljøet stabile rammevilkår, foreslår regjeringa 12,5 mill. kroner til senteret.

Kjønnsbalanse i forskning

Sjølv om kvinner innanfor dei fleste fagområde gjennomfører doktorgradsutdanning i like stor grad som menn, går utviklinga når det gjeld kjønnsbalanse på toppnivå svært langsamt. BALANSE er ei satsing for å fremme kjønnsbalansen i faglege toppstillingar og forskingsleing. Regjeringa foreslår derfor å auke tildelinga til BALANSE med 7 mill. kroner innanfor tildelinga til Noregs forskingsråd over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

Utdanningsforskning

Regjeringa foreslår å auke den samla rammetildelinga til utdanningsforskningsprogramma *Utdanning2020* og *PRAKUT* med 3,4 mill. kroner til 61,1 mill. kroner i 2013 over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. For å få meir kunnskap om effektar av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning foreslår regjeringa i tillegg å setje av 3 mill. kroner årleg i ein femårsperiode til forskning på dette feltet. Tiltaket er ei oppfølging av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*.

Rusmiddelforskning

For å følgje opp Meld. St. 30 (2011–2012) *Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk alkohol – narkotika – doping*, foreslår regjeringa å auke tildelinga til Rusmiddelforskningsprogrammet i Noregs forskingsråd med 4 mill. kroner i 2013 over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet.

Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA)

Regjeringa ønskjer også å prioritere verkemiddel som er retta inn mot breidda av norsk næringsliv og foreslår derfor å styrkje tildelinga til Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) med om lag 10 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

5.3 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd mottek løyvingar over budsjetta til alle departementa. Tildelingane frå departementa omfattar både generelle faglege tildelingar, institutt-tildelingar og særskilde midlar som er øyremerkte til einskilde program eller prosjekt. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingsforslag for dei største bidragsytarane i statsbudsjettet for 2013.

Tabell 5.2 Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane, i 1 000 kroner

Kap. post	Departement	Saldert budsjett 2012	Forslag 2013
285.52/53/54	Kunnskapsdepartementet	2 421 598	2 498 311
285.55	Kunnskapsdepartementet – administrasjon	266 505	275 300
920.50	Nærings- og handelsdepartementet	1 360 000	1 413 900
1830.50	Olje- og energidepartementet	718 000	728 000
780.50	Helse- og omsorgsdepartementet	284 141	302 518
1137.50	Landbruks- og matdepartementet	219 271	229 677
1023.50	Fiskeri- og kystdepartementet	205 070	207 200
1410.51/53	Miljøverndepartementet	174 066	197 282
1301.50	Samferdsledepartementet	155 500	142 000
Sum		5 804 151	5 994 188

Totalt er det ein nominell auke i løyvingane frå dei største bidragsytarane på 190 mill. kroner, ein auke på om lag 3,3 pst. Auken skriv seg hovudsakelig frå ein auke på budsjettet til Kunnskapsdepartementet på om lag 77 mill. kroner og ein auke på budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet på om lag 54 mill. kroner. I tillegg er det ein nedgang på budsjettet til Samferdsledepartementet på 13,5 mill. kroner.

Det er utvikla eit felles mål- og resultatstyringssystem for tildelingane frå departementa til Noregs forskingsråd. Systemet inneber felles retningslinjer for styringa av Forskingsrådet, ein felles målstruktur for tildelingsbrev og eit sett rapporteringsindikatorar. Den nye målstrukturen byggjer opp under dei nasjonale forskingspolitiske måla. Den felles mål- og resultatstrukturen for Forskingsrådet er sett i verk frå og med budsjettåret 2010. Basert på desse måla er det også utvikla eit sett med styringsparametrar som er grunnlaget for den rapporteringa Forskingsrådet arbeider fram for departementa. Styringsparametrane er utvikla i samband med tildelingsbrev for 2010. Departementa rapporterte på verksemda til Forskingsrådet i høve til den nye målstrukturen for første gong i 2011. I budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet står denne rapporteringa under kap. 285.

Noregs forskingsråd har vorte evaluert. Evalueringa skulle gi ei samla vurdering av Forskingsrådet ut frå dei overordna måla som er sette for verksemda til rådet, og vurdere desse i lys av nye utviklingstrekk. Technopolis Group har gjennom-

ført evalueringa og la ho fram i september 2012. Den overordna konklusjonen i evalueringa er at Forskingsrådet fungerer godt. Aktørane i det norske forskings- og innovasjonssystemet er òg i stor grad nøgde med innsatsen til Forskingsrådet. Samla viser evalueringa at Forskingsrådet har stor betydning og effekt i det norske FoU-systemet, og at Forskingsrådet har etablert effektive og gode prosedyrar for søknadshandsaming. Evalueringa viser òg at det resultatbaserte finansieringssystemet for institutta allereie har hatt positive effektar, og at Forskingsrådet bør implementere systemet fullt ut.

Evalueringa legg vidare vekt på at kvaliteten på norsk forskning er høg, men at han ikkje er høg nok. Evaluatorane tilrår derfor at Forskingsrådet bør leggje enda sterkare vekt på kvalitet framover. Arbeidet med evalueringar i Forskingsrådet bør systematiserast og leggje større vekt på effektane av innsatsen. Forskingsrådet bør også tilby jamlege evalueringar av enkeltinstitutt eller grupper av institutt. Evalueringa inneheld mange tilrådingar som dels rettar seg mot departementa og dels mot den eigne verksemda til Forskingsrådet. Regjeringa vil mellom anna følgje opp resultat og tilrådingane i evalueringa gjennom den kommande forskingsmeldinga.

Forskingsinstitutta

Den noverande ordninga for statleg basisløyving til forskingsinstitutta kom i stand i 2009, jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2008–2009) og St.prp nr. 1

(2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. Det vart da varsla at ordninga ville bli evaluert etter tre år. Damvad Norge har no gjennomført ei evaluering på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Sjølv om det er krevjande å måle og isolere effekten av det nye systemet etter berre tre år, syner evalueringa at endringa har vore eit viktig steg for å styrkje instituttsektoren som leverandør av relevant forskning av høg kvalitet. Samstundes viser evalueringa at systemet er komplekst, og at ei forenkling kan bidra til betre måloppnåing. Kunnskapsdepartementet vil komme tilbake til oppfølging i samband med den varsla stortingsmeldinga om forskingspolitikken i 2013.

Det er òg to andre utgreiingar om instituttsektoren under arbeid. Den eine handlar om samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon i instituttsektoren og mellom instituttsektoren og

universitet og høgskolar. Den andre utgreiinga tar for seg korleis anvend oppdragsforskning er organisert i ulike land. Til saman vil evalueringa og utgreiingane bidra til å gi regjeringa eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare utforming av instituttspolitikken.

5.4 Utviklinga i offentleg forskingsinnsats

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) varsla regjeringa at ho vil supplere det overordna målet om at forskning og utvikling (FoU) skal utgjere tre pst. av BNP med andre indikatorar som gir eit meir nyansert bilete av forskingsinnsatsen i Noreg: FoU-innsats per innbyggjar og FoU-årsverk per 1 000 sysselsette.

Tabell 5.3 Utgifter til FoU og FoU-årsverk per 1 000 sysselsette i 2009

Land	FoU-utgifter som pst. av BNP	Offentlege FoU-utgifter som pst. av BNP	Utgifter til FoU per innbyggjar (PPP-dollar) ¹	Offentlege FoU-utgifter per innbyggjar (PPP-dollar) ¹	FoU-årsverk ³ per 1 000 sysselsette
Sverige	3,61	0,99	1360	368	9,9
Finland ²	3,87	0,99	1403	340	15,4
Danmark ²	3,06	0,85	1245	342	12,2
Noreg	1,78	0,83	982	455	10,2
Austerrike ²	2,76	1,1	1124	431	8,4
Nederland	1,82	0,75	759	306	5,9
OECD-gjennomsnitt	2,4	0,73	797	241	7,2
EU15	2,07	0,72	720	247	-

¹ For at ein skal kunne samanlikne FoU-innsatsen til dei ulike landa, er tala rekna i PPP-dollar, ei eining der det er justert for skilnader i kjøpekraft mellom landa.

² Tal frå 2010.

³ Utført av universitets- og høgskoleutdanna personale.

Kjelde: OECD main Science and Technology Indicators og Indikatorrapporten 2012 Forskingsrådet/NIFU

Statistikk over norsk innsats innanfor forskning og utvikling (FoU) blir utarbeidd av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) og Statistisk sentralbyrå (SSB). Den siste FoU-statistikken er frå 2009 og 2010. Tabellen viser skår på nokre indikatorar for FoU-finansiering. I 2009 utgjorde den totale FoU-innsatsen om lag 1,8 pst. av BNP. Det er lågast av referanselanda og under gjennomsnittet for OECD og EU15. Rekna som del av Fastlands-BNP var den totale FoU-innsatsen høgare, om lag 2,32 pst. av BNP. Den offentlege FoU-innsatsen som prosentdel av

BNP ligg over gjennomsnittet i OECD og EU15, men lågare enn i dei andre referanselanda. Den offentlege innsatsen over statsbudsjettet har frå 2005 til 2012 hatt ein gjennomsnittleg årleg realvekst på om lag 3,6 pst. Om ein ser på offentleg finansierte forskning per innbyggjar, ligg Noreg her høgst av referanselanda, og på andre plass i OECD-området. For total FoU-innsats per innbyggjar ligg Noreg derimot sist av referanselanda, bortsett frå Nederland. Den offentlege FoU-innsatsen i Noreg er med andre ord høg, medan FoU-innsatsen i næringslivet framleis ligg lågare enn i

dei andre nordiske landa og gjennomsnittsnivået i Europa. Dette kjem også til syne i tala for næringslivet, sjå nedanfor.

Samanlikna med dei fleste andre land har Noreg ein høg del forskarar, og talet på årsverk ligg godt over gjennomsnittet av OECD-landa. Av referanselanda er det berre Finland og Danmark som har ein større del FoU-årsverk enn Noreg.

I tillegg til FoU-statistikken utarbeider NIFU mellom anna kvart år ein analyse av statsbudsjettet, og analysen gir ein indikasjon på utviklinga i den offentlege FoU-innsatsen etter 2010. Anslaget for FoU over statsbudsjettet ligg om lag ti pst. høgre enn offentlege kjelder i FoU-statistikken. Hovudårsaka til forskjellen er at statsbudsjettanalysen inkluderer midlar som blir kanaliserte til utlandet. FoU-innsatsen over statsbudsjettet for 2011 er anslått til 23,7 mrd. kroner. Det utgjer om lag 0,88 pst. av bruttonasjonalproduktet (BNP) i 2011. I 2012 er anslaget for FoU-innsatsen 24,4 mrd. kroner. Korrigert for forventa lønns- og prisutvikling vil dette gi ein reell nullvekst i dei offentlege FoU-løyvingane samanlikna med saldert budsjett for 2011. Basert på førebelse tal er midlane til FoU over statsbudsjettet om lag 0,85 pst. av BNP i 2012. Rekna som del av Fastlands-BNP utgjorde FoU-innsatsen om lag 1,1 pst. i 2012.

I tillegg til direkte FoU-løyvingar kjem tapte skatteinntekter og tilskott gjennom Skattefunnordninga. Finansdepartementet reknar skatteutgiftene (tapte skatteinntekter) av prosjekt som vart gjennomførte i 2011, til om lag 1,35 mrd. kroner. På usikkert grunnlag kan ein anslå provenyeffekten av Skattefunnordninga til om lag 1,53 mrd. kroner i 2012¹. Samla offentleg FoU-finansiering inkludert Skattefunn er på om lag 26 mrd. kroner i 2012, noko som tilsvarer 0,91 pst. av BNP.

Forsking og utvikling i sektorane

I 2010 hadde ein i Noreg utgifter til forsking og utviklingsarbeid på om lag 42,9 mrd. kroner. Samanlikna med 2009 er dette ein nominell auke på om lag 875 mill. kroner, noko som utgjer ein realnedgang på 0,7 pst. Også frå 2008 til 2009 var det ein realnedgang, den gangen på 1,17 pst. Sidan 2001 har det vore ein gjennomsnittleg årleg realauke for totale FoU-utgifter på 2,6 pst. Fordelt på sektor var realnedgangen frå 2009 til 2010 på heile 6,9 pst. i helseføretaka, 2,5 pst. i instituttsektoren og 0,3 pst. i næringslivet. Universitets- og

høgskolesektoren var den einaste sektoren med positiv utvikling med ein realauke på 1,5 pst.

Ved universiteta og høgskolane utgjorde FoU-utgiftene om lag 11,9 mrd. kroner i 2010, noko som er ein betydeleg auke frå 9,1 mrd. kroner² i 2005. Dette utgjer ein realauke på 23 pst. og gjer universitets- og høgskolesektoren til den sektoren som har hatt den største realauken i perioden. Universitets- og høgskolesektoren stod for 28 pst. av den samla FoU-innsatsen i Noreg i 2010. I den historiske FoU-statistikken er helseføretaka rekna som ein del av universitets- og høgskolesektoren fram til 2007. I 2010 utgjorde forskingsinnsatsen i helseføretaka om lag 5,5 pst. av dei totale FoU-utgiftene.

Instituttsektoren stod for om lag 24 pst. av dei samla FoU-utgiftene i Noreg i 2010. Sektoren hadde om lag 10 mrd. kroner i FoU-utgifter i 2010, ein auke på nærmare 3,1 mrd. kroner³ samanlikna med i 2005. Dette gir ein samla realauke på 21 pst. frå 2005 til 2010.

FoU-utgiftene i næringslivet var på om lag 18,5 mrd. kroner i 2010. Dette er ein realnedgang på 0,3 pst. samanlikna med 2009. Også frå 2008 til 2009 var det ein realnedgang i FoU-utgiftene til næringslivet, da på 3,7 pst. Over ein periode på 40 år er det likevel næringslivet som har hatt den største auken i FoU-utgiftene. Næringslivet stod for om lag 43,3 pst. av dei totale FoU-utgiftene i Noreg i 2010, noko som er relativt lågt samanlikna med dei andre europeiske landa, og ein nedgang frå 46 pst. i 2005. Også justert for ulikskapar i næringsstruktur er FoU-intensiteten i norsk føretakssektor lågare enn gjennomsnittet i OECD og dei andre nordiske landa⁴.

Nærmare om dei fem strategiske måla for forskingspolitikken

Noregs forskingsråd gir i Årsrapport for 2011 ei vurdering av måloppnåing for Forskringsrådet på dei fem strategiske måla i forskingspolitikken. Vurderinga tek utgangspunkt i Forskringsrådets eigen innsats og budsjett og omfattar såleis ikkje andre aktivitetar i forskingssektoren som bidreg til desse måla. Sidan programma og ordningane til Forskringsrådet rettar seg mot alle delar av det norske forskingssystemet, kan vurderinga likevel vere med på å gi eit bilete av korleis det står til innanfor desse fem områda.

¹ Skattefunn er nærmare omtalt i Prop. 1 S (2011–2012) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kapittel 2, og i Prop. 1 S (2011–2012) for Nærings- og handelsdepartementet.

² Løpande priser.

³ Løpande priser.

⁴ Kjelde: Indikatorrapporten, Forskringsrådet/NIFU

For kvart målområde er det nytta tal for målretta innsats. Målretta innsats er definert som program og aktivitetar som har til hovudformål å følge opp dei einstilte prioriteringane. Totalinnsatsen vil altså vere høgare enn den målretta innsatsen fordi dette også omfattar prosjekt som er relevante for målområdet, men som høyrer til program og aktivitetar der hovudformålet er eit anna.

Globale utfordringar

Globale utfordringar omfattar forskingsutfordringar knytte til klimaendringar, energitryggleik, tilgang på miljøvennleg energi, mattryggleik, reduksjon av global fattigdom og globale miljøutfordringar. Tyngdepunktet innanfor innsatsen til Forskringsrådet ligg på tilgang på miljøvennleg energi, energitryggleik og miljø- og klimautfordringar. Forskringsprogram som *Klimaendringar og konsekvensar for Noreg (NORKLIMA)* og *Polarforskringsprogrammet* er sentrale for satsinga, saman med mellom anna ordninga for *Senter for miljøvennleg energi (FME)*. I 2011 vart det etablert tre nye FME-ar innanfor samfunnsvitskapleg energi- og klimaforskning. Desse sentra skal bidra til auka kunnskap om samspelet mellom energiteknologi og samfunn. I 2011 var det også ein auke i forskingsinnsatsen innanfor berekraftig matproduksjon, og det vart mellom anna starta opp to nye *Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI)* som er relevante for området, eitt innanfor berekraftig fiske og eitt knytt til forskning om lakselus. Internasjonalt samarbeid, både i Europa og med bilaterale samarbeidspartnarar som til dømes Brasil, er også ein viktig del av innsatsen. Den målretta innsatsen til Forskringsrådet under *Globale utfordringar* var i 2011 på om lag 1,6 mrd. kroner, noko som gjer dette strategiske målet til det nest største i Forskringsrådet målt som total målretta innsats. Innsatsen er på om lag same nivå som i 2010 totalt sett, men det har vore ein nedgang innanfor klimaforskning som mellom anna skyldast at det internasjonale polaråret (IPY) vart avslutta og det nye polarprogrammet framleis var under oppstart.

Betre helse og helsetenester

Betre helse og helsetenester omfattar forskning og innovasjon som medverkar til kunnskap om helse og helsefremmande forhold, førebygging, behandling og reduksjon av sjukdommar og funksjonsavgrensingar, og organisering og effektivisering av helse- og omsorgstenestene. Mykje av midlane til helseforskning kjem i Noreg direkte frå helseføretaka, men innsatsen til Forskringsrådet

omfattar både grunnleggjande, anvend og tverrfagleg forskning. Innsatsen til Forskringsrådet er mellom anna retta mot utfordringar knytte til demografiske endringar og sosial ulikskap i helse, forskingsbasert innovasjon i helse- og omsorgstenestene, utviklinga av ny teknologi og nye behandlingar og etiske utfordringar innanfor helsebehandling. Det viktigaste verkemiddelet til Forskringsrådet på området er mellom anna dei store programma *Funksjonell genomforskning (FUGE)* og *Kjernekompetanse og verdiskaping i IKT (VERDIKT)*, program for helse- og omsorgstenester og psykisk helse, og satsingar på ikkje-tematiske arenaer som *Fri prosjektstøtte (FRIPRO)*, *Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI)* og *Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA)*. Forskringsrådet har òg engasjert seg i europeisk og nordisk forskningssamarbeid om omsorg og aldring. I 2011 sette Forskringsrådet i gang arbeidet med ei større satsing kalla *fleire aktive og sunne år* for å møte utfordringar knytte til den demografiske og epidemiologiske utviklinga, noko som fører til eit aukande behov for forskning og forskingsbasert innovasjon i helse- og omsorgssektoren. I 2011 vart også evalueringa av biologisk, medisinsk og helsefagleg forskning avslutta. Evalueringa synte at fleire norske forskargrupper og forskingsmiljø har høg internasjonal kvalitet, men evalueringa kjem også med tilrådingar knytte til finansiering, samarbeid og auka internasjonalisering. I 2011 var den målretta innsatsen til Forskringsrådet under *Betre helse og helsetenester* på om lag 920 mill. kroner, noko som er ein liten nedgang frå 2010. Samfunnsmedisinsk og anna helsefagleg forskning er styrkt i 2011, medan dei andre områda har hatt ein mindre nedgang fordi fleire program er inne i sluttfasen.

Velferd og forskingsbasert profesjonsutøving

Velferd og forskingsbasert profesjonsutøving omfattar forskning frå fleire disiplinær og fagområde, til dømes forskning innanfor arbeidsliv, sjukefråvær, oppvekst, migrasjon og integrering, sosial ulikskap, utdanning, profesjonsutøving og -utdanning i velferdsstatens yrke, likestilling og oppgåveløysing i velferdssektorane. Innsatsen til Forskringsrådet er mellom anna retta mot utfordringar knytte til demografisk utvikling, arbeidsdeltaking, kvalitet og fråfall i skolen og kompetanse og kvalitet i utdanningar som lærar- og sjukepleiarutdanninga. Den målretta satsinga innanfor velferds- og forskingsbasert profesjonsutøving er dominert av handlingsretta program, som *Praksisretta utdanningsforskning (PRAKUT)* og *Program for arbeids-*

liv, velferd og migrasjon (VAM). Forsking på velferd og helse skjer også gjennom andre aktiviteter, slik som *Fri prosjektstøtte, Senter for framifrå forskning (SFF)* og *Strategiske høskoleprogram*. Over ein treårsperiode frå 2009 til 2011 er innsatsen på alle område under målet styrkt. Oppstarten av til dømes *VAM* i 2009, som er det største samfunnsvitskaplege forskingsprogrammet i Forskningsrådet, har mellom anna gjort det mogleg å studere viktige samfunnsendingar på tvers av sektorar, disiplinær og tema. Gjennom program som *PRAKUT* har samarbeidet mellom sentrale FoU-miljø og lærarutdanningsinstitusjonar utan sterke forskingstradisjonar vorte styrkt. Forskningsrådets totale innsats innanfor *Velferd og forskingsbasert profesjonsutøving* var på om lag 406 mill. kroner i 2011. Dette er ein auke på om lag fire pst. frå 2010.

Næringsrelevant forskning på strategiske område

Næringsrelevant forskning på strategiske område omfattar næringsområda mat, marin, maritim, energi, miljøteknologi, reiseliv, IKT, bioteknologi og nanoteknologi. Næringsrelevant forskning omfattar forskning både i og for næringslivet og byggjer på eit tett samspel mellom næringsliv, universitet, forskingsinstitutt og departement. For nokre av næringsområda er det viktig å leggje til rette for direkte stimulering av forskingsaktiviteten i næringslivet, medan det for andre område er viktigare at Forskningsrådet legg til rette for samspel mellom akademia og næringsaktørar, slik at forskingsmiljøa blir i betre i stand til å møte nærings- og verdiskapingsutfordringar. Satsinga inkluderer derfor både brukarstyrt forskning og strategisk grunnleggjande forskning av langsiktig karakter. Dei store programma er særleg viktige for dette området, men også ikkje-tematiske tiltak som *BIA* og infrastruktursatsinga er viktige. Forskningsrådets fordeling av forskingsmidlane til dei ulike sektorane varierer mykje mellom dei ulike tema- og teknologiområda. I 2011 hadde universitets- og høskolesektoren prosjekt på alle næringsområda, men i varierende grad. Bioteknologi var det største området for universitets- og høskolesektoren også i 2011, men med ein nedgang frå 2010. Dette skyldast hovudsakleg at det store programmet *FUGE* hadde sitt siste år i 2011. Instituttsektoren er ein viktig aktør innanfor områda energi, marin, mat og miljøteknologi, medan næringslivet er særleg gjer seg gjeldande innanfor energi, maritim, IKT og miljøteknologi. Den totale målretta innsatsen til Forskningsrådet innanfor *Næringsrelevant for-*

sking på strategiske område var på om lag 1,75 mrd. kroner i 2011, noko som gjorde dette til det største området av dei fem strategiske måla. Dette er også ein vesentleg auke frå om lag 1,6 mrd. kroner i 2010.

Kunnskapsbasert næringsliv i heile landet

Kunnskapsbasert næringsliv i heile landet omfattar det arbeidet Forskningsrådet gjer med å leggje til rette for utvikling av langsiktig, næringsrelevant kompetanse i gode forskingsmiljø, og utvikling av eit meir kunnskapsbasert næringsliv uavhengig av geografisk plassering. Innsatsen er mellom anna retta mot å syte for at læring og innovasjon kan auke konkurranseevne og verdiskaping i norsk næringsliv. Dei viktigaste verkemidla er dei tematisk- og bransjeuavhengige forskings- og innovasjonsverkemidla slik som *Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA)*, *Senter for næringsdriven innovasjon (SFI)*, *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI)*, regionale forskingsfond og ordninga med nærings-ph.d. Også Skattefunn er eit viktig verkemiddel innanfor dette målet. Skattefunn er ei ordning der norske bedrifter som har forskings- eller utviklingsprosjekt, kan søkje om godkjenning av prosjektet slik at bedrifta kan bruke retten sin til skattefrådrag. Tala for 2011 syner stor breidd i tematiske område og næringar, men det er særleg IKT, bioteknologi, miljøteknologi og fornybar energi som stikk seg ut som dei største områda. Vidare er det i 2011 ei større geografisk breidd på dette målområdet enn det er for Forskningsrådet totalt. I 2011 var det også ein auke i talet på doktorgradsstipendiatar innanfor området. Desse kandidatane er knytte til prosjekt med klar næringslivsrelevans og er ein viktig del av målsetjinga om eit meir kunnskapsbasert næringsliv. Den totale målretta innsatsen innanfor *Kunnskapsbasert næringsliv i heile landet* var på om lag 642 mill. kroner i 2011. Dette er ein nedgang på om lag 65 mill. kroner frå 2010, noko som i hovudsak skyldast ein nedgang i talet på prosjekt innanfor *BIA*.

Måling av forskning

Det er krevjande å finne indikatorar som gir eit fullstendig bilete av korleis det står til med forskinga i Noreg. Det er mellom anna ei utfordring å finne fram til indikatorar som seier noko om resultat av forskinga, og ikkje berre om innsatsen. I forskingsmeldinga slå regjeringa fast at ho vil etablere eit opplegg for ein meir systematisk gjennomgang av resultat og ressursar i norsk forsk-

ing. I 2011 lanserte Kunnskapsdepartementet for første gong Forskningsbarometeret – eit årleg barometer med 24 indikatorar for norsk forskning og innovasjon. Forskningsbarometeret 2012 utvikla desse indikatorane vidare og presenterte også ein eigen spesialdel om instituttsektoren. Forskningsbarometeret 2012 viste to hovudtrendar: at den offentlege finansieringa og offentlege delen av forskningssystemet stort sett skårar godt og at Noreg framleis har ei utfordring i å auke FoU-innsatsen i næringslivet. Instituttsektoren kan også vise til gode resultat på fleire indikatorar, men det er stor skilnad mellom institutta, og det er mogleg at det er rom for betre måloppnåing og effektivitet.

Regjeringa sette i 2010 ned eit ekspertutval for god måloppnåing av offentleg finansierte forskning,

Fagerbergutvalet, som leverte utgreiinga si 2. mai 2011, jf. NOU 2011:6. Utvalet foreslår mellom anna å opprette eit forskingsbarometer med indikatorar som viser samanhengen mellom mål, ressursar og resultat i norsk forskning, i første omgang for universitets- og høgskolesektoren. Kunnskapsdepartementet meiner det for tida ikkje er aktuelt med nye system for å synleggjere samanhengen mellom resultat og ressursar, men departementet vil følgje opp utgreiinga gjennom å utvikle vidare den årlege tilstandsrapporten om universiteta og høgskolane, og gjennom det årlege forskingsbarometeret til Kunnskapsdepartementet. Utgreiinga er også eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet med den kommande forskingsmeldinga.

6 Ressursar i grunnsopplæringa

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om ressursbruken i grunnsopplæringa. Talet på elevar og lærlingar er objektive faktorar som er avgjerande for ressursbruken i skolen. Talet på lærarar, skolestruktur og anna har òg innverknad på kostnadsnivået, men dette er til dels gjenstand for lokale prioriteringar og påverka av til dømes tilgang på lærarar.

Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskoleopplæring var i 2011 om lag 57 mrd. kroner. Tilsvarende var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i 2011 om lag 24 mrd. kroner. Ressursbruken i grunnsopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra når det gjeld både totale ressursar og ressursar per elev.

Kapitlet startar med ei orientering om utviklinga i talet på elevar og lærlingar i grunnsopplæringa, med informasjon om mellom anna fordeling på utdanningsprogram. Vidare er det ein omtale av lærartettleik og assistentar. Dei neste tema er vaksne i grunnsopplæringa, leirskoleordninga, skolefritidsordninga (SFO) og leksehjelp, før det blir gitt ein omtale av kommunale utgifter til grunnsopplæring og utgifter per elev, samt skolestruktur, kommunale forskjellar i ressursbruk og tilgang på lærarar. Mot slutten av kapitlet er internasjonale undersøkingar omtalte.

Talgrunnlaget er i hovudsak henta frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI), Statistisk sentralbyrå (SSB), KOSTRA (Kommune-stat-rapportering) og Utdanningsspeilet 2012 frå Utdanningsdirektoratet.

Elevar og lærlingar i grunnsopplæringa

Hausten 2011 var det 614 413 elevar i ordinære offentlege og private grunnskolar. Tabellen under viser utviklinga i elevtalet sidan skoleåret 2006–07.

Tabell 6.1 Talet på elevar i grunnskolen i perioden 2006–07 til 2011–12. Ordinære grunnskolar

Skoleår	Barnetrinnet	Ungdomstrinnet	Totalt*
2006–07	431 543	189 470	621 013
2007–08	429 585	188 725	618 589
2008–09	426 769	189 327	616 139
2009–10	424 052	191 831	615 927
2010–11	423 333	192 549	615 973
2011–12	423 374	190 960	614 413

* Talet inkluderar og nokre få elevar som får grunnskoleopplæring ut over 10. trinn. Desse er ikkje inkluderte i barnetrinn eller ungdomstrinn. Det er derfor eit mindre avvik mellom totaltalet og summen av barnetrinn og ungdomstrinn.

Kjelde: GSI

Om lag 98 pst. av alle elevane som gjekk ut av 10. trinn i grunnskolen våren 2011, gjekk direkte over i vidaregåande opplæring same haust. Dette er ein liten auke frå om lag 97 pst. året før. Om lag halvparten av elevane som begynte på 1. trinn i vidare-

gåande opplæring hausten 2011, begynte på eit studieførebuande program. Talet på elevar i vidaregåande opplæring hausten 2011 var i alt 195 364 elevar. Tidlegare var elevar med vedtak om opplæring som fører fram til grunnkompetanse, skilte ut

i kategorien alternativ opplæring. Disse er frå 2010–11 inkluderte i totaltala. Tala for Vg1 frå 2010–11 kan derfor ikkje direkte samanliknast med tala frå åra før. Tabellen nedanfor viser talet på elevar på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram på dei tre stega i vidaregå-

ande skole. At talet på elevar på yrkesfaglege program går ned på Vg3 samanlikna med på Vg2, skyldast at dei fleste elevane på dei yrkesfaglege programma blir lærlingar eller vel å ta påbygging til generell studiekompetanse etter Vg2.

Tabell 6.2 Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole. Reviderte tal

År	Steg 1	(Vg1)	Steg 2	(Vg2)	Steg 3	(Vg3)	I alt
	Studieførebuande	Yrkesfagleg**	Studieførebuande	Yrkesfagleg	Studieførebuande	Yrkesfagleg	
2008–09	33 359	38 821	30 236	33 812	41 345	5 947	183 520
2009–10	32 772	38 620	30 558	34 963	44 674	5 905	187 492
2010–11	35 508	40 706	29 877	35 386	45 640	6 714	193 831
2011–12	35 993	40 453	30 647	35 238	45 531	6 158	194 020

** Av disse er det nokre elevar med vedtak om opplæring som fører fram til grunnkompetanse. Disse var tidlegare skilte ut i kategorien alternativ opplæring. Tala for Vg1 for 2010–11 kan derfor ikkje direkte samanliknast med tala frå åra før. I 2010–11 var talet på desse elevane 4 884.

Kjelde: SSB/Utdanningsdirektoratet

Frå og med 2003, da talet på lærlingar var i underkant av 30 000, auka talet fram til 2008. Per 1. oktober 2011 var det registrert 33 184 lærlingar og 1 356 lære kandidatatar. Dette er om lag ein pst. færre lærlingar enn i 2010, mens det er om lag tre pst. fleire lære kandidatatar enn i 2010. Til lære plass i skoleåret 2010–11 var det 17 692 søkjarar, noko som utgjør ein auke på 240 søkjarar frå året før. Det er flest søkjarar til lære plassar i teknikk og industriell produksjon, bygg- og anleggsteknikk, helse- og sosialfag og elektrofag.

For meir informasjon om elevar og lærlingar i grunnopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2012.

Lærarårsverk

Årsverk til undervisningspersonale blir berekna på bakgrunn av registrerte årstimar. I 2011 er det berekna talet på årsverk til undervisning og andre oppgåver 57 447, det er ei marginal endring frå året før.

Tabell 6.3 Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskolen, utvikling i årsverk

År	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk	Av dette andre oppgåver
2007–08	55 113	5 962
2008–09	57 112	6 895
2009–10	57 890	7 236
2010–11	57 705	7 072
2011–12	57 447	6 855

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

I 2011 var talet på lærarårsverk i vidaregåande skole 21 197. Dette er om lag same nivå som i 2011. Sidan 2006 har talet på lærarårsverk i vidare-

gåande opplæring auka med om lag 700. Auken har mellom anna samanheng med at det har vore vekst i elevtalet i same periode.

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring

Skoleår	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring, fylkeskommunale skolar ekskl. lange frávær
2007–08	20 618
2008–09	20 846
2009–10	21 067
2010–11	21 215
2011–12	21 197

Kjelde: KOSTRA

Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik

Indikatoren berekna gjennomsnittleg gruppestorleik kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein totale ordinære timar til undervisning som elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timar lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gruppestorleik gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Gruppestorleik 1 omfattar timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar (i alle offentlege og private grunnskolar unntekne spesialsolar og utanlandssolar). Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestorleik 2 er ein annan måte å rekne ut gruppestorleik på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og

elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestorleik 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid fordi endringar i praksis knytte til spesialundervisning og særskild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren. Gruppestorleik 2 gir eit bilete av ressursinnsatsen for dei elevane som ikkje mottek særskilde individretta styrkingstiltak.

Dei berekna gruppestorleikane har vore relativt stabile på heile 2000-talet. Tabellen nedanfor viser ein marginal auke i gruppestorleik 1 og 2 frå 2010 til 2011. Ei forklaring på at gruppestorleikane ikkje går ned i særleg stor grad i perioden, er at det er vorte færre små skolar med under 100 elevar, noko som medfører større grupper.

Gruppestorleik 2 har berre hatt ein svak nedgang sidan 2005–06. Det tyder på at hovudtyngda av dei auka ressursane i grunnskolen har gått til utviding av timetalet for alle på barnetrinnet, og til auke i spesialundervisning og individretta tiltak.


Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestorleik i grunnskolen

År	Gruppestorleik 1	Gruppestorleik 2
2007–08	13,51	16,71
2008–09	13,45	16,76
2009–10	13,35	16,64
2010–11	13,41	16,85
2011–12	13,39	16,86

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det er stor variasjon i gruppestorleik 2. Figuren nedanfor viser at det er mange kommunar som har ein gruppestorleik som ligg under gjennomsnittet for landet. Dei større bykommunane og

store kommunar i sentrale område har oftast høgre gruppestorleik, mens mindre kommunar har lågare gruppestorleik.



Figur 6.1 Gruppestorleik 2: kommunar over og under landsgjennomsnittet, grunnskole

Kjelde: GSI

Assistentar

Tabellen nedanfor viser at det i heile perioden frå 2006–07 til 2011–12 har vore ein auke i talet på årsverk til assistentar. Relativt sett har talet på assistentar auka meir enn talet på lærarar.

Tabell 6.6 Årsverk til bruk for assistentar med oppgåver knytte til undervisninga i perioden frå 2006–07 til 2011–12

Skoleår	Assistentårsverk
2006–07	6 384
2007–08	7 116
2008–09	7 316
2009–10	7 701
2010–11	8 432
2011–12	8 515

Kjelde: GSI

Frå og med 2009–10 er assistenttimar til spesialundervisning registrerte særskilt i GSI. Sjå omtale under spesialundervisning.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringsstilbodet, har krav på spesialundervisning.

Delen elevar med spesialundervisning i grunnskolar og spesialskolar har auka moderat i dei siste åra og ligg på 8,6 pst. av alle elevar hausten 2011 mot 8,4 pst. hausten 2010. Auken er lågare enn i tidlegare år. Om lag 70 pst. av alle

elevar som mottok spesialundervisning, er gutar. I løpet av barnetrinnet og utover ungdomstrinnet aukar delen av elevar med spesialundervisning. Hausten 2011 hadde 4,1 pst. av elevane på 1. trinn enkeltvedtak om spesialundervisning. På 10. trinn var delen av elevar med spesialundervisning 11,6 pst.

Av elevane i ordinær grunnskoleopplæring som hadde enkeltvedtak om spesialundervisning, fekk 96 pst. spesialundervisning med undervisningspersonale. 48 pst. av elevane fekk timar med assistent. Berre eit fåtal elevar hadde enkeltvedtak som berre omfatta timar med assistentar.

Når det gjeld omfanget av lærarressursar som blir sette av til spesialundervisning, går om lag 18 pst. av lærartimane til spesialundervisning.

Språklege minoritetar

I opplæringslova § 2-8 heiter det at elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Hausten 2011 fekk 43 991 elevar særskild norskopplæring, ei marginal endring frå året før. Elevane har om nødvendig òg rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Hausten 2011 var det 2 484 elevar som fekk berre morsmålsopplæring, 11 346 elevar som fekk berre tospråkleg fagopplæring, og 3 987 elevar som fekk begge delar. Somalisk, arabisk og polsk var dei mest vanlege språka. For meir om dette, sjå Utdanningsspeilet 2012.

Hausten 2011 mottok 1 567 asylsøkjjarar i mottak og 129 einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssenter opplæring. For meir om dette, sjå omtale under kap. 225 post 64.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønskjer det (jf. opplæringslova § 4A-1).

Talet på vaksne som får opplæring på grunnskolenivå, har vore relativt stabilt sidan 2002. Hausten 2011 var det 10 325 vaksne som fekk grunnskoleopplæring. Det tilsvarande talet for 2010 var 10 503. Av dei som fekk slik opplæring i 2011, var det 4 677 som fekk spesialundervisning. Dette er 354 færre enn i 2010.

Vaksne som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa skal tilpassast behova og livssituasjonen til den enkelte.

Vaksne som ønskjer å gjennomføre vidaregåande opplæring, kan søkje om ordinært inntak og konkurrere om plassane med søkjarane med ungdomsrett, eller dei kan søkje om individuelt opptak basert på realkompetanse. Med dette alternativet blir undervisninga ofte komprimert og/eller avkorta. Vaksne kan òg søkje vidaregåande opplæring gjennom private tilbydarar av opplæring, til dømes studieforbund, men det meste av opplæringa skjer i dei vidaregåande skolane.

Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksenopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søkjar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring. Statistikkgrunnlaget for vaksne i vidaregåande opplæring har hatt store manglar. Problema har mellom anna vore knytte til at fylkeskommunane har ulike administrative system for rapportering, og til at dei rapporterer på ulike måtar. Utdanningsdirektoratet har leia eit arbeid med å betre rutine og kravspesifikasjonen for registrering og rapportering av deltakinga til vaksne i vidaregåande opplæring. På grunn av usikre tal som følgje av dette arbeidet vart det ikkje publisert tal for vaksne i vidaregåande opplæring for 2009–10.

Samla deltok 19 609 vaksne i vidaregåande opplæring i skoleåret 2010–2011, mot 20 705 året før. Av desse vart om lag 12,5 pst. realkompetansevurderte.

For meir informasjon om vaksne i grunnsopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2012.

Leirskole

I skoleåret 2011–12 planla 62 476 elevar å delta på eit leirskoleopphald. Dette utgjer om lag 10,2 pst. av alle elevane i grunnskolen, ein auke på 0,1 pst. frå året før. Talet har lege på om lag ti pst. sidan 2001. Elevar kan få eitt leirskoleopphald i løpet av grunnskolen. Etersom grunnskolen til saman utgjer ti år, og om lag ti pst. deltek på leirskole kvart år, tyder dette på at dei aller fleste elevane i grunnskolen får tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen, i samsvar med målsetjinga.

Skolefritidsordninga

Hausten 2011 gjekk i alt 150 797 barn i skolefritidsordning (SFO). Delen barn på 1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på om lag 63 pst. Delen har auka frå 55 pst. i 2002. Om lag 56 pst. av barna i SFO hadde 100 pst. plass. I gjennomsnitt var foreldrebetalinga for ein elev med fulltidsplass i SFO 2 083

kroner per månad i skoleåret 2011–12 (GSI-tal for opphaldstid på 20 timar). I 2010–11 var talet 2 005. Korrigert for prisvekst er gjennomsnittleg pris om lag den same i desse to åra.

Leksehjelp på 1.–4. trinn

Frå og med hausten 2010 er det innført eit lovfesta tilbod om åtte veketimar med gratis leksehjelp etter skoletid for alle elevar på 1.–4. trinn, jf. Innst. 12 S (2009–2010) og Innst. 279 L (2009–2010). Det er lagt til grunn at kommunane skal ha ansvaret for tilbodet, og at det kan organiserast slik det er mest hensiktsmessig ut frå lokale tilhøve. Tilbodet skal vere gratis, omfatte alle, og vere frivillig for kvar enkelt elev. Tal frå GSI viser at i skoleåret 2011–12 deltok 122 865 barn på 1.–4. trinn på leksehjelp. Dette utgjer om lag 52 pst. av elevane. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har SSB gjennomført ei Barnetilsynsundersøking i 2010 (BTU). Både BTU og GSI viser at delen barn som deltek, er lågast på 1. trinn og høgst på 2. og 3. trinn. Ifølgje BTU er dei som deltek mest på leksehjelp, barn av foreldre med låg utdanning, barn frå låginntektsfamiliar og barn med mor frå eit anna fødeland enn Noreg.

Kommunal ressursbruk

Utgifter per elev

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei driftsutgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skolelokale og skyss. Tabellen nedanfor viser at korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskolen var 93 710 kroner i 2011. Dette er ein auke på om lag tre pst. frå 2010. I vidaregåande opplæring var korrigerte brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande program 111 262 kroner, og på yrkesfaglege program 136 203 kroner – det vil seie ein auke på om lag 2,5 pst. og 2,6 pst. Den kommunale deflatoren var i same periode 3,4 pst. Det vil seie at det har vore ein liten realnedgang i utgifter per elev både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Til tross for ein betydeleg elevtalsvekst i vidaregåande opplæring etter 2004 har fylkeskommunane klart å halde oppe ressursbruken per elev om lag på same nivå.

Driftsutgifter til undervisningsmaterieill er i dei siste åra lågare enn i 2007 og 2008. Hovudårsaka til dette er at utgiftsveksten har bremsa opp etter at Kunnskapsløftet i ein periode medførte eit behov for utskifting av læremiddel som følgje av nye læreplanar.

Tabell 6.7 Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpande prisar

	2008	2009	2010	2011
Grunnskolen				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev	80 402	85 971	91 013	93 710
– Lønnsutgifter per elev	61 946	66 361	70 462	73 242
– Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	723	726	854	850
– Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 793	1 505	1 502	1 445
Vidaregåande opplæring				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	98 905	106 496	108 579	111 262
– Lønnsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	59 790	64 485	66 265	68 116
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i yrkesfaglege studieprogram	122 586	130 066	132 735	136 203
– Lønnsutgifter per elev i yrkesfaglege utdanningsprogram	79 185	83 559	85 610	88 351

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå

Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. I grunnskolen utgjorde lønnsutgiftene 78 pst. av dei totale driftskostnadene, medan den same delen i vidaregåande opplæring var 61 pst. på allmennfaglege og 65 pst. på yrkesfaglege studieretningar i 2011.

Kommunale forskjellar i ressursbruk

Det er store kommunale forskjellar i ressursbruk i skolen. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skolar for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. For å kunne samanlikne kommunar må ein derfor korrigere for driftskostnader for elevtal og indikatorar for busetjingsmønster (reisetid og reiseavstand) – dette blir kalla strukturjustering. Om lag 75 pst. av variasjonen mellom kommunane når det gjeld kor mykje pengar dei bruker på skole, kan forklarast med ulik kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og kraftinntekter har òg ein tydeleg effekt på utgiftsnivået. Kommunar med høge inntekter bruker meir pengar på skole. Den resterande variasjonen mellom kommunar kan mellom

anna skyldast variasjonar i elevsamansetjinga. Spesielt for små kommunar kan elevar med behov for ekstrainsats vere utslagsgivande. Ulikskapar kan òg skyldast ulik politisk prioritering mellom kommunar.

Skolestruktur

I skoleåret 2011–12 var det 3 000 grunnskolar i Noreg. Dette er ein nedgang på 28 skolar frå skoleåret 2010–11. Av dei 3 000 skolane var 165 private grunnskolar godkjende etter privatskoleloven og med rett til økonomisk støtte frå staten. Nærmare tre pst. av elevane gjekk på ein privat grunnskole hausten 2011. Når grunnskolar blir lagde ned, ser det ut til at det vanlegaste mønsteret er at elevane flytter til eksisterande offentlege skolar heller enn nye private skolar.

Storleiken på grunnskolane varierer frå berre nokre få elevar til nærmare 800 elevar på dei største skolane. Tabellen nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skolar. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skolar og færre små skolar. I dei siste åra har fordelinga vore om lag uendra.

Tabell 6.8 Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar (i pst.)

	1997	2000	2005	2011
Færre enn 100 elevar	40	37	36	33
100–299 elevar	42	41	39	40
300 elevar eller meir	19	22	26	27

Kjelde: GSI

Tabellen viser at det er ein tendens til at det blir færre skolar med mindre enn 100 elevar og fleire større skolar. Åtte pst. av elevane går på skolar med mindre enn 100 elevar, 37 pst. går på skolar som har mellom 100 og 299 elevar, og 55 pst. går på skolar med meir enn 300 elevar. Sidan skoleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skolar (meir enn 300 elevar).

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet utførte Utdanningsdirektoratet våren 2010 ei kartlegging av skolenedleggingar. I perioden 2007–08 til 2009–10 vart det lagt ned 154 grunnskolar. Nordland og Møre og Romsdal er dei fylka der flest grunnskolar vart lagde ned. Kartlegginga viser at lågt elevtal er den viktigaste årsaka (i 60 pst. av tilfella), saman med kommuneøkonomi (50 pst.) og problem med å rekruttere kvalifiserte lærarar (tolv pst.). I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi er oppgitt som årsak, er dette i kombinasjon med få elevar. Dette tyder på at ønsket om betre ressursutnytting er ein viktig forklaringsfaktor. Totalt omfatta nedleggingane i perioden vel 6 000 elevar. 66 pst. av desse vart flytte til samanslåtte eller eksisterande skolar, 30 pst. til heilt nye offentlege skolar og fire pst. til nye private skolar. 264 elevar har fått meir enn 20 kilometer reiseveg ein veg som følge av nedleggingane. Dette tilsvarer om lag fire pst. av dei 6 000 elevane.

Hausten 2011 var det 430 vidaregåande skolar i landet. Av desse var 347 fylkeskommunale, 81

private og to statlege. Dette er åtte skolar færre enn skoleåret før. Sidan 2001 har det vorte 67 færre vidaregåande skolar i landet. For meir om dette, sjå Utdanningsspeilet 2012.

Internasjonale samanlikningar

Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal for 2009 frå OECD (Education at a Glance 2012: OECD Indicators). Dersom ein ser på utgiftene per elev, er Noreg eit av landa med dei høgste utgiftene, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Samla utgifter per elev for heile grunnopplæringa i Noreg var om lag 50 pst. over OECD-snittet. Det er særleg den høge lærartettleiken som forklarar den høge ressursbruken i Noreg, men den delen av arbeidstida til lærarane som blir brukt til undervisning, trekkjer også utgiftene opp, særleg i vidaregåande opplæring. Lønnsnivået til lærarane og talet på undervisningstimar trekkjer ned samanlikna med gjennomsnittet for OECD.

Målt på bakgrunn av landets økonomiske evne (BNP per innbyggjar) er ressursbruken i Noreg lågare enn gjennomsnittet for OECD. OECD viser at ressursbruken per elev til vanleg aukar med velstanden i landet, men Noreg ligg litt under forventanivå. Dette må sjåast i samband med at oljeinntektene inngår i BNP.

7 Ressursar i barnehagesektoren

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om status for og utvikling i ressursbruken i barnehagesektoren. Frå 1. januar 2011 er det kommunane som har ansvaret for å finansiere barnehagane. Barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og foreldrebetalinga. Barnehagesektoren har vakse kraftig i dei seinare åra, og er no det tredje største tenesteområdet i kommunane. Samla brutto driftsutgifter i kommunane til barnehagar i 2011 var om lag 38,6 mrd. kroner, og utgjorde om lag tolv pst. av driftsutgiftene i kommunane.

Første del av kapitlet gir ei oversikt over utviklinga i talet på barn i barnehage, og gir mellom anna informasjon om dekningsgradar for ulike

aldersgrupper, og opphaldstid i barnehagen. Det neste temaet er barnehagestruktur og organisering av barnehagane. Vidare er det ein omtale av personalet i barnehagane, den formelle kompetansen til dei tilsette og utdanning av førskolelærarar. Kapitlet inneheld òg informasjon om likestilling, minoritetsspråklege barn og tilsette i barnehage og barn med nedsett funksjonsevne i barnehage. Til sist i kapitlet er det ein omtale av kostnadene i og finansieringa av barnehagane.

Talgrunnlaget er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), KOSTRA (Kommune–stat–rapportering), Barnetilsynsundersøkelsen 2010, Database for statistikk om høgre utdanning (DBH), Asplan Viak og ulike undersøkingar som har vorte gjennomførte på oppdrag frå departementet.

Barn i barnehage

Tabell 7.1 Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2008–11

	2008	2009	2010	2011
Tal på barn i barnehage	261 886	270 174	277 139	282 737
Auke i talet på barn i barnehage	12 071	8 288	6 965	5 598
Auke i talet på heiltids barnehageplassar	14 500	10 100	8 400	7 000
Dekningsgrad 1–5 år	87,2	88,5	89,3	89,7
Dekningsgrad 1–2 år	74,7	77,2	78,8	79,5
Dekningsgrad 3–5 år	95,6	96,2	96,5	96,5
Dekningsgrad 1 år	65,8	68,6	70,4	70,9
Dekningsgrad 2 år	83,6	85,9	87,4	88,0
Dekningsgrad 3 år	93,6	94,5	95,1	95,1
Dekningsgrad 4 år	96,4	96,9	97,1	97,2
Dekningsgrad 5 år	96,8	97,3	97,4	97,3
Gjennomsnittleg opphaldstid per veke	42,4	42,8	43,1	43,4

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Asplan Viak

Ved utgangen av 2011 gjekk om lag 283 000 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. I 2010 var tilsvarende tal om lag 277 000 barn, og i 2009 270 000. I tillegg nytta om lag 5 700 barn open barnehage i 2011. Barn under tre år utgjer no 36 pst. av alle barn i barnehage, mot 29 pst. i 2005.

Frå utgangen av 2005 og fram til utgangen av 2011 har nær 59 000 fleire barn fått plass i barnehage. Kommunane og private utbyggjarar har etablert om lag 74 000 nye heiltids barnehageplassar i same periode. Som tidlegare år gjekk også ein god del av kapasitetsveksten i barnehagesektoren i 2011 med til å auke opphaldstida til barn som allereie hadde plass i barnehage. Både i 2009, 2010 og 2011 vart det etablert 1,2 heiltidsplassar for kvart nytt barn som kom i barnehage. Det har dermed vorte bygt fleire barnehageplassar enn det har komme nye barn i barnehagen.

I 2011 hadde 88 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen mot 87 pst. i 2010. Det vil seie avtalt opphaldstid i veka på 41 timar eller meir. Gjennomsnittleg avtalt opphaldstid har i same periode auka frå 43,1 til 43,4 timar per veke. I 2003, da barnehageforliket vart inngått i Stortinget, hadde 60,8 pst. av barna heiltidsplass i barnehage, og gjennomsnittleg avtalt opphaldstid var 38,1 timar per veke.

Det er viktig å skilje mellom avtalt opphaldstid og barnas faktiske opphaldstid. I *Barnetilsynsundersøkelsen 2010* spurte SSB foreldra om når dei vanlegvis leverer og hentar barna, det vil seie faktisk opphaldstid. Undersøkinga viser at få barn har svært lange dagar i barnehagen. Berre 19 pst. nyttar heile plassen, det vil seie at dei lét barna vere i barnehagen i 41 timar eller meir per veke. Det store fleirtalet av barnehagebarna (om lag 70 pst.) har ei faktisk opphaldstid i barnehagen på 25–40 timar i veka, og i gjennomsnitt er barna i barnehagen 35 timar i veka. Både den avtalte og den faktiske opphaldstida er nesten identiske for alle aldersgrupper. Det vil seie at eittåringar og femåringar er like lenge i barnehagen.

Dekningsgraden for barn i alderen eitt til fem år var i 2011 89,7 pst., som er ein auke frå 89,3 pst. ved utgangen av 2010. Tilsvarende tal for 2009 var 88,5 pst. Den største auken i veksten i talet på barn er for barn over tre år. Auken her var på om lag 4 000 barn. For barn i aldersgruppa tre til fem år låg dekningsgraden konstant på 96,5 pst. både i 2010 og i 2011. For barn i aldersgruppa eitt til to år auka dekningsgraden frå 78,8 pst. til 79,5 pst. frå 2010 til 2011. Veksten i talet på barn i denne aldersgruppa tilsvarende om lag 1 700 barn.

Tabell 7.2 Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2008–11

	2008	2009	2010	2011
Offentlege	141 502	145 046	147 180	148 822
– kommunale	138 576	143 454	146 051	147 909
– fylkeskommunale/statlege	2 926	1 592	1 129	913
Private	120 384	125 128	129 959	133 915
– kyrkjelyd/trussamfunn	7 667	7 769	7 723	7 612
– foreldreeigd	33 616	33 170	33 083	33 169
– husmorlag/sanitetsforening	1 194	1 139	1 151	1 032
– bedrift	25 527	33 039	30 724	36 681
– pedagogisk/ideologisk org.	4 989	4 900	8 048	8 109
– enkeltpersonar	20 238	18 692	18 183	18 398
– andre	27 153	26 419	31 047	28 914
I alt	261 886	270 174	277 139	282 737

Note: Barn som går i familiebarnehagar, er inkluderte i tabellen. I 2011 gjekk 455 barn i offentlege familiebarnehagar, og 6 514 barn gjekk i private familiebarnehagar.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2011 var det 6 469 barnehagar i Noreg. Om lag 54 pst. av desse var private. Frå 2008 til 2011 er det vorte 236 færre barnehagar. 5 598 fleire barn begynte i barnehage i 2011. Det er private barnehagar som har stått for hovudtyngda av veksten i barnehageplassar i dei siste

åra. 71 pst. av veksten i talet på barn i barnehage i 2011 var i private barnehagar, mot 69 pst. i 2010.

Offentleg og privat del av barnehagesektoren er framleis relativt jamstore. I 2011 hadde 53 pst. av barna plass i ein offentleg barnehage, medan 47 pst. hadde tilbod i ein privat barnehage.

Barnehagestruktur

Tabell 7.3 Tal på barn i barnehage og tal på barnehagar etter barnehagestorleik, 2009–11

	2009		2010		2011	
	Barn i barnehage	Barnehagar	Barn i barnehage	Barnehagar	Barn i barnehage	Barnehagar
1–25 barn	30 005	2 351	28 528	2 197	25 852	2 007
26–50 barn	68 031	1 834	66 762	1 794	67 813	1 826
51–75 barn	95 391	1 548	96 818	1 570	96 927	1 571
76 barn eller fleire	76 747	800	85 031	872	92 145	936
I alt	270 174	6 533	277 139	6 433	282 737	6 340

Note: Dersom opne barnehagar vert inkluderte, er totaltalet på barnehagar i 2011 6 469.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Talet på store barnehagar har auka i dei siste åra, og stadig fleire av barnehagebarna går i desse barnehagane. I 2011 gjekk 33 pst. av alle barnehagebarn i barnehagar med 76 barn eller fleire, mot 31 pst. i 2010. Denne utviklinga blir stadfesta i undersøkinga *Barnehagens organisering og strukturelle faktorerers betydning for kvalitet*, som IRIS gjennomførte i 2010. Ho viser at sjølv om delen barnehagar med meir enn 80 barn er lav, går ein firedel av barna i denne typen barnehage. 51 pst. av barna går i barnehagar med plass til 60 barn eller meir. Gjennomsnittstorleiken på norske barnehagar er 47 barn.

Undersøkinga syner vidare at det framleis er mest vanleg at barnehagane er organiserte heilt eller delvis som tradisjonell avdelingsbarnehage (56 pst.). 25 pst. av barnehagane i undersøkinga plasserer seg mellom tradisjonell barnehage og avdelingsfri barnehage, medan seks pst. av barnehagane reknar seg heilt eller delvis som avdelingsfrie barnehagar. 13 pst. av barnehagane har berre ei barnegruppe og under 30 barn. Det er

altså ein firedel av barnehagane som har innslag av både avdelingsbasert og avdelingsfri drift. Det er ikkje nokon klar samanheng mellom storleiken på barnehagen og organiseringsform for barnehagar med inntil 99 barn. For barnehagar med 100 eller fleire barn er det meir vanleg med avdelingsfri organisering eller mellomformer (51 pst.).

IRIS-undersøkinga viser at gjennomsnittleg gruppestorleik for barn under tre år er 12,4 barn, for grupper med barn over tre år er talet 18,7 barn. For blanda grupper med barn over og under tre år er gruppestorleiken 17,6 barn. Den gjennomsnittlege gruppestorleiken er vesentleg større i barnehagar etablerte etter 2005 enn i barnehagar som er etablerte tidlegare.

Dess større barnehagen er, målt i talet på barn, dess større er barnegruppene. Gjennomsnittleg storleik på reine småbarnsgrupper i dei aller minste barnehagane (med mindre enn 30 barn) er 9,2 barn. I barnehagar med 80–99 barn og over 100 barn er dette talet høvesvis 14,0 og 13,2 barn.

Tabell 7.4 Gjennomsnittleg tal på barn per gruppe etter organiseringa av barnehagen

Type grupper	Heilt/delvis avdelingsbasert	Mellom avdelings- basert og avdelingsfri	Heilt/delvis avdelingsfri	Barnehagar med ei gruppe	Total
Både små og store barn	17,3	17,9	19,9	17,3	17,6
Berre små barn	12,2	12,6	14,8		12,4
Berre store barn	18,8	18,0	22,7		18,7

Kjelde: International Research Institute of Stavanger (IRIS) (2011): «Barnehagens organisering og strukturelle faktorerens betydning for kvalitet». Rapport IRIS – 2011/09

Gruppestorleikar varierer med organiseringsform. Avdelingsfrie barnehagar har gjennomsnittleg fleire barn per gruppe enn avdelingsbaserte barnehagar. Dette gjeld uansett samansetjing av barnegruppa.

I barnehagane i IRIS-undersøkinga er gjennomsnittleg tal på barn per tilsett 3,4 for grupper med barn på inntil tre år, og 5,5 for grupper med barn på over tre år. For blanda grupper er gjennomsnittet 4,6 barn per tilsett. Desse tala varierte ikkje med organiseringsform (avdelingsfri–avdelingsbasert), men med auka tal på barn i barnehagen er det også ein tendens til at talet på barn per tilsett aukar.

Personalet i barnehagen

Barnehagar med kompetente tilsette er ein føresetnad for å kunne gi alle barn eit godt pedago-

gisk tilbod. Det blir slått fast i St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen*, og det ligg til grunn for regjeringas satsing på auka kvalitet i barnehagetilbodet. KOSTRA-tal syner at talet på styrarar og pedagogiske leiarar med pedagogisk utdanning, det vil seie førskolelærerutdanning eller anna pedagogisk utdanning, auka med 1 053 personar frå 2010 til 2011.

Delen pedagogiske leiarar og styrarar med godkjend utdanning er ikkje lik over heile landet. Mange stader opplever dei å ha tilstrekkeleg godt kvalifisert pedagogisk personell i barnehagane, medan andre slit med rekrutteringa. Oslo og Akershus er framleis dei fylka som har størst vanskar med å rekruttere nok pedagogar.

Tabell 7.5 Personalet i barnehagen, 2009–11

	2009	2010	2011
Tal på tilsette	84 884	87 401	88 823
Tal på årsverk	68 096	70 212	71 588
Tal på barn per årsverk	4,0	3,9	3,9
– i offentlege barnehagar	3,9	3,9	3,9
– i private barnehagar	4,1	4,0	4,0
Tal på styrarar og pedagogiske leiarar	28 925	29 915	31 022
– i pst. av dei tilsette	34,1	34,2	34,9
Styrarar og pedagogiske leiarar med pedagogisk utdanning	25 525	27 150	28 203
– i pst. av styrarar og pedagogiske leiarar	88,2	90,8	90,9
Styrarar og pedagogiske leiarar med førskolelærerutdanning	24 139	25 298	26 374
– i pst. av styrarar og pedagogiske leiarar	83,5	84,6	85,0
Tilsette med pedagogisk utdanning	30 011	31 404	32 211
– i pst. av dei tilsette	35,4	35,9	36,3

Tabell 7.5 Personalet i barnehagen, 2009–11

	2009	2010	2011
Tilsette med førskolelærerutdanning	27 129	28 007	28 761
– i pst. av dei tilsette	32,0	32,0	32,4
Tilsette med barne- og ungdomsfagleg utdanning	9 363	10 164	10 934
– i pst. av dei tilsette	11,0	11,6	12,3

Kjelde: Kunnskapsdepartementet og Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2011 var det 88 823 tilsette som utførte 71 588 årsverk i barnehagane. Dette er ein auke på 1 376 årsverk frå året før. I overkant av 30 000 av dei tilsette var styrarar og pedagogiske leiarar. Sidan 2008 har talet på tilsette auka med om lag 4 000 personar. Talet på barn per årsverk

har gått svakt ned frå 4,0 i 2009 til 3,9 i 2010 og 2011. Dette har samband med at det har blitt fleire barn under tre år i barnehagane. Delen tilsette med barne- og ungdomsfagleg utdanning har auka med 1,5 prosentpoeng frå 2008 til 2011.

Tabell 7.6 Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet, 2007–11

	2007	2008	2009	2010	2011
Opptak til førskolelærerutdanning	2 439	2 475	2 557	2 735	2 553
– av dette menn	314	307	359	424	425
– del menn (i pst.)	12,9	12,4	14,0	15,5	16,6
Uteksaminerte førskolelærarar	1 435	1 365	1 532	1 679	1 752
– av dette menn	128	148	170	168	159
– del menn (i pst.)	8,9	10,8	11,1	10,0	9,1

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)

Talet på studentar som er tekne opp til førskolelærerutdanninga, har auka frå 2 439 i 2007 til 2 553 i 2011. Ferdig uteksaminerte førskolelærarar har auka frå 1 435 til 1 752 i same tidsrom. Mogleghetene for førskolelærarstudium har samstundes blitt meir mangfaldige og tilgjengelege, med studieplassar fordelte på både ordinær førskolelærerutdanning, arbeidsplassbasert førskolelærerutdanning, vidareutdanning i pedagogisk utviklingsarbeid for førskolelærarar og vidareutdanning i barnehagepedagogikk for pedagogar med minst tre års høgre utdanning.

Likestilling

Verdigrunnlaget i «Rammeplan om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen» presiserer at barneha-

gepedagogikken skal vitne om likestilling mellom kjønna. Barnehagen skal oppdra barn til å møte eit likestilt samfunn. Barnehagen skal byggje verksemda si på prinsippet om likestilling mellom dei to kjønna. Både gutar og jenter skal bli sette og hørte, og dei skal bli oppmuntra til i fellesskap å delta i alle aktivitetar i barnehagen.

Likestillingsarbeid er eit systematisk og langsiktig holdningsarbeid, samstundes som det krev handling her og no. Departementet arbeider for å fremme ein pedagogikk som medverkar til likestilling mellom gutar og jenter, og for å auke rekruttering av menn til barnehagen. Barn og unge treng både mannlege og kvinnelege rollemodellar. Ein betre kjønnsbalanse i barnehagen er også viktig for å kunne sikre personale med variert kompetanse.

Tabell 7.7 Menn i barnehagane, 2007–11

	2007	2008	2009	2010	2011
Menn tilsette i basisverksemd	4 672	4 985	5 636	6 106	6 238
– i pst. av tilsette i basisverksemd	7,3	7,3	7,9	8,3	8,3
Styrarar og pedagogiske leiarar	1 545	1 671	1 889	2 030	2 110
Assistentar	3 127	3 314	3 747	4 076	4 128

Note: Assistentar inkluderer ikkje tospråklege assistentar.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2011 var om lag ti pst. av dei tilsette i barnehagane menn, noko som tilsvarer i overkant av 9 000 personar. 8,3 pst. eller om lag 6 200 av dei tilsette i basisverksemda til barnehagen er menn. I basisverksemda inngår personalet som arbeider med heile barnegruppa, det vil seie styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar (ikkje tospråklege assistentar). Frå 2010 til 2011 har talet på menn i basisverksemda auka med om lag 132, det vil seie ein auke på om lag to pst.

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at om lag 15 pst. av barnehagane hadde minst 20 pst. menn tilsette i basisverksemda si i 2011. I tillegg

arbeidde 87 menn som tospråklege assistentar og 418 som anna personale.

Minoritetsspråklege barn og tilsette i barnehage

Talet på minoritetsspråklege barn i barnehage har auka frå 27 207 i 2010 til 30 508 i 2011. I 2011 gikk 73,0 pst. av minoritetsspråklege barn i alderen eitt til fem år i barnehage. Det er ein auke på 1,8 prosentpoeng frå 2010. I 2011 gjekk 96 pst. av minoritetsspråklege femåringar i barnehage. Det er 1,0 prosentpoeng høgre enn i 2010.

Tabell 7.8 Minoritetsspråklege barn i barnehage, alder 1–5 år, 2008–11

	2008	2009	2010	2011
Tal på minoritetsspråklege 1–5-åringar i barnehage	21 909	24 815	27 207	30 255
Dekningsgrad minoritetsspråklege 1–5-åringar	67,4	70,6	71,2	73,0
Dekningsgrad minoritetsspråklege 1-åringar	30,3	32,8	34,2	36,8
Dekningsgrad minoritetsspråklege 2-åringar	48,5	55,2	56,4	59,4
Dekningsgrad minoritetsspråklege 3-åringar	75,9	81,0	83,5	83,7
Dekningsgrad minoritetsspråklege 4-åringar	90,8	91,9	92,2	94,5
Dekningsgrad minoritetsspråklege 5-åringar	92,8	94,6	94,1	96,4

Note: Minoritetsspråklege barn blir her definerte som barn med ein annan språk- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Tabell 7.9 Førskolelærarar med innvandrarbakgrunn som arbeider i barnehage, 2009–11

	2009	2010	2011
Førskolelærarar med innvandrarbakgrunn som arbeider i barnehage	1 348	1 515	1 711
i pst. av alle førskolelærarar	4,9	5,3	5,9

Kjelde: Arbeidsmarknadsstatistikk, Statistisk sentralbyrå


5,9 pst. av førskolelærarar som var tilsette i barnehagar i 2011, var innvandrarar. Det er ein auke på 0,6 prosentpoeng frå 2010. 14 pst. av anna pedagogisk personell og 15 pst. av anna personell i barnehagane hadde innvandrarbakgrunn i 2011. Delen med anna personell har auka med to prosentpoeng sidan 2009.

Av 7 525 studentar i førskolelærerutdanninga i 2011 var 7,3 pst. innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre. I 2009 var delen 5,7 pst.

Staten gir eit øyremerkt tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63.

Barn med nedsett funksjonsevne i barnehage

Barnehagar er eit viktig pedagogisk tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Barn med nedsett funksjonsevne skal derfor ha prioritet ved opptak. I 2011 var det 14 948 barn med nedsett funksjonsevne og særlege behov i barnehagen. I 2011 fekk 6 482 barn under opplæringspliktig alder spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i opplæringslova. Dette tilsvarer om lag 2,3 pst. av alle barn som går i barnehagen.



Figur 7.1 Delen barnehagar som har spesialpedagog blant personalet, etter storleiken til barnehagen

Kjelde: International Research Institute of Stavanger (IRIS) (2011): «Barnehagens organisering og strukturelle faktorerens betydning for kvalitet». Rapport IRIS – 2011/09

I undersøkinga som IRIS har gjennomført på vegner av departementet i 2010, er eitt av tema delen spesialpedagogar i barnehagane. Barn under opplæringspliktig alder som har særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp etter opplæringslova. Spesialpedagogisk kompetanse er viktig for å identifisere behov for spesialpedagogisk hjelp hos barn i barnehagen. IRIS framhever derfor at den spesialpedagogiske kompetansen er ein del av den strukturelle kvaliteten til barnehagen. Figuren over viser at det er fleire spesialpedagogar i dei store barnehagane enn i dei små.

Kostnader i og finansiering av barnehagar

Tabellen nedanfor viser kostnader per korrigerede opphaldstimer i 2010 og 2011 for kommunale barnehagar, ikkje-kommunale barnehagar og private familiebarnehagar. Dei ordinære driftskostnadene i ikkje-kommunale barnehagar utgjer om lag 87 pst. av kostnadene til ordinær drift i kommunale barnehagar. Frå 2010 til 2011 har kostnadene til ordinær drift i kommunale barnehagar auka nominelt med 3,9 pst. I ordinære ikkje-kommunale barnehagar auka dei ordinære driftskostnadene nominelt med 2,7 pst.

Tabell 7.10 Kostnader per korrigerede opphaldstimer, ordinære barnehagar og familiebarnehagar 2010–11

	2010			2011		
	Kommunale barnehagar	Ordinære ikkje-kommunale barnehagar	Private familiebarnehagar	Kommunale barnehagar	Ordinære ikkje-kommunale barnehagar	Private familiebarnehagar
Kostnader per korrigerede opphaldstimer ordinær drift	48,28	42,65	36,99	50,15	43,80	39,37
Kostnader per korrigerede opphaldstimer særskild tilrettelegging	4,73	0,48	0,07	4,93	0,59	0,11
Sum kostnader per korrigerede opphaldstimer	53,01	43,13	37,06	55,09	44,38	39,49

Note: Korrigerede opphaldstimer er berekna med omsyn til faktiske opphaldstimer og er omskalerte med ein faktor på 2 for barn under tre år, faktor 1,5 for treåringar og faktor 1 for barn over tre år. Kostnadsanalysen tar utgangspunkt i heile populasjonen. For ei nærmare drøfting av utvalet og nytta utrekningsmetode, sjå rapport frå den aktuelle analysa.

Kjelde: Telemarksforskning (2012): «Analyse av kostnader i barnehagene 2011»

Som tabellen nedanfor viser er foreldrebetalinga vesentleg redusert for alle inntektsgrupper etter innføring av maksimalprisen. Reduksjonen i foreldrebetalinga har vore høgre for hushald med

høg inntekt enn for hushald med låg inntekt. Maksimalprisen er frå 2005 til 2012 reelt sett redusert med 33,1 pst. eller om lag 1 150 kroner per måned.

Tabell 7.11 Gjennomsnittlege månedssatsar i kroner (vekta) for foreldrebetaling etter bruttoinntekt, barn over tre år med fulltidsopphald i kommunale barnehagar, 2003–12

	250 000	375 000	500 000
Januar 2003	2 579	3 008	3 097
Januar 2004	2 360	2 731	2 805
Januar 2005	2 356	2 691	2 741
Januar 2006	2 010	2 199	2 257
Januar 2007	2 017	2 235	2 289
Januar 2008	2 114	2 265	2 296
Januar 2009	2 060	2 208	2 261
Januar 2010	2 077	2 218	2 263
Januar 2011	2 160	2 237	2 277
Januar 2012	2 145	2 262	2 297

Note: Kostpenget og tilleggsutgifter ekskluderte. Løpande nominelle prisar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (2012): «Undersøking om foreldrebetaling i barnehagar, januar 2012», Rapportar 19/2012

Frå 2011 er barnehagane i all hovudsak vorte finansierte gjennom dei frie inntektene til kommu-

nane og foreldrebetalinga. Foreldrebetalinga utgjer ein stadig mindre del av finansieringa etter-

som maksimalprisen har vorte redusert i dei siste åra. Tabellen under viser finansieringa av barnehagane i 2011. 1 544 av dei private ordinære barnehagane går med overskott, medan 734 går med

underskott. Underskottet i desse barnehagane utgjer 1,35 pst. av dei samlede kostnadene for ordinære private barnehagar.

Tabell 7.12 Finansiering av barnehagar i 2011.

	Kommunale barnehagar	Ordinære ikkje-kommunale barnehagar	Private familiebarnehagar
Opphaldsbetaling/anna brukarbetaling	13,89 %	17,16 %	15,73 %
Statstilskott	1,25%	2,06 %	0,55 %
Kommunal driftsfinansiering/kommunale driftstilskott	84,23 %	77,51 %	81,39 %
Andre offentlege tilskott/andre inntekter	0,63 %	2,50 %	1,19 %
Ikkje-økonomisk støtte frå kommunane til ikkje-kommunale barnehagar	0,0 %	0,64 %	0,14 %
Ikkje-økonomisk støtte frå eigaren eller andre	0,0 %	0,13 %	1,00 %
Sum finansiering = sum kostnader + netto overskott	100 %	100 %	100 %

Kjelde: Telemarkforskning (2012): «Analyse av kostnader i barnehagene i 2011»

8 Likestilling og arbeid mot diskriminering

Arbeidet med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig holdningsarbeid som startar i barnehagen, blir ført vidare i skolen og må liggje til grunn i universitets- og høgskoleinstitusjonane og i forskinga. Målet er at alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion.

Barnehagen

Barnehagen skal oppdra barn til både å møte og skape eit likestilt samfunn, og byggje verksemda si på prinsippet om likestilling mellom dei to kjønna. Dei tilsette skal sjå og høre på både gutar og jenter, og dei skal oppmuntre barna til i fellesskap å delta i all slags aktivitet i barnehagen.

På dei siste fem åra har det vorte tilsett om lag 2 200 fleire menn i basisverksemda i barnehagen, ein auke på 55 pst., frå 4 032 menn i 2006 til 6 238 menn i 2011. Basisverksemda omfattar den hovuddelen av personalet som arbeider med heile barnegruppa, som styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar (ikkje tospråklege assistentar). Ved utgangen av 2011 utgjorde mannlege tilsette 10,4 pst. av dei tilsette i alle typar stillingskategoriar (9 209 av totalt 88 823 tilsette), mot 10,3 pst. i 2010. Dette inkluderer spesialpedagogar, personlege assistentar, sivilarbeidarar, vaktmeistarar og tospråklege assistentar. For stillingar i basisverksemda utgjorde mannlege tilsette 8,3 pst. i 2011 (6 238 av 74 754), det er same prosentdel som i 2010.

I 2011 hadde 949 av totalt 6 469 barnehagar minst 20 pst. menn tilsette i basisverksemda, noko som utgjer 14,7 pst. Dette er ein liten nedgang frå 2010, da prosentdelen var 15,3 pst.

Delen menn som fullfører førskolelæruddanninga, var 9,1 pst. våren 2011 mot 10 pst. våren 2010. Det reelle talet var 159 kandidatar våren 2011 mot 168 kandidatar våren 2010.

Det viktige arbeidet med å rekruttere fleire menn til barnehagen har vore omfatta av *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen 2007–2011*, som er vorte avløyst av regjeringas handlingsplan *Likestilling 2014* (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet). I den nye

planen er det framleis eit mål å auke delen menn som er tilsette i barnehagane, til 20 pst., og at barnehagane skal fremme likestilling mellom gutar og jenter.

Departementet arbeider både for å auke rekrutteringa av menn, og for å fremme ein pedagogikk i barnehagen som medverkar til likestilling mellom gutar og jenter. Fylkesmannen er pålagt å opprette likestillingsteam i alle fylke for å føre vidare arbeidet med å rekruttere og halde på menn i barnehagane og fremme likestilling mellom gutar og jenter i barnehagane. Dronning Mauds Minne Høgskole (DMMH) har ansvaret for å drifte nettstaden mennbarnehagen.no. Intensjonen er at nettstaden skal vere ein arena for deling av erfaringar for dei som arbeider for fleire menn i norske barnehagar og i utdanninga. Vinteren 2012 vart sida fornya som ei følgje av regjeringas handlingsplan *Likestilling 2014*. Nettstaden skal gjennom informasjon bidra til at barn og vaksne i barnehagen får oppleve større mangfald i personalgruppa. Det er sett i verk tiltak for å heve kompetansen hos dei tilsette om praktisk likestillingsarbeid i barnehagane. Likestillingssenteret har ansvaret for undervisningsoppdraget.

Barnehagelova fekk ny formålsparagraf §1, som tok til å gjelde 1. august 2010. Paragrafen slår mellom anna fast at barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. I dette ligg det at barnehagen skal vere ein inkluderande arena for alle barn. Tidlegare undersøkingar viser at svært mange foreldre er godt nøgde med barnehagetilbodet. For foreldre til barn med nedsett funksjonsevne representerer barnehagen avlasting, tryggleik og støtte. Barn med nedsett funksjonsevne har prioritet ved opptak i barnehage.

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen går grundigare inn på verdigrunnlaget til barnehagen. Det går mellom anna fram at barnehagepedagogikken skal medverke til likestilling mellom kjønna, og at personalet må reflektere over sine egne holdningar til kva samfunnet ventar av gutar og jenter. For å støtte arbeidet med rammeplanen i barnehagen har departementet utarbeidd egne temahefte, mellom anna om

barn med nedsett funksjonsevne, samiske barn, om språkleg og kulturelt mangfald og om likestilling. Målet er at hefta skal formidle kunnskap og erfaringar som grunnlag for refleksjon. Eitt av fagområda i rammeplanen er etikk, religion og filosofi. Gjennom arbeidet med dette skal barnehaugen mellom anna bidra til at barna utviklar toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til den einskilde, uavhengig av den kulturelle, religiøse eller livssynsmessige tilhørsla.

Grunnopplæringa

Fokus på utradisjonelle utdanningsval

Regjeringas handlingsplan for likestilling mellom kjønna, *Likestilling 2014*, inneheld tiltak på området til grunnopplæringa. Mellom anna vil ein rette søkjelyset mot dei tradisjonelle utdannings- og yrkesvala. Regjeringa ønskjer ikkje å styre utdannings- og yrkesval, men først og fremst å satse på systematisk, holdningsskapande arbeid og aktive tiltak.

Målet om å jamne ut skilnadene i val av utdanning allereie på vidaregåande nivå er viktig for å oppnå ei vidare økonomisk likestilling. Skeiv kjønnsbalanse i utdanning og arbeidsliv gjer at vi ikkje dreg full nytte av ressursane og talenta til bae kjøn. Det er presisert i forskrift at den einskilde eleven skal ha hjelp til å utvikle seg og utnytte ressursane sine utan omsyn til tradisjonelle kjønnsroller. Rapportar har vist at verken rådgivarar eller skolar gir nok merksemd til moglegheitene for utradisjonelle utdanningsval.

I arbeidet med *Likestilling 2014* vil ein sjå på korleis kjønnsperspektivet er teke hand om i etter- og vidareutdanning av rådgivarar, og korleis det kan forsterkast og forbetrast.

I oppfølging av Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter* om ungdomstrinnet vil det i faget utdanningsval bli vurdert tiltak for korleis ein kan få elevar til å vurdere utradisjonelle utdanningsval.

Barn og unge med særskilde behov

Stortinget har handsama Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*, jf. Innst. 405 S (2010 – 2011) og Innst. 50 S (2011 – 2012). Meldinga er ei oppfølging av NOU 2009: 18 *Rett til læring*. Stortinget støttar måla og tiltaka i meldinga. Meldinga inneheld fleire tiltak for å sikre tidleg innsats og gode læringsmiljø for barn, unge og vaksne med særlege behov. Det overordna målet med meldinga er å medverke til at skolar møter det mangfaldet av

føresetnader og evner elevane har, gjennom tilpassa opplæring, og å førebyggje vanskar gjennom gode læringsmiljø. Elevar som ikkje får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, skal sikrast dette gjennom spesialundervisning av god kvalitet. Meldinga skal gjere sitt til at gjeldande rettar til barn, unge og vaksne med særskilde behov blir realiserte.

Kunnskapsdepartementet vil i 2013 arbeide vidare med å setje i verk tiltak som står omtalte i Meld. St. 18 (2010–2011). Eitt av tiltaka er ei omorganisering av Statped. Frå 1. januar 2013 vil Statped vere ei verksemd med ei sentral leiing og med fire fleirfaglege regionsenter. Eit anna viktig tiltak vil vere å utvikle og setje i verk, i samarbeid med KS, ein etter- og vidareutdanningsstrategi for PP-tenesta. Departementet vil vie meir merksemd til forskjellane i talet på gutar og jenter som får spesialundervisning. I skoleåret 2011–12 var 67,5 pst. av dei som får spesialundervisning gutar. Denne forskjellen mellom kjønna ønskjer departementet å følgje nærmare, og vil vurdere eventuelle tiltak.

Integreringsmelding

Kunnskapsdepartementet deltek i arbeidet med ei melding om integrering av innvandrarbefolkninga. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet leier arbeidet, men utdanning vil bli eitt av fleire viktige tema i meldinga som skal komme i løpet av hausten 2012. Arbeidet med meldinga støttar seg mellom anna til NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring*. Heile utdanningsløpet blir handsama, men det blir lagt særleg vekt på barnehage og opplæring for vaksne. Det vil også bli lagt vekt på behovet for kompetanseheving innanfor andrespråkspedagogikk og det fleirkulturelle perspektivet hos tilsette, leiarar, barnehagemyndighet, skoleeigar og barnehageeigar. Det er planar om eit kompetanselyft på alle nivå frå barnehage til høgre utdanning. Også andre tema innanfor utdanning vil bli tekne opp, som medbrakt kompetanse, og korleis vi betre skal utnytte den medbrakte kompetansen innvandrarbefolkninga har med seg.

Skolens arbeid mot antisemittisme og rasisme

I mai 2010 sette departementet ned ei arbeidsgruppe for å finne løysingar på korleis skolen kunne arbeide meir systematisk og heilskapleg mot rasisme, antisemittisme og diskriminering. I januar 2011 kom gruppa med anbefalingane sine i rapporten *Det kan skjje igjen*. Rasisme og antisemittisme i skolen gir grunn til bekymring, og det

er svært alvorleg for dei elevane som opplever å bli trakasserte. Noreg er eit fleirkulturelt og samansett samfunn, og skolen er ein viktig møteplass der elevar med ulik bakgrunn kan bli kjende med og få tillit til kvarandre. Departementet er oppteke av at skolen har eit stort ansvar for å arbeide systematisk mot rasisme og antisemittisme. Kunnskapsrike lærarar som kan utnytte dei moglegheitene som ligg i læreplanane, er avgjerande.

I Meld. St. 22 (2010–2011) foreslo departementet på bakgrunn av rapporten *Det kan skje igjen* å utvikle ein heilskapeleg pedagogisk ressurs for skolens arbeid mot antisemittisme og rasisme, med utgangspunkt i læreplanverket. I tillegg foreslo departementet å utvikle opplegg for etterutdanning av lærarar og skoleleiarar kring tema antisemittisme, rasisme og handtering av konflikter i skolen. Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret), Det internasjonale Wergelandsenteret og Institutt for lærerutdanning og skoleforskning (ILS) ved Universitetet i Oslo har no fått oppdraget. Oppstart vil bli i januar 2013. Kunnskapsdepartementet vil også oppfordre skolane til å markere holocaustdagen 27. januar.

Vaksne i grunnopplæringa

I skoleåret 2010–11 var det 10 500 vaksne i grunnskoleopplæring, og 50 pst. av desse var kvinner. 87 pst. av dei som deltok i ordinær grunnskoleopplæring, var minoritetsspråklege. I vidaregåande opplæring var det i skoleåret 2010–11 om lag 20 600 vaksne som deltok i vidaregåande opplæring. Av desse var 53 pst. kvinner, og 23 pst. hadde innvandrarbakgrunn.

Forsking og høgre utdanning

Likestilling mellom kjønna

Tal frå Samordna opptak viser at 60 pst. av søkjarene til høgre utdanning er kvinner. Dette er stabile tal. Tala viser òg at utdanningsval er kjønnsdelte. Ingeniørutdanningane har til dømes stabilt mange mannlege studentar (83 pst.). I andre MNT-fag (matematikk, naturfag og teknologi) har det vore ein auke på nær fire prosentpoeng kvinner i dei siste ti åra, men det er framleis eit stort fleirtal mannlege studentar. I helse- og sosialutdanningane utgjer kvinner mellom 85 og 90 pst. av studentane. I førskolelærerutdanningane har delen kvinner gått ned frå 93 pst. i 2002 til 86 pst. i 2011. I medisin har kvinnedelen auka frå 58 til 64 pst. i det siste tiåret. Dei nye grunnskolelærerut-

danningane (GLU) er som allmennlærerutdanningane kvinnedominerte, men i varierende grad. GLU 1–7 har 84 pst. kvinnelege studentar, medan tilsvarende tal for GLU 5–10 er 63 pst.

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* legg regjeringa særleg vekt på kva rekruttering har å seie for forskingskvaliteten. Det er viktig med bevisst rekruttering av studentar og forskarar av begge kjønn til alle fag for å sikre best mogleg kvalitet og relevans i forskinga. Dette er ikkje berre eit spørsmål om rettferd og like moglegheiter for alle, men òg om på beste måte å ta i bruk den kompetansen og dei talenta som finst i befolkninga. Forskinga skal reflektere mangfaldet i samfunnet, slik det kjem til uttrykk gjennom kjønn, etnisk bakgrunn og levekår.


Departementet ser det som ei viktig utfordring å arbeide for lik fordeling av kvinner og menn på alle stillingsnivå og fagområde. Kvinner er underrepresenterte på dei høgste stillingsnivåa i så godt som alle fag. Utviklinga går rett veg, men langsamt. Derfor trengst det fleire tiltak for å rekruttere, halde på og kvalifisere forskarar av begge kjønn til alle fag. Blant dei faglege stillingane ved universitet og høgskolar blir delen kvinner lågare dess høgre ein kjem i stillingsstrukturen, jf. figuren nedanfor. I 2011 var delen kvinnelege professorar 23 pst., ein auke på eit prosentpoeng frå året før og åtte prosentpoeng høgre enn for ti år sidan. Kvinnedelen blant professorane vil venteleg halde fram med å auke. Blant førsteamanuensane, som er ein rekrutteringsbase for professorstillingar, er kvinnedelen 39 pst., og framleis aukande. Sett under eitt aukar delen kvinner i alle dei mest sentrale faglege stillingane over tid. Medan kvinner er i fleirtal blant stipendiatane ved universitet og høgskolar samla sett, er likevel delen kvinner som tek doktorgraden, lågare enn delen menn.

Variasjonen i kvinnedel blant faglege stillingar er stor mellom fagområda. Kvinner er særleg dårleg representerte blant førstestillingane i MNT-faga. I 2011 var 46 pst. av doktorandane kvinner, men variasjonen mellom fagområda er stor. Kvinnedelen doktorandar var høgst i medisin og helsefag med 58 pst. og lågast i teknologi med 25 pst. Sjå tabell 2.10 i vedlegg 2.

Departementet sette i 2010 i verk ei treårig prøveordning med insentiv for å auke kvinnedelen i høgre vitskapelege stillingar i MNT-fag. Ordninga vil bli forlengd med eitt år og vil verke i 2013, medan ein ventar på ei evaluering av ordninga. Formålet er å premiere universitet og høgskolar ved at kvar tilsetjing av ei kvinne i stillingane førstelektor, førsteamanuensis, professor og dosent i MNT-fag utløyser midlar til institusjonen. Ord-

ninga omfattar no ni institusjonar som gir doktorgradsutdanning innanfor desse fagområda. I 2011 vart det tilsett 18 kvinner i stillingar som gir uttelling i insentivordninga. Ramma for ordninga er på

10 mill. kroner, avgrensa til maksimalt 300 000 kroner per tilsetjing. Budsjettutteljinga for tilsetjingar i 2011 kjem i 2013. Sjå budsjettforslag under kap. 281 post 01.



Figur 8.1 Prosentdelen kvinner i ulike faglege stillingskategoriar ved universitet og høgskolar 2004–10

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)

Det viktigaste likestillingsarbeidet går likevel føre seg ved institusjonane. Universiteta og høgskolane arbeider aktivt med tiltak for å oppnå auka likestilling. Erfaringa viser at forankring i leiinga ved institusjonen og konkrete tiltak der verkna-dene kan bli målte, spelar ei stor rolle for å lykkast med likestillingsarbeidet. Kunnskapsdepartementet krev at universiteta og høgskolane utarbeider handlingsplanar for likestilling mellom anna for å betre arbeidsvilkåra for kvinner i høgre akademiske stillingar. Kunnskapsdepartementet føreset at planane òg omfattar tiltak for å auke delen kvinner i førstestillingar. Departementet tek i tillegg opp likestilling i styringsdialogen med universitet og høgskolar.

I 2007 oppretta departementet ein likestillingspris for å premiere dei beste handlingsplanane og stimulere sektoren til målretta likestillingsarbeid. Universitetet i Tromsø vart tildelt prisen i 2012. Prisen blir delt ut for sjette gong i 2013.

Komiteé for kjønnsbalanse i forskning (Kif-komiteen) arbeider for å fremme likestilling mellom kjønna ved universiteta, høgskolane og forskingsinstitutta. Komiteen støttar institusjonane i arbeidet med å integrere likestilling i si eiga verksemd, og kjem med framlegg om tiltak som kan betre kjønnsbalansen i forskingsmiljøa. Komiteen skal òg medverke til auka medvit om den skeive balansen mellom kjønna i academia og forskningssystemet.

Komiteen får tilskott av Kunnskapsdepartementet, sjå kap. 281 post 70. Komiteen har mellom anna sett søkjelyset på at kunnskap om likestilling treng forankring i leiinga på institusjonane. Dagens komité er oppnemnd ut 2013.

Tiltak mot diskriminering

Departementet vil sikre rekrutteringa av minoritetsspråklege lærarar. Det har gjennom særskilde løyvingar vore lagt til rette for tilpassa oppfølging av studentar med tospråkleg bakgrunn, mellom anna i fleksible utdanningstilbod. Frå 2013 er desse løyvingane lagde inn i rammene til institusjonane.

I lov om universitet og høgskolar blir det understreka at styra ved institusjonane skal sørge for eit godt læringsmiljø, og at institusjonen skal leggje til rette for studentar med særskilde behov.

Institusjonane er gjennom lov pålagde å ha eit læringsmiljøutval, som skal arbeide for at det blir teke vare på læringsmiljøet til studentane, inkludert dei med nedsett funksjonsevne.

Departementet tildeler årleg midlar til Universell (tidlegare Nasjonal pådrivareining for funksjonshemma i høgre utdanning) ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Universell skal medverke til å fremme eit inkluderande læringsmiljø for studentar med nedsett funksjonsevne, og

vere ein pådrivar for læringsmiljøutvala ved norske lærestader.

Brucarforum for funksjonshemma i høgre utdanning vart oppretta i 2000. Kunnskapsdepartementet finansierer drifta, og sekretariatet er lagt til Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO). Brucarforumet er ein møtestad for departement, tilsette i universitets- og høgskolesektoren og representantar frå organisasjonane for funksjonshemma, og der problemstillingar knytte til funksjonshemma og høgre utdanning blir drøfta. Departementet vil avklare vidare drift og samansetning av forumet med FFO.

På oppdrag av Kunnskapsdepartementet og Deltasenteret, eit statleg kompetansesenter som arbeider for at personar med nedsett funksjonsevne skal delta i samfunnet, utarbeidde NIFU i 2010 rapporten *Tilretteleggingsutfordringar i høgere utdanning før og nå*. Rapporten viser mellom anna at lærestadene driv eit omfattande arbeid knytt til tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.

Tiltak mot diskriminering – studiefinansieringsordningar for studentar med nedsett funksjonsevne og funksjonshemma studentar

Regjeringa er oppteken av å sikre reell lik rett til utdanning, og har i dei siste åra satsa på tiltak for einskilde grupper som kan ha behov for meir tilrettelegging enn dei ordinære ordningane i studiefinansieringa. Frå hausten 2011 vart det derfor etablert eit ekstra månadleg stipend og støtte i tolv månader for studentar som på grunn av redusert funksjonsevne ikkje kan ta arbeid ved sida av utdanninga. Tiltaket skal medverke til at fleire personar med redusert funksjonsevne har økonomisk moglegheit til å ta høgre utdanning. Vidare vart det samtidig innført ei ordning der personar med redusert funksjonsevne, og som ikkje har støtte slik frå folketrygda som er meint å dekkje utdanninga, kan få heile basisstøtta som stipend ved forseinking i utdanninga utover eitt år. Forseinkinga må skyldast den nedsette funksjonsevna. Studentar med redusert funksjonsevne har ofte større utfordringar enn andre studentar med å følgje normert studieprogresjon. Tiltaket skal hindre at desse studentane får høgre gjeld etter fullført utdanning enn andre studentar på grunn av den nedsette funksjonsevna.

Tiltak for likestilling i Noregs forskingsråd

Forskringsrådets *Policy for likestilling og kjønnspektiver i forskning (2007–2012)* dannar grunn-

laget for rådets arbeid med likestilling i forskning. Formålet med dokumentet er å styrkje kunnskapsgrunnlaget, kvalitetskrava og aktiviteten i Forskringsrådet på dette feltet. I 2011 var det 28 pst. kvinnelege prosjektleiarar i Forskringsrådet, likt med året før. Blant forskarrekruuttane har kvinnedelen stige i dei siste åra. I 2011 var 44 pst. av doktorgradsstipendiatane og 41 pst. av postdoktorstipendiatane kvinner.

Om ein ser på dei enkelte fagområda, er kvinnedelen av doktorgradsstipend og postdoktorstipend over 50 pst. innanfor samfunnsvitenskap, humaniora og medisin. Dette gjeld også for kvinnedelen av doktorgradsstipend i landbruks- og fiskerifag. Kvinnedelen er om lag 30 pst. for teknologi og matematikk og naturvitenskap. Kvinnedelen er særleg høg innanfor handlingsretta program. Desse programma inneheld mykje samfunnsvitenskap, medisin og helsefag, som generelt har høg kvinnedel. Ved tildelinga innanfor fri prosjektstøtte (*FRIPRO*) praktiserer Forskringsrådet moderat kjønnskvolterering for søknadene om personlege postdoktorstipend og prosjektleiarar for forskingsprosjekta.

Forskringsrådet arbeider med ei ny satsing kalla Balanse, som inneheld framlegg om tiltak som skal ha som mål å auke kvinnedelen i faglege toppstillingar og i forskingsleiing.

Likestilling og arbeidet mot diskriminering i verksemder underlagde Kunnskapsdepartementet

Etter likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a og diskriminerings- og tilgjengelova § 3 er alle arbeidsgivarar pålagde å jobbe aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og meldeplikta). Kunnskapsdepartementet skal gjere greie for tilstanden når det gjeld likestilling og diskriminering, i Prop. 1 S. Meldeplikta gjeld òg for verksemder og institusjonar under Kunnskapsdepartementet. I Prop. 1 S blir det gjort ei overordna vurdering av tilstanden. For rapporteringa frå kvar enkelt verksemd blir det vist til årsrapportane til verksemdene.

I Utdanningsdirektoratet, ved dei samiske vidaregåande skolane i Karasjok og Kautokeino og ved Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar (Vea) utgjer kvinner rett i overkant av 60 pst. av dei tilsette, mens det i Senter for IKT i utdanninga er ei jamn fordeling mellom kjønna. I dei spesialpedagogiske kompetansesentra utgjer kvinnene nærmare 70 pst. av dei tilsette. I sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa er det utelukkande kvinner. I Utdanningsdirektora-

tet, i Senter for IKT i utdanninga, i dei spesialpedagogiske kompetansesentra og ved Vea tener menn noko meir enn kvinner. Verksemdene har ei bevisst holdning til likestilling, og arbeider aktivt med å syte for likestilling når dei rekrutterer nye tilsette, ved fastsetjing av lønn og i utforming av personalpolitiske tiltak.

I Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) er om lag 69 pst. av dei tilsette kvinner. NOKUT ønskjer ei jamn fordeling mellom kjønna i alle avdelingar. Kvinnelege søkjarar er i fleirtal til utlyste stillingar. Ved å følge kvalifikasjonsprinsippet får NOKUT dermed ei noko skeiv fordeling med kvinneoverskott. Dette gjeld i alle avdelingar av verksemda. Når det gjeld leiarstillingane, var det ved årsskiftet 2011–12 like mange kvinner som menn. Det er framleis slik at mannlege tilsette i snitt tener meir enn kvinner, men avstanden har minka frå 2010 til 2011. NOKUT har som ambisjon å kalle inn kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn til intervju i ledige stillingar.

Statens lånekasse for utdanning har ei viss overvekt av kvinner blant dei tilsette, men Kunnskapsdepartementet vurderer kjønnsfordelinga som tilstrekkeleg jamn. Denne kjønnsbalansen blir reflektert på dei ulike stillingsnivåa i organisasjonen, både for kjønnsfordelinga og i lønnsforde-

linga. Kjønnsfordelinga for faste medlemmer og varamedlemmer i styret til Lånekassen er også jamn. Lånekassen legg vekt på at arbeidsstokken skal spegle befolkninga på ein god måte. Kunngjeringspraksisen og rekrutteringspolitikken bidreg til at Lånekassen ikkje diskriminerer på grunnlag av religion, etnisitet og funksjonshemming. Etablerer prøver å rekruttere tilsette med innvandrarbakgrunn gjennom eigna formuleringar i stillingskunngjerane og ved innkalling til intervju. Vidare legg dei til rette for at tilsette med funksjonshemmingar skal få ein effektiv og god arbeidskvardag, mellom anna gjennom tilpassingar av det fysiske arbeidsmiljøet.

I Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk er 75 pst. av dei tilsette kvinner. Av dei som vart tilsette i 2011, var 75 pst. kvinner. Når det gjeld lønn, tener menn noko meir enn kvinner på leiarnivå og blant førstekonsulentar og administrativt personale, medan lønnsnivået er om lag det same for kvinnelege og mannlege rådgivarar og seniorrådgivarar. Ved rekruttering av nye tilsette har Vox ei eiga formulering i utlysingane der dei oppmuntrar kvalifiserte kandidatar til å søkje utan omsyn til alder, kjønn, funksjonshemming eller etnisk bakgrunn.

Tabell 8.1 Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2010)

Verksemd	Tilsette	Del menn (%)	Del kvinner (%)
Utdanningsdirektoratet	304	31,1	68,9
Dei samiske vidaregåande skolane, Karasjok og Kautokeino	98	36,7	63,3
Sameskolen for Midt-Noreg	15	33,3	66,7
Spesialpedagogiske kompetansesenter	839	26,9	73,1
Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	38	39,5	60,5
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	10	0	100,0
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	64	31,3	68,8
Senter for IKT i utdanninga	52	48,1	51,9
Statens lånekasse for utdanning	315	39,4	60,6
Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	94	26,6	73,4

Kjelde: Statens sentrale tjenestemannsregister pr 1. oktober tabell 3.50 og 3.55

Tabell 8.2 Gjennomsnittleg månadsforteneste for menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2010)

Verksemd	Gj.snittleg månadsforteneste, menn	Gj.snittleg månadsforteneste, kvinner	Lønn til kvinner i pst. av lønn til menn
Utdanningsdirektoratet	43 543	41 676	95,7
Dei samiske vidaregåande skolane, Karasjok og Kautokeino	40 574	36 414	89,7
Sameskolen for Midt-Noreg	37 658	32 849	87,2
Spesialpedagogiske kompetansesenter	40 121	37 965	94,6
Vea – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	37 180	37 014	99,6
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	–	40 885	–
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	44 195	41 008	92,8
Senter for IKT i utdanninga	45 799	44 311	96,8
Statens lånekassee for utdanning	36 991	36 284	98,1
Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	42 123	40 236	95,5

Kjelde: Statens sentrale tjenestemannsregister pr 1. oktober tabell 3.50 og 3.55

Likestilling og arbeid mot diskriminering i Kunnskapsdepartementet

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga og for betre mangfald i samfunnet. Departementet har som mål å oppnå best mogleg kjønnsbalanse i organisasjonen og gi dei tilsette tilgang til utvik-

ling, karriere og velferd uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsevne.

Per 1. oktober 2011 var 66,8 pst. av dei tilsette i departementet kvinner. Dette er ein auke samanlikna med 2010. Kvinner utgjer den største delen av dei tilsette, og departementet vil i rekrutteringsarbeidet sitt framleis vurdere korleis delen menn kan aukast.

Tabell 8.3 Del menn og kvinner og gjennomsnittleg lønn per årsverk etter stillingskode

		Kjønn			Lønn	
		Menn (%)	Kvinner (%)	Totalt (N)	Menn (kr)	Kvinner (kr)
Tilsette i Kunnskapsdepartementet omfatta av Hovedtariffavtalen i staten	2011	33,2	66,8	328	46 801	43 297
	2010	36,5	63,5	334	44 867	41 846
<i>Toppleiing</i>						
Departementsråd/ekspedisjonssjef	2011	62,5	37,5	8	91 300	92 917
<i>Mellomleiarar</i>						
Avdelingsdirektør, direktør	2011	42,3	57,7	52	58 546	57 462
	2010	47,0	53,0	51	55 273	54 374

Tabell 8.3 Del menn og kvinner og gjennomsnittleg lønn per årsverk etter stillingskode

		Kjønn			Lønn	
		Menn (%)	Kvinner (%)	Totalt (N)	Menn (kr)	Kvinner (kr)
<i>Sakshandsaming</i>						
Underdirektør, spesialrådgivar, prosjektleiar, fagdirektør, kommunikasjonssjef	2011	66,7	33,3	15	57 071	58 543
	2010	64,7	35,3	17	57 235	58 522
Seniorrådgivar	2011	34,0	66,0	153	45 203	44 675
	2010	36,4	63,6	143	43 526	43 749
Rådgivar	2011	30,5	69,5	59	36 955	37 881
	2010	34,8	65,2	69	37 712	37 011
Førstekonsulent	2011	22,6	77,4	31	32 404	34 097
	2010	22,0	78,0	41	32 543	33 307
<i>Administrativt personale</i>						
Seniorkonsulent, konsulent	2011	0	100	15	-	33 903
	2010	18,2	81,8	11	28 155	32 446
Lærling	2011	0,0	100,0	3	-	24 434
	2010	0,0	100,0	2	-	23 850

Kjelde: Tabell 2 frå SST per 1. oktober 2010 og per 1. oktober 2011

Per 1. oktober 2011 var 57,7 pst. av leiarane i Kunnskapsdepartementet kvinner. Mens kvinne-representasjonen i toppleiargruppa fram til 2004 låg på 20–30 pst., var han per 1. januar 2012 på 37,5 pst. Gjennom fleire år har departementet lagt vekt på å rekruttere, kvalifisere og motivere kvinner til leiande stillingar. Departementet vil arbeide vidare for å halde oppe denne kjønnsbalansen på leiarnivå.

Dei lokale partane drøfter detaljert lønnsstatistikk ein gong i året, mellom anna med tanke på å avdekkje om kvinner og menn er lønte ulikt. Partane er samde om at ein ikkje finn systematisk ulikskap som kan vere knytt til kjønn når ein samanliknar menn og kvinner innanfor same stillingskode. At snittløna for kvinner er 92,5 pst. av snittløna for menn, skyldast at kvinner er i fleirtal i dei lågt lønna stillingskodane (konsulent, seniorkonsulent, førstekonsulent, rådgivar).

Tabell 8.4 Del menn og kvinner i deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær

		Deltid		Midlertidig tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
		Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)
Totalt i Kunnskapsdepartementet	2011	4,6	22,4	11,9	11,9	0,0	4,6	1,3	4,1
	2010	2,5	17,9	11,5	10,8	0,0	4,2	1,9	3,4

Kjelde: Tabell 1 og 4 frå SST per 1. oktober 2010 og per 1. oktober 2011. Merk at legemeldt fråvær (helt og delvis) er data per 31. desember 2010 og 31. desember 2011

Statistikken for oktober 2011 syner at 22,4 pst. av kvinnene er lønte i deltidsstilling, medan det same gjeld for 4,6 pst. av dei mannlege tilsette. Tala for 2010 viser at høvesvis 17,9 pst. og 2,5 pst. var lønte i deltidsstillingar, så det er ein auke i begge gruppene i 2011. Det legemelde sjukefråværet var i 2011 på 4,1 pst. for kvinner og 1,3 pst. for menn. Kvinner har ein auke og menn ein nedgang i legemeldt fråvær samanlikna med 2010.

Overtida i departementet har vorte auka med totalt 1 370 timar frå 2010. I 2011 arbeidde ein kvinneleg tilsett i Kunnskapsdepartementet i snitt 27,6 timar overtid. Det tilsvarande timetalet for ein mann var 38,3 timar.

Per 1. januar 2012 hadde 22 tilsette avtale om å kunne arbeide ein dag i veka frå heimekontor, 19 av desse var kvinner.

Personalpolitiske tiltak

I dei siste åra har Kunnskapsdepartementet satsa mykje på utvikling av leiarar og medarbeidarar. Det er sett i gang fleire ulike tiltak: Program for utvikling av medarbeidarar – i tredje kull som starta i 2011, var 14 av 24 deltakarar kvinner. På kollegabasert rettleiing for mellomleiarar deltok ni mellomleiarar med personalansvar, av desse var sju kvinner. Departementet har no 14 interne mentorar, sju av desse er kvinner. På det årlege pensjonistførebuande kurset var det i 2010 19 deltakarar, 15 av dei var kvinner.

Likestillingstiltak: kjønn, etnisk bakgrunn og nedsett funksjonsevne

Rekruttering

Kunnskapsdepartementet har i fleire år arbeidd for å rekruttere tilsette med innvandrarbakgrunn, og for at talet på nyttilsette med nedsett funksjonsevne skal auke. Det er sett i gang fleire tiltak for å få til dette.

Departementets personal- og leiarhandbok gjer greie for regelverket for innkalling av kandidatar med innvandrarbakgrunn til intervju og prioritering av kandidatar med nedsett funksjonsevne. Leiarhandboka har òg lenkje til Mangfoldsportalen og til inspirasjonshett *Overser du kompetanse?* utvikla av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Likestillings- og diskrimineringsombodet. Kunnskapsdepartementet deltek aktivt på karrieredagar ved aktuelle utdanningsinstitusjonar, og prøver så langt det er mogleg å ha tilsette med ulik etnisk bakgrunn med på slike arrangement.

Det er utvikla ei mentorordning med tanke på tilsette med annan etnisk bakgrunn. Ordninga er seinare utvida til å gjelde alle nyttilsette. Departementet gir leiarane rettleiing i rekruttering, blant anna om rekruttering til mangfald.

Departementet har få søkjarar som skriv at dei har nedsett funksjonsevne, og som søker ordinære stillingar. Departementet vil setje i verk fleire IA-tiltak for å rekruttere fleire søkjarar med nedsett funksjonsevne, mellom anna betre samarbeid med NAV for å leggje til rette for praktikantar, fleire kanalar for kunnngjering av ledige stillingar, og betre informasjon om at kvalifiserte søkjarar med nedsett funksjonsevne skal kallast inn til intervju. Arbeidet med dette starta våren 2011 i samband med at det vart inngått ny, lokal IA-avtale, og skal vere avslutta i løpet av året. Departementet deltek òg i felles statleg trainee-ordning for personar med nedsett funksjonsevne i 2011–12.

Lønns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling

Kunnskapsdepartementet vil leggje til rette for gode arbeidsvilkår for ulike fasar i livet. Departementet drøfter mellom anna lønnspolitikken årleg med dei hovudtillitsvalde, og med vekt på likestilling. Vi har innført systematisk kartlegging av sluttårsaker, som mellom anna kan avdekkje forskjellsbehandling. Vi har òg utarbeidd ein samla personalstatistikk for å sikre systematisk arbeid for å forbetre arbeidsvilkår, minske sjukefråvær osv. for menn og kvinner.

Kunnskapsdepartementet har eit breitt internt utviklings- og opplæringstilbod. Tiltaka medverkar til likestilling og like moglegheiter for alle tilsette. Departementet vil føre vidare ordningar med mellom anna intern coaching, mentorar, utvikling av leiarar og medarbeidarar, internasjonal stipendordning, hospiteringsordning osv., med vekt på at tilboda skal bli gitte til både menn og kvinner.

Tiltak mot trakassering

Departementet har utvikla rutinar for varsling i tråd med reglane i arbeidsmiljølova. I tillegg har departementet regelmessige undersøkingar av arbeidsmiljøet, der tilsette kan gi varsel om mobbing anonymt.

Arbeidet med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig holdningsarbeid som startar i barnehagen, blir ført vidare i skolen og må liggje til grunn i universitets- og høgskoleinstitusjonane og i forskinga. Målet er at alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion.

9 Miljø

Kunnskapsdepartementet arbeider for å ha ein god miljøprofil innanfor dei ulike sektorane departementet og underliggjande verksemdar er med på å forme.

Formidling av kunnskap og gode holdningar til miljøet er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og skolane. Ifølgje formålsparagrafen i barnehagelova skal barnehagen i samarbeid og forståing med heimen ta hand om dei behova barn har for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Natur, miljø og teknikk er eitt av sju fagområde i rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. For å støtte barnehagane i arbeidet er det utarbeidd eit temahefte om natur og miljø. I mange kommunar er det etablert egne naturbarnehagar, i regi enten av kommunen sjølv eller av private aktørar.

Utdanning for berekraftig utvikling er integrert i læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane og lærlingane skal, i høve til formålsparagrafen, lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. I samarbeid med Miljøverndepartementet har Kunnskapsdepartementet initiert *Den naturlege skolesekken*, eit tiltak som koordinerer samarbeid mellom skolar og frivillige organisasjonar, og som mellom anna legg til rette for utvida bruk av det naturlege nærmiljøet til skolane i undervisninga. Samstundes gir *Nettverk for miljølærere* skolane tilbod om faglege aktivitetar og felles arenaer for arbeidet med miljø og klima.

Noreg vil framleis ta aktiv del i FN's tiår for berekraftig utvikling (2005–2014). *Den nasjonale strategien for utdanning for berekraftig utvikling (2006–2010)* har både vore ei oppfølging av *Utdanningstiåret* og ein sentral del av den miljøpolitiske satsinga innanfor grunnopplæringa. FN's tiår for berekraftig utvikling går no inn i sin avsluttande fase. I samarbeid med departementet har Utdanningsdirektoratet i 2012 revidert den nasjonale strategien for perioden 2010–15.

Soria Moria II-erklæringa legg vekt på at Noreg skal bli eit føregangsland i miljøpolitikken. Miljøforskning er nødvendig mellom anna for å

sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for politikktutforminga, men òg for å leggje til rette for ei grønn omstilling av næringslivet. Ved å satse på utvikling av ny kunnskap og teknologi kan det vi gjer nasjonalt, også få verknad langt ut over Noregs grenser.

Forskingsmeldinga, St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, legg vekt på at forskinga skal medverke til verdiskaping og til å løyse globale utfordringar. Klima og energi, biologisk mangfald, miljøgifter og havmiljø er sentrale tema.

Departementet støttar miljøforskning gjennom ulike satsingar og program som Forskingsrådet har på miljøområdet. I 2011 var den totale innsatsen til Forskingsrådet innanfor miljørelevant forskning om lag 1,6 mrd. kroner, der om lag ti pst. var med løyvingar over Kunnskapsdepartementets budsjett til miljøforskning, polarforskning, klimaforskning og forskning på fornybar energi, mellom anna forskingssenter for miljøvennleg energi. Departementet har i tillegg sidan 2010 løyvt 20 mill. kroner årleg til *Senter for klimadynamikk* (SKD) ved Bjerknnessenteret. SKD er eit internasjonalt leiande klimaforskningsmiljø ved Universitetet i Bergen og med Havforskningsinstituttet, Nansensenteret og Uni Research som jamstilte partnarar. Departementet vil auke løyvinga til senteret med 5 mill. kroner frå 2013.

Regjeringa ønskjer å sikre arven etter det internasjonale polaråret, som no er avslutta, derfor løyvde departementet 45 mill. kroner til eit polarforskningsprogram i Noregs forskingsråd i 2011. Polarforskinga er i stor grad miljøretta. Departementet finansierer òg forskning innanfor EUs rammeprogram, der store delar er miljørelaterte.

I 2012 har Forskingsrådet 280 mill. kroner som er øyremerkte til forskingsinfrastruktur. Dette er viktig for å kunne forske på globale utfordringar knytte til klima og miljø. Noreg var initiativtakar til *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS)*, som er eit internasjonalt prosjekt for samarbeid om forskingsinfrastruktur. Prosjektet er inkludert på det europeiske vegkartet for forskingsinfrastruktur (*ESFRI*). *SIOS* har motteke pengar frå EUs sjuande rammeprogram

for å gjennomføre den førebauende fasen av prosjektet. Prosjektet har som mål å leggje til rette for ny kunnskap om klima og miljø i nordområda. *ECCSEL (European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure)* er eit anna norskinitiert *ESFRI*-prosjekt. Også dette prosjektet har motteke midlar frå EU til første fase. Prosjektet har som mål å gi ny kunnskap om karbonfangst og -lagring, noko som vil kunne redusere utsleppa frå fossilt brennstoff.

Regjeringa foreslår ei satsing på 47 mill. kroner til klimaforskning i statsbudsjettet for 2013, jf. omtale i kap. 5 i del III av proposisjonen. Satsinga byggjer på tilrådingane i *Klima21-strategien* og den internasjonale evalueringa av norsk klimaforskning som vart lagd fram våren 2012. Av dette vil 25 mill. kroner bli tildelt Noregs forskingsråd over budsjettet til Kunnskapsdepartementet til klimaforskning med vekt på samfunnsvitskapleg og humanistisk forskning og grunnleggjande forskning knytt til klimasystemet og klimaendringane i Arktis.

Det er vesentleg at den kunnskapen som miljøforskninga resulterer i, blir formidla, både til folk flest og for bruk i forvaltning og næringsverksemd. Departementet ønskjer å leggje til rette for auka og betre forskingsformidling. Både universiteta, høgskolane, forskingsinstitutta og Noregs forskingsråd formidlar resultat frå miljørelevant forskning i tidsskrift, bøker, på konferansar og på Internett.

Universitet og høgskolar er viktige institusjonar for kunnskapsformidling, men òg for forskning på miljøet. Miljøretta forskning er viktig for å få god forståing for miljøet, og for korleis miljøet utviklar seg; dette er ein viktig føresetnad for god og fornuftig utforming av miljøpolitikken.

Eit anna viktig tiltak er departementets finansiering av kontingenten for norsk medlemskap i *Global Biodiversity Information Facility (GBIF)*, som er eit internasjonalt initiativ for å sikre elektronisk tilgang til data om biologisk mangfald for forskarar og andre interesserte over heile verda. Den norske GBIF-noden er lagd til Naturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo.

Artsdatabanken vart oppretta i 2004, og er knytt til Vitskapsmuseet ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim. Artsdatabanken starta det faglege arbeidet i januar 2005 og gir ei nasjonal elektronisk oversikt over eigenskapar til og omfang av biologisk mangfald i Noreg når det gjeld både naturtypar og artar. Kunnskapsdepartementet foreslår å føre vidare tildelinga til Artsdatabanken i 2013. I tillegg fore-

slår departementet ei eingangsløyving på 2 mill. kroner i 2013, sjå kap. 280 post 51. Tenestene til Artsdatabanken er særskilt viktige for miljøforvaltning, undervisning og forskning. I 2011 lanserte Artsdatabanken den første nasjonale raudlista for naturtypar. Raudlista er sentral for forvaltninga når ho skal følgje opp naturmangfaldloven. Arbeidet med å vurdere økologisk risiko for framande artar vart ført vidare, og danna grunnlaget for ei revidert svarteliste i 2012. Artsdatabanken førte òg vidare arbeidet med å kvalitetssikre og leggje til rette artsdata frå mellom anna universitetsmusea, forskingsinstitutt, forvaltningsorgan og frivillige organisasjonar i tett samarbeid med GBIF-Noreg, og gjere desse tilgjengelege i den nettbaserte karttenesta Artskart. Arbeidet med registreringsverktøyet Artsobservasjonar, der amatørar legg inn nye artsfunn, har halde fram i 2011, og ein har arbeidd med å leggje til rette for at òg profesjonelle brukarar kan registrere data. Artsdatabanken har likeins ført vidare samarbeidet med Noregs forskingsråd, universitetsmusea og den svenske ArtDatabanken om ein norsk-svensk forskarskole i biosystematikk, som ein del av Artsprosjektet, finansiert av Miljøverndepartementet.

Universitetsmusea spelar ei viktig rolle i å forvalte vitskaplege natur- og kulturhistoriske samlingar. I St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale* vart utfordringane til universitetsmusea drøfta, på mellom anna områda forskning, formidling og forvaltning av samlingane. Desse musea har ei viktig miljøpolitisk rolle gjennom forskning og formidling knytte til samlingane. Universitetsmusea er mellom anna pålagde ei rekkje forvaltningsoppgåver etter kulturminnelova. Musea er økonomisk styrkte i dei siste åra for å medverke til at samlingane blir forsvarleg oppbevarte og sikra. Gjennom etablering av den norsk-svenske forskarskolen i biosystematikk (sjå omtale av Artsdatabanken) har universitetsmusea fått ei større rolle innanfor undervisning og kompetanseheving på dette fagfeltet.

Meteorologisk institutt har i tillegg til ei rekkje andre funksjonar ei viktig rolle som kartleggjar av dei klimatiske endringane. Instituttet skal følgje den globale og den nasjonale klimautviklinga og skal gi tilfredsstillande klimainformasjon for samfunnsplanlegging og for utforming av Noregs klimapolitikk. Instituttet skal arbeide for at styresmakter, næringsliv, institusjonar og folk flest best mogleg skal få høve til å sikre liv og verdier gjennom planmessig vern av miljøet.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2012–2013) om statsbudsjettet for år 2013 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kunnskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2012–2013)
statsbudsjettet for budsjettåret 2013 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 200–288, 2410, 3200–3288, 5310 og 5617

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
200	Kunnskapsdepartementet			
	01 Driftsutgifter		250 674 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		11 652 000	
	45 Større utstysinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		2 624 000	264 950 000
	Sum Administrasjon			264 950 000
Grunnopplæringa				
220	Utdanningsdirektoratet			
	01 Driftsutgifter		264 874 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>		3 988 000	
	70 Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>		51 890 000	320 752 000
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane			
	01 Driftsutgifter		14 322 000	14 322 000
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat			
	01 Driftsutgifter		88 090 000	
	45 Større utstysinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		1 378 000	89 468 000
223	Sametinget			
	50 Tilskott til Sametinget		37 723 000	37 723 000
224	Senter for IKT i utdanninga			
	01 Driftsutgifter		52 207 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		37 358 000	89 565 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
225	Tiltak i grunnopplæringa			
	01 Driftsutgifter		157 002 000	
	60 Tilskott til landslinjer		184 495 000	
	62 Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv		21 578 000	
	63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>		52 919 000	
	64 Tilskott til opplæring av unge asylsøkjjarar og barn av asylsøkjjarar		125 316 000	
	66 Tilskott til leirskoleopplæring		43 982 000	
	67 Tilskott til opplæring i finsk		7 958 000	
	68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga		238 984 000	
	69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma		231 297 000	
	70 Tilskott til opplæring av lærlingar og lære-kandidatar med særskilde behov		37 486 000	
	71 Tilskott til utvikling av musikk- og kultur-skolane		10 336 000	
	72 Tilskott til internasjonale utdannings-program og organisasjonar		5 296 000	
	73 Tilskott til studieopphald i utlandet		10 363 000	
	74 Tilskott til organisasjonar		29 669 000	1 156 681 000
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		1 157 790 000	
	50 Nasjonale senter i grunnopplæringa		62 236 000	
	60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar		37 204 000	
	62 Tilskott for auka lærartettleik		157 000 000	
	70 Tilskott til NAROM		7 409 000	
	71 Tilskott til vitensenter		35 353 000	
	72 Tilskott til utviklingsprosjekt i grunn-opplæringa		2 000 000	1 458 992 000
227	Tilskott til særskilde skolar			
	60 Tilskott til Moskvaskolen og Murmansk-skolen		2 044 000	
	61 Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune		4 644 000	
	62 Tilskott til Fjellheimen leirskole		5 533 000	
	70 Tilskott til Den franske skolen i Oslo		6 880 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	23 783 000	
	72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	29 995 000	
	73	Tilskott til opplæring i Kenya	1 186 000	
	74	Tilskott til Signo og Briskeby	40 009 000	114 074 000
228		Tilskott til private skolar o.a.		
	70	Private grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	1 397 510 000	
	71	Private vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	1 297 475 000	
	72	Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	133 667 000	
	73	Private grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	97 338 000	
	74	Private vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	23 619 000	
	75	Private skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	207 412 000	
	76	Andre private skolar, <i>overslagsløyving</i>	43 457 000	
	77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	12 137 000	
	78	Kompletterande undervisning	41 894 000	
	79	Toppidrett	27 228 000	
	80	Privatskoleorganisasjonar	668 000	
	81	Elevutveksling til utlandet	1 720 000	3 284 125 000
229		Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar		
	01	Driftsutgifter	22 458 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 070 000	23 528 000
230		Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01	Driftsutgifter	622 509 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	56 435 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	8 203 000	687 147 000
		Sum Grunnopplæringa		7 276 377 000
		Barnehagar		
231		Barnehagar		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	166 148 000	
	50	Tilskott til samiske barnehagetilbod	14 647 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	8 006 000	
	61	Investeringstilskott, <i>overslagsløyving</i>	10 000 000	
	63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	126 015 000	
	64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>	6 500 000	331 316 000
		Sum Barnehagar		331 316 000
		Vaksenopplæring m.m.		
252		EUs program for livslang læring		
	70	Tilskott	242 402 000	242 402 000
253		Folkehøgskolar		
	70	Tilskott til folkehøgskolar	712 579 000	
	71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	4 380 000	
	72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	1 247 000	718 206 000
254		Tilskott til vaksenopplæring		
	70	Tilskott til studieforbund	189 054 000	
	71	Tilskott til nettskolar	15 169 000	
	72	Tilskott til Studiesenteret Finnsnes	4 128 000	
	73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	11 600 000	219 951 000
255		Tilskott til freds- og menneskerettssentra		
	70	Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	27 604 000	
	71	Falstadsenteret	16 487 000	
	72	Stiftelsen Arkivet	6 600 000	
	73	Nansen Fredssenter	5 490 000	
	74	Narviksenteret	2 180 000	
	75	Det europeiske Wergelandsenteret	7 365 000	
	76	Raftostiftelsen	2 130 000	67 856 000
256		Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk		
	01	Driftsutgifter	49 384 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	15 962 000	65 346 000
257		Program for basiskompetanse i arbeidslivet		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	5 325 000	
	70	Tilskott, <i>kan overførast</i>	86 563 000	91 888 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
258	Tiltak for livslang læring			
	01 Driftsutgifter		5 376 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>		47 592 000	52 968 000
	Sum Vaksenopplæring m.m.			1 458 617 000
	Høgre utdanning og fagskoleutdanning			
260	Universitet og høgskolar			
	50 Statlege universitet og høgskolar		26 451 926 000	
	70 Private høgskolar		1 087 015 000	27 538 941 000
270	Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar			
	71 Tilrettelegging for internasjonal mobilitet		15 627 000	
	74 Tilskott til velferdsarbeid		74 817 000	
	75 Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>		250 223 000	340 667 000
276	Fagskoleutdanning			
	72 Annan fagskoleutdanning		71 236 000	71 236 000
280	Felles einingar			
	01 Driftsutgifter		69 296 000	
	50 Senter for internasjonalisering av utdanning		55 088 000	
	51 Drift av nasjonale fellesoppgåver		107 337 000	
	71 Tilskott til UNIS		112 217 000	
	72 Tilskott til UNINETT		24 759 000	
	73 Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>		23 097 000	391 794 000
281	Felles tiltak for universitet og høgskolar			
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>		149 450 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		11 253 000	
	50 Tilskott til Noregs forskingsråd		79 258 000	
	70 Andre overføringar, <i>kan nyttast under post 01</i>		91 432 000	
	73 Tilskott til internasjonale program		18 296 000	
	78 Tilskott til Universitets- og høgskolerådet		15 222 000	364 911 000
	Sum Høgre utdanning og fagskoleutdanning			28 707 549 000
	Forsking			
283	Meteorologiformål			
	50 Meteorologisk institutt		280 801 000	
	72 Internasjonale samarbeidsprosjekt		55 662 000	336 463 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
284	Dei nasjonale forskingsetiske komitéane			
	01 Driftsutgifter		16 300 000	16 300 000
285	Noregs forskingsråd			
	52 Forskingsformål		1 311 868 000	
	53 Overordna forskingspolitiske prioriteringar		897 203 000	
	54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse		289 240 000	
	55 Administrasjon		275 300 000	2 773 611 000
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>		11 114 000	
	53 NUPI		4 342 000	
	56 Ludvig Holbergs forskingspris		9 400 000	
	57 Basisløyving til samfunnsvitskapelege forskingsinstitutt		185 003 000	
	60 Regionale forskingsfond, tilskott til forskning		219 000 000	
	71 Tilskott til andre private institusjonar		34 752 000	
	73 Niels Henrik Abels matematikkpris		13 206 000	476 817 000
288	Internasjonale samarbeidstiltak			
	21 Særskilde driftsutgifter		7 060 000	
	72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar		201 765 000	
	73 EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>		1 694 267 000	
	74 Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi, <i>kan overførast</i>		21 760 000	
	75 UNESCO-kontingent		18 141 000	
	76 UNESCO-formål		3 000 000	1 945 993 000
	Sum Forsking			5 549 184 000
	Statsbankane			
2410	Statens lånekasse for utdanning			
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>		311 764 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		203 027 000	
	50 Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>		5 411 062 000	
	70 Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>		2 969 578 000	
	71 Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>		659 984 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	846 018 000	
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	440 520 000	
	74	Tap på utlån	322 500 000	
	76	Startstipend for kvotestudentar, <i>overslagsløyving</i>	8 056 000	
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	20 229 985 000	31 402 494 000
		Sum Statsbankane		31 402 494 000
		Sum departementets utgifter		74 990 487 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Grunnopplæringa				
3220		Utdanningsdirektoratet		
	01	Inntekter frå oppdrag	3 715 000	
	02	Salsinntekter o.a.	1 090 000	4 805 000
3222		Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat		
	02	Salsinntekter o.a.	4 732 000	4 732 000
3224		Senter for IKT i utdanninga		
	01	Inntekter frå oppdrag o.a.	1 500 000	1 500 000
3225		Tiltak i grunnopplæringa		
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	42 858 000	42 858 000
3229		Statens fagskole for gartnarar og blomster- dekoratørar		
	02	Salsinntekter o.a.	1 582 000	
	61	Refusjon frå fylkeskommunar	1 035 000	2 617 000
3230		Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01	Inntekter frå oppdrag	56 435 000	
	02	Salsinntekter o.a.	14 146 000	70 581 000
		Sum Grunnopplæringa		127 093 000
Vaksenopplæring m.m.				
3256		Vox, nasjonalt fagorgan for kompetanse- politikk		
	01	Inntekter frå oppdrag	10 336 000	
	02	Salsinntekter o.a.	318 000	10 654 000
		Sum Vaksenopplæring m.m.		10 654 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Høgre utdanning og fagskoleutdanning				
3280	Felles einingar			
	02 Salsinntekter o.a.		1 211 000	1 211 000
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar			
	02 Salsinntekter o.a.		10 000	10 000
	Sum Høgre utdanning og fagskoleutdanning			1 221 000
Forsking				
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak			
	87 Avkastning – Regionale forskingsfond		219 000 000	
	91 Fondskapital – Ludvig Holbergs minnefond		200 000 000	419 000 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		4 492 000	4 492 000
	Sum Forsking			423 492 000
Statsbankane				
5310	Statens lånekasse for utdanning			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		24 000 000	
	29 Termingebyr		25 616 000	
	89 Purregebyr		88 850 000	
	90 Redusert lån og rentegjeld		8 015 109 000	
	93 Omgjering av studielån til stipend		2 945 883 000	11 099 458 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning			
	80 Renter		3 377 934 000	3 377 934 000
	Sum Statsbankane			14 477 392 000
Sum departementets inntekter				15 039 852 000

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2013 kan:

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap. 200 post 01	Kap. 3200 post 02
Kap. 220 post 01	Kap. 3220 post 02
Kap. 222 post 01	Kap. 3222 post 02
Kap. 224 post 01	Kap. 3224 post 01
Kap. 229 post 01	Kap. 3229 postane 02 og 61
Kap. 230 post 01	Kap. 3230 post 02
Kap. 256 post 01	Kap. 3256 post 02
Kap. 280 post 01	Kap. 3280 post 02
Kap. 281 post 01	Kap. 3281 post 02
Kap. 287 post 60	Kap. 3287 post 87
Kap. 2410 post 01	Kap. 5310 post 03

- | | |
|---|--|
| <p>2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på postane 21 mot tilsvarende meirinntekter.</p> <p>3. nytte inntekter frå sal av eigedommar ved universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.</p> | <p>4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntekter blir førte til eigedomsfondet til Forskingsrådet.</p> |
|---|--|

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2013 kan:

1. gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme (i mill. kroner)
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskott til læremiddel o.a.	30
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	20
270		Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader	184

2. gi tilsegn om å utbetale utdanningsstøtte for første halvår 2014 (andre halvdelen av undervisningsåret 2013–14) etter dei satsane som blir fastsette andre halvår 2013 (første halvdelen av undervisningsåret 2013–14), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, postane 70 Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestøtte og 90 Auka lån og rentegjeld, samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.
3. gi tilsegn om å gjere om lån til stipend første halvår 2014 (andre halvdelen av undervisningsåret 2013–14) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2013 (første halvdelen av undervisningsåret 2013–14), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.

Andre fullmakter

IV

Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 390 kroner dersom privatisten ikkje har prøvt seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 800 kroner ved forbetringsprøver. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale 800 kroner per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og 1 600 kroner ved seinare forsøk.
2. Kunnskapsdepartementet i 2013 kan gi universitet og høgskolar løyve til
 - a. å opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - b. å bruke overskott av oppdragsverksemd til kapitalinnskott ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
3. maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod blir fastsett til 2 330 kroner per måned og 25 630 kroner per år frå 1. januar 2013, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehager § 1.
4. Kunnskapsdepartementet i 2013 kan gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å inngå avtalar om leveransar til å gjennomføre moderniseringa i Statens lånekasse for utdanning, jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald. Fullmakta gjeld innanfor ei samla kostnadsramme for prosjektet på 851,9 mill. kroner, jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kunnskapsdepartementet.
5. c. å bruke utbytte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
5. d. å bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskott frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak**

Arbeidsforskningsinstituttet AS

Dagleg leiar fekk i 2011 ei samla godtgjering på 845 704 kroner og del av pensjonspremie på 105 976 kroner. Ved overgang til aksjeselskap vart dei opparbeidde rettane i Statens pensjonskasse førte vidare. Dei årlege innbetalingane til Statens pensjonskasse skal dekkje plikta til selskapet.

HiST kompetanse AS

Dagleg leiar fekk 162 605 kroner i lønn i 2011.

NCE Subsea drift AS

Dagleg leiar fekk 996 959 kroner i lønn og 6 000 kroner i andre godtgjeringar i 2011. Selskapet har ei tenestepensjonsordning som fyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Administrerande direktør fekk 961 771 kroner i lønn og 22 207 kroner i andre godtgjeringar i 2011. Pensjonskostnader vart dekte med 92 878 kroner.

Administrerande direktør har ikkje rett til bonus, overskottsdeling eller opsjonar, og heller ikkje til særlege ytingar ved opphør av tilsetjingsforholdet.

NTNU Samfunnsforskning AS

Dagleg leiar fekk 925 337 kroner i lønn i 2011. Pensjonsutgifter vart dekte med 100 236 kroner.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk 893 211 kroner i lønn og 15 691 kroner i andre godtgjeringar i 2011. Selskapet har ei pensjonsordning for alle tilsette som fyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Sem gjestegård AS

Dagleg leiar fekk 643 864 kroner i lønn og 88 716 kroner i andre godtgjeringar i 2011. Dei tilsette i selskapet er omfatta av lov om obligatorisk tenestepensjon, og dei samla pensjonsutgiftene var 147 273 kroner.

Senter for innovasjon og bedriftsøkonomi AS

Dagleg leiar fekk utbetalt 408 333 kroner i lønn og 15 447 kroner i andre godtgjeringar i 2011.

Senter for økonomisk forskning AS

Dagleg leiar har i 2011 fått utbetalt lønn på 153 335 kroner for administrasjon av selskapet og 264 293 kroner for anna arbeid.

Simula Research Laboratory AS

Administrerande direktør fekk 1 533 523 kroner i lønn og 302 120 kroner i andre godtgjeringar i 2011. Selskapet har òg ei pensjonsforsikring for administrerande direktør som er kostnadsført med 406 955 kroner.

UNINETT AS

Administrerande direktør fekk 1 124 294 kroner i lønn og 23 116 kroner i andre godtgjeringar i 2011. Til finansiering av førtidspensjon for administrerande direktør vart det oppretta ei livrente med innskott på 3 mill. kroner i 2003. Netto kostnadsført i 2011 er 357 441 kroner.

Unirand AS

Administrerande direktør fekk 190 945 kroner i lønn i 2011. Administrerande direktør har ikkje avtale om sluttvederlag, og selskapet har ikkje bonus- eller opsjonsordning. Det er ikkje gitt lån eller stilt sikring for administrerande direktør.

Universitetscenteret på Svalbard AS

Lønn til administrerende direktør er i 2011 utbetalt med 1 117 665 kroner. Delen til selskapet til pensjon er ført som utgift med 122 943 kroner. Selskapet har tenestepensjonsordning i Statens pensjonskasse. Pensjonsordninga er ein ytingsplan for selskapet. Det er ikkje rekna eit eige fiktivfond for selskapet.

Vangslund AS

Dagleg leiar fekk 184 418 kroner i lønn og 4 000 kroner i andre godtgjeringsar i 2011. Selskapet er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Følgjande heileigde selskap har ingen tilsette

Rya gods og skoger AS, Unifond AS, Universitetet i Bergen eiendom AS.

Vedlegg 2**Nøkkeltal for universitet og høyskolar⁵**

2.1	Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høyskolar 2006–11
2.2	Opptak ved universitet og høyskolar 2009–11
2.3	Registrerte studentar ved universitet og høyskolar 2009–11
2.4	Studiepoeng per student ved universitet og høyskolar 2009–11
2.5	Kandidatar ved universitet og høyskolar 2009–11
2.6	Opptak, registrerte studentar og kandidatar på utvalde utdanningar 2009–11
2.7	Tal på inn- og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2009–11
2.8	Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar 2011
2.9	Avlagde doktorgradar ved universitet og høyskolar 2002–11
2.10	Doktorgradar etter fagområde og kjønn 2007 og 2011
2.11	Publikasjonspoeng per fagleg stilling 2009–11
2.12	Forskningsmidlar frå EU og Noregs forskingsråd, universitet og høyskolar 2009–11
2.13	Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet ved statlege institusjonar 2009–11
2.14–2.19	Byggtabellar
2.20	Løyving per universitet og høyskole i 2013
2.21	Tilskott per fagskole i 2013

Tabell 2.1 Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høyskolar 2006–11¹

	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Tal på søkjarar	96 138	94 567	96 143	107 112	106 482	110 750
Søkjarar 19–24 år i pst. av totalt søkjartal	68,0	69,5	70,5	68,7	70,2	70,2
Kvalifiserte søkjarar	72 890	69 962	71 395	78 645	87 843	91 572
Av desse kvinner (i pst.)	61,4	61,9	61,9	60,5	60,0	60,3
Kvalifiserte søkjarar utan tilbod ²	7 189	5 803	5 028	7 049	9 916	10 861
Personar møtt til studiestart	44 753	43 290	45 362	48 081	49 782	51 627
Av desse kvinner (i pst.)	61,8	62,7	62,5	60,5	59,8	60,0

¹ Tal for Politihøgskolen er inkluderte frå 2009.² Tala omfattar òg søkjarar som ikkje sette seg på venteliste etter første gongs opptak.

Kjelde: Samordna opptak

⁵ I tabellar frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) vil det innanfor enkelte institusjonskategoriar vere avvik frå tilsvarende tabellar i Prop. 1 S (2011–2012). Det kjem av at institusjonar som har endra akkrediteringsstatus er flytte til noverande kategori for å få samanliknbare tal mellom åra.

Tabell 2.2 Opptak ved universitet og høyskolar 2009–11¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Høgre nivå			Integrert mastergrad/ profesjonsutdanning			Sum		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Universitet	38 442 (61)	39 178 (60)	38 059 (59)	8 859 (55)	9 400 (56)	9 951 (56)	5 353 (52)	5 435 (53)	5 971 (53)	52 653 (59)	54 013 (58)	53 981 (58)
Statlege vitenskaplege høyskolar	2 223 (51)	2 531 (50)	2 504 (51)	1 122 (41)	1 307 (45)	1 245 (45)	230 (66)	248 (57)	215 (71)	3 575 (49)	4 086 (49)	3 964 (50)
Statlege høyskolar	36 385 (65)	39 128 (65)	40 273 (65)	2 675 (66)	2 939 (67)	3 072 (67)	27 (26)	25 (36)	30 (40)	39 087 (65)	42 091 (65)	43 374 (65)
Kunsthøyskolar	222 (64)	243 (65)	260 (67)	101 (57)	117 (73)	103 (66)				323 (62)	360 (67)	363 (66)
Private vitenskaplege høyskolar	5 078 (50)	5 411 (51)	8 117 (52)	1 699 (55)	1 936 (56)	1 978 (57)	320 (37)	370 (40)	303 (42)	7 097 (51)	7 717 (51)	10 398 (53)
Private høyskolar	4 759 (70)	4 875 (71)	5 069 (70)	343 (75)	428 (74)	467 (82)	31 (39)	31 (45)	30 (30)	5 133 (70)	5 334 (71)	5 566 (71)
Sum	87 110 (62)	91 366 (62)	94 282 (61)	14 799 (57)	16 127 (58)	16 816 (58)	5 961 (52)	6 109 (53)	6 549 (53)	107 869 (61)	113 602 (61)	117 647 (60)

¹ Omfattar studentar finansierte over rammeløyvinga til institusjonane. Program som ikkje er på universitets- og høyskolenivå, som forkurs for ingeniøruddanning, er ikkje med i tala. Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.3 Registrerte studentar ved universitet og høgskolar 2009–11 (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Høgre nivå			Integrert mastergrad/ profesjonsutdanning			Sum		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Universitet	53 928 (61)	54 735 (60)	54 879 (60)	16 959 (58)	17 964 (58)	19 020 (57)	23 351 (53)	23 924 (53)	24 341 (53)	94 238 (58)	96 624 (58)	98 240 (58)
Statlege vitenskaplege høgskolar	4 242 (51)	4 523 (51)	4 693 (52)	2 153 (43)	2 284 (44)	2 316 (43)	957 (62)	966 (61)	945 (66)	7 352 (50)	7 773 (50)	7 954 (51)
Statlege høgskolar	68 056 (65)	70 116 (65)	72 907 (64)	5 345 (67)	5 903 (67)	6 319 (67)	51 (33)	62 (35)	85 (38)	73 452 (65)	76 081 (65)	79 312 (65)
Kunsthøgskolar	595 (64)	592 (65)	615 (64)	221 (63)	221 (67)	219 (68)				816 (63)	813 (65)	834 (65)
Private vitenskaplege høgskolar	12 056 (51)	12 514 (49)	16 937 (52)	2 992 (51)	3 219 (53)	3 675 (54)	1 093 (36)	221 (46)	844 (39)	16 141 (50)	15 954 (50)	21 456 (51)
Private høgskolar	8 731 (75)	8 808 (74)	9 137 (73)	716 (69)	832 (70)	859 (77)	147 (45)	133 (37)	146 (47)	9 594 (74)	9 773 (73)	10 142 (73)
Sum	147 607 (63)	151 289 (62)	159 168 (62)	28 386 (58)	30 423 (58)	32 408 (58)	25 599 (52)	25 306 (53)	26 361 (53)	201 593 (61)	207 017 (60)	217 938 (60)

¹ Omfattar studentar finansierte over rammeløyvinga til institusjonane. Personar utan studierett og program som ikkje er på universitets- og høgskolenivå, som forkurs for ingeniørutdanning, er ikkje med i tala.

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.4 Studiepoeng per student ved universitet og høyskolar 2009–11

	2009	2010	2011
Universitet	40,3	40,4	41,1
Statlege vitenskaplege høyskolar	45,1	43,6	44,9
Statlege høyskolar	42,7	43,0	43,3
Kunsthøyskolar	55,7	56,6	55,2
Private vitenskaplege høyskolar	38,0	40,0	35,7
Private høyskolar	43,3	44,9	45,8
Gjennomsnitt	41,4	41,8	41,8

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.5 Kandidatar ved universitet og høgskolar 2009–11¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Høgre nivå			Integrert mastergrad/ profesjonsutdanning			Sum		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Universitet	6 487 (65)	6 430 (66)	6 863 (65)	4 448 (58)	4 633 (57)	5 215 (57)	3 062 (51)	3 161 (51)	3 351 (52)	13 997 (60)	14 224 (60)	15 429 (60)
Statlege vitenskaplege høgskolar	765 (48)	796 (52)	810 (54)	763 (42)	811 (41)	791 (41)	133 (60)	156 (58)	150 (61)	1 661 (46)	1 763 (48)	1 751 (49)
Statlege høgskolar	11 499 (67)	11 929 (68)	12 478 (67)	695 (69)	925 (66)	1 191 (67)		7 (43)	11 (36)	12 195 (68)	12 861 (68)	13 679 (67)
Kunsthøgskolar	184 (65)	169 (64)	164 (63)	105 (63)	96 (67)	100 (60)				289 (64)	265 (65)	264 (62)
Private vitenskaplege høgskolar	1 294 (52)	1 045 (53)	531 (51)	1 780 (56)	661 (48)	1 258 (53)	183 (44)	112 (45)	87 (41)	3 257 (54)	1 818 (51)	1 876 (52)
Private høgskolar	1 492 (77)	1 522 (77)	1 542 (77)	85 (68)	88 (68)	102 (77)	20 (60)	27 (52)	25 (56)	1 597 (77)	1 637 (77)	1 669 (77)
Sum	21 721 (66)	21 891 (67)	22 388 (66)	7 877 (57)	7 214 (56)	8 656 (57)	3 398 (51)	3 463 (51)	3 624 (52)	32 996 (62)	32 568 (63)	34 668 (63)

¹ Omfattar kandidatar finansierte over rammeløyvinga til institusjonane. For lågare nivå har utdanninga eit omfang på minimum to år (120 studiepoeng).
Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.6 Opptak, registrerte studentar og kandidatdar på utvalde utdanningar 2009–11¹ (pst. kvinner i parentes)

	Opptak			Registrerte studentar			Kandidatar		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Medisin	663 (60)	673 (65)	674 (63)	3 658 (61)	3 610 (63)	3 565 (63)	529 (63)	534 (58)	557 (61)
Farmasi	138 (80)	134 (72)	139 (70)	583 (76)	581 (76)	584 (74)	102 (75)	92 (73)	96 (78)
Odontologi	181 (70)	173 (78)	210 (75)	731 (73)	741 (75)	745 (76)	128 (66)	116 (77)	132 (73)
Psykologi	265 (78)	287 (78)	398 (73)	1 315 (75)	1 352 (75)	1 469 (75)	220 (75)	236 (72)	229 (69)
Tannpleiarutdanning	82 (98)	76 (96)	95 (91)	193 (98)	195 (96)	215 (95)	34 (100)	57 (100)	42 (100)
Sjukepleiarutdanning	4 800 (90)	4 885 (88)	5 133 (87)	12 888 (90)	13 192 (90)	13 796 (89)	3 372 (90)	3 179 (90)	3 294 (91)
Fysioterapiutdanning	368 (77)	380 (71)	380 (73)	971 (73)	993 (72)	1 022 (73)	237 (73)	273 (75)	270 (70)
Ergoterapiutdanning	286 (80)	288 (81)	308 (81)	659 (81)	691 (82)	734 (83)	160 (84)	176 (82)	179 (85)
Radiografutdanning	252 (67)	237 (66)	257 (68)	567 (69)	573 (70)	569 (70)	146 (73)	121 (68)	149 (77)
Reseptarutdanning	82 (79)	85 (72)	92 (77)	294 (80)	290 (80)	243 (78)	52 (88)	60 (80)	74 (82)
Bioingeniør	274 (80)	280 (85)	294 (82)	685 (81)	716 (82)	711 (83)	211 (85)	143 (84)	190 (82)
Audiografutdanning	49 (59)	35 (66)	56 (54)	106 (63)	84 (64)	108 (61)	35 (69)	34 (74)	18 (50)
Vernepoleiarutdanning	986 (74)	1 013 (75)	1 018 (77)	2 832 (78)	2 829 (77)	2 950 (77)	767 (77)	740 (81)	678 (81)
Døvetolkutdanning	71 (89)	77 (88)	120 (89)	171 (91)	177 (90)	191 (88)	35 (94)	30 (97)	43 (95)
Tannteknikarutdanning	22 (68)		28 (57)	45 (60)	39 (62)	49 (59)	23 (65)		16 (63)
Ingeniørutdanning	3 506 (17)	3 559 (16)	3 707 (17)	9 199 (19)	9 370 (17)	9 895 (17)	1 850 (17)	1 917 (22)	2 051 (20)
Allmennleiarutdanning	2 301 (75)	126 (79)	178 (70)	6 875 (75)	4 734 (76)	3 101 (75)	1 548 (74)	1 532 (75)	1 417 (76)
Grunnskoleleiarutdanning									
1.-7. trinn	38 (74)	1 340 (82)	1 373 (84)	37 (73)	1 318 (83)	2 407 (84)			
Grunnskoleleiarutdanning									
5.-10. trinn		1 349 (62)	1 285 (62)		1 323 (63)	2 337 (63)			11 (73)

Tabell 2.6 Opptak, registrerte studentar og kandidatar på utvalde utdanningar 2009–11¹ (pst. kvinner i parentes)

	Opptak			Registrerte studentar			Kandidatar		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Teknologiutdanning	2 603 (27)	2 819 (29)	2 861 (29)	8 889 (28)	9 503 (29)	9 998 (29)	1 448 (24)	1 481 (23)	1 717 (27)
Førskolelærerutdanning	2 557 (86)	2 735 (84)	2 553 (83)	6 921 (88)	7 394 (87)	7 415 (86)	1 532 (89)	1 679 (90)	1 752 (91)
Faglærerutdanning	470 (61)	482 (52)	411 (51)	1 192 (61)	1 166 (56)	1 215 (52)	358 (66)	322 (64)	297 (62)
Yrkesfaglærerutdanning	193 (42)	208 (51)	207 (61)	616 (59)	602 (57)	533 (58)	90 (80)	145 (66)	196 (69)
Praktisk-pedagogisk utdanning	2 368 (60)	2 667 (59)	2 518 (59)	3 097 (59)	3 335 (60)	3 311 (60)	1 684 (59)	1 841 (59)	1 947 (62)

¹ Tal på studentar og kandidatar finansierte gjennom rammeløyvinga for universitet, statlege og private vitskaplege høgskolar, statlege og private høgskolar og kunsthøgskolar. Studieprogram på mindre enn 120 studiepoeng er ikkje med.

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.7 Tal på inn- og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2009–11¹

	2009			2010			2011		
	Innreisande	Utreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Utreisande
Erasmus/Socrates	3 309	1 179	1 213	3 512	1 213	1 213	3 573	1 320	1 320
Nordplus	213	202	199	213	199	199	202	199	199
Bilaterale avtalar	912	2 515	2 919	958	2 919	2 919	882	3 008	3 008
Kvotestudentar	318	1	2	403	2	2	380	2	2
Andre program	560	625	730	682	730	730	924	1 057	1 057
Sum	5 312	4 522	5 063	5 768	5 063	5 063	5 961	5 586	5 586

¹ Individbaserte utvekslingsprogram og forskarutdanning er ikkje med i talgrunnlaget.

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.8 Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger 2011¹ (pst. kvinner i parentes)

	Universitet	Statlege vitenskaplege høgskolar	Statlege høgskolar	Kunsthøgskolar	Sum alle institusjonar
Professor	2 535 (23)	207 (19)	333 (23)	35 (46)	3 110 (23)
Dosent	24 (44)	1 (100)	46 (29)	1 (100)	72 (37)
Høgskoledosent	2 (0)		8 (0)		10 (0)
Førsteamanuensis	1 904 (37)	181 (37)	986 (43)	34 (49)	3 105 (39)
Førstelektor	228 (47)	15 (57)	524 (50)	3 (60)	770 (49)
Amanuensis/høgskolelektor/ universitetslektor	1 012 (55)	115 (52)	2 252 (61)	36 (55)	3 415 (59)
Bistillingar (professor II)	185 (16)	18 (21)	27 (26)	1 (0)	231 (17)
Stipendiatar	3 809 (50)	240 (50)	478 (65)	16 (50)	4 543 (51)
Forskar	845 (43)	32 (31)	23 (46)		900 (42)
Postdoktor	1 002 (45)	35 (48)	15 (43)		1 052 (45)
Høgskolelærar	71 (69)	8 (78)	272 (62)	2 (0)	354 (63)
Vitenskapleg assistent	195 (57)	12 (63)	12 (42)	1 (0)	220 (56)
Andre	186 (57)	24 (45)	21 (34)	1 (100)	232 (54)
Sum	11 999 (41)	889 (40)	4 998 (53)	129 (50)	18 015 (45)

¹ Data per 1. oktober 2011.

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgere utdanning)

Tabell 2.9 Avlagde doktorgradar ved universitet og høgskolar 2002–11

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Universitet	700	686	728	813	844	975	1 174	1 080	1 114	1 247
Statlege vitenskaplege høgskolar	30	35	40	33	44	41	55	52	55	56
Statlege høgskolar							1	1		4
Kunsthøgskolar										
Private vitenskaplege høgskolar	4	2	14	9	17	14	14	15	15	22
Private høgskolar										
Sum	734	723	782	855	905	1 030	1 244	1 148	1 184	1 329
Pst. kvinner	41	39	39	40	38	45	45	45	46	46

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.10 Doktorgradar etter fagområde og kjønn 2007 og 2011

	Pst. av alle dr.gradar		Pst. kvinner	
	2007	2011	2007	2011
Humaniora	11,5	7,8	53	40
Samfunnsvitenskap	21,8	19,6	52	52
Matematikk/naturvitenskap	26,1	25,6	33	38
Teknologi	11,9	13,2	20	25
Medisin/helsefag	23,9	29,8	59	58
Landbruksfag/veterinærmedisin	4,8	4,1	43	55
Sum/gjennomsnitt	100,0	100,0	45	46

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU

Tabell 2.11 Publikasjonspoeng per fagleg stilling 2009–11¹

	Publikasjonspoeng			Publikasjonspoeng per stilling		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Universitet	10 151	10 522	11 514	0,91	0,91	0,99
Statlege vitenskaplege høgskolar ²	381	493	474	0,61	0,77	0,73
Statlege høgskolar	1 515	1 535	1 737	0,32	0,31	0,35
Private vitenskaplege høgskolar	337	345	375	0,84	0,83	0,89
Private høgskolar	204	228	272	0,40	0,43	0,50
Sum/gjennomsnitt	12 588	13 123	14 372	0,72	0,73	0,79

¹ Omfattar følgjande stillingar: professor, professor II, dosent/høgskoledosent/universitetsdosent, førsteamanuensis, førstelektor, amanuensis, høgskolelektor, universitetslektor, forskar, postdoktor, høgskolelærer og stipendiat.

² Indikatoren vitenskapleg publisering gjeld ikkje for Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo (AHO) og Noregs musikkhøgskole (NMH) i finansieringssystemet for universitet og høgskolar. Data frå NMH og AHO er ikkje med i talgrunlaget. Det er heller ikkje data frå kunsthøgskolane av same grunn.

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.12 Forskningsmidlar frå EU og Noregs forskingsråd, universitet og høgskolar (beløp i 1 000 kroner) 2009–11¹

	Totalt EU og Forskningsrådet ²			EU ³			Forskningsrådet		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Universitet	2 095 884	2 231 844	2 274 411	151 808	184 797	238 894	1 944 076	2 047 047	2 035 517
Pst. av løyving	14,7	14,8	14,1	1,1	1,2	1,5	13,7	13,6	12,6
Statlege vitenskaplege høgskolar	70 160	57 205	63 896	2 545	3 990	3 819	67 615	53 216	60 077
Pst. av løyving	6,0	4,5	5,0	0,2	0,3	0,3	5,8	4,2	4,7
Statlege høgskolar	139 289	131 528	123 902	8 889	7 117	14 172	130 400	124 411	109 731
Pst. av løyving	2,1	1,9	1,6	0,1	0,1	0,2	2,0	1,8	1,4
Private vitenskaplege høgskolar	19 368	24 103	27 464	229	282	–	19 139	23 821	27 464
Pst. av statstilskott	7,3	8,8	9,2	0,1	0,1	0,0	7,2	8,7	9,2
Private høgskolar	1 137	2 236	2 588	123	–	339	1 014	2 236	2 249
Pst. av statstilskott	0,2	0,4	0,4	0	0	0,1	0,2	0,4	0,4
Sum	2 325 838	2 446 916	2 492 262	163 594	196 185	257 224	2 162 244	2 250 730	2 235 038
Pst. av løyving/tilskott	10,2	10,2	9,6	0,7	0,8	1,0	9,5	9,3	8,6

¹ Data frå foreløpig rekneskap. Det kan vere avvik frå endeleg rekneskap.

² Summane tek høgd for tilskott frå tredjepart og utbetaling av tilskott til andre (EU og Noregs forskingsråd).

³ Inkluderer berre midlar frå program som gir uttelling i indikatoren EU-midlar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar.

Tabell 2.13 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet ved statlege institusjonar (beløp i 1 000 kroner) 2009–11¹

	Totalt			Bidrag			Oppdrag		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Universitet	1 368 798	1 430 879	1 382 327	1 082 892	1 104 385	982 867	285 905	326 493	399 461
Pst. av totale driftsinntekter	7,0	7,0	6,3	5,5	5,4	4,5	1,5	1,6	1,8
Vitskaplege høgskolar	96 014	102 228	127 321	20 979	43 035	46 973	75 035	59 193	80 347
Pst. av totale driftsinntekter	6,6	6,6	8,0	1,4	2,8	2,9	5,1	3,8	5,0
Høgskolar	369 519	378 448	387 718	165 028	185 049	200 788	204 491	193 399	186 930
Pst. av totale driftsinntekter	4,9	4,8	4,5	2,2	2,3	2,3	2,7	2,4	2,2
Sum	1 834 331	1 911 555	1 897 366	1 268 899	1 332 468	1 230 628	565 432	579 086	666 738
Pst. av totale driftsinntekter	6,4	6,4	5,9	4,4	4,4	3,8	2,0	1,9	2,1

¹ Data frå foreløpig rekneskap. Det kan vere avvik frå endeleg rekneskap. Midtlar frå EU og Noregs forskingsråd i tabell 2.12 er ikkje inkluderte.

Tabell 2.14 Ordinære bygg under oppføring i 2013, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 1580 post 31 og post 33 og kap. 2445 post 33

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2013	Bruttoareal
Høgskolen i Bergen	Samlokalisering	2 564,9	51 000 m ²
NTNU ¹	Ny universitetsklinikk	1 335,0	50 000 m ²
Universitetet for miljø- og biovitenskap	Rehabilitering, Urbygningen	368,6	8 190 m ²
Universitetet i Oslo	Rehabilitering, sentrumsbygningane (Domus Media), fase ein	545,3	33 000 m ²
Universitetet i Oslo	Rehabilitering, sentrumsbygningane (Domus Media), fase to	397,4	33 000 m ²
Universitetet i Tromsø	Nytt teknologibygget	443,8	9 075 m ²

¹ Kostnadsramma er i 2011-prisar. Kunnskapsdepartementets del av byggjeprojektet er allereie finansiert.

Tabell 2.15 Kurantprosjekt under oppføring i 2013, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 2445 post 34

Institusjon	Prosjekt	Kostnad i mill. kroner ¹	Bruttoareal
Noregs handelshøgskole	Samlokalisering	455,1	13 146 m ²
Høgskolen i Ålesund	Rehabilitering, Lab-bygget	88,9	3 636 m ²

¹ Prisenivå per ferdigstillingsdato.

Tabell 2.16 Prosjekt som er førte fram til forprosjekt

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Høgskolen i Sør-Trøndelag	Nytt teknologibygget (Kalvskinnet)	16 000 m ²
Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Samlokalisering	14 600 m ²
Noregs idrettshøgskole	Rehabilitering	16 614 m ²
Universitetet i Bergen	Rehabilitering, universitetsmuseet, fase ein	2 515 m ²
Universitetet i Oslo	Nytt utstillingsveksthus ved Naturhistorisk museum	3 388 m ²
Universitetet i Tromsø	Nytt bygg for medisin- og helsefag (MH2)	19 077 m ² + 12 000 m ² (parkeringsanlegg)

Tabell 2.17 Prosjekt for sjølvforvaltande institusjonar under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 1580 post 30

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
NTNU	Vitskapsmuseet, Kalvskinnet	Ikkje fastsett
Universitetet i Tromsø	Magasinbygg for universitetsmuseet	ca. 17 500 m ²
Universitetet for miljø- og biovitenskap og Noregs veterinærhøgskole	Samlokaliseringsprosjektet i samband med fusjonen Senter for husdyrforsøk	63 100 m ² ca. 16 000 m ²
Universitetet for miljø- og biovitenskap	Rehabilitering, tunbygningane	Ikkje oppgitt
Universitetet i Bergen	Rehabilitering, universitetsmuseet, fase to	ca. 7 500 m ²

Tabell 2.18 Prosjekt innanfor husleigeordninga i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 2445 post 30

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Universitetet i Stavanger	Arkeologisk museum, nybygg og ombygging	ca. 6 000 m ²
Høgskolen i Sør-Trøndelag	Nytt bygg for helse- og sosialfag, Elgesetergata	Ikkje fastsett

Tabell 2.19 Kurantprosjekt som er under programmering eller prosjektering i 2013, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, kap. 2445 post 32

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Høgskolen i Telemark	Utviding, studiestad Porsgrunn	1 900 m ²
Høgskolen i Gjøvik	Rehabilitering, Bygg A	7 000 m ²
Høgskolen i Gjøvik	Rehabilitering, Bygg B	3 600 m ²
Universitetet i Stavanger	Nytt laboratoriebygg	1 500 m ²
Universitetet i Stavanger	Nytt SV-bygg med auditorium	4 500 m ²
Høgskolen i Hedmark	Nybygg, campus Evenstad	800 m ²
Høgskolen i Molde	Nytt kantinebygg	Ikkje oppgitt
Høgskolen i Nord-Trøndelag	Ombygging av kantine, Røstad	Ikkje oppgitt

Tabell 2.20 Løyving per universitet og høgskole i 2013 (beløp i 1 000 kroner)

Institusjon	Løyving
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	3 675 601
Universitetet for miljø- og biovitenskap	728 323
Universitetet i Agder	967 903
Universitetet i Bergen	2 645 208
Universitetet i Nordland	525 234
Universitetet i Oslo	4 550 395
Universitetet i Stavanger	1 044 506
Universitetet i Tromsø	2 028 826
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	149 003
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole for logistikk	174 617
Noregs handelshøgskole	373 633
Noregs idrettshøgskole	173 247
Noregs musikkhøgskole	224 287
Noregs veterinærhøgskole	256 017
Høgskolen i Bergen	856 331
Høgskolen i Buskerud	323 978
Høgskolen i Finnmark	208 965
Høgskolen i Gjøvik	249 348
Høgskolen i Harstad	128 774
Høgskolen i Hedmark	481 237
Høgskolen i Lillehammer	322 696
Høgskolen i Narvik	177 579
Høgskolen i Nesna	121 948
Høgskolen i Nord-Trøndelag	413 400
Høgskolen i Oslo og Akershus	1 743 118
Høgskolen i Sogn og Fjordane	315 498
Høgskolen Stord/Haugesund	275 353
Høgskolen i Sør-Trøndelag	771 848
Høgskolen i Telemark	582 282
Høgskolen i Vestfold	445 389
Høgskolen i Volda	281 482
Høgskolen i Østfold	498 437
Høgskolen i Ålesund	212 975
Kunsthøgskolen i Oslo	296 906

Tabell 2.20 Løyving per universitet og høgskole i 2013 (beløp i 1 000 kroner)

Institusjon	Løyving
Kunst- og designhøgskolen i Bergen	105 543
Samisk høgskole	72 045
Sum statlege verksemdar	26 401 926
Det teologiske Menighetsfakultet	75 480
Handelshøyskolen BI	245 405
Misjonshøgskolen, Stavanger	21 426
Ansgar Teologiske Høgskole	12 059
Barratt Due musikk institutt	22 560
Bergen arkitekthøgskole	14 107
Betanien diakonale høgskole	25 369
Campus Kristiania – Markedshøyskolen	32 806
Den norske Eurytmihøyskole	3 538
Diakonhemmet Høgskole	133 278
Dronning Mauds Minne, Høgskole for førskolelærerutdanning	102 697
Fjellhaug internasjonale høgskole	8 083
Haraldsplass diakonale høgskole	27 715
Høgskolen Diakonova	41 152
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	2 894
Høgskolen for Ledelse og Teologi	4 502
Høgskolen i Staffeldtsgate	11 034
Lovisenberg diakonale høgskole	72 209
Mediehøgskolen Gimlekollen	14 560
NISS Høyskole	32 396
NLA Høgskolen	103 904
Norges Danseshøyskole	8 598
Norges informasjonsteknologiske høgskole	22 260
Rudolf Steinerhøyskolen	11 050
Westerdals Høyskole	37 934
Sum private verksemdar	1 087 015
Sum alle verksemdar	27 488 941

Tabell 2.21 Tilskott per fagskole i 2013¹ (beløp i 1 000 kroner)

Fagskole	Tilskott
Bårdar Akademiet AS	12 492
Designinstituttet	3 160
Det tverrfaglige kunstinstitutt	1 766
Einar Granum kunstfagskole	11 378
Fabrikken Asker kunstfagskole	4 197
Fagskolen for bok og papir	1 071
Frelsesarmeens offiserskole	700
Hald internasjonale senter	3 879
Kunstskolen i Bergen	5 193
Kunstskolen i Rogaland	4 262
Menighetsbibelskolen	2 884
Nordland kunst- og filmfagskole	2 939
Norges byggskole	3 868
Oslo International Bible College	7 828
Tomb fagskole	979
Ålesund kunstfagskole	4 639
Sum	71 235

¹ Tabellen viser kun tilskott gitte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, kap. 276 post 72.

Vedlegg 3**Standardiserte nøkkeltal for Kunnskapsdepartementets
nettobudsjetterte verksemder**

Tabell 3.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art.

Utgiftsart/Inntektsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett 2012
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	275 911	289 414	289 690	310 125
Varer og tenester	133 454	91 427	101 911	114 274
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>409 365</i>	<i>380 841</i>	<i>399 601</i>	<i>424 399</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	9 414	45 206	47 736	49 455
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>9 414</i>	<i>45 206</i>	<i>47 736</i>	<i>49 455</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemder	51 208	6 977	26 571	57 579
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>51 208</i>	<i>6 977</i>	<i>26 571</i>	<i>57 579</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	15	0	0	0
Andre finansielle utgifter	16	0	48	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>31</i>	<i>0</i>	<i>48</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>470 018</i>	<i>433 024</i>	<i>465 956</i>	<i>531 433</i>

Tabell 3.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art.

Utgiftsart/Inntektsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett 2012
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	180 307	176 973	183 945	159 622
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	7 659	7 673	5 620
Andre driftsinntekter	2 577	1 092	-542	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>182 884</i>	<i>185 725</i>	<i>191 076</i>	<i>165 242</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidler	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	271 431	246 288	263 653	272 012
Andre innbetalingar	51 208	0	26 571	57 579
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>322 639</i>	<i>246 288</i>	<i>290 224</i>	<i>329 591</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	0	199	23	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>199</i>	<i>23</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>505 523</i>	<i>432 211</i>	<i>481 323</i>	<i>494 833</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>35 505</i>	<i>-812</i>	<i>15 367</i>	<i>-36 600</i>

Tabell 3.2 Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde.

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett 2012
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	271 431	244 337	261 912	270 030
Løyvingar frå andre departement	0	1 951	1 741	1 982
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	3 203	6 210	10 785
Løyvingar frå Norges forskningsråd	0	17 623	15 902	10 024
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>271 431</i>	<i>267 114</i>	<i>285 765</i>	<i>292 821</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	13 455	12 678	0
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar	0	15 737	20 068	11 613
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>29 192</i>	<i>32 746</i>	<i>11 613</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	234 092	135 905	162 811	190 399
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>234 092</i>	<i>135 905</i>	<i>162 811</i>	<i>190 399</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>505 523</i>	<i>432 211</i>	<i>481 322</i>	<i>494 833</i>

Tabell 3.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2009–11

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2009	2010	2011	Endring 2010 til 2011
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	139 043	138 237	145 076	6 839
Behaldning på andre bankkonti	0	0	8 532	8 532
Andre kontantbeholdningar	9	3		-3
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>139 052</i>	<i>138 240</i>	<i>153 608</i>	<i>15 368</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:				
Feriepengar m.m.	22 092	22 680	23 755	1 075
Skattetrekk og offentlege avgifter	23 318	25 379	24 587	-792
Gjeld til leverandørar	9 689	9 996	15 786	5 790
Gjeld til oppdragsgivarar	9 969	4 498	-17 837	-22 335
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	-1 323	321	-894	-1 215
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>63 745</i>	<i>62 873</i>	<i>45 397</i>	<i>-17 476</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	-226	-226
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	47 784	47 113	0	-47 113
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	12 293	11 370	49 700	38 330
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	2 065	2 065	6 000	3 935
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	1 678	1 678
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>62 142</i>	<i>60 547</i>	<i>57 152</i>	<i>-3 395</i>

Tabell 3.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetninger ved Meteorologisk institutt i perioden 2009–11

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2009	2010	2011	Endring 2010 til 2011
Andre avsetninger:				
Avsetninger til andre formål/ ikkje spesifiserte formål	0	0	33 985	33 985
Fri verksemdskapital	13 166	14 820	17 074	2 254
<i>Sum andre avsetninger</i>	<i>13 166</i>	<i>14 820</i>	<i>51 059</i>	<i>36 239</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forpliktingar knytte til anleggsmidler	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>139 052</i>	<i>138 240</i>	<i>153 608</i>	<i>15 368</i>

Tabell 3.4 Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett 2012
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	56 446	58 516	53 152	61 627
Varer og tenester	38 059	24 451	34 210	17 150
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>94 505</i>	<i>82 967</i>	<i>87 362</i>	<i>78 777</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	0	456	839	0
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>0</i>	<i>456</i>	<i>839</i>	<i>0</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalinger til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalinger til andre verksemdar	0	0	0	0
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 3.4 Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett 2012
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Sum utgifter	94 505	83 423	88 201	78 777
<hr/>				
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett 2012
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	57 319	52 423	0	650
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	1 232	2 673	0
Andre driftsinntekter	961	823	46 543	18 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>58 280</i>	<i>54 478</i>	<i>49 216</i>	<i>18 650</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	30 968	26 917	52 040	61 700
Andre innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>30 968</i>	<i>26 917</i>	<i>52 040</i>	<i>61 700</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Sum inntekter	89 248	81 395	101 256	80 350
Netto endring i kontantbeholdning	-5 257	-2 028	13 055	1 573

Tabell 3.5 Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Inntekter etter inntektskjelde.

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett 2012
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	27 293	26 917	25 700	25 430
Løyvingar frå andre departement	3 675	0	18 264	14 000
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	8 768	7 500
Løyvingar frå Norges forskningsråd	17 547	18 214	15 484	14 770
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>48 515</i>	<i>45 131</i>	<i>68 216</i>	<i>61 700</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	3 500
Bidrag frå private	0	0	0	8 650
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar	0	4 023	0	6 500
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>4 023</i>	<i>0</i>	<i>18 650</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	15 329	20 549	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	2 404	4 403	0	0
Oppdrag frå private	5 786	5 235	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	17 214	2 055	33 040	0
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>40 733</i>	<i>32 242</i>	<i>33 040</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>89 248</i>	<i>81 396</i>	<i>101 256</i>	<i>80 350</i>

Tabell 3.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2009–11

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2009	2010	2011	Endring 2010 til 2011
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	31 109	29 081	42 135	13 054
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>31 109</i>	<i>29 081</i>	<i>42 135</i>	<i>13 054</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	5 744	5 264	5 012	-252
Skattetrekk og offentlege avgifter	4 428	5 284	6 118	834
Gjeld til leverandørar	-573	2 124	4 222	2 098
Gjeld til oppdragsgivarar	5 948	3 935	-5 792	-9 727
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	0	-1 719	768	2 487
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>15 547</i>	<i>14 888</i>	<i>10 328</i>	<i>-4 560</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	1 353	1 353
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	7 492	7 492
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>8 845</i>	<i>8 845</i>

Tabell 3.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetninger ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2009–11

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2009	2010	2011	Endring 2010 til 2011
Andre avsetninger				
Avsetninger til andre formål/ ikkje-spesifiserte formål	4 511	0	9 495	9 495
Fri verksemdskapital	11 051	9 350	9 350	0
<i>Sum andre avsetninger</i>	<i>15 562</i>	<i>9 350</i>	<i>18 845</i>	<i>9 495</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidler	0	410	0	-410
Anna langsiktig gjeld	0	4 433	4 117	-316
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>4 843</i>	<i>4 117</i>	<i>-726</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>31 109</i>	<i>29 081</i>	<i>42 135</i>	<i>13 054</i>

Tabell 3.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	35 535	36 987	36 693	37 000
Varer og tenester	26 813	27 620	31 247	32 695
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>62 348</i>	<i>64 607</i>	<i>67 940</i>	<i>69 695</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	463	1 935	1 242	800
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>463</i>	<i>1 935</i>	<i>1 242</i>	<i>800</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	2 043	1 376	6 530	6 000
Utbetalningar til andre verksemdar	3 668	4 239		0
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>5 711</i>	<i>5 615</i>	<i>6 530</i>	<i>6 000</i>

Tabell 3.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Sum utgifter	68 522	72 157	75 712	76 495
<hr/>				
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	774	1 134	1 224	1 100
Andre driftsinntekter	0	0	7	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>774</i>	<i>1 134</i>	<i>1 231</i>	<i>1 100</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	20 075	20 594	77 473	78 195
Andre innbetalingar	48 164	55 776	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>68 239</i>	<i>76 370</i>	<i>77 473</i>	<i>78 195</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Sum inntekter	69 013	77 504	78 704	79 295
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>491</i>	<i>5 346</i>	<i>2 992</i>	<i>2 800</i>

Tabell 3.8 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett 2012
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	20 075	20 594	20 068	20 195
Løyvingar frå andre departement	0	0	31 175	44 000
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	3 653	2 116	974	1 000
Løyvingar frå Norges forskningsråd	8 293	7 904		
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>32 021</i>	<i>30 614</i>	<i>52 217</i>	<i>65 195</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	30 200	34 489	1 776	1 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	3 021	4 578	2 067	2 000
Andre inntekter og tidsavgrensingar	3 770	7 823	22 644	11 100
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>36 991</i>	<i>46 890</i>	<i>26 487</i>	<i>14 100</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>69 011</i>	<i>77 504</i>	<i>78 704</i>	<i>79 295</i>

Tabell 3.9 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2009–11

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2009	2010	2011	Endring 2010 til 2011
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	32 518	37 860	40 846	2 986
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	3	7	14	7
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>32 521</i>	<i>37 867</i>	<i>40 860</i>	<i>2 993</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:				
Feriepengar m.m.	3 507	3 548	3 778	230
Skattetrekk og offentlege avgifter	2 905	3 044	3 071	27
Gjeld til leverandørar	1 189	1 031	2 177	1 146
Gjeld til oppdragsgivarar	13 833	16 591	-2 712	-19 303
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	-314	1 252	589	-663
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>21 120</i>	<i>25 466</i>	<i>6 903</i>	<i>-18 563</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	3 557	4 329	6 069	1 740
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	1 201	1 201
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	19 412	19 412
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>3 557</i>	<i>4 329</i>	<i>26 682</i>	<i>22 353</i>

Tabell 3.9 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetninger ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2009–11

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2009	2010	2011	Endring 2010 til 2011
Andre avsetninger:				
Avsetninger til andre formål/ ikkje spesifiserte formål	3 261	3 440	2 087	-1 353
Fri verksemdskapital	4 582	4 632	5 187	555
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>7 843</i>	<i>8 072</i>	<i>7 274</i>	<i>-798</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forpliktingar knytte til anleggsmidlar	1	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>1</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>32 521</i>	<i>37 867</i>	<i>40 859</i>	<i>2 992</i>

Tabell 3.10 Universitet og høyskolar. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Driftsutgifter:				
Lønnsutgifter	17 486 512	17 424 214	19 686 487	20 101 932
Varer og tenester	10 397 036	11 964 891	10 833 688	11 306 417
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>27 883 548</i>	<i>29 389 105</i>	<i>30 520 175</i>	<i>31 408 349</i>
Investeringsutgifter:				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedli- kehald	1 433 807	1 579 566	1 342 491	1 500 924
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedli- kehald</i>	<i>1 433 807</i>	<i>1 579 566</i>	<i>1 342 491</i>	<i>1 500 924</i>
Overføringer frå verksemda:				
Utbetalingar til andre statlege rekneskap	66 628	250 296	370 530	302 421
Utbetalingar til andre verksemdar	187 779	194 515	176 426	105 700
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>254 407</i>	<i>444 811</i>	<i>546 956</i>	<i>408 121</i>
Finansielle aktivitetar:				
Kjøp av aksjar og partar	10 579	23 836	756	50

Tabell 3.10 Universitet og høgscolar. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Andre finansielle utgifter	10 802	8 589	3 787	662
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>21 381</i>	<i>32 425</i>	<i>4 543</i>	<i>712</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>29 593 142</i>	<i>31 445 907</i>	<i>32 414 165</i>	<i>33 318 106</i>
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Driftsinntekter:				
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 015 000	1 667 599	2 203 073	2 075 309
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	37 025	30 999	22 408	17 803
Refusjonar	439 633	488 641	496 283	391 419
Andre driftsinntekter	1 979 321	2 178 555	2 574 549	2 404 252
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>4 470 978</i>	<i>4 365 793</i>	<i>5 296 314</i>	<i>4 888 783</i>
Inntekter frå investeringar:				
Sal av varige driftsmidlar	4 674	20 650	75 667	77 011
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>4 674</i>	<i>20 650</i>	<i>75 667</i>	<i>77 011</i>
Overføringar til verksemda:				
Inntekter frå statlege løyvingar	25 238 775	26 727 056	28 333 785	28 920 978
Andre innbetalingar	306 601	690 883	201 135	217 151
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>25 545 376</i>	<i>27 417 939</i>	<i>28 534 920</i>	<i>29 138 129</i>
Finansielle aktivitetar:				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	3 492	68 601	–40	–100
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	3 592	3 481	5 913	3 138
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>7 084</i>	<i>72 081</i>	<i>5 873</i>	<i>3 038</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>30 028 113</i>	<i>31 876 463</i>	<i>33 912 773</i>	<i>34 106 961</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>434 971</i>	<i>430 556</i>	<i>1 498 608</i>	<i>788 855</i>

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene har auka med om lag 3,8 pst. frå 2010 til 2011 og utgjer om lag 94,2 pst. av dei samla utgiftene i 2011, som er på same nivå som i 2010. Delen låg da på om lag 93,5 pst. Dei samla utgiftene har auka med 3,1 pst. frå 2010 til 2011. Overføringane til verksemdene

har auka med 4,1 pst. frå 2010 til 2011, medan dei auka med 7,3 pst. frå 2009 til 2010. Det meste av overføringane er statlege løyvingar til verksemdene. Dei totale overføringane utgjer 84 pst. av dei samla inntektene. Det er noko lågare enn i 2010, da delen var 86 pst.

Tabell 3.11 Universitet og høyskolar. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget:				
Løyvingar frå fagdepartementet	22 246 043	22 883 246	24 480 770	25 266 855
Løyvingar frå andre departement	394 772	454 816	366 306	411 117
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	533 465	767 441	1 006 642	890 705
Tildelingar frå regionale forskingsfond		0	700	9 116
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	2 191 260	2 178 644	2 195 042	2 443 234
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>25 365 540</i>	<i>26 284 147</i>	<i>28 049 461</i>	<i>29 021 027</i>
Offentlege og private bidrag:				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	260 525	136 238	164 199	151 275
Bidrag frå private	1 041 182	1 213 040	1 727 992	1 706 233
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	149 684	219 247	421 355	395 025
<i>Sum bidrag</i>	<i>1 451 391</i>	<i>1 568 525</i>	<i>2 313 547</i>	<i>2 252 533</i>
Oppdragsinntekter o.a.:				
Oppdrag frå statlege verksemder	188 789	216 982	232 060	310 695
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	92 272	87 213	67 385	134 526
Oppdrag frå private	284 386	276 741	267 382	399 021
Andre inntekter og tidsavgrensingar	2 645 735	3 442 854	2 982 939	1 989 159
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>3 211 182</i>	<i>4 023 791</i>	<i>3 549 765</i>	<i>2 833 401</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>30 028 113</i>	<i>31 876 463</i>	<i>33 912 773</i>	<i>34 106 961</i>

Kommentar til tabellen: Dei samla inntektene har auka med 6,4 pst. frå 2010 til 2011. Dette er på samme nivå som frå 2009 til 2010, da auken var på 6,2 pst. Løyvinga til statsoppdraget utgjer om lag 82,7 pst. av inntektene i 2011. Dette er på samme

nivå som i 2010, da delen var 82,5 pst. Løyvinga til statsoppdraget dekkjer 86,5 pst. av dei samla utgiftene i 2011. Dette er 2,9 prosentpoeng høgre enn i 2010.

Tabell 3.12 Universitet og høgscolar. Forholdet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskolesektoren i perioden 2009 til 2011

Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Endring frå 2010 til 2011
	Beløp i 1 000 kroner			
Kontantar og kontantekvivalentar:				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	6 944 834	7 348 348	8 416 096	1 067 748
Behaldningar på andre bankkonti	233 373	260 362	691 190	430 828
Andre kontantbeholdningar	259	312	344	31
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>7 178 466</i>	<i>7 609 022</i>	<i>9 107 630</i>	<i>1 498 608</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår:				
Feriepengar m.m.	1 515 975	1 593 183	1 671 601	78 418
Skattetrekk og offentlege avgifter	1 374 804	1 566 317	1 491 315	-75 001
Gjeld til leverandørar	957 125	942 797	1 056 751	113 953
Gjeld til oppdragsgivarar	-441 339	-405 540	-335 749	69 791
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	96 991	192 038	243 133	51 095
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>3 503 556</i>	<i>3 888 796</i>	<i>4 127 052</i>	<i>238 256</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	415 012	333 725	378 061	44 336
Prosjekt finansierte av regionale forskingsfond		1 900	-1 015	-2 915
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	606 694	128 853	453 121	324 268
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	799 333	1 061 622	1 078 139	16 517
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	271 595	412 166	691 372	279 207
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	283 434	372 055	455 564	83 509
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>2 376 068</i>	<i>2 310 321</i>	<i>3 055 242</i>	<i>744 921</i>

Tabell 3.12 Universitet og høgskolar. Forholdet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskolesektoren i perioden 2009 til 2011

Balansedag 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Endring frå 2010 til 2011
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål/ ikkje-spesifiserte formål	937 785	1 040 479	1 456 750	416 272
Fri verksemdskapital	408 448	338 179	421 764	83 586
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>1 346 233</i>	<i>1 378 657</i>	<i>1 878 514</i>	<i>499 857</i>
Langsiktig gjeld (netto):				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	-135 763	-58 743	-101	58 642
Anna langsiktig gjeld	88 371	89 991	46 922	-43 068
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-47 391</i>	<i>31 248</i>	<i>46 821</i>	<i>15 573</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>7 178 466</i>	<i>7 609 022</i>	<i>9 107 630</i>	<i>1 498 608</i>

Kommentar til tabellen: Kontantbeholdninga har gått opp med 19,7 pst. frå 2010 til 2011, mot seks pst. frå 2009 til 2010. Avsetningane som skal dekke påkomne kostnader til forfall neste budsjettår, har auka med 6,1 pst. Tilsvarende var det ein auke på elleve pst. frå 2009 til 2010. Avsetningane til planlagde tiltak i kommande budsjettår har auka

med 32,2 pst. frå 2010 til 2011. Dette kjem av at avsetningane til større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet og andre vedtekne, ikkje starta formål har auka monaleg. Årsaka til at langsiktig gjeld knytt til anleggsmidlar er negativ, er av teknisk art.

Tabell 3.13 Universitet og høgscolar. Balanse per 31. desember 2011

		Beløp i 1 000 kroner	
Eigedelar	Beløp	Verksemdskapital, avrekningar og gjeld	Beløp
Anleggsmidler		Verksemdskapital	
Immaterielle eigedelar	28 036	<i>Sum verksemdskapital</i>	759 250
Varige driftsmidler	32 456 256		
Finansielle eigedelar	233 041	Langsiktige forpliktingar	
<i>Sum anleggsmidler</i>	<i>32 717 332</i>	Langsiktige forpliktingar knytte til anleggs- midlar	32 484 190
		Andre forpliktingar	46 854
		<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktingar</i>	<i>32 531 045</i>
		Anna langsiktig gjeld	
		<i>Sum anna langsiktig gjeld</i>	68
Omløpsmidlar		Kortsiktig gjeld	
Lager	24 872	Leverandørgjeld	1 133 830
Kundefordringar	1 309 908	Anna kortsiktig gjeld	4 328 015
Finansielle omløpsmidlar	104 445	<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	<i>5 461 846</i>
Bankinnskott	9 107 630		
<i>Sum omløpsmidlar</i>	<i>10 546 855</i>	Avrekning med statskassen	
		<i>Sum avrekningar</i>	<i>4 511 979</i>
<hr/> <i>Sum eigedelar</i>		<hr/> <i>Sum verksemdskapital, avrekningar og gjeld</i>	
	<i>43 264 187</i>		<i>43 264 187</i>

Kommentar til tabellen: Balanseverdiane har auka med 1,2 pst. frå 2010 til 2011. Verdien av anleggsmidlane har gått ned med 2,8 pst. i høve til 2010,

medan omløpsmidlane har auka med om lag 16,2 pst. frå 2010 til 2011. Den kortsiktige gjelda har gått opp med 4,2 pst. frå 2010 til 2011.

Tabell 3.14 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	216 674	236 447	249 922	338 000
Varer og tenester	119 665	130 000	118 599	163 200
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>336 339</i>	<i>366 447</i>	<i>368 521</i>	<i>501 200</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald				
<i>Sum utgifter til større utstyrsjøp og vedlikehald</i>				
Overføringer frå verksemda				
Utbetalingar til andre statlege rekneskapar	6 417 186	5 384 777	4 766 962	6 931 207
Utbetalingar til andre verksemdar		1 236 000	2 042 984	
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>6 417 186</i>	<i>6 620 777</i>	<i>6 809 946</i>	<i>6 931 207</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar				
Andre finansielle utgifter				
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>				
<i>Sum utgifter</i>	<i>6 753 525</i>	<i>6 987 224</i>	<i>7 178 467</i>	<i>7 432 407</i>
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester				
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar				
Refusjonar		6 215	5 645	
Andre driftsinntekter	20 343	10 236	11 029	10 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>20 343</i>	<i>16 451</i>	<i>16 674</i>	<i>10 000</i>

Tabell 3.14 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	10 000		2 410	
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>10 000</i>		<i>2 410</i>	
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	6 760 528	7 376 384	7 205 867	7 256 945
Andre innbetalingar			209 635	165 462
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>6 760 528</i>	<i>7 376 384</i>	<i>7 415 502</i>	<i>7 422 407</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar				
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)				
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>				
<i>Sum inntekter</i>	<i>6 790 871</i>	<i>7 392 835</i>	<i>7 434 586</i>	<i>7 432 407</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>-37 346</i>	<i>-405 611</i>	<i>-256 119</i>	

Tabell 3.15 Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Budsjett for 2012
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	2 736 872	2 873 663	3 031 592	2 421 598
Løyvingar frå andre departement	3 808 309	4 174 077	4 103 715	4 835 347
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan				
Tildelingar frå Noregs forskingsråd				
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>6 545 181</i>	<i>7 047 740</i>	<i>7 135 307</i>	<i>7 256 945</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar				
Bidrag frå private	190 590	162 148	203 990	165 462
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar				
<i>Sum bidrag</i>	<i>190 590</i>	<i>162 148</i>	<i>203 990</i>	<i>165 462</i>
Oppdragsinntekter m.v.				
Oppdrag frå statlege verksemder				
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder				
Oppdrag frå private				
Andre inntekter og tidsavgrensingar	55 101	182 947	95 289	10 000
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>55 101</i>	<i>182 947</i>	<i>95 289</i>	<i>10 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>6 790 872</i>	<i>7 392 835</i>	<i>7 434 586</i>	<i>7 432 407</i>

Tabell 3.16 Forholdet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2009–11

Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Endring frå 2010 til 2011
Kontantantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	2 042 265	2 387 073	2 675 372	288 299
Behaldning på andre bankkonti	91 207	126 002	118 716	-7 286
Andre kontantbeholdningar	32 238	58 246	33 352	-24 894
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>2 165 709</i>	<i>2 571 321</i>	<i>2 827 440</i>	<i>256 119</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	30 244	28 900	34 869	5 969
Skattetrekk og offentlege avgifter	23 687	27 871	28 033	162
Prosjektgjeld for starta/gjennomførte forskingsprosjekt	1 129 014	1 147 735	1 186 157	38 422
Gjeld til oppdragsgivarar				0
Anna gjeld/fordringar som forfell i neste budsjettår	-33 768	66 672	26 670	-40 002
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>1 149 177</i>	<i>1 271 178</i>	<i>1 275 729</i>	<i>4 551</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Forskningsprogram under handsamning	972 686	1 262 376	1 513 552	251 176
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>972 686</i>	<i>1 262 376</i>	<i>1 513 552</i>	<i>251 176</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	37 535	28 869	43 494	14 625
Fri verksemdskapital	84 772	84 299	77 729	-6 570
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>122 307</i>	<i>113 168</i>	<i>121 223</i>	<i>8 055</i>

Tabell 3.16 Forholdet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetninger ved Noregs forskingsråd i perioden 2009–11

Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2009	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2011	Endring frå 2010 til 2011
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidler	-78 461	-75 401	-83 064	-7 663
Anna langsiktig gjeld	0	0		0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-78 461</i>	<i>-75 401</i>	<i>-83 064</i>	<i>-7 663</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>2 165 709</i>	<i>2 571 321</i>	<i>2 827 440</i>	<i>256 119</i>

=====

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Xpress AS 10/2012

